

Kyrkjeleg biletbruk.

Eit studium av den norske kyrkjesalmen.

Vigdis Berland Øystese

Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.)
Universitetet i Bergen
2024

UNIVERSITETET I BERGEN



Kyrkjeleg biletbruk.

Eit studium av den norske kyrkjesalmen.

Vigdis Berland Øystese



Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.)
ved Universitetet i Bergen

Disputasdato: 12.04.2024

© Copyright Vigdis Berland Øystese

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverkslovens bestemmelser.

År: 2024

Tittel: Kyrkjeleg biletbuk.

Navn: Vigdis Berland Øystese

Trykk: Skipnes Kommunikasjon / Universitetet i Bergen

Fagmiljø

Arbeidet med avhandlinga har føregått ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier (tidlegare Nordisk institutt) ved Universitetet i Bergen.

Rettleiarar:

Asbjørn Aarseth (død 2009)

Jan Inge Sørbo

Anna Bohlin

Oddvar Johan Jensen.

Tilsett ved NLA Høgskolen, avdeling for lærerutdanning, Bergen. Fag: Norsk.

Delteke i forskargrupper både ved UiB og NLA.

Abstract in English

What happens to the linguistic imagery in a hymn that is revised and included in several hymnals over the centuries? This question is the focus of the dissertation "Ecclesiastical Use of Images: A Study of the Norwegian Church Hymn." By "images", I mean both concrete sensory references and more abstract phenomena and concepts. Northrop Frye's "Theory of Symbols" from *Anatomy of Criticism* (1957) provides the theoretical and methodological foundation for this work. Frye reads the text in different phases: the Literal, Descriptive, Formal, Mythical, and Anagogic phase.

Five hymnals from Norwegian hymn history are represented in the material: *Den Forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog* (1699, Kingo's hymnal or «Kingo»), Landstad's *Kirkesalmebog* (1870); *M. B. Landstads Kirkesalmebok revidert og forøket* (1926), *Nynorsk Salmebok* (1925), and *Norsk Salmebok* (1985). The corpus of texts that make up my material includes hymns that are present in both «Kingo» (1699) and *Norsk Salmebok* (1985), totalling almost 80 hymns, most of which are found in more than these two hymnals.

Here are some of my findings:

One major trend in the revisions is that there are more hymns in each new hymnal, and they become shorter. My research shows that both the selection, revision, and editing of the texts and books affect the understanding of the hymn texts. When hymns are shortened, concrete images are often lost, while more abstract and theoretical theological concepts and ideas remain.

Images associated with darkness and death, pain, the Devil, and sin often have to give way. Jesus' suffering is detailed in Kingo's hymnal (1699) and to some extent in Landstad's *Kirkesalmebog* (1870). Later hymnals mention that Jesus suffers and dies, but they do not describe it as graphically. The revisions of Thomas Kingo's passion hymns illustrate this clearly. In the adaptations of these hymns, the quadruple pattern from the quadriga, which Kingo uses in his composition, disappears. The connection between the Old Testament and the New Testament, which is so clear in the hymns in "Kingo" through typology and quadriga, is less explicitly conveyed in hymnals after 1900.

The erotic use of imagery is toned down already with Landstad. A clear example is "Jesu søde Hukommelse" (K16), a hymn that portrays the Eucharist as an intimate encounter between Jesus and the hymn's 'I'. Wedding imagery and love are described in all hymnals, but there are fewer erotic images over time. Jesus becomes more of a good friend and brother than a passionate bridegroom or a suffering, empathetic figure. When the richness of details related to divine imagery diminishes, divinity can seem more distant.

Images associated with biblical landscapes are more prevalent than Danish or Norwegian scenery in 'Kingo'. Landstad introduces Norwegian elements in his revisions; this is a growing trend, paralleled by stronger local elements in newly written hymns from the 1860's onwards. In Norwegian hymnals, especially those by Elias Blix, we find coastal and maritime imagery, even in the revisions. In all hymnals, we encounter a creator God who is present and ensures that his creations have what they need. However, *Norsk Salmebok* also expresses a more protological understanding of creation when humans become aware that they are squandering the good earth God has created. Man has a clear responsibility for the creation,

which they find challenging. The new ecological awareness enters the revisions in the second half of the 20th century.

Human life comes more to the forefront through the revisions, a trend that is strengthened in modern hymnals. This is both because human life and faith are often what remains when much of the imagery is removed, and because divinity becomes more abstract.

Studying the hymns in their respective phases and over time provides insights into the history of faith and piety, as well as language and taste, and various trends in poetry. The Church tries to adapt both rhetoric and poetry to suit an increasingly secular and less biblically oriented congregation. One question that arises is whether the revisions are understandable to anyone other than the “inner core” in church.

Samandrag på norsk

Kva skjer med dei språklege bileta i ein salme som blir revidert og teken med frå tid til tid og salmebok til salmebok? Dette spørsmålet ønskjer avhandlinga «Kyrkjeleg biletbuk. Eit studium av den norske kyrkjesalmen» å svara på. Med bilete forstår eg både konkrete sanslege referansar og meir abstrakte fenomen og omgrep.

Northrop Fryes «Theory of symbols» frå *Anatomy of Criticism* (1957) utgjer teoretisk og metodisk grunnlag for dette arbeidet. Frye les teksten i ulike fasar: den bokstavelege, deskriptive, formelle, mytiske og anagogiske.

Fem salmebøker frå norsk salmehistorie er representerte i materialet: *Den Forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog* (1699, «Kingos salmebok» eller «Kingo»), Landstads *Kirkesalmebog* (1870); *M. B. Landstads Kirkesalmebok revidert og forøket* (1926), *Nynorsk Salmebok* (1925) og *Norsk Salmebok* (1985). Tekstkorpuset som utgjer materialet mitt, inneheld salmar som både står i «Kingo» (1699) og i *Norsk Salmebok* (1985). Det utgjer om lag 80 salmar, dei fleste er med i fleire enn dei to salmebøkene. Her er nokre av funna mine:

Ein hovudtendens i revisjonane er at det blir fleire salmar for kvar ny bok, og at dei vert kortare. Undersøkinga mi viser at både utval, revisjon og redaksjon av tekst og bok, påverkar forståinga av salmetekstane. Når salmane blir korta ned, går ofte konkrete bilete tapt, medan meir abstrakte og teoretiske teologiske omgrep og førestillingar blir verande.

Bilete som kan assosierast til mørke og død, smerte, djevel og synd, må vika. Jesu lidning er detaljert framstilt i Kingos salmebok (1699) og dels i «Landstad» (1870). Også seinare salmebøker seier at Jesus lir og døyr, men dei skildrar det ikkje.

Revisjonen av Thomas Kingos pasjonssalmar viser dette tydeleg. I omarbeidingane av desse salmane blir også det firfaldige mønsteret frå quadriga, som Kingo brukar i komposisjonen sin, øydelagt. Sambandet mellom GT og NT som er så tydeleg i salmane i «Kingo» gjennom typologi og quadriga, er lite eksplisitt formidla i salmebøkene etter 1900.

Den erotiske biletbuiken blir dempa allereie med Landstad. Eit tydeleg døme er «Jesu søde Hukommelse» (K16), ein salme som framstiller nattverden som eit intimt møte mellom Jesus og salmens «eg». Kjærleiken er ofte nemnd i alle salmebøker, også bryllaupet, men det blir færre erotiske bilete etter kvart. Jesus blir meir ein god ven og bror enn ein eldfull brudgom eller ein lidande dødsdømd ein har medkjensle med. Når detaljriksdomen knytt til gudsbileta blir mindre, kan guddommen verka meir fjern.

Dei fleste bilete som er knytte til landskap, er meir bibelske enn dei er danske og norske i «Kingo». Landstad har norske innslag i revisjonane sine; dette er ein aukande trend, parallelt med at dei heimlege innslaga blir sterkare i nyskrivne salmar frå 1860 og utover. I salmane på nynorsk, ikkje minst av Elias Blix, finn vi kyst- og havbilete, også i revisjonane. I alle salmebøkene møter vi ein presentisk skapargud som er til stades og syter for at skapningane hans har det dei treng. Men *Norsk Salmebok* uttrykkjer også ei meir protologisk skapingsforståing når mennesket blir klar over at det øyder den gode jorda Gud har skapt. Mennesket har fått eit tydeleg ansvar for skaparverket, som det vanskeleg kan bera. Det nye økologiske medvitte slår inn i revisjonane i andre halvta av 1900-talet.

Mennesket trer noko meir i framgrunnen gjennom revisjonane, ein tendens som blir styrkt om ein jamfører med moderne salmar. Dette er både fordi menneskets liv og tru er det som gjerne står att når noko blir stroke, og fordi guddommen blir noko meir abstrakt.

Å studera salmane i dei respektive fasane og over tid, gir innsyn i trus- og fromheitshistoria, men også i språk og smak og ulike straumdrag i diktinga. Kyrkja prøver å tilpassa både retorikk og lyrikk for å høva med ei stadig meir sekulær og bibelframand forsamling. Eit spørsmål som reiser seg, er om revisjonane er forståelege for andre enn den «indre kjerne» i kyrkja.

Innhald

Fagmiljø	3
Abstract in English	4
Samandrag på norsk	7
Forkortingar	15
Føreord	16
1. Innleiing	19
1.1 <i>Salmen; aktuell og historisk sjanger</i>	21
1.2 <i>Tidlege salmebøker i Danmark-Noreg</i>	29
1.3 <i>Danske salmebøker brukte i Noreg etter 1814</i>	33
1.4 <i>«Salmeboknøden»</i>	38
1.5 <i>Materialet</i>	42
1.6 <i>Teoretiske og metodiske val</i>	48
1.7 <i>Forskingshistorie</i>	52
1.8 <i>Avrunding</i>	60
2. Teori og metode	62
2.1 <i>Quadriga</i>	68
2.2 <i>Frye og den fleirfaldige tekstforståinga</i>	73
2.2.1 <i>Symbolteorien. Bokstaveleg og deskriptiv fase</i>	75
2.2.2 <i>Formell fase. Symbol som bilete</i>	79
2.2.3 <i>Den mytiske fasen. Symbolet som arketype</i>	82
2.2.4 <i>Anagogisk fase: Symbol som monade</i>	85
3. Bokstaveleg fase.	88
3.1 <i>Eit innskot</i>	88
3.2 <i>Boka; utanpå og inni. Kingos salmebok (1699)</i>	90

3.3	<i>Landstads salmebok (1870)</i>	99
3.4	<i>Landstads reviderte (1926)</i>	104
3.5	<i>Nynorsk Salmebok (1925)</i>	107
3.6	<i>Norsk Salmebok (1985)</i>	110
3.7	<i>Avrunding</i>	122
4.	Deskriptiv fase	124
4.1	<i>Axis mundi</i>	126
4.2	<i>Den skapte verda</i>	129
4.2.1	Himmelrommet, himmellekamar	129
4.2.2	Lys og mørke. Dag og natt. Eld.....	132
4.2.3	Vind, vêr, luft.....	136
4.2.4	Vatn.....	137
4.2.5	Jord. Mineral	139
4.2.6	Planteriket.....	144
4.2.7	Dyr og fuglar.....	148
4.3	<i>Mennesket</i>	151
4.3.1	Familie, kjønn. Maria	151
4.3.2	Menneskelivet.....	158
4.3.3	Kroppen.....	162
4.3.4	Smertas anatomi	167
4.3.5	Hjarta	173
4.3.6	Andre kroppsdelar. Auge og syn. Øyre og høyrse.....	178
4.3.7	Munn, tunge, tale, song	181
4.3.8	Erotikk	183
4.4	<i>Samfunnet</i>	187
4.5	<i>Avrunding</i>	188
5.	Formell fase. Første trusartikkel. Faderen	190
5.1	<i>Gudsførestillingar. Treeininga</i>	194
5.2	<i>Gud Fader; skapar, opphøgd og mektig</i>	200

5.3	<i>Gud – mektig og fjern, deltakande og nær</i>	212
5.4	<i>Gud er rettvis, nidkjær og vreid</i>	216
5.5	<i>Avrunding</i>	230
6.	Formell fase. Andre trusartikkel. Sonen	232
6.1	<i>Jesu doble natur og Marias rolle i salmane</i>	234
6.1.1	<i>Brudgom</i>	242
6.2	<i>Kroppslig frelsesgjerning. Jesu lidning</i>	249
6.3	<i>Frelsaren</i>	256
6.4	<i>Profeti og GT-allusjonar. Typologi. Quadriga</i>	262
6.4.1	<i>Thomas Kingo og typologi</i>	268
6.4.2	<i>«Over Kedron»</i>	271
6.4.3	<i>Revisjon av «Over Kedron»</i>	275
6.5	<i>Avrunding</i>	280
7.	Formell fase. Tredje trusartikkel. Anden og kyrkja	285
7.1	<i>Den heilage ande. Vesen og gjerning</i>	286
7.2	<i>Kyrkja og samfunnet av dei heilage</i>	294
7.2.1	<i>Anden og Ordet</i>	295
7.2.2	<i>Sakramenta: Nattverd</i>	300
7.2.3	<i>Kjærleik og einskap</i>	304
7.3	<i>Synd og syndsforlating</i>	306
7.4	<i>Døden, oppstoda og eit æveleg liv</i>	314
7.5	<i>Avrunding</i>	321
8.	Mytisk fase	324
8.1	<i>Syklisk struktur i salmebøker</i>	328
8.2	<i>Sykliske biletmønster i salmane</i>	331
8.3	<i>Dialektiske mønster</i>	335
8.4	<i>Modus</i>	342

9. Anagogisk fase	346
9.1 <i>Quadrigaens anagogi</i>	349
9.2 <i>Anagogisk forståing og tolkingskompetanse</i>	359
10. Konklusjon	371
10.1 <i>Bokstaveleg fase</i>	373
10.2 <i>Deskriptiv fase</i>	378
10.3 <i>Formell fase</i>	380
10.4 <i>Mytisk og anagogiske fase</i>	388
10.5 <i>Avrunding</i>	393
Litteratur.....	396
Vedlegg : Salmematerialet	414

Forkortingar

- K** *Den Forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog* (1699), Kingos salmebok eller «Kingo».
- L** Landstads *Kirkesalmebog* (1870).
- LR** *M. B. Landstads Kirkesalmebok revidert og forøket* (1926), «Landstads reviderte».
- Nyn** *Nynorsk Salmebok* (1925).
- NoS** *Norsk Salmebok* (1985).
- NNSL** *Nytt norsk salmeleksikon I-IV* (2011; 2012; 2013; 2018).

Føreord

Salmar var ein del av oppveksten min. Dei vart sungne heime til kvardag og fest, i fellesskap og i einerom, i sorg og i glede. Begge foreldra mine hadde gode songrøyster. Eg minnest mors song i vaskekjellaren ved starten av den mødesame klesvasken som tok ein heil dag, eller sundagsettermiddagane om sommaren medan sollyset kraup på skrå inn vindaugget og trefte notebrettet på orgelet. Nylongardinene duva i vinden, mor spela og song. Far, som ikkje kunne notar, spela med dei svære arbeidsnevane; sekst var hans favorittintervall, det gir ikkje mislyd i alle fall: «Eg er ein framand,/ eg er ein pil'grim,/ berr' ei kveldsstund,/ berr' ei kveldsstund er eg her.»

Dei gamle folketonane bar orda fram i snirkclar. Grannen vår, Brynjel, kunne fleire enn nokon andre; han opna glaset om sommarvêret var godt og song andakta si utover markene. Før svevnen kunne vi syngja Herdle-tonen til «No soli bakom blåe fjell sitt ljose andlet gøymer». Sundagsmorgonen lydde «Sjå soli sprett i austarætt» eller «Syng i stille morgonstunder». I kyrkje og bedehus song dei også, men for meg er salmen først og fremst knytt til det heimlege der han gav musikk til arbeid og strev, til kvile og helg.

Sidan møtte eg salmen att frå ein annan kant, møtte gamle tekstar som litteratur og vart fascinert over strukturane og den avanserte biletbruken i mange av dei. Eg oppdaga at det vi har i moderne salmebøker, ofte er eit heilt stykke unna dei opphavlege tekstane, og at jamvel om det ikkje berre er sørgeleg at salmar vert reviderte, kan somme av endringane nok karakteriserast som tap om dei har vore nødvendige aldri så mykje. Dette gjorde meg nyfiken på kva for endringar som var gjorde, og når; og kva det gjer med ein tekst, på ulike plan, at han blir forandra. Eg har baksa lenge med eit stort materiale og svært opne spørsmål.

Rettleiarane mine skal ha stor takk! Professor Asbjørn Aarseth følgde meg på den første biten av vegen. Han var rettleiar også for hovudfagsarbeidet mitt. Diverre døydde han brått. Dette var eit stort tap for mange, også for meg.

Seinare fekk eg kontakt med professor Jan Inge Sørbø ved Høgskulen i Volda. Han har arbeidd med religiøs litteratur og jamvel skrive salmar. I doktorgradsarbeidet sitt brukte han Northrop Fryes faseteori som også vart mi teoretiske og metodiske krykkje. Samarbeidet med han har vore særst nyttig og varig. Han har lese og gitt konstruktive tilbakemeldingar, samt von om at dette kunne gå.

Då eg etter mange års lunken innsats fekk revitalisert forholdet til HF-fakultetet og mitt gamle institutt i Bergen, vart Anna Bohlin oppnemnd som rettleiar. Det har vore eit lukketreff! Ho har bidratt til større framdrift enn før, og til at eg no trur eg kan ha noko å levera. Hennar venlege entusiasme og grundige tilbakemeldingar har halde motet mitt oppe. Miljøet elles på instituttet har også vore interessert og stimulerande. Det har vore ei glede å koma attende.

Men eg vil også trekkja fram siderettleiaren min, professor Oddvar Jensen. Asbjørn Aarseth meinte det ville vera klokt å ha ein kyrkjehistorikar på laget, og med Oddvar Jensen har eg ein rettleiar som både er Luther-spesialist og salmeinteressert. Han kunne til dømes forsyne meg med ei digitalisert utgåve av Kingos salmebok då eg starta, og han er alltid hjelpsam når eg kjem med spørsmåla mine.

Ei takk også til det nordiske og norske hymnologiske miljøet som har vore eit inspirerande og lærerikt fellesskap! Det er risikosport å nemna namn, for det kunne vore så mange å nikka til. Men Åge Haavik, som har vore ein krumtapp i norsk hymnologisk og liturgisk arbeid i ei årrekkje, skal likevel ha ei særleg takk for velvilje og raus kunnskapsdeling og interesse. Eg takkar institusjonen, men framfor alt menneska, ved Folkekirkens Uddannelses- og Videnscenter i Løgumkloster som

har hyst meg ved fleire høve. Takk også til gode vener som har lånt bort hus og hytter for dyrebare skriveperiodar, og som har vist omsorg stundom då eg trong det mest.

Takk til rektor Bjarne Kvam ved NLA Høgskulen som sette meg i gang med eit doktorgradsarbeid, og ymist anna, for lenge sidan. Og til kollegaer som har vist interesse undervegs; takk til Sigve og Odd Kjetil og gode bibliotekarar elles!

Eg tenkjer også med takksemd på foreldra mine, Astrid og Kristoffer, som lærte meg å bli glad i orda og tonane.

Eg vil takka familien min for støtte, solid hjelp og oppmuntring. Ei særleg stor takk til Rune som har gjort langt meir enn å halda ut. Det var ikkje meininga at det skulle ta så lang tid, dette. Men de veit meir enn andre om kvifor.

1. Innleiing

Dette arbeidet vil studera endringar i den norske kyrkjesalmen etter reformasjonen. Salmen er ein gamal og framleis brukt og produktiv litterær sjanger. Han har sitt utspring i Salmane i Det gamle testamentet, som var jødane si salmebok, og andre bibelske diktarlege tekstar. Salme- og songtradisjonen vart teken opp i oldkyrkja, både fordi skrifter i Det nye testamentet oppmodar til song, og fordi evangelia fortel at Jesus og læresveinane hans song og dermed gav eit føredøme for kyrkjelyden. Dei bibelske salmane vart sungne i oldkyrkja og blir framleis brukte i kyrkjer over heile verda. Samstundes danna det bibelske songmaterialet både inspirasjon og mønster for nyskaping av kyrkjesalmar. Reformatoren Martin Luther (1483-1546) var ein av dei som brukte Salmane som tekstgrunnlag for si eiga salmedikting. Reformasjonen fornya interessa for kyrkjeleg song på morsmålet, og ei rekkje salmar vart skapte for å tena gudstenesteføremål og innprenta den protestantiske læra. Framleis er salmen eit viktig ledd i gudstenesta i kyrkja, nye tekstar vert skrivne og melodiar skapte.

Litteraturhistorisk har salmen spela ei vesentleg rolle. Salmane vart på mange måtar øvingsstykke i ei langsam etablering av dikting på dansk på 1500- og 1600-talet. Dei eldste danske salmane hadde ikkje det diktarlege som førsteprioritet, men var laga for å spreia den lutherske læra og dreia folkets merksemd mot det kristelige. Mange av salmane var tidleg omsette frå tysk.¹ Fokuset var på innhaldet, ikkje på rimkunsten. Men tekstane skulle syngjast, helst av eit fellesskap, og dette stilte visse krav til diktets form. Dei aller fleste diktarane på 1500- og 1600-talet skreiv salmar, også dei som seinare er mest kjende for si verdslege dikting, som Anders Bording (1619-1677). Salmesjangeren var ein viktig og utbreidd sjanger, og med Thomas Kingo (1634-1703) stod det hymnologiske sjølvmedvitet ope fram som kunstnarleg. Kingo,

¹ Kjærgaard, 2003, b.I, s. 59-61.

biskop, salmebokredaktør og adla av kongen, er den mest ruvande salmediktaren frå 1600-talet, og diktinga hans er viktig i dette arbeidet.

Salmane har vore endra og tilpassa ulike tiders kyrkjelege krav og preferansar. Både bøkene, melodiane og einskildtekstane vert reviderte. Mitt fokus er på dei tekstlege endringane som eg vil følgja og studera i salmane gjennom ulike salmebokfornyngar. Eg har halde meg til fellesstoffet i sentrale, autoriserte salmebøker i Noreg: *Den Forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog*, også kalla Kingos salmebok eller berre «Kingo», 1699 (K), Landstads *Kirkesalmebog*, 1870 (L), *M. B. Landstads Kirkesalmebog revidert og forøket*, «Landstads reviderte», 1926 (LR), *Nynorsk salmebok*, 1925 (Nyn) og *Norsk Salmebok*, 1985 (NoS).² Kriteria for utvalet vil bli presenterte seinare i innleiingskapittelet. I 2013 kom det ei ny *Norsk salmebok*; somme av salmane i materialet er utelatne i denne, men det er ikkje gjort nye revisjonar av tekstane.³

Hovudspørsmålet eg stiller i avhandlinga, er kva endringar som skjer med biletbruken i salmetekstane når dei vert reviderte eller ny-omsette, og kva konsekvensar desse tekstendringane har for forståinga av innhaldet i salmetekstane. Min inngang til tekstane er via litteraturvitskapen, men teologi og kyrkjehistorie spelar også ei rolle for dette studiet. Salmar er laga for song, men jamvel om melodien er vesentleg for opplevinga og traderinga av salmen, vel eg å sjå bort frå det musikalske her. Forholdet mellom tekst og melodi er vanskeleg å undersøkje og krev ein større tverrfagleg kompetanse enn den eg har. Det ville dessutan utvida forskingsfeltet og arbeidsmengda i for stor grad.⁴

² Når salmeboka frå 1699 har fått bera Thomas Kingo sitt namn, er det fordi han fekk oppdraget med å laga salmeboka. Jamvel om han seinare miste dette, er salmeboka prega av arbeidet hans.

³ Eg viser til denne boka i kommentarar i avhandlinga, men inkorporerer den ikkje i materialet sidan tekstane ikkje er endra frå NoS 1985.

⁴ Litteraturvitaren Inger Selander (1936-2018) freistar sjå tekst og musikk i samheng i analysen og tolkinga av salmar. I *Når tron blir sång. Om psalm i text och ton* (Selander, 2008) undersøker ho relasjonen mellom

For å kunna granska tekstendringane, har eg gjort eit grundig studium av dei eldste tekstversjonane i materialet slik dei er presenterte i Kingos salmebok, basert på Northrop Frye sin faseteori i *Anatomy of Criticism*, 2000 [1957]. Denne faseteorien blir deretter brukt i jamførande analyse av dei reviderte tekstane. Mellomalderens tolkingsmodell quadriga gir også viktige bidrag til arbeidet mitt. Før eg går nærare inn på Fryes teorian, vil eg gi ei lita innføring i salmesjangeren- og historia. Der nest presenterer eg materialet og gir ei kort samanfating av forskingshistoria og salmesituasjonen i Norden.

1.1 Salmen; aktuell og historisk sjanger

Sjølve termen «salme» fortener ein kommentar. I Norden nyttar vi «salme» vidare enn i mange andre land der denne nemninga berre vert brukt om dei bibelske salmane i Det gamle testamentet. Dei bibelske salmane spelar ei særleg stor rolle i kalvinistiske eller reformerte samanhengar, men har også ein viktig plass i luthersk kyrkjesong, både som førebilete, og som tekstgrunnlag.⁵ Dei to siste salmebøkene for Den norske kyrkja, avsluttar begge med ein avdeling med bibelske salmar. På engelsk nyttar ein termene *psalm*, *hymn* og *song*, på tysk *Gesang*, *Lied* og *Weise* for det som på norsk kan kallast bibelsk salme, gudstenestesalme eller hymne, og åndeleg song. I Frankrike skil ein mellom *psaume* og *cantique*.⁶ Alle desse kategoriane høyrer med til salmesjangeren slik han framstår i dei siste norske salmebøkene. Også den greske NT-grunnteksten nyttar tre ulike nemningar: *Psalmoi* (salmar, høgst truleg salmane i

tekst og musikk gjennom ein analysemodell med fem parameter (s. 65-82). Ho presenterer også det som finst av nyare forskning på feltet.

⁵ Etter kvart som morsmålsdiktinga kom på fote i mange europeiske land utover 1500- og 1600-talet, var det eit mål å få ei attdikting av *Psalteret*, gjerne kalla Davids salmar, på morsmålet. I Danmark-Noreg skjedde det med Anders Arrebo (*Kong Davids Psalter*, 1623, rev. 1627). I mange europeiske land var diktarane opptekne av dei kalvinistiske tankane når dei omsette Davids salmar. Arrebos attdikting var eit luthersk svar på dette (Kjærgaard, 2003, b.I, s. 87).

⁶ Holter, 1991, s. 229.

GT), *hymnoi* (hymner, tilsvarar dei tradisjonelle kyrkjesimalne) og *odés* (ofte omsett med åndeleg song).⁷

Kva som blir rekna som salme, varierer noko frå tid til tid og stad til stad. Hymnologar stiller opp ulike krav til dei salmane som skal fungera som gudstenestesalmar.⁸ I denne avhandlinga held det med den enkle definisjonen at det som står i ei salmebok, og er ein tekst med melodi som høver som fellessong, er ein salme. Salmeboka er i denne samanhengen knytt til Den norske kyrkja og av offisiell karakter.⁹

Ein mykje referert artikkel i salmeforskinga er Sigmund Mowinckels «Salmeboken og gudstjenestesalmen».¹⁰ Sigmund Mowinckel (1884-1965) var ein internasjonalt kjend GT-forskar og særleg vyrd for sitt arbeid med Salmane i GT. Han engasjerte seg også i samband med utgivinga av Landstads reviderte salmebok på 1920-talet. Mowinckel nyttar prinsippa frå GT-salmestudia og hevdar at salmen har ein sakrifiell funksjon i gudstjenesta i motsetnad til den sakrale funksjonen der Gud vender seg til kyrkjelyden gjennom Ordet (forkynning og skriftlesing) og sakramenta. Kyrkjelyden responderer til Gud gjennom song og bøn, den sakrifielle funksjonen. Salmane skal såleis primært ikkje vera korkje dogmatisk-pedagogiske eller bibelforteljande. Ut frå dette prinsippet kritiserer og forkastar han ein god del av salmane i Landstads reviderte.

Mowinckel målber i denne samanhengen vel så mykje eit synspunkt som systematisk forsking, endå han går grundig gjennom LR. Mowinckels syn har hatt, og har framleis, stor påverknad på norsk salmediskusjon og har nærast vore oppfatta som

⁷ Kol 3,16; her referert etter Kjærgård, 2003, b.I, s. 19.

⁸ Sjå til dømes Øystese, 2020, s. 188-190.

⁹ Den norske kyrkja skilde i 2017 formelt lag med staten og er no ei folkekyrkje og ikkje ei statskyrkje. Utkastet til *Norsk salmebok* (1985) kom ut som eit NOU (*Norges offentlige utredninger*; 1981, nr. 40).

¹⁰ Mowinckel, 1927, s. 145-185.

normativt. Artikkelen hans fortener difor å omtalast. Mowinckel er også blitt motsagt. I «generelle retningslinjer» i *Utkast til felles salmebok for Den Norske Kirke* (1968) erkjenner «salmeboknemnda» at mykje av Mowinckels kritikk var rettkomen. Men dei viser også til den svenske salmediktaren Anders Frostenson som dei omtalar som «Nordens fremste salmedikter i dag» og som hevdar at salmen først og fremst er læresalme og dernest lovsong.¹¹ Salmeboknemnda meiner Frostenson gir eit nyttig korrektiv til den «altfor bastante oppfatning av salmens sakrifielle karakter. Det er ingen tvil om at den kan hevdes som en ensidig skrivebords-teori, som feller en urimelig fordømmelsesdom over meget av kirkens største og beste salmediktning.»¹² Jamvel om Mowinckel framleis blir nemnd i hymnologiske samanhengar, er oppfatninga av kva som kan vera ein salme, vesentleg utvida, noko arbeidet med salmeboka 2013 viser.¹³

«Salme» er ein sjanger det er knytt stor merksemd til, både historisk og aktuelt. Dei litteraturvitskaplege institusjonane har hovudsakleg vore interesserte i den eldre salmen som ledd i den nasjonale lyrikkhistoria. Nyare salmar og annan religiøs litteratur er sjeldan tema for forskning og undervisning. I nyare litteraturhistoriske framstillingar, som Thomas Andersen *Norsk litteraturhistorie* (2001) og Jan Inge Sørbo *Nynorsk litteraturhistorie* (2018) har salmesjangeren fått plass i framstillingane. Eirik Vassendens kapittel «Lyrikk» i innføringsboka *Dei litterære sjangrane* (2018) drøftar også ein salme. Dette kan tyda på at salmesjangeren er på veg inn i varmen. Men det er framleis først og fremst eldre salmediktning som er omhandla.¹⁴

¹¹ Smemo, 1968, s. 4.

¹² Smemo, 1968, s. 4.

¹³ Johnsen, 2008, s. VII-VIII.

¹⁴ Svein Ellingsen (1929-2020) som var ein særskild produktiv, og statsløna, salmediktar, er til dømes ikkje nemnd i Andersens litteraturhistorie. Vassenden omtalar same salmen av Dorothe Engelbretsdatter to stader i artikkelen om lyrikk i *Dei litterære sjangrane*. Derimot vier Sørbo salmane større merksemd.

Kyrkjene nyttar framleis salmar som liturgiske ledd, men i langt mindre grad enn Luthers *Deutsche Messe* la opp til, og i konkurranse med andre musikalske uttrykk som på det viset med tida kan bli «konverterte» til salmar. Songar frå det lågkyrkjelege bedehusmiljøet fekk plass i NoS 1985.¹⁵ I NoS 2013 vart det til dømes teke inn lovsongar frå kristelege ungdomsmiljø, fleire på engelsk.¹⁶ Salmen er også kommersiell og brukt både i konsertsamanheng og på plater, ikkje minst på grunn av den høge kvaliteten på mange salmemelodiar. Diskusjonar i samband med ny salmebok (utkastet kom i 2008, salmeboka i 2013) viste stort engasjement om kva som kan eller bør omfattast av ei salmebok.¹⁷ Arbeidet med salmeboka førte også til mange nye salmetekstar og melodiar.

Salmetekstar har ulik bakgrunn. Fleire av salmane er høvesdikt eller leilighetsdikt, «litteratur fremkalt av en ytre foranledning».¹⁸ Men i like stor grad som dei kan vera impulsive tekstar baserte på konkrete hendingar, er dei skapte av kyrkjeleg trong eller på bestilling, slik mange av Kingos tekstar vart i samband med *Den Forordnede Nye Kirke-Psalmebog*. Høvet var i den samanhengen manglar i salmetilfanget. Salmeboka var strengt ordna etter kyrkjeåret og gudstenesta, og det trongst til dømes salmar som høvde til kvar sundags evangelietekst. Mange av desse Kingo-salmane blei rydda ut

¹⁵ Songar frå svensk og engelsk og amerikansk vekkingstradisjon fekk plass i salmeboka 1985; til dømes tekstar av Lina Sandell (1832-1903) og Fanny Crosby (1820-1915) og andre songar som lenge hadde vore sungne på bedehusa, som «Han tek ikkje glansen av livet» (NoS 346). I 2013 kom spirituals på engelsk inn samt ei rekkje nyare lovsongar både på engelsk og norsk; fleire songar frå det som er blitt kalla «søsterkyrkjer i sør» er også med, gjerne med den opphavlege afrikanske teksten.

¹⁶ Dome på songar frå lovsongssjangeren er nr. 392 og nr. 394 i *Norsk salmebok* 2013, begge med engelsk tekst.

¹⁷ Mellom forslaga i *Salmebok 2008* var «verdslege» tekstar som «Idas vise» (Astrid Lindgren) frå TV-serien om Emil i Lönneberga (nr. 188); «Det er den draumen» (Olav H. Hauge, nr. 246) og «Du ska itte tro i graset» (Einar Skjæraasen, nr. 128). Også religiøs lyrikk som ikkje var tenkt som salme, var med i forslaget. Eit dome er «Å løft ham sakte ned» (Arnold Eidslott, nr. 62) som vart ein vekselsong der liturgen resiterte og «alle» var med på eit omkvede. Berre den siste av dei nemnde kom med i *Norsk salmebok* 2013. Om diskusjonen: sjå Øystese, 2020, s. 203-204.

¹⁸ Aarnes, 1977, s. 126. Eit velkjent dome er salmen Luther skreiv då to augustinarmunkar som hadde gått over til protestantismen, vart brende på bålet på torget i Brussel: «Ein neues lied wir heben an» (1523), det første diktet ein kjenner frå Luthers hand (Grøm, 1995, s. 215-219).

or salmebøkene av ettertida, jamvel om dei representerer godt handverk.¹⁹ Ei rekkje salmetekstar- og melodiar er sjølv sagt også blitt til ut frå personleg tru, oppleving og skapartrøng.

Salmar er songlyrikk. Melodien spelar ei vesentleg rolle for opplevinga og bruken av salmen. Det finst mange døme på dette. Tekstar kan sova ubrukte i salmeboka til dei ein dag får ein ny melodi som lyfter dei or dvalen.²⁰ Når Martin Luthers eigne salmar er relativt lite brukte i Norden, trass at tekstane held høg kvalitet, hevdar fleire at dette skuldast at dei fleste Luther-salmane vert sungne til tunge koralmelodiar som taper i konkurransen med lettare tonar.²¹ På den andre sida er det også mange døme på at ein salmetekst har appellert til tonekunsten og fått fleire melodiar; slik kjenner ein mellom anna til at einskildsalmar av H. A. Brorson (1694-1764) har fått heile 16 ulike folketonar knytte til seg.²²

Salmesongen har, som eg alt har vore inne på, lange røter. Dei første kristne song når dei var samla; Paulus oppmodar dei truande til å undervisa og rettleia kvarandre med «salmar, hymner og åndelege songar».²³ Også Jesus og læresveinane hans song, noko Thomas Kingo gjer eit nummer av i sin pasjonssalme «Hører til, I høie Himle» (K284) som framleis står i *Norsk salmebok*, og som er med i materialet mitt. I Bibelen finst ei rekkje lovsongar både i GT og NT. Oldkyrkja hadde difor bibelske

¹⁹ Dette gjeld til dømes ein god del av dei mange epistelsalmane og preikestolversa som vart skrivne til *Vinterparten* og som er utelatne allereie i K (Malling, 1978, s. 219).

²⁰ Eit døme på dette er «Om alle mine lemmer», ein salme som var laga av strofer frå Petter Dass (1647-1707) sin avskilstale/dikt til sokneborna sine. Den var med i LR (1926), men var lite brukt inntil han fekk ny melodi av Sigvald Tveit i 1982 og kom med i NoS 1985 (nr. 529). Eit temmeleg ferskt døme er julesongen «Opp, gledest alle, gledest no», ein salme av Thomas Kingo omsett til nynorsk av Elias Blix i 1890 og med ein koral av J. Chr. Fr. Hæffner frå 1820. Den var lite sunge og ville truleg ikkje blitt ståande i den nye salmeboka i 2013 om ikkje Odd Nordstoga hadde gitt han ny melodi (i 2009) og sunge han inn på plate i lag med Sissel Kyrkjebø (NoS 2013, nr. 7b). (CD: *Strålande jul*, 2009, Universal Music AS.)

²¹ Dette argumentet vart løfta fram av musikkvitar og komponist Sigvald Tveit (1945-2019), m. a., under eit seminar ved prosjektet «Martin Luthers psalmer i de nordiska folkens liv. Ett prosjekt inom forskarnätverket Nordhymn»; Gran, mars 2005.

²² Signaturen B.Sv. som ikkje står i signaturlista i det aktuelle verket, men kan stå for H. Blom Svendsen, i Aanestad, 1962, s. 328.

²³ Kol 3,16. I Ef 5,18-19 heiter det: «Drikk dykk ikkje fulle av vin, det fører til utskeiing, men bli fylte av Anden og syng saman, med salmar og hymner og åndelege songar. Syng og spel av hjartet for Herren!»

føredøme både for songen og for diktinga, og songen vart fast ledd i samlingane til dei første kristne. Også verdslige historikarar, mellom andre den romerske intellektuelle Plinius Secundus (ca. 23-79), fortel at dei første kristne song når dei samlast. Medan det gjerne var instrumentalmusikken som prega samkomene i omgivnadene, blei det songen som karakteriserte kristne forsamlingar.²⁴

Den kristne kyrkjesongen vart utvikla på ulikt vis i aust- og vestkyrkja. I den romersk-katolske kyrkja vart songen frametter mellomalderen svært kunstla og noko ålmenta ikkje kunne ta del i. Songen framfor Guds altar måtte vera så nær det vakre og lytelause ein kunne koma, og då måtte han leggjast i munnen på dei som kunne forvalta han rett. Songen var ikkje lenger fellessong; berre ved somme høve kunne kyrkjelyden syngja med på enkeltlinjer, særleg dei såkalla «leisene» (basert på bønepet *Kyrie Eleison*, som tyder: Herre, miskunn deg; ei gresk overleving i det elles latinske kyrkjepspråket).²⁵ Leisene var innskot i liturgien på nasjonalspråket, og ut frå desse voks det songar, gjerne med blanding av latin og nasjonalspråk. Også i andre songar kunne latin og morsmål blandast; slike opphavleg makaroniske songar finst i materialet, til dømes julesongen «Jeg synger julekvad» («In dulci jubilo») som også Luther brukte og vølte.

Då reformatoren Martin Luther innførte kyrkjelydssongar på nasjonalspråket (tysk) som faste messe-ledd i *Deutsche Messe*, hadde han eit songrepertoar frå heile kyrkjehistoria, og bibelhistoria, å hausta av. Fleire av salmane som Luther har skrive sjølv, er med i materialet, somme av desse er bygde over bibelske hymner.²⁶ Likeins finst det døme på omsette latinske salmar, og folkelege viser, gjerne Maria-songar, som har fått eit meir kristologisk innhald eller blitt det Thomsissøn kallar "Christelige

²⁴ Kjærgaard, 2008, s. 21.

²⁵ Gaukstad, 1991, s.180.

²⁶ Mellom Luther-salmane i materialet med bibelsk førelegg, finn vi: «Av dypest nød» (NoS 237; Salme 130); «Vår Gud han er så fast ei borg» (NoS296; Salme 46); «Var Gud ei med oss denne tid» (NoS455; Salme 124); «Gud, sjå frå himmelen til oss» (NoS544, Salme 12); «Med fred og glede lar du nå» (NoS802, Luk 2,29-38, Simeons lovsong). Desse salmane er omhandla i Holter m.fl. (red.) *Nytt norsk salmeleksikon* 2011-2018).

foruent".²⁷ Dei liturgiske spela som vart framførte i kyrkja, inneheldt folkeleg sangstoff, i utgangspunktet på latin, men etter kvart med omsetjingar til morsmålet.²⁸ Eit døme her er *Puer natus in Bethlehem*, «Eit barn er fødd i Betlehem», som framleis er ein mykje brukt julesalme og med i materialet.

Luthers messe på folkemålet med deltaking frå kyrkjelyden er ein av dei tydelegaste konsekvensane av hans tankar om det allmenne prestedømet. Den danske hymnologen Jørgen Kjærgaard seier at når «menigheden istemmer en salme bliver den medforkynder af ordet i den hellige skrift. Det passive afløses af det aktive medansvar for evangeliets forkyndelse.»²⁹ Kjærgaard hevdar også at kyrkjesongen har røter i renessansens myndiggjering av det einskilde mennesket.³⁰ Trua på krafta i songen, både som estetisk uttrykk og pedagogisk hjelpemiddel, var sterk. Den lutherske læra vart internalisert gjennom songen. Melodien bar teksten ut til omgivnadene, men også inn i minnet og tanken til den syngjande. Salmen kunne dessutan takast med ut av kyrkja og syngjast i arbeid og under kvile, åleine og i fellesskap. Folk song også før reformasjonen, men songen i kyrkja og songen på marka eller i kroa, var skarpt skilde. No fylte protestantane populære melodiar med den nye læra sett på vers. Det offisielt kyrkjelege kunne syngjast på folkemålet og til den folkelege musikken.

Songen var også kommunikasjon og proklamasjon. Jan Huus og husittane i Praha brukte songen effektivt for å konsolidera folket og protestera andsynes det dei såg som pavens maktovergrep.³¹ Det at både lekfolk, kvinner og born deltok i songen, vart sett på som sær provoserande av det kyrkjelege maktapparatet.³² Luther kjende

²⁷ Thomisson, 1997 [1569], s. 39.

²⁸ Jensen & Bugge, b.I, s. 73.

²⁹ Kjærgaard, 2003, s. 42.

³⁰ Kjærgaard, 2003 s. 38-39.

³¹ Huus opptre med ulike variantar av førenamnet sitt. Både Jan, Johan og Johannes er brukte.

³² Øystese, 2015.

husittane og songen deira, og ein salme av Huus er med i hans *Deutsche Messe*.³³ Den cubansk-amerikanske historikaren Carlos M. N. Eire peikar på den tette samanhengen mellom reformasjonen og Gutenbergs trykkepresse. «No printing press, no Reformation. It is that simple, at the most basic level» slår han kategorisk fast.³⁴ Det er nok ingen tvil om at reformasjonen fekk god drahjelp av Gutenbergs oppfinning og utviklinga av denne. Men ein treng kanskje ikkje vera like bombastisk som Eire. For ikkje berre gjennom skrift, men også gjennom song breidde den nye lutherske læra seg, slik husittanes tankar fekk feste og uttrykk gjennom felles song om lag hundre år tidlegare. Luther var sjølv svært oppteken av at det skulle lagast salmar, og han oppmoda venene sine om å gå i gang med å skriva slike.³⁵ Luther såg det pedagogiske potensialet i salmesongen, slik Kjærgaard framhevar. «Salmesangen blev fra begyndelsen reformationens vigtigste våben – på en gang propaganda, pædagogisk redskab og opbyggelsesmiddel.»³⁶ Både frå Noreg og Danmark kjenner ein døme på at salmane vart brukte som opposisjon mot presteskap og etablerte ordningar. Hans Tausen, ein dansk velstudert johanittarmunk som var blitt luthersk i Wittenberg, leia med kongens løyve aftansong i St.Hans kyrkje i Viborg.³⁷ Då denne vart for lita på grunn av tilstrøyminga, drog den lutherske forsamlinga inn i den store klosterkyrkja der det kunne henda at klosterbrørne song sin liturgi frå koret, medan dei lutherske ifølgje klosterkrøniken «lod tre af Partiets Psalmer afskrige af Tilhørerne for at lægge Hindringer i Veien for de Aftenlovsange og Vigilier for de Afdøde, som Brødrene imidlertid istemte».³⁸

³³ Jensen & Bugge, 1972, b.I, s. 75.

³⁴ Eire, 2016, s. xiii.

³⁵ Grøm, 1995, s. 20-21.

³⁶ Kjærgaard, 2003, s. 44.

³⁷ Hans Tausen (1494?-1561) var i utgangspunktet katolsk munk og prest, men studerte i Wittenberg medan Luther var i byen. *En Ny Psalmebog*, 1553, er knytt til Tausens namn. Denne er utgitt i faksimile (1983). Tausen vakte harme blant katolikkane ikkje berre ved salmesongen, men ved å vera ein av dei første prestane i Danmark som gifta seg.

³⁸ Klosterkrøniken refererer frå helgemesse (Kjærgaard, 2003, b.I, s. 57).

Hanseatane tok salmane med til Bergen og dei spreidde seg langs kysten.³⁹ Somme stader kunne songen vekkja både harme og føra til samanstøytar.⁴⁰ Salmehistoria er full av anekdotar som fortel at somme songar hadde avgjerande tyding i spesielle samanhengar. Dette gjeld også for nyare tider. Under andre verdskrigen vart prost Arne Fjellbu nekta å halda gudsteneste i domkyrkja i Trondheim av dei tyske okkupantane. Då samla kyrkjelyden seg utanfor og song «Vår Gud han er så fast en borg».⁴¹ Men også andre songar enn salmar kan få ein slik særleg posisjon, noko ein til dømes såg etter 22.juli-terroren i 2011.⁴²

1.2 Tidlege salmebøker i Danmark-Noreg

Reformasjonssongen fekk god drahjelp av trykkekunsten. Salmar vart trykte som einskildtrykk og selde på torget.⁴³ Salmane til Luther og andre protestantiske salmediktarar vart publiserte i salmebøker både i Tyskland og Danmark. Fleire danske prestar fekk utdanning i dei lutherske byane i Tyskland og kom attende til Danmark med salmar som vart omsette til det vi kanskje tykkjer er eit skrøpeleg dansk diktarspråk. På byrjinga av 1500-talet, var den skolerte diktinga på latin. Dikting på morsmålet, utanom folkediktinga, var på utprøvingstadiet. Overføring av reglane frå latindiktinga til dikting på nasjonalspråket gjekk heller dårleg. Berre få, som til dømes Hans Christensen Sthen (1544-1610) meistra kunsten å laga gode vers

³⁹ Det har vore sagt at reformasjonshistoria vart sunge inn i Noreg. Reformasjonshistoria er elles komplisert og ulik for dei skandinaviske landa. Sjå Thorkildsen, 2017, s. 42-54.

⁴⁰ Grøm, 1995, s. 47-48. Grøm fortel at katolske leiarar rapporterte om «ureglementert» protestantisk song m. a. på Jæren, i Trøndelag og i Finnmark.

⁴¹ Haavik, 2008, s. 62-67.

⁴² Nordahl Griegs «Til ungdommen» frå 1936 vart ein slik samlande song. «Til ungdommen» var foreslått til salmeboka (*Salmebok 2008*, nr.141), men kom ikkje med i *Norsk salmebok 2013*.

⁴³ Soga fortel at ein fattig vevar stod på torget i Magdeburg, Tyskland, og song Luther-salmar og selde einskildtrykk av desse («Aus tiefer not» og «Es wolt uns Gott»). Dette var før reformasjonen var innført, og mannen vart arrestert. Men ei rasande folkemengd kravde å få han sett fri så han kunne halda fram med songen og salet, og dei fekk viljen sin (Grøm, 1995, s. 77).

på dansk. Salmen vart ein eksperimenteringsarena for kunstdiktinga på dansk, noko eg vender attende til i kapittelet knytt til bokstaveleg fase.

Den protestantiske kyrkjemakta brukte folkespråket i liturgi og salmesong, og let alminnelege folk ta del. Reformasjonen vart offisielt innført i Danmark-Noreg i 1536-1537. Men alt før 1530 kom dei første salmebøkene ut i Malmø som då var Danmarks nest største by og låg tett på hovudstaden København. Utgivarane, Claus Mortensøn Tøndebinder og Hans Olufsen Spandemager, var utdanna i Haderslev, sør i Jylland. I Haderslev låg eit luthersk presteseminarium oppretta av hertug Christian av Gottorp, som forsynte Danmark med lutherske prestar medan landet framleis var katolsk. Dei eldste salmebøkene kjenner ein no berre frå opptrykk i seinare bøker.⁴⁴

Malmøsalmebøkene vart snøgt avløyste av nyare og større, og dei gamle vart utslitne.

Den første offisielle salmeboka i Danmark-Noreg var redigert av Hans Thomissøn (1569). Kong Frederik den andre skal ha underskrive salmebokordren i felt berre ni dagar før gjennombrotet i sjuårskrigen, noko som viser kor stor vekt den lutherske kongen la på salmesongen.⁴⁵ Thomissøns salmesamling var ei velredigert bok som skulle dekkja dei kyrkjelege behova i heile riket. Men ho var svært kostbar og få hadde råd til å skaffa seg ei salmebok til privat bruk. Jørgen Kjærgaard peikar på at denne salmeboka på tittelsida ikkje lenger understrekar at salmane er i samsvar med Skrifta. «Her nøjes man med at kalde dem 'Christelige'. Reformationsårtiernes biblicisme er nu gradvis afløst af den begyndende dogmatisk-kirkelige ensretning, den såkaldte lutherske ortodoksi.»⁴⁶ Dette inneber likevel ikkje at salmane på noko

⁴⁴ Ludwig Dietz' Salmebog (1536) og Hans Thausens Psalmebog (1553) er utkomne i faksimileutgåver med kommentarar.

⁴⁵ Kjærgård, 2003, b.I, s. 68.

⁴⁶ Kjærgaard, 2003, s. 69. Den lutherske ortodoksien rådde grunnen i dansk-norsk kyrkje frå slutten av 1500-talet til omkring 1700 (op.cit. s.119).

vis fjernar seg frå Bibelen; både fortalane i salmebøkene og sjølve innhaldet i salmane vitnar om det.⁴⁷

Thomissøns salmebok har med heile den salmediktinga som var kjend i Danmark frå reformasjonstida.⁴⁸ I denne finn ein også tekstar frå oldkyrkja og frå katolsk tid, slik ein gjer det hjå reformatoren Luther sjølv.⁴⁹ Salmetilfanget i Thomissøn femner om heile kyrkjesoga, slik innhaldet i dei autoriserte bøkene har gjort også sidan. Det har vore eit ideal for mange salmeboksredaksjonar at «alle Kirkens Tidsaldre skulle syngje med oss, og vi med dem».⁵⁰ Det hadde kome omsetjingar frå tysk og nokre nye tekstar på dansk i tida før og etter protestantismen var innført. Thomissøn freista å finna den beste blant omsetjingane, og han har berre unntaksvis dublettar. Han har også nokre salmar der den latinske teksten er trykt parallelt med den danske. Salmeboka har gode register som viser at salmane er ordna etter kyrkjeåret, etter Luthers vesle katekisme, den lutherske truslæra elles og kyrkjelege handlingar og det kristne livet.⁵¹ Eit eige register er, med Thomissøns formulering, «paa de gamle Papistiske Sang/ som ere Corrigeret oc rettede.»⁵² Han har også eit større utval av melodiar enn Kingos salmebok (1699).⁵³

Sidan Thomissøns salmebok både var kostbar og temmeleg stor, vart det snart laga nye salmebøker som tok opp i seg det salmetilfanget som fanst, og la til nytt stoff. Ut

⁴⁷ Tomissøn seier i sin fortale i *Psalmebog 1569*: «For det tredie/ lærer Paulus/ at det er icke den ringeste maade til at rigelige oc Christelige bruge/ øffue/ formere og beuare Guds Ords salige kundskab iblant oss/ at wi det haffue met skøne Rim befattet udi Psalmer oc Loffsange/ oc Aandelige deilige Viser/ som wi skulle siunge for HERren aff hiertet» (Thomissøn, 1997 [1569], u.p.).

⁴⁸ «Fra et salmebogshistorisk synspunkt kan man fastslå, at Thomissøn optog så at sige alt, hvad der fandtes af salmer på dansk» (Dal, 1997, s.19). 146 av dei 269 nummera er nye salmar, skrivne av geistlege og lekfolk frå ulike lag av folket. Alle Luthers salmar er her omsette til dansk, saman med andre tyske reformasjonssalmar. Thomissøn bidrog også sjølv med omsetjingar og eigne salmar (Kjærgaard, 2003, b.I, s. 71).

⁴⁹ Dal, 1997, s. 16.

⁵⁰ Landstad, 1862, s. 4.

⁵¹ Kjærgaard, 2003, b.I, s. 71-72.

⁵² Thomissøn, 1573 [1569], u.p., register bak i boka.

⁵³ Til 268 tekstar har Thomissøn om lag 205 melodiar «en rig og broget melodiskat, som rummer alt det væsentligste fra Luthers tid og mere til» (Glahn, 1967, s. 12). Kingos salmebok har 123 melodiar til om lag 300 tekstar.

over 1600-talet blomstra salmebokproduksjonen. Fleire lærte å lesa, bøkene vart noko rimelegare relativt sett, og marknaden for salmebøker var difor god. Ikkje minst såg mange bokhandlarar mon i å prenta salmebøker som vart kalla "fullkomne" fordi dei gav seg ut for å ta med det som fanst av salmar, både gamle og nye. Virvaret var difor stort på salmefronten, og den eineveldige kongen gav i 1683 Thomas Kingo i oppdrag å utarbeida ei ny felles kyrkjesimalmebok for heile kongeriket.⁵⁴

Det er verd å merka seg at salmetekstane og salmebøkene spelar ei vesentleg rolle for ålmentas forhold til skriven litteratur og lesing, og at salmediktinga var sentral i utviklinga av skriftleg diktning på morsmålet. Luthers arbeid med bibelomsetjing og salmedikting var banebrytande for tysk skriftspråk.⁵⁵ Likeins var omsetjingar av tyske salmar og nydiktningar på dansk medvitne litterære forsøk som ettertida fort kan stempla som famlande. Men, som Thomas Kingo seier:

Men som den Poetiske Kunst ey paa de Tider, udi disse og andre Rigers Modersprok, vaar kommen til dend Art og Øvelse som nu, lood de gode Salige Mænd deres Riim løbe paa frj Haand, meere agtende Slutningen, end dend visse Maal og jefnløbende Samling udi Verset og Riimslutningen. Det vaar saa de Dages Maneer og klingede da meget vel, og det bør at være langt fra enhver af os, at vi skulde vilde mene eller tale andet end vel, om det som haver været saa Gudelig og vel meent til Guds Ære og hans Menigheds Opbyggelse.⁵⁶

⁵⁴ Kjærgaard, 2003, b.I, s. 105.

⁵⁵ Det er særleg Luthers bibelomsetjing som vert vektlagd i ulike framstillingar av tysk språkhistorie. Den bidrog til kyrkjeleg vyrndad for folkespråka, men den bidrog også til utviklinga av tysk språk. Omsetjing av Bibelen til folkespråket var gjort tidlegare, både i England (Wycliff) og Tsjekkia (husittane), men Luthers skrifter fekk ei særleg utbreiing på grunn av trykkekunsten og ei oppblomstring av marknaden, også for skrifter. Også salmar på folkespråket bidrog til nasjonal språk- og identitetskjenle sidan allmugens morsmål vart tillate brukt innom kyrkjeveggene. Om reformasjonens og Luthers påverknad på pråket, sjå til dømes Aarebrot, 2017, s. 28-34; Theodorsen, 2022; Schilling, 2016, s. 256-264. Ein kan stussa over at Luthers salmeinteresse er så sparsamt omhandla i somme større verk. Han skreiv trass alt diktarlege tekstar med fast rytme i hundreåret før Martin Opitz (1597-1639) gav ut det teoretiske verket *Buch von der teutschen Poeterey* (1624) som presenterte eit regelsett for kunstdiktning på germanske språk. Også SNLs gjennomgang av Tysklands litteratur omtalar berre Luthers bibelomsetjing som avgjerande for diktninga. [Tysklands litteratur – Store norske leksikon \(snl.no\)](#) 21.06.22. Det skal leggjast til at Luther ikkje var den første som omsette Bibelen til tysk. Den eldste kjende omsetjinga til tysk, er frå 700-talet (kjelde: Oddvar Jensen i notat). Også andre folkespråk fekk sine bibelomsetjingar, til dømes kom ei omsetjing av deler av GT til norrønt, *Stjorn*, omkring 1300.

⁵⁶ Kingo, 1941, s. 9. Frå Kingos ”Tilskriff” til kongen.

Kingo viser her vyrndad for sine forgjengarar, men lar det skina gjennom at dei skreiv og song som dei gjorde, fordi dei ikkje visste betre. Hans eigen tekstproduksjon og salmebokredaksjon viser også eit sterkt kunstnarleg sjølvmedvit.

Mellom dei fremste diktarane i Danmark på 1500-talet og første halvdel av 1600-talet, er Hans Christensen Sthen og Anders Arrebo som først og fremst er kjende for sine salmesamlingar. Arrebo er gjerne kalla den danske kunstpoesiens far; hovudverka hans er Davids salmar på danske vers (1623 og 1627)⁵⁷ og *Hexaëmeron* (1631-1637; utgitt 1661).⁵⁸ Det siste verket har fransk førelegg og freistar å skildra dei seks første skapingsdagane på hexameter; ei krevande øving som berre delvis lukkast godt for Arrebo. Arrebo er også den som først introduserer vellukka aleksandrinarar på dansk. Diktinga hans freistar å realisera renessansens mål om å skapa morsmålspendantar til den antikke diktinga.¹⁶

1.3 Danske salmebøker brukte i Noreg etter 1814

Tre danske salmebøker var i bruk i Noreg på 1800-talet då landet fekk sitt sjølvstende: Kingos salmebok (1699), Guldbergs salmebok (1778) og *Evangelisk-kristelig psalmebog* (1798). Desse var i bruk i om lag like mange kyrkjjesokn, men *Kingo* var mest brukt på landet der sokna ofte var noko mindre folkesette.⁵⁹

Den eldste salmeboka ber namnet til Thomas Kingo (1634-1703) på folkemunne. Han kom frå ein handverkarfamilie og tilhørde difor i utgangspunktet ikkje den danske eliten. Men han vekte merksemd med diktinga si, særleg dei to salmesamlingane *Aandelige Siunge-Koors første Part* (1674) og *Anden Part* (1681). «Siungekora» inneheldt andaktstekstar til kvar vekedag. Dei kunne syngjast til kjende melodiar eller lesast under husandakta, og var svært omtykte. Fleire av tekstane frå desse

⁵⁷ Arrebo, 1623 og 1627.

⁵⁸ Arrebo, 1965.

⁵⁹ Landstad, 1862, s. 12.

samlingane, ikkje minst morgonsongane, er framleis i bruk og har plass i salmebøkene i Danmark og Noreg.⁶⁰ Det var også diktetekunsten hans som gav han avansement i det kyrkjelege hierarkiet. I 1677 vart han biskop over Fyens stift med sete i Odense. I 1679 vart han adla, tre år seinare utnemnd til dr.theol.

I fortalen i Siungekorets første part framhevar Kingo at han gjennom verket sitt vil visa at den danske salmediktinga ikkje står tilbake for andre lands:

Saa vi og her i Danmark, saavel som de Tydske og andre Landsfolk (af hvilke vi hverken have behov at laane, eller udi Riime-kunsten det ringeste at eftergive) kunde have Psalmer og Sange, til Gudfrygtigheds daglige øvelser, som ikke ere taad og udlaant af deris: Thi de danskis Aand er dog ikke saa Fattig og forknyt, at den jo kand stige ligesaa høyt mod Himmelen som andris, alligevel at dend ikke bliver ført paa Fremmede og udlændiske Vinger.⁶¹

Kingo syner her eit folkeleg og estetisk medvit. Ein er ikkje lenger berre oppteken av å formidla og innprenta læra, men har større overskot til det kunstnarlege og det danske. Etter mange år med stor uorden i salmebokutvalet, var det den eineveldige kongens vilje å få ei felles salmebok for heile riket. Denne skulle innehalda salmar til alle gudstenester i heile kyrkjeåret, og til alle ledd i gudstenesta. Dei salmane som var godt kjende og innsungne i kyrkjelydane skulle helst ikkje endrast meir enn høgst nødvendig. Særleg skulle Martin Luthers eigne salmar ivaretakast så meininga i dei ikkje vart skipla.⁶²

Kingo fullførte i første omgang ei salmebok for halve kyrkjeåret, den såkalla *Vinterparten* (1689), fekk autorisasjon på denne og kongeleg privilegium på trykking og sal av boka. Etter kort tid vart den kongelege godkjenninga trekt attende. Ein er framleis ikkje viss på kva som var grunnen til dette, endå ei rekkje forklaringar

⁶⁰ Ein av morgonsalmane har også fått plass i *Den Svenska Psalmboken* (1986): "Nu stiger solen fram ur österns portar" (nr. 493).

⁶¹ Kingo, 1674, s. 6 (i dedikasjonen til kongen).

⁶² Kjærgaard, 2003, b.I, s. 105.

har vore lanserte.⁶³ Av 263 nummer i *Vinterparten*, var 133 dikta av Kingo sjølv. Tekstane av Kingo og hans samtidige var sette opp som poesi, Kingos egne rett nok med litt større typar enn dei andre. Dei gamle salmane var trykte som prosa, jamvel Luthers salmar som i alle fall på tysk 1500-tal må kunna kallast velskapte diktarlege tekstar.⁶⁴ Slik markerte Kingo skilnaden mellom eldre tiders diktarlege hjelpeløyse og samtidas høge nivå; ikkje minst avslørte han sterk kunstnarleg sjølvtryggleik.

Kingo fekk privilegium på trykking også av *Den Forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog* (1699) som vart resultatet av fleire års att og fram i kongelege og kyrkjelege «utval» og redaksjonar. 85 av dei om lag 300 nummera i boka, er av Kingo. Han fekk såleis ei viss oppreisning både økonomisk og kunstnarleg etter nederlaget med *Vinterparten*. Namnet hans var trykt på tittelbladet til salmeboka, og ho har bore hans namn sidan: Kingos salmebok.

Jamvel om Kingos salmebok eksponerte kyrkjelyden for den nye kunstdiktinga, var boka framleis prega av den gamle tid. Ho var dessutan strengt ordna etter kyrkjeåret og dei ulike lekkane i gudstenesta. Dei pietistiske straumdraga som kom til å prega det åndelege livet i kongehus og hoff i første halvdel av 1700-talet, rakk ikkje setja preg på «Kingo».⁶⁵ Erik Pontoppidan (1698-1764) redigerte *Den Nye Psalme-Bog* (1740) som vart kalla Pontoppidans salmebok.⁶⁶ Denne inneheldt i tillegg til alt stoffet i «Kingo», også pietistiske songar ordna tematisk, mellom anna fleire av salmane til Hans Adolph Brorson. Denne salmeboka var særleg brukt av hoffet og på

⁶³ Somme meiner Kingo var offer for intriger ved hoffet. Andre peikar på at Kingo i *Vinterparten* tek seg meir til rette enn kongeordren opnar for, og at hans eiga diktning får for stor plass. Sjå til dømes Svendsen, 1967, s. 1-11.

⁶⁴ Døme: «BEholdt os HERre ved dit Ord», Kingo, 1941, s. 222.

⁶⁵ Om pietismen i Danmark-Noreg, sjå til dømes Nielsen, 2013, s. 29-94; Zorgati & Bohlin, 2021; Oftestad & Haga, 2021, og Oftestad & Rasmussen & Schumacher, 2005.

⁶⁶ Erik Pontoppidan var biskop i Bergen, skulemann og forfattar av både naturvitskaplege og teologiske skrifter (mellom andre *Sandhed til Gudfrygtighed*, 1737, ei bok med spørsmål og svar meint for den kyrkjelege undervisninga, ei bok som vart brukt i norsk skule og ved konfirmasjonsundervisninga til langt fram på 1800-talet og omarbeidd så seint som i 1897). (Austad, 2022.)

slottet, men fekk også mykje å seia i Sønderjylland. Boka fekk ikkje utbreiing i resten av Danmark eller i kyrkja i Noreg, og er difor ikkje med i materialet mitt. Ei innlemming av Pontoppidan ville opna for den pietistiske salmediktinga som har fått stort nedslag i seinare norsk song- og salmetradisjon, men det ville samstundes ha utvida det allereie store materialet mitt monaleg, slik eg tidlegare har nemnt at bruk av Guldbergs salmebok også ville.

Det kom to offisielle salmebøker til i Danmark i løpet av 1700-talet. Opplysningstida såg på «Kingo» som svært gamaldags. Etter 1750 var statspietismen borte, og nye tankar gjorde seg gjeldande. *Psalm-Bog eller En Samling af gamle og nye Psalmer*, den såkalla «Guldbergs salmebok» (G) kom ut i 1778. Berre ti av Luthers salmar var med i Guldberg. Den mest dominerande salmediktaren i denne boka var Birgitte Boye som skreiv i ein høgstemt og pompøs stil som var ynda i tida.⁶⁷ Ho hadde 149 av dei totalt 438 nummera i salmeboka. Boye er no borte frå dansk salmesong, medan høgtidsversa hennar til jul, påske og pinse framleis er sungne i Noreg der Guldbergs salmebok vart meir brukt enn i Danmark.⁶⁸

Alt 20 år etter Guldberg kom *Evangelisk-kristelig Psalmebog til Brug ved Kirke- og Huus-Andagt* (1798, E). Denne vert rekna som rasjonalismens salmebok, og mange luthersk-ortodokse prestar vegra seg mot å ta henne i bruk.⁶⁹ Biskop Johan Nordahl Bruun hindra kyrkjelydane i Bergen stift å bruka boka.⁷⁰ *Evangelisk-kristelige* (E) var inndelt etter «materier» og ikkje etter gudstenesteledda eller kyrkjeåret. Det tematiske

⁶⁷ Boye var inspirert av den tyske lyrikaren Friedrich Gottlieb Klopstock (1724-1803) som budde i København på denne tida, med kongeleg diktargasje. Kjærgaard, 2003, b.I, s. 148.

⁶⁸ Malling, 1978, s. 278; Kjærgaard, 2003, b.I, s. 143-152.

⁶⁹ I Danmark var det særleg dei «stærke jyder» som syntte motstand mot innføringa av denne salmeboka (Kjærgaard, 2003, b.I, s. 166). N.F.S. Grundtvig kritiserte salmeboka svært sterkt (Aanestad, 1962, s. 174; Holter, 1991, s.300). Då kyrkjedepartementet i Noreg ville innføra *Evangelisk-kristelig* som einaste salmebok, vakte det sterk motstand blant prestar og biskopar. Svendsen, 1933, s. 4-6. M.B. Landstad såg det som eit mål for arbeidet med ei ny salmebok «først og fremst at faa den saakalde 'evangelisk kristelige' Salmebog bort» (Landstad, 1862, s. 11).

⁷⁰ «Biskop Johan Nordahl Brun i Bergen hatet den som pesten enda han selv var representert i boken» (Elseth, 1997, s. 96. «Da Ev-kr kom i 1798, sørget Brun for at den ikke fikk innpass i bispedømmet hans» (Grøm i NNSL 2012, s. 315).

fokuset var på borgar-dygdene. Mykje av biletbuiken i dei eldre salmane vart fjerna eller omskriven. Studerer ein det tematiske oversynet, eller lista over «Materier», oppdagar ein at pasjonen er nærast fråverande. Ein går frå «Jesu Fødsel» via «Jesu Ord paa Korset» til «Jesu Opstandelse».⁷¹ Men også endringar som ein vanskeleg kan tru handlar om det innhaldsmessige, vart gjennomførte i denne boka. Eit døme er Kingos morgonsalme:

Nu rinder Solen op
 Af Øster-lide,
 Forgylder Klippens top
 Og Biergets side
 Vær glad, min Siæl, og lad din stemme klinge
 Stig op fra Jordens Boo,
 Og med din Tak og Troo
 Til Himlen svinge (Kingo 1674).

Nu rinder Solen op
 Med Straaler blide,
 Forgylder Skovens Top
 Og Biergets Side.
 Hæv dig, min rørte Siel, til Lysets Fader.
 Din Takkesang istem;
 Bær Morgenoffer frem
 For Lysets Fader (E477,1).

Bortsett frå første og fjerde linja, er alt i denne morgonstrofa endra. Til dømes er biletet med solstrålane som først når fjelltoppane og seinare rekk nedover bergsidene, endra til eit blikk mot tretoppene. Sjela treng inga oppmoding om å vera glad, ho er alt rørt og ber fram «Morgenoffer»; ei gåve som ikkje blir forklart. Det sat diktarar og ikkje berre teologar i redaksjonen for *Evangelisk-kristelig Psalmebog*. Det kan vera noko av forklaringa på endringar som dei over, som verkar vera gjorde av smaksomsyn og ikkje av teologiske; hovudinnhaldet i strofa er ikkje annleis enn i originalen. Endringane viser også tydeleg kor sjølvmedvite og eigenrådig salmeboksredaksjonen opptrer andsynes dei gamle tekstane; dette gjeld både omsynet til dei som hadde laga tekstane, og dei som kjende dei og song dei.

Korkje Guldberg eller *Evangelisk-kristelig* er med i materialet mitt. Jamvel om begge desse bøkene var mykje brukte i Noreg fram til Landstads salmebok kom i 1870, sette dei i liten grad preg på den vidare norske salmetradisjonen som vart innleidd med Landstad. Rett nok har Landstad i høg grad henta inn Brorsons salmar, men ikkje

⁷¹ Kjærgaard, 2003, b.I, s. 152-165.

fordi dei er med i Guldberg. Landstad gjer greie for sitt forhold til dei ulike kjeldene og salmebøkene i *Om Salmebogen* (1862). Han lar salmar frå begge dei danske 1700-talsbøkene vera med, men først og fremst av «historiske grunner». I *Evangelisk-kristelig* finn han lite han kan bruka; han tar med berre fire salmar derifrå.⁷² Både av desse grunnane og av omsyn til omfanget på materialet, er desse to bøkene utelatne endå eg godt ser at mange av revisjonane, ikkje minst i *Evangelisk-kristelig*, hadde vore morosame å jobba med. Desse omdiktingane i E har likevel ikkje fått noko liv utover denne eine boka. Det kan også nemnast at det midt på 1800-talet både i Danmark og Noreg var interesse for å halda fram salmefellesskapet mellom dei to landa.⁷³

1.4 «Salmeboknøden»

Jamvel om Noregs hopehav med Danmark fekk ein politisk slutt i 1814, vart det i kyrkjene framleis brukt dansk rituale, dansk bibel, danske altarbøker og danske salmebøker. Kyrkjelydane kunne sjølve velja kva salmebok dei ville nytta.

Kyrkjelege leiarar var lite nøgde med situasjonen som fekk namnet «salmeboknøden».⁷⁴ Tre ulike salmebøker var i bruk frametter 1800-talet: *Den Forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog* (1699) eller «Kingos salmebok», *Guldbergs*

⁷² To av desse er av biskop J.N. Brun «af hvilke den ene er bragt tilbage igjen til sin rette tydelse» (Landstad, 1862, s. 25). Biskopen som avviste *Evangelisk-kristelig* er altså hovudrepresentant for denne boka i L.

⁷³ I utkastet for salmeboka frå Roskilde-konventet («Roskilde konvents salmebog» kom i 1855), er den norske kyrkja nemnd som brukar av boka. Landstad foreslo i 1852 å bruka den nye danske salmeboka dersom norske freistnader slo feil. (Rynning, 1954, s. 19.)

⁷⁴M.a. Hans Blom Svendsen nyttar denne nemninga om situasjonen i Noreg etter 1814 med tre ulike salmebøker i bruk. (Svendsen, 1933, s. 4.)

*Psalme-Bog og Evangelisk-kristelig Psalmebog.*⁷⁵

M.B. Landstad, norsk prest, salmediktar og salmebokredaktør, fekk kyrkjedepartementet til å utarbeida eit oversyn over korleis dei ulike salmebøkene vart brukte i Noreg ved midten av 1800-talet. Det gav følgjande resultat.

Stift	Kingo Sokn	Kingo Folketal	Guldberg Sokn	Guldberg Folketal	Ev. Christ. Sokn	Ev. Christ. Folketal
Christiania	33	39 650	157	280 655	109	246 407
Christ.sand	69	92 271	43	56 287	41	71 233
Bergen	146	161 873	35	62 243	-	-
Trondhjem	74	105 582	-	-	67	100 797
Tromsø	20	27 618	25	92 772	43	52 336
«Summa»	342	426 994	260	491 957	260	470 773

(Landstad, 1862, s. 12.)

Det var mellom 400 og 500 tusen som sokna til kvar av dei tre forskjellige bøkene. Kingo var brukt av færrest kyrkjelemer, men i flest kyrkjelydar. Særleg sterkt stod K i Bergens stift, og i Trondhjem og Kristiansand, svakast i Kristiania og Hamar.⁷⁶

Først i 1850-åra kom det fart i arbeidet med ei norsk salmebok. M.B. Landstads salmebok kom ut i 1870 (utkastet kom i 1861). Om lag samstundes vart Andreas Hauge si salmebok, *Psalmebog for Kirke og Hus* (Christiania 1874) godkjend til

⁷⁵ Nokre små lutherske kyrkjelydar som er utmelde av Den norske kyrkja, t.d. Menigheten Samfundet i Kristiansand og Egersund («lomelendarane», 1890), Det Almindelige Samfund, Egersund («perane», 1901) og Det Almindelige Lutherske Samfund, Egersund («larsane», 1952) har heile tida brukt Kingos salmebok og nyttar no ei utgåve som dei kallar *Kingos reviderte salmebok* (2005), der salmar kyrkjelyden ikkje lenger nytta, er tekne bort. [Menigheten Samfundet - Salg \(google.com\)](#) henta 28.08.23.

⁷⁶ Elseth, 1997, s. 97.

kyrkjebruk.⁷⁷ Utkastet til denne salmeboka vart utgitt i Skien i 1863; begge salmebokarbeida hadde altså vore kjende og drøfta ei god stund før dei vart autoriserte. Kyrkjelydane kunne velja mellom Hauge og Landstads salmebøker.⁷⁸ Begge hadde sterke støttespelarar.⁷⁹ Ordskifta om salmebøkene var sær s kvasse. På sikt var det Landstads salmebok som sigra.⁸⁰ Landstad greidde i større grad enn Hauge å fornya salmesongen, og hans eigne tekstar og omarbeidingar heldt høg kvalitet. Det var også Landstads salmebok som vart revidert av Gustav Jensen på 1920-talet.⁸¹ Sidan Hauge fekk så avgrensa påverknad på norsk salmesong, har eg valt å utelata også denne boka frå materialet.

Nokre Salmar på landsmål som Elias Blix (1836-1902), salmediktar, teolog, filolog og statsråd, utgav, først anonymt, frå 1869 og frametter, vart godkjend til bruk i kyrkja i lag med ei anna salmebok, først og fremst «Landstad». Blix-salmane var avgjerande for den nynorske salmetradisjonen som fekk sitt høgdepunkt med *Nynorsk Salmebok* (1925). Når det kom to nye salmebøker i 1920-åra, var det mykje fordi språket i dei eldre bøkene verka forelda. Framveksten av nynorsk skriftspråk gjorde det dessutan nødvendig å syta for at dei kyrkjesokna som ynskte det, fekk eit fullverdig salmetilbod på landsmål. Det kom fire rettskrivingsreformer for landsmålet mellom 1900 og 1920. Rettskrivinga av 1901 var den første for landsmålets del og sikta mot å etablera ein felles normal. Før hadde ein kunna velja Aasens rettskriving,

⁷⁷ Andreas Hauge (1999-2005) var ein norsk høgvyrd teolog og skulemann og leiar for Det Norske Misjonsselskap. Han var son til Hans Nielsen Hauge og nytte også av den grunn stor tillit i mange norske kyrkjelege miljø.

⁷⁸ Somme kyrkjesokn som var prega av lekmannsrørsla, fann det tryggast å velja den boka som sonen til Hans Nielsen Hauge hadde laga. Dei likte dårleg at Landstad hadde markert seg som samlar og utgivar av segner og viser frå den munnlege folkelege tradisjonen i Telemark. Det var verdslege aktivitetar som ikkje høvde seg for ein kyrkjemann. Til dømes kom det slik kritikk frå Vrådal, ein kyrkjelyd Landstad hadde vore prest i. (Svendsen, 1933, s.40.)

⁷⁹ Ivar Aasen og Johannes Skaar støtta Landstads arbeid, endå begge også hadde kritiske innvendingar mot måten han brukte særnorske uttrykk på i den elles danske teksten. Skaar bidrog også i Hauges arbeid. Hauge samarbeidde med Jørgen Moe, seinare kjend biskop og eventyrssamlar. Ei god kjelde til arbeidet med og diskusjonen om salmebøkene, er Svendsen, 1933, *Landstad og Hauge. Norsk Salmesang II*.

⁸⁰ I 1904 var boka til Hauge brukt i 90 kyrkjesokn i Noreg, medan Landstads var i bruk i 869 av dei totalt 965 kyrkjesokna. (Svendsen, 1933, s.79.)

⁸¹ Om arbeidet med Landstads reviderte salmebok og *Nynorsk Salmebok*, sjå Svendsen, 1955.

Midlandsnormalen eller Hægstadnormalen. I 1910-reforma fekk landsmålet fleire valfrie former. Ved rettskrivinga i 1917 freista ein føra landsmålet og riksmålet nærare saman. Ein la vekt på det ortofone prinsippet med austlandsk talemål som førebilete. Men reforma vekte motstand mange stader. For riksmålets del kom den største reforma i denne tida i 1907. Då vart dei blaute konsonantane bytte ut med harde (bdg til ptk), bøyingsendingane vart endra, til dømes «kastet» i staden for «kastede», og ein la vinn på ei meir uttalerett skriftform. I det heile ville ein med revisjonane av riksmålet fjerna seg frå dansken og få eit språk som var meir norsk. Alle desse reformene fekk konsekvensar for salmebokarbeidet.⁸²

Frå om lag 1925 hadde ein altså to parallelle salmebøker i Noreg. Ved radiooverførte gudstenester vart det til dømes opplyst kvar dei aktuelle salmane stod både i *Nynorsk Salmebok* og i «Landstads reviderte salmebok» (LR), så langt det fanst parallellar.⁸³ Mange av tekstane hadde felles opphav, og kvar av salmebøkene hadde salmar frå den andre boka med språkforma derifrå. Nynorsk plasserte desse i eit tillegg sist i boka: «200 salmar or den gamle og den nye Landstads Salmebok», medan LR hadde dei nynorske tekstane mellom dei ordinære nummera.

Utover 1900-talet voks det fram eit ønske om éi felles salmebok for heile Den norske kyrkja. Det vart i 1954 nedsett ei nemnd med biskop Johannes Smemo som leiar, som kom med eit utkast til salmebok i 1968, men prosjektet vart ikkje realisert. *Salmer 1973* var ei lita tilleggssalmebok som tok med materiale frå svensk og engelsk språkområde, og ein del nyare tekstar av mellom andre Olav Hillestad, Alfred Hauge og Svein Ellingsen. Først i 1985 kom *Norsk Salmebok* som var éi felles salmebok for

⁸² Språksituasjonen i Noreg og dei endringar som skjer frå 1905-1945 er mellom anna drøfta i Rambø, 2018, s. 503-602.

⁸³ *M. B. Landstads kirkesalmebok revidert og forøket av stiftsprost Gustav Jensen med bistand av en komité*, (1926) vart autorisert i 1924, *Nynorsk salmebok* i 1925. Nynorsk salmebok kom til «etter oppmoding frå det Norske Samlaget» slik det vert opplyst i skuleutgåva av Nynorsk salmebok frå 1949. Eg nyttar dateringa frå Rynning, 1967, s. 11: Nyn 1925 og LR 1926. Først i 1929 vedtok Stortinget at landsmålet skulle heita nynorsk. Då hadde *Nynorsk Salmebok* bore namnet sitt nokre år.

både bokmåls- og nynorsk-kyrkjelydar. Boka finst i to versjonar; ei grøn og ei raud; dei bibelske salmane sist i bøkene er anten på nynorsk eller bokmål, og somt av informasjonsstoffet.⁸⁴ Elles er bøkene eins. *Salmer 1997* var ei tilleggsbok med nye songar som kunne brukast i gudstenesta.

Ved tusenårsskiftet gjekk ein i gang med planlegginga av, og arbeidet med, ei ny salmebok som kom hausten 2013. Også dette er ei felles salmebok, og her skil ikkje eingong fargen på permene mellom nynorsk og bokmål. Dersom ein salme finst både på nynorsk og bokmål, står begge versjonane under same nummer i boka. Ein har også teke inn fleire tekstar på samiske språk (nordsamisk, sørsamisk, lulesamisk) og kvensk, samt tekstar på fleire andre språk, mellom dei svensk, engelsk, fleire afrikanske språk og spansk. Her er også salmar på dialekt og med det Kirkerådet kallar «eldre språkdrakt».⁸⁵ Men dei danske salmane er omsette til norsk, hovudsakleg bokmål.

1.5 Materialet

Føremålet med dette arbeidet er å peika på endringar i biletbruken i tekstane når salmane går frå Kingos salmebok (1699) til *Norsk salmebok* (1985), eit tidsrom på nesten 300 år. Materialet er valt ut frå praktiske kriterium: Det er eit minstekrav at dei salmetekstane som skal jamførast, både finst i den eldste boka i utvalet: *Den Forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog*, 1699 («Kingo», K) og den yngste: *Norsk salmebok* 1985 (NoS). Dei fleste av tekstane som oppfyller dette, finst også i minst ei av dei andre salmebøkene, Landstads *Kirkosalmebog*, 1870 (L), *M.B. Landstads Kirkosalmebog revidert og forøket*, 1926 (Landstads reviderte, LR) og *Nynorsk salmebok*, 1925 (Nyn). Dette blir eit utval på om lag 80 salmar, i to til seks versjonar,

⁸⁴ I tillegg finst utgåver med ekstra stor skrift og utan notar.

⁸⁵ Frå heimesidene til Den norske kyrkja, (Kirkerådet, 2023),

som gir eit godt innblikk i endringane i dei ulike bøkene.⁸⁶ Arbeidet mitt gjennomgår ikkje alle salmane i dei aktuelle bøkene og tar ikkje mål av seg til å seia noko fyllestgjerande om teksthistoria for dei einskilte bøkene, eller om norsk salmesong generelt. Det som står i fokus for arbeidet er forandringar i dei språklege bileta i salmematerialet. Over 300 år skjjer det endringar i meir enn språknormering; både den litterære smaken og synet på kva som høver som allsang i kyrkja, vil vera i endring, og dette er det interessant å studera.

Det materialet eg sit att med etter ei slik utveljing, er knytt til ei offisiell resepsjonshistorie. Kyrkjelege organ har valt i svært store tekst- og melodimengder og har vidareført somt av det ein kan kalla kjernestoff og gitt slepp på anna.⁸⁷ For salmebokredaksjonane har det vore eit viktig prinsipp å vidareføra songar frå heile kyrkjesoga. For dei eldste bøkene var det maktpåleggjande å visa linja attende til Bibelen og dei første kristne, samstundes som omsynet til reformasjonen og dei lutherske hovudsakene var sentralt. I *Norges offentlige utredninger* 1981, nr. 40 som kom i samband med utkast til NoS 1985, er ikkje Luther nemnd med eit ord, heller ikkje reformasjonen, medan sambandet med heile kyrkjesoga er framheva.⁸⁸ Ein har jamvel leita fram eldre tekstar som L, Nyn og LR ikkje hadde med. Ein stor bolk med bibelske salmar avsluttar salmeboka. Desto større vekt er det lagt på å få med nytt stoff, både frå samtida, frå den åndelege songen i lekmanstrøslene og frå søsterkyrkjer i ulike deler av verda. Samtidig ønskjer ein breidde i sjangrar og uttrykk. Heller enn å markera avstand til pavekyrkje og svermarar slik den

⁸⁶ Etter at eg tok til med dette avhandlingsarbeidet, er det kome ei ny salmebok, *Norsk salmebok* 2013 (N13). Nokre av salmane i materialet mitt er ikkje med i denne salmeboka, men det er ikkje gjort monalege tekstendringar frå 1985 til 2013. Åge Haavik (saksbehandlar): Saksdokument Den norske kirke «Ny Salmebok for Den norske kirke» Oslo, 8.-9. september 2005.

⁸⁷ *Norges offentlige utredninger* (NOU) 1981 «Norsk salmebok», s. 11. [Norsk salmebok : forslag til felles salmebok for Den norske kirke : delutredning \(nb.no\)](#)

⁸⁸ [Norsk salmebok : forslag til felles salmebok for Den norske kirke : delutredning \(nb.no\)](#) 1981.

kyrkjehistoriske situasjonen både på 1500- og 1600-talet innbaud til, vil ein både før og etter 2000 inkludera flest mogleg; i det minste ikkje støyta dei bort.

Materialet er ikkje eit einskapleg tekstkorpus. Det inneheld salmar med røter attende i oldkyrkja, mellomalderlege viser, katolske leiser, reformasjonssalmar og tekstar frå barokkens hundreår. Det utgjer ikkje noko som kan definerast som eitt «verk» sidan det ikkje utgjer eit heilt bokmanus eller litterær produksjon knytt til éin forfattar eller éi tid, eg kallar det eit korpus.⁸⁹ Salmane i materialet er eksempel på tekstar frå ulike epokar i kyrkjesoga, og den kyrkjelege resepsjonen og presentasjonen av dei i stadig nye tider. Men materialet er likevel eit representativt utval frå om lag 1700 års kyrkjeleg song. I avhandlinga vil eg stundom visa gjennomgåande tekstendringar i dei ulike salmebøkene og konkludera om typiske trekk i kvar bok. Dette gjeld då dei tekstane som er med i materialet, og som i stor grad vil vera representative for dei reviderte tekstane i kvar salmebok, og dermed også for sentrale haldningar andsynes tekstane og revisjonen av dei, i kvar salmebokredaksjon. Eg vil derimot ikkje hevda å seia noko om tekstane i dei einskilte bøkene som heilskap. Mitt arbeid gjeld salmetekstane og er litteraturfagleg. Men når det er tenleg for arbeidet mitt, låner eg kunnskap frå teologi (dogmatikk og teologisk hermeneutikk) og kyrkjehistorie, homiletikk og hymnologien generelt.⁹⁰

Kyrkja har tradisjonelt sett på salmane som sin eigedom som kan tilpassast den kyrkjelege trongen til ei kvar tid. Då kommisjonen i 1690-åra skulle gjera ferdig *Den Forordnede Nye Kirke-Psalmebog*, var det Thomas Kingo som måtte retta seg etter ønska og krava deira, og ikkje motsett. Til samanlikning stilte Edvard Hoem ultimatum til Kyrkjerådet under arbeidet med *Norsk salmebok* 2013 då dei ville ha

⁸⁹ Asbjørn Aarnes definerer verk som resultatet av eit arbeid som er avgrensa og heilskapleg. «I entall brukes ordet både om en enkelt litterær frembringelse og om en dikters samlede forfatterskap eller innsats som forfatter» (Aarnes, 1976, s. 261).

⁹⁰ Denne avhandlinga kan seiast å vera hymnologisk forskning, men innfor hymnologien er litteraturstudia berre ein avgrensa del, og fleire andre fagområde, som musikk, liturgikk, teologi og kyrkjesoge, høyrer med og kan bidra inn i arbeidet mitt.

«Amazing grace» på engelsk jamsides hans norske omsetjing. Det ville Hoem ikkje godta; ei norsk salmebok skal ha tekstar på norsk, meinte han. Kyrkjerådet hadde også språklege innvendingar mot Hoems omdikting av songen, men heller ikkje her firte Hoem, og hans tekst er difor ikkje med i salmeboka, men ei omsetjing av Trygve Bjerkrheim frå 1966.⁹¹ Dette illustrerer skilnaden i oppfatninga av kva rolle opphavspersonar skal ha, og kva råderett dei får over eigne åndsverk. Dei eldre salmebøkene har ikkje ein gong forfataropplysningar ved salmetekstane, men somme har register som avslører opphavspersonen.⁹²

Salmetekstane blir tilpassa nye tiders krav til lengde, språk, innhald og form. Stundom er det realia som må endrast, som til dømes innleiinga av Luther-salmen «Beholt os/ Herre/ ved dit Ord/ Og styr Pavens og Tyrckens Mord» (K109) som er med i materialet. Andre gonger er det språket som krev endring, anten ortografisk eller semantisk. Ord endrar tyding, bryt med tidas smak og så vidare. Ei moderne gudsteneste har både færre og kortare salmar enn 1800-talets gudstenester. Då må ein skjera ned på strofetalet. Salmar kan få nye melodiar og endra rytme og stavingstal i linjene jamført med den opprinnelege teksten. Medan ein elles i litteraturvitskapen freistar å etablera ein så opphavelig tekst som råd, vil ein i salmeboka ha teksten så aktuell, forståeleg og «brukande» som mogleg, også når det er tale om ein gamal tekst med ei lang teksthistorie. Revisjon har vore eit tema for alle dei fem salmebokredaksjonane i materialet, og aktuelle utfordringar og omsyn for kvar og ei av bøkene, vil bli presenterte på gjeldande stad i avhandlinga.⁹³

⁹¹ Holbek, 2011.

⁹² Kingos *Graduale* har til dømes «Et andet Register Paa Nogle af de Gamle og Ny Sange/ tillige med deres Nafne/ som dennem Digtet hafver/ saa viit mand hafver været vidende», bak i boka. Men opphavspersonane er ikkje nemnde jamsides teksten. Ein finn ikkje forfataropplysningar i 1870-utgåva av Landstads *Kirkesalmebog*, men seinare utgåver, til dømes frå 1897, har ført til forfattarnamn etter teksten.

⁹³ Det er skrive om revisjon av salmetekstar mellom anna av Haavik, 2003 og Skeie, 1981. I *En ny sang for Herren. En studiebok i hymnologi*, 1981 er det også samla sitat om revisjon under overskrifta «Om revisjon av salmer» (s. 22-23).

Det er ikkje eit poeng å påpeika ei utvikling (eller forverring) av salmeteksten når han går frå bok til bok. I mange tilfelle byggjer den eine salmeboka på den forrige; dette er noko ein ventar sidan dei fleste salmeredaksjonane ønskjer å ta vare på somt av det som er innsunge i kyrkjelydane. Ofte kan salmebøkene sjå attende på ei rik tekstsoge for ein og same salmen. Det kan føreliggja ein originaltekst, eller fleire variantar av opphavstekstar. Salmebokredaksjonar kan meina det er trong for ei heilt ny omsetjing eller omarbeiding av ein salme. Eller dei kan velja å gå nærare den opprinnelege teksten enn det den forrige boka gjorde. Men i alle tilfelle vil dei som lagar salmebøkene, måtta ta omsyn til kva som er kjent i kyrkjelydane.⁹⁴

Stundom kan det diskuterast om det er «same salmen» eg arbeider med i jamføringa. Når både strofeutvalet er endra frå den eldre teksten, byrjinga er ulik, det meste er skrive om kanskje fleire gonger, og jamvel versemålet er forskjellig, slik det til dømes er med somme av dei salmane i materialet som har latinsk førelegg og berre står i «Kingo» og *Norsk Salmebok* (1985), eller med Ofvids salme (NoS 231), kan ein spørja om ei jamføring er relevant. Eg har i tvilstilfelle halde meg til teksthistoria slik ho er framstilt i sentrale hymnologiske oppslagsverk.⁹⁵ Når det gjeld dei latinske salmane, har eg teke med dei som har same latinske overskrift, jamvel om dei elles kan vera temmeleg ulike.

Om lag 80 salmar er med i materialet. Alle desse finst både i K og NoS. 66 av salmane i materialet er med i L; 57 i LR og 56 i Nyn. 28 av salmane har det ein kan kalla eit førreformatorisk opphav. Det kan vera eldre Maria-viser, salmar frå oldkyrkja og mellomalderen, og songar frå til dømes husittane i Tsjekkia.⁹⁶ Dei katolske songane vart om nødvendig omskrivne i reformasjonsåra slik at dei høvde med luthersk teologi, dette galdt særleg det stoffet som handla om Maria og

⁹⁴ Dette framheld komiteen for NoS i NOU nr. 40, 1981, *Norsk Salmebok* s. 11-12.

⁹⁵ Rynning, 1967; Malling, I-VIII, 1960-1978; Nytt norsk salmeleksikon (NNSL) 2011-2018; Kjærgaard, 2003, b. I og II; Skaar, 1879 og 1880, b.I og II.

⁹⁶ «Jesus Kristus er vår frelsar» NoS140 er tilskrivne Johannes Hus og omarbeidd av Martin Luther.

helgenane. Martin Luther var sjølv ivrig til å nytta det han fann i den eksisterande kyrkjelege songtradisjonen, han brukte det slik det var, la til strofer eller skreiv om, slik eg alt har nemnt. Det førreformatoriske stoffet spenner såleis over eit langt tidsrom i kyrkjesoga, og over ei rekkje ulike sjangrar der både bibelsk sangstoff, oldkyrkjelege hymner, salmar med kjende forfattarar og meir folkelege songar er med.

Mykje av den eldre dansk-norske salmetradisjonen kom frå Tyskland og reformatorane der. Dei gamle felleskyrkjelege salmane, oftast på latin, vart omsette til tysk før dei kom på dansk, og i reformasjonshundreåret skreiv fleire sentrale protestantiske teologar og lekfolk salmar som vandra over grensa mellom Tyskland og Danmark. Av dei 24 salmane i materialet frå Tyskland som vart skrivne på 1500-talet (og jamvel 1600-talet), er elleve av Luther sjølv. Omkring 20 salmar i materialet er opphaveleg danske; 16 er av Thomas Kingo, to av Hans Christensen Sthen (1544-1610). Men fleire danske pennar har vore omsetjarar, mange av dei er dyktige, mellom dei finn vi Søren Jonæson (1656-1717) som først fekk oppdraget med salmeboka etter at Kingos *Vinterparten* vart refusert.⁹⁷ Ikkje mange nordmenn er representerte i materialet; det har vore hevda at akrostikon-salmen «Nevervisen» er av ei norsk kvinne, Ellen Andersdatter.⁹⁸ Ein salme av Peder Matthisson Ofvid (1606-1684) har gått vidare til NoS, truleg fordi Ofvid levde i Trøndelag og gav ut to salmesamlingar og vert rekna som den første norske salmediktaren etter reformasjonen, jamvel om ein meiner han var dansk eller svensk av fødsel.⁹⁹

⁹⁷ Heller ikkje Jonæson fullførte salmeboka. Ein kommisjon overtok arbeidet. Malling, 1978, s. 197-200; Kjærgaard, 2003, b.I, s. 111.

⁹⁸ Akrostikonet er snarare ein hyllest enn ei forfattartilvisning, seier Jørgen Kjærgaard (Kjærgaard, 2003, b.II, s. 501.) På kjeldelinja over NoS846 er likevel Elle Andersdatter og årstalet 1639 oppført.

⁹⁹ Peder Matthisson Offvid (eller Ofvid) gav ut samlingane *Aandens Glæde* (Kbh. 1648) og *Lammens Sang* (Kbh. 1656). Han er representert med ein salme i NoS 1985, nr. 231, som er sterkt omarbeidd og nesten ikkje til å kjenna att jamført med originalen. I NoS 2013 har Offvid to salmar, nr. 217 (den same som i 1985) og 767 som er best kjend som tekst til Gjendines bådnlåt som Edvard Grieg har skrivne ned og harmonisert. (NNSL, 2013, s. 464-465 og NoS 2013.)

Det som sjølvstakt ikkje kjem med i eit utval med utgangspunkt i «Kingo», er heile det store salmetilfanget frå om lag 1700 og frametter. Difor manglar tekstar av to av dei «tre store» i dansk salmedikting, nemleg H.A. Brorson (1694-1764) og N.F.S. Grundtvig (1783-1872) som begge har hatt mykje å seia for norsk salmesong. Den sterke heimlege norske salmebløminga er heller ikkje med, mellom anna dei nynorske salmane og Landstads dikting på 1800-talet, og ikkje tilfanget frå engelskspråklege land og frå Sverige, eller frå det som har vore kalla «systerkyrkjer» i sør. Heller ikkje alle av Kingos no best kjende salmar, nemleg morgonsalmane hans frå Siungekora, finn plass i materialet fordi dei ikkje kom inn i kyrkjesalmeboka i 1699, men vart plasserte i hus-salmeboka som kom ut samtidig som *Den forordnede*. Materialet speglar heller ikkje den rike salmetilveksten som har vore i Norden, særleg i Sverige og Noreg, dei siste 60 åra med produktive og fornyande salmediktarar og komponistar. Det utelatne kan likevel koma til å bli brukt og kommentert som kontekst og jamføringsgrunnlag for undersøkingane mine. Jamvel om mykje er utelate av den enorme mengda vi har av fleire hundreårs salmar og songar, er det likevel eit rikt tilfang att i materialet som gir oss tilgang til avgjerande forandringar i kristendomsoppfatning og fromheitsliv over 300 år, samt i den offisielle kyrkja sitt syn på korleis ein salmetekst skal vera.

1.6 Teoretiske og metodiske val

Salmar og annan religiøs litteratur har tilhøyrt, og tilhøyrrer framleis, eit eige krinslaup med eigne forlag og kritikk i isolerte media. Salmesjangeren plasserer seg ikkje sjølvstakt innanfor dei litterære institusjonane. Dette gjeld særleg den yngre religiøse litteraturen, slik vi har vore inne på. Salmane og salmebøkene tilhøyrrer i tillegg brukslitteraturen som har særlege føremål og vilkår, og då «hjelper» det ikkje at salmebøkene i alle år har vore landets mest utbreidde «lyrikkantologi». Ein av

dei litteraturteoretikarane som tar den religiøse litteraturen, eller det religiøse i litteraturen, på alvor, er Northrop Frye.¹⁰⁰ Hans tankar gir ein ståstad i arbeidet med salmetekstane. Fryes faseteori, slik han framstiller den i *Anatomy of Criticism* frå 1957, studerer litteraturen og det einskilte verket i fleire fasar og med noko ulikt fokus.¹⁰¹ Med denne faseteorien i ryggen les eg difor tekstmaterialet mitt i fleire omgangar og studerer biletbruken frå ulike innfallsvinklar. Fryes teoriar om den fleirtydige teksten gir meg både ein teoretisk ståstad i møte med salmetekstane, og ein metode i arbeidet med dei.

Northrop Frye (1912-1991), canadisk litteraturhistorikar og kritiskar; var professor ved Universitetet i Toronto, men studerte og arbeidde også i Oxford. Han tok teologisk utdanning og var prestevigd i den anglikanske kyrkja i Canada. Frye var ein sær produktiv forfattar og føredragshaldar, og teoriane hans har fått fornya interesse dei seinare åra; det er skrivne ei rekkje kommentarar til verka hans, og dei vert diskuterte og kritiserte. Eg held meg til dei delane av arbeidet hans som i særleg grad har vore tenlege for den jamførande salmetekstanalysen. I teorikapittelet og i dei ulike kapitela som følgjer fasane i Fryes fase- eller symbolteori, vil eg gjera betre greie for korleis eg brukar Fryes teoriar på materialet mitt. Her gir eg ein kort introduksjon til lese måten hans.

Northrop Frye går ut frå at tekstar er berarar av fleire lag med mening. Frye byrjar med eit todelt grunnleggjande og bokstaveleg nivå, der det på den eine sida handlar om slikt som lyd og grafiske teikn, og på den andre om det deskriptive, det som viser relasjonane teksten har til verda (bokstaveleg og deskriptiv fase). Vidare les ein

¹⁰⁰ Det har dei seinare åra blitt monaleg meir merksemd ved religiøse og teologiske aspekt i tolking av både litteratur og samfunnsforhold enn det var på andre halvdel av 90-talet då eg byrja på dette prosjektet. I førelesinga Jürgen Habermas heldt då han mottok Holbergprisen i Bergen i 2005, og som eg fekk lytta til, snakka han m.a. om at ein måtte ta religionen, eksemplifisert ved dei evangelikale i USA, på alvor i politiske analysar og freista forstå korleis dei tenkte.

¹⁰¹ Frye gjer greie for faseteorien særleg i kapittel to, «Ethical Criticism: Theory of Symbols» i *Anatomy of Criticism*. Men også dei andre essaya i denne boka gir verdfulle innspel i arbeidet med salmane.

teksten meir fortolkande for å få tak i kva teikna og tilvisingane skaper av meining (formell fase). Teksten vert så sett i samband med heile den store litterære røyndomen (arketypisk fase). I den siste fasen handlar det om det eigne, autonome universet som verket og litteraturen skaper sjølv (anagogisk fase). Dette blir fem fasar, men dei to første fasane høyrer saman sidan dei representerer det Frye kallar to parallelle leserørslar: Ei vender merksemda innover mot teksten (den bokstavelege), den andre sender tanken utover, til verda ikring.

Fryes materiale i arbeidet med *Anatomy*, var verdslitteraturen, ikkje berre religiøs litteratur. Jamvel om han tar sitt utgangspunkt i bibeltolking, bibelske narrativ og metaforar og mønster frå den religiøse verdsforståinga, er hans mål å laga ein systematikk for all litteratur. Mitt materiale er salmetekstar som er vovne inn i bibeltekst og kyrkjeliturgi, dei er såleis religiøse og ikkje uventa høvelege for Fryes kategoriar. Men det er framom alt arbeidsmåten hans og dei fleirlags lese- og lesemåtene som hjelper meg til oversyn over og innsikt i tekstane og revisjonane. I stor grad gir Fryes faseteori metoden. Det handlar om repeterande lesing av tekst, med nytt fokus for kvar gong, og om jamføring mellom ulike versjonar av same salmen. Eg les altså tekstane i fleire omganger både med tanke på detaljen og dei større linjene. Det medfører ein del oppattaking, men eg prøver å variera framstillinga frå fase til fase.

Både i avhandlingstittelen og elles har eg brukt den nokså opne termen «bilet». Atle Kittang og Asbjørn Aarseth legg i kapittelet om «det poetiske billedspråket» i *Lyriske strukturer* vekt på tekstens motiv eller «konkrete forestillinger eller forestillingsbrokker» som kjem til uttrykk «gjennom en eller annen form for bilder».¹⁰² Dette kontrasterer meir lydlege element: «Innenfor det poetiske språket utgjør bildet et grunnleggende element, selv om det melodisk-rytmiske kan stå i forgrunnen hos enkelte lyrikere.»¹⁰³ I ordforklaringane sist i *Lyriske strukturer* er

¹⁰² Kittang & Aarseth, 1998, s.61.

¹⁰³ Kittang & Aarseth, 1998, s.61.

«bilde» forklart som «Ethvert språklig uttrykk som formidler en eller flere sanskvaliteter (hørselsinntrykk, visuelle inntrykk, lukt, smak osv.)».¹⁰⁴ I mitt arbeid med salmane spelar sanslege bilete ei vesentleg rolle. Men også tankemessige omgrep og kategoriar er med i bilethandsaminga; omgrep som «synd» og «nåde», eller guddom og djevel, er viktige element når ein skal seia noko om salmens biletbuk og korleis den er endra.

Slik er eg nær Fryes definisjon av «symbol». Den gir ei vidare forståing av det eg temmeleg lausleg i avhandlingstittelen kallar «bilete» utan at eg kunne erstatta det med «symbol» i tittelen. Fryes symbol-omgrep er ikkje utan vidare samanfallande med vanleg forståing av kva eit symbol er.¹⁰⁵ Frye definerer symbol som «any unit of any literary structure that can be isolated for critical attention».¹⁰⁶ Jamvel om nesten alt i eit dikt kan falla inn under eit slikt symbolbegrep, avgrensar Frye det noko ved å peika på at somme einingar i ein tekst kan vera av mindre relevans for forståinga, til dømes kan teiknsetjing eller ortografiske ulikskapar haldast utanfor analysane dersom dei ikkje påverkar tekstmeininga.¹⁰⁷ Mi forståing av «bilete» i dette arbeidet vil freista å kombinera Kittang og Aarseths definisjon med Fryes symbol. Både sansmessige bilete og tankemessige omgrep blir tekne med i drøftinga.

Når avhandlingas tittel talar om «kyrkjeleg biletbuk» og ikkje om til dømes «religiøs biletbuk» er det fordi salmematerialet er henta frå autoriserte salmebøker, altså bøker som er godkjende til gudstenestleg bruk av kyrkjelege styresmakter.¹⁰⁸ Eg vil altså

¹⁰⁴ Kittang & Aarseth, 1998, s. 314.

¹⁰⁵ Symbol er «et element (vanligvis fra sanseverdenen) som peker ut over seg selv, et tegn hvortil en betydning er knyttet»; men i estetikken er begrepet knytt til symbolsk framstilling som «suggerer frem en betydning, omgir seg med en betydningssfære som er uløselig knyttet til selve uttrykket. Diktning hvor symbolet er virksomt, lar seg derfor ikke overføre til andre formuleringer» (Aarnes, 1977, s.236-237).

¹⁰⁶ Frye, 2000, s. 71.

¹⁰⁷ Frye, 2000, s. 71.

¹⁰⁸ Dei styrande strukturane for kyrkja i Noreg var inntil 2017 underlagde statsmakta. Det var kongen som i 1683 gav ordre om det som vart *Den Forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog* (1699), og utkastet til NoS 1985 kom ut som eit NoU (Norges offentlege utgreiingar), eit av dei mest selde NoU gjennom tidene. Salmeboka vart godkjend ved kongeleg resolusjon 29. juni 1984. Eg vil likevel ikkje leggja eit maktperspektiv inn i val av tittel. Tittelens bruk av «kyrkjeleg» er snarare ein freistnad på å peika på avgrensingar i materialet.

konsentrera arbeidet om salmar som har vore brukte i den lutherske kyrkja i Noreg og har stått i offisielle salmebøker godkjende til song i gudstenesta, og gjerne også tilrådde i heim og skule. I salmematerialet finn vi salmar som spenner over heile kyrkjesoga fram til den lutherske ortodoksiens salmebok frå 1699, og eg studerer lagnaden til desse salmane i revisjonane i dei norske salmebøkene. Mange av desse salmane vil tilhøyra eit kjernerepertoar i den norske kyrkjesongen. Eg ser særleg på korleis det eg kallar «bilete» og Frye kallar «symbols» er etablerte og blir endra i dei ulike bøkene. Hovudvekta vil liggja på dei referensielle bileta, altså dei som peikar ut over teksten og til verdsleg eller åndeleg røyndom. Men i bokstavleg fase vil eg også drøfta rytme, rim, klang og liknande. Eg freistar halda merksemda ved tekstane i dei ulike variantane dei opptre i, og dra inn kyrkjehistoriske og andre forhold der det er tenleg.

1.7 Forskingshistorie

Hymnologi er ein tverrfagleg disiplin. Det er teologar og kyrkjemusikarar som dominerer hymnologien, men også litteraturvitarar bidrar. Innanfor det litteraturvitskaplege feltet, er likevel salmeforskinga marginal. Unnataket er kanskje barokkforskinga. På 1600-talet utgjorde salmediktinga ein så vesentleg del av litteraturskapinga, at det ikkje er råd å koma utanom. Men nyare salmedikting og salmebokutgiving er stort sett ikkje nemnt i større litteraturhistoriske oversiktsverk, og salmetekstar er ikkje emne for forskning i særleg grad innanfor litteraturvitskapen.

Internasjonalt finst det eit stort hymnologisk miljø som arrangerer konferansar og formidlar kunnskap og forskning, både digitalt og på prent. Internationale Arbeitsgemeinschaft für Hymnologie er eit tverrvitskapleg europeisk

forskarsamarbeid.¹⁰⁹ Det finst eit tilsvarende hymnologisk fellesskap for Storbritannia og Irland.¹¹⁰ Det hymnologiske selskapet i USA og Canada er svært stort og gjer eit omfattande arbeid med å publisera salmar og salmeforskning på nett.¹¹¹ Nordhymn er eit nordisk forskarfellesskap med fokus på studium av salmars plass i dei nordiske landa. Mellom dei større arbeida i regi av Nordhymn, kan nemnast *Dejlig er Jorden. Psalmens roll i nutida nordiskt kultur- och samhällsliv* (2001) og *Martin Luthers psalmer i de nordiska folkens liv* (2008).¹¹² Nordhymn står bak det fleirfaglege tidsskriftet *Hymnologi* som no berre vert publisert digitalt, og som presenterer både forskingsartiklar og formidling knytt til arbeidet med salmar i Norden.

I arbeidet mitt har eg hatt stor nytte av ei rekkje hymnologiske verk og salmebokutgivingar. I Danmark har det vore større merksemd på salmeforskning og hymnologiske publiseringar enn hjå oss, også frå litteraturvitskapleg hald. Dette kan skuldast at dei eldre salmediktarane har så framskoten plass i dansk litterær kanon. Det har kome fleire faksimileutgåver av salmebøker og melodibøker (graduale); utgåvene er støtta av større grupperingar og fond, og har fyldige vitskaplege etterord og kommentarar. Men Kingos salmebok, som er vanskeleg å få tak i, er framleis ikkje komen som ny-utgiving. Derimot er *Kingos Graduale* tilgjengeleg som fotografisk opptrykk, med notar og fullstendige tekstar også til dei salmane som ikkje har eigen melodi i gradualet. Det er denne boka eg har nytta som førelegg for mesteparten av tekstvedlegga av salmane frå *Den Forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog*.¹¹³

¹⁰⁹ International society for hymnological studies / Internationale Arbeitsgemeinschaft für Hymnologie (IAH) e.V. / Cercle international d'études hymnologiques (iah-hymnologie.de). Eg er medlem.

¹¹⁰ The Hymn Society of Great Britain and Ireland (hymnsocietygbi.org.uk) der eg også er medlem.

¹¹¹ [The Hymn Society](http://TheHymnSociety.org)

¹¹² Eg hadde gleda av å delta i det sistnemnde og har også site i Nordhymns styringsgruppe i ein periode.

¹¹³ I tidleg fase av arbeidet mitt nytta eg ei anna digitalisert utgåve av Kingos salmebok, nokre av sitata frå salmane kan difor avvika ortografisk frå graduale-teksten. Det finst også ei rekkje trykkfeil i *Graduale* som eg gjer greie for med fotnotar i dei nemnde tekstvedlegga, eller rettar opp utan merknad.

Det finst fleire danske oppslagsverk om salmar, som Carl Joakim Brandt og Ludwig Helweg: *Den danske Psalmedigtning* I-II (1846-1847); eit tidleg verk der det første bandet tek for seg salmediktinga fram til Kingo, og det andre det som følgjer etter fram mot midten av 1800-talet. Ruvande er Anders Malling: *Dansk salmehistorie*, I-VIII (1960-1978). Dette er eit omfattande verk som tek for seg einskildsalmar og deira teksthistorie på særskild grundig vis. Malling gir att originaltekstar så langt det er råd, og tar jamvel med kommentarar om salmanes lagnad i norske salmebøker. Bind VI og VII inneheld forfattarbiografar.¹¹⁴ I siste bandet har Malling ei salmebokhistorie som også siterer og parafraserer ei rekkje eldre kjelder.¹¹⁵ Den danske teologen P. G. Lindhardt seier i ein biografisk artikkel om Anders Malling at i Mallings verk «foretages ingen egentlig historisk eller teologisk analyse af salmernes indhold, men gives en mængde oplysninger om deres tilblivelseshistorie og brug, til dels i anekdotisk form og med en noget opbyggelig og ukritisk tendens».¹¹⁶ Lindhardt kallar likevel Mallings arbeid «et litterært og litteraturhistorisk opslagsværk af højeste rang».¹¹⁷ Mallings ettermæle har vore skjemd av hans tilslutnad til nazismen i 30-åra og meir passivt under krigen, endå dette ikkje fekk konsekvensar for prestetenesta hans eller det offentleg støtta salmearbeidet. Han vart «Ridder af Dannebrog» i 1961.¹¹⁸

I samband med den siste danske salmebokutgivinga (i 2002) gav Jørgen Kjærgaard ut *Salmehåndbog* I-II, 2003 som både kommenterer einskildsalmar og gir eit overblikk over kyrkjeleg salmehistorie frå oldkyrkja og fram til dagens danske kyrkje.¹¹⁹ I bind

¹¹⁴ Om forfattarbiografiane i b. VI og VII skriv P.G. Lindhardt: «også her lægger M. stor kundskabsfylde og megen fortælleglæde for dagen, men ikke en tilsvarende kritisk sans» (Lindhardt, 2011).

¹¹⁵ Malling gjengir og parafraserer til dømes kongebreva og ein stor del av korrespondansen i høve arbeidet med Kingos salmebok. Slik vert vanskeleg tilgjengelege kjelder opna for ålmenta, medan attgivinga er for upresis for forskinga.

¹¹⁶ Lindhardt, 2011.

¹¹⁷ Lindhardt, 2011. Malling var leiar for salmeboknemnda i Sønderjylland frå 1933. Han publiserte ei rekkje arbeid om einskilde salmediktarar og laga ein dansk salmeregistrant. Han gav også ut skjønnlitterære arbeid.

¹¹⁸ Hansen M.D. 2021

¹¹⁹ Det har kome fleire oppslagsverk om salmar i Danmark som eg her ikkje drøftar. Mellom desse er O.E. Thuner, 1930, *Dansk Salme-Leksikon*, København, Lohse.

I gir Kjærgaard eit særst godt oversyn over «salmelitteratur» i Danmark, både større verk og einskildartiklar, og gode nettsider. Oversynet viser ei imponerande fagleg og vitenskapleg interesse for salmen i Danmark. I 2014 kom *Salmesang. Grundbog i hymnologi* redigert av Peter Balslev-Clausen og Hans Raun Iversen. Det Danske Sprog- og Litteraturselskab gav ut *Danske reformationssalmer i kontekst* i 2022. Boka drøftar både tekstlege og musikalske spørsmål.¹²⁰

Mellom dei danske litteraturvitarane som har arbeidd med salmedikting er Hans Brix (1870-1961), professor i litteratur ved Københavns universitet, som mellom anna har skrive *Tonen fra himlen. Billeder af den kristelige lyrik* (1912) og det store verket *Analyser og problemer* (1933-1955) om eldre dansk litteratur. Litteraturhistorikaren Erik Skyum-Nielsen har skrive litteraturvitskapleg om salmar, til dømes i den ovanfor nemnde grunnboka i hymnologi frå 2014. Tobindsverket *Salmen som lovsang og litteratur* (1972) av Th. Borup Jensen og K.E. Bugge vart skrive i samband med undervisning i dansk litteratur og kristendomskunnskap ved Danmarks Lærerhøjskole. Nemnast skal også Henrik Glahns *Melodistudier til den lutherske salmesangs historie fra 1524 til ca. 1600 I-II* (1954). Ei rekkje teologar, musikk- og litteraturvitarar i Danmark har skrive artiklar om salmar dei seinare åra.¹²¹

I Sverige er det også omfattande hymnologisk aktivitet. Sverige fekk si siste salmebok i 1986, men arbeidet med ei omarbeiding av den er i gang, og Svenska kyrkan bad på sine heimesider om forslag til nye salmar innan utgangen av 2022, levert «via en digital brevlåda».¹²² Det nyaste oppslagsverket om svenske salmar er

¹²⁰ *Danske reformationssalmer i kontekst, 2022*, er redigert av Marita Akhøj Nielsen, Simon Skovgaard Boeck og Bjarke Moe.

¹²¹ Det vil føra for langt å ta med alt som er skrive om salmar i Danmark, men eg kan nemna namn som Inge Marstal og Ole Brinth som begge er musikkvitarar. Peter Balslev-Clausen har skrive ei rekkje artiklar om dansk salmedikting og redigert bøker om emnet. Marita Akhøj Nielsen og Erik Norman Svendsen er andre viktige namn. Danske Helen Rossil disputerte med ei avhandling om «Kingotone og brorsongsang» ved Universitetet i Uppsala, 2022.

¹²² Dei svenske salmebøkene heiter alle saman *Den svenska psalmboken*.

*Psalmernas väg: kommentarer till text och musik i Den svenska psalmboken.*¹²³ Dette er eit oppslagsverk om svensk salme, tilsvarande nye norske og danske verk.

Redaktørane Per Olof Nisser og Inger Selander har vore sentrale i Nordhymn og står også bak fleire skrifter om salmar, slik Sven Åke Selander, Stina Hansson, Valborg Lindgärde og ei rekkje andre også gjer.¹²⁴

Frå finsk-svensk område kan nemnast teologen Karl-Johan Hanssons verdfulle bidrag, ikkje minst i samband med Nordhymn. Finland elles er her ikkje omhandla, men også der er eit aktivt hymnologisk miljø. Island, Færøyane og Grønland har til dels felles salmehistorie med Danmark slik Noreg har, på grunn av dei politiske sambanda, samstundes som dei kyrkjelege forholda har utvikla seg på ymse vis og med ulikt tempo i dei ulike landa.¹²⁵ Færøyane fekk først si eiga salmebok på færøysk i 1960: *Sálmabók Føroya fólks* med 431 salmar. I 1990 kom *Sálmabók Føroya Kirkju* med 592 nummer.¹²⁶

Island erklærte sjølvstende i 1944 og har i dag ei folkekyrkje. Islandsk språk har ein sterk posisjon; språkpolitikken i landet har sidan 1800-talet vore prega av purisme og vern. I ein interessant artikkel viser Margarét Eggertsdóttir og Jon Haarberg korleis Petter Dass sin best kjende salme «Herre Gud, ditt dyre navn og ære», var omsett til islandsk mange år før Petter Dass sine tekstar vart trykte.¹²⁷ Island er kjend for sine

¹²³ Per Olof Nisser, Inger Selander, Hans Bernskiöld har redigert verket. Nisser er teolog, Selander litteraturvitar, Bernskiöld musikkvitar. Fleirbindsverk, 1-V. 2014-2017.

¹²⁴ Hansson, Stina, 1991; Lindgärde, 1996. Sven-Åke Selander har ei lang rekkje publikasjonar knytt til salme og kristen song i Sverige, og han har vore sentral i Nordhymns arbeid og utgivingar. Inger Selander har i boka *När ton blir sång. Om psalm i text och ton* (2008) mellom anna utforska forholdet mellom tekst og melodi.

¹²⁵ For Grønlands del kom salmesongen med misjonæren Hans Egede i 1721. Seinare kom også ei herrnhutisk gruppe, send av kongen, frå Danmark for å hjelpa til med kristninga av Grønland. Kyrkja på Grønland fekk status som sjølvstendig stift med eigen biskop i 1993. Med sjølvstyret vart kyrkjemakta overført til Inatsisartut, det grønlandske parlamentet. Samstundes er kyrkja på Grønland framleis dei del av den danske folkekyrkja (Thorkildsen, 2017, s. 42-54).

¹²⁶ Reformasjonen vart innført i 1538 på Færøyane som då var ein dansk provins. (Øyane har sidan 1948 vore ein sjølvstyrt del av Danmark.) Den lutherske ortodoksien fekk sterkt grep om kyrkja på øyane. Mellom anna har Kingos salmebok hatt eit langt liv og den særleine kingosongen vert halden ved like. Først i 1924-1925 vart færøysk sidestilt med dansk som preike- og salmespråk i kyrkja. Thorkildsen, 2017, s. 42-54.

¹²⁷ Margarét Eggertsdóttir & Jon Haarberg, 2010, s. 225-239.

skriftlege bidrag til verdslitteraturen, Edda og sagalitteraturen ragar høgt. Men også 1600-talets salmedikting hadde ein høgt akta representant i Hallgrímur Pétursson og hans passíusálmar. Margarét har skriva både om Hallgrímur og om andre salme-tema i fleire artiklar.¹²⁸

Ein må likevel kunna seia at i dei siste åra i Norden er det arbeida til professor Erik A. Nielsen ved Københavns Universitet, som ruvar mest når det gjeld litteraturvitskapeleg inngang til salmedikting og annan religiøs litteratur skriven etter reformasjonen. Nielsen peikar på det felles tilfanget av emblem og symbol som har røter bakover i kyrkjesoga, og som framleis pregar salmesongen gjennom repertoaret frå 1600- og 1700-talet. Nielsen har skriva ein serie på fire bøker om den kristne bileterverda: *Kristendommens retorik* (2009); *Thomas Kingo. Barok, enevælde, kristendom* (2010); *H.A. Brorson – pietisme, meditation, erotik* (2013) og *Gådetale* (2018, om emblemlitteraturen).

I Noreg er det gitt ut fleire oversyns- og oppslagsverk. Eitt tidleg arbeid var Johannes Skaar: *Norsk Salmehistorie I-II* (1879-1880), som kommenterer nummera i Landstads salmebok og presenterer originaltekst og teksthistorikk så langt som råd. Bind II inneheld også diktarbiografiar. Skaar var elles ein av dei ivrigaste, og vektigaste, debattantane i samband med utarbeidinga av Landstads salmebok. Han var kritisk til Landstads forsøk på fornorsking via folkemålsinnslag i salmane, men elles ein pådrivar for innføringa av Landstad i kyrkjelydane. Skaar skreiv også salmar sjølv og er representert i Landstads bok.

Paul Emil Rynning gav ut *Salmediktingi i Noreg frå dei fyrste kristne tider i vårt land og fram mot vår tid I-II* (1954). Verket har eit norsk fokus, ein finn

¹²⁸ Fleire salme-artiklar av Margrét finn ein til dømes i Selander og Hansson (red.): *Martin Luthers psalmer i de nordiska folkens liv*. 2008. Bakerst i denne antologien finn ein også ein oppdatert bibliografi fram til 2008 om Luthers salmar i Norden og litteratur om desse salmane, av Helle D. Kjeldsen, bibliotekar ved Teologisk Pædagogisk Center, Løgumkloster.

kapitteloverskrifter som «Tyngdepunktet i salmediktingi flytjer heim på norsk grunn» (band II). Men Rynning gir også ei grundig framstilling av heile salmesoga og påverknad og salmelån frå andre land. For meg har Rynnings *Norsk salmeleksikon* (1967) vore til uvurderleg nytte. Dei knappe, men pålitelege opplysningane i verket er ei god hjelp til å finna teksthistorikk og førekomst av salmar i forskjellige salmebøker. Begge desse verka til Rynning kom ut posthumt. Det same gjorde ei samling med *Salmar og kvæde: originale og omsette* (1955).¹²⁹

Eit anna eldre, men svært grundig, verk er H. Blom Svendsen: *Norsk Salmesang I-III: Arven fra gammel tid* (1935), *Landstad og Hauge* (1933), *Revisjon av Landstad og Nynorsk Salmebok* (1954). Bindet om Landstads og Hauges salmebøker klargjer prosessane og prinsippa bak desse utgivingane og gir samtidig verdfullt innsyn i ein del av kyrkjesoga. Dagfinn Zwilgmeyer gav ut *Den norske salme* (1942). Hovudverket hans, *Norsk salmebok. Et utkast* (1967) var meint som eit alternativ til det salmebokframlegget som på denne tida var under arbeid.¹³⁰ Felles for desse norske forfattarane er at dei er teologar, ikkje litteraturvitarar. Egil Elseth (1927-2012) som skreiv ei rekkje populærvitskaplege bøker om salmar og salmediktarar (mellom andre Kingo og Landstad) hadde bakgrunn frå det vidaregåande skuleverket som norsk- og religionslektor. Oppslagsverket *Kristen sang og musikk I-II* (1962-1965) har fagleg breidde i redaksjonen.¹³¹

¹²⁹ Paul Emil Rynning (1890-1951) var ein norsk prest og salmehistorikar. Verka til Rynning kom ut på Det Norske Samlaget.

¹³⁰ Dagfinn Zwilgmeyer (1900-79) var prest og hymnolog og salmediktar. Han er representert med ei omsetjing i *Norsk salmebok* 2013. Zwilgmeyer var nazist og medlem av NS fram til 1943 då han melde seg ut i protest, ikkje minst p.g.a. behandlinga av jødane. Då var han alt i gang med arbeidet med ei ny salmebok på oppdrag frå NS-regimet. Etter krigen miste han retten til å vera prest og nazi-fortida hans heng som ein skugge over arbeida hans og gjer at dei er mindre kjende og brukte. Elstad, 2022. Han fekk såleis ein langt strengare reaksjon på nazi-samarbeidet enn Anders Malling i Danmark.

¹³¹ Redaktørane for *Kristen sang og musikk* hadde variert bakgrunn: Lars Aanestad var skulemann, musikkutdanna og hymnolog; Karsten Ekorness var songar, organist og musikkpedagog, pinsevenen Johan B. Straume var lekpredikant og redaktør, medan Sigurd Lunde var teolog, seinare biskop og programleiar for «Salmer og sanger» på NRK gjennom ei årrekke.

Stig Wernøe Holter med fleire (red.) *Nytt norsk salmeleksikon I-IV* (2011-2018) gjennomgår samtlege salmar i *Norsk salmebok* 2013. Verket har med originaltekstar så langt det lar seg gjera og bidrar med forklaringar, historikk og teksttolking. Leksikonet har også melodihistorikk og musikkhistoriske drøftingar, noko dei fleste andre slike verk saknar. I tillegg har bøkene forfattar- og komponistbiografiar. Både litteraturvitarar, teologar og musikkvitarar har bidratt med artiklar og i redaksjonen. Stig W. Holter har også gitt ut ei grunnbok i liturgikk og hymnologi, *Kom, tilbe med fryd* (1991) som kom i revidert utgåve i 2022.

I samband med salmebokutgivingar i Noreg er det publisert ei rekkje bøker, artiklar og skrifter som det vil føra for langt å gi eit fullstendig oversyn over, men som vil bli viste til i avhandlinga i den grad dei vert brukte. Framhevast skal likevel M.B. Landstads *Om Salmebogen, en Redegjørelse* (1862), der han både gjer greie for redaksjonsprinsippa sine og tek kraftig til motmæle mot kritikarane. Petter Dass-forskning opptek litteraturvitarar, og her er det publisert mykje.¹³² Men sidan det ikkje er salmar av Petter Dass i materialet mitt, vel eg å gå forbi denne. Barokkforskinga har vekt interesse hjå fleire. Inger Vederhus har skrivne om Dorothe Engelbretsdatter i ei hovudfagsoppgåve, *Engelbretsdatterstudiar* frå 1982. Jørgen Sejersted skreiv om salmediktaren Peder Oluffson Svegning i sitt hovudfagsarbeid *Pasjonsdiktning på 1600-tallet* (1994). Begge desse har seinare publisert fleire arbeid om salmedikting. Likeins har Laila Akslen arbeidd mykje med 1600-talslitteraturen, ikkje minst salmane.¹³³ Det har kome fleire biografiar over salmediktarar. Her kan nemnast Anders Aschim sin store Elias Blix-biografi som også bidreg til kunnskapen om den nynorske salmediktinga.¹³⁴ Det gjer også Jan Inge Sørbø si litteraturhistorie om den

¹³² Spaans, 2021, s. 84-97, gir eit oversyn over nyare Dass-forskning og diskuterer, og til dels motseier, deler av denne.

¹³³ Laila Akslen, 1997, *Norsk barokk* og fleire bøker og artiklar.

¹³⁴ Anders Aschim, 2008: *Ein betre vår ein gong. Elias Blix: biografi*.

nynorske diktinga.¹³⁵ Nemnast skal også at M. B. Landstad sin samla produksjon er utgitt i nyare tid. Bind fem i denne serien omfattar salmane hans.¹³⁶

I Noreg har det dei seinare åra vore ein stor salmeproduksjon. Ikkje minst har fleire framståande komponistar laga melodiar til både yngre og eldre tekstar. Ein kan nemna Egil Hovland og Trond Kverno som dei kanskje mest kjende, men det er ei rekkje andre òg. Også på tekst-sida vert det levert mange bidrag framleis.¹³⁷ Det er eit aktivt hymnologisk miljø i Noreg, ikkje minst når det gjeld nyskaping av salmar. Men også den historiske interessa lever, til dømes er ei forskargruppe ved Menighetsfakultetet, leia av Per Christian Aschim, oppteken av salmehistoria.

Eg vonar eg med mitt arbeid kan gi eit tilskot til norsk hymnologisk forskning. Det er ikkje tidlegare gjort eit systematisk studium av tekstrevisjonane i norske salmebøker, og dette vonar eg vil vera av interesse for somme.

1.8 Avrunding

Eg rundar av dette innleiingskapittelet med å presisera kva arbeidet mitt har som føremål. Avhandlinga «Kyrkjeleg biletbuk. Eit studium av den norske kyrkjesalmen» undersøker tekstane i fem offisielle salmebøker som har vore i bruk i Noreg etter reformasjonen. Med biletbuk forstår eg både språklege uttrykk som formidlar sanslege og erfaringsmessige inntrykk, og intellektuelle og teologiske omgrep som har meiningsberande funksjon i tekstane.

¹³⁵ Jan Inge Sørbo 2018. *Nynorsk litteraturhistorie*. Samlaget. Sørbo har skrivne fleire artiklar om salmar; han sat i komiteen som arbeidde fram forslaget til ny salmebok (2008) og er sjølv representert med to nummer i *Norsk salmebok* 2013.

¹³⁶ Landstad, 2020. Boka er redigert av Herleik Baklid og har innleiingar og notar av Åge Haavik, Per Kristian Aschim, Anders Aschim og Ernst Baasland.

¹³⁷ Nemnd for gudstenesteliv i Den norske kyrkja får stadig inn nyskrivne salmar (tekst og melodi) som vert vurderte for publisering i ein salmedatabase.

Materialet mitt omfattar dei salmetekstane som er felles for eldste og yngste salmeboka av dei fem. Det utgjer om lag 80 salmar som for det meste også vil stå i minst ei av dei andre salmebøkene.

Mitt hovudfokus er å studera endringane i denne biletbruken gjennom dei om lag 300 åra som har gått frå *Den Forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog* kom i 1699 til 1985, då *Norsk Salmebok* vart introdusert i norske kyrkjelydar.

Eg undersøker salme-endringane i kvar av fasane Frye etablerer i sin «Theory of Symbols».¹³⁸ I den bokstavelege fasen ser eg på korleis dei rytmiske og visuelle mønster har endra seg; forhold som rim og rytme, omfang og oppsett vert studerte her. I deskriptiv fase studerer eg forandringane i tilvisingane til verda, gjennom revisjonane. Korleis desse endringane slår ut på eit meir overordna meiningsplan, drøftar eg under formell fase. I den mytiske fasen undersøker eg korleis dei arketyriske bileta i salmematerialet kan ordnast og korleis dei vert endra. I den siste fasen, den anagogiske, vil eg peika på korleis anagogisk biletbruk trer fram og blir endra og krev ei eiga form for tolkingskompetanse. Dei ulike fasane gir noko ulikt utbyte for undersøkinga av materialet mitt, og vil difor ha ulik lengde.

Attåt Frye sine fasar undersøker eg korleis mellomalderens firfaldige bibeltolkingsmodell, quadriga, trer fram i somme av salmane og klårlegg endringar i materialet, slik også den typologiske lesemåten viser klåre forandringar når det gjeld kva tekstane vektlegg til ulike tider.

¹³⁸ Frye, 2000 [1957], s. 71-130.

2. Teori og metode

Salmetekstar kan lesast som lyrikk eller meir generelt som litteratur. Dei er frå ulike historiske epokar, har ulikt innhald og forskjellige kjenneteikn. Samstundes er dei primært brukstekstar i ein kyrkjeleg og rituell kontekst. Dei nyttar eit religiøst språk som ligg både andakts-litteraturen og preikene nær; dei har dessutan eit tett forhold til bibelteksten og opptreer både som referentar og tolkarar andsynes Bibelen. Salmane motset seg gjerne somme av dei litterære tolkingsreiskapane. Dels ligg dette i deira brukskarakter som løfter dei ut or det litterære krinslaupet.¹³⁹ Dels ligg det i det åndelege eller religiøse innhaldet som relaterer sanning og røyndom ikkje først og fremst til ei ytre referensiell verd, men til ei åndeleg.

Det har vore vanskeleg å finna ein samlande teori som høver i arbeidet med salmematerialet mitt. Hjø Northrop Frye fann eg ei tenking som inkorporerer det religiøse språket i arbeidet med litteratur, ja, jamvel til dels tar utgangspunkt i det. Han er på ingen måte berre oppteken av religiøse tekstar, men undersøker korleis Bibelen og andre antikke kjelder påverkar strukturane i heile den vestlege litteraturen. I dette kapittelet gir eg først ein kort introduksjon til deler av Fryes tenking og gir eit kort overblikk over noko av diskusjonen om teoriane hans. Eg presenterer så quadrigaen, bibeltolkingsmodellen frå mellomalderen som Frye byggjer faseteorien sin på, før eg går noko grundigare inn på dei teoretiske omgrepa frå Fryes teori og korleis eg brukar dei i analysane mine.

¹³⁹ Mykje av den religiøse litteraturen, også salmebøkene, har kome ut på eigne forlag, blitt meldt i kristelege aviser, og ofte berre der, og distribuert gjennom kristelege bokhandlar. Jamvel om over halvparten av menneska i Noreg framleis tilhøyrrer Den norske kyrkja og difor på eitt eller anna tidspunkt gjerne kjem i kontakt med salmar og salmebøker, er kontakten veikare enn han var for til dømes 50 år sidan. Salmebøkene er ute av skulen, salmar er problematiske å bruka i undervisninga og få har salmebok i heimen. Øystese, 2020. Medlemstala i kyrkja er også jamnt dalande. [150 000 færre medlemmer i Den norske kirke siste tiår - SSB](#); 1. september 2020; henta 15.07.23.

Northrop Frye har i fleire store verk arbeidd både med bibelteksten og med verdslitteraturen elles. Føremålet hans har vore å systematisera bilete og mønster i Bibelen, og samstundes i litteraturen og litteraturvitskapen, for å skapa større forståing for heilskapen i det litterære universet. Frye var tilsett ved University of Toronto i meir enn femti år, men heldt mange gjesteførelingar både i USA og Storbritannia, og i mange andre land.¹⁴⁰ Han var heile livet svært oppteken av undervisning, og mange av verka hans vart til på basis av førelingsrekkjer ved Victoria College der han arbeidde. Også føredrag frå andre samanhengar bidrog i den store produksjonen hans. Til dømes er dei tre første kapittela i *The Double Vision. Language and Meaning in Religion* (1991; den siste boka hans) basert på føredrag for «alumni reunion» ved Emmanuel College i 1990, der deltakarane kom frå fleire ulike fag.

Utgangspunktet for Fryes litteraturkritiske teori var arbeidet med tekstar av William Blake (1757-1827). Blake var i sin tur svært oppteken av John Milton (1608-1674) og verka hans, og Frye fann etter mykje grubling at det Blake og Milton hadde felles, var bruken av Bibelen. *Fearful Symmetry. A Study of William Blake* (1947; tittelen er lånt frå Blake sjølv og brukt av fleire), er Fryes første bok. Den er blitt ståande som eit standardverk om denne forfattaren og diktinga hans. Frye heldt fram med å laga system og mønster av den biletverda han fann i diktinga til Blake og andre, og i Bibelen; også første del av tittelen *The Great Code. The Bible and Literature* (1981) er lånt frå Blake. Boka undersøker forholdet mellom Bibelen og den vestlege litteraturen.¹⁴¹ Frye viser si interesse for strukturar i måten denne boka er bygt opp på. Boka har to delar. I første delen, «ordenes orden» er dei fire underkapittela kalla

¹⁴⁰ (Labriola. 2023) Encyclopædia Britannica

¹⁴¹ Boka finst i dansk omsetjing (*Den store kode. Bibelen & litteraturen*, 1991).

«sproget», «myten», «metaforen» og «typologien».¹⁴² I den andre delen, «typernes orden» er dei same titlane brukte, men i spegelvend orden: «typologien», «metaforen», «myten» og «sproget». Jan Ulrik Dyrkjøb peikar på slektskapen med Blake hjå Frye.¹⁴³ Blake skapte eit poetisk univers heva over begreppssystem og anna lovmessig orden, eit førestillingsunivers. Det er noko av det Frye også freistar å gjera. «Fra først til sidst er det Fries kritiske bestræbelse at konstruere et univers af litterære konventioner eller former: genremæssige karakteristika, typiske handlingsforløb, persontyper, symboler og billedmønstre.»¹⁴⁴ Northrop Frye meinte at litteraturen var ein del av kulturen som heilt står på egne bein, og at litteraturkritiske studium må skje på litteraturens premissar, ikkje ut frå religiøse, politiske eller andre samfunnsmessige føresetnader. «Litteraturhistorien må oppfattes som et selvstændigt forløb, der nok står i relation til den øvrige historiske proces, men ikke er totalt bestemt af den.»¹⁴⁵

Anatomy of Criticism som kom ut første gong i 1957, strekar opp store strukturar i den vestlege litteraturen og litteraturvitskapen. Denne boka, og særleg eitt av essaya i henne, er det eg først og fremst har drege nytte av i arbeidet mitt, noko eg kjem attende til. *Anatomy* er i mindre grad knytt til Bibelen enn fleire av dei andre bøkene, men gir eit vidt utsyn over verdslitteraturen (då hovudsakleg den engelskspråklege). Lista over verk av Northrop Frye, er lang. *Words with Power: Being a Second Study of «The Bible and Literature»* (1990), følgjer opp *The Great Code* og viser at Frye var oppteken av dei same spørsmåla heile livet. *The Double Vision. Language and Meaning in Religion* (1991) som kom ut same året som Frye døydde, viser det same.

¹⁴² Desse overskriftene er henta frå den danske omsetjinga av *The Great Code: Den store kode. Bibelen & litteraturen* (1992).

¹⁴³ Jan Ulrik Dyrkjøb (f.1944), cand.phil. i engelsk, tilsett ved Københavns Universitet, Engelsk Institut, seinare Institut for Litteraturvidenskab. I 1985 blei han «særuddannet prest». Sokneprest i Værlose 1991. Han gav ut boka *Northrop Fries litteraturteori*, 1979. (Exner, 2023. 8.juni)

¹⁴⁴ Dyrkjøb, 1991, s. 10.

¹⁴⁵ Dyrkjøb, 1979, s.103-104.

Både teologar og litteraturvitarar har funne inspirasjon i Fryes arbeid. Men han har også vore møtt med kritikk. Frye studerte teologi og var ordinert prest i The United Church of Canada. Det førte til at ein del kritikarar ikkje tok han retteleg på alvor som litteraturteoretikar.¹⁴⁶ Jamvel om Fryes intensjon i fleire samanhengar var å tala om religiøst språk generelt og ikkje berre eit kristent kyrkjeleg, kan ein sjølvsagt innvenda at den kyrkjelege og bibelske påverknaden er særst stor.

Ei anna innvending er at Fryes utgangspunkt for å snakka om verdslitteraturen er canadisk eller nordamerikansk, og i alle fall hovudsakleg engelskspråkleg. Hans Hauge har peika på at *Anatomy of Criticism* ikkje refererer til eit einaste canadisk verk. Dette har samheng med at Canada «gik direkte fra førnational til postnational. Canada sprang den nationale fase over».¹⁴⁷ Dette bidrar til Fryes vide utsyn mot verda utanfor. «Fryes teori var altså rensset for det nationale, lokale eller partikulære».¹⁴⁸ Jamvel om dei greske og romerske klassikarane og andre eldgamle kulturskrifter frå Midtausten og Nord-Afrika vert trekte fram mellom dei mange døma hans frå litteraturen (særleg i *Anatomy*), og det vert vist til keltiske og norrøne litterære tradisjonar, vil mykje av den litterære verdsarven likevel ikkje bli handsama av Frye.¹⁴⁹ «Fryes kritik er centreret om Jerusalem og Athen – men har intet forhold til Mekka. Der er ikke mere en *great code*, men mindst to. Det viser Salman Rushdie», påstår Hans Hauge.¹⁵⁰ Spørsmålet er då om dei same store mønsterar vil gjelda også for heile litteraturen, og om dei heller enn å skriva seg frå antikke skrifter og Bibelen, tvert om er allmenmenneskelege.¹⁵¹ Fryes analysar av den vestlege litteraturen seier

¹⁴⁶ «It became fashionable to refer to Frye as a *clergyman*, thereby attempting to undermine his credibility as a literary theorist» (Aitken, 1991, forord, u.s.).

¹⁴⁷ Hauge, 2003, s. 9. Hauge tar likevel atterhald om Québec-området.

¹⁴⁸ Hauge, 2003, s. 9. Hauge peikar på at Frye hovudsakleg konsentrerer seg om «Dominions» eller Commonwealth Countries, og blir kritisert for det.

¹⁴⁹ Mellom andre Jan Ulrik Dyrkjøb har vist til desse innvendingane mot Frye i si bok *Northrop Fryes litteraturteori*, 1979.

¹⁵⁰ Hauge, 2003, s. 11.

¹⁵¹ Frye peikar til dømes på at dei arketypiske mønsterar og mytiske forløpa er av allmenmenneskeleg art, samtidig som han påpeikar at hans teoriar gjeld «Western literature» (Frye, 2000, s.35).

først og fremst noko om denne kulturtradisjonen, og arbeidet hans kan vel korskje prova eller utelukka at det vestlege har snev av noko allmennmenneskeleg. Frye er blitt kritisert frå postkolonialistane som ser at det er det vestlege blikket som organiserer litteraturen.¹⁵²

Frye har også vore kritisert for å lesa inn sine eigne kategoriar og mønster i bibelteksten i større grad enn han lar teksten sjølv leggja premissane for kva for strukturar som er relevante i forhold til Skrifta.¹⁵³ Ein liknande kritikk kan ein reisa mot strukturane han lagar for all litteratur, også den verdslege. Ei anna innvending som vert reist, er at Fryes mønster og «kodar» om ein vil, tar utgangspunkt i Bibelen slik kyrkja kjenner han. Ein jødisk lesar vil måtta spørja om korleis den hebraiske bibelen og dei jødiske lese-måtane av denne passar inn i Fryes gjennomgangar.¹⁵⁴

Det vil føra for langt å freista gi eit oversyn over den omfangsrike Frye-resepsjonen. Nyare søk i bibliotekbasar viser at Frye framleis er aktuell, og at forskarar blir inspirerte av ulike sider ved arbeida hans. Religionsvitarar nyttar Fryes teoriar, men det er på det litteraturvitskaplege feltet interessa verkar vera størst. Publikasjonar som viser til Fryes teoriar, som brukar dei på ulike felt av litteraturen og kulturen, eller jamfører dei med andre teoriar, kjem ut på ei rekkje språk. Fleire asiatiske tema vert belyste ved hjelp av Frye, så truleg har Frye treft noko også utanfor den vestlege kultursfæren.¹⁵⁵

¹⁵² Hauge, 2003, s. 11. Hauge legg til at Frye også møtte motstand frå orientalismen og sekulær-kritikken (Hauge, 2003, s. 11).

¹⁵³ Alter, 2004, s.137-150.

¹⁵⁴ Michael Fixler gjennomgår *The Great Code* i ei lengre melding i *Commentary Magazine*, der han peikar på problemet med at det ikkje er tydeleg avklåra hjå Frye kva for bibel det er tale om, men blir teke for gitt at det er den kristne (Fixler, 1982). *Commentary Magazine* er eit konservativt jødisk tidsskrift, utan at det gjer innvendinga ugyldig.

¹⁵⁵ Døme på asiatiske tema kan vera Asif Khan, 2022: «Phases of Human Experience: An Application of Northrop Frye's Theory of Myths/Gender to Moshin Hamid's How to Get Filthy Rich in Rising Asia» i *Pakistan Languages and humanities review*, vol.6 (II, sidetal ikkje oppgitt) og Whyke, Thomas William & Joaquin Mugica: «Calling for a Hero: The Displacement of the Nezha Archetypal Image from Chinese Animated Film *Nezha Naohai* (1979) to New Gods: *Nezha Reborn* (2021)» i *Fudan journal of the humanities and social sciences*, 2022, vol.15 (3) p.389-409, som mellom anna nyttar arketypeteoriane til Frye.

Ikkje uventa har forskarar ved University of Toronto, og universitetets forlag, via stor merksemd til Fryes arbeid. Ei av bøkene derifrå er *Frye and the word. Religious Contexts in the Writings of Northrop Frye*, 2004. Jamvel om overskrifta kunne leia ein til å tenkja at dette var ein religionsvitskapleg retta antologi, er dei fleste forfattarane frå «English» eller litteraturfeltet.¹⁵⁶

At Fryes idear kan vera brukande til mangt, viser mellom anna ein artikkel der ein meiner at tomrommet etter det ein trur var Aristoteles' tapte tekst om komedien, kan fyllast av Northrop Fryes komedieteori.¹⁵⁷ Fryes teoriar om imaginative strukturar er brukte på Margaret Atwoods MaddAddam trilogi, og jamvel på barnelitteratur.¹⁵⁸ Dette er alt saman eksempel på kor omfattande og mangfaldig Frye-resepsjonen er.

I Noreg er det publisert lite om Northrop Frye. Jan Schumacher skriv ti sider om Frye i antologien *Key theological thinkers: from modern to postmodern* (2013). Jan Inge Sørbo har skrive om «Northrop Frye og den store koden» i si artikkelsamling *Essay om teologi og litteratur* (1994). I doktorgradsarbeidet *Målt mot det yttarste: Arnold Eidslott, Theodor W. Adorno: ein konstallasjon* brukar han Northrop Fryes teoriar, særleg om dei ulike fasane i tekstlesinga, i eit jamførande studium av dei to

¹⁵⁶ Donaldson, Jeffery and Alan Mendelson (ed.), 2004. University of Toronto Press. Ein av forfattarane, Robert D. Denham (John P. Fishwick-professor i engelsk ved Roanoke College, Virginia) har gitt ut ei rekkje publikasjonar om Northrop Frye, mellom anna *The Reception of Northrop Frye*, 2021, University of Toronto Press. Dette oversynet viser at Fryes teoriar i høgste grad er diskuterte og brukte etter at dei til dømes på 1980-talet vart erklært passé, m. a. stilte Terry Eagleton spørsmålet: «Who now reads Frye?» i 1983, referert i omtalen av Denhams bok på forlaget nettside. [University of Toronto Press - The Reception of Northrop Frye \(utorontopress.com\)](http://utorontopress.com). Henta 04.08.23.

To tekstar som knyter Frye til fenomenologi er Glen Robert Gill, 2016: «Northrop Frye and the Phenomenology of Myth», i *Frye Studies*, University of Toronto Press; og David V. Boyd & Imre Salusinszky, 2016, «Frye and the Art of Memory» i *Rereading Frye: The Published and the Unpublished Works* (Frye Studies). University of Toronto Press.

¹⁵⁷ Dolzani, Michael, 2021, *The Productions of time. A study of the human imagination*, McGill-Queen's University Press, s.191. Denne boka har rikeleg med referansar til Frye. Dolzani har også vore med på utgivingane av *Northrop Frye's Notebooks* som det har kome ei rekkje av på 2000-talet.

¹⁵⁸ Koziot, Slawomir, 2023. «Between the Mythical and the Ironic: An Analysis of the Imaginative Structure og Margaret Atwood's MaddAddam Trilogi» i *English Studies* vol.104 (2), Lisse: Routledge. s.283-304. På nett. Kanskje ei noko obskur tilvising, men likevel: Lee, Dong-hwan, 2022, «The Realistic Animal Story in Canadian Children's Literature: Northrop Frye's Garrison Mentality in Ernest Thompson Seton's Wild Animals I Have Known», *The Korean Society for Teaching English Literature*, 2022, vol.26 (1), s.125-152.

forfattarane.¹⁵⁹ Dette er eit arbeid eg har hatt særst stor nytte av. Atle Kittang og Asbjørn Aarseth vier Frye, og særleg arketypteorien hans, stor merksemd i *Lyriske strukturer. Innføring i diktanalyse* (1998).

Mellomalderens bibelhermeneutikk, quadrigaen, bidrar også både teoretisk og metodisk i arbeidet mitt og vil bli vist til gjennom det meste av avhandlinga. Eg byrjar difor den teoretiske gjennomgangen der, med bibelhermeneutikkens firfaldige tekstforståing, fordi denne er aktuell ikkje minst når det gjeld forståinga av dei eldre salmane.

2.1 Quadriga

På 1990-talet vakna det ei interesse for tekstar frå 1600- og 1700-talet på Universitetet i Bergen der eg studerte. Mellom inspirasjonskjeldene i studia av desse tekstane var til dømes professor Erik A. Nielsen frå Universitetet i København som presenterte den firfaldige bibelhermeneutikken, quadriga, og viste korleis denne kom til syne i den religiøse diktinga. Også Jan Inge Sørbo brukte lese måten, mellom anna på Petter Dass sin dåpssalme.¹⁶⁰ Interesse vart vakt hjå fleire. Quadriga er også Northrop Fryes utgangspunkt når han lagar sine fasar for tekststudiet.¹⁶¹

Bakgrunnen for mellomalderens tolkingsmodell quadriga, er den hermeneutiske tradisjonen som vart utvikla i dei første hundreåra av kyrkjesoga. Ei av utfordringane for bibelhermeneutikken i oldkyrkja (frå om lag år 30 til første del av 300-talet), var korleis ein skulle forstå og bruka dei heilage jødiske skriftene (Det gamle testamentet, GT), og korleis ein kunne få GT og skriftene i Det nye testamentet (NT) til å gå i hop.

¹⁵⁹ Sørbo, 1997.

¹⁶⁰ Sørbo, 1995.

¹⁶¹ Gjennomgangen av quadriga her, kviler først og fremst på kapittel i Jan-Olav Henriksen (red.): *Tegn, tekst og tolk. Teologisk hermeneutikk i fortid og nåtid* (1994); likeins Atle Kittang og Asbjørn Aarseth: *Hermeneutikk og litteratur*, 1979 og Sven Ingebrand: *Bibeltolkingens problematik. En historisk oversikt*, 1972.

Den vanlegaste lese måten vart etter kvart den typologiske, som ein også finn fleire døme på i NT: Ein forstår personar og hendingar i GT som forvarsel om det som kjem i NT. Den typologiske lese måten er ikkje så opptatt av teksten; her er det dei konkrete situasjonane og personane som har vekt. Den første Adam i Første Mosebok er eit motbilette til den andre Adam, nemleg Kristus; den store kongen David, er også type på Kristus. Fullendinga i NT overgår utgangspunktet i GT: der Adam fall, reiste Kristus opp; David var den store israelskongen, Jesus den evige. Det finst ei rekkje eksempel på typologi i salmematerialet, ikkje minst hjå diktarbispem Thomas Kingo. Arbeidet mitt vil undersøkje om denne tolkings måten følgjer med inn i seinare salmebøker.¹⁶²

Dei jødiske skrifttolkarane og oldkyrkjas skriftlærde arbeidde med spørsmåla om korleis dei skulle forstå stader i dei gamle skriftene som på somme vis kunne verka støytande.¹⁶³ Alt i Skrifta kunne vanskeleg tolkast bokstaveleg. Løysinga vart ein allegorisk lese måte; «[...] det allegoriske systemet kan fange opp og uskadeleggjere anstøetelege bibelord».¹⁶⁴ I allegorisk tolking går ein ut frå at den meininga som var intendert i teksten, var ei anna og djupare enn den bokstavelege, «det gjelder å tolke dens billedlige mening».¹⁶⁵ Når det difor stod om Guds hand, var det å forstå som eit

¹⁶² I oldkyrkja var det ulike meiningar om kva vekt GT-typane skulle ha. Somme såg mest bort frå eigenverdien deira, medan andre la større vekt på historisiteten i GT. (Ulstein, 1994, s. 51-71.) Til dømes avviste Ireneus (biskop i Lyon frå 177) allegorisk skrifttyding, medan han godtok typologien (Ulstein, 1994, s.56-57). Tertullian (ca.150-223) godtok inga allegorisk skrifttolking (Ulstein, 1994, s.58). Nokre av dei same motsetnadene finn vi også i dagens bibelteologi. Den historisk kritiske metoden som vart utvikla i bibelvitenskapen på 1800-talet, hadde eit positivistisk utgangspunkt og la vekt på det som kunne finnast av språklege og historiske samanhengar i bibelteksten. Tolkaren stod på utsida og såg på teksten som eit objekt. Seinare bibelforskning har i større mon teke inn over seg at ei heilt objektiv åskoding nærast er umogleg. Ein kjem til teksten med sine fordommar og er merkt av erfaringane i si samtid og sitt personlege liv. Historisk kritisk bibelkritikk må difor supplerast med andre lese måtar og gi rom for lesarperspektivet. Jan Olav Henriksen minner mellom anna om Hans-Georg Gadammers påverknad på hermeneutikken, og på fleire andre synspunkt som har endra eit ein-sidig historisk-kritisk syn. Han meiner situasjonen i dag minner om slik det var ved etableringa av quadriga; «da fant man mening i tekstene på ulike nivåer, selv om disse nivåene spilte sammen i en helhet» (Henriksen, 1994, s. 268).

¹⁶³ Gud kunne i skriftene bli tillagd alt for menneskelege eigenskapar og faktar, og dette var vanskeleg å semja med respekten for det guddommelege som noko heilag og opphøgt. Aarseth, 1979, s.24-25; Seland, 1994, s. 29-31.

¹⁶⁴ Ulstein, 1994, s. 66.

¹⁶⁵ Seland, 1994, s. 50.

uttrykk for hans handlande kraft. Den allegoriske tolkingsmåten hadde i utgangspunktet eit apologetisk føremål og tente som argument i møte med den tids lærde, ikkje minst dei greske filosofiske skulane.¹⁶⁶

Den allegoriske og den typologiske tolkinga føreset begge at teksten er fleirtydig og må tolkast. Typologien følgjer ei historisk linje og har merksemda vend mot historiske hendingar, personar og stader. Allegorisk tolking forklarar ikkje ei hending ved hjelp av ei anna, men lar det historiske tre i bakgrunnen og konsentrerer merksemda om eit åndeleg tilvære. Allegorien byter ut den horisontale historiske interessa i typologien med ei vertikal.¹⁶⁷

Etter kvart vart den allegoriske lesemåten den sigrande framom den bokstavelege. Men det var for dei fleste viktig å ha ein så god grunntekst som mogleg, og eit godt kjennskap til denne, for den var jo berar av dei store løyndomane. Difor var grundige filologiske studiar eit viktig element i hermeneutikken også i oldkyrkja og mellomalderen.¹⁶⁸

Vegen frå typologisk og allegorisk lesemåte til quadriga gjekk over fleire hundreår og gjennom arbeidet til mange hermeneutikarar. Tertullian (160-240), Origenes (185-255) og Augustin (354-430) er viktige for utviklinga av tolkingsmetoden.¹⁶⁹

Utviklinga fram mot det firfaldige tolkingsuniverset, quadriga, startar med ei todeling i tydinga, ei åndeleg og ei bokstaveleg. Sidan vert den åndelege meininga delt i tre så ein endar med fire nivå i skrifttolkinga. Også profetiane i GT vart tolka inn i den kristne konteksten. Medan typologien var knytt til hendingar, personar og stader i historia, var profetien knytt til tekst. Profetiane var utsegner både om samtid og

¹⁶⁶ Ulstein, 1994, s. 67.

¹⁶⁷ Ulstein, 1994, s. 51-71.

¹⁶⁸ Seinnemellomalderens parole *ad fontes* gjorde gode kjeldestudier naudsynte (Ulstein, 1994, s. 85). Ein kan også peika på Origenes si vektlegging av det bokstavelege nivået som krov ein rett tekst (op.cit. s.63-67) og den vekta Augustin la på språkkunnskapen til bibeltolkaren (Ulstein, 1994, s. 77-78).

¹⁶⁹ Aarseth, 1979, s. 26.

framtid. Den kristne kyrkja las, og les, profetiane om Messias i GT som oppfylte med Kristus.

Cassianus (d. 430/435) seiast å vera den første som brukte den firfaldige tolkingsmodellen i skrifttolkinga.¹⁷⁰ Hans fremste eksempel er «Jerusalem». I *sensus litteralis* som er det bokstavelege nivået, viser dette ordet til den historiske og geografiske byen i Palestina. Ifølgje Thomas Aquinas kunne dogme berre utleiast av *sensus litteralis*.¹⁷¹

Det første av dei tre nivåa i *sensus spiritualis* er *sensus allegoricus*. På dette nivået handlar tolkinga om Kristus, og sidan det er einskap mellom Kristus og kyrkja, handlar det også om den. «Jerusalem» er såleis eit namn på kyrkja i Cassianus' system.

Nivå tre (andre nivå i *sensus spiritualis*) er danna ut frå eit analogiprinsipp: Det som gjeld for kyrkja, må også gjelda den einskilde som høyrer til i henne. Bibelen seier ikkje berre noko om livet i kyrkjelyden, men om korleis den einskilde truande skal leva sitt liv på jorda. Dette nivået kallar ein det tropologiske, *tropologia*. Det er eit eksistensielt og moralsk nivå, og «Jerusalem» står her for den kristne sjela.

Nivå fire er *sensus anagogicus* og handlar om det framtidige evige livet for kyrkja og dei truande. «Jerusalem» står her for den himmelske byen.

Ei hugseregale for dei fire tydingslaga lyder:

Littera gesta docet,
quid credas allegoria,
moralis quid agas,
quo tendas anagogia.¹⁷²

¹⁷⁰ Ulstein, 1994, s. 82.

¹⁷¹ Aarseth, 1979, s. 29.

¹⁷² Hugseverset står m.a. i forordet til eit eksegetisk arbeid av Nicolaus av Lyra d. 1340. Men truleg er verset laga av Augustinus de Dacia (d. 1282). Ulstein, 1994, s.86.

Det tyder: Bokstaven lærer om det vi skal vita, allegorien om det vi skal tru, tropologien om korleis vi skal leva, og anagogien om det vi skal vona. Allereie denne hugseregla viser at quadriga kan forståast og brukast ikkje berre som eit tolkingsmønster for bibelteksten, men også eit skjema for det kristne livet. Likeins kan quadrigaen vera eit komposisjonsmønster for den kristne teksten, og eg undersøker i dette arbeidet korleis quadrigaens forståingsmønster kjem til uttrykk i salmar frå ulike tidsperiodar, og om bruken endrar seg gjennom revisjonane.

Quadrigaens tolkingsprinsipp har også vore brukte på andre tekstar enn Bibelen. Det best kjende dømet frå mellomalderen er Dante Alighieri som i eit brev til venen Can Grande della Scala (1318) gjer greie for at verket hans, *Divina Commedia* (*Den guddommelege komedie*) kan tolkast på fleire ulike plan. Men korkje heile Dantes komedie eller all bibeltekst kan tolkast på fire meiningsplan.¹⁷³ Somme tekstar eller tekstdele skal berre lesast bokstaveleg, andre utfaldar fleire tolkingsalternativ.¹⁷⁴

Mange brukte dei fire nivåa i quadriga i disposisjonen for preiker og utleggingar, og for andaktstekstar og salmar. Dei fire laga i quadriga vart nærast ei inventarliste over element som kunne eller skulle vera med i den oppbyggelege teksten.¹⁷⁵ Nær knytt til det retoriske mønsteret, og som eit bakteppe for det, ligg ei kristeleg livsforståing som harmonerer med quadrigaens fire lag. Kvant menneske vert fødd inn i tilværet og lever i historia. Denne historia er del av eit større heile der den bibelske oppfatninga av skaping og ordning er grunnlaget (*literalis*). Men mennesket er også del av ei kyrkje der det blir døypt og tilhøyrer Kristi lekam på jorda (*allegoria*). Som kristen lever det sitt liv og freistar å gjera det i samsvar med Guds vilje og bod (*tropologia*), men først når ein døyr og kjem til himmelen, oppnår ein den fullendinga som ein

¹⁷³ Aarseth, 1979, s. 30.

¹⁷⁴ I artikkelen «Teaching and practicing Quadriga in Medieval Norway: A reading of Baarlams og Josaphats Saga» argumenterer Stefka G. Eriksen for at «the text foregrounded the Christian *quadriga* model of interpreting and may have served to teach this model to its readers» (Eriksen, 2019, s. 225). Det er interessant å sjå quadriga brukt i samband med norrøne tekstar.

¹⁷⁵ Henriksen, 1994, s. 263-264.

heile sitt jordeliv har vona på (*anagogia*). Dette er eit mønster som har gjennomvove den kristne tenkemåten, og har levd lenge etter at quadriga som hermeneutisk nøkkel vart hekta av knaggen i det lutherske hermeneutiske nøkkelskåpet.¹⁷⁶ Denne livsforståinga pregar mykje av den eldre kristne litteraturen, også mange av salmane.

Den typologiske og allegoriske lesemåten oldkyrkja nytta for å tolka dei jødiske heilage skriftene, resulterte altså i den firfaldige forståingsmåten av heile Bibelen, quadriga. Denne tolkingsmåten fekk mykje å seia først og fremst for bibelteksten og andre religiøse tekstar, men vart også ein inspirasjon og jamvel eit slags skjema for skriving av kristne tekstar og ei forståingsramme som også salmediktarane kunne skriva sine tekstar innafør.

2.2 Frye og den fleirfaldige tekstforståinga

I fleire av bøkene til Frye står Bibelens tekstlege mønster i fokus, og derifrå gjer forfattaren utblikk til litteraturen elles. *Anatomy of Criticism* (1957) har hovudfokus på den verdslege litteraturen og inneheld fire essay som alle har som føremål å gi samla framstillingar og inndelingar av den vestlege litteraturen. Fryes interesse er å presentera ein litterær kritikk som er så fullstendig og omfattande og vitskapleg som råd. Her spelar altså dei litterære mønster ei hovudrolle, jamvel om det bibelske bakteppet på ingen måte er usynleg.

Det er særleg det andre essayet i *Anatomy of Criticism*: «Ethical Criticism. Theory of symbols» som har interesse for arbeidet mitt, og det er først og fremst dette eg vil presentera i det følgjande. Men også det første essayet, som greier ut om modusteorien, og tredje essay, «Archetypal criticism. Theory of Myths» der Frye

¹⁷⁶ Jamvel om Luther forlet quadrigaen og den allegoriske bibeltolkinga, brukte han likevel elementa derifrå i preikene sine (Jensen, 2006, s. 40-57). Gjennomgangen av salmane viser også at «skjemaet» er verksamt. Jan-Olav Henriksen peikar på at quadriga har eigenskapar som kan tilpassast ein moderne kontekst (Henriksen, 2006, 268-269).

utdjuar delar av symbolteorien, kan gi interessante perspektiv på deler av arbeidet mitt. Så la oss ta kapittela i rekkjefølgd:

Frye skriv om ulike modus i essayet «Historical criticism: Theory of modes» i *Anatomy of Criticism*.¹⁷⁷ Overskrifta hintar om at dei ulike modusar som Frye finn i litteraturen, også kan setjast i samband med ulike periodar i (litteratur)historia. Modus kan også sjåast i samanheng med forskjellige sjangrar. Frye deler inn litteraturen etter korleis helten er plassert i forhold til verda ikring. Her kan ein forstå «helt» som hovudperson, fordi heltestatusen, slik ein normalt oppfattar han, er fallande etter kvart som ulike modi trer fram.

I oldtida eller antikken, framheva litteraturen heltar av guddommeleg karakter, og sjangeren var myte. Ein føretrakt sjanger i mellomalderen var romansen der helten er over sine samtidige og agerer i ei magisk eventyrverd. I tredje modus er verda normal, men helten er ein leiarskikkelse som utmerkjer seg. Dette er den høgmimetiske modusen i renessanse og klassisisme med tragediar og nasjonalepos. Fjerde modus tar oss over til sjangrar som den realistiske romanen og Ibsens samtidsdrama og helten er «ein av oss». I den lågaste modusen, den ironiske, er helten ein karakter som ein ser ned på, her vil ein kunna finn delar av den modernistiske diktinga. Dette svært kortfatta oversynet over modusteorien, vil bli utdjupa noko under «Modus» i «Mytisk fase».

Den historiske modellen gjeld i store trekk, men Frye påstår ikkje at han er altomfattande, eller at det ikkje kan dukka opp tekstar frå andre modusar i ein periode i litteraturhistoria, enn den som er typisk for denne.¹⁷⁸ For mitt arbeid kan det vera interessant å plassera Kristus-skikkelsen slik han framstår i salmematerialet, inn i modusteorien.

¹⁷⁷ Frye, 2000, s. 33-67.

¹⁷⁸ Dyrkjøb, 1979, s. 104-105.

Frye talar også om ulike forløp i litteraturen der eit tragisk forløp endar med heltens fall og utstøyting frå samfunnet, og eit komisk endar «godt», med integrering. Frye kjem attende til desse forløpa i det tredje essayet. Også dette perspektivet kan kasta lys over Kristus-hendingane, særleg pasjonen, og den lagnaden desse får i salme-revisjonane.

2.2.1 Symbolteorien. Bokstaveleg og deskriptiv fase

I det andre essayet i *Anatomy of Criticism* drøftar Frye symbolteorien. Symbol tyder i dette essayet «any unit of any literary structure that can be isolated for critical attention. A word, a phrase, or an image used with some kind of special reference (which is what a symbol is usually taken to mean) are all symbols when they are distinguishable elements in critical analysis.»¹⁷⁹ Dette skil seg noko frå gjengse forståingar av «symbol» sidan det kan omfatta alle element i teksten som på noko vis kan skiljast ut og studerast for seg, jamvel lydar og teikn.¹⁸⁰ Men slike symbol vil bli isolerte og diskuterte berre i spesielle tilfelle, som ved allitterasjon og dialektgjengiving og liknande.

Frye meiner all litteratur er berar av fleirfaldig meining; i dette ser ein tydeleg slektskapen med quadriga, ein slektskap han også vedkjenner seg:

The conclusion that a work of literary art contains a variety or sequence of meanings seems inescapable. It has seldom, however, been squarely faced in criticism since the Middle Ages, when a precise scheme of literal, allegorical, moral and anagogic meanings was taken over from theology and applied to literature.¹⁸¹

¹⁷⁹ Frye, 2000, s. 71.

¹⁸⁰ Asbjørn Aarnes gir i *Litterært leksikon* to definisjonar på «symbol», som eg tidlegare har siter i innleiingskapittelet (Aarnes, 1977, s. 236-237.) Ein ser her at Fries «symbol» er ein langt vidare kategori. Den moderne forståinga av begrepet «symbol» oppstod under romantikken og det finst ei omfattande forskning knytt til dette begrepet, som eg ikkje kan gå inn på.

¹⁸¹ Frye, 2000, s. 72.

Ein kan lesa tekstar på ulike nivå, eller med ulike innfallsvinklar, og finna ulike lag av mening. At tekstmeininga er fleirfaldig, er ikkje berre ein påstand meir; det er eit faktum, slår Frye fast: «The principle of manifold or ‘polysemous’ meaning, as Dante calls it, is not a theory any more, still less an exploded superstition, but an established fact.»¹⁸² Veggen inn til denne fleirfaldige meininga går gjennom å isolera symbola i teksten og studera dei i ulike fasar. Fasane til Frye syner stort slektskap med dei fire nivåa i quadriga. Men han deler det bokstavelege nivået i to, og får såleis fem ulike fasar, samtidig som han held på firedelinga. Talmessig blir det dermed korrespondanse både med modusteorien (fem modi) og med quadrigas fire nivå. Dei to første fasane hjå Frye svarar til to lesarørslar som verkar samtidig og ikkje kan skiljast frå kvarandre i lesinga av teksten, sjølv om dei kan studerast kvar for seg i analysen. Den eine lesarørsla er retta innover i teksten, det er ei sentripetal lesarørsla som vender merksemda mot dei språklege strukturane i teksten. Det språklege symbolet er her eit motiv («motif»)¹⁸³ Dette er den bokstavelege fasen hjå Frye. Det er helst større symbol som blir behandla i analysearbeidet, til dømes substantiv, verb og frasar, medan mindre ord som preposisjonar og konjunksjonar oftast ikkje blir vektlagde.

Den sentrifugale lesarørsla vender merksemda utover til det teksten referer til i den røynde verda, eller rettare til våre tankar og minne om kva orda tyder. Dette er den deskriptive fasen og symbolet er her eit teikn («sign») som viser til noko utanfor teksten.¹⁸⁴ Fryes døme er ordet «katt». Dei svarte merka på papiret (bokstaveleg) dannar eit ord som minner oss på eit dyr som seier «mjau» (deskriptivt). Men Frye går ikkje vidare inn på den rikdom av forståing og assosiasjonar som så kan dukka opp hjå den einskilde. Endå mykje av teorien hans er resepsjonsorientert, er han ikkje sær opptatt av opplevinga teksten skaper hjå den einskilde lesaren. Frye nyttar

¹⁸² Frye, 2000, s. 72.

¹⁸³ Frye, 2000, s. 73.

¹⁸⁴ Frye, 2000, s. 73.

overskrifta «Literal and descriptive phases: Symbol as motif and as sign» over den todelte fasen, og seier han har laga eit nytt bokstaveleg nivå, og at den deskriptive fasen hans tilsvarar *literalis* i quadrigaen.¹⁸⁵

I alle litterære tekstar er den viktigaste meininga den ein finn ved å lesa teksten sentripetalt, med merksemnda vend innover mot teksten sjølv. I tekstar av annan karakter, til dømes dogmatiske tekstar eller informasjonstekstar, vil merksemnda vera vend utover, mot historiske hendingar eller realia. «The literal and the descriptive phases of symbolism are, of course, present in every work of literature. But we find [...] that each phase has a particularly close relationship to a certain kind of literature, and to a certain type of critical procedure as well.»¹⁸⁶ Begge fasane er representerte i all litteratur, eller tekst, og til stades samstundes. Men det vil variera kva for fase som er dominerande i ein tekst. Les ein til dømes eit dikt, blir ein i stor grad verande i det bokstavelege nivået i denne fasen av lesnaden; ein legg merke til korleis diktet er sett opp på arket og merkar seg visuelle og lydlege mønster. I ein tekst om skyting på opa gate i Oslo, er det heilt andre ting ein har fokus på. Når det gjeld salmen, vil lesnaden kunna vera både sentripetal og sentrifugal. Ei av spenningane knytt til Kingos salmebok (1699) handla om forholdet mellom det sentripetale og det sentrifugale, det kunstnarlege som vende merksemnda mot teksten sjølv, og det kyrkjelege innhaldet. Føremålet med salmeboka var å retta merksemnda til den som song, mot det guddommelege og læremessige.¹⁸⁷ Revisjonshistoria viser at fokus på det som utgjer det bokstavelege nivået hjå Frye, har auka monaleg i salmediktinga og salmebokredigeringa.

¹⁸⁵ Frye, 2000, s. 73.

¹⁸⁶ Frye, 2000, s. 79.

¹⁸⁷ Thomas Kingo fekk oppdraget med å laga ny salmebok for Danmark-Noreg av Christian V i 1683. Kongen understreka at gamle salmar ikkje skulle endrast meir enn nødvendig, og dei nye skulle «være uden Vidløftighed og effter de beste og sædvanligste Kircke melodier, paa det de dess snarere af dend gemeene Mand kan fattis og læres» (Kjærgaard, J. 2003, b.I, s.105).

Den litteraturen som er særdominert av det deskriptive aspektet ved symbolet, eller den sentrifugale og utovervendende lesemåten, tenderer mot det realistiske på det narrative planet, og mot det didaktiske eller forklarande på meiningsplanet. Denne litteraturen vil føretrekkja rytmen i direkte tale og leggja vekt på klårleik og faktisitet i forhold til røynda.¹⁸⁸ Mellom dei tekstane som hovudsakleg innbyr til ei sentripetal lesing og eit fokus på det bokstavelege nivået i analysen, vil ein finna til dømes den «reine poesien» og symbolisme. Dette er retningar som fullstendig legg vekta på den innovervendende merksemda i poesien, og i den grad utomrøynda er representert, er denne underordna dei verbale mønstera i teksten. Dei eldre salmane vil venda merksemda mot innhaldet i læra, mot guddommen, frelsa, heilaggjeringa og det evige.

I den bokstavelege fasen av det kritiske arbeidet med tekstane, er det altså interessant å studera detaljnivået, heilt ned til lyd og bokstav, sjå på rytme og rim, grafiske mønster og særtrekk, strofetal, lydlege verkemiddel og så bortetter. I den deskriptive fasen studerer ein kva element i verda omkring, teksten viser til. Ein opphavelig deskriptiv tekst kan forandra posisjon og gå over i litteraturen fordi forhold i den ytre verda endrar seg. Eit døme Frye viser til, er Gibbons historieverk om Romarriket, som lenge vart rekna som eit sentralt historisk verk. Nye forskingsresultat viste at verket ikkje heldt vitskaplege mål, og det miste sin faglege posisjon. Men det blir framleis høgt vurdert av mange for sine litterære kvalitetar. Mellom dei klassiske tekstane finn ein mange slike døme, og ein vil også kunna finna dei innafor den religiøse litteraturen. Det kan også vera at somme vil velja å lesa ein tekst eller eit verk hovudsakleg litterært, medan andre vil halda fast ved at det her er tale om røyndomsframstilling. Eit slikt skilje vil kunna gjelda for Bibelen som uansett vil

¹⁸⁸ Vi ser her at salmen berre delvis passar inn i kategorien; t.d. har han ein annan "rytme" enn daglegtaleten.

kunna lesast som litteratur, om han ikkje blir halden for sann. Kanskje kan eit slikt skilje også gjelda for mange av salmane.¹⁸⁹

Frye nyttar nemninga fase om dei ulike stega i analyse og tolking av tekst. I dette ligg det ein tanke om at det litterære tolkingsarbeidet går føre seg i etappar der ein rører seg frå den eine fasen til den andre. Han brukar også termen nivå («level»), utan at det er uttrykk for eit verdihierarki. Snarare handlar det om kva for rekkjefølgd analysearbeidet kan tena på å følgja. Dei ulike fasane er ikkje like aktuelle i lesnaden av alle typar tekstar, og heller ikkje i alle periodar av litteraturhistoria.

Den etappevise utforskinga av tekstane utgjer min metode i dette arbeidet. Eg studerer tekstane på eit bokstaveleg og eit deskriptivt nivå og undersøker korleis revisjonane endrar tekstane. Jamvel om leserørslene skjer samstundes, gir det meining å stogga ved det bokstavelege og det deskriptive kvar for seg. Når ei kartlegging av desse to nivåa er på plass, kan ein gå vidare til «formell fase» og hovudtyngda av tolkingsarbeidet som ligg der. Fasane til Frye gir struktur til framstillinga mi, og blir supplerte med element frå quadriga og annan teori der det er tenleg.

2.2.2 Formell fase. Symbol som bilete

I denne fasen har vi ein hypotese om at teksten handlar om noko meir enn det han gjer på det leksikalske planet, og som referanse til verda. Ved å gå djupare inn i

¹⁸⁹ Jobs bok frå GT har vore pensum på litteraturvitskap ved fleire universitet, og i gjennomgangen av dansk eller norsk litteraturhistorie kan ein vanskeleg koma unna salmane til Thomas Kingo, Hans Adolph Brorson, Petter Dass og Dorothe Engelbretsdatter.

analysen av biletspråket, finn ein ei anna tyding enn den bokstavelege. Denne treng ikkje vera rett eller sann i deskriptiv mening, men ho kan seia noko sant om tilværet sjølv om ho ikkje viser til noko konkret i røynda. I denne fasen freistar ein å laga ei samla forståing av biletspråket; ein går ut over det ein starta med, nemleg det meir registrerande, og over på ei meir heilskapleg tolking av teksten eller verket. Sambandet med allegori-nivået i quadriga ligg her i at den formelle fasen kommenterer teksten og tolkar han. Ein formulerer kva teksten handlar om med andre ord enn dei teksten sjølv brukar. «Allos» tyder «annan» og «agoria» tyder «tale».¹⁹⁰

Eit symbol i denne fasen, kan kallast eit bilete. «The symbol in this aspect may best be called the image.».¹⁹¹ Eit dikt kan halda ein spegel opp mot naturen, seier Frye, ein får ei avspesling av naturen i diktet, men ser ikkje naturen sjølv. Men både «natur» og «bilete (image)» er, som tidlegare påpeika, vide termar hjå Frye, og står ikkje berre for ytre referensiell natur eller landskap og ei spegling av det. Det er ikkje berre referansar til sanseintrykk som kan utgjera bilete i ein tekst. Også omgrep og tankemessige kategoriar av ulike slag, kan høyra med til det som hjå Frye er eit poetisk bilete.¹⁹²

Den formelle kritikken byrjar med ein eksaminasjon av bileta i teksten. Dei vesentlegaste formar tonaliteten i teksten, og andre bilete tilpassar seg denne tonaliteten i ein hierarkisk struktur. «Formal criticism begins with an examination of the imagery of a poem, with a view to bringing out its distinctive pattern.»¹⁹³ Ein

¹⁹⁰ Allegori: «via latin *allegoria*, fra gresk *allegoria*, sammensatt av *allos* ‘annen’ og *agoria* ‘tale’; grunnbetydning ‘tale som man mener noe annet med det som blir sagt’, [allegori - Det Norske Akademis ordbok \(naob.no\)](http://allegori - Det Norske Akademis ordbok (naob.no)), henta 14.06.23..

¹⁹¹ Frye, 2000, s. 84.

¹⁹² «We are accustomed to associate the term ‘nature’ primarily with the external physical world, and hence we tend to think of an image as primarily a replica of a natural objekt. But of course both words are far more inclusive: nature takes in the conceptual or intelligible order as well as the spatial one, and what is usually called an ‘idea’ may be a poetic image also» (Frye, 2000, s. 84).

¹⁹³ Frye, 2000, s. 85.

studerer altså dei mønstera ein har funne i dei tidlegare fasane. Gjennom dette arbeidet, vil ein finna fram til tekstens eller verkets tematikk; det teksten handlar om.

Hjå Frye kjem hovudsakleg drøftinga av intertekstualitet først i neste fase, den arketyriske. Her skil den formelle fasen seg frå allegoria i quadrigaen som i denne fasen tolkar GT i lys av NT. Men i den formelle fasen kan det likevel høva å dra inn andre kommentarar til det verket ein arbeider med, eller å sjå teksten i forhold til idémessige lærebygningar og setja han i samband med verk med liknande tema.

Analysen i den formelle fasen er kommentar. «Commentary thus looks at literature as, in its formal phase, a potential allegory of events and ideas.»¹⁹⁴ Her ligg også slektskapet med allegorien i quadriga, for alle kommentarar er allegorisk tolking, hevdar Frye.

Kommentaren omset det implisitte til noko eksplisitt. Han kan berre isolera meiningsaspekt, store eller små, som er interessante for visse lesarar til visse tider. Difor vil det alltid vera aktuelt å lesa og kommentera tekstar på nytt, også tekstar som det ikkje tidlegare har vore akta særleg på. Det vil alltid vera skilnad på kommentaren og verket; kommentaren kan ikkje erstatta det han kommenterer. Lesinga får karakter av kommentar fordi ein omset poetisk språk til diskursivt språk. Dette er i praksis ei allegorisk lesing, for allegorien er ei form for kommentarskriving over ein gitt tekst.

Medan motiv og teikn er stikkord for respektive den bokstavlege og deskriptive fasen, er det tema som er nøkkelordet i den formelle fasen. Det gjeld å kartleggja kva eit verk eller ein forfattarskap handlar om (altså det som er emne for tolkinga).

¹⁹⁴ Frye, 2000, s. 89.

2.2.3 Den mytiske fasen. Symbolet som arketype

I den mytiske fasen ser Frye på verket som ein del av eit stort litterært korpus. Han meiner at litteraturen er eit eige univers og skaper sine eigne tekstar innafor dette universet. Forfattaren skriv såleis ikkje ut frå eit stort inkje, men han skriv i dialog med den samla litteraturen. All tekst vil likna på annan tekst. «Poetry can only be made out of other poems; novels out of other novels. Literature shapes itself, and is not shaped externally; the *forms* of literature can no more exist outside literature than the forms of sonata and fugue and rondo can exist outside music.»¹⁹⁵ Dette inneber ikkje at forfattaren berre kopierer. Tekstane blir ikkje identiske med kvarandre; dei har berre fellestrekk. «Likeness» og «identity» er to ulike ting.¹⁹⁶ Når Milton til dømes siterer Bibelen gjennom heile verket sitt, ligg ikkje stordomen i siteringa, men i måten han løfter tema fram på.

Litteraturen er ikkje berre oppteken av å gjengi naturen og sivilisasjonen, men vil påverka den menneskelege kulturelle aktiviteten ved måten han kommuniserer på. Frye ser på «poetry as one of the techniques of civilization.»¹⁹⁷ Symbolet er i denne fasen den kommuniserbare eininga, og Frye kallar henne arketype:

I mean by an archetype a symbol which connects one poem with another and thereby helps to unify and integrate our literary experience. And as the archetype is the communicable symbol, archetypal criticism is primarily concerned with literature as a social fact and as a mode of communication.¹⁹⁸

Her kan ein sjå ein parallell til det tropologiske nivået i quadriga, fordi Frye i samband med det arketyriske nivået vektlegg eit visst moralsk aspekt ved litteraturen.

¹⁹⁵ Frye, 2000, s. 97.

¹⁹⁶ Frye, 1976, s. 17 og s. 125 (siste staden seier han jamvel at dei er motsetnader).

¹⁹⁷ Frye, 2000, s. 99. Hans Hauge peikar på at Frye meinte «litteraturvidenskab var *social science* og ikke 'humaniora'» (Hauge, 2003, s. 9).

¹⁹⁸ Frye, 2000, s. 99.

Frye minner oss likevel om at jamvel om litteraturen som eit heile tener moralen, er ikkje dette føremålet for kvar einskild diktar. Diktarens mål er diktet.¹⁹⁹ Det arketyriske «blikket» på litteraturen viser oss litteraturen som ei total form, og litterær erfaring som ein del av det samanhengande livet der det er ein av poetens funksjonar å visa fram måla for menneskeleg arbeid. Slik sett blir litteraturen eit etisk instrument. Desse perspektiva idealiserer somme trekk ved sivilisasjonen og latterleggjer andre. Den sosiale konteksten som litteraturen står i, er også ein moralsk kontekst. Kunstnarane står i eit forhold til samfunnet rundt seg. Her finst også nøkkelen til å kunna sjå på analysearbeidet som «Ethical Criticism» slik overskrifta over dette essayet ber bod om.

Frye gjer nærare greie for arketypane i det tredje essayet i *Anatomy of Criticism: «Archetypal Criticism. Theory of Myths»*. Dei arketyriske mønstera er henta frå naturen og frå sivilisasjonen. Frye ordnar dei etter to prinsipp som begge har utspring i naturen: Eit syklisk og eit dialektisk. Det sykliske byggjer på dei store krinslaupa i naturen, knytte til sola og månen: året og døgeret. Det er fire fasar i denne syklusen, to statiske og to dynamiske. Dei statiske er sommaren med feiring og bryllaup, og vinteren med stillstand og død. Dei dynamiske markerer overgangen frå ein tilstand til ein annan. Hausten leier mot utstøyting og kulde, våren mot forsoning og glede. Frye knyter ulike litterære forløp til desse fasane i årssyklusen. Vinteren svarar til ironien eller satiren, sommaren til romansen. Hausten tilsvarer tragediens forløp og våren komediens. Her står desse nemningane ikkje for sjangrane, men for handling eller forløp («myte»). Tilsvarande finn ein dag og natt som statiske, og morgon og kveld som overgangstilstandar.

¹⁹⁹ Frye, 2000, s. 113.

Men i tillegg til dette, og ikkje på nokon måte i opposisjon til det, finn ein eit dialektisk mønster der arketypane blir ordna i motsetnader: Positivt og negativt, høgt og lågt, varme og kulde, mørke og lys, guddommeleg og demonisk. Mykje av dette tek Frye også opp att i *The Great Code* (1981) som omhandlar bibelens biletspråk.²⁰⁰

Analysen på dette nivået har ikkje som føremål å leita etter sitat og allusjonar, eller å jamføra tekstar med kvarandre; dette er forhold som kan koma inn på tidlegare nivå. I den mytiske fasen er det litteraturen som heilskap som imiterer naturen som heilskap, og ein studerer i denne fasen korleis verket plasserer seg i denne store heilskapen.

Frye ser kunsten som ein del av sivilisasjonsprosessen, slik vi var inne på, og han har såleis eit moralsk aspekt. «In its archetypal aspect, art is a part of civilization, and civilization we defined as the process of making a human form out of nature.»²⁰¹

Viktige komponentar i denne sivilisasjonen er byen, hagen, garden, saueflokken og liknande, og det menneskelege samfunnet elles i sine ulike former. Desse er felles for alle tider og alle menneske, jamvel om mange av desse arketyriske bileta eller fenomen er fjerne frå deira daglegdag. Det er fordi bileta går att i litteraturen og kunsten.²⁰² Ein kan få ei heil dannelseshistorie ved å følgja arketypar frå diktverk til diktverk. Ei slik «dannelseshistorie», eller i det minste resepsjonshistorie, kan eg få ved å studera bileta i salmane frå revisjon til revisjon. Og litteraturvitarane kan alltid vita meir om arketypane enn diktarane sjølve, fordi dei kan halda fram med å følgja arketypanes historie lenge etter at diktet vart til og forfattaren er død.²⁰³

²⁰⁰ Frye, 1992, s. 130.

²⁰¹ Frye, 2000, s. 112.

²⁰² På 1990-talet overvar eg ei gudsteneste i eit digert lokale i ei av sidegatene til Oxford Street i London. Salen (det var ikkje eit klassisk kyrkjerom) var stappfull. Det var godt over 1000 menneske der. Talaren las om den gode hyrden frå Joh 10 i NT og innleia med å seia at han ikkje trudde særleg mange av dei framømte hadde noko forhold korkje til sauer eller gjeting. Kanskje hadde dei aldri sett ein sau i sitt liv. Så kvifor då henta fram ei slik forteljing midt i tjukkaste London? Det var fordi dette var ei søge som for dei fleste likevel gav meining, meinte han. Ho var så sentralt plassert i det kulturelle medvitnet at ho også let seg tilpassa storbyen; arketyrisk, altså.

²⁰³ Frye, 2000, s. 100.

I formell fase konsentrerer ein seg om diktet som individuell eining. I arketyrisk fase ser ein på diktet som del av ein litterær heilskap. I formell fase gjeld det det individuelle diktets imitasjon av naturen eller røyndomen, i arketyrisk fase gjeld det diktets imitasjon av andre diktverk. Eg vil leita etter forløp og arketypar i salmane og sjå om det er endringar i forekomsten av dei.

2.2.4 Anagogisk fase: Symbol som monade

Den anagogiske fasen er svært sentral for Frye. På dette nivået kan litteraturen heilt bryta banda til røyndomens krav om det sanne eller sannsynlege. Anagogeia tyder «å løfta opp». I quadriga vil det anagogiske nivået omhandla det himmelske og det evige; det hinsidige. Hjå Frye er denne fasen «over-jordisk» på den måten at han frigjer seg frå bindingar til røyndomen slik at litteraturen heilt og fullt kan stå på egne bein. Her har ikkje litteraturen noka interesse av sivilisasjonsprosjektet; han er likevel funksjonell og nyttig, men på egne premissar. Litteraturen imiterer ikkje naturen på dette nivået, men menneskets draumar og fantasiar; berre tanken set grenser. Frye jamfører det anagogiske biletspråket med draumen: «In the anagogic phase, literature imitates the total dream of man, and so imitates the thought of a human mind which is at the circumference and not at the center of its reality.»²⁰⁴ Det anagogiske språket held seg i randsona av det menneskelege medvitet. Her vil ein også kunna finna det religiøse språket. Her er det ingen krav på røyndomsreferanse. Litteraturen er i sin rett til å påstå kva som helst. Dette er ein rett som den autoriserte kyrkjesimalmen på ingen måte kan påropa seg sidan han må følgja dei kodeksar som til ei kvar tid gjeld for kyrkjesongen.

Også på det anagogiske nivået finn vi det dialektiske prinsippet. Nett som draumen har sin negative avart i marerittet, har dei positive symbola sin motsetnad i dei

²⁰⁴ Frye, 2000, s. 119.

negative. På den positive ytterkanten finn vi det Frye kallar den apokalyptiske visjonen, og som inneber «fulfilled desire»; på den andre ytterkanten finn ein den demoniske visjonen, prega av mørke, frustrasjon og angst. Oppgangen frå det demoniske til det apokalyptiske kan knytast til arketypane som kan ordnast i eit hierarki langs aksen demonisk-apokalyptisk. Her finn ein guddommelege og utomjordiske vesen, frå Satan og hans hær, via englane til guddommen. Innimellom desse ytterpunkta plasserer dyr og menneske seg.

I religiøse tekstar vil det anagogiske bli sett på som sanning av den truande som vil tenkja at det er ein himmel og ei æve med oppfyljing av alle gode lovnader og ønske. Men litteraturen heldt seg i denne fasen likesæl til sanningsspørsmålet; han seier «enn om», og overlet til tanken og fantasien til å gå opp grenser. Litteraturvitskapen er ein humanvitskap og kan ikkje gå ærend korkje for politikk eller religion.²⁰⁵

Symbolet i den anagogiske fasen kallar Frye monade; «monad». Det er vanskeleg å finna eit godt ord for monade. Kanskje kjem «mikrokosmos» det nokså nær. Filosofisk står «monad» for «an unextended, indivisible, and indestructible entity that is the basic or ultimate constituent of the universe and a microcosm of it».²⁰⁶ Tyr ein til ei jamføring, kan ein tenkja på forholdet mellom havet og dråpen. Dråpen inneheld havet i ei samanfatta form utan å vera identisk med heile det store oseanet. Slik er også det språklege symbolet i den anagogiske fasen berar av eit mykje større univers som på eit vis lar seg samanfatta i symbolet, på den andre sida berre kan anast og aldri fattast eller gripast fullt ut.

Salmen vil frå eit litterært synspunkt vera anagogisk når han pukkar på ei åndeleg verd med guddom og englar, djevlar og demonar, samt eit evig tilvære etter døden.

²⁰⁵ Frye, 2000, s. 126-128.

²⁰⁶ *Webster's Encyclopedic Unabridged Dictionary of the English Language*, Gramercy Books, New York/Avenel, 1994, (s. 923-924).

Frå eit kyrkjeleg synspunkt, slik dette er formulert i truvekjeningane, vil dette høyra til det deskriptive. Slik vil det dels også bli handsama i dette arbeidet. I quadrigaen vil det anagogiske nivået handla om det som skal koma, om himmel eller helvete. Jamvel om kyrkja vedkjenner framtidvisjonane som sanning, er det inga erfaring å byggja dei på, og dei kan drøftast i lys av anagogien hjå Frye også. Også somme bilete i salmetekstane som har utgangspunkt i jordisk røyndom, kan vera uråd å forstå utan ein viss anagogisk tolkingskompetanse som føreset oppheving av tid og stad, og deltaking av den syngjande i både fjern fortid og uviss framtid. Dette kjem vi attende til under anagogisk fase.

Northrop Fryes symbol-teori gir meg sorteringsreiskapar når eg skal arbeida med eit stort og uoversiktleg tekstmateriale og studera korleis tekstar endrar seg i ulike revisjonar over nesten 300 år.²⁰⁷ Andre element frå oversyna hans i *Anatomy of Criticism* vil supplera tolkinga. Det same vil quadriga. Dei ulike bruksmåtane vil bli introduserte ved byrjinga av dei respektive kapittela.

²⁰⁷ Somme av salmane i materialet står i K i den fasongen dei fekk på 1500-talet. Materialet rommar såleis ei teksthistorie på nesten 500 år.

3. Bokstaveleg fase.

3.1 Eit innskot

I Henrik Ibsens *Peer Gynt* (1867) kjem Solveig til bryllaupsgarden Hægstad med salmeboka i eit klede.

Hvor lys! Nei, skulle du sett en slik!
Skottet ned på skoen og det hvite sprede -!
Og så holdt hun i moderens skjørteflak,
og bar en salmebok svøpt i et klede -! ²⁰⁸

Solveig var konfirmert den våren; kanskje har ho fått salmeboka i konfirmasjonsgåve; foreldra var «lesarar», ei nemning som vart brukt om haugianarane som var kjende for å lesa oppbyggeleg litteratur og bruka mykje tid til bøn og salmesong.²⁰⁹ Mest truleg var det Kingos eller Guldbergs salmebok Solveig bar på, sidan dei var mest brukte på bygda og var rekna som pålitelege teologisk av «dei vakte» eller pietistane.²¹⁰ Salmeboka dukkar opp att i argumentasjonen mellom den røva brura Ingrid og brurerøvaren Peer, der Ingrid må sjå seg slått i konkurranse med Solveig. Jamvel om ho kan tilby «Hægstad gård og mere til», har ho ikkje «salmebok i klede».²¹¹

²⁰⁸ Ibsen, 1995 [1867], s. 21.

²⁰⁹ Store norske leksikon, nettutgåve, [lesere – Store norske leksikon \(snl.no\)](https://snl.no/lesere), henta 14.01.21.

²¹⁰ M.B. Landstad gjer greie for bruken av salmebøkene i Noreg på 1800-talet i *Om Salmebogen. En Redegørelse* (Landstad, 1862, s. 12-13). Jostein Fet fortel at haugianarane gjerne brukte Guldbergs salmebok, som også Hans Nielsen Hauge alltid hadde med seg. Dette fordi dei der både fann dei gamle salmane frå Kingo og Brorsons salmar frå Pontoppidan. Men fru Boyes salmar var lite brukte. Det finst til dømes ikkje spor etter desse i dei mange salme-folketonane frå Sunnmøre. Evangelisk-kristelig salmebok brukte dei derimot aldri. Fet hevdar også at val av salmebøker ikkje berre reflekterte teologisk syn, men også sjølvstendetrong og opposisjon mot embetsmakta. Kingo stod avgjort sterkast på Vestlandet (Fet, 1995, s. 234-235).

²¹¹ Ibsen, 1995 [1867], s. 27.

Salmeboka var ikkje berre ei gudstenestebok for haugianarane, men ei andaktsbok og bønebok. Dei tok difor salmeboka med seg om dei reiste bort. Boka var ein verdfull eignelut og noko ein tok godt vare på, både fordi boka kunne kosta mykje pengar, og fordi innhaldet i henne var heilagt. Difor bar Solveig salmeboka innpakka i eit tøyestykke. Det har ho også når ho på sine eldre dagar møter Peer att. I scenetilvisingane heiter det: «han løper mot huset; i det samme kommer Solveig ut i døren, kirkekledd og med salmebok i kledet; en stav i hånden. Hun står rank og mild». ²¹² Måten salmeboka er omtala og vurdert på, syner respekten folk hadde for boka samtidig som det karakteriserer Solveig som from, stabil og trufast. Ho held fast ved si ungdoms salmebok slik ho held fast ved sin ungdoms tru og kjærleik, medan den kjernelause løken er Peers attributt.

Det er nok fleire enn Solveig som har teke godt vare på salmeboka si. Salmeboka har vore ein viktig eignelut for mange menneske, slik vi har vore inne på. Bøkene kunne vera både kostbare og vakre, utstyrte med sølvspenne og forseggjorte skinnpermar. Eller dei var enkle og vart utslitne av flittig bruk. Somme bøker følgde med i grava. Bøkene kunne arvast. Då vart namnet på den nye eigaren ført opp etter den førre. Kanskje blei viktige datoar i familien noterte på innsida av permene. Kanskje ei åtvaring til den som urettmessig slo kloa i boka. Mykje kunne vore sagt om utforminga av ulike salmebøker, om bokhistorie og marknad. Boka fungerer som eit teikn i Peer Gynt. Salmeboka var også eit teikn der ho låg framme i mange heimar. Her skal vi likevel først og fremst opna boka og studera teikna på innsida.

²¹² Ibsen, 1995 [1867], s. 132. Oddvar Johan Jensen har skrive ein artikkel: «Peer Gynt. En skisse til en tolkning...» der han særleg ser på samtalen mellom mor Aase og far til Solveig, lesaren. Han viser korleis Henrik Ibsen brukar både bibeltekstar og Pontoppidans forklaring. Han kjem også inn på Solveig og salmeboka. Jensen, 1995.

3.2 Boka; utanpå og inni. Kingos salmebok (1699)

Jamstillinga av versjonane frå dei ulike salmebøkene som er presenterte i materialet, viser at det hender mykje med salmetekstane gjennom fleire hundre år med bruk og revisjon. At noko er forandra, oppdagar ein ved første augekast på bøkene; salmebøkene som kom ut i tidlegare tider, såg annleis ut enn dagens bøker; tekstsidene har endra karakter. Studerer ein sjøve teksten, legg ein merke til ei rekkje ulikskapar, både når det gjeld formverket og innhaldet, og ein skjønar at endringar i det formelle har konsekvensar for det semantiske, og vice versa. Kingos salmebok (1699) legg til rette for ein heilt annan syngemåte enn den unisone songen som no er vanleg i ei norsk høgmesse. Språket er eit anna: overgangen frå dansk kyrkjespråk til to norske jamstelte språkformer har sett sterke spor i salmebøkene. Ord går ut av bruk eller endrar tyding og må erstattast. Andre spørsmål er viktige for ein moderne folkekyrkjelyd enn for til dømes 1700-talets benkeslitarar. Litteraturen og den litterære smaken, så vel som den musikalske, er i forandring, både samfunnet og kyrkja endrast. Salmane blir kortare, noko av det gamle blir stroke. Stundom endrar ein salmetekst karakter i slik grad at ein spør seg om dette er same salmen. Alt dette, og meire til, pregar salmebøkene og innhaldet i dei, frå typografi og formalia til biletbuk og tematisk vektlegging. Det er desse endringane eg studerer i dette arbeidet, og eg startar ved «utsida» av teksten, det ein ser og høyrer, diktets oppsett, klang, rim og rytme. Gjennomgangen av bokstaveleg fase legg grunnlaget for vidare analyse, tolking og drøfting samtidig som han viser viktige steg i kyrkje- og litteraturhistorisk tekst- og songhistorie.

Literalis det første steget i arbeidet med å tolka bibelteksten i quadriga. *Literalis* gjeld det bokstavelege nivået i teksten, det som handlar om historisk tid og konkret kontekst. Frye går altså eit steg vidare og deler denne fasen i to. Den første,

bokstavelege fasen, handlar om det tekstinterne biletspråket: rytme, rim, klang, typografi.

I gjennomgangen av den bokstavelege fasen nyttar Frye det klassiske skiljet mellom *melos* og *opsis*.²¹³ *Opsis* er synsinntrykket, *melos* klangen eller sangkomposisjonen. Rytme og rim og vokalklangar er sentrale verkemiddel i det vi reknar som lyrisk dikting, eller «dikt» i det heile. For songlyrikkens del spelar melodien og songen den fremste klanglege rolla. Men jamvel om ein salme først og fremst er meint for song, kan teksten også lesast.²¹⁴ Tradisjonell diktanalyse kan nyttast også på salmetekstane. Salmediktinga og salmebøkene gir framifrå døme på korleis diktekunsten på morsmålet utvikla seg gjennom hundreåra etter reformasjonen. På 1600-talet var salmane jamvel ein leiande sjanger i utprøving av kvalitative versprinsipp og avansert biletbruk.²¹⁵

Det som først og fremst slår ein når ein opnar ei eldre salmebok, til dømes «Kingo» eller «Landstad», er at tekstane som oftast ikkje er sette opp slik som dikt i ei diktbok (om ein då ser bort frå prosalyrikken som i somme høve kan ha tettekstrivne boksider). Strofene er skilde frå kvarandre, men kvar strofe står som prosa (med nokre unntak).²¹⁶ Thomas Kingos forslag til salmebok, *Vinterparten* (1689), syner eit sterkt medvit om dei diktarlege framstega som er gjorde i hans hundreår. Som eg nemnde i innleiinga set Kingo sine egne tekstar opp som dikt med avbrotne linjer og tydelege

²¹³ I omhandlinga av tragedien, nyttar Aristoteles *melos* om sangkomposisjonen og meiner dette er ein sjølvforklarande term. *Opsis* gjeld scenebiletet eller synsinntrykket. Aristoteles, 2008, s. 40 (utgåva nyttar ikkje dei greske termene). Skiljet mellom det visuelle og det auditive er også nyttig i analyse av andre tekstar enn dei dramatiske som Aristoteles behandlar.

²¹⁴ Ein opererer jamvel med ein eigen kategori kalla lesesalmar. Eit døme er *Hender som tegner Guds ansikt i verden. Lesesalmer av Svein Ellingsen* (Ingvild Ellingsen, red., 2021, Verbum forlag).

²¹⁵ Det vert mellom anna peika på det pionerarbeidet Anders Christensson Arrebo (1587-1637) som ei kort tid var biskop i Trondheim, gjorde med sitt diktar- og omsetjararbeid. Mogens Brøndsted. [Anders Christensson Arrebo – Store norske leksikon \(snl.no\) 02.01.23](https://snl.no/Anders_Christensson_Arrebo). I Arrebos første utgåve av Davidssalmane (1623), følgjer han det stavingsteljande prinsippet medan han i den omarbeidde versjonen (1627) følgjer eit aksentuerande prinsipp og rytmen vert fast (Jensen & Bugge, 1972, b.I, s. 40-41).

²¹⁶ Blar ein seg gjennom eksemplara av K som ligg på Nasjonalbiblioteket.no vil ein finna litt ulike strofeoppsett der nokre har tydelege skilje mellom strofene og klår strofe-nummerering, og andre har meir tettpakka boksider. Det same ser ein i tidlege utgåver av Landstad, Landstads reviderte og *Nynorsk Salmebok*.

strofemarkeringar. Dei eldre tekstane set han derimot opp som prosa.²¹⁷ Prosaoppsett kan tilsløra til dømes enderim og anaforar, som er lydlege element i teksten, men også kan påverka opplevinga og forståinga av teksten. Ei salmebok som skulle berast med mellom bustad og kyrkje, skulle gjerne vera lita og nett og heller ikkje kosta for mykje. Difor kneip ein inn på papiret, fylte ut boksidene og sette den rima teksten opp som prosa.

Jamvel om det musikalske ikkje er emne for dette arbeidet, vil eg gjera ein avstikkar til songen, ikkje minst fordi syngemåten har nært samband med korleis tekstane er utforma og presenterte i dei forskjellige salmebøkene. Det kan vera vanskeleg for eit moderne blick og øyre å forstå korleis fellessongen kunne arta seg i ein kyrkjelyd som brukte Kingos salmebok. Heller ikkje Kingos *Graduale* gir eit eintydig bilete av songen.²¹⁸ I større by-kyrkjer kunne kyrkjesongen vera leia av skolerte songarar, og gjerne vera fleirstemt. I løpet av 1600-talet fekk mange kyrkjer orgel.²¹⁹ Men andre stader var songen leia av klokkaren, eller salmen var heilt overlaten til kyrkjelyden som ikkje var oppteken av at alle tonar og stavingar skulle vera samrøystes og samtidige. Helen Rossil forsvarte i 2022 doktoravhandlinga *Kingotone og brorsongsang – folkelig salmesang i Danmark*, ved Uppsala universitet.²²⁰ Her studerer ho opptak av slik song, som vi også kjenner frå Færøyane der denne syngemåten er

²¹⁷ Svendsen, 1967, s. 4.

²¹⁸ Syngemåten har variert frå stad til stad; i Noreg var skilnadene mellom det folk song og noteringa i *Graduale* stundom så stor at ein kan tala om heilt ulike melodiar (Glahn, 1967, s.19). Sjå elles Henrik Glahns «efterskrift» «Om melodiforholdene i Kingos Graduale» (Glahn, 1967, s. 12-23).

²¹⁹ Henrik Glahn skriv at mange hovudkyrkjer i Danmark og jamvel ein del annektskyrkjer fekk orgel i løpet av 1600-talet. (Glahn, 1967, s. 18.) Det tok noko lenger tid i grisgrendte Noreg, men «i siste del av 1800-tallet hadde de fleste kirkene i norske bygder og byer et orgel. Det er vanlig å forklare den store økningen i antall orgler i denne perioden med et ønske om kvalitetshevig i ledelsen av kirkesangen» (Rise, 23. august 2021 [orgel](#) – Store norske leksikon (snl.no) henta 02.11.22). Fram til ca. 1650 var det orgel berre i stiftsstadene i Noreg, frå 1650-1725 også i kjøpstader langs kysten og i velstående bygder og tettstader i innlandet. Etter 1725 var det ein kraftig vekst i orgelmiljøet i Noreg. I 1764 kom Breitendich si koralbok (etter kongens ønske) som hadde som målsetjing «å få orden på den lite samstemte salmesongen» (Kolnes, 1987, s. 95).

²²⁰ Kingotone refererer her til dei variantar av kyrkjesongen som utvikla seg i samband med bruken av Kingos salmebok. Desse var lokale, slik Henrik Glahn også påpeikar (Glahn, 1967, s. 12-23). Song av Brorsons salmar var eit supplement eller alternativ brukt på private møte og samlingar i misjonshus. Brorson var lenge ikkje representert i offisielle salmebøkene i Noreg og Danmark. (Rossil, 2022, s. 13.)

halden ved like og verna om som eit kulturminne, og frå somme mindre frikyrkjer i Agder.²²¹ Hennar arbeid viser at den melismatiske syngemåten legg stor vekt på teksten; ein pustar der det er naturleg for den enkelte, og ein syng utan stort fokus på at alt skal vera «på likt».²²² «Såvel kirkesangen som forsamlingssangen formedes lokalt og reflekterer forestillinger, vaner og verdier som har eksisteret i den sociale kultur i de enkelte miljøer».²²³ Rossil peikar på at den lokale variasjonen kan vera heilt ned på individnivå i den personlege andakta. Ein slik syngemåte konsentrerer merksemda om teksten og den einskildes framføring av songen. Det blir såleis ein innovervend song samstundes som han i kyrkjerommet skjer i eit fellesskap.

I Kingos salmebok ser ein tydelege freistnader på å regulera metrikken og skapa enderim også i dei eldre tekstane som ikkje var særleg påverka av den nye kunstdiktinga på 1600-talet. Det har likevel ikkje vore ei hovudsak for redaksjonen av boka å framheva det kunstnarlege. Songtradisjonane i kyrkjene kringom på landet ville ikkje forandrast av oppsettet i salmeboka eller formelle kriterium for god lyrikk. Difor vart vekta lagt på å la innhaldet vera uendra i dei gamle salmane. Samstundes opna ein for salmar av Kingo og hans samtidige, rett nok utan å markera dette i typografien. «Uviljen mot kunstpoesien skyldtes utvivilsomt for en stor del hensyntagen til den jævne mand, der i de nye salmeversioner så et angreb på hans tilvante kristendomsforståelse.»²²⁴ Salmens utsjånad, hans *opsis*, om ein vil, har såleis nær samanheng med salmens bruk.²²⁵ Likeins kan ein seia at moderne norske salmebøker med luftige sideoppsett og notar til melodien, møter kyrkjegjengaren som ikkje er fortruleg med salmane, men lett kan halda følge både med tekst og tone.

²²¹ Kristensen, 2003. Sigvald Tveit har studert songen i Menigheten Samfundet (eller «Lomelendingane») i Agder. (Tveit, 1999, s. 35-46).

²²² I ein melismatisk syngemåte vert fleire tonar sungne på ei staving, i motsetnad til syllabisk song der det er ein tone til kvar staving.

²²³ Rossil, 2022, s. 13.

²²⁴ Svendsen, 1997, s. 9.

²²⁵ Eit par av salmane i K kan jamvel setjast opp som figurdikt; noko salmeboka sjølv sagt ikkje gjer. Eit døme er akrostikosalmen «Eia mit hierte inderlig jubilerer» (K113).

Salmeboka finst no også i kyrkja, ingen treng bera med seg dei store, tunge bøkene til gudstenesta. Difor treng ein ikkje spare på plassen, papiret og storleiken.

Melodilinjene i somme salmebokutgåver kom etter andre verdskrigen.²²⁶ Først med *Norsk salmebok* 1985 er diktoppsettet med avbrotne linjer konsekvent gjennomført i ei offisiell norsk salmebok.²²⁷

Ulike strofeformer er brukte i Kingos salmebok, K. I dei eldste utgåvene av K er opningssalmen «O Gud vi lofve dig» utan strofeinndeling og i *Graduale* er han gjennomkomponert. I 1729 fastsette ei kongeleg føresegn at ein i staden for denne versjonen, skulle nytta ei omsetjing av «Te Deum laudamus durch D. Martinum Luther verdeutscht».²²⁸ I denne versjonen er salmen strofisk og linjene ordna parvis. I min versjon av salmen i K er dei første to strofene på to linjer, medan resten har fire linjer.²²⁹ Dette er heller ikkje den einaste salmen der strofelengda i same salmen varierer noko. «Kyrie, Gud Fader, alsomhøieste Trøst» (K3) har fem linjer i første strofa og seks i dei andre. Denne salmen viser også korleis stavingstalet kan variera. Førstelinja i strofe ein har tolv stavingar. I neste strofe er talet elleve, medan strofe tre har ti stavingar i førstelinja. Det er ikkje noko fast rimmønster i salmen i K. Salmene som står fremst i Kingos salmebok, er alle mellom dei «gamle» sentrale vedkjenningssalmene som ikkje skulle brigdast for mykje. Dei står under overskrifta «Almindelige psalmer» og kan brukast gjennom heile kyrkjeåret. Seinare revisjonar har lagt fast stavingstalet og gjort strofelengda jamn, men ein har ikkje tvinga enderim på alle salmane.²³⁰ Det finst ei rekkje døme i K på ujamnt stavingstal. Dette

²²⁶ Den eldste utgåva av *Nynorsk salmebok* med melodilinja som eg har funne, er frå 1949. Den eldste Landstads reviderte: 1960. Men alt før 1900 kom utgåver av Landstads salmebok med notelinjer. (T. d. ei utgåve frå 1895: *M.B. Landstads Kirkesalmebog og «Nokre Salmar» ved Professor Dr. E. Blix, med Melodier til samtlige Salmer ordnede af Chr. Cappelen og Olaf Paulus [...]*. Olaf Husebys Forlag. Kristiania. 1895. Åge Haavik har vore til stor hjelp når det gjeld å nøsta i noteførekostane. Mellom anna i mail 17.11.22.

²²⁷ *Salmer 1973. Liturgikommisjonens prøvehefte* (1973) har melodinotasjon, men ikkje avbrotne linjer. Diktlinjene i strofene er skilde med ein skråstrek.

²²⁸ Rynning, 1967, s. 250 §3210.

²²⁹ Noko som er uproblematisk i forhold til songen sidan to-linjersstrofene kan slåast saman til ei fire-linjers.

²³⁰ Til dømes er det sparsamt med enderim i seinare utgåver av K3, særleg i L3 og NoS210.

har ikkje vore noko problem i den melismatiske kyrkjesongen, medan det sjølvsagt vanskeleg lar seg harmonera med den faste koralen. Det finst også mange døme på at strofer er urima, eller at rima verkar «haltande». Men her må ein ta atterhald om korleis uttalen av einskildord har vore på 1600- og 1700-talet.

Paul Speratus sin salme frå 1523, «GUds Søn er kommen af Himmelen ned» (K35) er rekna som ein sær sentral reformasjonssalme.²³¹ Eit par strofer frå denne salmen kan illustrera det vi har vore inne på når det gjeld metrum og rim i dei eldre tekstane.

2 Hvad Gud i Loven os budet hafde/
Da vi det icke kunde giøre/
Thi vare vi under Guds Vrede alle/
Vor Bøn vilde hand ey høre/
Vi skulle være gode af Hiertens Grund/
Men vi ere Onde i allen stund/
Ald vor Kraft er forderfvæt.

3 Dog meente vi saa i vor Blindhed/
At Gud hafde Loven udgifvet/
Ret lige som vi self hafde kundet
Alt efter hans villie lefvæt:
Men hun er icke uden et Speil/
Som os vor Vanart vise vil/
Der lønlig Boer i Hiertet (K35).

Stavingstalet i linjene vekslar frå strofe til strofe. Andrestrofa har nokre gode enderim, «giøre» - «høre» og «Grund» - «stund», medan tredjestrofa ikkje har døme på tydelege enderim.²³² Den lutherske argumentasjonen er klår gjennom strofene. Her handlar det om den funksjonen Guds lov og bod har overfor det frelste mennesket: Det er ein spegel som viser korleis ein kjem til kort dersom ein vil freista å leva etter Guds vilje, og at ein difor er heilt avhengig av Guds frelsande inngrep. Dette er ein salme som vi vender attende til i formell fase for å studera den frelsesdogmatiske biletbuiken nærare.

Det finst døme på danske salmar frå 1500-talet som nærmar seg dei ideala for stavingsteljing og enderim som vart etablerte i hundreåret etter. Hans Christensen Sthen (1544-1610) har elleve tekstar som han anten har omsett eller dikta sjølv, i

²³¹ Paul Speratus (1484-1551) var tysk teolog og etter å ha blitt ekskommuniert, knytt til reformasjonssenteret i Wittenberg. Salmen vart omsett frå tysk til dansk av Arvid Pedersen og kom med i Malmøsalmebøkene i 1529. (Kjærgaard, 2002, b.II, s. 467.)

²³² Landstad legg rimet fast i andrestrofa av salmen (L190,2). Også NoS321 har fast enderim. Str. 3 er ikkje med i dei andre salmebøkene.

K.²³³ Ein av hans eigne tekstar er «HERre JESu Christ/ Min Frelser du est» som er oppsett til «Aften-Sang» på første sundag etter heilagetrekongars dag. Tredjestrofa lyder:

Nu vil Jeg være/
O JESu kiere/
Hvor du mi heldst vil hafve:
Jeg lucker dig ind
I mit hierte og Sind/
O HERre min/
Med ald din Naade og Gafve (K93,3).

Rimmønsteret er aabCCCb og det er følgt med små avvik gjennom heile den åtte strofer lange salmen. Sthen varierer mellom mannleg og kvinneleg utgang i rimpara i strofene, førstestrofa har til dømes mannleg utgang på det første rimparet. Somme rim kan verka noko omtrentlege som når «Christ» rimar på «est» og «tillid» på «altiitid» (K93,1), samt «HERre» på «være» (K93,5). Men rimklengen kan ha vore annleis i uttalen den gongen songen vart til, enn han ser ut på papiret. (Uttalen i moderne dansk vil også rima betre enn uttalen på norsk når det gjeld «Herre» og «være».) Liknande atterhald om uttalen må vi ta når det gjeld stavingstalet.

Også i andre salmar av Sthen finn ein avanserte strofeformer og rimflettingar. Eit døme er:

Et trofast Hierte/ O HERre min/
Skal dig til rede være
Du mig forløste at jeg er din;
Des bør dig Priis og Ære/
Det lærer sig self/
du under os vel/
Paa Korset for os slogs du ihiel/
Vore Synder vilde du bære (K48,1).

Rimmønsteret er AbAbCCCb gjennom heile salmen og det er for det meste overført til seinare salmebøker. Sthen er ein overgangsfigur som kanskje ikkje har fått den

²³³ Malling, 1978, s. 223.

plassen i lyrikkhistoria som han fortener. Han arbeider med strofeformene og med rima, som kan vera temmeleg avanserte, medan stavingstalet meir høver med den eldre songtradisjonen. Sthen brukar fleire stader omkvede, til dømes i «D'End Liuse Dag forgangen er»: «Glæde os Gud i Himmerig» (K120, og i alle dei andre bøkene i materialet), noko som viser slektskap med folkeleg visetradisjon.²³⁴ Det finst fleire salmar i K som har omkvede, til dømes «FRyd dig du Christi Brud» (K36,1) som har omkvedet «Hosianna/ Hæder og Ære/ Skal denne vor Konning være», eit omkvede som med små endringar held seg i alle salmebøkene i materialet. Liknande omkvede finn ein også hjå M.B. Landstad som arbeidde mykje med innsamling av folkelege tekstar og viser.²³⁵

Ein særprega salme som var kjend i heile Norden, er «Eia mit hierte ret inderlig Jubilerer» (K113).²³⁶

Eia mit hierte ret inderlig
 Jubilerer/
 Med Lyst og fryd saa glædelig
 Triumpherer/
 Naar jeg betæncker/
 At Dødsens Læncker
 Sønderbrudt er og Livvet mig skienckes
 Af Naade (K113,1).

²³⁴ «Valget af folkevisens form, med omkvæd, er Sthens bevidste forsøg på at give den kirkelige hymne et alment præg efter luthersk salmeopfattelse. Det samme er hans betegnelse: 'En Afften eller Natsang', som løfter salmens brug ud af den gejstlige tidesang i kirker og klostre og over i den lutherske husandagt i hjemmet» (Kjærgaard, 2003, b. II, s. 705).

²³⁵ Landstad gav i 1853 ut *Norske Folkeviser*. Ein finn omkvede i Landstadsalmane i NoS 1985 på nr. 241, 627, 827 (der han endrar omkvedet litt i sistestrofa), og til ein viss grad i 512.

²³⁶ Salmen kom som skillingstrykk i *Tuende aandelige Vjser* i København i 1639. Salmen har vore knytt til Noreg på grunn av akrostikonet «ELLE ANDERSDATER», men ein tvilar på at Elle er opphavsperson, snarare er akrostikonet ein hyllest. I Sverige var salmen med i Göteborgs salmeboka frå 1650 og gjekk vidare til Wallins salmebok. Derifrå kom salmen attende til Danmark og Roskilde konvents salmebok. Dette viser noko av den vandringa salmar har teke mellom dei nordiske landa også tidlegare i salmehistoria. «Den oprindelige salme havde pragtfulde, bibeldrukne billeder af en smittende himmelfryd» (Kjærgaard, 2003, b.II, s. 501-502). Salmen er framleis med i den danske salmeboka frå 2002, medan 2013-boka i Noreg har utelate den. I *Den svenska psalmboken* (1986) har ein med to omarbeidingar av den gamle salmen; nr. 325 og 629. I denne salmeboka fører ein også Elle Andersdatter, ei borgarkone frå Maribo, som forfattar. (Nisser, 2017, s. 307-311 og Nisser, 2019, s. 489.)

Det frydefulle versemålet står til innhaldet i salmen som omhandlar himmeljubel og glede. Landstad tok salmen med, men korta han noko ned slik at det opphavlege akrostikonet blir borte. LR og Nyn utelet salmen, medan NoS tar han med i ei endå meir forkorta form. Salmestrofene viser kor avanserte og gjennomarbeida også dei eldre anonyme tekstane kunne vera.

Både Sthens strofer og dei andre tekstane i K viser elles tydeleg særskilte trekk ved ortografi og notering, Til dømes er gjerne gudsnamna skrivne med to store forbokstavar. Likeins har start-ordet i salmen gjerne to førebokstavar. I *Graduale* er førstebokstaven eller initialen svært stor og forseggjort. Mange substantiv får stor bokstav, men ikkje alle. Likeins kan stor forbokstav førekoma i ord som ikkje er substantiv. Men dette er ikkje noko som kan tilleggjast dei ymse forfattarane. Her er det både praksisar og eventuelt slurv ved trykkeria som slår inn. Ortografien var ikkje fastlagd då Kingos salmebok kom ut.

Kingos salmebok inneheld både eldre salmar med ujamnt metrum, gamle salmar som er nokså faste i versemål og metrum og såleis representerer ein overgang (til dømes Hans Christensen Sthen sine salmar) og den tids moderne kunstsalmar som finn sitt høgdepunkt hjå Thomas Kingo (1634-1703). Men alle salmane vert presenterte som prosa i K, og dei diktarlege nyvinningane vert ikkje løfta fram korkje i typografien eller i songtradisjonen kringom i landa. Kingos *Graduale* har ikkje taktstrekar og føreset nærast den melismatiske syngemåten som var den vanlege i mange kyrkjesokn.

K byr likevel rikeleg på den nye diktekunsten med fast oppbygde strofer. Men jamvel om Kingo og hans samtidige meistrar å gi strofene fast rytmikk, skjer det ikkje omkostnadslaut. Det vert ofte brukt apostrofar for å få stavingstalet til å gå opp, jamvel Thomas Kingo sjølv lyt ty til den naudløysinga: «Dend Faldn' og Skrøbelige»; «At vi vor Gud med Glæd' og Roe» (K268,7 og 8).

Nærare tjue av salmane i materialet har firelinjersstrofer med parvise enderim i K; mest vanleg er AABB, men det er også døme på kvinneleg utgang og blanda. Ein finn døme på rimfletting og alliterasjon, særleg i dei kunstferdige salmane frå 1600-talet.²³⁷ Thomas Kingo nyttar ei rekkje retoriske verkemiddel i sine salmar, ikkje minst i pasjonssalmane. Mellom desse er anaforen som han brukar både som eit stilmessig og pedagogisk grep:

Tack for ald din Fødsels Glæde/
Tack for dit det Guddoms Ord/
Tack for Daabens hellig Væde/
Tack for Naaden paa dit Bord/
Tack for Dødsens bitre Vee/
Tack for din opstandelse/
Tack for Himlen du har inde/
Der skal jeg dig see og finde (K167,10).

Dette er sluttstrofa i ein påskedagssalme, som oppsummerer sentrale delar av trusgrunnlaget for kyrkja og den einskilde truande: Jesu fødsel, død og oppstode, ordet og sakramenta, og lovnaden om det evige livet. Kingo hamrar det inn gjennom apostrofen «tack» som får hovudvekta i kvart vers fram til den siste linja der «tack» får avløyning av «der» som eit klimaks både i salmen og i den truandes lagnad. Kingos takk er teke vare på i alle salmebøkene, men også Thomas Kingo lyt finna seg i å bli omarbeidd, varsamt hjå Landstad, men meir etter kvart.²³⁸

3.3 Landstads salmebok (1870)

På dei nesten to hundre åra som gjekk mellom Kingos salmebok og Landstads, skjedde det mykje som fekk innverknad på salmediktinga og salmebokredaksjonane.

²³⁷ Til dømes finn ein mange døme på alliterasjon i «Gak under Jesu Kors at staae» av Thomas Kingo (K301).

²³⁸ *Evangelisk kristelig psalmebog* 1798, viste inga pietetskjensle overfor Kingos salmar. I den grad salmeboka tok med noko av Kingo, var det kraftig omarbeidd (sjå mellom anna: Kjærgaard, 2003, b.I, s.162-165). Også N.F.S. Grundtvig arbeidde med Kingos salmar og skreiv dei om. Men for Grundtvig var Kingo eit respektert førebilete (Stevens, 1949).

Noreg var blitt eit sjølvstendig land, også kyrkjeleg, rett nok utan eiga salmebok eller andre kyrkjelege bøker, og med dansk som skriftspråk. Men nynorsken var teken i bruk, også som diktarleg språk. Det nasjonale gjorde seg gjeldande i diktinga, jamvel i salmediktinga. Det blir skrivne mykje både dikt og songar i Noreg etter 1814, men salmar har ikkje den same sentrale stillinga i litteraturfeltet som tidlegare. Det slår ein enkelt fast ved å sjå kva merksemd salmedikting og salmebøker får etter 1800 i litteraturhistoriene, slik vi har sett i gjennomgangen av materialet og salmehistoria. Korleis posisjonen deira var i «folket» er ei anna sak.

Både det ortografiske, metriske og deskriptive er endra frå K til L. Det er ikkje tale om ei «utvikling» frå den eine salmeboka til den andre, korkje «degenerering» eller «forbetring», jamvel om ein sjølv sagt kan meina at salmetekstar både kan ha tapt og vunne gjennom revisjonane. Dei to bøkene representerer ulike tider og ulike ideal, både teologisk og formmessig.

Ei av dei tydelegaste endringane som startar (for materialets del) med Landstads salmebok, men seinare er eit aukande trekk, er at salmane blir kortare. Mange av nummera i K er svært lange. Landstad tar vare på mykje, men det er likevel mange strofer som forsvinn ut av salmetradisjonen også ved Landstads arbeid. Eit døme er den såkalla «Nevervisen» (K113) som er ein akrostikonsalme. Landstad kuttar nokre strofer og akrostikonet er borte.

Landstad fjernar likevel langt færre strofer enn seinare revisjonar gjer, og han kan laga fleire salmar av eitt og same tekstførelegg, slik han til dømes gjer det med Kingos langfredagssalme «Bryder frem, I huule Sukke» (K300) som han skaper tre salmar av.²³⁹ Denne salmen vender vi attende til i den deskriptive fasen. Eit anna

²³⁹ Ingen av dei tre salmane har same byrjing som Kingos salme. Dei tre er: «Jesus korsfæstes» (L329); «Jesu kongenavn» (L330) og «Jesus dør, og Jorden ryster» (L335).

døme er «Jeg vil din Priis udsiunge» (K278) som er delt i to salmar i L (L278 og L588).

Det finst døme på at Landstad også endrar rekkjefølgda på strofene i forhold til K. K113 / L224 er både kortare i L enn i K og har ei anna ordning av strofene. Også K213 / L241 er døme på både forkorting og byte av stroferekjefølgd. Slike tekstendringar kan sjølvstøtt få følgjer for forståinga av salmen. Det er også døme på at Landstad har dikta til strofer, eller har bytt ei gamal strofe med ei ny. Dette er ikkje noko nytt. Både redaktørane av reformasjonssalmebøkene og til dømes Thomissøn, la til strofer til eldre salmar. Jamvel Luthers salmar kunne få påhengt nylaga strofer, særleg galdt det dei såkalla doksologistrofene som lovpriser den treeinige guddommen.²⁴⁰ I salmen «Sjunge vi af hiertens grund» (K142) er strofe to Landstads eiga (L602). Her er det snarare tale om eit byte enn om eit tillegg.

Landstad la vekt på å leggja rytmen fast i strofene. Han arbeidde særleg grundig med Luthers salmar. Hans Luther-omsetjingar kom i ei eiga utgåve i 1859, og kan reknast som eit forarbeid til salmeboka.²⁴¹ I salmeboka tok han likevel ikkje inn alle versjonane frå denne Luther-utgåva, men arbeidde fram nye tekstversjonar. Også andre av dei gamle tekstane får ein real metrisk og rimmessig «makeover» hjå Landstad, og fleire av omsetjingane hans dannar ei ny «stamme» for seinare salmerevisjonar. Dette gjeld til dømes den gamle julesalmen *In dulci jubilo* som hjå Landstad fekk si varige form i norsk salmesong: «Jeg synger julekvad» (NoS31). Både når det gjeld denne, og andre nydiktingar hjå Landstad og i seinare salmebøker, er endringane så store at ein kan spørja om det i det heile er tale om same salmen i K og L og dei andre, jamvel om dei har eit felles opphav. «Jeg synger julekvad» har anna byrjing, anna strofeoppbygning og linjetal, nytt strofetal og nytt stavingstal i

²⁴⁰ Mange salmar avsluttar med ein doksologi, og somme av dei har fått doksologien lagt til den opphavslege teksten. Doksologien i salmane lovpriser den treeinige Gud: Faderen, Sonen og Den heilage ande (Øystese, 2008, s. 158).

²⁴¹ Svendsen, 1933, s. 26.

linjene jamført med K. Men dei har same opphavet i den gamle makaroniske songen, og same bilete.²⁴²

Heller ikkje Landstad greier seg utan naudløysingar i sine bearbeidingar, og den metriske fastlegginga får ikkje berre gunstige utslag. L573,8 har ei staving for mykje i startlinja («Hvi tøvrer du, Herre Jesu kjær») og L9,10 får trykket plassert litt forkjært: «Der vil jeg være Forbeder din». Fleire stader lyt Landstad ty til apostrofar for å få stavingstalet i linjene til å gå opp: «Og frelst mig fra den evig' Nød» (L548,1); «Naar Øinen' briste,/ Syn forgaar,/ Naar Øren' høre ei formaar» L548,3). Det kan også knipa med rimet, som når han lar «stadelig» rima på «sødelig», «miskundelig» på «dig» og «Jammerdal» på «Kval» (L548 str.10, 9 og 5). I fleire av revisjonane endrar Landstad tempus frå preteritum eller perfektum til presens, til dømes i L141,5 (K34,5).²⁴³ «Din Synd hafver hand udslettet» (K71,1) lyder hjå Landstad: «Han som din Synd udsletter» (L77,1). Som Kingo kan også Landstad laga ny-ord jamvel i revisjonane. Eit slikt døme er «saaregjort»: «Der han hang og bar vor Pine,/ Saaregjort for Synder mine» (L329,6).

K100 er eit døme på korleis Landstad arbeider for å leggja metrikken fast i ein av salmane frå K:

Naar vi i største Nøden staa
Og vide ey hvor vi skulle gaa
Og finde hverken Hielp eller Raad/
Det vi end græde Hiertens Graad

Naar vi i største Nøden staa,
Og vide ey hvor vi skal gaa,
Og finde ingen Hjælp eller Raad,
Om vi end græde Hjertens Graad;

Saa er vort Haab og Trøst alleen/
At vi tilsammen komme hver og een/
Dig at paakalde/ O HERre Gud/

Saa er vor Trøst i saadan Meen
At komme sammen hver og een,
Dig at paakalde, Herre Gud,

²⁴² Endringa i stavingstalet i linjene fører ikkje til at melodien blir skifta ut. Melodien har den voggande rytmen som karakteriserer julesalmane frå mellomalderen (Bongers, 2012, s. 286). Makaronisk diktning er karakterisert ved at ein blandar to språk, til dømes latin og eit folkespråk, i teksten. I Thomissøns salmebok lyder første strofa slik: «*In dulci iubilo, siunge wi oc ere fro/ den vort hierte trøster/ ligger in præsepio, oc klar som Solen skinner/ matris in gremio, Alpha es & O, Alpha es & O*» (Thomissøn, 1997 [1569], s. 15).

²⁴³ Fleire døme på overgang frå preteritum til presens finn ein i L96,3 og 297,3.

Om Hielp efter dit Ord og Bud (K100,1-2). Om Hjælp efter dit Ord og Bud (L220,1-2).

I K varierer stavingstalet frå åtte til ti i linjene, men med litt godvilje kan ein seia at det er fire trykkunge stavingar i kvar. L har jamnt fire trykklette og fire tunge stavingar i kvar linje, versemålet er jambisk. Landstad rettar opp metrikken ved å endra på mindre tydingssterke ord, verbalformer og liknande. Rimmønsteret ligg fast, det er AABB i begge salmebøkene. Men L har ikkje kunna bruka «alleen» (i str.2). Jamvel om ordet er forståeleg, vil forma vera avstikkande i 1870, og rimet «alleen» - «een» er heller ikkje godt. Landstad finn difor eit nytt rimord, «Meen», og skriv om strofa med dei endringar dette får for referensialiteten; det positive «Haab» er skifta ut med det negative «Meen». Liknande døme finst det mange av. Ortografien er retta opp i L; her er ikkje lenger inkonsekvensar i bruken av stor bokstav til dømes, og teiknsetjinga er annleis hjå Landstad. Mellom anna brukar Landstad ofte utropsteikn.

Magnus Brostrup Landstad samla tradisjonsstoff frå Telemark, som folkeviser og stev.²⁴⁴ Han skreiv songar i folkevisestil, mellom anna «Kvenne-Karis Vise» som målber ei gamal kvinnes sorg over stavkyrkja i bygda, «Neslands kyrkja», som vart riven, tilliks med mange stavkyrkjer i Noreg på denne tida (omkring midten av 1800-talet). Visa har omkvedet «Gud hjelpe den, som er gamal!».²⁴⁵ Omkvede finn ein også i Landstads salmerevisjonar (til dømes L610, frå K120) og i hans eigne salmar, som «Miskunne deg over oss, Jesus!» i salmen «Der mange skal komme fra øst og fra vest» til ein svensk folketone nedteikna i 1624 (NoS 241). Saman med norske ord og uttrykk, og i hans eigne tekstar også tilvisingar til norsk landskap, gir dette somme av

²⁴⁴ Landstad fekk framifrå hjelp av Olea Crøger (1801-1855), prestedotter frå Heddal, som har fått ufortent lite merksemd i samband med det store innsamlingsarbeidet ho gjorde. «Olea Crøger var en av de første som systematisk samlet inn folkeviser og melodier i Telemark. Samlingene overlot hun til M.B. Landstad og L.M. Lindeman» (Aarnes. 2009).

²⁴⁵ «Kvenne-Karis Vise» er med i M.B.Landstad, *Sange og Digte af forskjellige Slags, mest fra gamle Dage*. Christiania. Forlagt af Jacob Dybwad, 1879, s. 205-207. I denne visa nyttar Landstad stungen d og andre eldre språkkformer, for å markera det språklege, og ikkje berre det bygningsmessige, sambandet med mellomalderen.

tekstane preg av norsk folkedikting og norsk kultur.²⁴⁶ I fleire salmar nyttar Landstad personleg førstepersons pronomen i pluralis i staden for singularis. Tydelege døme finn ein i L66 (K16) som er ein salme med erotiske bilete, og der det intense fokuset på eit eg-du-forhold i den gamle teksten, av Landstad blir dempa til noko som gjeld eit kollektiv, kyrkja.

Dersom ein jamfører L med K, ser ein at salmane er «retta opp» metrisk og ortografisk. Stavingstalet er jamnt, rimet stødig. Somme salmar vert forkorta, andre blir delte opp i fleire nummer. Nokre av salmane Landstad vidarefører, får endra både strofeutval, rekkjefølgd på strofene og opning. Stundom kan likskapen med salmeversjonen i K vera vanskeleg å få auga på. Men når det gjeld salmar dikta av Thomas Kingo, er Landstad særst pietetsfull og endrar ikkje meir enn han synest han må.²⁴⁷ Han tek også omsynsfullt vare på H.Chr. Sthens salmar og reviderer andre gamle tekstar varsamt.²⁴⁸

3.4 Landstads reviderte (1926)

Ein ventar kanskje større likskap mellom Landstads *Kirkesalmebog* og *M.B. Landstads Kirkesalmebok revidert og forøket* (1926) enn det ein finn, fordi den yngste i tittelen gir seg ut for å berre vera ein revisjon av den eldre. Men LR er eit sjølvstendig arbeid hovudsakleg gjort av teologen Gustav Margerth Jensen (1845-1922).²⁴⁹ Gustav Jensen trong ikkje gjera så mykje med metrikken i Landstads

²⁴⁶ Johannes Skaar har i eit innlegg i *Morgenbladet* (1861, nr. 284, s.1) skrive om slektskapen mellom den danske salmediktaren H.Chr. Sthen (1544-1610) og M.B. Landstad at «de ere uddannede i den ene og same Skole, nemlig Folkevisens» (Svendsen, 1933, s. 13).

²⁴⁷ Landstad tar med 64 av Kingos egne salmar i sitt utkast til salmebok, «de fleste fuldstændig og enten ganske eller saagodtsom uforandrede» (Landstad, 1862, s.14).

²⁴⁸ Landstad, 1862, s. 17-18.

²⁴⁹ Gustav Jensen fekk oppdraget med å revidera Landstads *Kirkesalmebog* i 1908. Han arbeidde med revisjonen på heiltid frå 1911 (då han avslutta prestenestasa si) til 1915. Utkastet hans fekk kritikk, og ein

tekstversjonar. Ein kan likevel sjå at han har arbeidd med strofene, freista å fjerna apostrofane og få trykket på rett plass i versa.

55 salmar frå LR er med i materialet; nokre av nummera frå L er altså ikkje vidareførte i LR. LR kan også velja nye variantar av dei salmane som er felles. Døme på dette er Støylens nyomsetjing av *Veni redemptor gentium* som er henta frå *Nynorsk salmebok*: «Folkefrelsar til oss kom». Her vel LR altså ikkje Landstads versjon av den gamle salmen, men den nynorske omsetjinga.²⁵⁰ I den gamle julesongen «Et barn er født i Betlehem» har LR laga ei samansetjing av strofene frå K og L, og Grundtvigs omarbeiding av songen.

Ortografien er modernisert. Endringar i språket var ein av grunnane til at Landstads salmebok verka forelda; slik Kingos salmebok hadde vore opplevd som svært gamaldags då Landstads og Hauges salmebøker vart redigerte i 1860-åra. I LR er det ikkje lenger stor bokstav i substantiv. Aa er blitt til å, dei blaute konsonantane i enden av ord, er bytte ut med harde som samsvarer betre med norsk uttale. Døme på endringar er «Veed» som blir «vet», «falder» blir «faller», «ere» blir «er», «Ret» blir «rett», «Veiret» blir «været» og så bortetter, alt saman endringar i samsvar med nye rettskrivingsreformer som i større grad tok omsyn til norsk uttale. Den språklege oppgraderinga gjorde salmesongen meir «norsk» og tilpassa samtida.

LR kvittar seg med dei fleste av apostrofane frå L. Berre få stader nyttar LR dette naudmidlet, til dømes «All' våre dager» (LR609,4). «Herre, Gud Fader, du vor høi'ste Trøst» (L2,1) blir «Herre, Gud Fader, du vår store trøst» (LR2,1); «Umyndig' Børn og smaa» (L96,7) blir «Umyndige og små» (LR72,7). «Det salig' Guds Ord lære» (L588,1) vert endra til «Guds rene ord oss lære» (LR722,1). Ein kan

komité ferdigstilte salmeboka som fekk autorisasjon frå kyrkjedepartementet i 1924, to år etter at Jensen var død. Men namnet hans vart ståande på tittelbladet til salmeboka (Oftestad, 2009).

²⁵⁰ Hjä Landstad lyder opninga: «Kom, du Folke-Frelser sand» (L141,1); i K: «Kom Hedningers Frelser sand» (K34).

argumentera for at LR slik ikkje berre oppnår eit skriftbilete utan apostrofar, men også endrar meiningsinnhaldet i større eller mindre grad. Men når LR byter ut «din Kong'» (L300,8) med «din drott» (LR285,7) må ein ha lov til å kalla det ei vellukka endring. Andre stader syter språkutviklinga for at trongen for apostrof blir borte: «Og gi'r mig i din Haand» (L265,7, «gi'r» for «giver») blir no «Og gir mig i din hånd» (LR45,5, vi ser at skrivemåten av det personlege pronomenet framleis er det danske «mig») og «Jeg beder for din' Vunder» (L265,5) blir «Jeg ber, for dine vunder» (LR45,4).²⁵¹

Det er også døme på at Gustav Jensen endrar slik at trykket blir betre: I Landstads «O Hjertens Tvang, / Og stor Modgang! / Mig Nat og Dag de gjøres lang» (L119,3) kjem trykket i «Modgang» på siste stavinga i staden for første. LR skriv om: «Å sorg jeg har, / Og motgang svar! / Nu dag og natt så tungsomt far» (LR95,3). Her er trykket i «motgang» i samsvar med talen. Også ordstillinga kan bli endra mot det meir naturlege: «Gud giver Synderne til og udsletter» (L512,1) blir «Gud våre synder tilgiver og sletter» (LR22,1).

Landstads reviderte salmebok har med om lag 200 nummer frå *Nynorsk salmebok*, og vice versa. Men medan Nyn plasserte bokmålstekstane i eit tillegg etter dei nynorske, let Gustav Jensen nynorsksongane stå mellom dei andre. På det viset kan ein sjå LR som eit lite steg på veg mot ei felles salmebok for Den norske kyrkja.

Dei to Landstadbøkene gjer, for kvar si tid, freistnader på å tilpassa salmediktet til dei krava som elles gjeld for songlyrikken når det gjeld metrisk fastleik og støe rim. Men salmane blir på ingen måte eksperimentelle i forma; det er ingen spor etter til dømes Sigbjørn Obstfelder (1866-1900) si meir moderne dikting der rim og rytme spelar ei

²⁵¹ «For» indikerer her årsaksforhold: ein ber på grunn av Jesu vunder eller sår.

anna rolle enn før.²⁵² Salmesjangeren er framleis ein konservativ songsjanger og meir regelbunden metrisk enn «Kingo». Dette har også implikasjonar for songen som no er styrt av koralen og orgelet og er unison og fast. Ein kan undrast på om ein faktisk får mindre med seg når ein syng etter skjema, enn når ein krulla seg fram gjennom melismatiske verslinjer og song *teksten* i større grad enn ein passa samsongen. Kanskje blir fokus på teksten sterkare når syngemåten ikkje berre er melismatisk, men jamvel personleg.

3.5 Nynorsk Salmebok (1925)

Fast metrum og rimmønster er også gjennomført i *Nynorsk Salmebok* som har med 53 av salmane i materialet. Fem av desse er utan parallellar i Landstads reviderte, som kom om lag samstundes.²⁵³

For ein stor del er nynorsktekstane nær Landstads salmeversjon, men det er også døme på at både strofeval og strofetal er annleis enn i både L og LR. «Ditt minne, Jesus, er so søtt» (Nyn551) har til dømes 30 strofer, K har 48, LR har 20. Også L har 30 strofer, men strofevalet i L og Nyn er ikkje identisk. Det er såleis ikkje berre tale om omsetjing av danske tekstar til nynorsk, men nye sjølvstendige bearbeidingar. Det er også døme i materialet på strofer som er heilt nylaga, eller salmar som framstår som «nye» i denne salmeboka, til dømes «Guds Son, i krubba funnen» (Nyn78 som korresponderer med K33). Heile «Folkefrelsar, til oss kom» er ei ny omsetjing. Ein ser slektskapet både med K og L i fleire av strofene, men det er likevel blitt ein ny

²⁵² «Sigbjørn Obstfelders dikt innvarslet den lyriske modernismen i Norden» (Lillebo, 2009), Per Thomas Andersen peikar på at Obstfelders dikt er blitt ståande som markør for heilt nye tendensar i litteraturen i 1890-åra, slik også Knut Hamsuns *Sult* er blitt det. Obstfelders frie dikt, gjerne prosadikt, uttrykkjer ei sterk framandkjensle (Andersen, 2012, s.297-302).

²⁵³ Av bokmålstekstane i materialet i Nyn er sju identiske med LR, medan ein er frå L og berre ortografisk endra. 45 av salmane i materialet er på nynorsk i Nyn.

salme, og det er nynorskversjonen (ved Bernt Støylen) som har gått vidare i norsk salmesong, og som også er vald som einaste tekstversjonen i LR. NoS (1985) opnar med adventssalmane, og «Folkefrelsar, til oss kom» som etter tradisjonen skriv seg attende til Ambrosius (300-talet) er difor første salmen i denne salmeboka.²⁵⁴

Det kan vera ulikskap i formverket til salmane i dei forskjellige bøkene etter K, jamvel om dette oftast ligg fast frå bok til bok, mellom anna på grunn av melodien. I «Jesus Kristus er vår frelsa» (Nyn 231, «Jesus Christus er vor Salighed» K155) er stavingstalet i linjene i kvar strofe åtte, åtte, sju og sju i Nyn, medan L308 som Nyn slektar på, har åtte, åtte, sju og åtte.²⁵⁵ Nyn har stroke delar av teksten frå L og skrive saman strofer, og slike endringar får konsekvensar også for andre sider ved teksten, og andre fasar i tekstlesinga. Dette kjem vi attende til i formell fase, men alt her kan eit par strofer frå L og Nyn visa korleis endringar i stavingstal og rim kan tenkjast å bidra til skifte i bilete:

Jesus Krist, vor Hjælp, er kommen,
Haver baaret Straffedommen,
Med sin Pine og sin Død
Han os frelste af Helveds Nød (L308,1).

Jesus Kristus er vår frelsa
Som vil giva sjelehelsa,
Han som døydde på ein kross,
Vann eit evigt liv for oss (Nyn231,1).

Ordstillinga i den nynorske teksten verkar meir naturleg og munnleg enn den eldre danske teksten. Ein kan ikkje påstå at færre stavingar styrer biletbruken, eller at rimmønstra er det einaste avgjerande for biletvala i salmen. Men ei direkte overføring av rimparet «kommen» - «dommen» i L, er vanskeleg på nynorsk fordi «komen» vil bli uttalt med å-lyd, medan «domen» vil vera med ein klarare o-lyd, dette til trass for

²⁵⁴ Utropsteiknet etter armodsdóm i Nyn218,1 og NoS1,1 kan tolkast som at opninga er ein imperativ: «Folkefrelsar, til oss kom, fødd av møy i armodsdóm!» noko som kan høva med adventstematikken knytt til Jesu doble kome, den gongen og ein gong i framtida. Men utropsteiknet kan også t. d. uttrykkja glede eller undring over preteritumshendinga. Ein tydelegare imperativ (som kan støtta oppfatninga av salmebyrjinga som ei oppmoding) finn vi i strofe 5: «Du som er Gud Fader lik, /ver i vanmakt sigerrik!».

²⁵⁵ I NoS140 som vidarefører salmen på nynorsk, er stavingstalet som i 8, 8, 7, 9. Andre salmar der stavingstalet i linjene er ulikt mellom L og LR, og Nyn, er Nyn26 der andrelinjene i strofene jamnt har ei staving mindre enn L80 og LR46, og Nyn 657 der stavingstalet både i K120, L610 og LR826 er åtte i kvar linje i alle strofene, medan Nyn har åtte, ni, åtte, sju, åtte.

at rimet ser «heilt greit ut». Då finn ein eit anna rim-par og landar på «frelsa» - «helsa»; ein biletebruk utan domsperspektiv og jus, men med ein kombinasjon av teologi (frelse) og psykologi (sjelehelse). Også det siste rimparet «Død» og «Nød» er vanskeleg å bruka på nynorsk. Valet fell på «kross» og «oss». Rytmen med den kortare sluttlinja, den naturlege setningsbyggnaden, samt dei endra rimorda bidrar til å gi eit lysare bilete av frelsa, eit bilete utan naud og død og helvete, men med evigt liv, helse og frelse, rett nok via ein kross.

Ved gjennomlesing av salmane i Nyn blir ein slått av klangen i dei. Tekstane er rike på vokalar og diftongar og har særst mykje alliterasjon: «For me hev synda øgjeleg og ille» (Nyn484,1); «Alt då gjekk under, me i redsla rømde» (Nyn484,2) «Miskunn og milde framfor retten råde» (Nyn484,3); «Du glimestein med gullrein glod» (Nyn 90,3); «gull og glimestein» (Nyn 195,5); «Då hev med ingi onnor trøyst» (Nyn162,2); «Giv kyrkja trygd i hennar trengd» (Nyn265,4). Også enderima kan vera av det kraftfulle slaget: «brjota» - «skjota» (Nyn265,1). Vokalane u, y, i, o og til dels å og ø, (som ligg langt framme i munnen) lyser opp tekstane, det same gjer somme av diftongane. Desse verkemidla skaper merksemd ved det litterære ved salmane; dei er kunstnarlege og på mange vis «norske» i sin klang og med sin bruk av folkelege uttrykk, dei slektar på den norrøne diktinga som var rik på alliterasjon.

Luther-salmen «Gud hald oss uppe ved ditt ord» viser noko av vokal- og diftongbruken i *Nynorsk Salmebok*:

1 Gud hald oss uppe ved ditt ord,
Og giv det yvermakt på jord
Mot deim som Jesus Krist, vår sol,
Vil støyta frå hans kongestol!

2 Ja, syn deim, Herre Krist ditt verk,
At du er framfor alle sterk!
Giv kyrkja trygd i hennar trengd,
Ditt namn til lov i ævelengd!

3 Du Heilag Ande, trøystarmann,

Giv einmælt tru i alle land!
Statt med oss i vår siste strid,
Og gjer vår daude sæl og blid! (Nyn 9).

Her er alle vokalane i rik utfolding, og tre diftongar. Her er også eit kraftig bokstavrim: Trygd – trengd (str.2). Jan Inge Sørbo peikar i *Nynorsk litteraturhistorie* (2018) på at Elias Blix, som på mange vis skapte den nynorske salmen, tok kjende mønster frå norsk daglegtale inn i salmane sine og nytta parallellismar og bokstavrim slik at salmane vart lette å syngja og hugsa. Stjerneeksemplet hans er «No livnar det i lundar, no lauvast det i lid» som framleis er mellom Noregs mest sungne vårsongar.²⁵⁶ Mykje av denne klangrikdomen og naturlege tale- og syngemåten er også teken inn i revisjonane av tekstar som var overleverte på dansk eller andre språk.

3.6 Norsk Salmebok (1985)

Det er ingen tekstar i *Norsk Salmebok* som har gått heilt uendra frå ei av dei eldre bøkene og inn i NoS, endå somme av endringane er av meir ortografisk art. Det er sjølvstøtt ei utfordring å overføra ein gamal diktarleg tekst til ei meir moderne språkform utan at rim, rytme og andre kunstnarlege verkemiddel vert skadde. Ein måte å løysa denne knuten på, er å laga ei ny attdikting, noko NoS gjer med fleire av salmane i materialet. Dei fleste nydiktingane har ein namngitt opphavsperson, men stundom er jamvel større endringar i salmeteksten berre markert med ein firkant i kjeldeopplysningane over salmen, noko som viser til redaksjonen av boka. Somme av salmane i NoS viser liten slektskap med forgjengarane. Dette gjeld ikkje minst dei salmane som er omsette på nytt frå latin og ikkje har vore med i norske salmebøker

²⁵⁶ Sørbo, 2018, s. 70-71.

sidan K. Men også salmar som er med gjennom heile den norske salmesoga, opptrer i ny fasong i NoS.

Eit døme på ei ortografisk endring som får følgjer for rimet, og dermed for heile oppbygninga av strofa, finn vi i salmen «Jesus, dine dype vunder» (NoS120). K har linjeparet: «Paa din Pine/ som forbyder / Mig at drifve Skjemt med Lyder» (K30,1); det same har L. Forma «lyder» er vanskeleg i ein brukstekst på 1900-talet. LR korrigerer ortografien, til skade for rimet: «På din pine, som forbyder / Mig at drive skjemt med lyter» (LR301,1). Nyn skriv om: «Det skal syndehugen kjøva: / Dine sår med synd ei høva» (Nyn242,1). Bokmålsteksten på NoS120 vel også omskriving, eller nyomsetjing: «og da kan jeg ikke drive / lettvint lek med syndelivet» (NoS120,1). Her er det god korrespondanse i det referensielle mellom den eldre omsetjinga og den nye. I str.2 der det gamle rimet heller ikkje passar, er løysinga vanskelegare å forstå: «Saa kand jeg i Andagt blifve/ Og hver Vellyst-Vind fordrifve» (K30,3; L og LR har «alvor» i staden for «Andagt») blir «Når ditt blick mitt øye binder, / verdens lyst og glede svinner» (NoS120,2). Jesu blick er elles ikkje omtala, det er salmens eg som ser den lidande Kristus, og det gjer synda mindre attraktiv. Linja «Ingen fiende skader meg» (LR301,5, og i L) har ei staving for mykje, noko ein løyser ved å dra «fiende» saman til to stavingar når ein syng, utan at apostrofen er brukt. NoS120 skriv om: «Ingen makt kan skade meg» (NoS120,4). Det kan vera skilnad mellom «fiende», som i samband med synda gjerne vil visa til Satan, og det meir uspesifiserte «makt». Dei to begrepa kan både peika i same lei og til kvar sin kant. Ein ser her korleis det ein gjer for å retta opp eit rim som har gått ut på dato, eller skifta ut ord som verkar forelda, får konsekvensar for oppfatninga av salmens innhald og referensialitet.

Mange av salmane i NoS er kortare enn i føregåande bøker. Men det er også døme på det motsette. *Te Deum* (NoS261) er like lang som i K og L, her har både LR og Nyn kortare salmeversjonar. Salmen «Vend bort din vreide» (NoS238) har ei strofe meir i

denne salmeboka enn i dei andre. NoS viser i det heile ei svært sjølvstendig handsaming av materialet, både ved omskriving og nydikting og ved redigering av strofetal og stroferekkefølgd.

Det vanlegaste er at stavingstal, rimmønster og rytme går vidare frå bok til bok, særleg gjeld dette frå L og utover (i gjeldande materiale). Men det er også her døme på avvik. NoS 34/35 har ei staving mindre i andrelinja enn dei eldre parallelltekstane.

Du være lovet, Jesus Krist,
At menneske du blev for visst
Og kommer som vår broder kjær;
Ti gleder sig all himlens hær.
Halleluja! (LR 118,1, mi utheving).

Du være lovet, Jesus Krist,
menneske du ble for visst
og kommer som vår broder kjær;
nå gleder seg all himlens hær.
Halleluja! (NoS 34,1, mi utheving).

At opptakten i andrelinja blir fjerna i NoS, gjer at første stavinga i denne linja får ekstra sterkt trykk, og teksten verkar stivare, og mindre dansande glad enn i LR. I kveldssongen «Den ljose dagen liden er» (NoS803; Nyn657; i begge bøkene er Støylen kreditert som omsetjar) er stavingstalet redusert i andre linja i strofa. Det fører mellom anna til at Kristus, «guddomsljoset klårt», «som evigt for alle vil lysa» (Nyn657,2) i NoS berre lyser for oss: «som evig for oss vil lysa» (NoS803,2), endå eit døme på at endringar i stavingstal får konsekvensar for vektlegging og meining.²⁵⁷

Vidareføring av enderim er det vanlegaste i NoS, men det er døme på brot i rimmønsteret. I NoS263 lar str. 4 rimet fara i tredje linja (endå ein kunne tenkja ei løysing med «holder stand»):

O Hellig Ånd, vår trøster sann,
all sannhet du oss lære,
så vi ved Ordet holder fast
og lever til Guds ære! (NoS263,4).

²⁵⁷ Andre døme på at stavingstalet er endra, finn vi i «Nevervisen» (K113; NoS846) og i NoS140 der sistelinja i strofa er to stavingar lenger enn i Nyn231 og har ei staving meir enn L308 og K155.

I ein salme som elles for det meste har eit fast rimmønster, kan eit avvik som det over, lugga noko hjå den som les eller syng. Men det er ein effekt i seg sjølv og treng ikkje vera korkje negativt eller uønskt. Heller ikkje førstestrofa i denne salmen har opplagte rim.

Ein forventar store endringar i det formmessige i dei salmane i materialet som ikkje har noka historie mellom K og NoS. Men det er døme på større endringar på det bokstavlege nivået også i salmar som K og NoS ikkje er åleine om. «Du Herre Jesus, Gud og mann» (NoS834; «HERre JESu Christ sand Menniske og Gud» K41), opprinneleg ein tysk salme, har fått sekslinjers-strofer i den nye versjonen i NoS, medan K og dei andre har strofer på fire linjer. Det er parvise enderim i alle tekstversjonane, aa, bb (samt cc i NoS). Salmestrofene har fire linjer i dei andre fire bøkene, men strofetalet er ulikt i dei alle: K har tolv, L ti, LR fem, Nyn sju og NoS tre strofer (men desse er altså noko lenger enn dei andre). Materialet i strofene i NoS kan finnast att linje for linje i dei eldre tekstversjonane i materialet, men utvalet av linjer er nytt, og somme formuleringar endra. Mykje av salmen er blitt borte frå K til NoS, men det er stor slektskap i biletbruken på det som står att. NoS nemner likevel berre Ørjaseters namn som omsetjar frå tysk.

Salmen «Vreidedagen, han skal renna» (NoS252, *Dies irae, dies illa*) finst også i K og L, men med ei heilt anna strofeform enn i NoS. K266 og L573 har sju-linjers strofer med rimmønsteret aBaBccX; stavingstalet vekslar mellom åtte og sju i linjene (8 7 8 7 8 8 7); versefoten er jambisk. NoS har trelinjers strofer som alle har åtte stavingar med trokeisk versefot og enderim AAA (for det meste konsekvent gjennomført). Dette gir ei oppleving av framhald; her er ingen pustepausar i strofene, ein fell ikkje til ro mot slutten av noka linje eller strofe; noko som korresponderer godt med dommedags-temaet.²⁵⁸ Her har NoS funne attende til trelinjersstrofa i den

²⁵⁸ Eit anna døme på større formmessig ulikskap finn vi til dømes i «O Guds Lam! uskyldig» som er sett opp med tre strofer i NoS (148 og 149), medan salmen i alle dei eldre salmebøkene er sett opp ustrofisk.

latinske teksten, slik også LR: «Dommens dag med vredes torden» (LR90) og Nyn: «Vreidens store dag skal renna» (Nyn67) har.

Revisjonen av Luthers salme «Mit Fried und Freud far ich so hin», basert på forteljinga om Simeon i templet i Lukas-evangeliet kapittel 2, viser at det lydlege er meiningsberande, også når det er tale om teksten, og ikkje berre melodien til salmen.

Bakgrunnen for salmen er at Simeon har fått oppfylt sitt største ønske, å sjå frelsaren, og er no klar til å forlata verda.²⁵⁹ Luther formidlar i salmestrofa, ved bruk av bilete, klang og rytme, det stillferdige i Simeons glede før han overgir seg til svevnen i døden:

Mit fried vnd freud ich far dahin/
in Gottes wille,
Getrost ist mir mein hertz vnd sinn/
sanfft vnd stille/
Wie Gott mir verheissen hat
der tod ist mein schlaff worden
(Luther, 1545).²⁶⁰

MEd Glæde og Fred far jeg nu hen,
Aldt efter Guds Villie/
Med et frit Mod fra denne Verden
Vil jeg nu skilles/
Efter de Ord/ som Gud hafver lofvet mig/
Døden skal min Søfn vorde
(K117,1).

Luthers «sanfft vnd stille» er lydleg fullstendig i harmoni med Simeons fredfulle og fullnøgde tilnærming til døden. Landstad følgjer opp både innhaldet og den diktarlege stemninga (Nyn har Landstads tekst; LR har ikkje salmen med), men NoS skil seg ut.

Med Fred og Glæde far jeg hen,
Ske nu Guds Vilje!
Mit Hjerte trøstet er igjen,
Let og stille.
Som mig Gud forjættet har,
Min Død en Søvn er vorden (L162,1).

Med fred og glede lar du nå
din tjener fare.
Du vil når herfra jeg skal gå,
meg bevare.
I ditt ord du lover meg:
Selv døden er en vinning (NoS802,1).

Jamvel om K ikkje er like elegant som korkje Luther eller Landstad, er innhaldet

²⁵⁹ I følgje evangelisten Lukas seier Simeon: «Herre, no lét du tenaren din fara herifrå i fred, slik som du har lova. For mine auge har sett di frelse, som du har gjort i stand like for andletet på alle folk, eit lys til openbering for heidningane og til ære for folket ditt, Israel» (Luk 2,29-32).

²⁶⁰ NNSL, 2012, s. 516. Alle sitat frå Luther-salmane (tysk originaltekst), er frå *Nytt norsk salmeleksikon*.

hovudsakleg det same i dei tre eldste salmeversjonane over. NoS er annleis på fleire måtar. Paulus' ord om at å døy er ei vinning (Fil 1,21) erstattar biletet av døden som svevn. «Sanfft vnd stille» eller «let og stille» er erstatta av «meg bevare» (NoS802,1) som både lydleg og semantisk er meir «bastant» og bryt med den stillfarande stemninga Luther etablerer i teksten og Landstad tar vakkert vare på.

Også salmens plassering i salmeboka kan ha innverknad på korleis han blir oppfatta. "Med fred og glede" (NoS802) er i NoS plassert mellom kveldssalmane. K og L har salmen mellom kyrkjeårssalmane, K på Mariæ Renselsesdag, L på sundag mellom jul og nyttår, altså knytt til dagar då teksten frå Lukas-evangeliet blir brukt. NoS vel å plassera salmen under «kveld» av omsyn til den gamle liturgien der Simeons lovsong er fast innslag i kveldsbøna (*kompletorium*) og legg ikkje vekta på den semantiske slektskapen med døden («Min Død en Søvn er vorden, L162,1), eller tradisjonen frå dei eldre salmebøkene som knyter salmen til kyrkjeåret.²⁶¹ Det er dei innvigde som forstår denne plasseringa, ikkje dei kyrkjeframande, endå koplinga mellom svevn og død elles er velkjend, og kvelden som overgangsfase difor fungerer biletleg.

Ein del salmar får endra opning. «Vi Christum lofve hver og Een» (K147) opnar i L: «Saa langt som Himlens Hvelving naar» (L295) og i NoS: «Der sola renn i himmelrand» (NoS114). NoS har også ei heilt ny omsetjing av denne latinske salmen, og ei strofe meir enn L (men like mange som K). Kingos «Hører Verdens Øer hører» (K225) var omgjort til ein trestrofers salme alt i L (str. 8-10 i originalsalmen). Denne har hatt ulike opningslinjer i alle versjonane sidan: «Søde Jesu, kom at røre» (L18), «Herre Jesus, kom at røre» (LR10) og «Jesus, åpne du mitt øre» (NoS408). Denne salmen har også eksempel på at ein stundom vender attende til originaltekstens formuleringar; Kingos «Synd og Sickerhed» (K225,9) som også L nyttar, men LR endrar, er tilbake i NoS. Ambrosius-hymnen «O du Trefoldig Enighed» (K252), «O

²⁶¹ Grøm, 2012, s. 518.

hellige Treenighet» (LR825 og L85; ikkje i Nyn) er i NoS omsett til nynorsk «Du sanne lys, Treeining sæl» (NoS800) og har fått ny byrjing.²⁶² Men stavingstal, strofetal, versfot og rimmønster er det same i alle fire bøkene.

Kingo-salmen «O kiere Siæl/ luck op din Mund» (K268) som er sterkt redigert i alle bøkene (ikkje med i Nyn), byrjar ved str.2 i LR. Her vel NoS å gå tilbake til den opprinnelege opningsstrofa (men sterkt endra. NoS utelet str. 2 som LR byrja med), med ei anna, meir kollektiv, opningslinje: «Guds menighet! Lukk opp din munn». Somme byte verkar uforståelege, til dømes endringa av rekkjefølgda i oppramsinga «Saa Siæl og Aand og Legem maa» (K 268,10 og i alle dei andre) til «så ånd og sjel og legem må» (NoS677,6); kanskje vurderer ein at «så ånd» er lettare å syngja enn «så sjel». Somme stader går endringane likevel i retning mot K i staden for LR. Underleg nok markerer ikkje tekstopplysningane i salmeboka at teksten er redigert endå salmen (NoS677) er svært endra, både i forhold til originalen og tekstversjonane framom NoS. Medan L viste stor vyrdnad for Thomas Kingos tekstar, er det ingen pietet å spora i NoS, jamvel om denne boka i enkelte høve vel å gå tilbake til Kingos opprinnelege formuleringar heller enn å tradera LR.

NoS har ikkje gjennomført ei konsekvent språknorm, korkje for bokmål eller nynorsk, men språket er ofte modernisert i forhold til tidlegare salmebøker. I nynorsktekstane er til dømes former som «harpor», «uppi» og «um» bytte ut. Det finst døme både på at infinitiven i nynorsk er endra frå a til e (til dømes NoS230), noko somme vil meina er ei bokmålstilnærming, og på at a-infinitiv er brukt (NoS88). Både «vi» og «me» er nytta i materialet. Mange stader er i-målet blitt ståande (NoS32; 37; 88) endå det nok vil verka arkaisk på mange. Dette kan hengja saman med at revisjonen meiner at å byta ut i-målet kan endra vokalklangen og stilen i salmen for mykje. Enkeltord som ein trur verkar gamalmidige eller lite forståelege, vert forklarte med stjerne dersom dei står i

²⁶² NoS har eit register bak i boka over salmar med endra byrjing.

ein slik posisjon at det er vanskeleg å byta dei ut, til dømes "frid" som er eit rimord i NoS88,2. Dei kan også bli skifta ut: «huggar» (Nyn26,1 - K93) blir bytt ut med «trøystar» (NoS323,1); «velsemd» (Nyn26,3) med «ros» (NoS323,2).

Også nyomsette nynorsktekstar kan ha uvanlege og alderdommelege former, til dømes NoS839 som nyttar rimparet «bodar» - «rodar» (NoS839,2; «bodar» tyder «ber bod om», «rodar» tyder «rodnar, raudnar») og «gådde» (str. 5 som vert forklart med stjerne i margin som «såg, merka»). Former som «turk» (NoS 361,3), «jol» (NoS 32,1) og «jolegleda» (NoS 8,3;) er brukte i NoS. Ljos er ei vanleg form; jamvel «ljosesens born» som er ei ny formulering i NoS. Og vi finn «yrkja», «kvild» og «me natti fær» (NoS 803,4).

I bokmålstekstane er former som «nu», «dig», «efter», «ti» og så bortetter oftast skifta ut. «Nu bør ei synden mere [...] Ti jeg i dåpen er» (L511,1) vert «Nå bør ei synden mere [...] For jeg i dåpen er» (NoS407,1). Men den same strofa i NoS held på formene «taget» og «forsaget». NoS134 brukar «nu» (str 1). Ordet «stetse» (LR511,2) er skifta ut med «stadig» (NoS407,3). Derimot er «undertrede» (NoS407,3) bevart. «Fanget fred» (LR21,3) blir «vunnet fred» (NoS263,3). Det er også døme på at «blev» blir verande (NoS91,4). «Å sie» er ikkje oppført som form i bokmålsordboka; «Vet litt om Gud å sie» (NoS91), og har eit munnleg preg. Likeins finst den arkaiske forma "sinne" som er kjend frå faste uttrykk: «Dog vil han fri i sinne, / mot sine Fiender gå» (NoS134,3; songen krev samantrekning av trestavingsordet «Fiender» til to stavingar for å høva rytmisk, men apostrofen vert ikkje nytta). Også på nynorsk finn vi forma «sinne»: «kan gje meg trøyst i sinne» (NoS458,4). Tilsvarande finst former som «ringe» (for ring på nynorsk; NoS4,8).

Ein ser også at det noko alderdommelege «dog» blir brukt. Forma «kjød» er dominerande (NoS212,4); her kan ein jamføra med diskusjonane om kva ein skulle gjera med det greske ordet *sarx* i samband med siste norske bibelomsetjinga (Bibel

2011) der mange meinte forma «kjøtt» var for naturalistisk og minte for mykje om ferskvaredisken på supermarknaden og for lite om det heilage.²⁶³ Forma «endog» er forsiktig «modernisert» til «enskjønt» i NoS134,1-2. Ordet «prud» er eit godt rimord på Gud, men finst også i andre posisjonar, til dømes i Nevervisen der det har rima på «ud», men no må nøya seg med rimordet «ut» (NoS846,6) og heller ikkje blir forklart med stjerne. Men det er også brukt andre stader, på bokmål og nynorsk (NoS261/262,7; forklart med stjerne som «prektig»). Andre alderdommelege ord er verba «skue» og «rokkes», «rinner» (NoS34,4) og «farvet» (NoS123,4).

Rimorda er sjølv sagt meir krevande å endra enn andre. Den noko gamalvorne forma «gakk» (både i bokmål og nynorsk) for «gå» gir eit kjærkome rimord på «takk». Det er likevel fleire døme på at «gakk» blir bytt ut: «Du ærens konge gakk [...] og ha så evig takk» (LR285,13) blir «min konge, gå av sted [...] Ha takk i evighet» (NoS134,12).

Mange av tekstane i materialet har nynorsk språkdrakt i NoS. Av dei om lag 80 salmane finst 28 berre på nynorsk, ti er dublettar i NoS, det vil seia at dei finst både på nynorsk og bokmål. Fleire av dei nynorske tekstane er mellom dei som er gjendikta eller omsette på nytt til NoS, mellom anna frå latinske førelegg. Somme av desse finst berre i K og NoS og har få likskapstrekk; det som bind dei saman, er altså eit felles opphav. Men også tekstar som opphavelig er skrivne på dansk, til dømes salmar av Kingo (NoS637 og 8) og Sthen (NoS323; 457; 458; 712; 772; 803) har gått vidare i nynorsk språkdrakt i NoS. Faktisk er alle Sthens eigne salmar i NoS på nynorsk, og den nynorske språkdrakta kler biletbruken hans godt.

Nu er der ingen i Verden til/
Min Sorrhig kand fordrifve/
Foruden Gud/ naar hand saa vil/
Hand kand mig Trøsten gifve:
O HÈrre JESu sød/

Det ingen er i verda til
Som all mi sorg kan linne.
Nei, einast Gud, når han det vil,
kan gje meg trøyst i sinne.
Å Herre Krist,

²⁶³ Aschim, 2023.

Hielp mig af ald Nød/
Du taalde for mig dend bittre Død/
Thi lad mig salig blifve (K48,5).

hjelp meg til sist!
Du gjekk i døden for meg visst.
Så lat meg sæla vinne! (NoS458,4).

Omsetjingane tilslører likevel kor meisterleg Sthen brukte det danske språket i hundreåret før den danskspråklege diktetekunsten fekk sitt endelege gjennombrøt. Berre éi omsetjing av Sthen (frå tysk) er på bokmål i NoS, og den er omarbeidd av M. B. Landstad og bearbeida også etter hans tid (NoS842).²⁶⁴ Mange av dei nynorske tekstane kan ein sjølv sagt følgja attende til Nyn, men det er også døme på stor skilnad mellom nynorskteksten i NoS og Nyn, og jamvel eit døme på at NoS har ein salme på nynorsk som Nyn valde å ha på bokmål: «Eit trufast hjarta, Herre min» («Et trofast hjerte, Herre min», NoS458 og Nyn 730) av H. C. Sthen.

Mellom dei salmane som er felles berre for K og NoS i materialet (det er totalt ni slike, dei fleste har latinsk opphav) er det døme på store skilnader på det bokstavelege nivået (det som viser innover i teksten sjølv), og på det deskriptive (det som viser utover til verda ikring). Mellom K269 («Christe du est dend klare Dag») og NoS801 («O Kristus du som lyset er») er slektskapen lett å spora, både sentripetalt (innover i teksten) og sentrifugalt (utover i verda). Latinsk førelegg er *Christe, qui lux es et dies*; NoS opplyser at salmen er omsett til norsk av Sverre Smebye i 1972. Strofetalet er redusert frå sju i K til fem i NoS. Tekstane både i K og NoS har parvise enderim, endå ein del av rima i NoS er av typen «barmhjertighet» - «evighet» (NoS801,3) og «treenighet» - «evighet» (NoS801,5). Medan K har eit ujamnt stavingstal i linjene, er versemålet fast og jambisk i NoS. I K blir dei siste tre stavingane i kvar strofe gjentatt. Men elles er strofene på fire linjer i begge salmeversjonane.

Tibi laus salis sit Christe finst på dansk i K (241) og nynorsk i NoS (197). Her er slektskapet særers tydeleg, og ein vil tru at Smemo, som står som omsetjar i NoS, ikkje

²⁶⁴ Ein kan mistenkja at dei eldre tekstane er gjengitt på nynorsk for å få opp nynorskprosenten. Bokmålet er jo dominant i norsk salmedikting, trass iherdig innsats frå Blix og Støylen med fleire. Sthen står att med berre ein tekst i *Norsk Salmebok* 2013, (nr. 463), og han er kreditert for to omsetjingar der.

berre har sett på den latinske teksten, men også på versjonen i Kingos salmebok då han omsette salmen. Medan sistelinja er noko variert i K, ligg omkvedet fast i NoS. Dei to første linjene rimar parvis (unntatt K241,2), medan den tredje linja er urima. Stavingstalet i linjene er jamt over høgre i K enn i NoS, og ikkje regelbunde.

Skilnaden er mykje større mellom K194 og NoS198 («Til himlen opp för Herren Krist») som begge skal byggja på den latinske teksten *Coelos ascendit hodie* frå 1400-talet. Salmen er omsett til nynorsk av Bjarne Norheim frå ein svensk tekstversjon frå 1819, opplyser NoS. Salmen var omsett til svensk i 1610 av Laurentius Jonae Gestritius og var med i salmeboka i Sverige frå 1695 (og i tidlegare salmebøker, med byrjinga «Upfaren är vår Herre Krist»). Salmen vart omskriven i 1814 av Johan Åström og i 1816 av Olof Wallin. NoS viser til 1819 som er året då denne tekstversjonen vart publisert i den svenske salmeboka.²⁶⁵ I 1977 vart salmen omarbeidd av Anders Frostenson, og opplysningane om dei tidlegare bearbeidingane er ikkje med i den svenske salmeboka frå 1986. Salmen har ni strofer i alle dei svenske versjonane, den siste strofa syng svenskane ståande.

NoS-versjonen har ni strofer som dei svenske, og er altså tre strofer lenger enn tekstvarianten i K. Men forma, to linjer med innskot av halleluja mellom, er nokonlunde den same som i K; K har to halleluja medan NoS har berre eitt kvar gong. NoS viser stor slektskap med dei svenske tekstversjonane; på svensk har salmen vore lite endra gjennom alle omarbeidingane. Dette er eit døme på at salmar som har vore borte frå den dansk-norske salmesongen, kan koma attende via andre granneland enn Danmark. Men opplysningane i NoS er for sparsame til å gi eit godt bilete av salmens vandringar mellom landa. Fellesskapet med svensk salme- og songtradisjon tok seg opp utover 1900-talet, noko NoS gir mange vitnemål om.

²⁶⁵ Nisser, 2020, s. 421.

"Klinge skal et jubelkor" (NoS33) har i Lønnings versjon eit langt omkvede som ein ikkje finn i K69 («NU er født os JESUS CHRIST») som berre har femlinjers strofer. Tekstversjonane i K og NoS er svært ulike jamvel om tematikken er den same og eit visst slektskap kan sporast. Den latinske salmen *Resonet in laudibus* finst i ei rekkje former, det gjer også omsetjingane av salmen.²⁶⁶

Mellom dei salmane K og NoS er åleine om, er ikkje berre latinske. "Vi fryder oss av hjertens grunn" (NoS231; "Dig tacke vi/ O HERre Christ", K197), basert på ein eldre tysk salme, er av den norske bonden Peder Matthissøn Ofvid.²⁶⁷ Kanskje er salmen komen med på grunn av opphavsmannen; det er elles få norske forfattarar representerte i K. I NoS er salmen kraftig forkorta. Strofene er skrivne saman og stundom umoglege å kjenna att frå Ofvids penn. Det er parvise enderim i begge versjonane, men omkvedet "Haleluja" i K, finst ikkje i NoS.²⁶⁸ Det er ei og anna formulering i NoS som er felles med K, resten er nytt. Ein kan spørja om det er den same salmen, og om tekstopplysningane i NoS er sakssvarande. Det finst fleire døme på at tekstopplysningane i NoS er sparsame. Til NoS839 vert det opplyst at salmen er omsett av Kr.J. Ørjavik i 1975 og 1979. Men til dømes strofe sju i salmen, er identisk med strofa i Nyn. Til *Nynorsk Salmebok* vart salmen omsett av Bernt Støylen, men hans namn er ikkje nemnt i samband med salmen i NoS. Somme av tekstopplysningane i NoS vier stor merksemd til den siste endringa som er gjort med salmen for NoS, medan det i andre høve mest ikkje blir notert at salmen er omarbeidd, jamvel om desse vølingane kan vera langt meir drastiske enn dei som vert framheva.

²⁶⁶ Bongers, 2013, s. 641-647.

²⁶⁷ Ofvid (1603-1684) var busett i Trondhjems Stift, men var truleg fødd i Sverige eller Danmark. Han er rekna som den første nordmann som fekk gitt ut salmesamlingar. Ofvid er også omtalt i innleiingskapittelet.

²⁶⁸ Salmen er forsynt med ein firkant i tekstopplysningane, noko som fortel at han har vore omarbeidd etter 1648. Jamfør ein K og NoS ser ein at desse omarbeidingane lyt vera store, og det er ikkje tilkjennegitt nokon andre salmebøker denne salmen er brukt i.

3.7 Avrunding

For å oppsummera denne gjennomgangen av NoS kan vi slå fast at endringar av salmane i materialet i NoS er av ulike typar og grader, og det er fleire døme på at det som verkar som tendensar ved revisjonen samla sett, vert imøtegått av einiskilddøme. Somme salmar er omdikta til denne salmeboka og viser i liten grad slektskap med eldre danske tekstversjonar. Andre salmar er berre moderat forandra slik at den tekstlege samanhengen mellom eldste og yngste tekst er god. Det er ei rekkje døme på at salmane blir kortare i NoS, men det er også døme på at NoS har fleire strofer enn tidlegare salmebøker. Plasseringa av salmen i salmeboka kan skilja seg frå tidlegare bøker, og dette kan få konsekvensar for redaksjonen, og forståinga, av salmen, men desse endringane vil få meir merksemd under formell fase der eg ser nærare på tekstmeininga.

Det er fleire døme på at salmens formverk blir forandra; strofene kan bli kortare eller lenger, linjene kan få eit anna stavingstal og dermed ny rytme, og jamvel rimmønsteret kan bli brigda. NoS har ikkje ei fast språknorm korkje for bokmål eller nynorsk. Salmeboka syner klåre freistnader på språkleg modernisering, men brukar samstundes arkaiske ord og former.

Mange av dei trekka som gjeld for NoS høver også for dei tidlegare salmebøkene. Talet på salmar i bøkene er stadig aukande, medan strofetalet minkar. Alle bøkene har døme på nydiktingar av dei gamle salmane. Jamvel om strofeoppbygning og rimmønster oftast ligg nokonlunde fast, hender det at dette er gjort om på, og at strofene får endra rekkjefølgd. Dette kan jamvel henda med til dømes Kingos salmar, som seinare salmebøker ikkje viser den same vyrdnad som Landstad gjer i sine omarbeidingar. Eit døme her er salmen «Om de syv Ord Jesus talede paa Korset», den siste salmen i Kingos salmebok, der LR313 endrar rekkjefølgda på Jesu ord på krossen, ei endring NoS155 reverserer. Alle bøkene freistar å modernisera språk og

uttrykksmåtar slik at tekstane høver med nye tiders språkkunnskap og smak. Men salmespråket er framleis konservativt. Men nesten ingen av tendensane vert ståande uimotsagde i salmebøkene; det er ofte mogleg å finna døme på at revisjonane går motsett veg av hovudstraumen.

Den bokstavelege fasen høyrer til det første innsteget i analysen av salmetekstane og jamføringa av dei ulike versjonane. Ved å studera tilfanget og endringane av dei språklege grunnsteinane, både lydlege og visuelle, oppdagar ein noko av den påverknaden desse elementa har på oppfatninga av salmetekstane og salmebøkene, og ser at jamvel små forandringar kan gi endra forståing og oppleving av teksten. Dette gjeld til dømes både den nye klangen som kjem med den nynorske salmen, og forhold som rører ved meiningsinnhald og stemning, slik som ved Simeons lovsong. Men samtidig som den bokstavelege fasen vender merksemda innover i teksten, vender den andre lesarørsla merksemda utover, til verda ikring.

4. Deskriptiv fase

I den deskriptive fasen ser ein på korleis teksten peikar mot omgivnadene.²⁶⁹ Salmen hentar sine bilete frå ulike biletopos, både av røyndeg og åndeleg art. Det kan vera nyttig å minna om Fryes definisjon på symbol som «any unit of any literary structure that can be isolated for critical attention».²⁷⁰ Denne symbol-definisjonen omfattar langt meir enn gjengse symboldefinisjonar, og er tett på den definisjonen av bilete som eg brukar og presenterte i innleiingskapittelet. Det tillet meg å ta med meir enn bilete knytt til sansekvalitetar, og opnar for tankemessige omgrep og religiøs terminologi. I denne fasen er det registreringa av bilete som står i framgrunnen. Eg freistar få eit oversyn over kva for røyndom biletbruken i salmane peikar mot. Dette er både for å forstå tekstane og den samanhengen salmebøkene står i, og for å få auge på kvar endringane skjer, eller kvar kontinuiteten er stor. Fleire av bileta får ei overført tyding som eg vil peika på og så koma attende til under den formelle fasen. Det er somme område som skil seg ut, og dei vil bli nærare drøfta. Dette vil særleg gjelda dei felte som er utsette for endringar. For samanhengens skuld vil eg ta med somme analysar av teksteksempel der det er naturleg. I dette underkapittelet vil eg freista ordna og presentera dei ulike biletgruppene, og ikkje som under bokstaveleg fase ta bok for bok. Ein del salmar vil dukka opp på nytt fleire gonger i gjennomgangane.

Salmane i *Den forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog* skildrar ikkje dansk-norsk daglegliv på slutten av 1600-talet då K kom ut, heller ikkje landskapet omkring, eller den tids byar.²⁷¹ Berre forhold og element som kan illustrera ei åndeleg eller

²⁶⁹ Frye, 2000, s. 73.

²⁷⁰ Frye, 2000, s. 71.

²⁷¹ Salmar som skal syngjast i eit stort område, som til dømes det dansk-norske riket, og brukast i mange år, kan ikkje vera for tett knytte til eit særskilt grannelag eller eit bestemt tidsrom, som ein konges regjeringstid. Dette kallar Erik Skyum-Nielsen «persistens, forstået som gyldighed i forhold til *tiden* i form af en holdbarhed for nye erfaringer og spørgsmål stillet af nye mennesker eller af mennesker, der forandrer sig» (Skyum-Nielsen, 2014, s. 17).

læremessig sanning, eller fylla ei oppgåve i gudsteneste og andakt, kan brukast av salmediktaren. Salmens føremål er å tena kyrkjelydens undervisning, tilbeding og lovsong. Bibelen utgjer salmens fremste *topos*; salmen forstår seg sjølv som formidlar av Guds ord.²⁷² Gudstenestedeltakarane syng om palmegreiner og oljekvistar, om ørken og fjerne landskap. Men gjennom forkynning, skriftlesing og kyrkjeleg målarkunst- og dekor, vil mange av 1700-talets gudstenestedeltakarar vera kjende med desse referansane og gjerne også med deira sekundære tyding. Dette må likevel ikkje få oss til å undervurdera den krafta bileta kan ha for fantasi og tanke, for sansar og oppleving.

Mange av bileta i salmen er henta frå den røynde verda, men i K er dei i like stor grad henta frå ein åndeleg røyndom som framstår konkret og verkeleg, slik han gjer i Bibelen. Salmen kallar dét realitetar som andre vil kalla metafysikk. Dette premisset må ein godta i arbeidet med religiøse tekstar som salmar, noko Frye også peikar på: «In religion the spiritual world is a reality distinct from the physical world.»²⁷³ Gud er ikkje eit «fenomen» i salmen, han er ein realitet; det same gjeld dei himmelske salar fulle av englar, samt helvetets grufulle tilvære med Satan og hans flokk.

I det følgjande vil eg gjennomgå salmanes referensialitet ved først å peika på sambandet mellom det guddommelege og demoniske, og det menneskelege tilværet. Retninga på sambandslinjene bidrar til forståinga av den andelege verda som salmen målar opp. Vidare peikar eg på bilete frå naturen i vid tyding, dernest på menneskesamfunnet og menneskelekamen. Heile vegen vil eg freista ha eit skjerpå blick på forandringane.

²⁷² Om salmanes forhold til Guds ord skriv Hans Thomissøn mellom anna: «... det er icke den ringeste maade til at rigelige oc Christelige bruge/ øffue/ formere oc beuare Guds Ords salige kundskab iblant oss/ at wi det haffue met skøne Rim befattet udi Psalmer oc Loffsange/ oc Aandelige deilige Viser/ som wi skulle siunge for HERren aff hiertet” (Thomissøn, 1997[1569], føreord).

²⁷³ Frye, 2000, s. 48.

4.1 Axis mundi

Det går ein vertikal akse, *axis mundi*, gjennom salmens tilvære.²⁷⁴ Denne viser forholdet mellom den skapte verda og Gud, og negativt mellom verda og djevelens domene. *Te Deum* som innleier Kingos salmebok, startar lovsongen i tilværets øvste etasje; hjå Gud, kalla «Du stærke Zebaot» (K1,4).²⁷⁵ Der finn ein englar, kjerubar og serafar; profetar, apostlar og «Martyrskaren» (K1,6). Salmen held seg godt gjennom revisjonane, men «Cherubim» (kjeruben) er bytt ut alt hjå Landstad med «Himlens Hær» (L10,2), ein hær som finst i ulike versjonar i dei tre 1900-talsbøkene også. Den militære nemninga «hær» er mykje brukt i salmematerialet. «Hær» er nytta både om store væpna styrkar, og om stor mengde generelt.²⁷⁶ «Martyrskaren» er blitt «dine Vidner» (L10,4) i alle dei andre salmebøkene, ei meir inkluderande nemning enn «martyr» som viser til ein som har lidd, døydd eller er blitt ofra for trua si skuld. Mange av salmane speglar denne vertikale aksene. Og dei gjer det gjennom heile revisjonshistoria, endå det skjer endringar i framstillingane og vektlegginga, ikkje minst på dei lægre nivåa på aksene.

²⁷⁴ «Axis mundi er en religiøs forestilling om at det finnes en vertikal forbindelse i verdens midtpunkt mellom de ulike kosmiske nivåene (underverdenen, Jorden og himmelen). Axis mundi – verdensaksen – representerer en kommunikasjonslinje mellom disse nivåene» (Løov, M. 2021; henta 2022, 1.august). Løov understrekar at omgrepet er ein fagterm og ikkje eit uttrykk som vanlegvis vert brukt i religiøs samanheng.

²⁷⁵ *Te Deum laudamus* er ein oldkyrkjeleg lovsong med uklårt opphav. Legendene fortel at Ambrosius og Augustin spontant laga og framførte songen som vekselsong etter Augustins dåp i 387 (Holter, 2013, s.184). I Kingos *Graduale* (1699) byrjar salmen «O Gud vi lofve dig» (s.1). Slik opnar salmen også i Thomas Kingo: *Vinterparten* (Kingo, 1941, s. 245). Dei første utgåvene av K vidarefører ein gamal prosa-versjon av salmen. Denne vart forboden i 1729 og erstatta med ei ny, rima omsetjing av Luthers versjon av salmen (Kjærgaard, 2003. b. II s. 19).

²⁷⁶ Nynorskordboka: «hær», (2022, 17. november)

Når Sonen skal berga menneska, stig han ned: «Guds Søn er kommen af Himmelen ned» (K35,1 og seinare);²⁷⁷ «Din Jesus er nu kommen ned» (K88,1),²⁷⁸ og englane syng: «Fra Himmelen høyt komme vi nu her» (K57,1 og i dei andre). Ned, frå Gud, kjem det ulike sendingar: «Gif Kraft og Virckning ved dit Ord/ Som Gud os sendte ned paa Jord» (K186,2 og i dei andre). «Du yndig Dug/ fald til os ned» heiter det om Den heilage ande (K186,6; i L, LR og Nyn; NoS har ikkje strofa). Sonen kom ned, englane kom ned for å forkynna om Jesu fødsel, og Anden kom ned. Ei førestilling om Gud som situert «over» finst i alle salmebøkene og kan støtta seg på Bibelen.²⁷⁹ Følgjerett av dette, vil retninga for trua vera oppover (K35,10), likeins vona og bøna (L190,5; LR512,2; Nyn 827,2). Når ein syndar, fell ein; også ei bibelsk førestilling som held seg gjennom revisjonane (K127,2; L394,2; LR609,2; Nyn484,4; NoS238,5).²⁸⁰ Det falne mennesket ligg nede: «Ligger jeg i syndsens Veye» (K167,4 og dei andre); ein tilstand som også gjeld for heile verda: «Verden/ som i Synden laa» (K268,2; L578,2; LR658,1; strofa er ikkje med i Nyn og NoS). Frå synda kan ein stå opp: «O JESU/ lad mig saa/ Af Synden Daglig staa» (K162,11; L347,11; LR340,8; Nyn784,8; strofa er ikkje i NoS173). Biletbruken knytt til søvn, å liggja og stå opp, er også brukt om døden og oppstoda i alle salmebøker.

Kjenslemessig, eller mentalt, er det også ein vertikal akse: «Mit Hierte sig opsvinger/ Oplettet ved din Haand» (K152,13); «O kiære Siæl, stiiig op. Mod Himlens Stjerne-Top/ Triumph og Lof at siunge» (K162,8; i L, LR og Nyn, men ikkje i NoS). Ein bøyer seg for Gud; «Altingen maa for hannem bugne» (K128,2). Samtidig skal ein venda hjarta oppover: «Bøy du/ Vor Hu/ Sind og Fagter/ At vi tragter/ Til det Høye/

²⁷⁷ I NoS opnar salmen: «Guds Sønn er kommet til oss ned» (NoS321,1; likeins i L190,1; LR512 og Nyn827,1).

²⁷⁸ I andre revisjonar: «Vår Jesus er iblandt oss sett» (LR169,1); «I Jesus Kristus til deg kom» (Nyn 135,1); «din Jesus, er iblant oss sett» (NoS91,1). Nedstiginga er altså borte frå dei tre siste salmebøkene som fokuserer på at Jesus er iblant oss, eller «deg», som er «Sion, Jesu brud» (Nyn135,1).

²⁷⁹ Døme på bibelstader som viser Gud som situert «over»: 4 Mos 11,25; Jes 64,2; Joh 3,13; Ef 4,10 m. fl.

²⁸⁰ Døme på bibelstader om å falla i synd: Ordt.19,3; 29,23; Matt 18,8-9; Rom 5,17 m. fl.

Og vort Hierte til dig føye» (K186,7). I L lyder det: «Drag du/ Vor Hu» (L19,7), i LR: «Løft du/ Vår hu/ Fra det lave» (LR38,5) og i Nyn: «Lær meg stunda/ Til det høge» (Nyn24,6). Det er ein sterkare tendens oppover i dei nyare salmebøkene enn i K. (NoS har ein langt kortare versjon av salmen og manglar denne strofa.) I alle bøkene fortel salmen om Anden som blir beden om å koma ned: «O Hellig Ånd, kom til oss ned» (NoS548 og alle dei andre). Biletbruken framhevar den plasseringa langs aksens mennesket må streva etter.²⁸¹

I den nedre delen av aksens finn ein djevelen og helvetet. I Luthersalmen «Vår Gud han er så fast en borg» er biletet med «Verdens Første» som «vil os senke ned» (K128,3) blitt «støte ned» både i L, LR og NoS (bokmål), medan dei nynorske tekstane i Nyn og NoS brukar noko andre bilete: «Og fyrsten for den her,/ kor arg han enn seg gjer» (NoS296,3 og Nyn 196,3). Både den føydale herskartittelen «fyrste» og militære bilete («hær») er trekte inn i framstillinga av djevelen. Men herskartittlar og militærmetaforar vert også brukte om guddommen. Djevelen kan også kallast Satan, orm eller slange i salmematerialet. Den vertikale aksens står seg gjennom salmerevisjonane. Men det er mindre merksemd mot det som dreg ned og er «under» i dei siste salmebøkene, særleg i NoS.²⁸² Eitt døme finn vi i julesongen «Et Barn er født i Betlehem» (K58). K skriv at Jesus var «Uskad af Diefvelen» (str. 6), det same gjer L138,6. Nyn skriv «fri for ormens eiter stod» med tilvising til syndefallet (Nyn94,6), noko som inneber at Jesus var utan synd. LR29 og NoS30 har valt å nytta

²⁸¹ Dette samsvarer med Lakoff & Johnsons teoriar om at det ønskerdige og guddommelege er oppe i metaforverda, medan det vonde er lågt. Lakoff, G & M. Johnson. 2003, s.16-17.

²⁸² Nokre døme på dette finn vi til dømes i revisjonane av K146,2 der «Helfvede/ Død og Diefvelens Vold/ Hafver hand fordrevet for vor skyld» blir «Dødens og Djævelens Magt overvundet» alt hjå Landstad (L512,2, LR22, Nyn37 og NoS265). Thomas Kingo skriv i salmen «See/ hvor nu JESUS træder» om «Ald Satans Pak og Pest» (*Vinterparten*, Kingo, 1941, s.451). I K er bokstavrimet vraka til fordel for «Gift og Pest» (K152,4). L300 og LR285 har same formulering som K, medan Nyn224 har «Satan og hans her». NoS har ikkje strofa med. Der K155,1 og L308 har ei utsegn om at Jesus «Med sin Pine og sin Død/ Han os frelste af Helveds Nød», seier Nyn231: «Han som døydde på ein kross,/ Vann eit evig liv for oss». Denne positive formuleringa av frelsa er vidareført i NoS. LR har ikkje salmen.

delar av Grundtvigs bearbeiding av denne gamle julesongen og unngår både djevelen og ormen og dermed biletbuiken knytt til synd og syndfridom.

4.2 Den skapte verda

Dei eldre salmane er strengt økonomiske i sin handel med bilete frå den delen av verda som ligg omkring kyrkja. Naturen forstått som landskap med fauna og flora, fjell og vatn, himmelkvelv og meteorologi vert ikkje skildra for sin eigen del i K, detaljane er få. Fokus er vendt mot det som tener salmens føremål: Kyrkjelydens undervisning, tilbeding og lovsong. Skaparverket skal ikkje hyllast og tilbedast framfor Skaparen.²⁸³

4.2.1 Himmelrommet, himmellekamar

Over jorda kvelver himmelen seg der himmellysa markerer skilje mellom dag og natt, og vind og vêr gjer seg gjeldande. Både sol og stjerner er nemnde i salmane. Dei fleste gongene er himmellekamane brukte som bilete på Jesus; mellom dei er morgonstjerna: «O Jesu Morgenstjerne/ Som Balsom sødste Lugt» (K53,9). Morgonstjerna blir verande i alle salmebøkene, men balsamen blir borte etter L (1870).²⁸⁴ Morgonstjerna er den klåre stjerna som renn på himmelen når natta er som mørkast, og varslar den nye dagen; eit Messiesteikn i GT.²⁸⁵ Davids stjerne og

²⁸³ GT si formulering om at ein ikkje skal ha andre gudar enn «eg», har bakgrunn mellom anna i grannefolkas dyrking av gjenstandar, ting og fenomen i naturen og personar (til dømes kongar). 2 Mos 20,3 siterer bodet og i v 23 vert det understreka at ein ikkje skal laga seg gudar ved sidan av Herren. 5 Mos 10,12-14.

²⁸⁴ LR45,7: «O Jesus, morgenstjerne,/ Mitt hjertes lyst og lønn»; Nyn195,5: «Min Jesus, morgonstjerna,/ Du livsens ljøs og von»; tilsvarande i NoS361,5. «En Morgenstjerne saa klar og skier/ Fuld af Sandhed og Naade» (K37,1; denne morgonstjerna er med i alle salmebøkene); «Hand er dend Morgenstjerne» (K33,1; LR har ikkje salmen, men i dei andre bøkene er morgonstjerna med); «Jacobs liuse Stjerne» (K73,4; Jakobs stjerne er med i alle bøkene).

²⁸⁵ Op 22,16: «Eg, Jesus, har sendt min engel for å vitna om dette for dykk i forsamlingane. Eg er Davids rotskot og ætt, den klåre morgonstjerna.» 4 Mos 24,17 talar om ei stjerne som står opp or Jakob, noko som har vore tolka som ein Messiasprofeti.

morgonstjerna er metaforar for Jesus, og dei held seg gjennom revisjonane. Stjerna viser også til Ordet: «Ved Ordets Lius og Stierne» (K186,1), eit bilete som står gjennom alle revisjonane.

Sola opptrer som symbol på Kristus, oftast uttrykt gjennom ein simile.²⁸⁶ «Hand lignes ved Solen dend klare/ Som skinner over Verden bold» (K53,3). Her endrast opningslinja i salmen noko etterkvart. Hjø Kingo er det ei passivform; Jesus vert jamført med ei sol av nokon, uvisst kven. L265,3 slår fast at «Han ligner Solen klare», noko LR45 fører vidare. Også Nyn nyttar ein simile: «Han likjest soli klåre» (Nyn195,3), medan NoS361,2 lar det vera ein metafor: «Han er den sola klåre». Soloppgangen og sola er gjerne knytt til oppstoda: «Som den Gyldne Sool frembryder» (K167,1); ein Kingosalme der dette biletet står fast gjennom alle revisjonar. Kingo nyttar sola som metafor i ein annan påskesalme: «Guds Søn vor Sool er oppe» (K162,2); også i denne Kingo-salmen held biletet seg gjennom revisjonane. Eg kan ikkje sjå at «sol» er nytta som metafor for Messias eller Kristus på same måten som «stjerne» er det i bibeltekstane. Dette kan kanskje vera noko av grunnen til at «sol» ikkje i særleg grad er brukt metaforisk om Jesus i dei eldste salmane. Nyare versjonar av dei eldre salmane, og yngre salmar, er mindre bundne av formuleringane i Skrifta og kyrkjelæra; dei opponerer sjølv sagt ikkje, men dei er meir diktarleg frie i biletbruken.

Salmane refererer i liten grad direkte til sol og måne og stjerner som lyskjelder på himmelkvelven, og når det skjer, er det gjerne i morgon- eller kveldssalmane som det er få av i K. Dette vil vera ein biletbruk som aukar gjennom salmebøkene fordi fleire av døger-salmane blir tekne inn. Kingos salmebok for gudstenesta skulle følgjast av ei salmebok for hus og heim, og der hamna til dømes Thomas Kingos salmar for

²⁸⁶ «Metaforen har mye til felles med *similen*, men i en metafor skjer sammenligningen uten ordene *som* eller *lik*. Med en simile blir en ting sammenliknet med noe annet, og med en metafor blir en ting satt i stedet for den tingen som skal beskrives.» Jan Grue. [metafor – Store norske leksikon \(snl.no\)](#) henta 01.08.22.

morgon og kveld frå *Aandelig Siunge-Koor* (1674 og 1681).²⁸⁷ Mange av desse salmane kom sidan inn i kyrkjesalmebøkene og har framleis plass i den norske salmeboka både frå 1985 og 2013. I desse salmane refererer sol og stjerne, og jamvel månen, oftast til seg sjølv, som lys på himmelen, men også som symbol for tidas og livets gang.²⁸⁸ Dette er nok eit døme på at bileta og det dei representerer, ikkje lenger berre blir henta direkte ut av Bibelen.

Kingos påskesalme «OP Siæl/ bryd Søfnen af» har følgjande oppmoding: «O kiere Siæl/ stiiig op/ Mod Himlens Stjerne-Top/ Triumph og Lof at siunge» (K162,8). Gleda over oppstoda har ei tydeleg retning oppover, og her fungerer stjernene som retningsvisarar og høgdemålarar i jubelen. Biletet følgjer salmebøkene fram til NoS som ikkje har strofa med. Ein særleg similie finn ein i adventssalmen «JEG vil mig HERRen lofve» (K53) som brukar både sol-biletet og morgonstjerna om Jesus, men også om menneskelekamen:

[...] Min Siæl gjør du saa reene/
Naar Jeg for Dommen staar/
Som Guld og Ædelsteene/
Legemet som Solen klar» (K53,9).

[...] Når domarluren lyder,
gjer du mi sjel så rein
og ånd og lekam pryder
som gull og glimestein (NoS361,5).

Salmen jamfører menneskelekamen framfor dommen med sola, slik Jesus er som sola. Det sæle mennesket er som Jesus, også kroppsleg. Dette er er vidareført i L og LR, men i Nyn er det sjela som er rein: «Mi sjel som soli rein» (Nyn195,5), medan ånd og lekam er prydde «Som gull og glimestein» (Nyn195,5). I NoS er jamføringa med sola borte. Månen har ingen plass i salme-materialet.

²⁸⁷ *Den Forordnede Huus-Andagts Psalme-Boog* 1703 har mange av Kingos salmar, men vart aldri nokon salssuksess. Få kunne kjøpa meir enn ei salmebok, og kyrkjesalmeboka var den viktigaste. Det var dessutan fleire og større salmebøker i omløp for dei som hadde pengar til slikt. (Malling, 1978, s. 226-228.)

²⁸⁸ NoS har meir enn 50 salmar til «dagens tider», rett nok med eit avsnitt med måltidsvers mellom «morgon og kveld». Her finn ein alle himmellekamane representerte, sola aller mest. Men også månen er med: «No skin den ljose månen/ frå klåre himmelblånen, / og stjerner lyser bjart» (tekst av Matthias Claudius, 1779; omsett av Arve Brunvoll, 1978; NoS810).

4.2.2 Lys og mørke. Dag og natt. Eld

Motsetnaden mellom lys og mørke er sentral mellom salmens bilete. Sjeldan er det tale om ei sansbar lyskjelde som ein konkret lampe eller eit lys, i dei aller fleste tilfelle er lys- og mørkebileta knytte til åndeleg røyndom. Dette er forankra i Bibelen, i Jesu eigen tale om seg sjølv som lyset for verda, om menneska som sit i mørket til dess lyset frå Gud strålar over dei og så bortetter. Difor kan også natta opplyst, både den konkrete natta over Betlehems-markene: «Natten er både lius og klar» (K34,7), og i overført tyding: «Som liuser for os ved Midnats Tiid» (K69,4).

Lysmetaforikken er knytt til synssansen som anten fungerer eller er blinda. I salmen er det tale om det ein kan kalla overførte tydingar, som til dømes når lyset opplyser tanken: «Opliuse Sind og Tancke» (K88,3). I denne salmen er «Vanvittighedens Mulm og Mørck» stort på jorda. «Folck gaar som i en taaget Ørck/ Veed lit af Gud at sige» (K88,3). Dette er Thomas Kingos eigen salme og han brukar bilete som gjeld syn og blindskap, lys og mørke gjennom heile salmen. Alle salmebøkene har salmen, men Nyn135 kuttar strofe to som handlar om «Vanvittighetens Mulm og Mørck» som LR169 og NoS91 omset med «Vankunnigheten tung og mørk», ein motsetnad til den opplyste tanken i strofa etter. Noko av lysmetaforikken er også borte frå NoS.

Det ævige Lius gaar nu her ind/
Som gifver ald Verden et nyt Skin/
Som liuser for os om Midnats Tiid/
At vi kunde kiende vor Fader saa bliid.
Kyrie eleis (K69,4).

Strofa over er frå ein julesong og byggjer på Messiasspådomen i Jes 9,2 der dei som er i mørke og dødsskuggeland, ser eit stort lys som strålar fram. Samtlege seinare salmebøker i materialet har med denne Luther-salmen og brukar Landstads biletsversjon: «Nu rinder op med hellig Glans/ Udover Verden Lyset hans» (L133,4).

Det er fleire uvanlege «lyskjelder» i salmematerialet: «Din Krybbe skinner aabenbar» (K34,7) påminner om eldre måleri av evangeliets juleforteljing der kunstnaren nettopp lar lyset, som han treng i biletet sitt, koma frå krubba og det vesle barnet.²⁸⁹ «Mørckhed maa ey komme der til/ Saa skinner Troen uden Tvil» (K34,7);²⁹⁰ «Denne Tro hielper os for Gud alleen/ Om vi hende i Hiertet bevare/ Hun gifver fra sig et saadan Skin» (K35,10); trua lyser gjennom salmerevisjonane heilt fram til NoS321 der lyset frå trua er borte. Ordet, som er prøvd ved krossen, «liuser i alle Lande» (K49,5), eller «langt om Lande» (L497,5 og tilsvarande i Nyn404,5). Men i NoS «skin det for vårt hjarta» (NoS544,2) noko som gjer ordets rettesnor til noko som først og fremst er noko innvortes, og ikkje noko som er for omgivnadene. Føregrip ein den formelle fasen, kan ein seia at Ordet går frå å vera rettesnor i «alle lande» eller i samfunnet, til å bli ei intern sak for «vårt hjarta». Det kollektive pronomenet «vårt» viser at dette gjeld fleire, kanskje er det kyrkjelyden eller ein fellesskap av truande, og indre forhold, «hjarta». I neste omgang kan ein diskutera om dette er ei vending som samsvarer med det moderne samfunnets syn på kva rolle «Guds ords lys» forstått som samfunnsnorm, skal ha.

I nært samband med himmellysa er elden som kan vera øydande og rensande, «man prøver Sølf med Ilden vel/ Saa vorder det klart befunden» (K49,5), men han gir også varme og lys.²⁹¹ Elden kan både vera trøyst og trugsmål innanfor salmens horisont: «Ild og Vand opsluge mig» (K167,8);²⁹² «Stoor Skræck skal være da forsand/ Naar

²⁸⁹ I Støylens omsetjing av denne salmen, som både Nyn og LR og NoS har med, lyder det: «Klårt di krubba skina kan/ Ljoset nytt i natti rann» (NoS1,6). Orda er nye, men biletet frå K er det same: Lyset sigrar over mørket, jamvel midt på natta vert det lyst. Det er det overnaturlige lyset som ikkje følger døgeret, men skin opp når ein minst ventar det.

I eldre måleri med julemotiv frå stallen, er det ofte barnet i krubba som er lyskjelda. Til dømes måleria av «Hyrdanes tilbeding» og «Tilbeding av Kristus, barnet» av Gerard van Honthorst ca 1620.

²⁹⁰ Medan det er trua som skin i K, og L skriv at «Troen mødes der med Gud» (L141,8), lar Støylens tekst trua vera det som alltid ser lyset: «Trui alltid ljuset ser» (NoS1,6).

²⁹¹ Elden som prøve på og reinsing av dei edle metalla, finn vi også i L498, Nyn404 og NoS544 som har salmen. I L og Nyn gjeld reinsinga både sølv og gull, i NoS vert sølvet reinsa sju gonger som i L og Nyn.

²⁹² Biletet er vidareført i dei seinare salmebøkene. I Nyn nyttar Blix det allittererande biletparet «eld og alda» der «alda» er eit namn på den store havbåra; eit slåande og storslått bilete.

alting smeltes bort i Brand/ Som Peder om formælder» (K266,1) heiter det om Jesu gjenkomst. Den skremmelege og øydande elden finn ein att hjå Landstad (L573) og i Nyn67 og NoS: «Vreidedagen han skal renna/ og til oske verdi brenna» (NoS252,1) medan LR90 unngår logane. Også Jesu pinsler blir knytte til elden, som når lammet blir «For vor Skyld steegt og dødet» (K163,5). Jamvel om dei andre salmebøkene også omtalar smerta, lar dei ikkje lammet steikja; dei mest voldsame bileta vert dempa.

Det å bli kveikt, eller tend, kan vera positivt. I kveldssongen «Dend Liuse Dag forgangen er ber songaren til «det ævige Guddoms Lius»: «Kom til os i vort Hiertes Huus/ Med din Naade os optænde/ Glæde os Gud i Himmerig» (K120,2). Denne salmen av H. Chr. Sthen har NoS 2013 ikkje valt å vidareføra. Salmen brukar lys og mørke som konvensjonelle bilete på dag og natt. Samstundes er Gud det lyset som held stand når dagslyset vik, dette er ein biletbuk vi også finn i Bibelen. Gud var lyset for israelsfolket i ørkenen, han lyser med sitt ord (Sal 119,105) og han er lyskjelda som skin dag og natt i æva (Op 22,5). Desse bileta nyttar også nyare salmebøker.²⁹³ Ein finn ei rekkje lys-mørke-bilete i salmematerialet, og dei held seg for ein stor del godt. Medan bilete av destruktive krefter i naturen, som somme sider ved elden, vert dempa, held dei lyse og positive seg betre gjennom revisjonane.

Forhold som gjerne blir framstilte som mørke, er grava og døden: «Udi Gravens mørcke Land» (K167,6); «Udi Dødsens mørcke Vraa» (K167,3; der Kingo i *Vinterparten* har «fæle Vraa»)²⁹⁴ Elles blir natt og dag brukt nærast synonymt med tid: «Baade Nat og Dag giøres mig saa lang/ De agter min Glæde at spilde» (K48,3);

²⁹³ Om Guds ord heiter det: «Lad det som Liuset brænde» (K186,2). «Opvarm mig med din Naade Glød/ Og gjør mig trøstig i min Død» (K199,10) vert det bedt i «Nu nærmer sig vor Pinze-Fest».

²⁹⁴ Kingo, 1941, s. 514 [647]. Alle salmebøkene kallar grava mørk. Str.3 i K er berre vidareført i L(346) og Nyn(265), og mørket er med begge stader.

både her og i fleire andre døme er personifisering eit nytt verkemiddel.²⁹⁵ Dagen er knytt til sola, og når sola tar dagen med seg og går, kjem mørket med sitt følgje: «Solen med Dagen gaar os fra» (252,1, noko endra i seinare salmebøker). Det er også vist til andre tidsrom, til dømes året, men ikkje alltid som eit kalenderår: «Fuld af Ævighedens Aar» (K199,1), på eit vis eit paradoksalt bilete sidan æva nettopp er umålbar tid.²⁹⁶

Ord som «Tiid» og «Ævighed» er hyppig brukte i salmane. Stundom er dei brukte saman. Ofte er «tid» eit ord som står umarkert i teksten, men stundom er tida nærare bestemt som til dømes «ved klaren Dag», «Som liuser for os om Midnats Tiid» (K69,4) eller det kan vera ei tid med spesielle prøvingar: «Var Gud ikke med oss denne Tiid» (K84,1). Bestemte periodar av året er nemnde, til dømes juletida, «I denne Paaskes glædelig Tiid» (K166,5) eller «Nyt-Aar». Tida er likevel noko som er avgrensa, noko som tar slutt: «Ald min Tiid ud» (K93,2; Nyn26 og NoS323 har ein nokså ulik versjon av denne salmen), «Det er forvist paa Tiden snart» (K266,1)²⁹⁷ i «Dødsens Time» (K73,6, bevart i alle revisjonane). Tida kan vera ei «Naadelig Tiid» (K58,9; «Naadens Tid» i L138, men «glade joletid» i Nyn116,9). Menneskets tid på jorda er avgrensa og har ulik «farge», prega av kyrkjeåret og kalenderåret, av døgerets syklus som innbyr til kvile eller arbeid, og til det mennesket opplever av mot- og medgang. Dødens stund avsluttar det heile. I motsetnad til tida som har ende, står æva, som ikkje tar slutt. Ord som «Ævighed», «ævindeligh», og «ævig Tiid» går

²⁹⁵ I L er brukt ei passivform: «Mig Nat og Dag de gjøres lang» (L119,3), medan det i dei andre er ein rest av personifisering i og med at dagen og natta «fer»: «når dag og natt så tungsamf fer» (NoS458,2) utan at dette er noka påfallande ordlegging sidan vi heile tida talar om at sola går opp og ned, at kveldsmørket sig på og så bortetter.

²⁹⁶ «Ævighedens Aar» er berre brukt i K; dei andre knyter det evige til Anden: «Du som en evig, mægtig Gud» (L421 og Lr419) og «Du som frå æva utan slutt» (Nyn323). Strofa står ikkje i NoS.

²⁹⁷ «Det snart forvist paa Tiden er», skriv Landstad (573,1) om dommen som nærmar seg. Dei andre salmebøkene talar om ein bestemt dag: «Dommens dag med vredes Torden» (Lr90,1); «Vreidedagen, han skal renna» (NoS252,1; «Vreidens store dag» i Nyn67,1).

att i salmane. Dette er uttrykk som gjerne vert sette i samband med Guds eksistens, eller med den lovsongen som skal lyda til hans pris.

4.2.3 Vind, vêr, luft

Det er få referansar til vêrfenomen eller til elementet luft. Skyene er nemnde. Kingo har den «kulsorte Sky» i sin påskesalme (K167,1) som har gått vidare i alle salmebøker. Ved Jesu atterkome og dommedag vil «Christ Guds Søn» koma «I Skyerne med Engle-Fart» (K266,1); denne salmen er heilt omskriven etter L. «Storm og Sluus» (sludd) kan skremma menneske og dyr (K183,7):

Som sig en Fugl
Smuckt udi skiul
I hule Træer forsticker/
Naar Storm og Sluus
I Luften suus/
Mennisker og Qvæg forskræcker (K183,7).

Salmen brukar biletet av fuglen for å uttrykkja korleis Gud i sin nåde vernar mennesket. Denne strofa er borte i Nyn og NoS som dermed taper eit konkret og assosiasjonsskapande bilete. Salmen «O Gud Fader din Soel saa skiøn» (K 234; av N. Herman, 1560, omsett av Hans Thomissøn) følgde salmehistoria heilt fram til NoS der han er borte.²⁹⁸ Salmen veit at Gud gir både sol og regn slik at grøde av ulikt slag kan gro, og livet kan oppretthaldast. Teksten har likevel fleire bønner om godt og lagleg vêr, slik ein også kjende det frå tidlegare kyrkjebønner. Det er interessant å sjå kor detaljert salmebøna er: Ho ber om rimeleg vêr, at hagl og uvêr held seg unna. Snø og blest og sol og regn må koma etter Herrens «befalning», altså i samsvar med den orden som er i naturen. Men salmen går endå meir spesifikt til verks. «NB. Skal der bedes for Soelskin. Siunges dette Vers», heiter det framfor strofe 6; likeins låner

²⁹⁸ Denne salmen er også omtala i innleiingskapittelet.

strofa etter, ord til bøna for regn. I L, LR og Nyn, som alle har salmen, er ikkje strofene spesifiserte for det eine eller andre vêt-ønsket, men alle konsentrerer seg om grøda på marka og korleis klimaet kan påverka det. Denne salmen fell utanfor materialet sidan NoS ikkje har han med. Men han har kanskje fått fornya aktualitet i ei tid med klimatrugsmål og fare for matmangel i verda. Biletbruken viser ein nærleik til det daglege jamvel om det vert uttrykt i generelle ordelag og ikkje i referansar til lokale omgivnader.

4.2.4 Vatn

Vatn opptrer i salmematerialet både som eit trugande og eit velsignande element. I Luther-salmen «VAr Gud ikke med os denne tiid» er vatn noko ein kan drukna eller søkkja i: «Vor Siæl hun gick igiennem det Vand/ Vi hafde forsiuncket alle Mand» (K84,2). I same strofa er kyrkje-fiendane klare til å slukja «oss» levande: «Saa lefvende hafde de siuncket os ned». Det fårefulle vatnet er vidare i alle salmerevisjonane. Sjela går gjennom vatn både i L555 og LR629, i Nyn og NoS er vassmengda auka: «Og ned i havet søkket oss lukt,/ og i dei stride straumar» (Nyn 496,2); «Da hadde vannets ville foss/ og flommen veltet over oss,/ da gikk vi alle under» (NoS455,2). Havet kan vera knytt til døden: «Det dybe Dødsens Hav» (K167,1 og i alle seinare salmebøker). I ein salme «ved dend daglige Chorsang i Kircken. Mandag Formiddag» ber den syngjande om vern gjennom dagen, mellom anna å bli vakta mot «Ilds Vaade og Hafs Nød» (K278,3). Landstad talar om «Ilds og Vandets Vaade» (L606,3). Seinare salmebøker har ikkje dei første sju strofene av denne salmen med.

Tap av kroppsvæske er eit bilete på forgjengelegdomen i grava: «Orme tære ald min Saft» (K167,8), ei Kingo-formulering som har fått følgja salmen like til NoS172,5. Nyn vender merksemda mot beina som morknar i molda (Nyn265,7) og har ikkje dei

saftslurpande ormane med. Men i same strofa talar alle salmeversjonane om trugande eld og vatn: «Ild og Vand opsluge mig» (K167,8; L346,8; LR341,5; NoS172,5) medan Nyn nyttar det allittererande ordparet «Eld og alda» (Nyn265,7; alde er ei stor havbåre eller dønning). Havet opptrer oftare i materialet i *Nynorsk Salmebok* enn i nokon av dei andre bøkene, noko som blir kommentert fleire stader i dette arbeidet.

Det friske vatnet strøymer og skaper vilkår for grøderikdom både i åndeleg og materiell tyding. Anden er tiltalt som «Du Viisdoms riige Kilde-Væld/ Som fylder hver oprigtig Siæl» (K185,3 og L19,3, men ikkje i seinare bøker), og som dogg: «Du yndig Dug/ fald til os ned/ Velsigne os med Frugtbarhed» (K186,6; L19,6; LR38,4; Nyn24,5). Likeins tiltalar ein Anden slik: «O dyre Balsam/ ædle Saft» (K186,5; biletet er også med i L19,5 og Nyn24,4). Gud vatnar «Bierg og Dale» (K142,4) slik at gras kan gro til mat for dyra. Denne vatninga er vidareført i L (602,3) og Nyn (646,2), men ikkje i NoS. «I store Glæde-strømme» (K88,5) viser truleg til gledestårer som renn når Sion (kyrkja) ser «en Christen Bruud/ Af Hedensk Herre-Dømme» (K88,5). Gledestraumen er intakt hjå Landstad; LR har «takkens kilder» (Lr169,5), men seinare er væskebiletet borte. Vatnet er også knytt til dåpen: «Tack for Daabens hellig Væde» (K167,10), ei av dei anafore takkseingane i Kingos påskesalme «Som dend Gyldne Sool frembryder». Slik lyder det også i seinare salmebøker, men *Nynorsk Salmebok* skriv «livsens fløding» (Nyn265,9) eit uttrykk som vel indikerer strøyming eller fløyming av livgivande vatn. Det er elles ingen reine dåpssalmar med i materialet. Den eldste salmen under «dåp» i NoS, er av Petter Dass (omkring 1700), men ingen av hans salmar hamna i noka salmebok før langt etter dei var skrivne, og dei tilfell difor ikkje materialet.

Væskebileta held seg relativt godt i revisjonane, dei blir ofte tekne vare på og ikkje omskrivne, jamvel om det også kan gå noko flytande med i den generelle nedkortinga av salmane. Blodet høyrer med mellom væskene som spelar ei rolle i salmane, men det vender eg attende til når eg ser på kroppsbileta.

4.2.5 Jord. Mineral

Elementet "jord" er representert ved mold og støv, berg og fjell, og somme metall og mineral, mellom anna stål og edle steinar. Jorda som mold er i tillegg til å vera knytt til grøda, også knytt til forgjengelegdom og veikskap. «Arme Orme/ Støf/ Muld og Aske alle/ Ere vi/ ja svage og daglig falde» (K127,4). I denne salmen vert biletbuken gradvis noko mildare. Først borte er ormen. «Mindes, vi ere Støv og Aske alle,/ Født i Misgjerning, og hver Dag vi falde» (L394,4 og LR609,4); «Du minnest me er mold og oska alle,/ Fødde i synd og daudens born frå fallet» (Nyn484,4, endå ein kan tenkja at «daudens born» ikkje akkurat er eit mildt bilete); «Gud, du må minnast me av mold er skapte/ Veldige Skapar, me for syndi tapte» (NoS238,4). NoS viser til den andre skapingsforteljinga i 1 Mos: «Og Herren Gud skapte mannen av mold frå marka og bles livsande inn i nasen hans, så mannen vart til ein levande skapning» (1 Mos 2,7; 1978-teksten).²⁹⁹ Her framhevar NoS at mennesket er skapt av eit ringt materiale og gir dermed den «veldige Skapar» noko av ansvaret for at mennesket tapte mot synda. Menneska fall ikkje som i dei eldre salmebøkene, men måtte gi tapt, noko som kan underforståast som at dei først stod imot så godt dei kunne.

Støv og mold er elles karakteristisk for mennesket «Hand veed vor Skabning er ringe/ Slet Støv og Muld forvist/ Ret som noget Græs udi Enge/ Og en Urt/ Som Blomstret hafver mist» (K71,3); dette viser tilbake til skapingsakta i GT; samtidig viser det fram mot tilinkjesgjeringa av kroppen i døden slik det vert omtala i gravferdsliturgien.³⁰⁰ Medan guddommen tilhøyrer dei høgare luftlag og himmelen, er altså mennesket knytt til jorda, både som levande og som død. Denne biletbuken held seg gjennom

²⁹⁹ For NoS 1985 er Bibelomsetjinga frå 1978 den som er mest aktuell. I 2011-omsetjinga vert mennesket forma av «støv frå jorda»; også støvet finn vi som «grunnstoff» for mennesket i salmematerialet.

³⁰⁰ Under jordpåkastinga seier presten i Den norske kyrkja: «Første gongen: Av jord er du komen. Andre gongen: Til jord skal du bli. Tredje gongen: Av jorda skal du atter stå opp». [liturgi gravferd 2003 nynorsk.pdf](#) (kirken.no) s.7. Henta 09.01.23.

revisjonane fram til NoS der han vert mildna noko: «Han vet at vi er svake,/ lik gress som visner hen,/ slett intet blir tilbake/ som reiser seg igjen» (NoS297,3).³⁰¹

Molda er gøymestad for den døde kroppen: «Lad kun Jorden mig bedecke/ Orme tære ald min Saft» (K167,8 og seinare; Nyn265,7 nyttar «mold» for «jord»). Jordlegginga kan omtalast som ei såing: «Som Kornet i Mulden hin sorte» (K274,6). Her er jorda venleg framstilt, som grøderik og svart mold med von om vekst; i same salmen har ho også eit «Skiød» (K274,7) som tar imot kroppen, og ho er ein gøymestad for lekamen og vert tiltalt i tillitsfulle vendingar (K274,9). Jesus brukar biletet med kveitekornt som fell i jorda og døyr for så å bera rik grøde.³⁰² Likeins talar Paulus om at det som vert sådd i vanære, står opp i herleg glans.³⁰³ Slik er denne såinga eit bilete på døden og på oppstoda. Resultatet av det eine kornet er betre enn utgangspunktet. Kornet og gøymestaden er bilete som held seg i revisjonane. Salmen «MED Sorgen og Klagen hold Maade» (K274) er elles makaber nok med si skildring av rotnande lik som luktar ille, men dét tar ikkje ein gong Landstad med.

«Jord» er også brukt om eigedom, den jorda ein eig, og som ein kan bruka til å tena sine brør og systrer med slik Gud har bode (K155,10). Men jorda som eit middel til å tena nesten med, altså ein form for kapital som kan nyttast til gagn for samfunnet, er ikkje vidare i seinare salmebøker.

Det finst ulike typar jord i salmematerialet. «Drag mig her udaf Syndsens Dynd» (K266,5) «Dynd» tyder gjørme; «som stofbetegnelse: tykflydende masse, dannet af jord og vand (ofte med bibetydning af urenlighed, snavs)».³⁰⁴ Her er det brukt i moralsk samanheng, men biletet held seg ikkje i salmerevisjonane. Sand er brukt som bilete på det som ikkje lar seg telja: «Mine Synder de ere som Sand i Strand/

³⁰¹ Biletet med mennesket som graset som tørkar og blomstrar av, finn gjenklang til dømes i Jes 40.

³⁰² Joh 12,24.

³⁰³ 1 Kor 15,42-44.

³⁰⁴ Ordbog over det danske sprog. (2023, 2. september)

Mangfoldig som Solen i Strimer» (K73,6). Desse linjene viser også sola si avslørande evne; den underliggjande førestillinga kan vera støvkorna som kjem til syne i striper i solskinet. Desse bileta held seg, og NoS gjer støvbiletet tydelegare: «som støv i solfylt strime» (NoS115,5). Eit anna sand-bilete er brukt av Kingo i morgonsalmen «Nå rinner solen opp av østerlide» som K ikkje har med, men som er fast inventar i dei norske salmebøkene i materialet frå Landstad av: «Utallig liksom sand/ og uten måte/ som havets dype vann/ er Herrens nåde» (NoS773,2). Her er det nåden som er like uråd å få oversyn over, som sandkorn på stranda, og ikkje synda. Ein kan tenkja attende på Abraham som vart beden om å telja stjernene og sandkorna.³⁰⁵

Det vert fleire gonger referert til «Marck», mellom anna som ein stad der dyra lever: «Vilde Diur paa Marcken gaar» (K142,5). Hå Landstad går dei ville dyra i skogen og dei tamme på marka (L602,4), også i Nyn646,3 er villdyra i skogen, dei tamme på enga. Men i NoS712,2 er ikkje dyra plasserte i naturen, men er med i ei summarisk opprekning: «Dyr og fisk og fuglar får/ alt dei treng i sine kår». Ein eldre bruk av «mark» er «særlig om stedet, hvor en hær opholder sig el. der kæmpes».³⁰⁶ «Mark» er slagmark eller kamparena også i salmane: «Marcken vil hand beholde» (K128,2), ei formulering som også NoS har med (NoS295,2).

Berg og klippe kan vera illustrasjonar for Gud som vern og tilflukt (K120,6); ein stein kan vera ei hindring: «Hver Hierte-Steen og stød» (K162). Berget i naturen vert vatna av regnet, og er i den samanhengen ei konkret landskapstilvising (K142). Dessutan er gravsteinar konkrete objekt, både steinen framfor Jesu grav (K162,5 «du besæglet Steen», som er med fram til Nyn) og slike gravsteinar som andre menneske får (K274,2; gravsteinane er ikkje med i seinare versjonar av denne salmen). Berg finst altså i både konkret og overført tyding. Bileta er konvensjonelle og enkle å forstå.

³⁰⁵ Då Abraham var villig til å ofra sonen sin, Isak, sa Gud at han ville velsigna han rikt og gjera ætta hans «talrik som stjernene på himmelen og som sanden på havsens strand» (1 Mos22,17). Lovnaden med stjernene er teken opp att fleire stader i GT. Jakob viser til at Abrahams ætt skulle bli som havsens sand; 1 Mos32,12.

³⁰⁶ Kalkar, 2000, «mark», (2023, 2.september)

Gud er omtalt som ei klippe eller eit berg fleire stader i Bibelen, mellom anna i Salmane i GT som er kyrkjesalmanes utgangspunkt. Klippa eller berget står for det faste og varige, det som ikkje skiftar med v er og vind og ulike tider og moteretningar. Snublesteinen er kjend fr  daglegspr ket, eit av dei mange spr klege uttrykka med rot i Bibelen, b de i bokstavleg og overf rt tyding.³⁰⁷ Men «Hierte-Steen og St d» (K162,6) er ein uvanleg kombinasjon; slike fornyande samansetjingar er eit s rkje i Thomas Kingos dikting. Berre Landstad (1870) tar vare p  strofa og formuleringa fr  Kingo.

Gruver er underjordiske  pningar i jorda og st r i salmematerialet for trugande og  ydeleggjande krefter og tilstandar: «Trods Helvede din Grubbe/ Trods Satans Gab og strubbe» (K162,9). Landstad nyttar «Grube» (L347,9) som ein stad der ein kan falla ned. L og Nyn nyttar «felle» medan NoS har «velde»; det siste biletet handlar om makt og ikkje om fallgruver. Ogs  holer er nemnde, men desse kan ha positive konnotasjonar: «Dine hellige Vunders Huuler» (K183,8), her er det Jesu s r som vert sett p  som holer ein kan g yma seg i, som i det h le treet (sitert tidlegare i kapittelet) der fuglane kan stikka seg bort i uv er (K183,7). Dette er tilfluktsstader og ikkje trugande gap.³⁰⁸

Eit underleg og tilsynelatande paradoksalt bilete er at folk g r som i «en taaget  rck» (K88,2). B de skodda og  rkenen er bilete p  vanskeleg utand rsforhold, saman forsterkar dei kvarandre og fortel om kor villfarne folk er.  rken st r for det som er audsleg, plantefattig og gjerne rikt p  sand. I Kalkars ordbok er « dken» eller « rken» skildra som ein einsam stad; s leis blir biletet « rken-strand» brukt om eit

³⁰⁷ M. a. viser Paulus til ein sp dom fr  GT n r han skriv om snublesteinen som er lagt p  Sion i Ro 9,33, p  nynorsk «st ytstein».

³⁰⁸ B de L (389,7) og LR (611,2) har med dei h le trea der fuglen kan finna ly, men «Dine hellige Vunders huuler» (K183,8) er blitt «dine Saar og Vunder» i L (389,8), medan LR framleis har ein slags g ymestad i «dine dype vunder» (Lr611,3).

audsleg hav; ørkenfuglen er den som bur på einsame stader.³⁰⁹ Biletet held seg i dei salmebøkene som har salmestrofa med (ho manglar i Nyn135).

Edle steinar og metall vert nemnde i salmane. Jaspis er ein raud-svart stein som blei brukt i signetringar og er omtala fire stader i Johannes' openberring; rubinen er ein velkjend raud edelstein, i Bibelen er han berre omtala i GT, medan jaspis berre er omtala i Openberringa i seinare bibelomsetjingar.³¹⁰ I salmen «Af Høyheden oprunden er» vert steinane brukte om det vesle barnet i krubba, som har ei lang rekkje av namn og tilsynekomstar i denne salmen: «Du skinnende Jaspis og Rubin/ Indgyd udi mit Hiertes Skrin/ Til dig kierligheds Brynde» (K37,3). Her er det biletleg korrespondanse mellom edelsteinane og skrinet som i konteksten kan oppfattast som eit smykkeskrin eller ei skattkiste. Assosiasjonane går også til det himmelske Jerusalem der murane skal vera prydde med edelsteinar og muren skal vera bygd opp av jaspis (Op 21,18).³¹¹ Jamvel han som sit på trona i synet som Johannes får, ser ut som «jaspis og karneol, og omkring trona var det ein regnboge; han var som smaragd» (Op 4,3). Dette er ein del av den overflodsmetaforikken som finst i salmane og som vert meir nøktern etter kvart. Landstads svar på «jaspis og rubin» er «Du klare Ædelstenen min/ Lad skinne i mitt Hjerte ind/ Din Ild og Elskovs Flamme» (L140,3 og LR119,2, men LR skriv «rene flamme»), noko som må seiast å vera mindre assosiasjonsskapande enn edelsteinar og elskov). Tilsvarande har Nyn «Du glimestein med gullrein glod,/ Lat i mitt hjarta, hug og mod/ Din kjærleiks loge brenna!» (Nyn90,3). NoS har ikkje strofa. Ein har mange døme på at bilete som kan gi eit mangfald av assosiasjonar, også utanfor dei bilettopoi der salmen elles rører

³⁰⁹ Kalkar, 2000, «ødken» (2023, 2.september)

³¹⁰ I 1930-omsetjinga av Bibelen er jaspis nemnd som ein av edelsteinane som skal setjast på presteskruken, i lag med rubin og andre edelsteinar (*Bibelen*, 1930 (bokmål) 2 Mos 28, 18-20).

³¹¹ Edelsteinane er nemnde fleire gonger i Op. Op 4,3; 21,11; 21,18-19. I GT er ulike edelsteinar, mellom desse rubin, nemnde som symbol for Israels stammar på Arons drakt (2 Mos 28,17-20). Rubin er berre omtala i GT. Rubin er ein gjennomsiktig raud stein, i alle fall i sin edlaste variasjon, medan jaspis er ein variant av kvarts som er ugjennomsiktig og farga av jernoksid (SNL).

seg, eller bilete som på eitt eller anna vis er avstikkande eller jamvel provoserande, blir avslipte eller fjerna, særleg frå LR og utover.

Metalla gull og sølv er med i alle salmebøker.³¹² Stålet er nemnt som døme på noko sterkt og varig: «O kunde jeg hvert Tungemaal,/ Og Skriffdens dybe sinde,/ Og vaar min Tunge giort af staal,/ Og Engle-maal der inde» (K73,5), eit tungemateriale som held seg gjennom alle revisjonane, trass i at ein ikkje ser stål som lempeleg for ein rørleg lem som tunga. Her er det nok tenkt på styrken i stålet. Jern er brukt som *pars pro toto* for spydet: «Jernet i sin Side indstinge lode/ Verden til gode» (K127,5).³¹³

4.2.6 Planteriket

På jorda, eller marka, veks plantane. Dei mest brukte referansane til planteriket er ord som «Rood» og «Frukt», altså omgrep som ikkje peikar til spesifikke planteslag. Ut frå samanhengen desse bileta står i, skjønar ein at det ikkje handlar om røter som har feste i sand eller leire, eller frukter som kan haustast i prestegardshagen, men om overførte tydingar for desse noko konvensjonelle bileta. Men det er igjen på sin plass å minna om at denne typen referansar hentar meiningsfyllden sin også frå sitt konkrete utgangspunkt, og difor kan gi assosiasjonar både til det konkrete og det overførte. Det vert ofte vist til vokster i salmematerialet, men dette treng ikkje vera bilete som berre har samband med planteriket.

Rota er i fleire tilfelle knytt til hjarta: «Og aldrig staa Guds Aand imot/ Men tro hans Ord af Hierte-Rood/ Det elske/ ære/ høre» (K268,8; Nyn har ikkje salmen, men i dei

³¹² «Mand prøver Sølv med Ilden vel» (K49,5); «Syv Gange renses Guld i Glød,/ og Sølv i hedest Lue» (L497,5); «Sju gonger gull vert skirt i glød,/ Og elden sylv må klåra; /So skin Guds ord med gullglans god» (Nyn404,5); «Som sylv i elden reinsa er,/ sju gonger skirt kan hende» (NoS544,2).

³¹³ «Jern» er berre brukt i K. L har: «Hannem igjennem Spyd og Nagler stode» (L394,5; ei formulering LR held på (LR609,5); Nyn skriv: «Såra og sundflengd, krynd med klungerkrona» (Nyn484,5) - eit heilt anna bilete; medan NoS summerer opp: «krossen og kransen, spjutet gjennom sida» (Nos238,5).

andre bøkene i materialet er hjarterota intakt). Overført er «hjarterot» eit forsterkande bilete.³¹⁴

Frukt tyder om lag det same som «resultat» eller «verknad», og er eit velkjend bilete både frå Bibelen og frå daglegtalet.³¹⁵ I salmen «JESUS CHRISTUS er vor Salighed» er det kjærleiken til, eller omsuta for, kristne sysken som er frukta av trua:

Denne Frugt maa ey borte være/
Brødre og Søstre skal du ære/

Med din Penning/ Gods og Jord
Der med dem hielp/ som Gud hafver budet (K155,10).

Denne salmen er i alle salmebøkene oppført under «skirtorsdag», og tematiserer nattverden. Både L, Nyn og NoS har salmen med, men dei omset teksten av Jan Hus og Martin Luther annleis enn det K gjer:

Die frucht soll auch nicht außbleyben:
deynen nächsten solt du lieben,
Das er deyn genyssen kann
wie deyn Got hat an dir gethan.³¹⁶

Frugten da ei udebliver,
Du din Næste glad tilgiver,
Kaster al hans Brøde bort,
Alt som Gud mod dig selv
har gjort (L308,10).

Då du også frukt kan bera
mot din neste kjærleg vera
og tilgjeva smått og stort,
liksom Gud med deg har nådig gjort
(NoS140,8).

K har eit praktisk forhold til kva slags frukt det er tale om: Økonomisk hjelp til dei som treng det. Dette har Gud gitt påbod om. I L, Nyn og NoS er det Guds nådige eksempel som skal følgjast: Slik Gud har tilgitt, slik skal du tilgi «al hans Brøde» eller «smått og stort», ei påminning om formuleringane i Fadervår. Medan K formanar om å bera frukt eller handla konkret overfor nesten, slår dei andre tre

³¹⁴ hjarterot: I overført tyding: Stad for dei djupaste kjenslene. Nynorskordboka: «Hjarterot». (2022, 18. november)

³¹⁵ Paulus talar mellom anna om Andens frukter, Gal 5,22.

³¹⁶ NNSL, 2012, s. 309 (str.10).

salmebøkene fast at dersom du trur rett med hjarta og bekjenner trua med munnen, då vert nattverden til gagn for sjela og du vert sett i stand til å bera frukt. Dette rører djupt ved fortolkinga av salmen og det vi kjem attende til i formell fase. I tillegg til rot og frukt er greiner (K36,6),³¹⁷ ris og kvist (K73,4)³¹⁸ og tilvisingar til dyrking og odling (K93,2)³¹⁹ del av salmebileta.

Mellom dei konkrete planteslaga står palmen fram i salmematerialet endå det ikkje veks palmar korkje i Noreg eller Danmark. I bibelsk biletbuk er dei derimot vanlege.

Jeg bær og mine Palmer/
Til Ærens Konge frem/
Jeg siunger mine Psalmer/
O JEsu/ hør dog dem (K152,12).

Her kan palmane forståast som ein metakommentar til salmen. Slik folket hylla Jesus med å strø palmegreiner på vegen der han reid fram, vinka med greiner og ropa Hosianna, slik vil den syngjande heidra han på veg mot liding og død, med sine salmar.³²⁰ Denne biletbukken er intakt i alle versjonane av denne Kingo-salmen. I Kingos salme til andre påskedag, «Som dend Gyldne Sool frembryder» (K167) vert palmane løfta: «At ved din opreysnings Ære/ Jeg skal Seyer-Palmer bære» (K167,6), også desse palmane er tekne vare på i salmebøkene.³²¹ Kombinasjonen av palme og salme finn ein også i salmen «FRyd dig du Christi Brud» (K36) der «Alt Folket bære Palmer,/ Og syngte aandlige Salmer!» (L96,6); LR rettar opp stavingstalet og skriv «Og syngte frydesalmer» (LR72,6); i nynorsk versjon blir det «jubelsalmar» (Nyn59,6 og NoS4,6).

³¹⁷ I denne salmen er det tale om greinene som kan strøast på vegen framfor Jesus.

³¹⁸ «O Jesse Riis og Davids Qvist» (K73,4). Her blir det vist til Jes 11,1. Dette er med i ulike variantar i alle salmebøkene.

³¹⁹ I denne salmen handlar det om å dyrka Gud, noko både L og LR vidarefører, medan nynorsktekstane har «så eg din eigen kan vera» (NoS323,2 og Nyn26,2).

³²⁰ Salmen er sett opp på palmesundag og evangelietekstane fortel om Jesu inntog i Jerusalem før han skal lida og døy (Joh 12).

³²¹ Biletet alluderer til den store skaren som står framfor Lammets trone og er kledde i kvite klede og har palmegreiner i hendene (Op 7,9).

Andre vekstar som er nemnde i salmematerialet er gras og strå. Desse er for det meste knytte til forgjengelegdom eller fattigslege kår. Såleis er menneskelivet som graset, både eit bilete i Bibelen og i salmen (K71,3; Jes 40,7-8), ein biletebruk som held seg i revisjonane. At Jesusbarnets kår var armodslege, ser ein ikkje minst av leiet hans som var fylt med gras og strå (K57,9 og 11). Ei samanstilling av salmestrofer frå K, NoS og Nyn viser somme av skilnadene mellom salmeversjonane:

O HERre ald Verdens Skaber good/
Hvad est du kommen med stoor Armood/
Paa Græs og Høe ligger du der ned
For Oxe og Asen i Uselhed.

O Herre, verdens skaper god,
hvor fattig du deg føde lot!
Hvor ydmyk lot du deg bli lagt
i stall og krybbe, uten prakt! (NoS36,8).

Din Fødsels dyne og silcke Pude
Det var Græs/ Høe og arme Klude/
Der i du est Kiøn og mægtig/
Ligesom du vars i Himmerig
(K57, 9 og 11).

Den silkeseng du lagdest på,
Var ringe klutar, stride strå,
Der kviler du so lognt og blidt
Som det var himmeriket ditt
(Nyn88,11).

I str. 11 skriv L og LR: «Din Fløiel fin og Silke smaa/ Er Klude kun og stive Straa» (L129,11; LR106,9), eit tekstilt paradoks. Strofe 9 i denne julesongen framviser ein gradvis reduksjon i biletrikdom. K har både gras og strå, okse og asen. Hjø L er oxen blitt borte og berre asenet står att. LR har ikkje strofa med, men Nyn har krubberom og høyg og strå. I NoS er bileta endå mindre detaljerte; stall og krybbe er med, og negasjonen «uten prakt». (LR har ikkje med str.9 og NoS utelet str.11.) Den paradiske silkesenga med klutar og stive strå, finn ikkje vegen til NoS.

Eit anna planteslag i salmematerialet er lilja. Tiltalen «Du est mit Hiertes Lilium» (K37,2) er vendt mot det vesle Jesus-barnet. Hjø Landstad lyder det «Du Lilje i mit Hjerte-Skrin» (L119,2), her er Jesus også kalla «Guds Blomst» («Guds gror») i Nyn90,2 og NoS89,2).³²² Lilja er eit heraldisk symbol og er både biletleig og konkret

³²² Landstad lar «Guds Blomst» rima på «Din Komst» (L140,2). «Komst» er vanlegvis berre brukt i samansetjingar som «tilsynekomst» og liknande, men verkar avstikkande åleine. Finst ikkje som oppslagsord i Riksmålsordboka, men både åleine og i samansetjingar i *Kalkars ordbog*. (Kalkar, 1881-1907: «Komst»)

omtala i Bibelen.³²³ Lilja har ei rik symbolhistorie både i verdsleg og religiøs diktning. Mellom anna er ho gjerne knytt til Maria møy og engelens bodskap om at ho skal føda Frelsaren.³²⁴ Lilja er ikkje med i Nyn og NoS (LR har ikkje strofa med). Gras er ein av føresetnadene for at dyra kan beita og leva; trea er gøymestad for fuglane. Slik det finst flora i salmematerialet, finst det også fauna som skal omtalast.

4.2.7 Dyr og fuglar

Det vrimlar ikkje med dyr og fuglar i salmematerialet. Somme av dei dyra som dukkar opp, er knytte til bestemte bibelforteljingar, til dømes om Jesus som rid inn i Jerusalem på ein asenfole ifølgje bibeltekstane for palmesundag (K36,3). Likeins er oksen og eselet ved krybba med i songtekstar jamvel om plasseringa av desse dyra har sin bakgrunn i den kyrkjelege tradisjonen og ikkje i evangelieteksten. Oksen, som er det reine dyret, symboliserer jødane, medan eselet er heidningane sin representant ved krybba.³²⁵ Begge et dei av den same gjøta³²⁶ der Jesusbarnet kviler; han er brødet for verda, både for jødar og heidningar.³²⁷ Motivet skal vera henta frå tradisjonen med julekrybbe som Frans av Assisi innførte i 1223; krybba stod utandørs og folk samla seg til andakt omkring den. Skikken vart innført til Roma av paven. Songen «Et Barn

³²³ Hos 14,6 omtalar han som «skal bløma som ei lilje og røta seg som trea på Libanon» når Gud lækjer fråfallet og er som dogg for Israel. I Luk 12,27 er liljene omtala som vekstar på marka.

³²⁴ Stefánsson, 2012 (2022, 12.september)

³²⁵ «I den kirkelige tradisjonen har til og med to dyr fått fast plass rundt julekrybben. 'Men okse der og asen stod', heter det i julesangen. Dette er tydeligvis et ekko av profeten Jesajas ord i Jes 1,3» (Kvalbein, Hans. 2013) (2023, 2.september)

³²⁶ «Gjøte» er ikkje oppslagsord i dei ordbøkene eg har. Det er eit ord i min dialekt for «brye» eller «krubbe», trekassen dyra åt høyet sitt frå, og eg hadde så lyst til å bruka ein slik gammal arv, jamvel i ein akademisk tekst.

³²⁷ Denne utlegginga av dyra finn ein mellom anna i *Gamal norsk homiliebok*. «Så snart han var født, ble han lagt i en krybbe, for Han nærer de hellige dyr, det vil si de troende; de skal ete hans legeme, slik at deres ånd ikke skal gå glipp av den indre næring. En okse og et esel lutet seg over krybben hans, for det var noen av jødene og av hedningene som skjønte at dette var Kristi fødsel. Oksen svarer til jødene, og eslet til hedningene» (Homilie av Gregor, i *Gammelnorsk homiliebok*, 1971, s. 52.)

er født i Bethlehem» (K58 og seinare) skal ha samband med julekrybbene, og oxen og eselet har fått følgja med heile vegen (str.3).³²⁸

Evangeliet er i K og L søtt som «Melk og Honning» (L140,2) eit overflodsbilete som både kjenneteiknar det lova landet israelsfolket er på veg mot i Mosebøkene, og det som finst under tunga til brura i Høgsongen.³²⁹ Biletmessig blir såleis evangeliet knytt saman med Det gamle testamentet, med lovnaden om eit herleg framtidsland og eit bryllaup. Framtidsperspektivet vert styrkt ved at brudgomen framleis er eit lite barn. Den søte honningen som barnets ord blir jamført med, er med i alle bøkene. Men gjennom revisjonane vert ein del av detaljrikdommen i bileta likevel borte.

«Siunge vi af Hiertens Grund» (K142) nemner ei rekkje dyr. Alt som lever, vert næra av Gud og er slik sett på lik linje: «Diur og Fugle store og smaa/ Nærer hand/ vi lige saa/ Af hannem vor føde faa» (K142,1). Litt lenger ute i salmen et likevel menneska både fugl og fisk, svin og oksar. Det vert vist generelt til store og små dyreslag utan at artane er spesifisert, men «Vilde Diur» er nemnde særst og «Hjorte og Øxen/ Sviin og Faar» (K142,4-5), altså pattedyr som er mykje brukte i hushaldet. «Qvæg» er også med (K142,4, K183,8). Landstad ryddar litt i dyreflokken og innfører geita som eit heimleg innslag i «Synge vi af Hjertens Grund» (L602). Også Nyn646 tar dette husdyret med. Dette viser på varsamt vis eit større innslag av heimlege bilete, noko som er ein tendens i salmebøkene etter K. LR har ikkje salmen; NoS har ein nokså bearbeida versjon der «dyr og fisk og fuglar får/ alt dei treng i sine kår» (NoS712,2), men der desse ikkje er presenterte som menneskemat. Ein annan detalj som viser eit meir nøkternt norsk spisebord, er at «vin og brød» i K og L er bytt ut med «dagleg braud» i Nyn (614,2). I same slengen kan nemnast at Landstad introduserer ulven i salmematerialet. I Luther-salmen «Var Gud ei med os denne Tid» (K84; L555)

³²⁸ Kjærgaard, 2003, b.II s. 109.

³²⁹ Landet som fløymer med mjølk og honning er omtala fleire stader i Mosebøkene, til dømes 5 Mos 26,9. Det var det lova landet som Israelsfolket var på vandrang mot. Bruras mjølk og honning finn vi i Høgs 4,11.

jamfører L fiendane med «Ulve». Ulven er kjend frå bibelsk biletbuk, mellom anna som leikekamerat for lammet i det ideelle framtidsscenarioet som profeten Jesaja dreg opp (Jes 65,25). Men i tillegg til å vera bibelsk, er ulven også heimsleg, til skilnad frå det andre rovdyret i Jesaja-profetien: Løva som skal eta halm som oxen.

Lammet opptre i salmane som bilete på Kristus: «Her er det rette Paaske-Lam» (K163,5); «Af dette sande Paaske-Lam/ Æde vi/ og saa lefve» (K163,7) heiter det i Kingos salmebok. Lammet er med i strofe 5 i alle salmebøkene, men frå L og utover et salmens «vi» ikkje lenger lam når dei feirar «dend høye Fæst» (K163,6), men «Guds brød» (NoS166,7; «Oss søtt hans nåde smakar» i Nyn262,7, og Kristus er «Livsens brød» (NoS166,7). Også i Luthers tekst et ein av det usyrde påskebrødet.³³⁰ *Agnus Dei*, Guds lam, er eit sentralt ikon og eit bibelsk namn og bilete på Kristus som knyter hendingane i den kristne påska saman med typen deira, påskemåltidet ved utferda frå Egypt. Den deskriptive konnotasjonen er tydeleg: Det er tale om ein ung sau, eit lam og eit offerlam. Samtidig er den bibelske assosiasjonsrekkeja til stades i rikt mon og biletet påverkar korleis salmen skal forståast i formell fase der Jesus som sonoffer er det sentrale.

Fuglar er gjerne nemnde utan at fugleslaget er spesifisert. Dei syng og er såleis førebilete for lovsongen, gjerne ved morgongry K113,3: «Ligesom Fuglen ved klaren Dag/ sig fryder», ei formulering som finst att i dei to salmebøkene som vidarefører salmen, L241 og NoS846. Fuglane finn ly for uvêr og fare ved å gøyma seg i holrom, noko som finn gjenklang i Høgs 2,14 der dua gøymer seg i fjellkløfta. Fuglen som slepp fri frå snara, er bilete på kyrkja eller sjela som vert fri frå farar og fiendar (K84,3, biletet held seg i revisjonane). Ørnen er nemnd i K71,1: «Dig ung som Ørnen gjør», nærast som eit sitat frå Sal103,5: «Han som mettar di sjel med det som godt er, so du vert ung att som ørnen». Men seinare salmebøker følgjer Landstad, og ørnen

³³⁰ «Wir essen und leben wol/ yn rechten Ostern fladen./ Der alte saurteig nicht sol/ seyn bey dem wort der gnaden» (Luther, NNSL 2013, s. 522).

blir borte: «Han som ny Kraft dig sender,/ Gjør Alderdommen ung» (L77,1). Landstad var elles glad i fuglar og sette dei inn i salmar der dei ikkje fanst frå før: «Alt, hvad der lever paa Jorden skal love/ Herren saa liflig som Fuglen i Skove» (L512,2) og «Af Moders Melk han næres maa,/ Som føder alle Fugle smaa» (L295,9). Desse fuglane hjå Landstad finn vi ikkje i K.

Ormane i jorda som fortærer den døde lekamen, støyter ein på fleire stader i den religiøse litteraturen, også i salmane i materialet.³³¹ Dei vert i dei fleste tilfella kalla nettopp ormar, ikkje makkar, endå det kanskje er det ein helst tenkjer på i denne samanhengen. Nemninga «orm» etablerer eit språkleg samband med ormen i paradishagen, som ein gjerne tenkjer meir som ein slange, og som også blir omtala som det fleire stader, men som var opphavet til dødens innpass mellom menneske i den bibelske mytologien, og som Kristus skal knusa: «Her er han som udrotter / Dend onde Slanges Sæd» (K152,6, biletet med slangen i denne Kingo-salmen går ikkje vidare). Kingo seier også at «Otterslangen» bit Jesus i Getsemanekampen (K285,7), her skriv Landstad «Ædderormen» (L317,6) medan dei andre salmebøkene fjernar slangen og dermed det nære sambandet mellom freisting, synd og død.

4.3 Mennesket

4.3.1 Familie, kjønn. Maria

Det blir ikkje vist til familien som heilskap eller eining i salmane. Far og barn er mykje omtala. Oftast gjeld det Faderen og Sonen. «Hand taledet til sin kiere Søn» (K46,6) vert det rapportert frå ein himmelsk samtale der Jesu bøn om frelse for menneska får sitt positive svar. Men i same salmen har Gud eit faderhjärte også for

³³¹ Eit døme er "Orme tære ald min Saft" (K167,8), ei formulering som held seg i alle salmebøkene i materialet så nær som *Nynorsk salmebok* som skriv «Beini morkna upp i mold» (Nyn265,7).

salmens eg: «Sit faderlig Hierte vende hand til mig/ Hand koste der paa foruden Sviig/ Det kiereste hand hafde» (K46,5). Medan det første biletet er intakt i alle bøkene, er det siste endra: «Han vendte faderlig Hu til mig» (L9,5; strofa står ikkje i LR; «Han kom meg faderleg i hug» (Nyn19,5); «Han kom i hu sin miskunnhet» (NoS322,4). Ein oppfattar å venda sitt «Hierte» som ein noko meir kjenslemessig reaksjon enn å venda hugen. «Hu» og «hug» er forklart med «sinn, tankar» i ordbøkene.³³² Farsbiletet er borte frå NoS; denne salmeboka freistar fleire stader å byta ut særleg maskuline uttrykk.³³³ «Jesus Christus Gud Faders Søn» (K163,3) kan vera motsetnad til «alle Menniskens Sønner» (K163,2), det siste eit uttrykk for menneskeborna. Det mannlege perspektivet held seg i fleire av salmebøkene, Nyn dempar det og NoS endrar til eit nøytralt uttrykk: «Paa Jorderig var ei den Mand» (L342,2 og LR336,2) og «På jord ei finst det mannebarn» (Nyn362,2) vert «Det ingen fanst på denne jord» i NoS (166,2). Alle salmebøkene før NoS talar om ein forbarmande og kjærleg fader i salmen «Min Siæl nu lofver Herren» (K71). Men i NoS 297 og 298 lyder det: «Som mor og far seg kjærlig/ forbarmer over sine små» (NoS297,3) og «Som mor og far så kjærleg/ vil syne omsorg for dei små» (NoS298,3). Eit meir inkluderande språk har vore eit tema i arbeidet med dei to siste salmebøkene for Den norske kyrkja.³³⁴

Gud er far for alle menneske på jorda, i salmematerialet. Guds born kan opptre både som brør og søstre, jamvel om det siste er sjeldant i materialet: «Brødre og Søstre skal du ære» (K155,10); i denne salmen er det ikkje vidareført. Heidningane kjem «Blandt andre mange fromme /Som Sønner og som Døttre de / Skal Adgang faa til Gud at see / O dybe HErrrens Domme» (K88,4; og i alle dei andre). Også Sions døtrer

³³² Kalkar, 2000, «hug»; «tenke, mene».

³³³ Både kjønnsnøytrale og feminine uttrykk for Guds omsorg finst i Bibelen. Mest kjend av det siste slaget er kanskje Jesus som jamfører seg med ei høne som vil samla kyllingane sine (Matt 23,37). Lina Sandell brukte «modershjärta» om Guds hjarte i første versjonen av salmen «Blott en dag - ett ögonblick i sänder» (NoS490); (NNSL 2011, s.61-63). Endringa til «fadershjärta» er kjend og omdiskutert. (Nisser, 2017, s. 126.)

³³⁴ Om synet på inkluderande språk i samband med utkastet til ny salmebok 2008, sjå: Kirkerådet 2008 s.18, §10.9.

(eller Jerusalems døtrer) er med i salmematerialet (K152,6, også i L og LR); dette er ein GT-allusjon; Sions døtrer er eit bilete på israelsfolket, som kyrkja har brukt om dei kristne.³³⁵

Følgjerett av dette er Sonen ofte omtala som «Broder» i salmematerialet: «Guds Søn sin Fader lydagtig var / Hand kom til mig paa Jorden [...] Hand vilde min Broder vorde» (K46,7); han er bror i alle salmeversjonane. Jesus som bror er eit bilete som ikkje taper terreng, men som blir tillagt i fleire av dei reviderte tekstane. Det er ei

nemning som kan brukast i mange samanhengar, og «bror» er dessutan eit godt rim-ord.

Det juridiske, og bibelske, omgrepet «arv» er brukt i samband med Guds born: «Og gjorde os Arfvinger i Himmeriges Sal» (K69,5; dette går ikkje vidare i materialet); «O hvilcken Naade stoor/ O hvilcken Arf det var» (K149,4; denne salmen vert heilt omskriven etter K og arve-biletet er borte). Men menneska er også Jesu arv: «Vi ere dog din Arfvedeel good» (K269,5; ein av kveldsalmene som berre K og NoS har; NoS er utan arv). Men arv finst brukt som bilete også i nyare salmebøker.

Jesus er Guds Son, men også Marias:

Hos Gud sin Faders høyre Haand
 Sidder hand nu vor Frelser sand/
 Alting er hannem underlagt/
 Guds og Mariæ Søn med Magt.
 Haleluja (K197,5).

Berre NoS har vidareført denne salmen. Der er ikkje Maria med, men Jesus er omtala som «Guds Sønn, vår broder mild!» (NoS231,4). Maria er ikkje berre omtala som

³³⁵ Sions døtrer er omtala mellom anna i Jes 3,17 og Høgs 3,11.

mor i salmematerialet, men som møy: «Et Barn er født af Menniskens Kiøn/ Udaf en Jomfru reen og skjøn/ En liden Søn baade faur og fiin» (K57,2). Ei rekkje salmar poengterer Marias jomfrudom; jomfrufødselen er eit viktig punkt i truedkjenninga for salmane i K.³³⁶ Men her har møya også fått ein estetisk kvalitet, ho er «skjøn». Salmen nyttar dessutan karakteristikkane «faur og fiin» om det vesle barnet som skal vera «Lyst og Glæden din». Møya er «skjær» hjå Landstad (129,2); truleg tyder det her «rein» (som i «skir»), men det kan også tyda «lys» eller nærast gjennomskinleg eller sart.³³⁷ Marias reinleik er uttrykt i Nyn: «ei jomfru klår og rein» (Nyn88,2), medan NoS kallar henne «utvalgt» (NoS36,2) og karakteriserer henne elles ikkje. Barnet er «En liden fager Søn og fin» hjå Landstad (L129,2); ordstillinga gir linja eit visst folkevisepreg. I *Nynorsk Salmebok* er guten «Ein liten son so ven og grann» (Nyn88,2) medan «Her ligger han så fin, så kjær» i NoS (36,2). Ein kan ikkje påstå at møya og barnet er blitt heilt ukjennelege gjennom revisjonane, men noko av fargerikdomen i bileta av dei er gått tapt.

Det er Martin Luther som har dikta vekselsongen «Fra Himmelen høyt komme vi nu her» (K57); songen har rot i den mellomalderske tradisjonen der juleevangeliet vart dramatisert framfor altaret i kyrkja. I julesalmen lar Luther songarane bøya seg over krybba og undrast over det dei ser. Strofa røper ein situasjon der den nyfødde vert studert og omtalt slik det gjerne kunne vera i ein vanleg dansk-norsk heim også.

Mit Hierte vær glad og see der hen/
Hvad der monne ligge i Krybben/
Hvis Barn er det hvad heder hand?
Det er Christus baade Gud og Mand
(K57,7).

Giv Agt, min Sjæl, og se dig om!
Hvad ligger i det Krybberum?
Hvem er det søde Barnet hist?
Det er den kjære Herre Krist!
(L129,7).

³³⁶ Det vert litt mindre merksemd ved jomfrufødselen gjennom revisjonshistoria.

³³⁷ LR106 følgjer for det meste L i denne strofa, medan salmen elles har ein heil del endringar.

Denne strofa røper ein intim situasjon omkring eit nyfødd barn, ikkje minst hjå Landstad. Elles er det få gløtt inn i eit kvardagsleg familieliv i salmane. Denne strofa har korkje Landstads reviderte salmebok eller *Norsk Salmebok* 1985 teke med.

Mora og barnet er særleg omtalte i samband med jula, men ein kan også skimta mor-barn-relasjonen i andre samanhengar:

Naar et Menniske Lifvet faar/
 Hans Kiøcken strax for hannem staar/
 I sin Moders Lif og Sted
 Hafver Gud hannem det tilreed/
 Dog det er et lidet Noor/
 Fattes intet til set Foor/
 Saa lenge det kommer til Verdens Jord (K142,3).

Barnet får næring frå mor si frå den stund det er avla. Og når det seinare vert fødd, er maten klar, underforstått i brystet til den same mora. Jamvel om denne salmen finst i dei andre salmebøkene (unnateke LR) er det ingen som tar med denne mor-barn-

relasjonen som forblir eit lite brukt bilettopos, endå Marias morsrolle er nemd også i nyare salmebøker. Moderskapets fysiske sider, som er tematiserte både i biletkunsten der Maria gjerne vert avbilda med brystet bart, og i salmetekstar, ikkje minst under pietismen, følgjer ikkje med til nyare salmebøker. Berre somme sider ved kroppen er brukte i salmens biletverd på 1800- og 1900-talet, der tidlegare hundreår var langt djervare i sine framstillingar.

Luther-salmen «Vår Gud han er så fast en borg» gir i sine siste linjer eit klårt mannleg perspektiv på hus og heim, familie og eigedom:

Tage de bort vort Lif/
 Gods/ Ære/ Børn og Vif/
 Vi passe der intet paa/
 De kunde ey meere faa/

Guds Rige vi dog heholde (K128.4).³³⁸

Denne formuleringa frå Luther og frå K, går vidare i alle salmebøkene fram til NoS der det i bokmålsversjonen er endra til «Og om vårt liv de tar,/ og røver alt vi har» (NoS295,4) og i nynorskteksten: «Og tek dei enn vårt liv, oss bort frå heimen riv» (NoS296,4); eit døme på at NoS 1985 vil ha eit meir kjønnsnøytralt salmespråk.³³⁹

Eit liknande mannleg utgangspunkt finn ein i K278,4. Det er ikkje mykje som skil kone og born frå gods og ære her; det mannlege perspektivet er sjølvmedvite og tydeleg:

Min Siæl/ mit Lif og Aande/
Min Hustru/ Børn ogsaa/
Befal jeg i din Haande
Med alt hvis jeg formaar/
Mit gandske Huus og Hiem/
Ære og Gods dislige/
Og hvis jeg meere kand sige/
Naadelig bevar og giem (K270,4).

Min Sjæl, mit Liv til ende,
Min Hustru, mine Smaa
Jeg giver dig i Hænde
Med alt, jeg monne faa;
Mit ganske Hus og Hjem,
Gaard, Ære, Gods deslige,
Og hvad jeg meer kan sige,
O Gud, i Naade gjem (L606,4).

Landstad vidarefører heile teksten frå K270, men deler han i to sjølvstendige salmar. Dei andre salmebøkene brukar ikkje den delen der strofa over står, og slepp dermed å ta stilling til salmens «Hustru» og «Børn». Landstad finn somme ting å vøla i den gamle teksten, men det mannlege perspektivet høyrer ikkje med til det som blir endra.

³³⁸ I Danmark har ein valt å halda på Luthers formulering. *Den danske salmebog*, 2003, nr.336.

³³⁹ I arbeidet med ny salmebok for Den norske kyrkja, som resulterte i eit utkast i 2008, heiter det i forarbeidet «Innstilling til ny salmebok for Den norske kirke» at det er stor misnøye med dei tekstendingane som er gjorde i sistestrofa til «Vår Gud han er så fast ei borg», og at ein samrøystes har valt å gå attende til Luthers og tidlegare versjonars formulering: «Og tar de enn vårt liv,/ gods, ære, barn og viv,/ la fare hen, la gå». *Den danske salmebog* (2003) vel også Luthers formuleringar. Det er interessant å merka seg at også utkastet til NoS1985 vel Luthers formulering om «gods, ære, barn og viv» (NoU, 1981. Nr.40. s. 88-89). Dette er ikkje følgt opp i den endelege salmeboka kørkje i 1985 eller 2013. Likeins vil utvalet på 2000-talet endra den inkluderande formuleringa «Som mor og far seg kjærleg forbarmer over sine små» i salmen «Min sjel, min sjel, lov Herren» NoS297, sidan dette saknar grunnlag i bibelteksten salmen byggjer på. Heller ikkje dette er gjort i 2013-boka; her held ein på dei meir inkluderande omskrivingane. Det ligg andre, og meir tekstfaglege vurderingar bak utvalets forslag enn freistnader på kjønnsinkluderande språk. Teologen Åge Haavik som i ei årrekkje var Kyrkerådets sekretær i salme- og liturgiarbeidet, og kjenner prosessane ut og inn, fortel at høyringsutvalet til NoS 1985 landa på å halda på ei kjønnsnøytral formulering i «Vår Gud han er så fast ei borg», og salmeboka deretter vart vedteken i si noverande form av kongen i statsråd. Korleis det siste avviket frå forslaget om å endra attende til Luthers formuleringar vart endra, kjenner han ikkje til. (Åge Haavik i telefonsamtale med underteikna 07.12.22.) (Kirkerådet, 2008.: s. 19. §10.10.1 og 10.10.2)

Ein notidig lesar kan stussa over at ein når ein nærmar seg 1900 ikkje er merksam på slike formuleringar som også skal leggjast i munnen på den kvinnelege delen av forsamlinga.

Det fanst på 1600-talet også andre perspektiv i den religiøse diktinga enn dei mannlege. Dorothe Engelbretsdatter ber i kveldssalmen «DAgen viger og gaar bort»: «Min Hosbond med Børn og Slect,/ Tag og i din Vare-tect».³⁴⁰ Salmen vart publisert i forfattarens *Siælens Sang-Offer* 1677 og viser at det var mogleg å gi ut populære oppbyggelege skrifter med eit kvinneperspektiv. Dorothe Engelbretsdatters tekstar var ikkje med i K. Men kveldssalmen hennar står i NoS 1985 (nr.805) og i NoS 2013 (nr. 810). Det næraste ein kjem Dorothes bønønske her, er «Mine venner og min slekt,/ ta dem i din varetekt» (str.7 i begge bøkene). Dorothes omtale av seg sjølv som

«arme Orme-Seck» i same bønestrofa, har heller ikkje kome med i dei to nyaste salmebøkene.

Mann og kvinne er elles nemnde i «same andedrag» i salmane, nærast for å seia «alle»: «Der findes Feyl hos en og hver/ Det være Mand og Qvinde» (K268,6). På same måten kan born og unge bli dregne inn i flokken:

U-myndige Børn og smaa
 Skulle giøre ligesaa/
 Dend gandske heele Skare
 Skal siunge foruden ald Fare:
 Hosianna/ Hæder og Ære
 Skal denne vor Konning være (K36,7).

Dei umyndige borna er med også i L og LR, men dei er ikkje lenger umyndige når vi kjem til nynorskteksten på 1920-talet, (Nyn59 og NoS4), men små er dei («alle borna

³⁴⁰ NNSL 2011, s. 78. Salmesamlingane til Dorothe Engelbretsdatter var svært populære og kom i mange opplag (Andersen, 2003, s. 111).

små»), og dei deltar i lovsongen på linje med «alle folkeskarar» (NoS4,7). Eit idealforhold mellom far og born kjem til uttrykk: «Som sig en Fader forbarmer/ Ofver sine unge Børn og smaa» (K71,3).³⁴¹ Faderen vert ståande i salmen fram til NoS der også mor er med: «Som mor og far seg kjærlig/ forbarmer over sine små» (NoS297,3), også dette eit døme på at NoS freistar å gjera språkbruken meir inkluderande. Denne formuleringa var omdiskutert i forkant av at salmeboka vart vedteken. Sjå elles note i samband med «Vår Gud han er så fast en borg» i dette kapittelet.

4.3.2 Menneskelivet

Når menneskelivet på jorda skal skildrast, er det nokre omgrep som går att. Menneska vert skildra som «arme», tilværet deira er prega av armod, elende og naud.

Ligger jeg i Syndsens Veye/
Ligger jeg i Armod ned/
Ligger jeg i Siugdoms Leye/
Ligger jeg i Uselhed;

Ligger jeg fortrængt/ forhadt/
Og af Verden slet forladt/
Skal jeg Huus i Graven tage/
O her er dog Haab tilbage (K167,4).

Denne strofa er frå ein Kingo-salme. I *Vinterparten* lyder teksten i dei første linjene i strofe fire slik: «Ligger jeg i Syndsens Boye/ Ligger jeg i Armod ned/ Ligger jeg i Siugdoms Koye» eit endå meir konkret og sanseleg bilete av «jeg»-ets stilling.³⁴² Seinare salmebøker held fast ved biletet frå K, men det er i samtlege salmebøker eit

³⁴¹ Linjene finn støtte i NT, t.d. Matt 7,9-11 og parallellar.

³⁴² Kingo, 1941, s. 514. Det er uvisst kvifor strofa er endra i K. Truleg skjedde det på initiativ frå kommisjonen som arbeidde med K, men dei korresponderte med Thomas Kingo som sjølv kan ha redigert salmen. «Boye: Lænke, fangebøje. Koye: Seng(ested)» (Kingo, 1974, s. 510).

underforstått «dersom» der; sjølv i dei tilfelle der ein er som mest elendig, er det «dog Haab tilbage» (K167,4).

Biletet av dei arme vert støtta av andre liknande førestillingar: «Da ynckede Gud i Ævighed / Min Elende ofver maade» (K46,5); «Da ynkedes Gud i Evighed/ Ved denne min store Vaade» (L9,5); «Då ynkast Gud i nåde ved/ Mi syndesott og møda» (Nyn19,5); «Da var det sorg i himmerik,/ Gud Fader så min pine» (NoS322,4; mine understrekingar). Alle salmebøkene viser eit «eg» som treng hjelp, og som Gud har medkjensle med. Jamvel om NoS i mange høve freistar å dempa framstillingane av elende i dei eldre tekstane, er dei avgjort med også i denne salmeboka. I tillegg til «arm» og «Elende» og «Ælendighed» (K100,6) er ord som jammer, «Jammerdal» (K69,5), sorg og fare, plage og «forlatthet» brukte. Felles for alle desse omgrepa er at dei blir brukte både om dei åndelege og lekamlege sidene ved menneskelivet. Både trengsler og tunge tider finst i nyare salmebøker (til dømes i L220,6; Nyn162,5 og NoS239,5). Men elende og jammer vert det mindre av gjennom revisjonane. «Jammerdal» i K69,5 er blitt «Dødens Dal» i L133,5 (og LR118,5; NoS34,5) medan Nyn har «naud og trong» (Nyn89,5).

Eit anna ord som ofte blir brukt, er «nød». Utan å gå djupare inn i fortolkinga, kan ein med ein gong slå fast at det er tale om ulike typar av naud, både av åndeleg og materiell art, men desse opptre gjerne saman og forsterkar menneskets prøvingar. Naud er ofte identifisert som eit resultat av synd gjennom genitivskonstruksjonar som «Syndsens Nød» (K46,6).³⁴³ Denne genitiven finn ein att i L og LR. I Nyn sin versjon av salmen er det ikkje snakk om naud, og i NoS er naud og synd jamstelte, «Befri ham fra all synd og nød» (NoS322,5). Høgst jordiske prøvingar og lidingar kan

³⁴³ Salmen «Nå fryd deg kristne menighet» (NoS322; K46: «Gud Fader og Søn og hellig Aand») er rekna som Martin Luthers første kyrkjelydssalme. Hå Luthers sambandet mellom naud og synd tydeleg: «Vnd hilff jm auss der sünden not» (Grøm, 2013, s. 62- 66).

klinga med attom uttrykk som «alskens Nød» (K46,7; her er det Jesus som kjem til jorda og lid naud) og «ald Nød» (K57,3). I «Af Dybsens Nød raaber jeg til dig» (K139,1) gjeld det først og fremst den nauda synda valdar, og alle salmebøkene opnar med å ropa av djupaste naud i denne Luther-salmen med utgangspunkt i Salme 141. At Gud vil fri folket sitt «Af Nød og alskens Vaade» (K139,5), er også med i dei andre salmebøkene, i Nyn er synda også med: «sorg og synder alle» (Nyn201,5). Døden kan vera omtala som naud, den siste: «...Helvete/ Synd og Dødsens Nød» (K46,14; også i L9,12, men ikkje i Nyn19); «Stat med os i vor sidste Nød» (K109,3; også i L, LR og NoS, men «siste strid» i Nyn9,3).

Dei kristne opplever ei særleg naud og smerte gjennom den motgangen fiendane deira påfører dei. Ein av dei salmane som er korta kraftig ned i NoS, er Luther-salmen «O Gud af Himmelen see her til» (K49). Landstad har med heile Luthers salme, men fjernar den tillagde doksologistrofa. Salmen har både hjå Luther og i K og L sut for at trua veiknar, at det læremessige kivet aukar, og vranglæra får stor plass:

Med Lærdom vrang, med Løgn og Svig	Med Lærdom rang på lygnarveg
Nu løber mange Munde,	No renner mange munnar;
Saa er de ueens mellem sig,	Dei semjast ikkje millom seg,
Staa ei paa Guds Ords Grunde;	Stend ei på Guds ords grunnar:
En raaber hid, en Anden did,	Ein ropar det, ein annan hitt
Forvilder os med Mande-Vid	Og villar oss med mannevit
Og Fromheds Skin og Iver (L497,2).	Og sannleiks fagre læte (Nyn404,2).

Medan det i andre salmar er lagt større vekt på ytre fiendar som trugar kyrkja, vert det her peika på vranglære og intern usemje. «Sannleiks fagre læte» i Nyn må her forståast nærast som «fake news», noko som gir seg ut for å vera sanning og lyder rett og godt, men ikkje er det. NoS som har med tre av dei seks strofene i den opphavelige salmen, kortar svært ned på dei sterke åtaka på vranglæra, men ber om at læra lyser rein, og «Når falske ånder valdar mein,/ lat Ordet ditt oss styrkje» (NoS544,3). Men Landstads visjon i denne salmen frå dei himmelske regionar (L407,4) er ikkje med til Nos.

Eit liknande omgrep som «Nød», er «Vaade»: «Jeg er nu stedder i Vaade / Aldt baade til Lif og Siæl» (K53,6). Denne salmen uttrykkjer klart at denne våden skuldast synda. Og her får mor ei rolle å spela i frelsesdramaet: «I Synden mig undfanget/ Min Moder/ det er vist» (K53,6 og L265,6; dei seinare bøkene har ikkje strofa). Når arvesynda skal omtalast, vert det altså brukt ein feminin aktør. Kvinna og unnfanginga er knytt til synd i denne salmen. «Fare», «Vaade» og «Smerte» går att i salmane. Gud må verna mennesket «Mod aldt Ondt der os kand trycke» (K120,6). Likeins er negative forhold som «Plage», «Jammer» og «Vee» brukte, samt meir konkrete uttrykk for aktuelle prøvingar: «Ere vi/ ja svage og daglig falde/ Nød/ Død og Gienvorrdighed os nu plage/ I alle Dage» (K127,4); «Du kandst beskierme best/ Fra Petilenze og Hunger/ Fra Krig/ Dyr Tiid og Kummer» (K278,9). Ingen av dei andre bøkene tar med denne konkretiseringa av menneskeleg lidning.

Fleire av bønene om vern både for natt og dag, oppviser stor rikdom i fårar og prøvingar:

Og at du vilde dislige
 I denne Dag vogte mig/
 At Satan mig ey skal svige
 Med Synd eller skade slig/
 Fra Ilds Vaade og Hafs Nød/
 Fra Armod/ Skam og Skade/
 Fra Fængsels Tvang og Vaade/
 Fra en hastig og brad Død (K278,3).

Denne salmen er sett opp for «dend Daglige Chorsang i Kircken. Mandag Formiddag». Repertoaret av fæle ting som kan henda, og som ein ber om vern frå, samsvarer godt med andre liknande morgonsongar. Songaren takkar for vern gjennom natta og ber om syndstilgiving og hjelp mot Satans freistingar. Eigedom og «Hustru/ Børn» vert lagde i Guds hender.³⁴⁴

³⁴⁴ Salmen er omhandla fleire stader i dette arbeidet. Berre strofene som omhandlar den geistlege stand, har gått vidare etter Landstad som laga ein eigen salme til prestevigsla av somme av strofene.

4.3.3 Kroppen

Kristendommens kjerne er at Gud vart eit kroppsleg menneske i Jesus Kristus, inkarnasjonen. Forholdet mellom Gud og menneska er det heilt sentrale i salmematerialet. Difor er dei fleste av bileta i salmane knytte til dette forholdet og til forståing av sambandet mellom det guddommelege og det menneskelege.

Kroppslege bilete er knytte både til guddommen og hans motstandarar, til mennesket, og til forholdet mellom desse. Meir generelle nemningar som kropp og «kjøt og blod» går att, men også namn på særskilte kroppsdelar. Ulike epitet kan vera knytte til kroppen. Når det gjeld menneskelekamen er dei ofte nedsetjande: «vor krenckelig Natur» (K69,2; «arme kjød og blod» i dei seinare salmebøkene); «Vor Skabning er ringe» (K71,3 og i L og LR; «vesaldom» (Nyn464,3); «svake» i NoS297,3). Denne lekamen er det Jesus har bore:

Dend som i Verden alt har skabt/ Paatog vort Kiød/ som var fortabt/ Hand Kiødet kunde fri ved Kiød/ Og Skabning sin fra ævig Død (K147,2).	Med velde skapte han vår verd, men kjem i tenarlekam her. Med kjøtet vil han kjøtet fri Og berga oss til evig tid! (NoS114,2).
---	---

Det er berre L og NoS som har vidareført denne salmen frå K.³⁴⁵ Begge salmebøkene har teke vare på paradoksa i den opprinneleg latinske teksten. Men medan K understrekar at kjøtet var fortapt, framhevar NoS at Jesus tek på seg tenarskapnad, eit bibelsk bilete som i mindre grad framhevar Jesu syndberande rolle.³⁴⁶ K (og L) knyter Jesus-mennesket til synd og fortaping når teksten lar han kle på seg den drakta

³⁴⁵ L tar ikkje med at Jesus har skapt alt i verda, men at han rår for alt: «Den Salige, som raader alt,/ Han kommer her til os, som faldt» (L295,2).

³⁴⁶ «Han var i Guds skapnad og såg det ikkje som eit rov å vera Gud lik, men gav avkall på sitt eige, tok ein tenars skapnad og vart menneske lik. Då han stod fram som menneske, fornedra han seg sjølv og vart lydig til døden, ja, døden på krossen» (Fil 2,6-8).

menneskelekamen er, noko som samtidig dømmer han til død og undergang.³⁴⁷ Også i andre salmar kler Jesus på seg menneskekropp: «Vor krenckelig Natur han paa sig toog/ Der i sig klæde det evig gode» (K69,2). Denne påkledninga tar dei andre salmebøkene vare på, til dømes: «og i vårt arme kjøt og blod/ nå kler seg Gud, vår Herre god» (NoS 34,2).³⁴⁸

I julesongen «Et barn er født i Betlehem» (*Puer natus in Bethlehem*) er endringane i bileta større.

Vort Kiød og Blood hand paa sig toog/
Uskad af Diefvelen blef hand dog (K58,6, slik også i L).³⁴⁹

Han tok på seg vårt kjøt og blod,
Men fri for ormens eiter stod (Nyn94,6).

Han sjølv, som er Guds eige Ord,
han kom i kjøt og vart vår bror (NoS30,6).

K, L og Nyn set kroppen i samband med djevelen, eller ormen, frå syndefallsforteljinga, og knyter dermed sambandet mellom synda og det vonde, samstundes som tekstversjonane understrekar at Jesus er syndfri og rein. I NoS er kroppen «nøytralisert»: «kom i kjøt» (NoS30,6). I staden for å seia noko om sambandet med ormen og synda, nyttar NoS «Ordet» som namn på Jesus, etter Joh 1, den såkalla Johannesprologen.³⁵⁰ «Bror», som NoS nyttar, er som tidlegare nemnt, eit mykje brukt namn på Jesus. Det får fram slektskapet med mennesket, men seier ikkje direkte noko om synda eller syndfridomen. Poenget i dei eldste salmeversjonane er at

³⁴⁷ Også dette finn basis i Bibelen: «Han som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så vi skal bli rettferdige for Gud i han» (2 Kor 5,21).

³⁴⁸ Jesu menneskeskapnad som ei framstilling i kjøt, finn vi også i K88,2: «Som i dit Kiød har sig beteed», biletet er teke vare på i L og i LR og NoS med «med oss nå kjød og blod han bær» (NoS91,2). Nyn har ikkje strofa.

³⁴⁹ Her er ikkje omkvedet og innstevet teke med.

³⁵⁰ «Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss» (Joh 1,14; tidlegare omsetjingar: «Ordet vart kjøt», t.d. nynorsk bibelomsetjing 1938).

Jesus var som «oss», men utan synd.³⁵¹ Landstad vidarefører teksten i K og denne blir omsett til nynorsk av B. Støylen (Nyn 94). Det at «vi» skal bli Gud lik, «apoteose-motivet», er framheva i strofene som følgjer:³⁵²

I Kiød og Blood er hand os lig/
er hand os lig/
I Synden er hand os Ulig/
Halleluja.

Der med gjør hand os alle sig lig/
os alle sig lig/
Og føer os saa til Himmerig/
Halleluja (K58,7-8; L138,7-8 og Nyn94,7-8).

Landstads reviderte har ein kombinasjon av N.F.S. Grundtvigs bearbeiding av salmen (sju strofer) og Landstads versjon (tre strofer).³⁵³ I Grundtvigs tekst vert ikkje mennesket likt Gud, men «da bliver engler vi som de» (LR116,10). NoS har den gamle julesongen både på bokmål og nynorsk. I bokmålsteksten (NoS29) finn vi ikkje apoteose-motivet, medan det er tydeleg i nynorskteksten: «Ein gong vi vert vår Herre lik» (NoS30,7). Det er interessant å sjå kor ulike bokmåls- og nynorskvariantane av denne salmen er i NoS.

Når Jesu manndom vert omtala, er det tale om hans menneskelegdom og ikkje om noko spesifikt kjønnsleg. Eit døme finn vi i Kingo-salmen «Vær trøstig Zion/ Jesu Brud»: «O Jesu/ du som Mandom tog» (K88,6), ei formulering som held seg heilt fram til 1985-boka der dette uttrykket vert skifta ut: «O Jesus Krist, vår bror du blev» (NoS91,4). Det er framleis Jesus som mann (bror) det blir vist til, men utan dei særlege konnotasjonane som er knytte til «manndom». Salmen i NoS-versjonen vil gjerne visa at Jesus vart som oss, men tonar ned det syndige knytt til kroppen, eller

³⁵¹ «Han som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så vi skal bli rettferdige for Gud i han.» (2 Kor 5,21.)

³⁵² *Apoteose* tyder opphøying av menneske til Gud. Å verta Gud lik, er ei sanning om framtida, i kristendommen. 1 Joh 3,2.

³⁵³ Grøm, 2011, s. 349.

det som kan assosierast til noko kjønnsleg. Koplinga mellom kropp og synd er ikkje like tydeleg som før, og dette er ein tendens i dei seinare revisjonane.

Når salmen talar om Jesu kropp, talar han både bokstaveleg om lekamen hans, men også om nattverden. Jesu lekam vert servert og biletbruken verkar drastisk for mange.

At vi aldrig det forgiæde/
Gaf hand os sit Legem at Æde/
Det vi faa med Brød saa fiin/
og at Dricke sit Blood i Viin (K155,2).

Til en Hjertens Minde-Glæde
Gav han os sit Kjød at æde
Udi Brød, af Naaden fin,
Og at drikke hans Blod i Vin (L308,2).

Brød og vin dei fram skal bera,
Til hans minne skal det vera.
Det er himmelføda god,
Som han giv i kjøt og blod (Nyn231,2).

Nynorsk Salmebok gir her eit godt døme på freistnadene som vert gjorde for å mildna det barske måltidsbiletet. Både lekamen og blodet er uttrykk frå nattverdsliturgien som ikkje kan fjernast heilt frå salmetekstane. NoS brukar formuleringane frå Nyn, medan LR ikkje har strofa med.³⁵⁴

Menneskelekamen vert ikkje berre framstilt som ein reint materiell storleik. I ein kveldssalme lyder det: «At Legemet ey samtycker hans Raad/ Og ey kommer i din Vrede og Had» (K136,3). «Han» som gir råd, viser til djevelen, og salmen siktar truleg til kroppslege freistingar. Berre NoS801 har denne salmen, og der er ikkje kroppen tematisert i det heile. Lekamen er i K også omtalt som sete for lyst «Vort Legems Lyst begiere» (K33,6), ei formulering som ikkje går vidare.³⁵⁵ Det blir altså færre kroppslege bilete i salmerevisjonane.

³⁵⁴ NoS140,2 er som Nyn, men har ei staving ekstra i sistelinja i strofa og skriv difor «som han gjev oss i sitt kjøt og blod». LR har ikkje salmen.

³⁵⁵ «Lyst» er ikkje med i dei andre salmebøkene, Nyn78 og NoS88 skriv «Sjå gifti brenn i blodet,/ Du syndi slökkja må». K og L talar om «Dend gamle Adam kræncke» K33,6; ”drukne” (L100.6).

Lekamen og sjela kan vera to separate storleikar i salmens biletbruk, endå dei i jordelivet opptrer som eit par: «Hvad som enhver med Siæl og Krop/ Paa Jorden har bedrefvet» (K266,3). L tar vare på denne formuleringa, men dei andre salmebøkene, som har ein annan versjon av domssalmen *Dies irae, dies illa*, set ikkje lekam og sjel opp mot einannan. I døden gjer sjela seg fri frå lekamen: «Der i jeg vel/ BLifver/ dog min Siæl/ Fra Legemet maa henfare» (K183,9; slik er det også i L og LR, men ikkje i NoS621 som berre vidarefører nokre få av strofene i denne salmen. Nyn har ikkje salmen). At sjela var oppfatta som ein konkret storleik som forlet lekamen i dødsaugneblinken, er kjent frå folketrua. I mellomalderen kunne kyrkjeklokkene ringja når nokon døydde, for å villeia vonde makter som kunne snappa sjela på veg til hennar evige bustader. Mange stader opna ein vindauget i rommet til den døyande så sjela kunne fly fritt til himmels.³⁵⁶

Ved oppstoda møtest sjela og lekamen att: «At Siæl og Aand og Legem maa/ Paa Christi Dag fuldkomne staa» (K268,10; ei formulering som er vidareført i L, LR og NoS; Nyn har ikkje salmen). Salmane frå 1600-talet er tydelege på at oppstoda blir ei reetablering av den døde menneskekroppen, med hud og hår og alt i hop:

Guds Magt skal da icke være seen/
At samle igjen disse tørre Been/
Og Siælen i Kroppen indlifve/
Icke en Bloods-Draabe borte skal blifve (K274,4).

Tekstane problematiserer ikkje kvar det kan ha blitt av kvar «Bloods-Draabe» medan lekamen har lege i jorda, men ser det som ei kjensgjerning at alt er på plass i den rette stunda. Denne framstillinga av oppstoda finn ein ikkje i dei fire andre salmebøkene.

³⁵⁶ Hodne, 1980, s. 50-53. Dette er ei førestilling t. d. Henrik Wergeland brukar i sitt vidgjette dikt «Til min Gyldenlak» (1845):

Idet eg raaber: med Vindvet op!
mit sidste Blik faaer din Gyldentop.
Min Sjel dig kysser, idet forbi
den flyver fri (Wergeland, 1930, s.63).

Hjå Wergeland er ikkje sjelas flukt frå lekamen sett inn i nokon religiøs kontekst.

Dei kroppslege bileta avtar gjennom revisjonane og dei vert mindre direkte. Det tette sambandet mellom kropp og synd, avtar også. Likeins vert den kroppslege oppstoda mindre konkret.

4.3.4 Smertas anatomi

Kingos langfredagssalme «Bryder frem I huule Sukke» dannar klimaks i pasjonssalmane hans. I gjennomgangen av denne salmen her, føregrip eg formell fase noko. Landstad vidarefører store deler av salmen, men berre ei av strofene i denne salmen har overlevd fram til NoS. Men dette er ein tekst det er verd å kommentera i sin heilskap, ikkje minst på eit deskriptivt nivå; eg dreg difor inn andre kommentarar enn dei deskriptive i analysen i dette kapitlet. Salmen skildrar Kristi kroppslege lidning svært direkte, men også salme-egets fysiske reaksjonar på denne lidinga. Store deler av salmen er dominert av kroppslege bilete.³⁵⁷

Første strofa presenterer ei lekamleg sorg:

Bryder frem, I hule Sukke,
Af min dybe Hjertes Grund,
Ingen kan min Sorrig slukke,
Ingen holde for min Mund;

Thi min Sorg, som Hjertet bær,
Og min Indvold i mig skjær,
Skal af mine Øine flyde,
Og ud fra min Tunge bryde (K300,1).

Sorga skriv seg frå eg-ets indre, «min dybe Hjertes Grund», og jamvel innvollane er smertefylte. Kjenslene får ytre uttrykk gjennom gråten som ingen kan stogga. Tårene representerer her kroppsvæskene som elles flyt rikeleg i fleire av Kingos salmar. Erik

³⁵⁷ Kjennskapen til menneskekroppens anatomi er god på 1600-talet. Frå 1400-talet var det gjort store framsteg i anatomisk forskning. Ved dei større universiteta i Europa føregjekk disseksjonar av menneskekroppen. Disseksjonane kunne vera offentlege og universiteta kunne ha eigne auditorium med publikumsplassar for slike forsøk, slik ein til dømes kan sjå i Uppsala. I Bergen vart det oppretta eit «Anatomie-Kammer» omkring 1750. Den danske kongen stilte velviljug døde fangar på Akershus festning til rådvelde for medikus i Cristiania, og Trondheim hadde sine avtalar for undervisning. Holck, 2004.

A. Nielsen seier at «de grænseløse strømme af gråd» er karakteristisk for Kingos diktning.³⁵⁸ Det eg-et lir, er likevel ingenting jamført med det «Guds Søn» må gjennom, «han lider Vold» (K300,2). Gjennom ei rekkje anaforar peikar salmen ut den dødsdømde på veg mot Golgata, for sjela:

Nys er han fordømt til Døde
 Tænk, min Sjæl, han kommer der,
 See, hvordan hans Saar de bløde,
 See, hvordan han Korset bær,
 See, hvor sriblet er hans Hud!
 See hvor ussel seer han ud!
 See, hvor Tornekronen stikker,
 Hvor hans Mund sit blod inddrikker
 (K300,3).

Nys er han fordømt til Døde
 -Tænk, min Sjæl, han kommer der!
 Se, hvordan hans Saar de bløde!
 Se, hvordan han Korset bær!
 Se, hvor sribet er hans Hud!
 Se hvor usel ser han ud!
 Se, hvor Tornekronen stikker!
 Se, den Dødsens Kalk, han drikker!
 (L329,2).

Gjennom dei sanselege bileta viser Kingo attende til tidlegare hendingar i lidings saga: At Jesus er blitt hudflengd og difor har «sriblet [...] Hud», at han har fått ei tornekrona pressa ned på hovudet og no slepar på krossen som er alt for tung for han. Detaljen med blodet som renn frå panna eller tinningen og inn i den lidandes munn, er skarpt sett og formidla. Gjennom oppmodingar og detaljar vil salmen vekkja songarens, eller lesarens, medynk og ansvarskjensle. Landstad, som er den einaste som tar denne strofa med i salmeboka, følgjer Kingo heilt til siste linja. Men der fjernar han sambandet mellom tornekrona og det som renn inn i Jesu munn. «Se, den Dødsens Kalk, han drikker» (L329,2) peikar attende på Jesu bøn i Getsemane.³⁵⁹ Landstad er nær evangelieteksten, men fjernar seg frå realismen. Den sjanglande halvdøde mannen tømmer neppe noko beger eller nokon kalk langs pinslevegen, anna enn i overført tyding. Landstad vender blikket bort frå smertebileta og til den teologiske forståinga av det heile: Difor var han komen, for å tømme dette begeret,

³⁵⁸ Nielsen, 2010, s. 480.

³⁵⁹ Kalken som skal tømast, refererer til Jesu bøn i Getsemane om å få sleppa lidinga: «Far, er det råd, så lat dette begeret gå meg forbi!» (Matt 26,39).

altså gå inn i den pinefulle lagnaden han var utsett til. Kingo blir verande ved det sanselege ubehaget, insisterande.

Strofa etter, der Kingo følgjer opp med fleire detaljar, har ikkje Landstad vidareført:

Tænk, hvor fuld han er af Vaande,
Og som Ormen vrider sig!
Agt, hvor stakket er hans Aande,
Hvor han stønner ynkelig,
Hvor han blodig er og blaa,
Og hvor neppe han kan gaae,
Og maa dog med Korset stræbe
Op til Golgatha at slæbe (K300,4).

Kingo teiknar ikkje noko flatterande bilete av ein stoisk lidande person. Kristus er langt frå idealet for helgenframstillingar der dei sæle verdig held ut logane frå bålet eller pilane frå bogeskyttarane, til døden omsider frir dei frå smertene. At Kristi kropp vrir seg som ein orm, gir eit nærast grotesk tilbakeblikk til syndefallsforteljinga i GT. Dette er slangens time; no er det han som rår over frelsarens kropp. Kingos pasjonssalme er biletmessig oppteken av den lidande kroppen og dei fysiske sidene ved krossfestinga:

Opad Korset de ham trække
Støde, trykke, gjør' ham Meen,
Og med Grumhed strax udstrække
Hans udmatted' Arm' og Been,
Nagle ham til Korset fast,
Saa hans Sener hartad brast,
Dermed lade de ham hænge,
Til hans Pine at forlænge (K300,8).

Op ad Korset de ham trække,
Og med Grusomhed gjør Meen,
Ud hans kjærlig' Arme rekke
Og hans saare, møde Been,
Nagle ham til Korset fast,
Saa hans Sener sønder brast,
Dermed lade de ham henge,
Til hans Pine at forlænge (L329,5).

Truleg vart Jesus, og andre dødsdømde, nagla eller bundne til krossen før denne vart reist. Salmens framstilling stemmer difor ikkje heilt. Krossfesting var rekna som den mest fornedrande av alle dødsmetodar, og særskild pinefull. Det kunne gå dagar før den krossfeste døydde. Kingos kommentar: «Til hans Pine at forlænge», er heilt presis. I denne strofa følgjer Landstad Kingo nesten fullt ut; framleis, mot slutten av 1800-

talet, kan smertescenene syngjast i kyrkja på langfredag. Men Landstads bødlar rekkjer ut Jesu kjærlege armar, noko som gir assosiasjonar til ein velsignande gestus, og ikkje den «Grumhed» Kingo lar den dødsdømde vera utsett for. Kingos «Støde, trykke, gjør' ham Meen» er også samanfatta til «med Grusomhed gjør Meen». Landstad lagar tre mindre salmar av den 29 strofer lange pasjonssalmen. Truleg har han ønskt å ta vare på så mykje som råd av teksten. Han skjer bort mykje av Kingos lidingscener eller dempar dei, jamvel om han også vidarefører ein heil del. Etter salmeboka frå 1870, er det meste av salmen borte.³⁶⁰

«De» som utfører ugjerningane mot Jesus, er i Kingos salme jødane.³⁶¹ I tillegg til dei miskunnslause handlingane og det harde sinnelaget dei viser («Ingen har Medlidenhed,/ Udaf Medynk ingen veed», K300,10), er dei karakteriserte gjennom kroppslege framstillingar, gjerne ironiske. Dei framstår som stolte og kneisande, trygge på seg sjølve, endå salmetekstane avslører at dei er falske og vonde. Jesus ville opna nådedøra for «det blinde Jødefolk» (K300,13, mi understreking), men «Dødens Spot vil de dig gjøre» (K300,13). Kingo meiner dei fornedra han som var deira bergingsmann ved den døden dei påførte han, og opna ikkje augo for frelsa han tilbød. Innskrifta Pilatus set på krossen som forkynner at Jesus er kongen over jødane, resulterer i at «Avind digt i Hjertet river / Paa hver hærde Jøde krop» (K300,14). Dei er ikkje i stand til å lesa innskrifta ironisk, men oppfattar henne som ei hån mot dei sjølve, ifølgje Kingo.

Landstad fjernar sparka mot jødane som Kingo har fleire av, også i denne salmen. Der Kingo skriv: «Hvor de stolte Jøder kneise,/ Og ham bane Dødens Vei» (K300,6),

³⁶⁰ Korkje Guldbergs salmebok (1778) eller Evangelisk kristelig psalmebok (1798) som var i bruk i Noreg jamsides *Kingo*, har salmen med. *Kingo* var for det meste i bruk på landsbygda i Noreg, medan dei større byane og tettstadene brukte dei to andre bøkene. På landet har dei altså kunna syngja Kingos pinsletekstar i full lengde til Landstads salmebok kom i 1870.

³⁶¹ Det finst i Kingos salmebok ei rekkje utfall mot jødane. Også Martin Luther var svært kvass i sin omtale av jødane, og denne folkegruppa vart møtt av streng og ekskluderande lovgiving og forfølgning over heile Europa. Ulvund, 2017, s. 59-118.

skriv Landstad: «Hvor de haarde Halse kneise,/ Og ham bane Dødsens Vei!» (L329,4). Den eine strofa som har gått vidare i norsk salmesong, «Skriv deg Jesus på mitt hjerte», og også er med i *Norsk salmebok* 2013, står i K og L i samanheng med innskifta Pilatus sette på krossen, og dermed også i samband med jødane:

Paa hans Kors Pilatus skriver
Jødekongens Titel op,
Avind digt i Hjertet river
Paa hver hærde Jødekrop;
De maa see og sprække ved,
At min Jesus Led fra Led
Blodig er, og kan dog bære
Kongetitel med stor Ære (K300,14).

Paa hans Kors Pilatus skriver
«Jesus, Jødekonge» klart.
Dette Ord til Anke bliver,
Som til denne Dag har var't.
Dig i Hu hvo gav det saa?
Hvad du skrevet har, skal staa,
Jesus skal, korsfæsted bære
Konge-Navn og det med Ære (L330,2).

Det er ein karikert jøde kropp som trer fram i Kingos salme, herda og sprekkeferdig.³⁶² Jesus, jøde han også utan at salmen reflekterer over det, er her «min». Landstad vil gjerne få fram det sambandet som finst mellom strofa om innskifta på hjartet og den om innskifta på krossen. Men han unngår alle åtak på jødane og skriv strofa om. Det kan vera vanskeleg å forstå kva som ligg i at anken mot innskifta har vart «til denne Dag» (L330,2), men det kan visa til at jødane på Landstads tid framleis kunne bli anklaga for å ha teke livet av Jesus. Eller det kan vera mynta på at jødane framleis ikkje anerkjenner Jesus som sin konge. Apostrofen der Landstad-salmen spør om kven som gav idéen om å skriva slik på krossen, må ein underforstå er retta til Pilatus. Denne Landstad-strofa (L330,2) går ikkje vidare, og dermed er salmen «Skriv deg Jesus på mitt hjerte» lausriven både frå samanhengen med Pilatus si innskrift, og frå pasjoneren i det heile, i salmebøkene etter L.³⁶³

Ikkje berre dei konkrete framstillingane av lidinga, men også dei meir fortolkande og teologiske strofene i Kingos langfredagssalme, nyttar kroppslege bilete:

³⁶² Ulvund, 2017. s. 39 (og resten av kapittelet, s. 59-118).

³⁶³ Strofa «Skriv deg Jesus på mitt hjerte» er nokonlunde uendra gjennom revisjonane. Også elles i salmematerialet finst hjartet brukt som skriveunderlag: «Til hannem mit Hierte staa/ Hans Nafn vil Jeg der skrive/ Og bære til min Død» (K53,1); eit bilete som er med i L og LR, men skore bort i Nyn og NoS.

Spørg dog ei, hvorfor hans Klæder
De saa blodbesøled' er',
Han Guds Vredes Perse træder,
Og al Verdens Blodskyld bær;
Slangen ham i Hælen beed,
Giften ham hans Hjerte sleed,
Som hans Aarer gjennemrendte,
Og ham for vor Ondskab skjændte (K300,5).

Den typologiske tolkingsmåten går att i Kingos pasjonssalmar, noko eg vender attende til i formell fase.³⁶⁴ Landstad tar med denne strofa. Kroppsvæskene til Jesus blir her blanda med slangens gift og strøymer gjennom årene hans, medan druesafta i persekaret omsider kan nå nattverdbegeret, eller den truandes hjarte, slik det vert framstilt i fleire emblem.³⁶⁵ Dei kroppslege bileta pregar også reaksjonane salmens eg får i møte med Jesu smerter og i ettertanken om kva dei inneber. I den siste strofa møter eg-et den døyandes lutande hovud i eit kyss:

O min Jesu, gid jeg kunde,
Jesu! gid jeg kunde dog
Døe med samme Ord i Munde,
Hvormed du din Afsked tog,
Bøi, o bøi dit Hoved ned
Til mig udi Dødens Sved
At min Sjæl dit Kys maa nyde,
Naar jeg skal min Aand udgyde! (K300,29).

Kingo ser for seg at Jesus bøyer hovudet og andar ut i eit kyss til eg-et under krossen, som dermed får liv i den andres død, Jesu utpust til død, blir eg-ets innpust til liv, då evig liv. Også denne strofa har Landstad med. Kingos biletbuk er på mange vis barokk. Det er interessant at Landstad tar vare på så pass mykje av Kingos drastiske

³⁶⁴ Typologisk bibelforståing tolkar fortidige hendingar og personar som førebod på seinare hendingar og personar; til dømes er utgangen frå Egypt eit teikn på påska, lammet som vart slakta, viser til Jesu (Guds lams) offer; David er eit førebilete på Jesus og så bortetter (Seland, 1994, s.31-33). Sjå elles kapittelet «Teori og metode».

³⁶⁵ Vinpressa er i GT nytta metaforisk om Guds vreide som råkar eit gjenstridig folk (Jes 63,1-6). Ein finn biletet att i Op 14,19-20. Dei som skal straffast for si synd, ligg i persekaret, og blodet flyt. I kristen teologi er det Jesus som i syndarens stad tar imot Guds vreide, han er altså drua i vinpressa, hans blod flyt. Eit emblem er gjengitt i Nielsen, 2013. s. 154.

kroppslege biletbuk. Og det er tankevekkjande at ein etter overgangen til 1900- eller 2000-talet ikkje kan sjå seg syn med denne typen kroppslege skildringar, i eit tid som elles ikkje viser atterhald med noko som gjeld kropp eller lidning.³⁶⁶

4.3.5 Hjarta

Fleire kroppsdelar er med i salmens biletarsenal, til dømes hjarte, hand og arm, auge og øyre (med syn og høyrslé); likeins kroppsvæskene som vi alt har vore inne på. Bruken av desse bileta endrar seg ikkje drastisk gjennom revisjonane. Men sidan salmane blir korta ned, blir det mindre av det meste, ikkje minst kroppsvæsker: Blodsutgytingane blir færre, tårestraumane minkar.

Den kroppsdel den oftast vert vist til i salmane, er hjarta, både Guds hjarta og menneskehjarta. Det er i liten grad omtala som muskel som «verkar», «slår» eller «stoggar», men meir som senter for kjensler, drifter og vilje, ja, jamvel forstand. Hjarta forstått i ei slik overført tyding, er oftast primærttydinga både i salmane og i mykje anna dikting.

Døma på at Gud vert karakterisert ved sitt hjartelag, er mange. Her skal berre nemnast nokre: Sonen er gått ut frå Faderens hjarta: «Er af hans Hierte udgangen» (K33,1), eit bilete som vanskeleg lar seg fysisk forstå, men i overført tyding viser til

Guds djupfølte kjensler både for Sonen og dei menneska han sende han til.³⁶⁷ L tolkar Sonen som «Den af hans Hjerte kaarne» (L100,1), altså den Gud valde, medan Nyn og NoS tek opp att biletet frå K og originalen av Elisabeth Cruciger: «Or faderhjarta runnen» (Nyn78,1; NoS88,1), ein pendant til «Isais rotskot» som er brukt som bilete

³⁶⁶ Også i Danmark er det berre strofa «Skriv dig, Jesus, på mit hjerte» (*Den danske salmebog*, 2003,208) som er att av Kingos langfredagssalme. Men *Den danske salmebog* har med langt fleire av pasjonssalmane til Kingo, enn det Noreg har vidareført. *Den svenska psalmboken* (1986) har ikkje denne Kingo-strofa med.

³⁶⁷ «Aus seym hertzen entsprossen», Elisabeth Cruciger (ca.1500-35); NNSL, 2011, s. 509.

på den komande frelsaren.³⁶⁸ Samtidig er dette eit organisk bilete som viser einskapen og likskapen mellom Faderen og Sonen.

At hjarta blir forstått som eit senter for kjensler og vilje i salmebokkonteksten, vitnar også følgjande salmerevisjonar om: «Sit Faderlig Hierte vende hand til mig/ Han koste der paa foruden Sviig/ Det kieriste hand hafde» (K46,5). Dette vert hjå Landstad: «Han vende faderlig Hu til mig» (L9,5; strofa finst ikkje i LR). «Han kom meg faderleg i hug» heiter det i Nyn (19,5), og i NoS: «Han kom i hu sin miskunnhet» (NoS322,4). Her er det Guds haldning overfor mennesket, «eg-et», som vert framstilt, og hjarta hans blir her forstått som hug eller vilje og kjensler, og dette har positive konnotasjonar i salmematerialet. Men hjartet vert ikkje nemnd i dei seinare salmebøkene endå Luther, som har dikta salmen, knyter Guds hjarte til omsuta for salmens eg: «Er wand zu mir das vater hertz».³⁶⁹ Revisjonane viser at hjarte og hug eller «hu» blir forstått som om lag det same, men «hug» viser i større grad til tankeverksemd, slik vi såg, enn «hjarte» som er meir knytt til dei djupe kjenslene.³⁷⁰ Guds vedtak vert altså flytta frå hjartet til hjernen i revisjonane.

Også menneskehjarta er eit slikt sentrum i personlegdomen. Det kan omvendast og opplysast, det kan kjenna angst og trå, det kan gledast og gråta.³⁷¹ Jamvel om ei rekkje av hjartestrofene blir borte under vegs i revisjonanes strykeprosessar, verkar det som hjartet som bilete på personlegdomen og menneskets inste, framleis er vanleg i salmematerialet. Hjarta er gjerne knytt til kjærleik og djupe kjensler. Men det blir knytt færre assosiasjonar til hjarta utover i salmerevisjonane. Framstillingane av det er enklare og mindre biletmessig utvikla enn i dei to eldste salmebøkene, noko som

³⁶⁸ Jes 11,1.

³⁶⁹ NNSL, 2013, s. 63 (str.4).

³⁷⁰ *Nynorskordboka*, «hug». [Bokmålsordboka | Nynorskordboka \(uib.no\)](http://Bokmålsordboka|Nynorskordboka(uib.no)) 31.08.22

³⁷¹ Døme frå salmematerialet: «Eya mit hierte med stoor Andagt sig glæder» (K113,2); «Dersom dit hierte med Sorrig bespendt mon være» (K113,7), to strofer som ikkje har gått vidare i materialet. «Mit Hiertes Angst motte stilles/ O Hiertens Tvang/ Og stoor Verdens Modgang» (K48,3), her følgjer angsten hjarta heilt fram til NoS som skriv «då skal min angst ende» (NoS458,2).

byggjer opp under ei av mine hovudteser: At bileta blir meir nøkterne, mindre sanselige og meir rasjonelle.

Stundom verkar «hjarta» som ein forsterkar. Når noko skjer av hjarta, av hjartans grunn, er det alt større grunn til å ta det på alvor: «At jeg maa dig af Hiertens Grund/ Elske og Ære i allenstund» (K37,3); «Af Hiertet vi det begiere» (K49,7). Desse forsterkingane har ikkje gått vidare i dei andre salmebøkene. Derimot finn vi hjartegråten «Det vi end græde Hiertens Graad» (K100,1) att i L220,1 og LR 197,1. I Nyn og NoS er det ikkje nokon samanheng mellom hjarta og gråten. Men i siste strofa av salmen (K100 og parallellane) kjem takken av hjartans grunn i alle fem salmebøkene. Hjarta kan ha grunn eller botn: «Vi fryde os af Hiertens Grund» (K197,9, ikkje i dei andre)³⁷² og rot: «Men tro hans Ord af Hierte-Rood» (K268,8; også i L, LR og NoS; Nyn har ikkje salmen), det eine gjer at ein anar djupne og volum, det andre viser at hjarta er organisk. Jamvel om hjarta spelar ei rolle i alle salmebøkene, blir omgrepet oftast meir snevert brukt som stad for kjensler etter L

Hjarta kan omtalast som ein romleg storleik der noko kan oppbevarast: «Du skinnende Jaspis og Rubin/ Indgyd udi mit Hiertes Skrin/ Til dig kierligheds Brynde» (K37,3) oppmodar eg-et Jesus som også vert kalla «Brudgom» i same strofa. Tilvisinga til edelsteinane gjer hjartet her til eit skattkammer. Landstad aukar intensiteten i kjærleiksønska: «Du klare Edelstenen min,/ Lad skinne i mit Hjerte ind/ Din Ild og Elskovs Flamme» (L140,3), men han tar ikkje skrinet med. Det gjer heller ikkje seinare salmebøker. Men i Luthers julesalme «Fra Himmelen høyt komme vi nu her» (K57) er skrinet på plass i alle salmebøker, unnateke Nyn: «Giør dig en reen Seng udi mit Bryst/ Og hvile dig i mit hiertes Skrin (K57,13).³⁷³ Biletet er i slekt med det ein til dømes kan finna hjå H. A. Brorson når han gjer hjarta til ein verestad for

³⁷² "Med Tack udaf din Hiertes Grund" (K168,1); "Troer du fast af Hiertens Grund" (K155,9); K278,1.

³⁷³ Luther brukar biletet «hertzen schrein» i sin originaltekst (NNSL, 2011, s. 387).

Jesus i julesalmen «Mitt hjerte alltid vanker».³⁷⁴ I begge dei to salmane er det Jesusbarnet som vert tiltalt, og det er ikkje eit midlertidig barnerom som vert gjort i stand, men snarare eit brurekammers, ein varig verestad for Jesus. Koplinga mellom barnet og brudgomen er klårare i Brorsons tekst enn i K, men denne koplinga finst også i K. Derimot er Brorsons julesalme renska for bruremetaforar i NoS-versjonen av salmen. Også på andre måtar vert hjarta gjort om til husrom eller tilhaldsstad. Ein salme av Sthen opnar ei imaginær dør: «Jeg lucker dig ind/ I mit Hierte og Sind» (K93,3). Denne formuleringa har gått vidare i salmebøkene. Å opne hjartedøra for Jesus som bankar på, er vanleg biletbuk i vekkingsforkynning og i populære religiøse songar og bilete, ikkje minst for born.³⁷⁵ Andre døme på at hjarta er bustad eller husrom finn vi i samtlige salmebøker: «Kom til os i vort Hiertes Huus» (K120,2; samt L og LR). Eit liknande døme er «Som opliuser vort Hiertes Huus» (K163,6) der Jesus er lyset som gjer det mogleg å sjå og forstå. I nynorsk omsetjing får busetjinga gjerne eit meir kvardagsleg og munnleg preg: «Kom inn og bu i hjarta vårt» (Nyn657,2 og NoS803,2). Dette er ein kveldssalme med eit folkeviseprega etterstev: «Glæde os Gud i Himmerig» (K120) som er teke vare på i alle salmebøkene. Heimsleg lét det også når Nyn skriv:

No kjære Herre Jesus Krist	Å, hjertens kjære Jesus Krist,
Tak i mi hytta husevist!	gjør deg en vugge i mitt bryst!
Her er mitt hjarta, kvil deg der	Kom, hvil deg i mitt hjertes skrin,
So eg deg stødt i minne ber (Nyn88,13).	og gi meg del i nåden din! (NoS36,10).

Nynorsk Salmebok drog nytte av det kvardagslege og endeframme landsmålet, noko heile denne salmen er prega av. Linjene «Mit arme Hierte du bereed/ At det dit

³⁷⁴ Ach! kom! jeg vil oplukke
Mit hierte, siel og sind
Med tusind længsels-sukke,
Kom, JEsu, dog derind!
Det er ey fremmed bolig,
Du har det selv jo kiøbt,
Saa skal du blive trolig
Udi mit hjerte svøbt

Jeg vil med palme-grene
Dit hvile-sted bestroe,
Min brudgom, dig allene
Jeg leve vil og døe.
Kom! lad min siel erlange
Sin rette qvæge-stund,
At kysse tusind' gange
Din søde rosen-mund (NNSL, 2012, s.576; NoS45,7).

³⁷⁵ Ein del av denne ikonografien finn støtte i Op 3,20: «Sjå, eg står framfor døra og bankar. Om nokon høyrer mi røyst og opnar døra, då vil eg gå inn til han og halda måltid, eg med han og han med meg.»

Tempel være maa/ Der for dig kunde aabet staa» (K199,2 og L421,2) blir i nynorsk språkdrakt: «Bygg i mitt hjarta her di bud,/ At det ditt tempel vera må,/ Som kann deg alltid ope stå!» (Nyn 323,2). Her er det ein sterk kontrast mellom den smålåtne bua som får plass i hjartet, og tempelet. NoS tar vare på hjarteskrinet og vogga frå K57, men syng ingen voggesongar, slik Nyn gjer (Nyn88,14).

Hjarta er på sett og vis fristilt frå resten av lekamen, jamvel når han søv:

Naar Søfnen falder vore Øyen paa/
Vort Hierte lad for dig Vaagen staa/
Holt ofver os din høyre Haand/
At vi ey falde i Syndsens Baand. ∴:
(K269,3).

Når våre øyne lukker seg
la oss få eie fred hos deg.
Din nåde og barmhjertighet
er alt vårt håp i evighet
(NoS801,3).

Dette er ein av dei salmane med latinsk opphav som K og NoS er åleine om i materialet. K ber om at hjartet ikkje skal somna; det gjeld å mobilisera mot freisting og synd også under nattekvila. Dette er noko som går att i fleire av kveldssongane i K. I Nos er ikkje noko fristilt hjarte som skal vaka gjennom natta. Hjarta er ikkje nemnt i NoS; det er ein kroppsdel mellom dei andre og kviler når augo har stengt lyset og dagen ute. Dette representerer eit anna syn på hjarta sin plass i den menneskelege biologien og mentaliteten, og eit anna syn på natta som fårleg og vakt-krevjande. «CHriste/ du est baade Lius og Dag» er ein dublett til K269 som målber den same tanken: «Først vore Øyen tage Søfn til sig/ Da lad vore Hierter vaage til dig» (K136,4).

Hjartet er knytt til kjensler og oppleving:

Da skulde mit Hierte dog ingenlund/
Fortvifle/ eller fra dig vende/
Saa bør at være ret Israels Art/
At haabe og troe af Hiertet snart/
Og Naade af hannem begiere (K139,4).

Eg trur då trygt i hjartans grunn,
Gud gjerer visst eit vende.
So gjer Guds folk av rette slag,
Som Anden gav sitt ættarlag:
Dei ventar på Guds time (Nyn201,4).

I K, som i L273 og LR43, må hjartet kjempa for å kunna tru, medan hjarta i Nyn er tryggare; hjarta er der meir ein «forsterkar» enn eit senter for kamp og strid. (I NoS er «hjerte» ikkje brukt i denne salmen.)

Hjartet er staden for tru og takk: «Ald Kierlighed ham yde/ Som skal af Hiertet flyde/ Med Troe og Tack og Ære» (K162,4 og L347,4). Men også det leie kan få innpass der: «Mørckheds Tancker/ Som i vore Hierte vancker» (K186,1, ein biletbruk som held seg i fleire av salmebøkene, stundom noko omformulert.) «Du som sorg for syndi ber/ og i hjarta nedtyngd er» (Nyn231,5); «og i hjarta skremd og nedtyngd er» (NoS140,5); salmen har fått nytt versemål i NoS, og auka stavingstal kan bli brukt til å forsterka dei negative kjenslene. Det er samband mellom sjela og hjarta: «Jeg kand finde i mit Hierte/ At min Siæl har Trøst der af» (K167,3; L346 og Nyn265), men det er uvisst kva dette sambandet botnar i; kanskje er sjela ei meir åndeleg eining og hjarta noko meir rasjonell.

4.3.6 Andre kroppsdelar. Auge og syn. Øyre og høyrsel

Augo og synet, både Guds og menneskets, spelar ei viktig rolle i salmematerialets biletbruk. Guds auge kan verka milde eller ransakande: «Min Sjæl i Gud da fryder sig,/ Naar du til mig seer mildelig/ Med dit Miskundheds Øye» (K37,4), eit bilete som held seg i dei salmebøkene som har strofa med (ikkje NoS). Men når Guds auge er på utkik etter synda, er det vanskelegare å akseptera det himmelske blikket: «Skue icke vor Synd med Øyet dit» (K100,6). Tanken på at Gud følgjer med på alt mennesket gjer, både godt og gale, er teke vare på gjennom heile revisjonshistoria (Nyn brukar ikkje biletet med at Gud ser her), men utan at det er brukt formanande overfor mennesket. I salmen er det ei bøn om at det ikkje er synda Gud må leggja vekt på når han augnefer mennesket, men at han må sjå til frelsargjeringa Sonen har gjort:

Sku ei vor Synd med Øiet dit,
 Siig os fra den af Naade kvit,
 Stat os i vore Trængsler bi,
 Gjør os fra alle Plager fri (L220,6).

Se ikke på vår synd så stor,
 men løs oss ved ditt nådeord,
 i våre trengsler stå oss bi,
 og gjør oss ved din miskunn fri! (NoS239,5).

Heile salmen er i NoS ei bøn til Gud om hjelp når «i vår største nød vi ser/ at ingen utvei finnes mer» (NoS239,1). I dei eldste salmebøkene er nauda tettare knytt til synd og otte for straff enn i dei seinare salmebøkene, men det er også dei eldre som ber om å bli fri frå alle plager. Det ber ikkje NoS eller Nyn om, dei ber om bistand og hjelp i tunge tider og trengsler.

Menneskeauget er flittig i bruk i salmetekstane, også i dømet over der «Vore Øyen og herte Sorigfuld'/ Løfte vi til dig/ O HERre huld (K100,3) som revidert lyder: «Me lyfter augo upp til deg/ Og bed med sorg og hjartetreg» (Nyn162,3); ei formulering som kan kjennast att frå Salmane i GT.³⁷⁶ (LR og NoS har ikkje strofa.) Det er likevel eit stykke att til Landstads eigen salme til «skriftemål»: «Jeg står for Gud som allting vet,/ og slår mitt øye skamfull ned» (NoS627,1). Det han ser i denne posisjonen, er at synda er stor i tankar, ord og gjerningar. Han sluttar seg til tollarens bøn i templet: «O Gud, meg synder nådig vær!» (NoS627,1).³⁷⁷

Synssansen er nær knytt til det å forstå; det å bli opplyst. Men stundom kan auga vera blindt i overført tyding slik at ein ikkje innser kva som er rett. Såleis er jødane kalla blinde (K300,13), og dei vantrue ferdast i «Slum og Siæle-Blindhed» (K88,3).³⁷⁸

Landstad gjentar formuleringa frå K88; LR moderniserer språket noko: «for dem som rundt på jord/ I søvn og blindhet vanker» (LR135,3); Nyn er meir omsorgsfull: «Han skal for deim som vida um/ I myrker vonlaust vankar» (Nyn135,2) medan NoS utelèt

³⁷⁶ Til dømes Sal 121: «Eg lyfter auga mine til fjella. Kvar kjem mi hjelp ifrå?»

³⁷⁷ Luk 18,13: «Gud, vær meg syndar nådig!»

³⁷⁸ «Slum» tyder her svevn, døs eller dvale. Dei er altså ein slags blinde søvngjengarar, desse som skal opplystast ved evangeliets klåre lys. (Kalkar, 2000, «slum».)

strofa. Salmen handlar om heidningane som kjem til Sion og er Herrens brur. Dei har vildra i mørket, men har som profetien seier, sett det lyset som skulle gå opp over dei som sat i skuggelandet.³⁷⁹ Vekta i NoS ligg meir over på det lyset som no rår, enn på skuggen og mørket over den blinde. Dette samanfell med den mildnande endringa som tar til alt med LR og Nyn og som går gradvis, utan at synd og mørke på noko vis er heilt borte frå materialet.

Mellom dei mest framståande referansane til synssansen, er anaforane i Thomas Kingos pasjonssalmar, særleg tydeleg i «Over Kedron Jesus træder» (K285) str.5-7. Dei fleste av desse er borte i dei seinare versjonane av salmane; Kingos insistering på å bruka synssansen, tagnar alt frå og med L. Det augo skal sjå, er dei bileta salmen målar opp, eller det dramaet som vert framstilt på den åndelege scena. Teksten formar såleis ei eiga verd der den som syng, kan følgja oppmodinga og sjå ikring seg for å oppdaga alt han og ho treng for å fatta konsekvensane av Jesu lidingsveg. Det er ikkje tale om å sjå frå stor avstand, men å vera tett på. «Over Kedron» er ein salme vi kjem attende til fleire gonger i dette arbeidet.

Tilsvarande skal det lyttast i salmen «Hører til, I høie Himle» (K284) der anaforen nettopp er «Hører». Svaret på denne oppmodinga er å lovsyngja slik at ein sjølv kan bli høyrd: «Sjung, min Sjæl, og lad dig høre» (K284,8). Dette er bevart hjå L og NoS (dei andre har ikkje strofene med). Det finst eit sansefellesskap mellom himmel og jord der dei ser og høyrer kvarandre; jamvel dei himmelske hærskarar og planetar deltar med sfærisk musikk: «Himlens hele Harmonie/ Sættes nu i Melodie» (K284,2). LR og Nyn har ikkje denne strofa, men «Himlens hele harmoni/ settes nå i melodi» er med i NoS (142,2). «Jesu røst må have Gang» heiter det i K284,2 og L316,2, noko som inneber at røysta hans må bli høyrd, eller ha «fremgang».³⁸⁰ Ein slik

³⁷⁹ Jes 9,2.

³⁸⁰ Kalkar, 2000, «gang». ordbok. «Gang».

uttrykksmåte er vanskeleg å forstå på 1980-talet, så NoS gjentar oppmodinga og karakteriserer samstundes Jesu song: «Lytt til denne rene klang!» (NoS142,2). Det som skal sjåast og lyttast til, høyrer til ein heilt annan røyndom enn den notidige. I Jesu song i Jerusalem, akkompagnert av overjordiske klangar, og i hans gang til Golgata, opphøyrer tidsskilje og geografisk avstand. Salmens eg deltar med si sansing og sin song i ei biletleg verd av ein tidlaus karakter skapt av salmens eigen biletbruk og utan samband med den røynelege verda. Då må også det å sjå og høyra oppfattast som noko anna enn resepsjon av særskilte stimuli.

4.3.7 Munn, tunge, tale, song

Ord, tale og song har stor plass i salmanes biletbruk. Og som med dei andre kroppsdelane, finn ein munnen og talen (og songen) både hjå Gud og menneske. Det vert såleis etablert eit biletmessig fellesskap mellom guddommen og mennesket også her. Gud vert til å kjenna att. Det er fleire stader i materialet referert til at Gud talar, både gjennom ordet, som er Bibelens ord og forkynninga av det, og gjennom Sonen som er Ordet. Likeins refererer salmar også tenkte himmelske samtalar som i sitt innhald ikkje bryt med Bibelens bodskap, men som likevel representerer ei slags freidig tilnærming til guddommen og det han seier og gjer. Salmen «GUd Fader og Søn og hellig Aand» (K46) lar Gud ynkast over menneskets elende. Han talar til sin kjære son og ber han: «Far heden og frels de Arme» (K46,6). Denne himmelske samtalen er vidareført, med små variasjonar, i alle dei andre salmebøkene i materialet. I den same salmen vender «Guds Søn» seg til «meg» (K46,8), også dette går vidare, men medan Jesus «sagde» i dei fire eldste salmebøkene, «forkynte» han i NoS (322,7). Verbet «forkynna» er meir prega av høgtid og avstand enn «seia»; til dømes kan ein dom verta forkynt for den dømde. I K seier Jesus «Kom hid til mig» (K46,8), medan han i NoS forkynner «Tro på meg/ så skal jeg Satan binde» (NoS322,7). Stilmessig bryt dette noko med slutten av strofa: «For jeg er din, og du

er min [...]. Så skal oss intet skille» (NoS322,7). Store deler av denne salmen er monologar, Gud talar til Sonen, Sonen talar til mennesket og forklarar kva han har gjort for det på jorda. Ein annan salme framstiller kor dårleg det står til med kyrkja. «Derfor Taler Gud: Jeg vil opsee/ De arme legges fast Øde» (K49,4). I Landstads versjon kan vi nærast sjå for oss korleis Gud Fader reiser seg og utbryt: «Nu maa jeg op,/ og Haand i Hanke tage» (L497,4). Dette er i Nyn blitt: «Då segjer Gud: No upp eg må/ Og deira ovmod aga» (Nyn404,4; LR og NoS har ikkje strofa med). Ein finn både i L og Nyn ein folkeleg Gud som ordlegg seg så kvart menneske kan forstå han.

Munnen er ansvarleg for kjærleikserklæringar til Gud: «elske ham baade med Hierte og Mund» (K35,5; strofa går ikkje vidare) og lovsong: «O kiere Siæl/ luck op din Mund/ Din Tunge bør sig røre/ Med Tack udaf dit Hiertes Grund/ At Gud og Jesus høre» (K268,1). Sjela står her for mennesket; det er tale om konkret song, ikkje berre ei indre kjensle av takksemnd. L vidarefører strofa som i K, men i NoS er det kyrkjelyden som skal stemma i: «Guds menighet! Lukk opp din munn, / og la din lovsang klinge» (NoS677,1). Her er ei rørsle bort frå det personlege pronomenet «eg» til ei opnare og meir kollektiv formulering. Det finst ei rekkje oppmodingar til song i materialet. Songen er knytt til glede og takksemnd.³⁸¹ Eit salme-eg ønskjer det kunne alle tungemål og hadde ei «Tunge giort af Staal/ Og Engle-Maal der inde» (K73,5). Stålet er kommentert under «mineral» tidlegare i kapittelet.

Ikkje berre bøn og lovsong kjem over menneskeleppene, men også sukk og gråt: «Af Dybsens Nød raaber jeg til dig» (K139,1) siterer Salme 130, og ropet i denne

Luthersalmen held seg i alle salmebøkene. Også forkynninga og vedkjenninga er knytt til munnen, til utsegna.

Troer du fast af hiertens Grund/
Og bekiender det med din Mund/

Trur du rett i hjartegrunden
og vedkjennest sant med munnen,

³⁸¹ K146,1; K142,1

Saa est du ret gandske vel skicket/
Og denne Kost din Siæl Vederqvæger
(K155,9).

då for Gud du verdig er,
og han gjev deg liv og sæle her
(NoS140,7).

Salmen omhandlar å vera rett budd til nattverden; eit alvorleg tema, for «Hvo derhen uværdig kom,/ Æder, drikker sig selv til Dom» (L308,3, K155,3). Også dei seinare salmebøkene har med både vedkjenninga og åtvaringa om å eta seg sjølv til doms, i NoS er dette jamvel skjerpa: «død og dom for liv og sæle får» (NoS140,3). Versemålet er endra i NoS og det utvida stavingstalet vert altså nytta for å gi plass både til dom og til død.

4.3.8 Erotikk

I nært samband med dei kroppslege bileta, kjem erotisk biletbuk og bryllaupsmetaforikk. Ein av dei salmane der gjenklagen frå Høgsongen i GT er tydelegast, er «Din søde Hukommelse» (K16), ein opphaveleg latinsk salme truleg frå 1100-talet (eller tidlegare). Opphavet til salmen er uklårt. Den eldste danske omsetjinga finst i Thomissøns salmebok frå 1569. Dette er ein svært lang nattverdssalme der salmens eg uttrykkjer ein sterk lengt etter å sameinast med Jesus. Denne lengten er uttrykt gjennom ei rekkje sanslege bilete. Jesus er omtala som «sød» og «god» fleire stader i salmen, og som ein konge og sigervinnar (K16,9). Han er fylt av lys, sanning og kjærleik. Han er «Jomfruens Blomster vist,/ Vor Sødheds Kjærlighed og Lyst» (K16,34); ein «Konning from,/ en Fader med all Herredom» (K16,36).

Adjektivet «sød» eller substantivet «Sødhed» er brukt 13 gonger i K16. Landstad brukar det ti gonger, medan Nyn har tre. I LR706 er adjektivet «sød» brukt to gonger. LR unngår som oftast å bruka denne karakteristikken, særleg om han er knytt til ein

person. I samband med Jesus, som både K og L kallar «sød» rett som det er, tyr LR gjerne til den feudale termen «Herre» eller «kjær». ³⁸² Truleg har ordet «søt» endra tydingstyngd bort frå å inkludera kjær og elska, god og snill, i tillegg til å vera knytt til smaken. I Danmark brukar ein framleis ordet i vidare tyding enn vi vanlegvis gjer i Noreg, til dømes i eit utsegn som «det var sødt af dig». Salmen byrjar «Din dyre ihukommelse» i LR706 og der glede er «sød» og «sødere» i L66,1 er det «glede over glede» i LR706,1. «O Jesu, sødest Hjertens Trøst» (L66,4) vert skrive om: «Du trøstens kilde i mitt bryst» (LR706,4). Jesu «søde Kjærlighed» i same strofa, blir «Jesu rike kjærlighet» i LR. «Den kjærlighet, den Åndens ild» (LR06,16) er «sterk» og «sød» i L (66,25) medan den er «sterk» og «mild» i LR, eit par adjektiv som ikkje utan vidare byggjer opp under kvarandre. Den «søde Ild» som brenn i L (L66,26), er «Himmel-ild» i LR (str.17). Dei to gongene «søt» er brukt i LR, er det i samband med ordet (LR706,2) og sanninga (LR,706,9). Dei fleste erstatningane for «søt» verkar nøytrale, men alle leier assosiasjonane bort frå det sanslege mot ei meir intellektuell tilnærming. I NoS635 er «søt» ikkje brukt.

Den lengtande i K16 kjenner glede i hjartet når den elska kjem til staden, møtet har kvalitetar både frå lyd: «sjunges saa lysteligt»; «høres saa glædeligt» (K16,2), «I Øret Sang med Liflighed» (K16,22); smak og lukt: «I Mund Honning at undres ved,/ I Hjertet Drik af Himmel ned» (K16,22), «Honning søde Lugt/ Og altid Livets bedste Frugt» (K16,24), «Honning-Smag» (K16,29), «Hvis Smag giver Anmodighed/ Hvis Lugt frisker og styrker med» (K16,38), «Som lugter bedre end Balsam fiin»

(K16,37). Det søte er gjennomgåande i heile salmen. Eg kjem attende til denne salmen i omtalen av Jesus som brudgom.

³⁸² Eit liknande døme finn vi i salmen «O Jesu, søde Jesu, dig» (K19) av Thomas Kingo. L70 vidarefører Kingos formulering, men LR skriv om opningslinja: «O Jesus Krist, vår Herre kjær» (LR711,1).

Salmens eg er driven av begjær (K16,9, 14 og 21) og «Attraae» (K16,4). Eg-et og «alle Mand» «Begierer hans Kjærligheds Aand,/ Søger Jesum med Fyrighed, Lader see, Hjertet brænder derved» (K16,14), sjela sukker og søkjer med «gudelig Graad/ Med mit Sinds Raab uden Aflad» (K16,27). Jesus vert søkt både i einerom og i fellesskap:

Jesum i min Seng søger jeg
 Inden tillukte Hjertens Væg,
 Baade ene ogsaa hos andre med,
 Ved steds' varnde Kjærlighed (K16,6).

Tilvisingar til seng, einerom og «tosemd» er typiske for salmen. Dei personlege pronomena «jeg» og «du» er mest brukte. Men, som i strofa over, vert kollektivet trekt inn, både ved at det vert vist til, som her («hos andre med»), eller ved at pronomena i førsteperson blir i pluralis, «oss». Fleirtalspåminningane, samt tilvisingane til sjela og hjarta, forankrar salmeteksten i det religiøse. Fleire stader seier salmen at eg-et er sjuk av lengt og lyst (K16,24 og 30) og brenn av iver etter å «elske tæt» (K16,26). Eg-et kjem til møtes med den elska med gråt og djupe sukk, men også med open famn (K16,8), og når den elska kjem «Da bliver der Kys og Favnetag» (K16,28). Lengten er biletleggjort gjennom hunger og tørste. Jesus sløkkjer tørsten og svolten begjæret skaper (K16,19, 20, 21 og 23): «Hvo drukken bliver af Kjærlighed» (K16,21); «Mæt mig med dig, det er min Mad» (K16,23). Dette er bilete på den tilfredsstillinga eg-et får i møte med Jesus.

Landstad tar med mykje av den erotiske biletbruken. Han har både «Kys og Favnetag» (L66,23), lengsels sukk og gråt og brennande hjartens lyst (for eksempel L66,21 og 24), honningen dryp, rett nok i såret (L66,18) og eg-et går «syg af stor Attraa» (L66,18). Landstad innfører også brurebiletet eksplisitt: «Jeg være vil din Hjertens Brud» (L66,20). Liknande biletbruk som K16 og L66 har, finn ein i deler av den pietistiske songtradisjonen. Der er brura godt representert, og ein finn rikeleg

med døme på kroppsleg erotisk biletbruk.³⁸³ Dei pietistiske straumdraga fanst, og finst framleis, i stort mon i mange kyrkjelege samanhengar, og det er difor ikkje merkeleg at Landstad nyttar ein del erotiske bilete sjølv om han i større grad enn K knyter dei til sjela eller hjartet og heile tida har det kollektive perspektivet med og såleis dempar dei fysiske konnotasjonane.³⁸⁴

Nynorsk Salmebok tar med 30 strofer og følgjer ofte Landstad i biletsel. Nokre av strofene frå K og L med sterkast innslag av erotisk biletbruk, er mellom dei som er valde bort. Korkje L eller Nyn har Ks strofe om å bli drukken av kjærleik. Nyn er åleine om å vidareføra strofa om kjærleikshungeren (K16,19; Nyn551,17) rett nok med noko dempa ordbruk. LR tar bort ein god del av det sanselege og erotiske vokabularet; denne salmeboka har 20 strofer av strofene i salmen med, og mange av dei mest eksplisitt sanselege strofene er borte. Likeins er somt av det erotiske skrive om, som vi såg når det galdt «søt». Det kollektive står att som styrkt sidan fleire av «jeg»-utsegnene er borte.

NoS635 har 19 strofer, noko som plasserer salmen mellom dei lengste i denne salmeboka. Dei to siste strofene er ikkje direkte parallelle til strofer i K og L, men følgjer det latinske førelegget.³⁸⁵ Inderleg kjærleik til Jesus er biletleggjort også i NoS, men dei mest intime assosiasjonane er utelatne, og perspektivet som kjem fram gjennom pronomenvalla, er både hjå den enkelte og i kollektivet. Versjonen tek vare på mange av karakteristikkane av Jesus. Han er konge, han gir lys og von og

³⁸³ Erik A. Nielsen skriv i den store studien av H.A.Brorsons diktning om korleis ein, særleg i romantikken, men også før, omarbeidar den erotiske biletbukten til ei ikkje-kroppsleg erindringsframstilling. «Skønt denne lære om driftsforvandling med en vis ret betegnes *romantisk nyplatonisme*, er de fleste af dens former kendt fra pietistisk digtning og livspraksis» (Nielsen, 2013, s. 178).

³⁸⁴ Pietismen kom til Danmark-Noreg frå Tyskland og fekk ei tid stor påverknad på teologi og kyrkjeleg liv, støtta frå kongehus og hoff. Opplysningstida og pietismen føregjekk samtidig, men etter kvart tapte pietismen terreng for så å dukka opp att i lågkyrkjelege samanhengar: «Fra midten av 1700-tallet var pietismens tid forbi, mens dens religiøse idealer dukket opp igjen på 1800-tallet, i Norge hos haugianerne og i indremisjonsbevegelsen, og den ble med det en betydelig faktor i norsk kirkeliv» (Molland m.fl.) pietisme – Store norske leksikon (snl.no) 12.09.22.

³⁸⁵ NNSL, 2011, b. I s. 201.

miskunn, og han er frelsar. Han er mindre framstilt som elsker endå lengten og kjærleiken også er uttrykt i NoS. I alle salmebøkene er Jesus presentert som mann, noko som er ei framheving av Jesu to naturar: «Jesus Kristus, Gud og mann» (NoS635,2).

4.4 Samfunnet

Det er få innslag frå dagleglivet i salmematerialet; vi kan skimta den heimlege sfæren i nokre av julesongane der Jesus-barnets utstyr er nemnt, eller kanskje snarare mangelen på slikt. Fleire av desse bileta er prega av overflod og velstand; det ein tenkte Jesusbarnet burde hatt meir av, men som både han og dei fleste som song frå K i Danmark og Noreg, måtte sjå langt etter. Det har likevel eksistert eit medvit om at alt dette fanst og var til å ønskja seg og drøyma om. K57 opnar for visjonar om romslege forhold og stor rikdom for det fattige Jesus-barnet. Dei fire eldste salmebøkene tenkjer alle på kontrasten mellom silken og fløyelen som barnet skulle hatt, og dei stive stråa og arme klutane som vart han til del (K57,11; L129,11; LR106,9 og Nyn88,11). Dette er borte i NoS som må korta ned salmen og held på fattigdomen, men ikkje konkretiserer korkje den eller den rikdomen som var ønskt (NoS36,7-8). Blikket på barnet er mildt i dei gamle julesalmane. Til dømes kallar både L og Nyn barnet for «søtt» (K57, L 129 og Nyn88; dei andre tar ikkje strofa med).

I morgon- og kveldssalmar er hus og heim, mat og klede, arbeid og eigedom, meir overflatisk omhandla, men det er få detaljerte bilete frå kvardagslivet. I den grad dette stig fram, er det jordbruksamfunnet som vert presentert. Framleis i vår tid er

salmesjangeren dominert av agrare og naturmessige bilete, sjølv om det har sneke seg inn ei og anna bygate, litt industri og forureining dei seinare åra.³⁸⁶ Miljømedvit og omsut for forvaltning av jordas ressursar skin igjennom i til dømes revisjonen av K142 i NoS712. I Nyn skjer det ein auke av maritime bilete, ikkje minst dukkar det opp slike i dei revisjonane som Blix står bak. Som vi har vore inne på, er det også ei dreining mot det norske i bilettilfanget, kanskje særleg i Nyn der Gud flyttar inn i ei lys og rommeleg stove, men også allereie hjå Landstad.

Juridiske omgrep som dom og straff finst i materialet. Jesus er dommaren «som skal koma att for å døma levande og døde» som det heiter i Apostolikum. Både dom og straff finst att i alle salmebøkene, jamvel om det ikkje er eit dominerande bilete.³⁸⁷ Dommen og det alvoret som følgjer med den, er tydeleg framme i alle versjonane av *Dies irae, dies illa* (K266). Ei anna biletgruppe som held seg godt, er dei militære bileta. Dei er ikkje særleg utvikla og vert ikkje vesentleg endra gjennom revisjonane. Ord som «strid» og «kamp», «hær» og «sverd» er vidareførte, og kan jamvel auka, slik dei blir i «Vår Gud han er så fast en borg».

4.5 Avrunding

På det deskriptive nivået hentar salmane det meste av referansane sine frå Bibelen. Men fleire av bileta derifrå kan samsvara med det som er vanleg både idemessig og

³⁸⁶ Døme på by-salmar i NoS er 785 av danske Karl Laurids Aastrup og NoS 2013 nr. 520 av Holger Lissner. Per Lønnings salme på NoS nr. 730 tematiserer ureining. Aastrups salme er ikkje med i 2013-boka som dermed er utan referansar til byen i morgonsalmane. Då Danmark fekk ny salmebok i 2002, tok dei inn ein morgonsong og tre kveldssalmar av B. S. Ingemann (1789-1862) i tillegg til dei som var der frå før; vakre salmar, men ikkje nett urbane biletmessig (Øystese, 2007, s. 5). Jamvel om det urbane og moderne livet kan seiast å ha fått nokre få innslag i nye danske og norske salmebøker, er det likevel svært avgrensa. Dei agrare bileta dominerer.

³⁸⁷ Straff og tukt er til dømes med i K33, L100, Nyn78 og NoS88, men i dei to yngste salmebøkene er dette ikkje sett i samband med helvete. Straffa er ikkje konkretisert. Både K og L bed om å sleppa straff og «Helveds Vaade» i same strofa. K100,3 bed om ei mildna straff, dette finn vi også i L220 og Nyn162, men strofa er stroken i LR og NoS.

konkret også i ein norsk samanheng. Naturbileta er ofte generelle, som «berg» og «luft». Er dei konkretiserte i K, er det gjerne bilete frå bibelsk geografi, som «palme» og «oljekvist». Frå og med Landstad ser vi ein varsam tendens til å henta bileta «heim», også i revisjonane. Det kjem på plass nokre heimlege dyr hjå Landstad (til dømes i K142) og i den nynorske salmerevisjonen kan ein både få ei aning av hav og av ein norsk gard. Denne tendensen av heimleggjering er naturleg nok langt tydelegare i dei nyskrivne salmane av til dømes Landstad og Blix. Landstad lar i julesalmen «Fra fjord og fjære» juleunderet skje i «kulde og dyben snee» og folk kan koma «fra gård og grend» for å finna det openberra i si heimekyrkje (L137). Hjå Blix bryt båra på fjord, men læresveinane treng ikkje ottast når «Jesus er om bord» (Nyn159). Den same tendensen finn ein i dansk salmedikting, ikkje minst med N. F. S. Grundtvig som lar vinden stryka gjennom bøkeskogen der nattergalen syng pinsesongar (NoS222).

Når salmane vert korta ned, noko som skjer i stor grad, er det gjerne dei konkrete bileta som blir borte, medan meir abstrakte og teoretiske formuleringar blir verande eller jamvel aukar i tal. Dette vil korrespondere med somme av dei trekka som vi vil sjå i formell fase. Mellom det som vert stroke eller skrive om, er gjerne strofer og formuleringar med dystre og alvorstunge bilete. Det vert mindre djevel, synd, død og helvete, utan at slike fenomen på noko vis vert borte frå nyare salmebøker. Den kroppslege biletbruken vert dempa, særleg gjeld dette lidingskildringar og erotikk. Ein del militære metaforar held seg godt, og også somme av dei vakre naturbileta.

Slik vi allereie har vore inne på fleire gonger, vil bileta og måten dei vert endra på, avgjera korleis salmen blir tolka. Vi skal no gå frå å hovudsakleg registrera salmens motiv og teikn, eller bokstavelege og deskriptive sider, til ei meir inngåande tolking av tema i tekstane og dei forandringane som skjer i dei under revisjonane.

5. Formell fase. Første trusartikkel. Faderen

I den formelle fasen studerer ein korleis dei ulike delane i teksten dannar heilskaplege mønster og målber eit innhald, eller ein bodskap.³⁸⁸ I samband med salmane gir det særleg meining å bruka «bodskap» som term, fordi dei eldre salmane forstår seg sjølve som målberarar av Guds ord, ei forkynning av heilage sanningar om frelse og evig liv.³⁸⁹ *Kerygma* (gresk) tyder kunngjering, proklamasjon, og er brukt som ei samanfattande nemning for urkyrkjas tru; ikkje identisk med formuleringane i truvedkjenningane, men med eit kjerneinnhald som i første rekkje omfattar Jesu frelsesverk.³⁹⁰ Dette er også det mest sentrale innhaldet i salmematerialet, salmane er kerygmatiske. Salmane tar heile truvedkjenninga med i sin proklamasjon, og gir rettesnorar for tru og liv.

Den formelle fasen tilsvarer *allegoria* i klassisk *quadriga*, mellomalderens sentrale bibeltolkingsmodell som prega forkynning og salmedikting lenge etter at modellen hovudsakleg var forlaten av bibelhermeneutikken.³⁹¹ Salmane tolkar bibelske bilete fleirfaldig. Samstundes er quadrigaen eller deler av han, ei slags inventarliste for salmens innhald, og dermed også ein nyttig reiskap for tolking av desse tekstane.

³⁸⁸ Jan Inge Sørbo seier at overgangen frå den deskriptive til den formelle fasen i første omgang kan «betraktast som ein overgang frå eit motivisk til eit tematisk nivå. Spørsmålet er ikkje lenger kva verket viser til detalj, men kva det handlar om som heilskap» (Sørbo, 1997 s. 156).

³⁸⁹ Luther seier i fortalen til salmeutgivinga si at han med dei åndelege visene, som han kallar salmane, presenterer eit middel til å bruka det heilage evangeliet. (Luthers fortale vert mellom anna referert i Thomisssøn *Psalmebog*, 1569.) Thomisssøn skriv i sitt eige forord: «For det tredje/ lærer Paulus/ at det er icke den ringeste maade til at rigelige oc Christelige bruge/ øffue/ formere oc beuare Guds Ords salige kundskab iblant oss/ at wi det haffue med skøne Rim befattet vdi Psalmer oc Loffsange/ oc Aandelige deilige Viser ...» (Thomisssøn, 1997 [1573/1569], u.p.). Vist til tidlegare.

³⁹⁰ «Kerygma er en betegnelse i Det nye testamentet for å proklamere det kristne budskap. I nyere bibelforskning er kerygma et teknisk uttrykk for korte sammenfatninger av urkistendommens tro, hovedsaklig om Jesu død og oppstandelse», Elgesem, *kerygma – Store norske leksikon* ([snl.no](https://snl.no/kerygma)), henta 15.06.23.

³⁹¹ Jan Ove Ulstein omhandlar korleis Martin Luther byrjar med mellomalderens skrifttolkingspraksis, men etter kvart forlet denne. (Ulstein, 1994, s.95-116.) Luther held likevel fram med å nytta quadrigaen i preikene sine. Dei allegoriske tolkingane kan likevel ikkje nyttast for å grunngi trua (Jensen, 2006). Erik A. Nielsen og Jan Inge Sørbo er mellom dei som har peika på at den firfaldige tekstlesinga gir utbyte i møte med salmetekstar; Sørbo om Petter Dass sin dåpssalme (Sørbo, 1995); Nielsen mellom anna om «Deilig er den himmel blå» av Grundtvig (høyr i eit foredrag på Lysebu i mars 1999).

Difor vil eg bruka omgrepet quadriga jamsides med Fryes teori i mine tolkingar. I den formelle fasen freistar ein finna kva teksten tematisk handlar om. Det er ikkje tilstrekkeleg å peika på tekstens struktur og røyndomsreferanse for å få tak i heile tekstmeininga. Ei lesing av teksten i denne fasen vil finna ut kva teksten ber på av tyding. Lesinga inneber difor ei fortolking av og ein kommentar til teksten.³⁹² Jamvel om eg har sveipa innom tolkingsarbeidet også i dei tidlegare fasane, er det no tolkinga tar til for alvor, og her byggjer altså Frye på ein lang kyrkjeleg tradisjon.

Quadrigaen vart utvikla i mellomalderen og hadde si stordomstid i bibeltolkinga då. Men denne forståinga av bibelteksten påverka oppfatninga av heile menneskets tilvære frå skapinga til enden, og denne fortolkinga kunne også kvar einskild menneske forstå livet sitt i lys av. Aavitsland, Oftestad og Zorgati peikar i innleiinga til dei tre banda av *Tracing the Jerusalem Code* (2021) på at quadriga tilbyr ei overgripande forståing av fortid, samtid og framtid, av tid og æve, av det singulære og det universelle, det menneskelege og det guddommelege.³⁹³ Den retoriske figuren som peikar seg ut i dette verket, er sjølv sagt Jerusalem, sjøve paradeeksemplet frå quadrigaens byrjing, slik vi såg innleiingsvis. Jamvel om den firfaldige bibeltolkinga etter kvart vart forlaten, har det firfaldige skjemaet sett sitt avtrykk både i salmediktinga og i forkynninga, og jamvel i den kristne forståinga av livet:

In post-medieval Christian cultures, it has undergone transformation and even fragmentation according to shifting religious paradigms. However, its fundamental components – the biblical metaphors – have remained stable and interconnected, and continue to inform Christianity’s conceptions about itself and the world.³⁹⁴

³⁹² Frye, 2000, s. 86.

³⁹³ Aavitsland & Oftestad & Zorgati, 2021, s. 6.

³⁹⁴ Aavitsland, Oftestad & Zorgati, 2021, s. 6.

Ein ventar ikkje at det dogmatiske innhaldet i kyrkjesalmane er drastisk endra frå 1699 til 1985 sidan kyrkjelæra i store trekk ligg fast. Men vektlegginga kan endra seg; somme forhold blir tona ned, andre blir lyfta fram. Dette skjer både gjennom forkorting og tildikning i salmetekstane, men også ved endringar i dei delane av teksten som vert tekne vare på.

Igjen kan det vera på sin plass å minna om at salmematerialet berre utgjer ein del av alle salmane i dei fem aktuelle salmebøkene. Funna også frå den formelle fasen vil difor primært gjelda desse om lag 80 salmane. Men desse salmane vil samstundes vera tekstar som er vurderte som viktige å tradera, av ulike salmebokredaksjonar til ulike tider i norsk kyrkjesoge etter 1814.

Kingos salmebok vart til i ei konsolideringstid for kyrkje og statsmakt. Eit vesentleg føremål ved dei mange regulerande bøkene og ordningane som kom under eineveldet, var å einsretta og stadfesta kva som skulle gjelda som sant og rett i heile riket.³⁹⁵ Ein ventar difor å finna salmar i K som i stor grad stadfestar luthersk lære i ei tid som opplevde både motreformasjon frå katolsk side, og påverknad frå kalvinsk/reformistisk teologi og kyrkjeliv.³⁹⁶ Det var også viktig å rydda opp i det mangfaldet av salmebokstilbod som fanst på marknaden, og som skapte rot i kyrkjesongen. Dessutan trongst det betre samordning mellom songbehovet i gudstenesta og salmebokas innretning. Kort og godt orden, slik den eineveldige monarken krov på alle felt i riket.³⁹⁷

³⁹⁵ Kirke-Ritualet kom i 1685. Dette erklærte at salmane til gudstenesta skulle koma i ei forordna salmebok. Thomas Kingo deltok i arbeidet med Kirke-Ritualet. *Alterbogen* vart utarbeidd av Sjællands biskop, Hans Bagger, og kom i 1688. Gradualet til salmeboka kom samstundes med denne, i 1699 (Kjærgaard, 2003, b.I, s. 106; Borup Jensen, 1972, s.87). Biskop Hans Poulsen Resen gjorde ei ny omsetjing til dansk av heile Bibelen basert på grunnspråka; i 1647 kom ei revidert utgåve av denne ved Hans Svane. Tidlegare danske bibelomsetjingar bygde på Luthers tyske bibelomsetjing.

³⁹⁶ Lausten, 1983, s.142.

³⁹⁷ Kongens ordre om salmebokarbeid fortel om sørgelege tilstandar når det gjeld salmebøker i kongeriket. Gjengitt i Kjærgaard, 2003, b.I, s.105.

Lesnaden av salmane i materialet viser at dei først og fremst handlar om personane i den treeinige guddommen og forholdet denne guddommen har til menneska.³⁹⁸ Analysen i kapittelet knytt til formell fase, vil på grunnlag av dette vera ordna etter ledda i den apostoliske truedkjeninga som er bygt opp omkring dei tre personane i guddommen: Faderen, Sonen og Anden. Sonen, Jesus Kristus, er avgjort materialets hovudperson, men også dei andre personane i guddommen får stor merksemd både i tiltale og omtale. Truedkjeninga fungerer berre som eit rammeverk og ein grovdisposisjon for kapittelet, og fleire underpunkt kan vera meir eller mindre lausleg knytte til vedkjenningsorda.³⁹⁹

Dette er likevel ikkje ein ukomplisert disposisjon. Dei tre personane i guddommen går over i kvarandre. Dei vert tillagde dei same eigenskapane og får same og liknande bønner. Det er stundom uråd å vita kven av dei tre personane i guddommen salmen handlar om eller vender seg til. Når eg difor knyter eit tema til ein av personane i guddommen, skjer dette med ei erkjening av at det også kunne stått ein annan stad i framstillinga. Dei tre personane i guddommen er innvevde i kvarandre, dei er tre i ein, og difor seier det seg sjølv at salmane til og om dei også grip til fleire sider på ein gong.

Salmane handlar også om mennesket og den verda mennesket lever i. Menneskelivet og quadrigaens tropologiske nivå vil bli handsama både under første og tredje trusartikkel. Dette er basert på Luthers forklaring til trusartiklane i *Den vesle katekisma*, som er vedkjenningskrift for Den norske kyrkja.⁴⁰⁰ Den første artikkelen vitnar om Guds omsut for livet i verda, seier Luther; i den tredje artikkelen er livet i

³⁹⁸ Det trinitariske problem var mykje diskutert i oldkyrkja, men etter kyrkjemøta i Nikea 325 og Konstantinopel 381, har treeiningslæra lege fast (Leivestad, 2020, 4.aug.) Det hindrar likevel ikkje at spørsmålet om treeininga har vore, og framleis kan vera, debattert og kan føra til kyrkjesplitting. Til dømes forkastar Unitarforbundet treeiningslæra som dei meiner strir mot monoteismen. «Derfor er kristen unitarisme av den oppfatning at læren om Guds tre-enighet har beveget seg bort fra Jesu lære, og må derfor betraktes som helt unødvendig for den kristne som ønsker å følge Jesus i liv og lære» (Heidelberg, 2009, s.14-15).

³⁹⁹ Ein av grunnane til å velja denne disposisjonen, er å unngå for mykje oppattaking frå tidlegare kapittel.

⁴⁰⁰ Brunvoll & Sannes 2017, s. 126-127.

kyrkja sentralt.⁴⁰¹ Når det gjeld mennesket som fortapt med behov for frelse, er andre trusartikkelen rett adresse.

I analysen av salmetekstane vil eg koma inn på teologiske einemerke. Eg vil ikkje utdjupa teologiske perspektiv i arbeidet, men konsentrera analysen om biletbuiken. Teologien arbeider med ulike uttrykk for tru, til dømes salmar.⁴⁰² Slik har teologien og litteraturvitskapen sams interesser når det gjeld å utforska tekstar med religiøst innhald.

5.1 Gudsførestillingar. Treeininga

Gudsgrepet finst i tru og religion generelt, og er ikkje spesifikt jødisk eller kristent.⁴⁰³ I samband med salmetekstane, er Guds eksistens eit faktum som ligg til grunn ikkje berre for salmens ord, men for heile kyrkjjas lære og liturgi.⁴⁰⁴ Eg legg ikkje arbeid i å gjera greie for samanhengen mellom gudsbiletet i GT og NT, og korleis den kristne førestillinga om Gud byggjer på den jødiske Jahve. I samband med salmane handlar det om den treeinige Gud som dei kristne truvedkjeningane omtalar både som ei eining og som tre personar: Faderen, Sonen og Den heilage ande.

Salmane framhevar den treeinige guddommen både ved å tematisera sjølve treeininga, og ved å omtala dei trinitariske personane saman. Det er oftast namna

⁴⁰¹ Brunvoll & Sannes 2017, s. 145 og 149.

⁴⁰² Dokka, 2000, s. 53.

⁴⁰³ Dokka, 2000, s.162.

⁴⁰⁴ Dette er særst tydeleg i samband med dei eldre tekstane som eg studerer i mitt materiale. Moderne salmar kan målbera tvil og spørsmål om Guds eksistens og makt, jamvel om dei vender seg til han. «Tvil og anfektning» er ei av overskriftene i NoS 1985 under hovudkapittelet «Guds nåde i Kristus». Salmane både i dette avsnittet og i neste, «Strid og siger i trua», endar likevel trøystesamt hjå Gud. *Norsk salmebok* 2013 har eit tilsvarande avsnitt kalla «Tru og tvil». I denne bolken finn vi tekstar som i større grad lar spørsmåla stå, og endar uforløyste.

«Faderen», «Sønnen» og «Ånden» som er brukte i dei trinitariske salmane. Men elles har kvar person også fleire namn i salmematerialet mitt.

Vedkjenningsskriftene for kyrkja i Noreg var fastsette i Christian Vs Norske Lov frå 1687.⁴⁰⁵ Dei framhevar at kristendommen er ein monoteistisk religion: Gud er éin! Samstundes lærer kyrkja at det er tre personar i guddommen, og desse er både ein og den same, og tre skilde.⁴⁰⁶ Truvedkjenningane brukte i Den norske kyrkja kvar gudsteneste (oftast Apostolicum, men også Nicænum), omtalar Faderen, Sonen og Den heilage ande kvar for seg. I salmetekstane kjem dette fram både ved at personane agerer og talar til og om kvarandre, og at dei opptrer kvar for seg i forskjellige skapnader og med både ulike og same funksjonar. I salmane blir treeininga omhandla som eit faktum og ofte framheva, men ikkje drøfta, forklart eller problematisert.

Det er vanleg å nemna dei tre personane i guddommen i same salmen, anten ved at dei har kvar sine strofer, namna deira blir lista opp undervegs i teksten, eller dei er stilte saman i ei doksologi-strofe til sist i salmen. Doksologi er liturgisk lovsong til Gud, og i doksologien blir gjerne alle personane i guddommen nemnde.⁴⁰⁷ I tidleg kristen tradisjon vart slike lovsongsstrofer til treeininga lagde til gamaltestamentlege salmar. Seinare vart denne praksisen overført også til andre songtekstar. Fleire av salmane i salmebøkene endar med doksologi, og slike strofer kan vera komne til i ein seinare redaksjon av salmen. Praksis og trong i kyrkja gjekk framom omsynet til

⁴⁰⁵ Denne er basert på Christian Vs Danske Lov, men inneheld ei rekkje særlover for Noreg (Brunvoll & Sannes, 2017, s. 7). *Kirkeordinansen* for Noreg frå 1607 seier ikkje noko direkte om vedkjenningsskriftene. Oddvar Jensens artikkel om «Fremmedartiklene» er klagjerande i forhold til fastsetjinga av lærenormen i Danmark-Noreg. (Jensen, 2009.)

⁴⁰⁶ Den athanasianske vedkjenninga er ei av vedkjenningsskriftene for Den norske kyrkja. Ho formulerer særleg sterkt læra om treeininga som føresetnad for ei frelsande tru (Brunvoll & Sannes, 2017, s. 23). Vedkjenninga har heilt sidan oldkyrkja handla om den treeinige Gud.

⁴⁰⁷ Doksologien i kristen tradisjon vart tidleg lagt til dei gamaltestamentlege salmane og var ei lovprising av Gud og Kristus (Rasmussen, 2020, [doksologi – Store norske leksikon \(snl.no\)](#)). *Den store danske* definerer doksologi som «den liturgiske lovprising af Treenigheden» (Tönshoff, 2020, [doksologi | lex.dk – Den Store Danske](#)).

opphavspersonen. Dette galdt jamvel for Luthers tekstar som ein elles ikkje skulle endra for mykje på.⁴⁰⁸ Luther-salmen «O Gud af Himmelen see her til» endar i K med ei tillagd bønestrofe som byrjar: «Ære være dig Fader Ævindelig/ Og Christ din Søn vor Herre/ Der til vor Trøster dend hellig Aand» (K49,7), ei strofe som ikkje har følgt med vidare i salmebøkene. Allereie Landstad fjernar denne.⁴⁰⁹ Det finst doksologiar også i NoS. Mellom desse er sluttstrofa i NoS321 (K35): «Vi løfter nå med munn og hånd/ til deg vår pris og ære./Gud Fader, Sønn og Hellig Ånd» (NoS321,6), men denne finst også i originalen.

Nokre døme frå salmane i materialet kan visa korleis framstillinga av dei tre personane i guddommen glir over i kvarandre. Somme salmar opnar trinitarisk: «Gud Fader og Søn og hellig Aand/ Hannem bør os at priise og ære/ Han gjør Miskund i alle Land» (K46,1). Jamvel om det her er brukt tre namn på guddommen, er pronomenet singularis: «Han». Det trinitariske er ikkje med i dei seinare salmebøkene for denne salmens del, som får nytt initium hjå Landstad og i dei følgjande salmebøkene: «Nu kjære menige Kristenhed» (L9, LR42); «No møte ålment, kristenfolk» (Nyn19); «Nå fryd deg kristne menighet» (NoS322). Orda i salmen får slik nytt fokus: I K nemner salmens innleiing den treeinige guddommen og oppmodar dernest til lovsong. I dei andre bøkene er det kyrkjelyden som vert adressert og beden om å lovsyngja. Dei yngre salmebøkene er likevel meir i samsvar med Luthers tekst: «Nu frewt euch lieben Christen gmeyn».⁴¹⁰

Kingo salmebok opnar med hyllingsropet til Faderen, Sonen og Anden. Salmen understrekar det trinitariske, og kan ved si plassering fremst i K forståast som ein

⁴⁰⁸ Ein kan igjen minna om den ordren kongen gav i samband med den salmeboka Thomas Kingo fekk i oppdrag å laga til, der det vart understreka at Luthers salmar skulle endrast minst mogleg, som eg gjorde greie for i innleiingskapittelet.

⁴⁰⁹ Alt i Ludwig Dietz' *Salmebog* 1536 som inneheld mellom anna Malmøsalmebogen frå 1529, er denne doksologien på plass (s. xvii). Doksologistrofa er òg med i Thomissøns salmebok (1569, s. «212»).

⁴¹⁰ NNSL, 2013, s. 62.

metakommentar til det salmesongen og gudstenesta skal vera: Ei stadfesting og lovprising av Gud og hans verk, både historisk, samtidig og i æva (K1). Med denne salmen viser K også at salmeboka høyrer til i den kyrkjelege tradisjonen attende til oldkyrkja. Luther sette denne vedkjenningssalmen høgt. Sambandet mellom personane i guddommen blir framheva ved at dei til dels har same oppgåver og verkeområde. Både Sonen og Faderen er knytte til skapinga (i truvedkjenninga er skapinga elles berre nemnd i samband med Faderen).⁴¹¹ *Te Deum* (K1) brukar eit bilete frå den aronitiske velsigninga i Det gamle testamentet (4 Mos 6,24): «Hold over dem dit Ansigt blid» (K1,18), men denne oppmodinga er vend mot Sonen.⁴¹² Desse døma, og fleire andre i salmematerialet, viser at dei tre personane i guddommen dels får same roller og funksjonar, sjølv om salmebøkene etter K prøver å rydda i det treeinige persongalleriet. Jamvel om ikkje alle personane i treeininga alltid vert nemnde, er treeininga ikkje problematisert i salmematerialet, men ho vert stadfesta og framheva. Fleire salmar nemner treeininga eksplisitt gjennom heile revisjonshistoria.⁴¹³ Det er ein klår føresetnad for salmens gudsframstilling at dei tre personane i guddommen er eitt og at dei er samde. Slik er det i alle salmebøkene i materialet. Sidan mange tillagde doksologiar vert strokne, er det likevel mindre framheving av det trinitariske i dei seinare salmebøkene enn det var i K.

Den Gud som vert lovsungen i *Te Deum*, er den same Gud som dei bibelske salmane lovsyng: både profetane og apostlane, samt martyrane, syng saman med «Hver christen Sjæl paa denne Jord» (K1,6-7). Han er ein universell Gud og rår ikkje berre i den «ganske vide Verden», men også i «Himmelchor»; «Din Ære over Himlen gaaer/

⁴¹¹ NT argumenterer for at Jesus var til før noko vart skapt, og at alt vart skapt ved han (til dømes Kol 1,15-16). Jamvel Anden kan setjast i samband med skapinga i somme salmar: «Kom Gud Skaber og Hellig Aand» (K97,1); Landstad fornyar denne salmen (som har ein «dublett» i K210) og Andens skaparkrefter skal i L brukast til å vøla det synda har øydelagt (L209 og dei andre).

⁴¹² I L er orda i bøna endra: «Opløft os, leed os, viis os Vei» (L10,11; liknande i NoS261).

⁴¹³ Døme på slike salmar er: «O helligste Tre-Enighed» (K199,2); «O du Trefoldig Enighed» (K252,1); «hellige Treenighed» (L85, LR825) og «Treeining sæl» (NoS800,1).

og fyller op den ganske Jord» (K1,5); han er lovsungen av englar, kjerubar og serafar. Gud er «af Evighed» (K1,2). Det er såleis ein Gud som finst overalt og i all tid og alle æver, den dansk-norske kyrkjelyden lovpriser, saman med alle tiders og alle staders kristne og Guds folk i den gamle pakt. Det trefaldige ropet «Hellig est du, vor Gud! Du stærke Zebaot» (K1,4) finn ein i GT (Jes 6,3) der serafane ropar til kvarandre: «Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot». Eit rop som blir gjentatt av dei fire skapningane i Op 4,8 i NT: «Heilag, heilag, heilag er Herren Gud den allmechtige». Salmen femner såleis det heile: tid og æve, jord og himmel, samt Bibelen, frå profetiane i GT til visjonane i Johannes openberring. *Te Deum* er med i alle salmebøkene. Det meste er sams. Men jomfrufødselen er ikkje med etter K, jamvel om Luther skriv om møya i sin versjon av salmen: «der Jungfraw leib nicht hast verschmecht», og Maria møy er nemnd både i Apostolicum og Nicænum.⁴¹⁴ Denne salmen har si fulle lengde i L10 og NoS261, medan LR31 og Nyn18 har kutta strofer mot slutten.

K9 byggjer dels på den nikenske truedkjenninga:

Vi troe allesammen paa een Gud,
Himmels Skaber og Jordens,
Guds Søn sin Faders Villie gjorde,
Paa det vi hans Børn skulle blive;
Han vil os forsee vor Næring,
Liv og Sjæl udi hans Bevaring,
Altid han os vil bevare,
Intet ondt skal os vederfare;
Han sørger for os Dag og Nat,
For han haver alting i sin Magt (K9,1).

Strofa tematiserer Guds skaparkraft og makt, og hans omsut for mennesket. Salmen har eit sterkt trinitarisk sikte, slik den nicenske truedkjenninga også har. Luther sette salmen inn i *Deutsche Messe* på plassen til *Credo*, og frå 1528 hadde salmen

⁴¹⁴ NNSL, b. III, s.182. Maria si rolle i salmane vert drøfta litt seinare i dette kapittelet.

overskrifta «Das Patrem zu deudsch», etter det gamle folkelege namnet på truvedkjenninga.⁴¹⁵

Den danske salmeteksten (K9), med ei strofe til kvar av dei trinitariske personane, samsvarer godt med ordlyden i Apostolicum og Nicænum i det første linjeparet. Alt linje 3 og 4 i førstestrofa fører likevel inn Sonen: «Guds Søn sin Faders Villie gjorde,/ Paa det vi hans Børn skulle blive». Luther har: «der sich zum vater geben hat,/ das wyr seyne kinder werden».⁴¹⁶ Far-barn-biletet finst både i den tyske og den danske teksten, men sambandet med «Guds Søn» i denne strofa, finn ein ikkje hjå Luther, og heller ikkje i somme andre danske salmeversjonar. At Sonen opptretr også i Faderstrofa, styrkjer den kristologiske tyngda i salmen slik han er i K. Tanken er at det er på grunn av Kristus menneska kan kallast Guds born.⁴¹⁷ Gud vender seg som Far til menneska og tar dei som sine born gjennom Sonen. Men han er samstundes Skaparen som passar på at dei får det dei treng for å leva. Gud syter både for lekam og sjel, og er ein omsutsfull far for alt det skapte gjennom skaparverket. Og han er far for dei som tilber han i ånd og sanning, altså dei truande. L skriv «Til sine Børn han tog os ud,/ Vor i Kristo kjære Fader» (L12,1 og LR32) medan Nyn22 (og NoS230,1) freistar opna både for dei skapte borna og dei «kåra».

Me trur på Gud, vår Fader god,
 Han som jord og himmel skapte
 Og alle folk av same blod,
 Sende frelsa til dei tapte.
 Han til sine born oss kårar,
 Bergar oss i naud og fårar.
 Han oss ser i sorg og glede,
 Giv oss alle kost og klæde.

⁴¹⁵ Mallings, 1966, s.143. Salmen har vore med i dei autoriserte danske og norske salmebøkene frå reformasjonen og frametter, men *Norsk salmebok* 2013 har utelate den.

⁴¹⁶ Mallings, 1966, s.141.

⁴¹⁷ Joh 1,12: «Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans»; «han» viser her til Sonen.

Han syrgjer for oss og held vakt,
For han hev all ting i si makt (Nyn22,1).

«Alle folk av same blod» kan forståast som eit uttrykk for at alle menneske er skapte av den same og i slekt. «Oss» som er «kåra» eller valde, må truleg vera dei tapte som er blitt frelste, altså heidningane. Kristus er ikkje nemnd i første strofa i Nyn og NoS;

her held salmen seg til første personen i guddommen, slik Luther også gjer. Slik er den nynorske teksten «ryddigare» i forhold til trusartiklane. Også i ein del andre trinitariske salmar ser ein at salmebøkene etter L freistar å laga ei tydelegare inndeling mellom personane i guddommen.

5.2 Gud Fader; skapar, opphøgd og mektig

Framstillingar om dogmatikk legg vekt på at gudsbileta er samansette. Gud er fjern og nær, streng og mild, rettvís og miskunnsam. Bibelen hevdar at Gud både er i himmelen og på jorda, at han bur i eit lys dit ingen kan koma, og hjå alle som søker han. Gud lar seg ikkje utan vidare fanga av menneskeleg tanke.⁴¹⁸ Gud er eineståande både ved at han er *trancendent*, det vil seia opphøgd og hinsidig, og ved at han er evig, før alle ting og etter alle ting. Gud er såleis ikkje bunden til tid og rom. Men Gud er også *immanent*, dennesidig. Han verkar i verda. Ei side ved dette er hans *omnipresens*, han er alle stader på ein gong.⁴¹⁹ Eit slikt mangfald av førestillingar byggjer også salmetekstane i materialet på, og salmane får difor fram eit mangesidig bilete av Gud. Det er likevel somme framstillingar av Gud som særleg peikar seg ut i salmematerialet. Dette gjeld for alle personane i treeininga. Sjølve dogmet om

⁴¹⁸ Lønning, 1962, s. 60-61.

⁴¹⁹ Dokka, 2006, s. 169.

treeining, skil kristendommens Gud frå andre gudar, og er utfordrande tankemessig; også det er ei side ved det guddommelege.

Gud er skaparen som står bak alt, rår over alt og syter for alt det skapte; i K142 skaffar Gud mat til alt som lever, dyr og gras og menneske. Gud er er også den heilage og opphøgde, som er rettviss og streng, ja, vreid, mellom anna i salmen «Vreden din avvend, Herre Gud, af Naade» (K127) som både erkjenner kor streng

Gud er, men samstundes veit at han er nådig. Gud er kjærleg, noko som særleg viser seg ved at han sender Sonen til hjelp for «De Arme» (K49,4). Desse gudsbileta går over i kvarandre. Til dømes er Guds omsorg for mennesket både knytt til skapinga og til frelsa; det opphøgde og mektige til skapingskreftene. Han syter for mat og for evig liv, det eine gjennom skaparverket, det andre gjennom Sonen. Han er far både for Sonen og for menneska.⁴²⁰

Somme av dei bileta salmane presenterer av Gud, kan verka både paradoksale og motstridande. Gud, som er ein fortærande eld mot alle som gjer urett, lyttar samstundes til bøneropa frå dei urettferdige og veike menneska, gjerne formidla gjennom salmens bøn. Luthersalmane som gjengir himmelske samtalar, og som skal omtalast seinare, er døme på dette (K46 og K49). Gud som er før alt og over alt og alle, blir eit barn i ei krubbe. Paradokset med den mektige som blir eit veikt barn, finn vi mellom anna i julesalmane. K57 utbroderer dette, medan NoS36, som har teksten med, kuttar i framstillinga av motsetnaden mellom rik og arm. Andre salmar som har denne motsetnaden med, er K147 og K69. Også det paradoksale er ei side ved gudsbiletet; han er annleis og heilag, overordna menneskelege tankar og kategoriar. Dette paradoksale målber salmen gjennom si store undring over ein ufatteleg Gud samstundes som han freistar gi ei framstilling av Guds eksistens og stordom, eller når

⁴²⁰ «Med Christ Eders Broder værer Glad og Fro» (K60,5; underforstått: Gud er «Fader» både for Jesus og menneska).

han både skjelv framfor ein streng guddom og argumenterer for at denne guden skal gripa inn og frelsa. Døme på at mennesket argumenterer for nåde ved å visa til Jesu soningsverk, finn vi i K100,3-4 og K127,5, ein argumentasjon som, med noko endra uttrykk, står seg gjennom revisjonane.

Jamvel om det er Gud som skapar som vert framheva i den første trusartikkelen, er det få av salmane i materialet som tematiserer skapingshandlinga eller skaparverket. Erik A. Nielsen peikar i sitt store verk om Thomas Kingos dikting på at kyrkjeåret er lagt som ei åndeleg «synkroniseret fordobling af det kosmiske år», og at det då er påfallande kor lite døgerets og årets veksling i naturen kjem til syne i Kingos salmar. «De er nesten denaturaliserede. Det forekomer dårligt et snefnug i Kingos juledigtning og ingen modnende marker i hans pinsetekster.»⁴²¹ Og det er ikkje berre Kingos salmar som er sparsame med naturbilete- og skildringar; det gjeld for heile materialet.⁴²² Men det finst unntak. Salmen «SJunge vi af Hiertens Grund» lovpriser Gud «For aldt sit gode hand os beviis/ Daglig Dags hand os bespiis» (K142,1).

Naar et Menniske Lifvet faar/
Hans Kiøcken strax for hannem staar/
I sin Moders Lif og sted
Hafver Gud hannem det tilreed/
Dog det er et lidet Noor/
Fattes intet til set Foor/
Saa lenge det kommer til Verdens Jord (K142,3).⁴²³

Alt før mennesket er født, har Gud sytt for det gjennom å innretta morslivet slik at fosteret der får det som trengst. Straks det er ute i verda, er maten klar frå mors bryst.⁴²⁴ Dette perspektivet er borte frå dei seinare salmebøkene (L602; Nyn646;

⁴²¹ Nielsen, 2010, s. 406.

⁴²² Det same er også tilfelle når det gjeld samfunns- og daglegliv.

⁴²³ Også originalen har bileta frå morslivet: «Als bald der Mensch sein leben hat,/ seine Küchen vor jm stat:/ In dem Leib der Mutter sein/ ist er zu gerichtet fein,/ Ob es ist ein kleines Kind./ mangel es doch nirgend find,/ bald es an die Welte kömpt» (NNSL, 2013, s.359-360).

⁴²⁴ Dette aspektet er også kommentert under «Deskriptiv fase», «Mennesket» tidlegare i avhandlinga. Salmen er elles vist til fleire stader i arbeidet.

NoS712) som ikkje seier noko om når mennesket blir til (i morslivet) eller om livsgrunnlaget til det vesle barnet. Mor- og barnbileta er fjerna, og ein er attende i den vaksne kvardagen. Noko av det kroppsnære ved salmen, og kroppen forstått som natur og del av skaparorden, er dermed borte. Likeins det feminine perspektivet der mor blir forstått som vilkår for det nye menneskets eksistens på jorda.

Berg og dalar vert vætte av regn så dei kan bera gras for feet og ville dyr som gir kjøt på bordet; fuglane gir i tillegg egg, og «Vandet maa og gifve Fisk/ Dem bær Gud os paa vor Disk» (K142,5). Heile naturen er innretta for å gi mat til menneska. «Saa hafver Gud reed Jordan til/ At os skal fattes hand icke vil» (K142,4). Gud verkar i og gjennom skaparverket; utan Gud bryt alt saman. Ein legg likevel merke til at naturskildringane ikkje er der for å framheva naturens gode eller vakre sider, men for å auka respekten for og takksemda til Gud.⁴²⁵

Linjeparet «Jordan bær os Viin og Brød/ At vi ey skulle lide Nød» (K142,4) bryt med den norsk-danske landskapsrøynsla og gir assosiasjonar til det åndelege, til nattverden. Gud syter for det daglege brødet, men også for næring til sjela. Det at vin og brød blir nemnt eksplisitt i ein kontekst der «vann og brød» eller kanskje «øl og brød» ville vore meir allment brukte ordpar i det daglege, gjer nattverdsallusjonen sterkare. Gud gir sin Heilage ande slik at menneska «hans Gafver bruge saa/ At vi salige blifve maa/ Naar vi skulle af Verden gaa» (K142,6). I ein luthersk kontekst er det problematisk å knyta dei menneskelege handlingane saman med sæla sidan ein vert frelst ved trua og nåden åleine.⁴²⁶

I K142 er det rimeleg å setja bruken av gåvene i samband med «Viin og Brød», altså med nattverden, jamvel om det i teksten står i like tett samband med dei gåvene som

⁴²⁵ Ein kan likevel få ein glimt av det estetiske blikket på naturen i salmematerialet når t. d. fuglesongen er trekt inn som eit føredøme for lovsongen. «Ligesom Fuglen ved klaren Dag/ sig fryder» (K113,3; eit bilete som også L241,2 og NoS846,2 har teke vare på).

⁴²⁶ Dette inneber ikkje på noko vis at gjerningane er uvesentlege for Luther, eller lutherdomen, utan at eg går inn i den teologiske diskusjonen her.

er gitt gjennom skaparverket. Men det kan også forståast i samsvar med den lutherske kallstanken.⁴²⁷ Ein tener sivilsamfunnet, utfører sine plikter og gjer sitt arbeid med flid, ikkje for å oppnå frelse, men for at Guds vilje skal ha framgang på jorda. Max Weber utdjuar den protestantiske kallsetikken i *Der protestantische Ethik und der Geist des Kapitalismus* (1920) der han peikar på grunnar for at protestantiske statar har lukkast betre økonomisk enn land med katolsk dominans.⁴²⁸ Til dei siste strofene, som er tildikta i NoS si utgåve av salmen (NoS712,3-4) kan ein då seia at fordi mennesket har svikta dette kallet til å ta vare på jorda og Guds gåver, er heile eksistensen truga. Salmen endar i K med å be om trøyst til dei sørgjande og vern for «vor kiere Øfrighed» (K142,7), samt «Fred og Salighed» (K142,7). Styresmaktene er innsette av Gud og garantistar for stabilitet i samfunnet. Av *Luthers store katekisme*, som ikkje har status som vedkjenningsskrift i Den norske kyrkja, går det fram at lydndad mot føresette og styresmakter som er innsette av Gud, høyrer med til kristenmenneskets plikter.⁴²⁹

Salmen (K142) krinsar altså om menneskets liv i verda. Tilgang på mat og eit trygt styresett, er føresetnad for eit stabilt og fredeleg liv. Gud syter for alt dette, og det jamvel i overflod. At det ikkje stemmer med røyndomen for mange både på 1600- og 1700-talet og seinare, er ikkje innafor salmens perspektiv. Salmens førestillingar om harmoni må forståast anagogisk, altså som noko som ideelt sett er etter Guds gode skaparplan, men vert realisert i eit framtidig sælt tilvære.

⁴²⁷ For Luther var kallet knytt til kvardagslivet og det daglege arbeidet. Ein skulle vera lydige mot dei plikter og det ansvar ein hadde i «verda», kallet var ikkje berre knytt til klosterliv og geistlege embete. Martinsen, 2000, s. 93.

⁴²⁸ «Ubetinget ny var derimot i hvert fald én ting: vurderingen af pligtopfyldelsen inden for de verdslige kald som det højeste indhold, den enkeltes moralske aktivitet kunde antage. Det var dette, der uvægerligt resulterede i forestillingen om det verdslige hverdagsarbejdes religiøse betydning og for første gang frembragte kaldsbegrebet i denne forstand. [...] Som middel til at leve Gud velbehageligt kender man, i stedet for en overbydelse af den verdslige moral gennem munkeaktig askese, kun opfyldelsen af de verdslige pligter, som de fremgår af den enkeltes livsstilling, der derved bliver hans 'kald'» (Weber, 1995 [1920], s. 46-47). Webers utgangspunkt var først og fremst den reformerte delen av protestantismen.

⁴²⁹ Mæland, 1995, s.320 (utdjujing av det fjerde bodet); s. 360 (forklaring til den fjerde bøn i Fadervår).

Ein av kveldssalmane i materialet, «D'End Liuse Dag forgangen er/ Og Natten hun henger os paa" (K120) av H. C. Sthen, målber noko av kvardagsidealet for mennesket. Salmen ber inderleg om Herrens nærleik og vern, han er «vor Vægter tryg og tro» (K120,3). Kvardagen er strevsam:

Dagen er skabt til Arbeyd og Umag/
 Det kand hver hos sig mercke/
 Men Natten er skabt til Ro og Mag/
 De trætte Lemmer at stercke.
 Glæde os Gud i Himmerige (K120,4).

Dette er ei sjeldan strofe i salmematerialet fordi ho utelukkande handlar om menneskets liv på jorda. Dagane er krevande, men om natta kan kroppen samla krefter. Både dagen og natta er skapte, underforstått av Gud, og dei er innretta til beste for mennesket. Ikkje desto mindre er ein utsett når kvelden kjem og augo sig att, og ein ber difor om ikkje å sova i synd og vakna i sorg. Menneskets ærende på jorda er arbeid og strev, men kvardagen er sett inn i ei æveramme. Refrenget, som gir salmen eit folkevisepreg, «Glæde os Gud i Himmerig», kan ha ei dobbelt meining: Gud er i himmelriket, det er han som gleder «os». Men gleder kan også ha heimstad i himmelen og vera noko framtidig, om ein berre kjem dit etter verdsens møte. Salmen er relativt godt ivareteken i dei seinare salmebøkene i materialet, men er ikkje med i *Norsk salmebok* 2013.

Ein annan av salmane som ikkje er blitt med til NoS 2013, er nyårssongen «I Jesu Navn/ Skal ald vor Gierning skee» (K74). Songen understrekar at dersom det ein putlar med, skal verta til gagn og ikkje enda med «Spot og Vee» (K74,1) så må det skje i Jesu namn, underforstått vera slik at Jesus kunne gi sin tilslutnad til det og Gud få ære av det. Salmen understrekar at det er naudsynt å arbeida for det gode, men konkretiserer elles ikkje korkje arbeid eller anna god gjerning. Det er Gud som gir lukke og gagn, mennesket må berre syta for å ha det rette utgangspunktet og følgja

Guds bod. Vilkåra for lukke er å halda seg til Guds vilje; resten er opp til han. Det gjeld både i liv og død. Salmen er ikkje mykje forandra i revisjonane.

I «SJunge vi af Hiertens Grund» (K142) er Guds skapingshandling tematisert. Revisjonane viser ei viss forskyving i forståinga av skapinga om vi ser det i forhold til Luthers katekismer. Luther har både i si store og i si vesle katekisme utfyllande kommentarar til ledda i truedkjenninga. I den store slår han fast at det mest sentrale i den første artikkelen i truedkjenninga, er skapinga.⁴³⁰ I *Luthers vesle katekisme* gjer han greie for kva han legg i det første leddet i truedkjenninga:

Eg trur at Gud har skapt meg og alle skapningar, at han har gjeve meg lekam og sjel, augo, øyro og alle lemer, vit og alle sansar, og framleis held dette ved lag, at han attåt det gjev meg klede og sko, mat og drykk, hus og heim, kone og born, åker, fe og alle gode ting, at han rikeleg og dagleg syter for meg med all naudturft og næring for lekamen og livet, vernar meg mot all fare, vakter og varar meg mot alt vondt.

Og alt dette gjer han berre av faderleg, guddomleg godhug og miskunn, utan at eg har fortent det og er verdig til det. For alt dette skuldar eg å takke og love han, tene og lyde han. Det er visst og sant.⁴³¹

Dette er altså ei presentisk forståing av skapinga; ho er «konkret, nåtidsorientert og, hva gudsbildet angår, hjertelig antropomorft».⁴³² Luther legg vekta på at Guds skaparkrefter er verksame i notida og i menneskets eige liv.⁴³³ Skapinga er altså ein pågåande prosess der Gud styrer og opprettheld alt. Ei liknande forståing finn ein hjå Augustin.⁴³⁴ Mennesket er likevel ikkje passivt. Det svarer på Guds miskunnsame skapingshandling ved å erkjenne at alt er Guds, og bruka det i samsvar med hans vilje:

⁴³⁰ «Men overfor et skolebarn er det nok å peke på de nødvendigste punktene, nemlig – som alt er nevnt – at denne artikkelen handler om skapelsen. En skulle understreke ordene 'himmelens og jordens skaper'» (Mæland, 1985, 344).

⁴³¹ Brunvoll & Sannes, 2017, s. 14).

⁴³² Dokka, 2006, s. 170.

⁴³³ «Han har gitt og stadig oppholder for meg både legeme, sjel og liv, store og små lemmer, alle sanser, fornuft og forstand...» (Mæland, 1985, 344).

⁴³⁴ Dokka, 2006, s. 171.

For di alt vi eier og har, og alle ting i himmel og på jord dessuten blir daglig gitt og holdt oppe av Gud, så er det innlysande at vi er skyldige til å elske, lovprise og takke ham for det til alle tider. Vi er, kort sagt, pliktige til å tjene ham helt og fullt med disse gaver, slik som han krever og befaler i de ti bud.⁴³⁵

Katekisma føreset altså ei presentisk skapingsforståing. Ei protologisk skapingsforståing legg vekta på det som har skjedd, på Gud som årsak i historia. Ei slik forståing framhevar skapingsmytane i GT. På grunnlag av store vitskaplege oppdagingar og framsteg, voks det på 1600-talet fram ei tru på at verda var eit «urverk» som gjekk av seg sjølv i kraft av naturlovene. Gud var, i alle fall for teologane, den som hadde sett alt i godt gjenge. I K142, som i salmane i K elles, finn vi likevel ei presentisk forståing av skapinga. Menneska takkar for Guds gåver og ber om å få vera tru hushaldarar, bli verna mot skader og ulukker og liknande. Alt dette er i samsvar med Luthers forklaring til første trusartikkelen. Ein finn i liten grad referansar til skapingsmytane frå Første Mosebok i materialet, jamvel om desse sjølv sagt ikkje på nokon måte blir utsette for tvil. I større grad enn å peika på Gud som den som held alt i gang, nærast på eiga hand, lysset moderne salmar menneskets ansvar, og tilkortkoming, andsynes naturen. Dei nærmar seg såleis ei protologisk skapingsforståing og eit meir moderne vitskapleg syn på naturen, jamvel om dei ikkje på noko vis tar avstand frå Skaparen.⁴³⁶ Ein tendens til ei meir protologisk forståing kan ein også sjå i revisjonen av K142 i NoS712.

Skapinga som pågåande aktivitet, med mennesket som aktiv deltakar og ansvarleg for eigne val og handlingar, korresponderer godt med moderne økologisk tenking. Om Luthers store katekisme buttar mot moderne vestlege idéar, med sine maskuline referansar og si lydnamdstenking, samsnakkar ho godt med talen om ansvar for naturen

⁴³⁵ Mæland, 1985, s. 344 (frå *Luthers store katekisme*).

⁴³⁶ NoS730 av Per Lønning, skriven i 1970, ber om hjelp i ei tid då alt ser mørkt ut: «luft og vann forgiftes,/ og ingen rettferd eller likhet rår» (NoS730, 2). Her lyt menneska rydda opp sjøve, med dei treng hjelp: «Gud, på en jord som snart kan gå til grunne,/ rens du vår tanke og vår politikk!/ I Jesu navn: Gjør våre viljer sunne! Gud, kom oss nær i dette øyeblikk!» (NoS730,5).

og individuell og samfunnsmessig «medskaping» i dagens økologi og teologi.⁴³⁷

Dette aspektet kjem tydeleg fram i K. Ørjaviks bearbeiding av salmen «SJunge vi af Hiertens Grund» i NoS712, som vi skal sjå.

L har i sin revisjon av K142 med mykje av den gamle salmen om skaparverket.⁴³⁸ I K er dei to innleiande strofene først og fremst vigde mennesket som del av skaparverket. I L er fokus noko mindre på at mennesket er skapt og meir på at det har ei oppgåve: «Som hans Tjenere vi gaa, / Og hans Tjenerinder smaa» (L602,2), dette høver godt med Webers argument om den lutherske kallstenkinga.⁴³⁹ Landstad framhevar også den protestantiske kallstanken. Samtidig aukar den tropologiske vektlegginga i salmen. På det tropologiske nivået i quadrigaen handlar det om mennesket, kva det skal tru og korleis det skal handla i verda. Mennesket trer meir og meir i framgrunnen gjennom salmehistoria, noko vi vender attende til fleire stader. Landstad plasserer salmen under «Særlige Salmer. Måltidet», ein kategori som er framand for K som utelukkande var ei gudstenestesalmebok. Også denne plasseringa er ei dreieing mot det tropologiske. Ein vender merksemda frå gudstenesta og mot heimen, frå den universelle skaparorden til maten på bordet. Skildringa av dyremangfaldet som Gud set på duken framfor mennesket, får stor plass også i L. Vin og brød er med. Men i staden for å be om å bruka gåvene rett slik K gjer, viser Landstad til boda («Faste i hans Budord staa»; L602,5) og til frelsa («Vor i Kristo Fader blid»; L602,5), eller til lov og evangelium, om ein vil:⁴⁴⁰

⁴³⁷ Kyrkjerådet, leiande organ for Den norske kyrkja, har i dei seinare åra byrja bruka termen «økoteologi» for å svara teologisk på utfordringane som klima og naturmangfald står overfor. (Kirkjerådet, 2020.) Tom Sverre Tomren har vore ein føregangsperson i dette arbeidet. (Sjå f.eks.: <https://www.vl.no/rapportasje/2017/05/19/en-gronn-eminense/>)

⁴³⁸ Str. 2 og 3 frå K142 er borte og L har ei andrestrofe som Rynning seier er ny. (Rynning, 1967, s. 264, §3411.)

⁴³⁹ Weber, 1995, s. 46-54.

⁴⁴⁰ «I dogmatikken skjelder man mellom lov og evangelium som to ulike sider ved Guds åpenbaring i Bibelen. Loven forteller om Guds krav til menneskene, evangeliet forteller om hans gave til menneskene. Loven blir da et uttrykk for Guds krevende rettferdighet som kommer fram i Guds bud. Evangeliet er åpenbaringen av Guds kjærlighet og frelsesvilje. Loven krever gjerninger; evangeliet frelser den som tror på Guds nåde slik den er åpenbart i Kristi forsoningverk, uavhengig av gjerninger» (Kvalbein, 2022).

Thi ville vi hannem Priise med skiæl	Bede vi af Hjertet, han
For hand gjør imod os vel/	Os vil give Aands Forstand,
Hand gifver os sin Hellig Aand/	At vi slikt maa skjønne paa,
At vi det befinde kand/	Faste i hans Budord staa,
Og hans Gafver bruge saa/	Hellige hans Navn med Flid,
At vi salige blifve maa/	Vor i Kristo Fader blid,
Naar vi skulle af Verden gaa (K142,6).	Takke ham til evig Tid! (L602,5).

K kan her gi inntrykk av at rett bruk av Guds gåver er eit vilkår for å bli sæl («At vi salige blifve maa»). Dette har Landstad unngått med endringane han har teke inn. At ein står fast i bodorda, underforstått handlar etter dei, syter for ei rett livsførsle. At Kristus har gjort Faderen blid, garanterer for frelse og evig liv også når ein ikkje er så stø i boda som ein ville. Sambandet mellom å leva etter Guds bod og lukkast i si gjerning, såg vi i «I Jesu Navn Skal ald vor Gierning skeep» (K74) framom her.

Salmen er ikkje med i LR, men Nyn har ei omsetjing av Støylen under «Salmar for heimen. Måltid». Her er nattverdallusjonen borte; jorda ber nøkternt formulert «dagleg braud» (Nyn646,2). Der L ber om forstand til å stå fast i bodorda, ber Nyn om arbeidsglede, også det kan forståast innafor protestantisk kallstenking:

No me bed av hjarta, han
 Oss vil giva rett forstand,
 So me slikt må skyna på,
 I hans arbeid glade gå,
 Stemna fram til himmelhamn,
 Kvila i Guds faderfamn,
 Takka han i Jesu namn! (Nyn646,4).

Det salmens «vi» skal forstå, er omtala som «slikt» og peikar attende på den vislege ordninga av «heimsens ring» (Nyn646,2) som Gud har stelt i stand. Det er bakgrunnen for at ein kan gå med glede i arbeidet; ein tryggleik for at Gud garanterer for samanhengen i tilværet. Igjen ser ein at vekta blir lagt på menneskets innsats i dagleglivet, som vi såg også i L. Salmen får i Nyn ei sterkare vektlegging av kallstanken medan skildringa av skaparverket og sambandet det har med Skaparen, trer noko meir i bakgrunnen. Salmen endar i himmelen, her er det for Nyn klassiske

rimparet «hamn» - «famn». Nyn har inga bøn for dei sorgfulle fjern og nær, «Kristenhed» eller «Øvrighed» som i K og L. Nyn gjer meir ut av endemålet for livet, nemleg himmelen, enn både K og L, og har ei meir kvardagsleg framstilling av arbeidet og dagleglivet.

I NoS er salmen plassert under «Livet i Guds verd. Forvaltaransvaret». Ørjavik, som har nydikta salmen, går lenger enn til eit konkret måltid med brød på bordet; han takkar for trøyst av ordet, og for heimen på jorda. Framstillinga av skaparverkets gode gåver, er samla i éi strofe, medan dei tidlegare bøkene gjer meir ut av denne skildringa. Skaparverket som vert fornya av Gud, får såleis mindre plass. Menneska si rolle i skaparverket er endra. Frå å vera blant dei skapte, på linje med alt anna skapt, rett nok med særlege rettar og plikter i K, eller som tenarar og arbeidarar i L og Nyn, vert menneska øydeleggjarar i NoS:

Midt i alt som er så vel,
ber me sorga i vår sjel:
at me øyder det han gav,
luft og vatn, land og hav.
Han som opna mildt si hand,
gav òg ansvar og forstand
til å vara det for han.

Av vårt hjarta bed me då
at me rett må skjøna på
alle gåver som han gjev,
signing over dagsens strev,
at me takksamt tener han,
fylgjer med til livsens land,
kviler trygt i faderhand (NoS 712,3-4).

Strofe tre er ei moderne strofe som målber fortvilning over miljøøydinga. Ein lar likevel ikkje dette munna ut i ei tydeleg bøn om klokskap for «øvrigheten», eller noko som går i retning av politisk engasjement eller aktivt samfunnsansvar. Det vert forsiktig ymta om at vi har slik kunnskap og forstand som trengst for å ta vare på skaparverket. Og ein ber om å «skjøna på alle gåver som han gjev» (NoS712,4), i dette ligg det også eit ønske om å bruka gåvene rett. NoS og Nyn knyter ikkje denne bøna til Anden og hans rettleiing slik både K og L gjer (tydelegast i K: «Hand gifver os sin Hellig Aand/ At vi det befinde kand», K142,6). Mennesket framstår i NoS, og delvis i Nyn, som meir «på eiga hand» i skaparverket og ikkje så tett innvevd i det

som i L og særleg i K. Songarane i kyrkja kan be Gud om visdom, men dei må sjølve rydda opp, og salmen lovar ikkje noko guddommeleg inngrep i den prosessen.

Alle salmebøkene har med tanken på at Gud har «reed Jorden til» (K142,4), altså ei slags igangsetjing som i den protologiske skapingsforståinga. Men i Nyn og særleg i NoS vert ei protologisk forståing meir framtreddande, Gud meir tilbaketrekt og mennesket meir ansvarleg.

Gud er nemnd som skapar i fleire av salmane i materialet. Men også Jesus og Den heilage ande er sette i samband med skapinga. Særleg er Sonen framheva som skapar og herskar over all jorda: «Du skaber alt paa Jorden/ Og est din Faders Kraft/ Regierer det med dine Orde/ Sterckelig med Guddoms Magt» (K33,4).⁴⁴¹ L og Nyn, som er dei salmebøkene som vidarefører denne strofa, omtalar ikkje Jesus som skapar, men som den som styrer: «Du stande skal for Styre» (L100,4 og Nyn 78,4). Ikkje berre Sonen, men også Anden er omtalt som medskapar. K97 titulerer Anden som skapar i opningslinja: «Kom Gud Skaber og Hellig Aand».⁴⁴² Salmen har gått vidare i salmebøkene. Andens skaparhandling er i denne salmen ikkje knytt til den skapte ytre verda, men til åndeleg skaping og fornying. Slik er det også i dei seinare salmebøkene, til dømes i NoS: «Kom, Ande med di skaparmakt,/ og reis det synd har øydelagt» (NoS209,1). Sjølve skaparkreftene er likevel knytte til heile den treeinige guddommen i salmematerialet, og ikkje utelukkande til første personen.

⁴⁴¹ Når Sonen er omtala som skapar, er det ikkje berre heimla i treeiningslæra. NT omtalar eksplisitt Sonen som skapar og medskapar fleire stader, til dømes Joh 1,2; Kol 1,16 og Heb 1,2.

⁴⁴² Rynning seier at dette er ein dublett til K210: «KOM Hellig Aand/ O Herre Gud». Rynning, 1967, s. 166-167, §2124.

5.3 Gud – mektig og fjern, deltakande og nær

Salmane i K og dei seinare salmebøkene, står i ein lang kyrkjeleg, og jødisk, tradisjon, slik vi diskuterte i innleiinga. GT-salmane omhandlar i stor grad Gud Fader, som venteleg kan vera, jamvel om dei både i reformatorisk og nyare historisk GT-forskning har vore lesne kristologisk eller trinitarisk; noko kyrkjjesalmane også vidareformidlar.⁴⁴³ Dei nydikta hymnene i dei første kristne kyrkjelydane kom i sin tur til å sentrera om Kristus, om treeininga og om møya.⁴⁴⁴ Når fleire av dei eigenskapane og funksjonane som ligg til Faderen i truedkjeninga, vart plasserte hjå Kristus og jamvel i somme tilfelle hjå Maria, var det ei medverkande årsak til at til dømes kalvinistane valde bort hymnene til fordel for Bibelens salmar. Den britisk-canadiske hymnologen og C.S. Lewis-forskaren Lionel Adey peikar på at dette: «As one effect of trinitarian teaching, hymns tended to praise Christ for man's creation and treat the Father as remote, even abstract.»⁴⁴⁵ Det er ikkje grunnlag for å seia at Faderen er «remote» eller «abstract» i salmematerialet mitt. Men det er likevel ingen tvil om at Sonen er sentreringspunktet i dei fleste tekstane og at Faderens fremste gjerning er å senda Sonen.

Framstillingar av Gud som opphøgd og mektig finst i ei rekkje av salmane, særleg lovsongane. Den einaste Gud er hylla i «Aleneste Gud i Himmerig» (K6). Han får «Lov og Priis» både for nåden og kjærleiken, og for sin «Herlighed». Han har allting i sin «Magt og Vold, / Hvad du vil have frem, kan ingen forholde, / Vel dennem, der dig kunde frygte» (K6,2).⁴⁴⁶ Det opphøgde biletet av Gud held seg, med små variasjonar, i alle salmebøkene i materialet.

⁴⁴³ Oddvar Johan Jensen i kommentar til underteikna, juni 2023.

⁴⁴⁴ Svendsen, 1935. s. 5-7.

⁴⁴⁵ Adey, 1986, s. 37.

⁴⁴⁶ Førstestrofa i denne salmen kan lesast som ei innleiande lovprising av guddommen. Gud Fader får så ei lovsongsstrofe, medan Sonen får to, Anden ei. Det meste av hyllingsropet er intakt i revisjonane. Men dei to

Somme av dei antropomorfe bileta som er brukte om Gud i salmematerialet, gjer at han verkar nærare det jordiske, og mindre opphøgd og fjern. Fleire stader i salmelitteraturen vert det referert til himmelske samtalar, slik det vart nemnt under deskriptiv fase «Munn, tunge, tale, song». Her er eg attende ved K46 for å løfta fram førestellingar om Gud som deltakande og nær.

Han taledo til sin kiere Søn/
 Det er nu Tiid at forbarne/
 Det skal nu skee efter din Bøn/

Far heden og frels de Arme/
 Og løs dem ud af Syndsens Nød/
 Og slaa ihjel dend haarde Død/
 Og lad dem med dig Lefve (K46,6).

Detto er ein adventssalme av Luther. Her trer salmens «eg» fram som representant for «de Arme» som treng frelse. "Sit Faderlig Hierte vende hand til mig" (K46,5). Ein får eit inntrykk av å koma tett på og vera eit innvigd vitne til det som føregår i heime hjå Gud når han viser si omsorg for salmens «eg».

Ein liknande samtale finn ein i Luther-salmen "O Gud af Himmelen see her til" (K49). Men her er det ikkje synd og død og djevel som først og fremst uroar, men den motgang Guds kyrkje møter. "Gandske faae ere dine Tiennero til" (K49,1), Guds ord er gløymt blant menneska, vranglæra dominerer. Etter at Gud har høyrte klagemåla seier han at han vil ta affære. Landstad formulerer dette slik: "Da siger Gud: Nu maa jeg op, / Og Haand i Hanke tage" (L497,4), ei linje eg har sitert før. Dette er ein "folkeleg" Gud, men Landstads formulering har ikkje gått vidare i dei andre salmebøkene. LR har ikkje salmen med i det heile, og i NoS544 er denne strofa stroken. Nyn dempar det folkelege noko, men vi ser at Gud ris i stolen: "Då segjer Gud: No upp eg må/ Og deira ovmod aga" (Nyn404,4). For denne salmens del vert

strofene til Sonen er slegne saman til ei i LR, Nyn og NoS. Dette er nok eit døme på at nyare salmebøker «ryddar» i dei trinitariske salmane.

altså det kvardagslege ved Gud dempa i revisjonane etter L. Landstads formulering gir eit eineståande døme på ei uhøgtideleg framstilling av Gud Fader, nesten humoristisk, men sterkt assosiasjonsskapande. Dei andre salmebøkene dempar eller fjernar framstillinga av Faderen som reiser seg frå sitt himmelske sete for å ta affære på jorda.

Det finst ei rekkje salmar i materialet som omhandlar Guds omsut for mennesket, både åndeleg og lekamleg. Det er uråd å skilja Guds omsut frå hans kjærleik og makt, slik vi såg i salmen K142. «Min Siæl nu lofver HERren» (K71) som byggjer på Salme 103 i GT, inneheld ei rekkje bilete av Gud Fader og den omtanken han viser salmens eg.

Min Siæl nu lofver HERren/
Hvad i mig er hans hellige Navn/
Sin Godhed rundelig gifver/
Thi skal du altiit takke hannem/
Din synd hafver hand udslettet/
Og lægt dine store Saar:
Dit arme Legem husvaler/
Tager dig saa vel i forsvar/
Med veldige Trøst beskiermer/
Dig Ung som Ørnen gjør/
HERren alle Christne vel trøster/
Som trænges i Verden her (K71,1).

Min Sjæl, min Sjæl, lov Herren,
Og alt hvad i mig er hans Navn!
Min Sjæl, min Sjæl, lov Herren,
Glem ingen Ting af alt hans Gavn!
Han som din Synd udsletter,
Og læger dine Saar;
Han som dit Liv opretter,
Naar du til Døden gaar;
Han som ny Kraft dig sender,
Gjør Alderdommen ung:
Han som dig bær paa Hænder,
Naar Tiden falder tung! (L77,1).

Salmens eg talar til si eiga sjel og oppmodar til lovprising og takk, og til å tenkja gjennom alle dei gode Gud har gitt. Det er berre den første strofa som er halden i singularis. Etter det er det kollektivet som lovpriser. Ørna, som etter legenda skifter ham og vert ung att, er brukt som bilete på kroppseleg fornying både i K og i GT-teksten: «Han mettar ditt liv med det gode, du blir ung att som ørna» (Sal 103,5). Biletet av den store rovfuglen er borte frå seinare salmebøker. Landstads tekst kan tolkast som eit uttrykk for at Gud gir kraft også til alderdommen og tunge tider.

Ein legg elles merke til diktaren Landstad som i si omarbeiding av salmen også nyttar den gamaltestamentlege salmens verkemiddel parallellisme når han gjentar opningslinja. Dei andre salmebøkene vidarefører eller byggjer på Landstad. NoS298 dempar uttrykket frå Nyn: «So dauden ei deg når» (Nyn464,1), som kan lesast som at ein kan lura døden. Men det kan også tolkast som eit uttrykk for lovnad om evig liv, altså ei meir åndeleg forståing av å sleppa unna døden.⁴⁴⁷ NoS kombinerer Blix (Nyn) og Landstad: «og nådig lèt deg leva når du til døden går» (NoS298,1) som kan opna for både dennesidig og hinsidig liv. I alle salmeversjonane ligg det til grunn ei forståing av at Gud er herre over livet og kan gi krefter til å halda det ut både i intensitet og lengde. Andrestrofa tar opp att syndstilgivinga som er Guds ultimate gåve til mennesket. Landstad nyttar termen «angst»: «Med Naaden sin og Trøsten/ Har han vor Angest stilt» (L77,2); formuleringa går vidare til LR og NoS bokmål, medan nynorsktekstane ikkje har angsten med; heller ikkje K. Hjå Landstad er angsten kopla til synda og konsekvensane av den, og ikkje til ein generell eksistensiell angst slik det gjerne vert oppfatta av ein notidig songar. Biletet med salven for sorg og såra mot, er Landstads eige.⁴⁴⁸ Heile salmen er prega av tillitsfull takksemnd til ein Gud som er som ein kjærleg far, korrigert til «mor og far» i NoS, miskunnsam og nådig. Salmen er lite endra etter Landstads tid. Gudsbiletet teksten presenterer, er transportabelt og akseptabelt frå tid til tid, jamvel om nyare revisjonar freistar dempa det eksplisitt mannlege ved guddommen. Det folkelege vert også borte.

⁴⁴⁷ Ei slik forståing kan finna støtte i evangelieteksten der Jesus seier følgjande til ei kvinne: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy» (Joh 11,25).

⁴⁴⁸ Biletet kan sjåast i samanheng med Jer 8,22 som omhandlar balsam til lækjedom i Gilead, og grøding av sår (Jer 46,11). Op 3,18 tилrår den reinsa salven som kan strykast på augo så ein får synet att.

5.4 Gud er rettvis, nidkjær og vreid

Guds eigenskapar, gjerne karakteriserte gjennom handling, har dobbel verknad. Når Gud i GT er «nidkjær» inneber det både at han ikkje tolererer at Israel tener andre gudar enn han, men også at han vernar og bergar folket sitt. Gud dømmer verda, men frelser henne også. Vreiden er ein konsekvent reaksjon på synda; ein heilag og rettferdig Gud må reagera med vreide på urett og krenking av hans gode vilje. Samtidig er vreiden hans eit forsvar for skaparverket og den som lir urett. «Når Gud derfor reagerer overfor synden, forsvares det svake og utsatte samtidig som det vises omsorg for opprøreren. Hans vrede, dom og straff er altså begynnelsen til gjenoppretting av tapte relasjonar og nytt liv for synderen.»⁴⁴⁹ I salmetekstane fører tanken på vreiden oftast til bøn om å bli frelst. Ein erkjenner at ein har fortent straff, men peikar på Jesu soningsverk og lit på nåden.

Den rettvise, nidkjære og vreide Gud er nemnd fleire stader i salmane. Gud er likevel ikkje så skremmeleg og vreid at ikkje kyrkjelyden syng sine salmar og argumenterer med guddommen gjennom dei.⁴⁵⁰ Men om mennesket kan råkast av harmen frå Gud, er den rettferdige vreiden hans først og fremst kanalisert til Sonen som bøyer seg under den på menneskets vegner.

«Om de syv Ord, Jesus taledde paa Korset» (K301) av Thomas Kingo, viser korleis Guds vreide råkar den krossfeste. Gud toler ikkje synd, difor vender han seg bort frå Jesus som ber all verdas synd. Den ytste konsekvensen av synda er at ho held mennesket skilt frå Gud. Difor ropar Jesus: «Min Gud! min Gud! hvi haver du/ I denne Nød forladt mig nu?» (K301,10), eit ekko frå Salme 22 i GT.⁴⁵¹ Dette kross-

⁴⁴⁹ Sendstad, 2000, s. 166.

⁴⁵⁰ Døme på slik argumentasjon er K183,3; K266. Svært mange av salmane er bønner til Gud, og i desse argumenterer mennesket overfor Gud og viser til det Sonen har gjort. Dette kjem vi tilbake til under avsnitta om andre trusartikkelen.

⁴⁵¹ «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg? Kvifor er du så langt borte når eg treng hjelp og skrik ut mi naud?» (Salme 22, 2.)

ordet seier Kingo er «græsselig» og noko uhøyrte i himmelen: «Og aldrig hørte Himlen sligt» (K301,4). Menneskesonen heng på krossen for syndarens skuld; vreiden er uttrykk både for rettferd og miskunn:

For min Skyld blev du saa forladt,
Og af Guds Vrede taget fat
At aldrig jeg forlades skal
I Dødens grumme Dyb og Dal (K301,11).

Den fælslege vreiden skaper ikkje berre avstand mellom mennesket på krossen og Gud, men også smerte: «Guds Vredes Ild ham tæred' op,/ Og Saften af hans usle Krop» (K301,12) noko som viser til krossordet «eg er tørst» (Joh 19,28).

Smerteskildringane oppfyller Jesajaprofetien om den lidande Messias.⁴⁵² Jesu sitat frå GT-salmane og Jesaja-allusjonen bind Jesu krossfesting til Messiasforventningane i GT. Kingo dreg i sine salmar, ikkje minst pasjonssalmane, sambandslinjer mellom GT og NT; både profeti og typologi er rikt representert, noko vi vil venda attende til.

L er tru mot Kingos tekst. Men LR og NoS dempar på kvar sin måte bileta av Guds vreide: «For min skyld blev du så forlatt,/ En helveds stund i dødens natt» (LR313,10); «en helvedsstund i vredens natt» (NoS155,10). Det smertefulle er flytta frå Gud og til helvete. LR og NoS lar syndene vera grunnen til Jesu tørste: «All verdens synder lå på ham/ Og brente med sin ild Guds Lam» (LR313,11 og NoS), ikkje Guds harme. Det er vanskeleg å avgjera om det er synet på Guds vreide, eller viljen til å uttrykkja han, som er endra. Dei yngre salmebøkene held fast ved at det som skjer, er fælt, men framhevar ikkje så sterkt som K og L at det er Guds pisk som vert svinga. Kanskje ønskjer ein å dempa inntrykket av ein harmdirrande og hemngjerrig Gud som kan provosera og vekka motstand i kyrkjebenkene.

⁴⁵² Jes 53,3-5 skildrar ein framtidig frelsar som vart vanvyrde og pint, men bar såra for kollektivet. Dette har vore lese som ein profeti om Jesus og den smerta som vart han til del. «Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte» (Jes 53,5).

Preikestolsalmen på første søndag i advent: «Guds Sønn er kommen af Himmelen ned» (K35) av Paul Speratus, gjennomgår den lutherske frelseslæra grundig. Salmen fortel at menneska skal æra Gud, men gjerningane deira er udugelege, og difor er dei «under Guds Vrede alle» (K35,2). Sonen har med si soning oppfylt alle Guds krav, og «Der med Gud Faders Vrede stilt» (K35,7). Guds vreide er ein konsekvens av hans reinleik og heilagdom og ikkje utslag av karakterbrest eller ukontrollerte kjensler. Guds vreide er omtala tre gonger i den danske versjonen av salmen. Først forklarar salmen kvifor Gud er vreid: «Hvad Gud i Loven os budet hafde/ Det vi icke kunde gjøre/ Da vare vi under Guds Vrede alle» (K35,2). Dernest viser salmen korleis vreiden vart stilt av Sonen.

Nu skulle Guds Bud opfyldes uden Brøst/
Ellers maatte vi alle fortabes;
Thi udsendte Gud sin Søn JEsu Christ/
Lod hannem for vor skyld plages/
Hand hafver Guds Bud alleene opfyldt/
Der med Gud Faders Vrede stilt/
Der ofvergick os alle (K35,7).

Dette er kjernepunktet i den lutherske frelseslæra: Sonen har gjort opp for menneskets synd og berga det frå Guds vreide. Men det verkar i salmen i K som Gud framleis kan bli harm på syndaren. Den største motgangen som kan råka, er å vera under Guds vreide.⁴⁵³ Berre trua kan berga; difor må ein halda seg til Guds ord:

Og om du fick så stor Modgang/
som ofver dig var Guds Vrede/
Dog see du til at ingen Tvang
skal dig fra Troen lede/
Men bliv fast ved Guds Ord altid/
Han siunes være Vred/
hand er dog bliid/
Thi lad dig icke forfære (K35,14).

⁴⁵³ Lova, eller Guds bod, er framstilt som ein «tuktemeister til Kristus»: Når mennesket lærer at det ikkje strekk til og bryt Guds bod, er trua på nåden einaste utvegen (Gal 3,24; 1938- og 1978-omsetjinga; i 2011-omsetjinga er lova kalla «vaktaren vår»).

Tanken på motgang i livet som utslag for Guds straffedom og vreide, ligg her nær. Men salmen talar sjelesørgerisk om at jamvel om ein kan kjenna seg overgitt til straff og motgang, så går Guds kjærleik og blidleik framom hans ihuga rettvisе dersom ein held seg til trua og til Guds ord. Salmen er korta kraftig ned i alle salmebøkene etter K, men Guds vreide som resultat av synda er med både i L190,2 og NoS321,2. Strofa som jamfører motgangen med Guds vreide, er derimot ikkje med etter K.

Både krigar, pest, naturkatastrofar, brannar, ulukker, misdanningar hjå born og dyr og så bortetter, har vore oppfatta som Guds direkte straffande inngrep i samtida. Rekkja av kyrkjelege bededagar gjennom historia, vitnar om det same.⁴⁵⁴ Alt frå skyformasjonar og silde-inskripsjonar til pest, krig og dyrtid, vart tolka som Guds varsel og teikn i eldre tid. Ein skulle lesa og tolka og forstå Guds røyst i naturens store bok og i samtidshistoria, samtidig som ein visste at også djevelen kunne gjera liknande teikn. «I prinsippet kunne alt som rammet mennesker, få karakter av tegn. Alle ulykker kunne utlegges som Guds ris».⁴⁵⁵ Ein gjorde ei semiotiske lesing av fenomen på himmelen og i havet, samt i menneskeverda på 1600- og 1700-talet (slik det har vore vanleg både før og seinare, med større og mindre grad av alvor). Føremålet med denne straffa frå Gud, var å få folk til å venda om frå den syndige vegen og gjera bot; ikkje berre på individuelt nivå, men først og fremst som kyrkje og folk, og dei to var samanfallande i 1600-talets tvillingmonarki. Det var først og fremst det moralske, ikkje det eskatologiske som var målet for den straffande vreiden: Ein fekk ei skarp påminning om å venda om og gjera bot slik at ein ikkje kom bort frå Gud og hans vilje, og jamvel gjekk glipp av sæla. Såleis kan desse vreideshandlingane (om)tolkast som eit uttrykk for Guds omsut. Føredømet er Guds

⁴⁵⁴ I 1626 vart det innført bededagar kvar veke i Danmark/Noreg; kongemakta ville slik innskjerpa disiplinen i folket. Seinare vart denne ordninga avvikla. Biskop Hans Bagger (1646-1693, biskop frå 1675) på Sjælland reformerte bededagsinstitusjonen og samla bededagane på ein fast årleg faste-, bots- og bededag (Viken, 2020).

⁴⁵⁵ Gilje & Rasmussen, 2002, s. 210.

forhold til israelsfolket som stadig var ulydigt mot Gud, vart straffa, vende om og vart teke til nåde.

Koplinga mellom synd og motgang, eller umoral og straff, er ikkje framand for salmane i materialet. «VReden din avvend» (K127) er i K sett på fastelavnssundag, til «aftensang», altså når ein nærmar seg fastetida, den kyrkjelege markeringa av Jesu lidning. Salmen er difor liturgisk plassert sentralt i frelsessoga. Dei seinare salmebøkene flyttar denne salmen til «Almindelig Bededag» (L394) og «bots- og bededag». Med denne flyttinga blir merksemda vend mot menneskets synder og straffa for dei, meir enn mot han som bar syndene og tok straffa.

VReden din avvend HERre Gud af Naade/
Riiset dit Blodigt/ som os ofvermaade
Plager saa redlig af en Vredes brynde
Fordi vi Synde (K127,1).

Vreden din avvend, Herre Gud i Naade!
Riset det haarde bruge du med Maade!
Vi have syndet storlig og gjort ilde,
Tugt os med Milde! (L610,1)

Guds harme over synda får han til å svinga riset over syndarane på brutalt vis. Samtidig alluderer det blodige riset til piskinga av Jesus før han vart krossfest.⁴⁵⁶ Det ligg såleis ei påminning både om straffa over menneska, og om han som tok straffa på vegner av alle, i salmens innleiing. Både L394 og LR609 vidarefører samanstillinga mellom vreiden over synda og Guds bruk av riset. Hjø Landstad er ikkje riset lenger «blodigt», men hardt. Men i Nyn dreiar forståinga frå det moralske over mot det eskatologiske: «Vend bort din vreide, Herre Gud, i nåde!/ Refs ei til dauden, frels or verste våde!» (Nyn484,1) og i NoS endå meir: «Vend bort din vreide! Gud, hald han attende!/ Domen til døden må du frå oss vende!» (NoS238,1). Guds vreide er intakt i salmebøkene, men merksemda vert etter kvart vend meir generelt mot den framtidige dommen enn mot ein rettferdig harme som kan ramma det syndefulle mennesket her og no.

⁴⁵⁶ T. d. Joh 19,1.

I salmematerialet gjeld Guds harme og iver både synda generelt, og den motstand, hån og forfølgning Guds folk møter (K49). Begge er krenking av Guds vilje. Synda vert straffa både i tida og i dommen. Jamvel om kyrkjelyden i salmane ber om å bli skåna for Guds straffedom i tida, vel ein likevel denne straffa dersom det kan bidra til å tryggja den evige sæla. «ACH HErre from/ Hvor stoor og Grum/ Er mine begangne Synder» (K183) er ein salme som uttrykkjer stor uro over synda. Salmens «eg» finn ingen i heile verda som kan hjelpa han, og ropar til Gud: «Forskiud ey mig»; «Træt ey med mig/ O Gud/ Vredelig/ Din Søn hand os vel forligte» (K183,3). Likevel er «eg» budd på straff:

Skal det være saa/	Er det saa,
Straf skal følge paa/	Straf følger paa
Synderne bedrefne ere/	For mine Synders Velde,
Saa straf du her/	Saa straf du her,
Og skaane der/	Og skaane der,
Lad mig vel her poenitere (K183,4).	Lad mig kun her undgjelde! (L389,4).

Gud er her ein som kan straffa eller skåna, ein dommar og oppdragar. Ein kan tolka straffa som eit middel for å halda salmens «eg» fast i trua slik at synda ikkje leier han bort frå Gud. Men den dennesidige straffa er å føretrekkja framfor den som kan koma «der». Det er vanskeleg å halda assosiasjonane heilt unna skjærseiden som i katolsk lære lar menneska unngjelda for syndene sine og reinsar sjelene. Korkje teologane bak K, eller Landstad, ville ha godkjent ei slik forståing. I luthersk lære er skjærseiden framand, men fortapinga er ein aktuell utgang av tida; det må vera den som skremmer songaren: Å vera straffa «der» må forståast som å stå utanfor den evige sæla. Det er berre K og L som tar denne strofa med. L følgjer K tett, men talar om «mine Synders Velde». Det er nok kanskje helst for å få eit godt rim, og det kan vera eit uttrykk for stort omfang. Men det kan også tolkast som at synda har makt over salmens «eg». Der K foreslår «poenitere» som løysing på syndevisken, altså bot eller botsøving, er L klar til å måtta svi, «unngjelde». Salmen står under

overskrifta «Almindelig Bededag» i K og L. I LR heiter det «bots- og bededagen», medan NoS har salmen under «skriftemål», altså dagar og handlingar i kyrkja som på særleg vis tematiserer syndsvedkjenning og syndsforlating. (NoS 2013 har ikkje vidareført salmen.) Strofene argumenterer og ber om nåde og frelse; Jesu «hellige Vunders huuler» (K183,8) er ein tilfluktstad der «eg» kan gøyma seg for vreiden, slik fuglen «Smuckt udi skiul/ I Hule Træer forsticker» (K183,7). Salmen munnar ut i tru og tryggleik; eg-et blir verande i Jesu «Vunders huuler» også når «eg» må «henfare» frå lekamen, mennesket gøymmer seg altså i Jesu sår «Jeg blifver vist/ Hos dig Herre Christ/ I ævig Fryd mig bevare» (K183,9). Eg-et gjennomgår i salmen ei reise frå djup naud og angst til fryd og tryggleik i visse om frelsa. Jesus er død på krossen og har gjort djevelen og døden til spott og spe, «Og har mig Himmerig forhverfvet» (K183,10). Forløpet frå djup syndenaud til omvending og sæl frelsestryggleik kan minna om den «salighetens orden» som pietistisk lekmannsforkyning framelska.

Landstad lar salmen vera om lag som i K. Dei første strofene er den engstelege bønna om nåde på trass av alle synder. Eg-et finn trøyst gjennom den lange kampen og endar med å takka og lovprisa. LR har ein kortversjon og innleier som K og L med å erkjenna at «jeg» har «storlig syndet,/ Og ingen mann/ Som hjelpe kan, Jeg har i verden funnet» (LR611,1). Men så ber det rett til det hole treet det fuglen kan stikka seg bort frå uvêret; resten av salmen i LR handlar om at eg-et har funne tryggleik i liv og død hjå «Herre Krist» (LR611,3). Fem strofer med anger, fortvilning og overgiving er strokne. Nyn har ikkje salmen med, men i NoS621 finn vi også ein kortversjon. Starten er som i dei andre: Ei erkjenning; rett nok seier ikkje NoS at det er Guds bod det er synda mot, her er det ei tung skuld som må berast (NoS621,1). I staden for «ingen mann» er det «inga hand» her i verda som kan hjelpa. NoS tar med ei av strofene frå den delen LR skjer bort, og flyr til «deg», altså Gud, og spør: «Får enno eg/ på di forlating vona?» I same strofa minner eg-et Gud om at hans dom «gjev nåden rom» og at «din Son for meg har sona!» (NoS621,2). Dei to siste strofene

erklærer at eg-et har funne det som trengst for liv og død. Sistestrofa er kollektiv og ber om den trua som kan kjenna Guds kjærleik. Både LR og NoS kuttar kraftig i dei intense, og delvis fortvila, forhandlingane det syndefulle eg-et fører med Gud. Eg-et i desse salmebøkene verkar vera tryggare på frelsa.

Frelsa er berre av nåde i luthersk lære. Ein kan ikkje betala ned si skuld korkje med botsøvingar eller gode gjerningar, berre Guds miskunn frelser (K35). Det eksisterer likevel i salmane ein sterk otte for å koma bort frå denne nåden og hamna under Guds vreide. Dette skjer når ein lever i synd, altså ikkje bekjenner synda og ber om tilgiving og styrke til å venda seg frå det syndige livet. Det kan vera vanskeleg å vita når ein er på veg bort frå nådetilstanden. Difor lever mennesket med ei konstant uro for synda, for å falla, for å bli erobra av djevelen og ført i fortaping og undergang, ei uro som noko av vekkingsforkynninga i den pietistiske tradisjonen dreiv til det yttarste.⁴⁵⁷

Kveldssalmane både i materialet og elles, gir døme på otten for freisting, synd, djevel og evig død. Ikkje eingong i svevnen, ja, kanskje aller minst då når all medviten motstand låg i dvale, var ein trygg:

At Syndsens Søfn os ey besvære kand/
 Ey Diefvelen dend onde Fristermand/
 At Legemet ey samtycker i hans Raad/
 Og ey kommer i din Vrede og Had (K136,3).

Denne kveldsbøna er retta til den «hellige HERre Christ», og det er såleis hans vreide ein ber om berging frå. Dette kan både botna i at ein ikkje skil mellom personane i guddommen, og at ein tenkjer på den eskatologiske vreiden og Kristus som dommar. Det er berre NoS som har ein salme bygt på det same førelegget. NoS801 er ein

⁴⁵⁷ Motstanden mot helvetesforkynning var sterk, slik t.d. Ole Hallesby si vidgjetne radiopreike (1953) og den debatten som følgde, er eit døme på. 70-årsjubileet for talen og striden vart markert med fornya interesse i 2023. Sjå til dømes Haakon Flottorp og Hanne Linn Skogvang 18.96.20 i [helvetesstriden – Store norske leksikon \(snl.no\)](#) (henta 16.05.23). Hallesbys tale ligg på nett, og ei rekkje artiklar er enkelt tilgjengelege. Til dømes hjå NRK som sende helvetestalen i 1953. [Predikanten Ole Hallesby – NRK Kultur og underholdning](#)

tillitsfull og trygg salme utan direkte tilvisingar til det som kan henda av vondt. Berre indirekte kjem det fram i bønner og erklæringar om frelse og von: Når mørket flyr i Kristi nærleik, finst det jo; når ein treng von, fred og frelse, er det fordi motsetnadene også er reelle.

Nokre salmar omhandlar den motstand Guds folk, eller kyrkja, møter. Eitt vesentleg faremoment er den falske læra. Det vert klaga over at Guds ord ikkje vert forkynt rett og at trua difor har dårlege kår:

De Lære iden falsk og sviig/ Hvad deres Viisdom paafinder/ Deres hierte er icke samdrægtelig Til Guds Ord at forkynde/ Dend Ene vil det/ dend anden vil det/ Bedrage os med Menniskens sæt/ Og siundes dog hellige udvortis (K49,2).	Med Lærdom vrang, med Løgn og Svig Nu løber mange Munde, Saa er de uens mellem sig, Staa ei paa Guds Ords Grunde; En raaber hid, en Anden did, Forvilder os med Mande-Vid Og Fromheds Skin og Iver (L497,2).
--	--

Salmen viser kor forvirrande det er for dei truande å skilja mellom rett og rangt når alle verkar «dog hellige udvortis» (K49,2), men samstundes kjem med sprikande bodskapar alt etter kva dei sjølve har funne på. Vranglæra er ein viktig grunn til at «dine Tiennere» (K49,1) er i naud. Dei er dessutan fã og omgitt av mørke.

Understrekinga av sambandet mellom at Guds ord «er blevet ilde brugt» (L497,1) og det elende dei truande er i, er tydeleg også i Nyn404 som er tett på Landstads tekst. Og både K, L og Nyn følgjer opp med endå ei strofe om den overmodige vranglæra. Gud høyrer desse klagemåla i sin himmel og tek grep for å gjenreisa Ordets makt: «Nu skal mit gode Ord gaa frem,/ Oplyse, glæde, styrke dem,/ Men Fiendens Magt omstøde» (L497,4).

I NoS er perspektivet noko annleis. Også her blir det bedt om hjelp og nåde sidan det er fã som «vil bera Kristi kross,/ me er i naud og våde» (NoS544,1). Men strofene som knyter denne nauda til den vrangle læra, er strokne. «Ditt ord i verda lite gjeld,/ og trua er som slokna eld./ Det er så mørkt i landet» (NoS544,1; dei eldre

salmebøkene har «Mørkt ser her ud paa Jorden» (L497,1), altså eit noko vidare perspektiv enn «landet»). Bøna kan lesast som eit generelt sukk om «avkristninga» eller sekulariseringa og dårlege kyrkjelege statistikkar («så få vil bera Kristi kross»). Det er ikkje sagt direkte at vranglærarar er årsaka til at det rår slik motløyse mellom dei truande. Siste strofa i NoS, som i dei andre, ber likevel om at læra skal lysa rein i kyrkja og at ordet skal styrkja «oss» «Når falske ånder valdar mein» (NoS544,3). Lygna må ikkje få «råderom» og ikkje «gudslaut folk få herredom,/ men hald oss fast i trua!» (NoS544,3). Midtstrofa i salmen i NoS fortel om sølvet som er reinsa sju gonger i eld. Dette vert jamført med «trengsla som oss brende» (NoS544,2). Som glansen i sølvet vert sterkare når det vert skirt, slik står ordet fram som meir kraftfullt når det vert prøvd «under krossen» (NoS544,2). Trengsla som ein kan få auge på i dei

tre strofene i NoS, er ikkje konkretisert; kollektivet er i «naud og våde», dei er få og dei er engstelege for «gudslaut folk» og «lygn». Det er noko diffust kva som er problemet i NoS-utgåva av salmen. Og jamvel om bøna er retta til Gud, får ein ingen respons frå den kanten slik ein gjer i den gamle salmen. Ein får ei oppleving av at det er meir som står på spel i dei eldste versjonane av denne salmen.

Salmen «Beholt os/ HErre/ ved dit Ord» (K109) er endå meir konkret i sin presentasjon av fienden: Her er det «Pavens og Tyrckens Mord» som lurar. Men igjen er det den rette læra og forvaltninga av Ordet som står i fare. I dette tilfellet er det ikkje til å unngå at motstandarane vert anonymiserte i revisjonane; her er også alle salmebøkene nokså samstemte i si bøn om «enig tro i alle land!» og «en salig død!» (NoS454,3). I salmen «AF Dybsens Nød raaber jeg til dig» (K139) deltar samtlege salmebøker i materialet i det sterke bønepet. Her er det synda som overveldar salmens «jeg» og «vi» til å ropa om frelse og nåde. Medan bønepet mot vranglæra var vage i NoS544 (K49), vert syndenauda sterkare formidla også i nyare

salmerversjonar, jamvel om det er ein tendens til at det blir mindre fokus på synd etter kvart som revisjonane skrid fram.

Guds motstandar og demoniske motstykke er djevelen. På den vertikale aksen i salmens biletverd som vart omhandla i kapittelet framom, er Gud øvst og djevelen i motsett ende. Djevelen er lite framtreddande i materialet, og korkje han eller framgangsmåtane hans er inngåande skildra. Nokre inntrykk får ein likevel av han. Ein av dei salmane som gir mest plass til djevelen, er Martin Luthers «Vor Gud hand er saa fast en Borg» (K128). Det skjer ein del endringar i teksten gjennom revisjonane, men djevelen er med i alle utgåver, endå djevel som namn er nytta fleire gonger i K128 enn i dei seinare bøkene. Djevelen er framstilt som ein vreed fyrste som fører ein hær og søker å knekkja «oss», som må forståast som kollektivet av dei truande, kyrkja, eller gudstenestefellesskapen. Det pågår ein strid og Guds flokk er hjelpelaus: «Vor egen Magt er intet værd/ Vi ere snart ofvervunden» (K128,2).

Landstad gjer det meir konkret: «Vi vare snart nedhugne» (L266,2). K nyttar namnet «Diefvelen» og karakteriserer han som «vor gamle Fiende» (K128,1); i LR vert han verre: «Vår gamle fiende hård» (LR243,1), i Nyn er han «gram» (Nyn196; sint eller harm).⁴⁵⁸ Djevelen «Vil os ofvervinde», han har stor makt og «Argelist», «Paa Jorden er ey hans lige» (K128,1). Men det finst hjelp for dei hjelpelause: Gud er borg, skjold og verge. Dessutan er det hjå dei ein «vældig HERre» (K128,2) som alt må bøya seg for; Kristus er ein herre over alle herrar, «der Herr Zebaoth» hjå Luther.⁴⁵⁹ Hjå Landstad er bileta blitt endå meir militante: «Jesus Krist» er «Høvding for Guds Hær» (L266,2), som då må visa til himmelhæren; kanskje dei meir enn tolv legionane med englar Jesus kunne tilkalt då han vart arrestert i Getsemane-hagen.⁴⁶⁰ Om verda var full av djevlar, treng ikkje dei skræmde på borga ottast.

⁴⁵⁸ Dei yngre salmebøkene er i samsvar med Luther: «Der alt böse feind» (NNSL, 2013, s. 511).

⁴⁵⁹ NNSL, 2013, s. 511.

⁴⁶⁰ Matt 26,53.

Både i Luthers tekst til «Vår Gud han er så fast ei borg» og salmeversjonane i materialet er «Verdens Fyrste» (L266,3) brukt som namn på fienden. Koplinga mellom den vonde, og det vonde, og «verda» går att i fleire salmar. Kampen mellom djevel og kyrkje, mellom vondt og godt, verkar å vera ein pågåande strid der utfallet er sikra fordi det finst krefter på den gode sida som kan fella fienden med eit «Guds Ord» (K128,3). Salmen skal såleis gi mot og tryggleik i møte med ein fiende som i første omgang kan verka som overmakt. I reformasjonsåra og i tider med sterk kyrkjeleg strid, kunne salmen fungera som kampsong.⁴⁶¹ Dei militante bileta er vidareførte og jamvel styrkte framover i revisjonane, til dømes i LR som legg «Guds sverd» i Kristi hand (LR243,3; NoS295,3), noko som svarer godt til det «Guds ord» som kan binda verdens fyrste (str.3 i alle versjonane). Guds ord er i NT jamført med eit tveggja sverd (Heb 4,12) og dei truande vert oppmoda til å gripa «Andens sverd, som er Guds ord» (Ef 6,17). Militær- og kampbileta finn rikeleg med støttepunkt i Bibelen. Bileta både av Gud og av djevelen som stridande partar i ein krig der det endelege utfallet er gitt, står seg gjennom revisjonane.

«List» er djevelens fremste våpen, det går att i fleire av dei salmane som nemner han, slik som i Luthers kampsalme over. I kveldssalmen «Christe du est dend klare Dag» (K269) ber ein om å få vera trygg for «Satans List» (K269,2). I same salmen vert Satan titulert som «vor Fiende/ som gjør os Vee [...] Som os at Myrde hafver i agt» (K269,4). Berre med eit oppbod av vernande englar kan songarane gå til kvile og sova trygt. I fleire av kveldssalmane finn vi den listige djevelen ved sengekanten. Som i fleire andre kveldssongar, er det trygt og roleg i 1985-versjonen. Rett nok ber salmen om vern i natta, men trugslar frå listige mordarar finst det ikkje her. Dei store kampane er ferdig kjempa og vunne: «Du frelste oss fra dom og død/ da du på korset bar vår nød» (NoS801,4). I vissa om for evig å vera forløyst frå synda, kan ein somna

⁴⁶¹ Haavik, 2008, s. 62-67.

med lovsongen til den treeinige Gud på leppene. Heller ikkje i den store domssalmen «Vreidedagen, han skal renna» (NoS252), er Satan eller helvete med, endå denne salmen er alvorstung nok, også i den nynorske omsetjinga i NoS. Men i bearbeidinga i K, som L vidarefører, heiter det:

O Ve da den, i syndig Id
Sit Levnet har fortæret,
Og ikke her i Naadens Tid
Guds Ord og Lemmer æret!
Den meget ilde da bestaar
Til Helvede med Satan gaar
Fra Gud til evig Plage (L573,4 og K266,4).

Mellomalderens skildringar av helvetspinsler og djevlar slik dei mellom anna er kjende frå kyrkjekunsten, stig fram her. Ulike versjonar av denne domssalmen vart også kritiserte for å vidareføra slike førestellingar.⁴⁶² Førestillingar om helvete vakte sterk motstand. Angsten for dommen etter eit syndefullt liv, er sterk hjå den som syng, og bøna om frelse er pågåande, også i omsetjingane i LR, Nyn og NoS. Men kva for trugsmål og lidning det kan vera tale om, vert ikkje sagt. Allereie i LR og Nyn er Satan og helvete borte.

Satan er også identifisert som slangen frå Edens hage; den som lokka dei første menneska til å synda og sidan dukkar opp, ikkje minst i Kingos salmar, for å ha eit siste oppgjer med sin overmann (K284; K285). Slangen resignerer når han innser at Kristus har sigra: «Du igjen med Sang oplukker/ Himlens Dør, og Slangen sukker» i (K284,5); her har Kingo funne ei diktarleg formulering som er for god til å utelatast, og NoS tek den med (NoS142,4). «Otterslangen» (K285,7) eller «Ædder-Ormen» (L317,6) blir derimot borte. Satan er ein fiende, gjerne kalla «sjelens fiende» (LR435; Nyn 804,5 og NoS212,5). Men ein kan sigra over han når Gud gir kraft og mot

⁴⁶² Salmen byggjer på utdrag av den latinske romersk-katolske dødsmissa. Etter 1969 skal denne ikkje lenger brukast i rekviemmesser fordi sekvensen i for stor grad uttrykkjer otte for dommedag, og for svakt målber den kristne vona (Holter, 2013, s. 489-491).

(K214,5); i denne salmen (K214) er fiendens åtak kopla til døden. Slik er det også i K2 der mennesket med «Djæveln kive/ I Dødens Elende» (K2,4). Djevelen er den som klagar mennesket framfor Gud og dreg fram syndene frå den døydandes «rulleblad». Det er særleg i K2 og Nyn7 djevelens klagemål kjem i dødsstunda, medan dei andre salmebøkene lar djevelen driva på «i all vår nød» (NoS210,4). Djevelen er kalla «den onde frister», og «den vonde fiend» i NoS210/211,4. «Nu kommer dend Dieffel med sin Sviig» heiter det i K48,2 (og i L119); LR kallar han «sjelefiende» (LR95,2; Nyn har versjonen frå LR) medan strofa er borte frå NoS.

Det eksisterer ein otte for djevelen i dei gamle salmane. Men han blir ikkje mana fram for å skremma folk til tru. Det ein er redd for, er å missa trua, i kyrkja og i det eigne livet. Retninga for merksemda er mot han som kan berga, Gud. Otten for den vonde og renkespela hans avtar i dei seinare salmebøkene. Særleg tydeleg ser ein dette i kveldssalmane i NoS der både otten og det ein ottast, er trengd attende for ro og tryggleik. Djevelen er ein fiende, men ein slegen fiende. Han kan herja på som denne verdas fyrste, skremma og lura, men til sjuande og sist er han fallen (K146,2 og seinare; K149; K162).⁴⁶³ I salmen «NU bør ey Synden meere» (K233) viser Thomas Kingo til at i dåpen er Satan og alle hans gjerningar «forsaget» (K233,1). Dette er ein del av dåpsritualet og med i alle salmebøkene; NoS nyttar «djevelen» for å høva med den samtidige dåpsliturgien. Men strofa der Satan blir jaga på dør «Med ald Regierings Synd!» (K233,6) er det berre Landstad og Nyn som tar med (Nyn har teksten frå L). Det blir mindre djevel og helvete gjennom revisjonane, og når djevelen er omhandla er det særleg som ein slegen fiende, jamvel om han er både farleg (særleg i K og L) og plagsam.

⁴⁶³ I K146 lyder det: «Helfvede/ Død og Dieffelens Vold/ Hafver hand fordrefvet for vor skyld» (K146,2); seinare salmebøker har «Dødens og Djævelens Magt overvundet» (L512,2). Salmen har fått ei metrisk oppstraming, og då var det helvetet som laut ut. K149 er ein julesong der K skriv om Jesus som «Fattig vilde Fødes/ At ved din Ydmyghed/ Dieffelens Magt kunde Ødes» (K149,6). Ingen djevel finst etter K i denne julesalmen. K162,9 trossar helvete «din grubbe» og «Satans Gab og strubbe» (K162,9). Både Satan og helvete er med fram til NoS173,4 der «helved» står att åleine.

5.5 Avrunding

Ulike bilete av Gud går over i kvarandre. Dei er sentrerte om nokre hovudtema: Gud er skapar og oppretthaldar, den mektige og styrande; Gud er rettvis og nidkjær, ja, vreid mot synda, verda og mot kyrkjas fiendar. Gud er også den kjærlege som bergar mennesket ved å senda Sonen. I salmematerialet er det Guds kjærleik gjennom Sonen som har størst gjennomslag, medan skaparguden og skapinga har mindre plass. Det er få salmar i materialet som omhandlar skaparverket tematisk, jamvel om bilete frå naturen og årets gang kan tena som motiv i salmane. Lovsongen til ein mektig skapargud og Fader står likevel sterkt gjennom salmehistoria. Dette har samanheng med den sakrifielle rolla salmen har i gudstenesta.⁴⁶⁴ Salmen er det fremste middelet kyrkjelyden har til å lovsyngja, takka og be. Lovsongen har stått sterkt gjennom heile kyrkjesoga. Den er ei forlenging av den gamaltestamentlege lovprisinga av Gud. I forhold til skaparen går mennesket i salmematerialet frå å vera fullstendig overgitt til Guds gåver og hans omsut i K, via å vera tenarar og arbeidarar i L, LR og Nyn, til å vera trugsmål mot skaparverket i NoS.

Når Guds vrede er omtala, er det oftast knytt til den vreden som råka Jesus, og som mennesket går klar i og med at synda er sona. Den vreden Jesus fekk smaka, er omtalt også i dei nyare salmebøkene. Når vreden råkar konkret, jamvel kroppsleg, som til dømes Jesus på krossen, har salmebøkene etter L ein tendens til å dempa uttrykka. Guds vredes ris over menneska, blir mildare omtala i seinare salmebøker, og gjerne flytta frå moralsk straff til eskatologisk domsoppgjær. Gud er nidkjær også i møte med vondskapen og djevelen. Guds og kyrkjas motstandarar går gjerne under namnet «verda». Og jamvel om djevelen ikkje er like mykje omtala i NoS som i K, er

⁴⁶⁴ Mowinckel, 1927.

han framleis til stades også i dei seinare salmetekstane, men han er mindre frykta. Mennesket som skjelv for synd og fortaping i dei eldre tekstane, går rolege til sengs i NoS-versjonane av kveldssongane.

Gud er gjerne framstilt med antropomorfe eigenskapar. I tillegg til at Gud høyrer og ser, talar og lyttar, har ein kropp som kan reisa seg, og hender som kan rekkjast ut, har han også eit hjarta som vert vend mot mennesket, slik det er framstilt i K46,5: «Sit Faderlig Hierte vende hand til mig/ Hand koste der paa foruden Sviig/ Det kieriste hand hafde». Dei antropomorfe bileta korresponderer med skapingsforteljinga i 1 Mos som seier at mennesket er skapt i Guds "bilete" (1 Mos1,26). Det må motsett innebera at Gud på eitkvart vis liknar menneska. Men heilt menneskeleg vert Gud først med Jesus, noko vi ser nærare på i avsnittet om andre trusartikkelen.

6. Formell fase. Andre trusartikkel. Sonen

Sonen, Jesus Kristus, er den viktigaste personen i salmematerialet mitt. Det Sonen har gjort for å frelsa mennesket, er det mest sentrale temaet.⁴⁶⁵ I tida etter reformasjonen og fram gjennom den lutherske ortodoksien på 1600-talet, vart det skapt ei rekkje salmar for å fylla behova i gudsteneste og opplæring. Desse hadde sterkt fokus på det sentrale i den lutherske læra, ikkje minst forståinga av forsoninga og frelsa. Mange av desse salmane høyrer til det kjernerepertoaret i dansk-norsk luthersk tradisjon som framleis har plass i kyrkjesalmebøkene, og tilvisingane til Jesus og hans frelsargjerning vil difor vera mange i materialet for avhandlinga.

Salmane i materialet byggjer Kristus-forståinga si både på profetiane i GT og typologiske lesemåtar av GT-tekstane, og på tekstane i NT.⁴⁶⁶ Men kva som vert framheva frå dei bibelske framstillingane, og kva som vert skuva til sides, varierer i salmehistoria, slik det gjer i kyrkjehistoria elles. Til dømes vil Jesus som brudgom vera eit svært sentralt bilete i pietistisk salmedikting.⁴⁶⁷ Bryllaupsbiletet er mykje brukt også i Kingos salmebok og tidlegare, men det trer endå tydelegare fram med pietistisk salmedikting. Det ser ein til dømes hjå salmediktaren Hans Adolph Brorson (1694-1764).⁴⁶⁸ Svake spor av pietistisk påverknad kan også skimtast i revisjonen av dei eldre salmetekstane.

Presentasjonen av Jesus og hans forhold til mennesket i salmematerialet er samansett og mangfaldig og må difor ordnast. Som overordna struktur i hovudkapittelet om den

⁴⁶⁵ Tilsvarande er spørsmålet om kven Jesus Kristus er, om hans rolle og funksjon, også det som ofast vert stilt i teologien (Austad, 2012, føreordet u.p.).

⁴⁶⁶ I samsvar med det lutherske slagordet *Sola scriptura* vil salmane leggja stor vekt på bibelordet, meir enn på den kyrkjelege tradisjonen til dømes, eller på pavelege fråsegner som i den katolske kyrkja. (Dokka, 2000, s.39-52).

⁴⁶⁷ Aavitsland & Oftestad & Zorgati, 2021, s.1-10.

⁴⁶⁸ Nielsen, 2013.

formelle fasen, har eg brukt den apostoliske truedkjenninga. Andre trusartikkelen, som omhandlar Sonen, har også strukturerande potensiale. Materialet gir grunnlag for ein slik struktur sidan salmane både refererer til læra, er autoriserte i samsvar med kyrkjelæra, og med sitt innhald føyer seg under ei slik inndeling. Innleiingssalmane i K, dei som vert kalla «Almindelige Psalmer» og fungerer programmatisk i salmeboka, er alle i stor grad vedkjenningsalmar.

Eg vil understreka at eg brukar trusartikkelen først og fremst av strukturerande årsaker, og at bruken ikkje inneber at alt i kapittelet om formell fase berre handlar om punkt frå Apostolicum. Det er likevel slik at mykje vil handla om kven Jesus er, og framom alt om kva han har gjort.

Blant punkta frå andre artikkelen i Apostolicum står Jesu kome til jorda, hans pinsle, død og oppstode, heilt sentralt sentralt i salmematerialet. Himmelferd, tilbakekomst og dom er også representert. Andre sider ved Jesus, hans namn og roller vil bli presenterte sjølv om dei ikkje er eksplisitt nemnde i truedkjenningsartikkelen. Somme av bileta av Jesus er lite utbygde og forandra i revisjonane, og somme av dei vil berre bli sporadisk omhandla. Ein av dei to personane som er namngitte i trusartikkelen (utanom Jesus Kristus) er Maria. Hennar plass i salmematerialet vil bli diskutert i samband med Jesu doble natur. Det er også viktig å peika på menneskets situasjon andsynes frelse og dom.

Den typologiske og allegoriske lesnaden av GT er sentral ikkje minst i Thomas Kingos pasjonssalmar som handlar om Jesu liding. Difor vil desse leseemåtene, slik dei kjem til uttrykk i salmane, bli drøfta i etterkant av Jesus-gjennomgangen. Både typologien og referansane til profetiar i Det gamle testamentet handlar først og fremst om Jesus, og det er difor rimeleg å drøfta dette her og sjå korleis salmerevisjonane handsamar desse bibelhermeneutiske modellane. Der det høver, vil eg også peika på korleis quadrigaen kjem til uttrykk som eit mønster i somme salmar.

6.1 Jesu doble natur og Marias rolle i salmane

Jesu doble natur vert understreka i salmematerialet. Truvedkjenninga seier at Jesus var fødd av ei møy og avla av Den heilage ande. Altså er han ikkje berre eit menneske, men også guddommeleg. Det er knytt ei rekkje paradoks til Jesu to naturar, at han både var fødd inn i tida og var til før alle tider, at han er herskar over tilværet og samtidig ein tenar for alle, at han er Guds einaste Son og samtidig eit menneske, fødd av ei kvinne. I arbeidet med salmematerialet tek ein paradoksa til etterretning og godtar at salmematerialet ikkje lar seg innordna under vanlege forstands- og erfaringskategoriar. Inkarnasjonen er «analogiløs», den er «en hendelse uten sidestykke i historien».⁴⁶⁹ For den kristne trua er det avgjerande at Gud let Sonen verta menneske for å forløysa skapninga. Men det er eit dogme som vekkjer, og historisk alltid har vekt, motstand.⁴⁷⁰

Salmematerialet føreset både inkarnasjon og jomfrufødsel. Den stadige understrekinga av begge deler i K, skuldast kanskje delvis den motstand og tvil som kyrkja under den lutherske ortodoksien erfarte i dette spørsmålet. Mange av tekstane i K vart til i reformasjonsåra då det var om å gjera å ta avstand frå den katolske Maria- og helgendyrkinga, samstundes som ein ville understreka at ein heldt fast ved sentral kyrkjelære.⁴⁷¹ Maria-kulten var også ein sær sars levande del av folkereligjøsiteten som kyrkjemakta ikkje utan vidare kom fri frå, samstundes som dei kunne bruka salmar for å setja Maria på hennar rette plass i forhold til vedkjenninga og luthersk lære.⁴⁷²

⁴⁶⁹ Austad, 2012, s. 94.

⁴⁷⁰ Austad, 2012, s. 94.

⁴⁷¹ Katolikkane var aktive i Danmark-Noreg på 1500- og 1600-talet både gjennom reformkatolisisme og ved stendige misjonsforsøk. Også kalvinistiske impulsar trengde inn i den lutherske ortodokse kyrkja (Lausten, 1983, s. 142-144).

⁴⁷² Om Maria-kulten sjå mellom anna Amundsen, 2017, s.152-162 og 165-184, og Wisløff 1966 s. 467-476. Det er ikkje mykje å finna om Mariadyrkinga etter reformasjonen anna enn mindre innskot i kyrkjehistoriske

Salmematerialets mange tilvisingar til jomfrufødselen, syner slektskap med vedkjenningsteksten.⁴⁷³ Maria blir også ein lekk i det sambandet salmane etablerer mellom GT og NT ved at profetiane om møya (eller jenta) som får eit barn, blir sette i samband med Jesu fødsel.⁴⁷⁴

Fleire av salmane i materialet er Maria-viser frå mellomalderen som er «kristelig forvendt» som Thomissøn seier.⁴⁷⁵ Det vil seia at dei lar Jesus overta plassen som hovudperson i salmen i staden for Maria.⁴⁷⁶ Somme av desse visene har ikkje lenger openberre spor etter Maria (K53). Men ei rekkje salmar nemner møya eksplisitt. Dei fleste av desse salmane framhevar reinleiken hennar, altså det faktum at ho verkeleg var ei møy som bar fram eit barn:

Kom Hedningers Frelser sand/
En Jomfrues Barn uden mand/
Det ald Verden undre maa/
Gud dend Fødsel skicket saa.

Jomfruens Lif Frugtsommelig var/
Dog blef Kyskhed Reen og klar/
Fremskinnnet mange dyder skøn/
Det Barn er visselig Guds Søn (K34,1 og 3).

framstillingar elles. På katolsk side finn ein meir. Men kyrkjehistoria fortel mellom anna om tilbeding av Mariabilete i Neslands kyrkje etter reformasjonen (Wisløff, 1966, s. 475: forresten den same stavkyrkja som M. B. Landstad skriv om skal rivast i det vemodige diktet «Kvenne-Karis vise» som er tonesett og ligg i fleire innspelningar på nettet). Krona, som Maria ber på mange bilete og som symboliserer møydom, er kopiert og framleis i bruk som brurekrone (Wisløff, s.467). At Maria lenge etter reformasjonen framleis hadde ein plass også i fantasien til folk, fortel ein artikkel i *Bergens Tidende* om: «Visste du at jomfru Maria jevnlig åpenbarer seg på Breistølen?» (Gjerstad, 2023, 27.mai).

⁴⁷³ Døme på salmar som omhandlar Maria, eller møya: K147; K34; K159.

⁴⁷⁴ T. d. er Jes 7,14 tolka som ein spådom om Maria.

⁴⁷⁵ Nr. VIII i Hans Thomissøns *Psalmebog* frå 1569 «er en gammel Sang om Jomfru Maria/ Christelige foruent Jesu Christo til loff og ære». Salmen byrjar slik hjå Thomissøn: «Jeg vil mig Herren loffue/ Som alle mine Synder bar» (Thomissøn, 1573, s. 39-40). K53 vidarefører salmen som ikkje har spor etter Maria korkje hjå Thomissøn eller seinare.

⁴⁷⁶ Somme vil hevda at utviklinga i den romersk-katolske kyrkja har gått andre vegen, mot å gi Maria ein status som nærast guddommeleg, til dømes med pavedogma frå 1854 og 1950. (Austad, 2012, s.104.) Dette hevdar også J. N. Skaar (1879, s. 619) i kommentaren til «Jeg vil mig HERren lofve».

At møya forblir «kysk» jamvel om ho blir med barn er, innafor salmens horisont, eit vilkår for å kunna rekna Jesus som Gud og menneske. Jesus er fødd, og er difor fullt og heilt menneske, men ber ikkje på arvesynda sidan han ikkje er unnfanga på menneskeleg vis, men av Anden.⁴⁷⁷ Denne salmen fekk si form i norsk salmesong med Bernt Støylens omsetjing til nynorsk (1905). Her er folkefrelseren «fødd av møy i armodsdóm!» (NoS1,1), men i strofa om syndfridom er ikkje Maria trekt inn i argumentasjonen: «Utan synd han boren er/ som all synd for verdi ber» (NoS1,3). Både i den eldste versjonen og i Støylens nydikting, er Jesu mor nemnd i rolla som «møy», altså eit prov på Sonens reinleik og syndfridom. Namnet hennar er ikkje nemnt i Støylens tekst. Det kan forståast som eit døme på at det er Jesu reinleik som er hovudpoenget, og at Maria som person er underordna. Salmen vil unngå å trekkja merksemda mot Maria og diskusjonar om hennar reinleik. Marias usmitta avling har vore eit dogme i Den katolske kyrkja sidan 8. desember (som er festdagen for at Maria vart avla) i 1854.⁴⁷⁸

Det vert i salmane eksplisitt sagt at Maria er på linje med alle andre når det gjeld frelsa:

Jomfru Maria Moder til Christ/
Og alle Helgen hos Gud ere de nu vist/
For Christi skyld det skeede alleenist/
Og icke for nogen deres egen fortienist (K159,2).

Salmen stiller altså kyrkjelyden på linje med samtlege helgenar og Maria sjølv; alle er dei avhengige av Kristi frelsesverk. Dette blir teke opp att i NoS152,2 som er den

⁴⁷⁷ Hebr 4,15 seier at Jesus (øvsteprest) er prøvd i alt, men utan synd. Arvesynda er den synda som alle menneske ifølgje kristen tru er fødte med. Ein vert altså ikkje ein syndar først når ein har utført ei syndig handling og brote Guds bod. Ein er syndar i utgangspunktet. (Store norske leksikon 2009: Arvesynd) (2023, 1.juni) Arvesynda er i GT knytt nettopp til avlinga, og til morslivet. Salme 51,7: «Ja, med skuld vart eg fødd, med synd vart eg til i mors liv».

⁴⁷⁸ Pave Pius gjorde Marias syndfridom til eit dogme i 1854. Maria skulle vera avla utan arvesynd av Den heilage Anna. Dette hadde vore eit stridsspørsmål gjennom heile mellomalderen. Kyrkjefedrar i austkyrkja hadde argumentert for Marias reinleik lenge før tanken breidde seg i vestkyrkja mellom 800 og 1000. (Halvorsen, 2019) (2023, 28. mars). Diskusjonen om jomfrufødselen er elles omfattande.

einaste av dei seinare bøkene i materialet som har salmen med. I salmen finn vi luthersk argumentasjon mot katolsk lære og praksis. Bibelen er kjelda for kunnskapen: «i Skriften findes det» (K159,3), det er Skrifta som er autoriteten, ikkje kyrkja. Dette kan forståast som eit argument mot katolsk tradisjon. Poengteringa av Skrifta, er ikkje vidareført i NoS. Hans Thomissøn kallar i *Den danske Psalmebog* (1569) salmen for «Almuens gamle sang [...] Forbedret aff M. Morten Hegelund».⁴⁷⁹ «Forbedret» tyder her revidert i samsvar med reformasjonslæra. Det er interessant at Thomissøn skriv «Sancta Maria moder at [sic.] Christ».⁴⁸⁰ Thomissøn er framleis tett på katolsk praksis og språk. Heilagnemninga framom Marias namn er borte i K, der er ho titulert «Jomfru» (K159).

Vekselsongen «Opstanden er Christus vor HÈrre» (K173), ei førreformatorisk vise, lar «Maria» få rolle som forkynnar. No er det rett nok fleire Maria-er involverte i evangelieberetningane frå påsketida. Evangelisten Markus nemner tre kvinner som går til grava, to av dei heiter Maria, men ingen av desse er utpeikte som Jesu mor (Mark 16,1). Johannes nemner berre Maria Magdalena (Joh 20,1).⁴⁸¹ Det er grunn til å tru at om det ikkje er Jesu mor som er intendert, så vil ho bli assosiert med rolla i salmen, i alle fall i førreformatorisk tid då bibelkunnskapen ikkje var så sterk, og av same grunn også i våre dagar. Salmen inneheld både teologisk argumentasjon for oppstoda og konsekvensane av den, og forteljninga frå evangeliet om kvinnene som går til grava tidleg påskemorgon (K173,1-6). Deretter kjem ein samtale mellom engelen som var på post ved grava, og Maria, der ho til sist får oppdraget med å gå og fortelja disiplane om kvar Jesus kan treffast (K173,7-17).⁴⁸² Salmen endar med at Maria vender seg til «Folcket» og oppmodar til gledessong fordi «Opstanden er dend

⁴⁷⁹ Thomissøn, 1573 [1569], s. 80.

⁴⁸⁰ Thomissøn, 1573 [1569], s. 81.

⁴⁸¹ I katolsk tradisjon talar ein om tre Maria-er. (Den katolske kirke, 2006.)

⁴⁸² Engelen seier i K173: «Gaar hen og siger Peder det/ [...] Sampt andre hans Discipler med» (K173,17). I Joh er det Jesus som gir Maria Magdalena oppmodinga om å varsla læresveinane, ikkje engelen, og «Peder» har i

Herre Christ» (K173,18) og folket svarar med glede og med tru på eiga oppstode for Jesu skuld. Kva for ei Maria det opphavleg var tenkt på i den gamle visa, og kven ho har vore assosiert med, veit ein ikkje, men her er i alle fall ei kvinneleg forkynnarøyst, noko som er uvanleg i materialet. Landstad (L349) laga ein ny versjon av salmen, utan å involvera korkje englar eller Maria, men i NoS170 er vekselsongen attende med langt fleire aktørar enn i K: Kyrkjelyden, kor, engel, Maria og «kvinner». Det er «kvinner» som i NoS får oppdrag frå engelen. Men denne oppmodinga handlar om å gå og møta Herren sjølv og ikkje om å fortelja det til læresveinane (NoS170,12).⁴⁸³ Kvinnene trer dermed tydelegare fram som læresveinar. Dette samsvarer med andre freistnader på noko større kjønnsbalanse i denne salmeboka.

Mange av salmane som nemner Maria, vart til i reformasjonsåra og bygde ofte på songar som allereie var kjende blant folk. Maria-kulten stod sterkt i katolsk tid, og visene om henne var mellom det som vart sunge blant folk. Difor var det pedagogisk vel gjennomtenkt å nytta desse populære visene, men endra innhaldet i dei slik at det var i samsvar med den lutherske læra. Marias rolle var å vera Guds mor, elles hadde ho ingen fortrinn framfor andre. I salmebøkene frå 1985 og 2013 ser ein at Maria får ei tydelegare rolle som førebilete, også gjennom nyskrivne salmar.⁴⁸⁴ At Maria er tydelegare i moderne salmebøker enn i dei som var tettare på reformasjon og kyrkjekamp, har nok fleire grunnar. Her har nok både avstand i tid, større økumenisk

Johannesevangeliet allereie vore ved grava og sett henne tom. I Matteus derimot, er det engelen ved grava som gir oppfordringa til Maria Magdalena og den andre Maria (Matt 28,1-7). Hå Lukas er dei tre kvinnene «Maria Magdalena, Johanna og Maria, mor til Jakob» (Luk 24,10). Evangelistane har altså ulike aktørar med, men Maria Magdalena er nemnd av dei alle, så mest truleg er ho utgangspunkt for Maria-rolla i salmen.

⁴⁸³ Versjonen i NoS170 minner mest om Matteusevangeliet som fortel om «Maria Magdalena og den andre Maria» (Matt 28,1) som går for å sjå til grava. Her er det engelen som gir dei oppdraget: «Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: 'Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han'» (Matt 28,7).

⁴⁸⁴ Særleg under overskrifta «Maria bodskapsdag» både i salmeboka frå 1985 og den frå 2013, finn vi salmar som omhandlar Marias rolle, ikkje berre som Jesu mor, men også som tenar og lovsongar. Tekstar frå mellomalderen har fått ny omsetjing til norsk, og nye Maria-salmar har fått plass, til dømes «Alle kilder bryter frem i glede» og «Vi synger med Maria» av Eyvind Skeie.

samarbeid og «fred» mellom katolikkar og protestantar, og feministisk teologi og leiting etter kvinnelege førebilete i kristendommen, spela inn.

Salmane framhevar motsetnadene i Jesu person, hans eineståande dobbeltstilling som både Gud og menneske. Ikkje minst i samband med jula.

HErre Christ/ Gud Faders Eenbaarne Søn/
Som er hans Ævige Raad/
Er af hans Hierte udgangen/
Ligeviis som skrefvet staar/
Hand er dend Morgenstjerne/
Vort Hierte opliuser saa gjerne
Med sin Miskundheds Ord.

Guds Son i krubba funnen,
frå æva er hans år,
or faderhjarta runnen,
som ordet skrive står,
han er den morgonstjerne
som skin for oss så gjerne,
langt meir enn soli klår.

For os et Menniske er vorden
I sidste Verdsens Tid/
Hans Moder ey forloren
Hendes Jomfruelig Kyskhed
[...] (K33,1-2).

Han ned til oss er komen
i verdsens siste tid
til denne armodsdomen,
fødd av ei møy så frid.*
[...] (NoS88,2).

Denne salmen er oppført på første sundag i advent til høgmesse, før preika.

Salmeteksten framhevar at Jesus er oppfyllinga av profetien i Det gamle testamentet, at han er Guds Son og fødd av møya. Namnet hennar er ikkje nemnt her, ho er kalla «Hans Moder», fokus er her på rolla hennar, og ikkje på henne som person. Lyset som Jesus formidla, og som var varsla i profetien, skin framleis, no ved Ordet. Den identiteten som Johannesprologen knyter mellom Ordet og Jesus og lyset, vert her utnytta til fulle.⁴⁸⁵ Samtidig vert kyrkjelyden minna om kor nødvendig det er å halda seg til Guds ord slik det vert lese i Bibelen og utlagt frå preikestolen i kyrkja og frå salmeteksten i boka. Den gamle profetien om lyset som renn, får såleis si lutherske oppfylling både ved Jesu fødsel og ved Ordets forkyning, for kyrkjelyden og for den

⁴⁸⁵ Johannesprologen i Johannesevangeliet kallar Jesus for «Ordet» som var hjå Gud. Alt vart til ved han, i han var liv og livet var lyset for menneska; eit lys som ikkje er overvunne av mørket. (Fritt etter Joh1, 1-5). Teksten er ofte knytt til første juledag: «Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda» (Joh 1,9).

enkelte, medan dei deltar på gudstenesta og syng med på salmane. Landstad tar med alle strofene, men moderniserer dei og gir dei fast rytme. Både Nyn og NoS har salmen med, i nynorsk omsetjing, men kortar han noko ned. (LR har ikkje salmen.) Førstestrofa i nynorsktekstane er tett på dei eldste tekstane, men har ikkje referansen til ordet. Jesus er den morgonstjerna som skin «for oss så gjerne,/ langt meir enn soli klår» (NoS88,1). Men han nyttar altså ikkje miskunnsordet til å lysa opp hjarta med, som i K. Både K og L legg stor vekt på at Jesus er blitt til på underleg vis, «Tvert mod Naturens Orden», seier Landstad (L100,2). K og L understrekar at han er blitt eit menneske, medan nynorsktekstane legg vekt på at han er komen ned til armodsdomen. Men dei seier at han er fødd av «ei møy så frid», og NoS set ei stjerne ved ordet «frid» og forklarar at det tyder «fager» (NoS88,2). Dei har lånt uttrykket frå L, det er eit godt rimord, men framhevinga av jomfrufødselen er likevel dempa i forhold til dei eldre tekstane.

At Gud kledde på seg menneskeskapnad, er brukt som bilete fleire stader. Han er altså Gud og menneske, ånd og kropp, men det menneskelege er først og fremst knytt til kroppen: «Dend som i Verden alt har skabt/ Paatog vort Kiød/ som var fortabt» (K147,2).⁴⁸⁶ Med til «kjødets» eller «naturen» høyrer også alle dei kjensler, drifter og smerter som mennesket opplever. Naturen er «krenckelig». Salmen samsvarer her med Bibelens ord.⁴⁸⁷ Samstundes som salmen seier noko om Kristi offer; han var villig til å gi avkall på sin guddomsstatus og bli eit dødeleg menneske, seier han noko om korleis menneskelivet og menneskekroppen ofte vert presentert i den religiøse litteraturen på 1600-talet.

LOfvet være du JESu Christ/
At du Menniske vorden est/
Fød af en Jomfru reen og klar/
Thi glæder sig alle Engle-skar.
Kyrie eleis.

⁴⁸⁶ Jesu kroppslegdom vert også omhandla seinare i dette kapittelet.

⁴⁸⁷ Hebr 4,15.

Guds ævige Faders eneste Søn
 Er født for os til stoor Trældom/
 Vor krenckelig Natur hand paa sig toog/
 Der i sig klæde det ævige gode
 Kyrie eleis (K69,1-2).

Denne presentasjonen av «vor krenckelig Natur» held seg også utover i salmebøkene, men blir «modernisert» til «arme» hjå Landstad og seinare:

Gud Faders Sønn av evighet
 kommer fattig til oss ned;
 og i vårt arme kjød og blod
 nå kler seg Gud, vår Herre god (NoS34,2).

Gud kjem som eit fattig barn i menneskeham. Mennesket er forgjengeleg; at Gud, som er evig, underkastar seg menneskelagnaden og blir dødeleg, er såleis det paradokset trua vert stilt overfor i julebodskapen.

Samtidig som salmane framhevar at Jesus blir eit vesalt og fattigt menneske, viser dei at han er ein mektig guddom, den andre sida av hans doble natur. Salmen «HERre Christ/ Gud Faders Eenbaarne Søn» (K33) framhevar at Jesus «skaber alt paa Jorden/ Og est din Faders Kraft/ Regierer det med dine Orde» (K33,4). Jesus er altså både skapar og herskar; han er lik med Faderen, dei er uskiljelege. Det synest å vera eit poeng for salmane å understreka og framheva det sterke sambandet mellom personane i guddommen, og særleg mellom Far og Son. Samtidig vil dei vekkja undring og takksemd hjå kyrkjelyden for at den store og tidlause guddommen gjer seg til eit lite og alminneleg menneske. Det er nettopp dette som er grunnlaget for frelsa. Hadde Jesus berre vore Gud, eller berre vore menneske (rett nok i eit særleg forhold til Gud slik gnostikarane hevda,) ville frelsa ikkje kunne realiserast.⁴⁸⁸

⁴⁸⁸ Jan Ove Ulstein skriv om korleis den teologiske hermeneutikken til Ireneus voks fram under motstanden mot gnostikarane (Ulstein, 1994, s. 55- 57). Sjå òg Per Kværne, Turid Karlsen Seim & Bente Groth. 27.09.22. [gnostisisme – Store norske leksikon \(snl.no\)](https://snl.no) henta 05.05.23.

6.1.1 Brudgom

Brudgom er eitt av bileta på Jesus i salmematerialet, men det er ikkje nytta i truvedkjeninga.⁴⁸⁹ Bryllaupsmetaforikken er brukt i Bibelen og velkomen i kristeleg oppbyggeleg litteratur. Høgsongen i Det gamle testamentet som blir lese som eit erotisk diktverk, har gjennom kyrkjehistoria vore tolka som typologi på forholdet mellom Kristus og kyrkja. Jesus er brudgomen, kyrkja er brura og gudsriket er bryllaupet som vert fullenda i det himmelske paradiset.⁴⁹⁰ Erotiske bilete er elles ikkje noko som dominerer salmane i materialet. Men nattverdssalmen «Jesu søde Hukommelse» (K16), som vart kommentert i samband med avsnittet «Erotikk» i «Deskriptiv fase», har ei rekkje slike bilete.⁴⁹¹ Salmen er meir prega av ei lengtande og attråande stemning enn av klår komposisjon og kronologi. Det gjer at strofene kan omdisponerast og fjernast utan at ein misser tråden. I K startar salmen slik:

Jesu søde Hukommelse
Gjør Glæde i Hjertet sig monne tee,
Men intet sødt kommer derved,
Naar han er selv saa nær til med (K16,1).

Denne salmestrofa uttrykkjer at samveret med Jesus er meir enn ei fin erindring. Nærleiken til Jesus er søtare enn minnet, og det heile denne salmen stundar mot. I innstiftingsorda til nattverden seier Jesus at læresveinane, så ofte som dei bryt brødet og drikk av kalken, skal gjera det til minne om han.⁴⁹² Men samstundes er nattverdmåltidet ein situasjon der Jesus kjem heilt nær, ja, jamvel heilt inn i den

⁴⁸⁹ Martin Luther brukar dette biletet i sin fridomstraktat: «Troen knytter sjelen til Kristus som en brud til sin brudgom» (Luther, 2002, s.24-26). Dette Luther-skriftet var viktig for pietistane, og mykje av den pietistiske salmediktinga er prega av bryllaupsbilete. Salmematerialet mitt viser likevel at dette på ingen måte er noko nytt med pietistane, jamvel om dei aukar intensiteten i denne biletbruken. Også katolsk mellomaldermystikk nyttar denne ikonografien.

⁴⁹⁰ Denne biletbruken har støtte i den bibelske ikonografien; Op 19,7-9; Matt 22.

⁴⁹¹ Salmen er frå latin, *Jubilus de Nomine Jesu*, ein reknar med at han skriv seg frå 1000- eller 1100-talet og har ukjent forfatar. Han har vore omarbeida fleire gonger og i ein periode hatt 50 strofer, noko som gjorde han høveleg som rosenkranssalme. Thomissøns salmebok (1569) har den eldste danske omsetjinga. Salmen har alltid vore lang, og er det framleis i *Norsk salmebok* 2013 nr. 603 (18 strofer) noko som gjer at han passar som nattverdssalme (viss pågangen er stor). I 2013-boka finst salmen også på lulesamisk.

⁴⁹² 1 Kor 11,25.

truandes kropp gjennom brødet og vinen. Dette sæle møtet er det salmen freistar setja ord på; her skjer ei sameining mellom salmens «eg», og stundom «vi», og Jesus, *unio mystica*.⁴⁹³ Det er eit kroppsleg møte, og den kroppslege sameininga mellom to elskande er ikkje eit unaturleg bilete å velja for å illustrera dette, jamvel om det kan møtast av ulik grad av blygsle både av salmebokredaksjonane og elles. Hjartet er sentralt for opplevinga av nærleik og intimitet i salmen.

Hjartet er det kammeret der eg-et kan møte sin etterlengta Jesus og få stilt sin trå i ekstasen. Og det er søtare enn alt anna. Meditasjonen i salmen har røter i mystikken der målet er ei oppleving av sameining med guddommen:

Jesu, du sødeste Hjertens Trøst,
Livs-Kilde, Sindets Lys og Lyst,
Som anden Glæde ei nær kan naae,
Og al Attraae mon' overgaae.

Jesum i min Seng søger jeg
Inden tillukte Hjertens Væg,
Baade ene ogsaa hos andre med,
Ved steds'varme Kjærlighed (K16, 4 og 6).

Salmen både tiltalar og omtalar Jesus og fellesskapet med han, i rosande og varme ordelag. Formuleringar som «Attraae», «Lyst», «Seng» og «inden tillukte Hjertens Væg» gir inntrykk av nærleik av erotisk karakter, medan «hos andre» opnar for at opplevinga av Jesus-nærleik også kan delast med fleire. Salmen tar heile tida med vendingar og heile strofer som held merksemda ved det kristelege læreinnhaldet. Teksten fortaper seg altså aldri fullstendig i sanslege bilete.

Den bilettoposen salmen hentar mest frå, er likevel den erotiske. Etterklangen av Høgsongens kjærleikspoesi er tydeleg. Den etterlengta er tiltala som «Sciervinder saa

⁴⁹³ «Frelsens orden, uttrykk i gammelluthersk dogmatikk som betegner frelestilegnens seks stadier: kallelse, opplysning, omvendelse, gjenfødelse, helliggjørelse og troens forening med Gud (*unio mystica*)», Tarald Rasmussen, *frelsens orden – Store norske leksikon* (snl.no) 27.03.22. I *unio mystica* vert sjela sameina med Gud; frå katolsk tradisjon kjenner vi døme som Theresa av Avila o. a. som opplever denne sameininga som ekstase.

ridderlig./ Din Sødhed uudsigelig./ Som begjeres hjertelig af mig» (K16,9). Lengten etter Jesus har sanselige kvaliteter: «Hvo drukken bliver af Kjærlighed/ Til dig, veed grandt Jesu Sødhed» (K16,21):

Jesu, du Engles Herlighed,
I Øret Sang med Liflighed,
I Mund Honning at undres ved,
I Hjertet Drik af Himmel ned.

Mit Sind staaer altid efter dig,
O Jesu min, kom vist til mig,
Naar vil du dog gjøre mig glad?
Mæt mig med dig, det er min Mad (K16, 22-23).

Sameininga med Jesus vert jamført med sanselig nyting og oppfylling av behov; den søte smaken av honning er «at undres ved», noko som må innebera at denne honningen er forunderleg god. Songen er lifleg, drykken er himmelsk og den som inntek «O Jesu», vert både mett og glad og tilfredsstilt. Det å få møta Jesus og stetta lengten sin, er den store gleða, «Dig at have, gjør mig salig» (K16,28). Eg siterer nokre strofer for å visa korleis intensiteten held seg utover i teksten:

Da bliver der Kys og Favnetag,
Fast søder' end Honning-Smag,
Her med Christo at samles saa,
Varer ei kort, hvo sligt kan naae.

Det jeg søgte, det seer jeg da,
Det mig lysted', har jeg ogsaa,
Hvad er jeg syg af Jesu Lyst,
Hvad brænder Hjertet i mit Bryst!

Jesu klarer' end Solens Skin,
Som lugter bedre end Balsam fin,
Som est søder' end nogen Ting
Og kjær for alt her trindt omkring.

Du est mit Sindets søde Lyst,
Mit Hjertets Fyld' udi mit Bryst,
Jeg roser mig af slig en Mand,
Jesu, som Verden frelse kan (K16; str. 29, 30, 37 og 39).

Jesus er tiltala som konge og helt. Eg-et elsker han inderleg og brenn av forventning om at han skal koma. Møtet er intimt og kjensleladd. Samtidig kjem det heile tida tekstlege påminningar om at songen gjeld gudsríkets løyndomar og frelsa, ikkje berre for den som lengtar, men for verda. Slik kan salmen nyttast av gudstenestefellesskapet og ikkje berre av den eine som fordjuper seg i andakt i sitt løynderom.

M. B. Landstads *Kirkesalmebog* og *Nynorsk Salmebok* tar med flest av dei 48 strofene hjå Kingo: 30, men ikkje same utvalet. Det er også L som bevarer mest av den erotiske biletbuiken. Såleis flyt det søte gjennom salmen og eg-et kjenner at «O Jesu, sødest Hjertens Trøst» langt overgår «anden Lyst» og «al Attraa» (L66,4). Rett nok nemner ikkje Landstad senga som K har i strofa sitert over, men han har både song og honning, kyss og famntak og går «syg af stor Attraa» (L66,18).

Den Kjærlighed brænder altid,	O søde Ild, som brænder her!
Den Lue er sød og saare blid,	O hellig Længsel, som jeg bær!
Smager med Fryd, formindskes ei,	O salig Styrkestund at faa,
Forlyster med Saligheds Vei (K16,32).	Guds Søn at kunne elske saa! (L66,26).

Landstad diktar om strofa sitert over, men tar vare på og aukar jamvel intensiteten i møtet mellom Jesus og sjela. Han nyttar også brurebiletet eksplisitt i sin versjon av salmen: «Thi gav du hen, o Jesu min,/ Dit Hjerteblod for Bruden din» (L66,10), som berre LR (som hentar formuleringa i L) av dei andre salmebøkene har med. Strofa viser attende til Jesu død, og understrekar ved dette kor mykje brura er verd og kor stor Kristi kjærleik er. Landstad gjentar fleire av formuleringane frå K i sin tekst, men har også fleire stader bytt ut det personlege pronomenet i singularis med eitt i pluralis, og er difor noko mindre intim enn K er. Pietistiske straumdrag både i leke miljø, men også i den offisielle kyrkja, opnar for bruremystikk og kyrkjeleg kjærleikssong jamvel mot slutten av 1800-talet. Landstads salmebearbeidingar frå

1870 inntar ein mellomposisjon mellom dei gamle formuleringane i K og ei ny tid med andre smakspreferansar.⁴⁹⁴

For i Landstads reviderte (1926) og *Nynorsk Salmebok* (1925) har dampen lagt seg. LR har 20 strofer med. LR freistar å unngå adjektivet «søt» i tekstane sine og greier det for det meste, endå det finst med eit par gonger i salmeversjonen her. I opningslinja er det derimot borte: «DIN dyre ihukommelse,/ O Jesus, lindrer all min ve» (LR706,1). Å koma Jesus i hug er såleis ikkje først og fremst noko sanseleg, men noko dyrebart og verdifullt. Nyn vik ikkje attende for det søte:

Ditt minne, Jesus, er so søtt,
Det gleda giv i hjarta stødt.
Men søtare enn alt då er
Du sjølv, når du er med oss her (Nyn551,1).

Nyn har ei rekkje sanselege bilete: kjærleiken er søt og sæl; Jesus vert søkt, dag og natt, «Din kjærleik er usegjeleg,/ So sårt me stunda etter deg» (Nyn551,7). I K inntar den lengtande brura si rolle i den himmelske brureleiken, medan han som kjem, er ein fyrste og sigerherre med maskuline karakteristikkar. Samtlege salmebøker nyttar formuleringa «Jesus, Gud og mann» i andrestrofa. I Nyn gløymer ein det klassiske brureparet når salmeboka utbryt: «Å sæl den mann som rett deg fann» (Nyn551,3). Den kjærleiken Jesus ber til «oss» er tusen gonger «so hugnadsam/ Som mannemunn kann segja fram» (Nyn 551,10).

Her talar eg uverdigg mann,
Av di eg ikkje tegja kann:
Din kjærleik driv og tvingar meg,
For hjarta er so fullt av deg (Nyn 551,16).

⁴⁹⁴ Ein tredjedel av kyrkjelydane i Noreg song frå Kingos salmebok (1699) fram til ho vart avløyst av Landstads *Kirkesalmebog* (1870); sjå innleiingskapittelet. Guldbergs salmebok (1778) hadde ein omarbeidd versjon av denne salmen (K16), *Evangelisk kristelige psalmebog* (1798) hadde han ikkje med. Svært mange kjende altså den alderdommelege teksten, og dette måtte Landstad ta omsyn til då han arbeidde med si salmebok.

Denne byrjingslinja vert teken opp att i NoS. Det er ein mann som fører ordet, fleire stader er pronomenet «han» brukt om den som har smakt «deg» eller Jesus: «Hans lyst til inkje anna stend,/ Hans heile hug til deg er vend» (Nyn551,18). Mannleg kjærleik kan sjølvsagt vera like sterk og brennande som ein meir feminin variant, men det vert stukke hol på brurebiletet. I NoS er det inga brur. Det gjer noko med dynamikken i teksten og svekkjer kontakten med Høgsongen og den bibelske brureikonografien at desse bileta er borte, endå her framleis er både lyst og hugnad.

I NoS er salmen ein lovsong til kongen og sigerherren. Teksten er prega av kjærleik og lengt, men her er Kristi kjærleik til mennesket vel så sterkt framme som den syngjandes kjærleik til Kristus.⁴⁹⁵ NoS knyter ikkje møtet med Jesus til hjartet slik K og L gjer innleiingsvis: «Men over allting vert eg glad/ når sjølv du kjem til denne stad» (NoS635,1). Staden er der nattverden vert feira, og dette skjer i fellesskapet, vanlegvis i kyrkja. Slik vert salmen tydelegare ein nattverdssalme og mindre ein salme for meditasjon i einerom.

Det er ikkje slik at salmen gjennom revisjonane misser alt av kjærleik og lengt. Sjela eller hjarta sin trong etter samfunn med guddommen er tydeleg framstilt i dei reviderte tekstane. Men utover 1900-talet er Jesus ute av kammerset. Gradvis vert den sanslege, lidenskapelege og kroppslege biletbruken roa ned og meir konvensjonell. Den dempa biletbruken gjer Jesus mindre til ein fyrig elskar og meir til ein nær ven eller kjær kompanjong.

Det er sjølvsagt inga enkel oppgåve å føra ein salme som denne frå tid til tid og bok til bok. Det er stor skilnad på kyrkjelydar på 1700-talet, på Landstads tid og hundre år seinare. Ved å bla i ei ny salmebok får ein heller ikkje tilgang til dei store endringane som har overgått tekstane. Men ser ein tekstutviklinga over langs, er Jesus-

⁴⁹⁵ Også dei andre salmebøkene har strofa om Jesu kjærleik som er useieleg stor. Men det er endå meir framtrudande i NoS, ikkje minst i dei to siste strofene som NoS er åleine om.

framstillinga blitt meir abstrakt. Det blir mindre av mennesket Jesus, endå det stadig vert understreka at han var Gud og mann, son og bror; han blir meir av ein skapnad frå og i ei åndeleg verd. Dette inneber ein større avstand mellom mennesket Kristus og dei menneska han identifiserte seg med gjennom inkarnasjonen.

6.2 Kroppsleg frelsesgjerning. Jesu lidning

Det er ikkje berre samværet med Jesus som vert sanseleg framstilt gjennom kroppslege bilete. Også når det er Jesu frelsargjerning som står i fokus, er den kroppslege biletbuiken sterk og kan skapa engasjement og kjensler hjå den som syng. Det som gjeld frelsa, er kjernen i salmematerialets tematikk: Mennesket er avhengig av Guds kjærlege inngrep for å kunna vinna sæla. Gud ofrar den einaste sonen sin for å berga mennesket. Jesus døyr for at mennesket skal ha evig liv, og sonar med sitt blod for menneskets synder.

Mange av salmane er sær s inngåande i si skildring av Jesu smertefulle dødskamp. Ikkje minst går Thomas Kingo tett på Jesu kropp i sine pasjonssalmar. Dei 17 pasjonssalmane vart etter ein del forhandlingar tekne med i *Den Forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog* (1699) som eit tillegg bakerst.⁴⁹⁶ Kuliminasjonen av pasjonssyklusen er langfredagssalmen «Bryder frem, I huule Sukke» som er gjennomgått i deskriptiv fase. Her er ein langt frå ein heroisk Messias-skapnad og langt unna stoiske helgenmartyrar slik ein kan sjå dei på somme kunstnarlege framstillingar. Jesus kjem sjanglande under krossen, meir ynkeleg enn nokon annan. Dei som står langs vegen eller under krossen og ser han, både der han gjekk den gongen for lenge sidan, og på den indre sjelelege scena der dramaet utspelar seg gjennom songen og kross-meditasjonen, vil kunna identifisera seg med han eller forakta han.⁴⁹⁷ Pinslene hans er kroppslege; senene er utstrakte, innvollane verkjer, blodet renn frå såra og ein bloddråpe skapt av tornekrona, finn vegen inn i munnen til den krossfeste. Også i dei andre pasjonssalmane og elles i salmematerialet, finst

⁴⁹⁶ I *Vinterparten* (1941) spreidde Kingo desse pasjonssalmane over heile fastetida. (Kjærgaard, 2003, b.I, s. 112.)

⁴⁹⁷ Innleving i Kristi lidning, gjerne knytt til betraktning av krossen, har lange røter attende i mellomalderen, men har fått fornya interesse dei seinare åra. Det gjeld å festa merksemda ved dei enkelte punkta på lidingsvegen (krossvandring), på dei ulike såra Jesus fekk under krossfestinga, og på krossformen. Målet er å finna kva for verde krossen og pasjonen har i betraktarens liv. (Sjå t.d. Lindgårde, 1996, s. 129-162 og Stinissen, 1978.)

Ulike former for krossmeditasjon blir praktisert i norske kyrkjelydar. [Missale_paper_bok.indb\(kirken.no\)](http://Missale_paper_bok.indb(kirken.no))

rikeleg med detaljerte skildringar av Kristi lidande kropp, slik det også gjer i mange andre salmar i materialet.

All denne kroppslege smerta og fornedringa vert brukt argumentativt og emosjonelt for fleire føremål. Overfor guddommen viser mennesket til Jesu lidning når det ber om nåde, tilgiving og frelse. Salmen «VReden din afvend HERre Gud af Naade» (K127) er prega både av vissa om Guds vreide over synda, men også av trua på at denne vreiden først og fremst råka Sonen og at syndaren difor kan venta seg nåde:

See til din Søns blodige Død og Piine/
Paa Korset hand leed for Synderne mine/
Jernet i sin Side indstinge lode/
Verden til gode (K127,5).

Det vert understreka gjennom rim-ordet «lode» at frelsesgjerninga var friviljug, sjølv om ho var tung. Alle salmebøkene tar med denne argumentasjonen om nåde på grunn av Jesu smerte.⁴⁹⁸ På nynorsk lyder argumentet slik:

Sjå på din son i daudens strid og pine,
Som han på krossen leid for synder mine,
Såra og sundflengd, krynd med klungerkorna,
Han for oss sona! (Nyn 484,5).

Gud har sett vilkåra for frelsa og han har sytt for at dei er innfridde. Mennesket er difor i sin fulle rett når ho ber for seg. Kristofer Ørjavik lagar i si omarbeiding av salmen til NoS, ei ekstra strofe der Gud vert beden om å kvittera for frelsa ved å tala til hjartet om at Jesu død ikkje var til fånnytt:

Lat alt som Sonen laut for verda lida,
krossen og kransen, spjutet gjennom sida,
døden den beiske, gjelde for oss alle!
Frels oss frå fallet!

Du som i Sonen oss ein frelsar sende,
lat ikkje verket om til fáfengd vende!

⁴⁹⁸ «Hannem igiennem Spyd og Nagler stode/ Verden til Gode!» (L394,5 og LR 609,5).

Sei til vårt hjarta: Domen skal kje nå deg.
Blodet skal två deg (NoS 238,5-6).

Mennesket er syndig og fortapt, det har falle. Ørjavik viser her til syndefallet. Men det har gode kort på handa når det stiller seg opp framfor Gud og argumenterer med Sonens soningsverk. Ørjavik forsterkar og gjentar grunngevinga overfor Gud og ber om at det skal gjerast heilt klårt for menneskehjartet at det slepp unna domen. Det held ikkje at synda er sona og skulda betalt med blod. Mennesket vil også vita det heilt sikkert; det må takast opp att til det enkelte hjartet at dette gjeld for meg og for oss. Det er den subjektive vissa om frelsa som står på spel. Ein kan få inntrykk av at frelsa ikkje gjeld før hjarta har falle til ro i forvissing om at berginga også gjeld for eg-et.⁴⁹⁹

Salmematerialet har fleire døme på at Jesu liding blir brukt som argument overfor Gud, og det held seg i revisjonane. Dette er interessant også i forhold til korleis mennesket vert framstilt i salmetekstane: Det er både syndefullt og fortapt, men samstundes i stand til å hevda sin rett overfor Gud sjølv. *Simul justus et peccator*, samstundes rettferdig og syndar, som det lyder i eit slagord i luthersk teologi.⁵⁰⁰

Jesu smerter fungerer appellativt og emosjonelt også overfor den som syng. Dei utpensla pinsleskildringane viser for det første mennesket kva frelsa har kosta. Songaren har sjølv forseglela Jesu dødsdom gjennom sitt syndefulle liv, Kingo-salmen viser at oppgjeret er forferdeleg.⁵⁰¹ Når frelsa er så kostesam for frelsaren, må ho også vera umisseleg og dyrebar for den frelste. Skildringane av den lidande Kristus skal vekke medkjensle, anger og bot og minna dei truande om å halda fast ved trua og læra. Jesu offergjerning viser også Guds kjærleik til mennesket; endå ei påminning

⁴⁹⁹ Ein slik trong etter ei indre overtyding kan vera ein arv frå pietismen. Frelsesvisse har vore eit vanleg tema i kristen lekmannsforkynning. Om indre visse om trua, eller frelsesvisse sjå Wisløff, 1976, s.107-108 og Valen-Sendstad, 1958.

⁵⁰⁰ Aalen, 1966, s. 137-140.

⁵⁰¹ I pasjonssalmen «Rættens Spiir det alt er brecket» av Thomas Kingo spør salmens eg «Om Jeg selv en Aarsag var/ At hans Dom dend blev saa svar». Svaret lyder: «Hvor Jeg seer din Dom og Vunder/ Seer Jeg alt mit Segl der under» (*Graduale*, 1699, s. 292-293; str.7 og 8); denne salmen er ikkje i materialet.

om å bli verande trufaste hjå Gud. Kingos salme «Gak under Jesu Kors at staa» (K301) appliserer systematisk kvart av dei sju krossorda på «mig» som står under krossen og lyttar og erklærer: «Saa tog du i den sure Skaal/ Mit vellystfulde Syndemaal» (K301,14). I retur får salmens eg «en evig Glæde-Flod [...] Fra Lammets Frydestrøm og Aae» (K301,15). Den eine strofa frå langfredagssalmen «Bryder ud, I Huule Sukke» (K300,15) som er bevart i seinare salmebøker, målber eit sterkt ønske om at ingenting skal formå å fjerna Jesu signatur på hjartet; «At ei Vellyst eller Smerte/ Dig formaar at slette ud» (K300,15). Dette er hjå Kingo uløyseleg samanbunde med synet av den krossfeste og lidande Frelsaren; eit samband som er borte i dei salmebøkene som berre har denne eine strofa av salmen (til dømes NoS597).

Tanken på kva frelsa kosta, verkar også preventivt mot synda:

Falder noget Ont mig ind/
Strax jeg Tencker i mit Sind/
Paa din Pine/ som forbyder/
Mig at drifve skiemt med Lyder» (K30,1).

Dei kjenslene og tankane som lidinga vekker, vernar mot freisting frå kjøtet og Satan (K30,2) og mot verdas åtak (K30,1). Når Jesus har betalt så dyrt for nåden, må mennesket sky synda og styra bort frå freistinga. Dette er ein tanke som held seg i alle salmebøkene i materialet; Nyn ser til Jesu pinsle når noko vondt renn i hug: «Det skal syndehugen kjøva:/ Dine sår med synd ei høva» (Nyn242,1). Det same skjer i NoS, songaren tenkjer på «smerten din,/ og da kan jeg ikke drive/ lettvint lek med syndelivet» (NoS120,1). I dei tre yngste salmebøkene er salmen «Jesus, dine dype vunder» plassert tematisk ved Jesu lidingssoge, («Jesu lidelse» i LR; «Langfredag» i Nyn og «pasjonstida» i NoS). I både K og L er denne salmen sett mellom «gjenbrukssalmane»; i K «Paa de ugentlige Bededage om Fredagen og Onsdagen», denne til fredags «Høimesse». Hjå Landstad står salmen under «Sædvanlige Salmer til Høimesse». Kampen mot synda og hjelpa frå Kristi sår er såleis eit

gjennomgangstema i kyrkjeåret og kyrkjelydens liv i desse eldre bøkene, og ikkje knytte særleg til pasjonstida i kyrkjeåret.

Innlevinga i smerta er jamvel ei trøyst i sjels og livs naud. Jesus var ikkje berre ein suveren guddom, han var eit fornedra og forkome menneske. Han var som andre lidande menneske og kan difor ha medkjensle med songaren.

Ja mod alting/ som mig krencker/
 Gifver dine Vunder Kraft/
 Naar sig Hiertet i dem sencker/
 Finder jeg nye Lefve-saft;
 Din dend Himmel-søde død
 Vender ald min Nag og Nød/
 At du Salighed mig bragte/
 Da du Døden for mig smagte (K30,4).

Salmen finn nærast eit trøystande bad for hjartet i Jesu sår. Alt vondt blir til å bera ved tanken på sæla som er vunnen ved Jesu død. Sæla gjeld her og no, men samtidig kan «Salighed» venda tanken mot det evige når alt vondt har ende. Nyn har ei original omsetjing av strofa: «Under krossen gror den rot/ Som for all mi naud giv bot» (Nyn242,4). Her verkar det nærast som det veks ein medisinplante under krossen som fungerer som eit universelt botemiddel. Det kan også tenkjast at biletet spelar på symbolikken med treet: Kunnskapens tre gav død. Krossens tre blir livsens tre der det spirer fram noko heilt nytt frå rota.⁵⁰² Eller at det alluderer til Messiasprofetien om rotskotet frå Isai-stuven.⁵⁰³

At Jesu lidning er trøyst i allslags naud og trengsel, kan tolkast på fleire måtar. Det er trøyst i lidingsfellesskapet, å vita at ein ikkje er åleine når ein har det vondt, og at den som er med, har erfart kva lidning er. Det kan også fungera trøysterikt å tenkja på at

⁵⁰² I luthersk ikonografi finst dette motivet over alt, seier Oddvar J. Jensen (i samtale med underteikna, juni 2023). Det er til dømes brukt på omslagssida til Luther-bibelen.

⁵⁰³ Kvisten og skotet frå Isais stubbe er omtala i Jesaja 11. Paulus viser til denne profetien hjå Jesaja i Rom 15,12. Og Jesus identifiserer seg som «Davids rotskot og ætt, den klåre morgonstjerna» i Op 22,16. I Op 5,5 er Davids rotskot kalla «løva av Juda-stammen».

lidinga er forbigåande og at ein på grunn av Jesu prøvingar kan rekna med ei evig sæle. Jesu liding har såleis både ein åndeleg og ein praktisk dimensjon: Soninga syter for evig sæle, og ho hjelper i dagleg kamp mot synd og motgang.

Har jeg dig udi mit Hierte/
Du ald Godheds Kilde-Spring/
Jeg da finder ingen smerte
End i Dødsens sidste sting:
Ingen Fiender skader mig/
Naar jeg skjuler mig hos dig/
Hvo med dine Saar sig Decker/
Ham til Livet du opvecker (K30,6).

Merksemda ved Jesu smerte er eit middel, ikkje eit mål. Når ein tenkjer på lidinga, kjem ein på kor verdfull og umissande frelsa er. Og det triggjar samvitet så det ikkje så lett bøyer av for freistingar. Ein vert også minna om kva som verkeleg betyr noko, slik at det som møter av vanskar i livet, vert lettare å bera, og jamvel døden kan møtast med frimod. For det verste som kan skje, er fortapinga, og den er ein berga frå under den kamuflasjen som Jesu sår gir. NoS har ikkje med strofa om at det finst kraft i Jesu sår for alt som «mig krencker» (K30,4); det er problematisk å koma med noko som liknar ein lovnad om lette i det som tyngjer. NoS held seg først og fremst til det som gjeld trua. Som dei andre bøkene finn NoS også at «verdens lyst og glede svinner» (NoS120,2) når blikket blir vendt mot Jesus og hans tunge byrde. Sameleis finn eg-et i alle salmebøkene inga smerte sjølv i «dødens siste sting» (NoS120,4): «Ingen makt kan skade meg/ når jeg skjuler meg i deg; / den som med ditt kors seg dekker,/ ham til livet du oppvekker!» (NoS120,4). Salmen gir ingen garantiar for å ikkje møta fiendar og motgang, men lovar tryggleik for æva på grunn av det Jesus gjorde.

Den lidande Kristus er lite heltemodig framstilt i dei eldste salmebøkene, framom alt i K. Dei viser fram det djupt menneskelege, smerta, audmjukinga. Gud blir «som oss», han blir identifiserbar som eit menneske nedst på rangstigen, mellom dei utsette og

prøvde og forhåna.⁵⁰⁴ Dette Kristusbiletet vert svekka når lidingsframstillingane vert meir overflatiske og får færre detaljar. Jesus blir fjernare, mindre tydeleg, mindre menneske, meir som ein mellommann og kompanjong. Det er vanskeleg å sjå korleis ein i vår tid kan bruka ein salmetekst til å mana fram innleving i Jesu liding. Her har kanskje sjølve mediet utspelt si rolle. Om ikkje då biletbruken er så kunstnarleg slåande og god eller vakker at han finn ei glipe inn i sjela hjå den som syng, og blir ei estetisk erfaring, ikkje minst i kombinasjon med salmens musikk. Andre medier, som til dømes film, kan gjera sterkare inntrykk og skapa fleire kjensler.⁵⁰⁵ Jesu liding blir ikkje borte frå salmetekstane, men ho vert meir stilisert og konvensjonell og mindre detaljrik. Når Jesus blir meir den guddommelege og fjerne og mindre «menneskeleg», blir det vanskelegare å identifisera seg med han.

⁵⁰⁴ Her kan ein minna om frigjeringssteologien som oppstod i Sør-Amerika på slutten av 1960-talet, hovudsakleg blant katolske kristne. (Michael Sievernich SJ, 1990 [1986], *Gud og de fattige. Om frigjeringsteologien*, St. Olav Forlag.) Mange også utanfor Sør-Amerika og den katolske kyrkja har vore inspirerte av tankane i frigjeringssteologien. Her kan eg nemna forfattaren Edvard Hoem som mellom anna har skrivne salmen «Den fattige Gud» (den første salmen han skreiv; NoS 2013, nr. 740) i ei tid då han var særskild oppteken av søramerikansk frigjeringssteologi (Ramsfjell, 2018, s. 666-667).

⁵⁰⁵ Dette såg ein til dømes då Mel Gibsons *The Passion of Christ* (2004) kom på lerretet og mange tykte filmen gjekk for langt og var for eksplisitt i skildringa av Jesu pinsler. Sjå til dømes både Jon Selås kritikk (Jon Selås, 2004) og Ellen Margrethe Sand & Mari Glans referat av Gibsons og andres imøtegåing av kritikken (Ellen Margrethe Sand & Mari Glans, 2004).

6.3 Frelsaren

Jamvel om «forlating for syndene» er med under tredje trusartikkel, høyrer det frelsesteologiske naturleg med i denne delen fordi frelsa uløyseleg er knytt til Sonen og det han gjorde, slik vi alt har vore inne på i denne bolken. Undervisning i luthersk lære var viktig for dei eldste salmebøkene, dette drøftar eg i innleiinga. Føremålet var å innprenta den lutherske læra i kyrkjelydane; å gi dei ord og tonar til trua så dei både kunne høyra og seia fram det kyrkja lærte.

«Guds Søn er kommen af Himmelen ned [...] Thi hand os inderlig elskte» (K35,1) er ein salme som underviser i luthersk dogmatikk. Salmen er skriven om lag 1523 og vert rekna som ein av dei viktigaste reformasjonssalmane. I førstetrykket gjer overskrifta merksam på at salmen er «Ein lied vom gesetz vnd glauben/ gewaltiglich mit götlicher schrifft verlegt».⁵⁰⁶ At salmen er grunnfesta i Skrifta, er ein av lutherdomens pilarar. Salmen var følgd av eit stort noteapparat med skrifttilvisingar.⁵⁰⁷ Songen har hatt status som kampsong og vedkjenningssalme. «Den første danske oversættelse havde kort og godt overskriften: ‘Een wÿse til att bekende troen med’, hvilket understreger dens karakter af læresalme. Dens udgangspunkt er da også reformationens centrale skriftsted: Rom 3,28».⁵⁰⁸ Salmen vart fordanska kort etter offentleggjeringa, av Arvid Pedersen som tok salmen med i Malmøsalmebøkene, og la til eit par strofer (til dei opphavleg 14). Dette er lovprisingsstrofer til den treeinige guddommen.

Salmen oppsummerer den lutherske frelseslæra: Guds lov og bod må oppfyllest. Det greier ikkje mennesket, og det er difor fordømt: «Hvad Gud i Loven os budet hafde/

⁵⁰⁶ Salmen stod først i *Etlich Christlich lider*, Wittenberg MDXiiij som inneheld åtte salmar, fire av Luther, éin av ein ukjend forfattar, og tre av Speratus, deriblant denne. I trykket er den datert 1523. «Salmen regnes blandt de væsentligste af reformationens salmer» (Kjærgaard, [2003] 2008, s. 467).

⁵⁰⁷ «Efter salmen følger et omfangsrigt noteapparat med skriftsteder, der uddyber hvert vers» (Kjærgaard, 2008 s. 467). Noteapparatet har ikkje følgt med til Thomissøn eller K. Notane er heller ikkje med i *Vinterparten* der salmen er sett opp som prosa.

⁵⁰⁸ Kjærgaard, 2003, b. II, s.467.

Da vi det icke kunde gjøre/ Thi vare vi under Guds Vrede alle» (K35,2). Guds lov er ein spegel som viser mennesket kor tilkortkome det er: «Men hun er icke uden et Speil/ Som os vor Vanart vise vil/ Der lønlig Boer i Hiertet» (K35,3). Mennesket er vondt: «Men vi ere Onde i allenstund/ Ald vor Kraft er forderfvet» (K35,2), og synda gjer Gud vreid «Thi vare vi under Guds Vrede alle» (K35,2). Dette er ikkje ein konsekvens av enkelte lovbrøt, men ein felles tilstand:

Dend samme Vanart vi ingenlunde kunde
 Af vor egen Magt forlade/
 Enddog vi det tit forsøge monne/
 Synden vilde dog ofver os raade;
 Vi siuntes udvortes være hellig/
 Men i Hiertet var Syndsens Lyst og svig
 Der Guds Lov slet fordømmer (K35,4).

Her feller salmen dommen over «oss» om lag slik Jesus feller dom over farisearane som heldt ein fin fasade, men var som kalka graver fulle av daude bein.⁵⁰⁹ Salmen held fram med å greia ut om korleis mennesket bør leva: «Vi skulle Gud frygte af Hiertens Grund» og «alle Mennisker hafve kjær/ Saa vel vore Fiender som vore Venner/ Af Hiertet dem alt got unde» (K35,5). Ikkje berre handlingane, men også sinnelaget og «Hiertet» skulle vera godt. Men «Her maa vi see vor Natures Magt/ Og Synlige Art begribe» (K35,6). For av naturen vil ikkje mennesket gjera det som er rett, same kva Guds bod fortel det.

Guds rettvise lyt straffa synda, Guds kjærleik vil skåna mennesket. Løysinga blir at Gud sender Sonen, lar han sona og døy, og lar nåden tilflyta mennesket.

Nu skulle Guds Bud opfyldes uden Brøst/
 Ellers maatte vi alle fortabes;
 Thi udsendte Gud sin Søn JESum Christ/
 Lod hannem for vor skyld plages/
 Hand hafver Guds Bud alleene opfyldt/
 Der med Gud Faders Vrede stilt/

⁵⁰⁹ Matt 23,27.

Der ofvergick os alle (K35,7).

Denne strofa har Landstad med, medan LR og Nyn utelet henne. NoS har ei sterkt omarbeidd strofe som ikkje seier noko korkje om at Jesus blir plaga, eller at Guds vreide blir stilt ved det (NoS321,3). Jesus går i staden for mennesket, seier K, både når det gjeld oppfylling av lov og bod, og når det gjeld soning og straff. Når no skulda er betalt og lova oppfylt av Kristus, så skulle alle kristne menneske bruka all si truskraft på «Icke andet troe/ min HErre kier/ Din Pine og Død min Salighed er/ Du hafver for mig betalet» (K35,8). Først og fremst hjelper trua, og dåpen, framfor Gud: «Denne Tro hielper os for Gud alleen» (K35,10), men ho verkar også kjærleik og gode gjerningar for «alle Mennisker» (K35,10). Men dette er noko anna enn lovgjerningar, det er frukter av trua; «Ret gode Gierninger komme visselig Af Troen» (K35,12). Ein vert salig berre ved trua, gode gjerningar gjer ein for å tena sine medmenneske. Dette handlar altså om korleis det kristne mennesket skal leva i verda. Innafor den livsåskodinga som quadrigaen tilbyr, høyrer det med til tropologien.

Alle salmebøkene har denne reformasjonsteksten med; også *Norsk salmebok* 2013. Men han blir kraftig forkorta. K har med 16 strofer, og har difor vidareført også dei to doksologi- strofene som Arvid Pedersen la til. L har sju strofer som er ei ny bearbeiding. LR og Nyn har fire (teksten er eins i dei to salmebøkene), NoS har seks strofer. Kan ein ta vare på kjerneinnhaldet i ein tekst ved å kutta meir enn halvparten og dikta om? Kanskje er svaret ja. Men bileta vert forskuva i ein slik prosess.

I Landstads andre strofe er mennesket ute av stand til å oppfylla «Hvad Gud i Loven budet har» (L190,2) og er difor under Guds vreide og fortener straff. Lova seier vi skal vera gode, «Men vi er onde allen Stund, / Vor Dyd den intet duer» (L190,2). Strofa i NoS er langt meir varsam i formuleringane:

Det Herren selv i loven bød,
det skulle vært vår glede,

men skapte bare nød og død
og førte til Guds vrede.
For ånden som vil lyde Gud
den manglet vi, tross Herrens bud.
Med oss var allting ute (NoS321,2).

Her er det lova som skaper «nød og død/ og førte til Guds vrede» (NoS321,2) sjølv om det underforstått er lovbrota som fører ulukke med seg. Det er nemleg lova som gjer det klårt at det har skjedd urett.⁵¹⁰ Det står ikkje noko om at «Guds vrede» er retta mot nokon. «Ånden som vil lyde Gud» kan kanskje forståast som viljen eller ønsket om å vera lydig mot boda. Men kvifor den manglar «tross Herrens bud», er vanskeleg å forstå. Det er også uklårt kva som ligg i «Herrens bud» her, det kan forståast som eit påbod om å gjera Guds vilje.

I K kjem Guds Son frå himmelen fordi han «os inderlig elskte» (K35,1). I L kjem han «Af høie Himmerige/ Fordi vi ingen Raad os veed / Derop til ham at stige» (L190,1; slik er det også i Nyn og LR). Resultatet er det same: Jesus har sikra himmelen for menneska, men kjærleiken frå K er borte i revisjonane. I NoS er det ikkje tale om himmelen, korkje i denne strofa eller i dei andre. Heller ikkje i originalen vert det vist til himmelen. I dei eldste salmebøkene i materialet står himmelriket nærast som eit synonym for frelsa, men biletbruken vender likevel tankane mot ei hinsidig verd som er målet for det kristne livet. Ingen av salmebøkene etter K har med ei like lang utdjuping av menneskets tilkortkomming når det gjeld å følgja Guds bod som det K har, men Landstad får med det meste.

I NoS er fleire av dei utelatne strofene samanfatta i ei strofe som ikkje liknar svært på nokon av dei føregåande, men som har ein del felles tematikk med strofene hjå

Landstad:

Da sendte Gud sin egen sønn,

⁵¹⁰ «For lova kallar fram vreide, men der det ikkje finst lov, finst det heller ikkje lovbrøt», Ro 4,15.

en frelser for oss alle.
Sin rettferd gir han oss til lønn.
Så hør hans nåde kalle,
og si i hjertets tro på ham:
«Du er min Herre, du Guds Lam,
som all min skyld betalte» (NoS321,3).

Ein ser igjen tydeleg at det er dei positive sidene ved forsoningslæra som vert vektlagde. «Vi» får rettferd til løn; underforstått må det vera løn for Jesu forteneste, elles gir det ikkje meining. Men sidan dét ikkje er eksplisitt sagt, vil det for mange vera uforståeleg kva for løn dette er snakk om. «Hans nåde» kallar her, det er inga lov som formanar, eller vreid Gud som refser; og svaret på kallet er utforma og sett i hermeteikn. Dette må då forståast som at det er ein nåde at Jesus kallar på syndaren. «Du» er titulert som «min Herre, du Guds Lam/ som all min skyld betalte» (NoS321,3). Jesus som Guds lam, *Agnus Dei*, er eit gamalt kristent symbol med bakgrunn i døyparen Johannes si vedkjenning.⁵¹¹ Det er Jesus som offerlam det her blir alludert til. Tilvisinga til lammet er ikkje med i dei andre salmebøkene; heller ikkje i originalen, så langt eg kan sjå, men står ikkje i innhaldsmessig konflikt med salmens budskap. Dei siste strofene i NoS er prega av den same lyse trua på Guds nåde. Her er inga lov som vil slå hjartet til jorda og dømme og døda slik som i L.

Også i K og L er evangeliet framstilt som berging og frelse og håp. Men her er motsetnaden til Guds miskunn tydeleg framheva gjennom heile salmen, også i dei strofene som er mest «evangeliske». Lov-perspektivet er med i NoS, men er langt meir dempa, og i fleire tilfelle heilt borte.

Eit spørsmål som melder seg, er korleis salmen framstår i NoS utan referansane til «lov og evangelium» og for ein lesar utan teologisk kunnskap. Er han heilt ut forståeleg? Ein kan spørja kva ein skal med nåden og løna om ein ikkje er fortapt eller arm, som i dei eldre bøkene. Det kan vera vanskeleg å forstå korleis ein løfter

⁵¹¹ Joh 1,29.

pris og ære med hendene: «Vi løfter nå med munn og hånd/ til deg vår pris og ære» (NoS321,6). Munnen kan løfta lovsongen til Gud. Men hendene? Det er neppe i den høgkyrkjelege tradisjonen denne salmen står i, tenkt på karismatiske løfta hender. Kanskje skjer det gjennom gode gjerningar; kanskje eit uttrykk for nattverdbegeret som vert løfta til munnen. Sluttlinjene i NoS er ein bibelallusjon: «Du til ditt eget velbehag/ fullende inntil Kristi dag/ det du begynte! Amen» (NoS321,6).⁵¹² Dette samsvarer med ei av Arvid Pedersens tillagde strofer. For den som kjenner bibelteksten, kan meininga vera nokonlunde grei. Men elles er det heilt ope kva som er påbegynt. Salmen i NoS underforstår ein stor del av det grunnlaget ein treng for å skjøna han, og han kommuniserer difor dårleg med dei som ikkje greier å konstruera eit slikt. Men dette er ikkje noko som gjeld for denne salmen spesielt.

⁵¹² Fil 1,6.

6.4 Profeti og GT-allusjonar. Typologi. Quadriga.

Noko av det som trer tydeleg fram når Jesus er omhandla i salmematerialet, er allusjonar til profetiar i Det gamle testamentet og bruken av typologisk tolkings- og framstillingsmåte. Eg vil i det følgjande visa døme på korleis salmane uttrykkjer slike sambandslinjer mellom GT og NT og korleis dette endrar seg i revisjonshistoria.

Mange av dei eldre salmane framhevar samanhengen mellom GT og NT. Dette kan ha samanheng med at Bibelens kanon framleis vart diskutert då dei vart skrivne. Like viktig er det kanskje at Bibelen etter reformasjonen og boktrykkjarkunstens framgang etter kvart vart meir tilgjengeleg for fleire. Det var difor eit poeng å grunngi og stadfesta fellesskapet mellom dei to testamta. Det er kanskje difor K har fleire av desse tydelege sambanda mellom lovnad og oppfylling, type og antitype, enn seinare salmebøker har.

Ei rekkje salmar i materialet viser til at Jesus var den Messias Det gamle testamentet lova. Det er tale om direkte referansar til profetiar, GT-allusjonar og meir typologisk utlegging av bibelteksten. Salmetekstane vidarefører såleis tolkingsmodellar frå NT og oldkyrkja. Den typologiske tolkinga finn ein i NT der ikkje minst Paulus brukar personar og hendingar i GT som førebod om det som skjer sidan. Til dømes er Adam type på Jesus.⁵¹³ Jesus presenterer Nikodemus for ei typologisk tolking når han viser til slangen som vart reist til berging for folket under vandringa i ørkenen og appliserer denne på Menneskesonen.⁵¹⁴ Typologien inneber ein analogi mellom det fortidige og det framtidige, og oftast vert den gamaltestamentlege typen overgått av sitt motbilette i NT. Dette ser vi også tydeleg i somme av Kingos salmar.⁵¹⁵ Såleis er Kristus ein større konge enn David, og medan Adam er det falne mennesket, er Kristus den som

⁵¹³ Ro 5,14.

⁵¹⁴ Joh 3,14.

⁵¹⁵ Eit sær tydeleg døme finn vi i pasjonssalmen «Over Kedron» der kong David er type på Kristus der han redd flyktar over bekken med sonen Absalom i hælane. Jesu angst må vera større enn Davids, meiner Kingo (K285).

reiser opp. Det er ikkje uventa at typologien er tydelegast i salmematerialet i samband med Jesus og hans liv og gjerning. Jesus er, i kristen tradisjon, oppfyllinga og fullendinga av det som GT bar von om.

Profetiane er utsegner om noko framtidig som skal henda og tar ikkje som typologien utgangspunkt i personar eller noko som har skjedd i den gamle pakt. Det er interessant å sjå korleis bibeltolkingsmodellane frå NT og oldkyrkja lever i salmetekstane, og korleis den bibeltolkinga dei representerer, vert endra gjennom revisjonane.

Julesalmen «Nu er født os JESus Christ» (K60) viser direkte til profeti i GT:

Gud med os Immanuel/
Dend bebudede Gabriel/
Det haver spaaet Propheterne/⁵¹⁶
Hand kom til os vor Frelser/
Gud Faders Søn.

Fuldkommen er nu Davids Digt/
Dertil og saa Propheternes Skrift/
Christus er det Himmelske Lius/
Som Hyrderne saae i Krybben laae
Et Menniske (K60,2-3).

Her er profetane garantistar for argumentasjonen i salmen: Det som har skjedd, er i samsvar med det som var lova. Immanuel (hebraisk) tyder «med oss er Gud», eller berre «Gud med oss», ei utsegn som nazistane gjorde ubrukeleg for ettertida, men med ei lang forhistorie som krigsrop i Europa.⁵¹⁷ I Jes 7,14 er ordet brukt som namn

⁵¹⁶ I den eldste danske omsetjinga av den latinske salmen (1528), truleg av Claus Mortensen eller ein av medarbeidarane hans, lyder denne linja: «Ther till er witne Ezechiel» (Malling, 1963, BIII, s. 219). Malling seier at salmen har gått uendra vidare til Thomisson og K, men så synest ikkje å vera tilfelle. Messiasprofetiane i Esekiel er ikkje så mange eller så eksplisitte som til dømes i Jesaja, og dei er heller ikkje så kjende og siterte. Dette kan vera grunnen til at ein redaksjon av K har valt å byta ut Esekiel med «Propheterne». Kingo gjorde same bytet i *Vinterparten*. Men føreboda om den komande fyrsten, finst også hjå profeten Esekiel, t. d. i Es 17,22 der det er omtala ein kvist som vert teken frå det høgaste sedertreet og planta, eller i Es 34,23-24 der det er tale om ein framtidig gjetar for folket. Men korkje kvisten eller hyrden for folket er mellom bileta i K60.

⁵¹⁷ Reidar Aasgaard. 2021, [Immanuel – Store norske leksikon \(snl.no\)](#); Cathrine Theodorsen, 2021, «Gott mit uns»: [Gott mit uns – Store norske leksikon \(snl.no\)](#). Henta 03.06.23.

på barnet den unge jenta (tidlegare bibelomsetjingar: møya) skulle få som eit teikn for Israel. Matteus-evangeliet siterer Jesaja i samband med Jesu fødsel: «Sjå, møya skal bli med barn og føda ein son, og dei skal gje han namnet Immanuel – det tyder: Gud med oss» (Matt 1,23). Salmeteksten knyter hendinga i NT saman med profetiane i GT, slik Matteus gjer det. Samstundes er salmen tett på teksten i truverdkenninga. Dette sambandet mellom GT og NT er mindre klårt i den nye bibelomsetjinga frå 2011 som byter ut «møy» med «ung jente» i GT-teksten, noko som var eit vesentleg diskusjonsmoment i samband med omsetjinga av profetlitteraturen i *Bibelen 2011*.⁵¹⁸ Den som profeten Jesaja hadde varsla fleire hundreår tidlegare, og som jødane venta på som sin bergingsmann, var den same som engelen Gabriel fortalde Maria om då han vitja henne.

Truleg viser «Davids Digt» til Salmane og deira bodskap om frelse for Israel, og ikkje til ein bestemt spådom. Anders Malling forklarar det med «Forjættelserne i Davids salmer».⁵¹⁹ K60 gjer eit poeng av å samanstillast dei gamaltestamentlege spådomane om lyset med juleevangeliets forteljing om hyrdane. Profetane hadde sagt at lyset skulle skina over dei som sat i mørket (Jes 9,2). Lyset frå den strålende engleskaren skremde opp hyrdane som vakta buskapen sin om natta på Betlehemsmarkene (Luk 2,8-9). Englane ber hyrdane om å gå til Betlehem og finna barnet, og dei finn det himmelske lyset att når dei bøyer seg over krubba: «Christus er det Himmelske Lius/ Som Hyrderne saae i Krybben laae / Et Menniske» (K60,3).⁵²⁰ Det er interessant at salmen i den eldre versjonen framhevar at det himmelske lyset er «Et Menniske», nærast som eit litt forbausa utrop. Sistelinjene i strofene i K60 er alle

⁵¹⁸ Om diskusjonen om jenta og møya i GT: Hans Kvalbein & Marta Høyland Lavik, 04.12.10, *Aftenposten Jomfru blir ung jente* (aftenposten.no) Henta 24.07.23. Denne saka fekk ei rekkje presseoppslag.

⁵¹⁹ Malling, 1963, s. 219 (note 1).

⁵²⁰ Dette har ein parallell hjå N.F.S. Grundtvig i hans tidlege julesalme for borna («Deilig er den himmel blå», 1810). Der er det vismennene som finn stjernesola att i barnets auge: «Østerlands de vise Mænd/ Fandt dog Stjernen der igien./ Som de skued i det Høie./ Thi i Barnets milde Øie/ :|:Funklende og klar den sad.:|:» NNSL, 2011, s. 101.

poengterte: «Vor Salighed» (str.1), «Gud Faders Søn» (str.2), «Et Menniske» (str.3), «O Miskundhed!» (str.4) og «Ævindelig» (str.5); det er som ei lita frelseshistorie når det vert sett opp slik. Paradokset med at Gud vert eit menneske kjem ikkje like tydeleg fram i NoS-versjonen: «Nå er Herrens Ord blitt kjød,/ lys i mørke, liv i død» (NoS33,1). Sistelinja i strofene er «Maria», medan salmens omkvede endar med «Gabriel» (NoS33).

Salmen kallar Jesus «vor Konning» (K60,5). Konge er brukt om Jesus fleire gonger i salmematerialet, til dømes «Du Ærens Konge, Jesu sød!» (K1,10), og dette samsvarer også med GT-omtalen av fyrsten som skulle koma. «Nu er født os JESus Christ» (K60) er ei omsetjing av *Resonet in laudibus* (latinsk salme frå 1300-talet) som elles berre er med i NoS: «Klinge skal et jubelkor» (NoS33). Dei to bearbeidingane er temmeleg ulike på fleire vis. Det er ingen direkte tilvisingar til GT i NoS-salmen (omsett av Per Lønning), men namnet Immanuel er brukt i omkvedet.⁵²¹ I NoS33 er det Gabriel som er bodberaren, ikkje profetane i GT: «Han er kommet, som ble meldt/ av Gabriel» (NoS33, omkvedet; Gabriel er også nemnd i K60). Også englane er bodberarar, men sambandet med Det gamle testamentet er borte i NoS.

Den stigande stjerna er eit av bileta GT-profetiane nyttar om han som skal koma, og som vert teke opp att i NT. Denne profetien er det referert til fleire stader i salmematerialet, her sett opp som det figurdiktet songen kan vera:

Af Høyheden oprunden er
En Morgenstjerne saa klar og skier/
Fuld af Sandhed og Naade;
Du Davids Søn af Jacobs Stamm’/
Min Konning good og min Brudgom
Fryder mig ofvermaade:
Liflig/
Venlig/

⁵²¹ «Immanuel blir brukt første gang i Det gamle testamentet av profeten Jesaja (Jesajas bok kapittel 7, vers 14). I kapittel 1, vers 23 i Matteusevangeliet siteres profetstedet og blir til en programmatisk og profetisk tolkningsramme for Jesu fødsel», <https://snl.no/Immanuel - bibelske personer> (2023, 31.mai).

skiøn og herlig/
Stoor og hæderlig/
Riig paa Gafver/
Lius og Lif jeg i dig hafver.⁵²²

Profetien frå GT vert sitert i NT (2 Pet 1,19) og deretter brukt i salmen. Sambandet mellom GT og NT vert såleis formidla i kyrkjesongen. Morgonstjerna er med i alle revisjonane i materialet, likeins tilvisinga til Jesu stamtavle, endå Jakob blir erstatta av Jesse eller Isai.⁵²³ Landstad endrar linja til «Jesse Rod og Davids Kvist» og føyer slik Davids namn inn i den gamle profetien frå Jesaja 11,1 som talar om kvisten som skal renna frå Isais stubbe. Landstads endring går vidare til alle salmebøkene, også den nynorske attdiktinga. Landstads val finst også i ein annan salme i K, som talar om «Jesse Riis og Davids Qvist» (K73,4). Også i denne salmen er David med i alle revisjonane. Det er viktig for salmane å framheva at Jesus er Davids ættling og motstykke. Dette bidrar også til å binda GT og NT saman. Davids namn vert gjerne trekt inn i salmane, både i typologiske tolkingar og i profetiske referansar, jamvel når bibeltekstreferansane ikkje er knytte direkte til denne store Israels-kongen. Jes 11, der Isais renning er teke frå, omtalar såleis ikkje David, salmane talar likevel om «Jesse Riis og Davids Qvist» (K73,4).⁵²⁴ Men sidan David var Isais son, og begge er med i Jesu ættetavle, er ikkje endringa bibelhistorisk feil.

«Til Himmels foor dend HERre sand» (K194) er ein versjon av ein gamal latinsk salme som berre NoS198 har ført vidare. Der heiter det: «Fuldkommen findes ald Spaadom/ Haleluja/ Haleluja. / Som Konning David Taledo om» (K194,3).⁵²⁵ I NoS

⁵²² K37,1. Strofene i salmen kan setjast opp som figurdikt. Det blir då ein pokal der dei gode gåvene ovanfrå kan strøyma ned i begeret til den som syng. Eit slikt oppsett av salmen i K, ville vera utenkjeleg.

⁵²³ «Du Davids Søn af Jacobs Stamm'» (K37,1); «Du Jesse Rod og Davids Kvist» (L140,1); «Du Isais skudd og Davids kvist» (LR119,1). Nyn har «Jesse rod» (Nyn90,1) og NoS «Isais renning» (NoS89,1) som er tettare på Bibelsitatet. I originalen til Philipp Nicolai (1556-1608) er det Jacob som vert trekt fram.

⁵²⁴ Jesaja-boka i GT referer berre fire gonger til David.

⁵²⁵ Her viser salmen til Jesu egne ord i Matt 22,44 der han nemner ein Messiasprofeti David har kome med. Denne er teken opp att i Apg 2,34-35 slik at heile Israelfolket kan vita at den Jesus som dei krossfeste, har Gud gjort både til Messias og herre, som Peter seier. «Sentralt står intonasjonen til den gamle Salme 110, med

er det ingen tilvisingar til profetiar, eller andre direkte samband med GT. K og NoS er åleine om ein del salmar, fleire med felles latinsk opphav. I dei tilfella der det finst

typologi eller GT-allusjonar i K-versjonen, er det ikkje vidareført i NoS. Fleire døme viser at både tilvisingar til profetiane i GT og bruk av typologi, er svekka i nyare salmebøker. Særleg verkar det som NoS (1985) ikkje har fokus på forholdet mellom GT og NT, og kanskje jamvel tonar det ned. Men som ved fleire av dei mønstera i endringar som ein kan spora i revisjonane, er det, som vi har sett unntak frå denne tendensen.⁵²⁶

«Maria hun er en Jomfru reen» (K73) alluderer til GT-profetiar i omtalen av Jesus-barnet: «O Jesse Riis og Davids Qvist/ Og Jacobs Liuse Stierne» (K73,4).⁵²⁷ Landstad endrar lite i den gamle salmen som er ei Maria-vise omarbeida av Hans Thomissøn, men Landstad plasserer salmen på Maria bodskapsdag og ikkje som i K på sundagen mellom jul og nyttår, eller som Thomissøn under overskrifta «Om Christi Person oc Embede». Slik framhevar Landstad sambandet med Maria møy. Dei seinare salmebøkene har alle salmen på Maria bodskapsdag. Dei fire eldste har også alle strofene frå Thomissøn med mindre endringar. NoS115 skjer bort ei strofe som omhandlar korleis profetane, drivne av Guds Ande, såg at Jesus løyste menneske frå syndens band og Satans list, for at alle som trur skal bli frelste. (I Nyn leier tankegangen om frelsa like inn i «himmelhamn»; Nyn220,3.) Strofa som er stroken i NoS lyder slik i K:

dens omfattende gjenklang i NT: 'Herren (Kyrios, opprinnelig: Jahve) sa til min herre (Kyrios, opprinnelig Adonai, det hebraiske fellesnavnet for 'herre'): Sett deg ved min høyre hånd til jeg får lagt alle dine fiender som fotskammel for dine føtter'. (Salme 110 blir sitert eller henspilt på 17 ganger i NT, bl.a. Matt 22:24, Luk 22:69, Apg 2:34f, Hebr 10:12f.)» (Lønning, 1989, s. 187).

⁵²⁶ Det er stor avstand mellom Luthers kristologiske lesnad av Salmane i GT og moderne historisk-kritisk lesnad av skriftene. Det er difor ikkje uventa at denne endringa også er avspegla i salmediktinga- og revisjonane. O.J. Jensen i skriftleg rettleiingsnotat til underteikna, våren 2023.

⁵²⁷ GT-referansane er Jes 11,1 og 4 Mos 24,17.

Propheterne af dend hellig Aands Naade
Deres Ord med skiæl beviste/
At JESUS Christ fra Syndsens Vaade/
Fra Død og Dievelens Liste
Dem frelste alle/ som paa hans Nafn/
Sig til stoor Gafn
Vil troe/ og icke tviste (K73,3).

Det er tydeleg eit viktig poeng for K å framheva samanhengen med profetane og poengtera at bodskapen deira kom frå Den heilage ande. Jamvel om ordvalet i denne strofa, og tilsvarende i dei tre etterfølgjande bøkene, ikkje kan heimlast i éi profetutsegn i i GT, har det vore vanleg å tolka til dømes Jesaja-spådomen om at smertensmannen vart såra og knust for menneskets misgjerdar, som ein lovnad om det frelsesverket den lidande Messias skulle gjennomføra.⁵²⁸ NoS kan ha meint at tilvisinga til profetane i denne strofa ikkje var tilstrekkeleg, og har difor stroke. Tilvisingane til Jesse ris og Davids kvist, er med i NoS, og såleis er profetiane i GT representerte. Adams fall er også med i salmen. Det er difor ikkje slik at alt GT-NT-samband er borte frå NoS, og i stor grad også frå LR og stundom Nyn, jamvel om det er svakare.

6.4.1 Thomas Kingo og typologi

Thomas Kingo nyttar den typologiske lesemåten av bibelteksten som strukturerande prinsipp i fleire av i sine salmetekstar, kanskje særleg i pasjonssalmane. I «Hører til, I høie Himle», den første i rekkja av pasjonssalmane hans, er Jesus forsangar i «Det store halleluja» (K284,3), lovsongen jødane brukte under påskemåltidet, saman med læresveinane sine.⁵²⁹ Det at Jesus syng, er ei eineståande hending og difor må himmel

⁵²⁸ Jes 53,5.

⁵²⁹ Den store lovsongen. Salm 113-118 (sungen i to omgangar) vart brukt ved dei jødiske påskemåltida. Det er grunnen til at Kingo kan påstå at Jesus song.

og jord lytta. Gjennom denne songen forklarar Jesus korleis innhaldet i salmeorda frå GT vert fullenda med han:

Men, o søde Himmelsanger,
 Du har vel opladt din Røst
 For al Verdens Folk og Fanger,
 Takket Gud for denne Trøst:
 At de skulle Frihed faae,
 Og udi Guds Rige gaae,
 Ved dit Fængsel, Død og Smerte,
 Og ved Blodet af dit Hjerte (K284,4).

Kingo seier at Jesus gjennom songen utlegg utferda frå Egypt som type på den gjerninga han skal gjera når han, gjennom sjølv å vera påskelammet, «ved Blodet af dit Hjerte» (K284,4), utfrir folket frå dei banda som synda fangar dei i.⁵³⁰ Som israelsfolket slapp fri frå Egypts plager og slaveri, skal apostlane no få stiga frie inn i Guds rike. Landstad har med strofa som grunngir kvifor Jesus syng (L316,4), men NoS142 har fjerna strofa med typologien. Jesus og apostlane prisar Gud for frelse «fra/ hint Egyptens tunge plager/ og for Kanaans frydedager» (NoS142,3), men dette er ikkje kopla til Jesu føreståande offerhandling jamvel om NoS føregrip forteljinga om Jesus som kryssar Kedrondalen, noko Kingo først utbroderer i den etterfølgjande pasjonssalmen. I NoS er songen først og fremst trøysterik: «Jesus, fylt av tro og trøst,/ løfter høyt i sang sin røst» (NoS142,1).

Thomas Kingo drar linja frå syndefallet til frelsesgjerninga:

O! Hvad søde Himmel-Toner
 Dog op paa din Tunge laae,
 du, som Verdens Synd forsoner,
 Sang ret som du Døden saae!
 Adam gik af Paradiis,
 Græd for Herrens Vredes Riis,
 Du igjen med Sang oplukker

⁵³⁰ Israelittane strauk blodet av eit lytelaust lam på dørstolpane sine. Då gjekk dødsengelen forbi huset deira (2 Mos 12).

Himlens dør, og Slangen sukker (K284,5).

Slangen lokka Eva og Adam slik at dei åt av frukta frå kunnskapens tre. Dermed fall forbanninga over dei og menneskeætta, og dei vart fordrivne frå paradiset, gråtande for «Herrens Vredes Riis» (K284,5). Kristus derimot syng når han går mot døden og møtet med Guds veldige vreide. Lovsongen står i Kingos salme som motsetnad til gråten. Denne lovsongen botnar ikkje berre i gleda over fridomen frå Egypts slaveri, men i at Jesus veit at det som ventar, er siger over døden gjennom død og pinsler.

Avskilen frå Egypt er ein utgang, som den frå paradiset, frå det grøderike landet til områda utanfor som viser seg å vera arbeidskrevande, udyrka land. Og det er nettopp utgangen som dannar bakgrunnen for påskefeiringa som får si oppfylling med Jesus. Her er såleis to sentrale typologiar på Jesus i same strofa. Jesus går ut av festsalen og over Kedrondalen for å fullføra oppdraget sitt: Ved sin død å opna døra til paradiset igjen («Himlens Dør»), men no det framtidige og evige paradiset, himmelen.

Slangens eller Satans, tid er ute. Den måten Kingo turnerer dei forskjellige utgangane på, og motsetnadene mellom gråt og song og sukk, gir ei eineståande kunstnarleg framstilling av den typologiske tenkemåten. Samtidig er alle nivåa i quadrigaen med i salmen: *Literalis* ved dei bokstavelege og historiske hendingane (fallet i paradiset, songen rundt bordet i Jerusalem), *allegorisk* ved det frelseshistoriske (Jesu siger over Satan og døden), *tropologisk* ved songen og trusstyrkinga i «mit svage Hjerte» (K284,7) og *anagogisk* ved det opne himmelriket dit sjela stig syngjande til sist i salmen.

Det er berre L og NoS som har denne salmen med. L bevarer den heilt, medan NoS tar bort den strofa som forklarar kvifor Jesus syng (K284,4). Det er såleis kutta i det allegoriske nivået i salmen om ein brukar quadriga; det tropologiske, det som krinsar om «meg», trer dermed tydelegare fram. LR har laga ein ny salme av dei to siste

strofene i K284. Her er ingenting om syndefallet. Jesu «Kors, hans Blod og Sved» (K284,8) er blitt «kors og kjærlighet» i LR (304,2). Salmen er plassert under overskrifta «Jesu lidelse», men Jesu lidning er ikkje skildra, og Jesu «smerte» og «død» (LR304,1) og «det Jesus led» (LR304,2) blir nærast eit trøystande mantra for salmens eg som er hovudperson i det korte salmeutdraget.⁵³¹ Der K og L syng om «Æblet Adam aad» (L316,8) syng LR om eigen «dype ve og brøst» (LR304,2). Syndserkjenninga er såleis på plass i LR, men den er ikkje knytt til syndefallsmyten og menneskeslektas felles kår. I den sterkt tropologisk prega kort-salmen i LR er mennesket difor langt meir åleine med si misgjerd enn syndaren i K og L.

Salmens eg syng oppfordrande til seg sjølv i sistestrofa i NoS, slik K og L gjer. Men her vert det ikkje sunge om «ve og brøst» eller syndefallets eple frå paradishagen. Eg-et syng derimot «om hans nådes rike trøst» (NoS142,7). Songaren minner ikkje seg sjølv om synda og verknadene av den i møte med sin død, berre Jesu smerte og kjærleik, frelse og nåde har plass der. Salmens eg i NoS har ikkje merksemd mot eiga tilkortkoming, men ber om mot stilt overfor sin eigen død. Typologien mellom Adam som gråtande forlet paradiset og Jesus som syng, er likevel intakt i NoS.⁵³²

6.4.2 «Over Kedron»

Adams fall og utdrivinga frå Eden fungerer som type i fleire pasjonssalmar. I Kingos pasjonssalme «Over Kedron Jesus træder» (K285) spelar typologien ei vesentleg rolle for komposisjonen. Thomas Kingo fører episodar, stader og personar frå GT saman med den aktuelle evangeliehendinga: Jesu kamp med dødsangsten i Getsemane-

⁵³¹ Plasseringa under «Jesu lidelse» verkar å ha meir historisk bakgrunn (utgangspunktet er ein pasjonssalme) enn innhaldsmessig.

⁵³² Ein interessant detalj frå revisjonen av denne salmen finn vi i str. 7 i K og L (LR304,1 og NoS143,6). Her ber salmens eg om å bli stemt: «Stem da op, mit svage Hjerte./ Stem min Tunge, Sjel og Aand» (K284,7). Songen om Jesu død skal vera rein, det falske må bort. Ein ser for seg eit strenginstrument med stemmeskruar når Kingo held fram: «Vrid mig med din egen Haand» (K284,7). Gjennom denne endringa av verbet får Kingo fram at ei slik handsaming kan vera smertefull, at det kan kosta å koma fram til den rette songen om kva frelsa har kosta og kva konsekvensar det skal ha i den truaendes liv. I dei reviderte tekstane gjentar ein berre verbet «stem»: «stem meg med din egen hånd» (NoS142,6).

hagen. Den store kongen, David, tener som type på angstfylt «flukt». David rømmer for sonen sin, Absalom: «David engang, tung om Hjerter, Gik hen over Kedrons Vand» (K285,2), han er sorgtung og redd. Men også når det kjem til angst og gru, overgår Jesus sitt førebilete: «Men, o Jesu! maatte du/ Ikke ængstes mere nu?/ Du som dig til Døden skynder,/ Bær al Verdens Sorg og Synder» (K285,2). Jesus er motsatsen til GT-kongen: Medan David rømde unna faren, skundar Jesus seg mot sin død og i armene på dei som skal ta han til fange i Getsemane. Paradishagen der Eva og Adam åt av den forbodne frukta og opna for synda, vert stilt saman med Getsemane der Jesus no smakar den beiske drikken som vart resultatet av den ein gong så lokkande smaken. Samtidig høyrer ein ekkoet av Guds ord til kvinna om ormen som skulle hogga henne og etterkomarane hennar i hælen (1 Mos 3,15):

Gaar du ind udi en Have,
Som er Folkets Frydested,
Angest vil sig strax tillave,
Følger dig i Hælen med:
Kom, o Adam, kom at see
Ind udi Gethsemane!
See, hvor Paradisets Lyster
Hæved-Angest af ham kryster (K285,4).

Adam er ifølgje Paulus eit bilete på han som skulle koma, altså Kristus (Ro 5,14). Men Adam er også representanten for alle menneske, hans fall er alles fall. Adam («ha-adam») er eit hebraisk kollektivt ord for «menneske».⁵³³ Adam-Jesus-typologien understrekar nettopp at Jesus vart menneske. Når Adam, mennesket, det vil seia alle, følgjer med inn i Getsemane-hagen, ser han at det han tykte verka godt og lokkande, den saftige frukta som han tok imot og nytte, no fører til grufull dødsangst for Jesus. «Otterslangen» (eiterormen, giftslangen) frå syndefallsforteljninga bit Jesus med ei «giftig Tand» og «ophidser alt hans Blod» (K285,7). Væska i frukta er forvandla til

⁵³³ Groth & Barstad, 30. juni 2021, (2023, 28.mars).

gift av slangen, ei gift som no når sitt endelege mål når ho trengjer inn i Jesu hjarte.⁵³⁴ Adam er motstykket til Kristus, men også ein representant for alle menneske, som lar seg lokka av freistande frukter av ymse slag og fell for freistingane. Difor vil Kingo ha Adam med i hagen. Der får han sjå kva synda hans kostar Jesus, men han får også eit glimt av den vona som Jesu dødskamp skaper.

I denne salmen kan ein skimta heile quadrigaens skjema eksemplifisert i hagen: Både Eden og Getsemane er bibelske bokstavelege, jordiske hagar der det skjer bibelhistoriske hendingar (*literalis*). I paradishagen fall mennesket for slangens freisting; hagen gjekk frå det paradisiske til det forbodne. Getsemane er staden der Jesus kjem saman med læresveinane sine, kjempar med døden og angsten, men føyer seg etter Guds vilje. Etter bøna blir han arrestert, læresveinane rømer og Jesus blir ført til øvsteprestens gard (Matt 26). Men desse stadene har også ei åndeleg, allegorisk, meining. I salmen er Paradis og Getsemane nesten identiske, begge stadene er i utgangspunktet prega av glede og harmoni. Men begge vert omgjorde, Paradis vert stengd for mennesket; i Getsemane der folk flest i Jerusalem finn rekreasjon og venleik, «Folkets Frydested» (K285,4), møter Jesus ein surrealistisk skrekkplantasje: «Krig og Strid og Mord og Død,/ Pidske, Plager, Spot og Nød/ Synes af hver Knop at sprude,/ Freden er for Jesus ude» (K285,3).⁵³⁵ I Edens hage bryt Adam-mennesket med Guds vilje, men Adam-Kristus føyer seg under den

⁵³⁴ Erik A. Nielsen greier ut om dei ulike væskestraumane i si bok om Thomas Kingo. Den søte eplesafta Adam kjenner frå frukta han bit i, blir forvandla til gift som når Jesus. Men når slangen så når Jesu hjarte og hogg tak i det, får han sjølv samtidig dødsstøtet. Væskene vert forvandla, blodet, tårene, sveitten. (Nielsen, 2010, s. 462-475 og s. 481-488.)

⁵³⁵ 'Surrealistisk' viser her ikkje til den kunstnarlege retninga surrealismen, men i overført tyding, jamvel om framstillinga av blomane i Getsemanehagen kunne minna om eit langt seinare maleri av Salvador Dali (1904-1989). Erik A. Nielsen brukar «surrealistisk» i denne overførte meininga i si bok om Kingo. (Nielsen, 2010, s. 462.)

allmektiges vilje for å oppretta det som var øydelagt. Det er plasseringa i frelsesgeografien som gjer at Getsemane blir hugsa.

Den tropologiske hagen finn eg-et i sitt eige indre der Getsemane-hagen er nyskapt og igjen forvandla, og han overgår paradishagen: «Blomsterne i Paradiis/ Bær mod eder ingen Priis» (K285,12). Dette er fordi blomane i Getsemane har samla opp Jesu blodsdråpar frå den angstfulle bønestunda: «Thi det Blod, som eder farved’./ Gjør, at jeg har Himlen arvet» (K285,12). Paradisblomane er typar på Getsemane-blomane som samlar Jesu blod som i kalkar, dette biletet spelar både på blomsterkalkar og på nattverdiskalkar. Eg-et ser si frelse realisert i denne hagen:

Bort, I Verdens Leeg og Lyster!
Til Getsemane jeg gaaer
Og vil see, hvor Jesus ryster,
Samle mig en Trøstetaar
Af hans blodig’ Angest-Sved,
Som til min Retfærdighed
Jorden vilde for mig væde,
Den opsanker jeg med Glæde (K285,11).

Det same blodet ropar om eg-ets frelse og blir stroke som salve til lindring, trøyst og frelsesteikn på «min Hjerterod» (K285,14). Blodet var det som frelste israelittane frå dødsengelen i den aller første påska; påske på hebraisk tyder forbigang, og dødens engel gjekk forbi dei husa der blodet frå offerlammet var stroke på dørkarmane (2 Mos 12,7). Det lytelause lammet som vart slakta til berging for folket, er type og bilete på Jesus. Blodet er også eit firfaldig bilete i den kristne ikonografien, om det ikkje vert fullt utvikla i denne salmen: Offerblodet ved eksiten frå Egypt, Frelsarens blod som rann på krossen, blodet som bergar eg-et frå fortaping, og som styrkjer i liv og død (nattverden), og dei kvite kjortlane i det himmelske riket som paradosalt nok er tvetta i lammets blod (Op 7,14). I Kingos salme er det allusjonar både til salving av sjuke og til nattverdsmåltidet. Ein kan også koma i hug den siste olja som er eit sakrament i den katolske kyrkja, og noko som ortodoksiens teologar difor ikkje kunne

visa til, korkje i salmar eller elles. Hagen i eg-ets indre er ein stad for meditasjon og bot (eg-et kler seg i ein «Poenitentses Sæk»; K285,10); eg-et førebur seg til det kristne livet på jorda, men også til døden. Gjennom salmen og andakta elles, blir det som var eingongshendingar stadig repeterte på den indre scena og blir eit program for andaktslivet, mynta på dagleg omvendning og sjølvransaking, men også trøyst, tillit og von.

Den fjerde hagen, den anagogiske, er ikkje eksplisitt omhandla i salmen, men det ligg i forventninga om «Salighed og Naade» (sluttorda, K285,14) ei påminning om den himmelske paradishagen som er den endelege fullbyrdinga av det første paradiset. Himmel-paradiset gjenopprettar endeleg det som fallet i Edens hage øydela. Salmens eg har også «Himlen arvet» (K285,12), og dei som trufast lyttar til forkynninga i kyrkja og syng salmane i boka, vil av seg sjølv vita at dette er ein mogleg utgang frå jordelivet, jamvel om dette biletet ikkje vert vidare utvikla.⁵³⁶ Gjennom bruken av typologien framhevar Kingo samanhengen i heile Den heilage skrifta og understrekar at Jesus er oppfyllinga av alle frelseslovnadene som er gitt til Israel. Ei slik forståing av forholdet mellom Det gamle og Det nye testamentet gir også grunnlag for at kyrkja kan tolka GT-tekstane inn i sin eigen samanheng.

6.4.3 Revisjon av «Over Kedron»

«Over Kedron» er eit godt døme både på korleis Kingo byggjer opp pasjonssalmane, og på hans teologiske tenkemåte. Samstundes viser salmen dei endringane som skjer med salmetekstane gjennom revisjonane på alle nivå. Rett nok er Kingo stødig når det gjeld rim og rytme og treng ikkje stor metrisk vøling, men ordval og bilete blir endra og strofer blir strokne i seinare salmebøker. I andre Kingo-salmar ser ein jamvel at

⁵³⁶ Erik A. Nielsen seier om denne salmen at han «er formentlig den mest gennearbejdede firefoldige tekstudlægning dansk litteratur kan mønstre» (Nielsen, 2010, s. 462). Han viser også til hagane.

stroferekkefølgen blir endra i somme av bøkene.⁵³⁷ Nokre skifte kan ein hevda er nødvendige for å letta forståinga. Andre verkar meir «pedantiske» eller er vanskelege å sjå nokon god grunn for. Mange av forandringane er nok motiverte av endringar i smaken og skiftande fokus i forkynninga, men dei kan likevel få teologiske følgjer.

Typologien er mellom det som gradvis blir svakare gjennom salmebokrevisjonane. Hjå Landstad er likevel typologien rikt til stades. Landstad steller pent med Kingos salmar. I pasjonssalmene hans er mykje av Kingos biletbuk og komposisjon bevart. 14 av dei 17 «Psalmer ofver Passionen» bakerst i K, er med i L, ofte varsamt forkorta.⁵³⁸

«Over Kedron» (L317) er korta ned med fire strofer i L. Strofa som skildrar skrekkhagen Jesus kjem inn i (K285,3), plassen på «Oljebjerget» som er forvandla til eit botanisk redselskabinett, er ikkje med i L. Første delen av strofa etter, følgjer Jesus inn i hagen «Som er Folkets Frydested» (L317,3). Angsten som lagar seg til å hogga han i hælen, samt Adam som vert invitert til å sjå, ivaretek den typologiske samanhengen, jamvel om skildringane er mindre utpensla. Landstad har også, som den einaste av dei fire yngste salmebøkene i materialet, jamføringa mellom David og Jesus.

L kortar så i det som på mange måtar er salmens kuliminasjon og vendepunkt: Kingo endar framstillinga av Getsemanekampen med eit fortvila redselsrop om hjelp: det dryp blod frå kvart sveittehol i Jesu kropp, marka blir dogga med blod, «Ak! hvor leed da Jesus ilde» (K285,9). Kingo har halde opp med presensskildringa og er over i preteritum. Her vender salmen merksemda innover mot sjela, noko som er typisk for

⁵³⁷ Eit døme på endra stroferekkefølgd er ein av dei siste salmane i K, Kingos salme om Jesu sju ord på krossen (K301) der LR byter om på stroferekkefølgen, noko som både bryt med Kingos tekst og «pasjonsharmonien» som er ei samanstilling av dei ulike evangeliefremstillingane av Jesu lidingshistorie.

⁵³⁸ Landstad reknar, som nemnt tidlegare, Kingo, saman med Luther, som døme på «Salmesangens Ypperste» (Landstad, 1862, s. 7). Han vedgår at «[...] Kingo fremfor Andre er indrømmet at føre Ordet» (Landstad, 1962, s. 16) i salmeutkastet hans, «[...] hvormed Kingo repræsenteres i mit Udkast, saa at han med Rette kan siges at herske der» (Landstad, 1862, s. 17).

Kingos pasjonssalmar: «Nu saa vil jeg meg da vende» (K285,10).⁵³⁹ L kuttar i Kingos rop, og dei to midtstrofene der salmens merksemd vender seg innover mot salmens «jeg», er ikkje med i L. Det er heller ikkje oppbygginga av det tropologiske knytt til den daglege omvendinga. Landstad skriv ikkje om å snu seg frå verda og gjera bot. Derimot får blomsterbiletet knytt til døden, stort rom, «Naar jeg feldes skal som Hø» (L317,9). Det tropologiske i salmen i L er i stor grad sentrert om livets slutt og tanken vert leidd mot det anagogiske. Såleis er quadrigaen mindre tydeleg i L, medan dei mest tydelege døma på typologi er intakte.

Kingos u-sving attende til «til Kedrons sorte Bæk» (K285,10) der eg-et snur ryggen til verda og går vegen inn i Getsemane opp att dagleg i «en Poenitentses Sæk» (K285,10); er eit bilete på den daglege omvendinga og botsgangen bort frå synda. Eg-et finn restane av Jesu blodsdropar som han stryk på augene sine for endå betre å sjå og skjøna. Kingos sanslege bilete går hand i hand med teologisk argumentasjon; kjenslene skal vekkjust hjå den som syng, men songaren skal også forstå samanhengen i Guds frelsesplan og verta i stand til å endra sitt eige liv. Ingen av dei andre salmebøkene har med dei to strofene som innleiier songarens merksemd på sitt eige liv.

Dei tre yngste salmebøkene har korta Kingos salme frå 14 til fem strofer. Kingos salmar er gjennomkomponerte og oppbygninga og strukturen i dei er i høgste grad meiningsberande. Ein kan difor ikkje skjera bort nesten to tredelar av teksten utan at det påverkar salmen i vesentleg grad, både som kunst og som teologi. Denne påverknaden vert sjølvstøtt mest synberr når ein jamfører dei ulike salmeversjonane med Kingos tekst.

⁵³⁹ I Kingos salme om Jesu sju ord på krossen (K301) er dette mønsteret gjennomført. Kvar av Jesus-utsegnene får respons av eg-ets bøn i strofa etter.

Strofevalet i NoS123 er det same som i LR305 (Nyn har den same teksten som LR). Redaktørane av NoS har ikkje vore nøgde med alle vala LR har gjort i tekstarbeidet, og søkjer å koma noko nærare Kingos tekst slik han står i *Vinterparten*. Allereie K endrar Kingos opprinnelege formulering «Vader med sin bare Fod».⁵⁴⁰ Kanskje fann den kongelege salmekommisjonen i København det upassande at Jesus skulle vassa berrføtt i bekken, og skreiv «Over Kedron Jesus træder,/ Med frivillig Aand og Mod» (K285,1). Det kroppslege biletet er erstatta av eit meir psykologisk. I Kingos tekst i *Vinterparten* blir vassinga i den svært tilsølte bekken eit bilete på at Jesus gjer seg urein, han blir «gjort til synd».⁵⁴¹ Fotvasken som innleier påskemåltidet og er ei rituell reinsing før påska, blir dermed utan verdi. Det er «syndaren» Jesus som går mot døden. NoS si tilbakeføring er likevel noko halvvegs: «treder på sin bare fot» (NoS123,1). Å «trede» over ein bekk er noko anna enn å vassa i han, jamvel om foten er naken.⁵⁴² Jesu identifikasjon med syndaren er dermed også svekka.

Mellom det som blir borte etter L i «Over Kedron», er typologien, både David (K285,2) og Adam og Paradis (K285,3-5; der også skildringa av Jesu liding er på sitt mest uhyggelege). Dei tropologiske delane, særleg det som omhandlar eg-ets død, står sterkare. Kingos komposisjon med presensframstillinga av Jesu smerter, før merksemda vender seg mot eg-ets indre, samt samanstillinga mellom GT og NT, er broten etter K. Kva er så igjen? Blomane er bevarte og dei vert tett knytte til salmens eg som sankar trøyst i dei stilt framfor sin eigen død. Tre av dei fem strofene inneheld referansar til graset, blomane og hagen der Jesu bloddropar fall. Men dei vert ikkje samla opp og brukte; eg-et har avstand til hagen jamvel om blomane der blir tilsnakka. Blodet er eit pant på at himmelen er sikra: «for det blod som deg har

⁵⁴⁰ Kingo, 1941, s. 353.

⁵⁴¹ «Han som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så vi skal bli rettferdige for Gud i han» (2 Kor 5,21). Mykje av Jerusalem's avfall vart skola ut i Kedron. I påska, då det vart slakta tallause lam i templet, var bekken ekstra urein.

⁵⁴² Bruken av ordet «treder» verkar heller ikkje som ei modernisering; slik sett kan «vader» vera eit like gangbart val.

farvet,/ gjør at jeg har himlen arvet» (NoS123,4). Men det er ingen augesalve for dagleg bruk (K285,10) og heller ingen «Trøstetaar» (K285,11) eller liniment for den døyande sjela (K285,14). Salmen er i LR, Nyn og NoS mest tropologisk; han handlar i stor grad om eg-et og møtet dette eg skal ha med døden. Men han er lite sanseleg og blodet vert ikkje rørt.

Samanfattande kan ein seia at den typologiske tolkinga av GT-personar- og hendingar, saman med tydelege tilvisingar til profetiane, tilkjenner eit syn på heile Skrifta som frelseshistorie der Jesus spelar ei nøkkelrolle. Dette er ikkje nedfelt i truvedkjenningane og har difor ikkje karakter av dogme. Det er derimot djupt forankra i forkynninga og den religiøse diktinga og formidlinga elles. Revisjonane tar ofte ikkje med dei typologiske koplingane, særleg ser det ut til at Adam-typologien og andre typologiar som alluderer til syndefallsforteljinga eller er sterkt prega av smerte og straff, blir borte. Typologiar som er kan innehalda vakre bilete, som til dømes morgonstjerna eller rotskot og kvistar frå profetien knytte til Jesu fødsel, blir med vidare.

Bibelhermeneutikken har gått gjennom mange fasar etter Kingo og ortodoksien. Mellom anna har den historisk-kritiske bibeltolkinga sett sterkt preg på teologien. Dette har nok bidratt til å svekka den typologiske biletb Bruken og profetallusjonane. Omsynet til kva ein lite bibelsprengd songar kan tenkjast å forstå, spelar også inn; likeins visse smaksbarrierer når det gjeld blod og pinsler, og tålmodet med lange tankerekker på vers i ein salme. Men at nedkortingar og omskrivingar svekkar den diktarlege komposisjonen, kan det ikkje vera tvil om, særleg tydeleg blir dette i somme av salmane til Thomas Kingo.

6.5 Avrunding

Dei eldre salmane er ofte systematiske og pedagogiske og underviser om dei sentrale lutherske lærepunkta. Noko av føremålet deira er å oppseda og forklara tru og lære for menneske som er framande for dei reformatoriske tankane og uvande med å setja ord på teologisk kunnskap og forståing. Endringane i NoS og dei andre norske salmebøkene kjem tydeleg fram når ein ser på dei eldre tekstvariantane. Mange av salmeversjonane i nyare salmebøker føreset relativt sterk bakgrunnskunnskap dersom meininga skal bli klår for den som syng eller les. I ei moderne folkekyrkje av i dag, er det få som har den.

Det er somme likskapstrekk mellom reformasjonsåra og hundreåret etter, og vår tid. Få har kjennskap til Bibelen som heilskap og kyrkjelæra er ukjend. Om ho framstår som ny eller alt for gamal, kjem på mange vis ut på eitt. Reformasjonssalmane har eit sterkt driv mot å innvia menneska i kyrkja i dei lutherske «oppdagingane» og rotfesta dei i protestantisk tru og bibelforståing og eit gagnleg og fromt liv. Nye og moderne salmar freistar i større grad å målbera eksistensielle og aktuelle tankar og spørsmål. Dei er mindre opptekne av læreformidling og bibelsyn. Det overlet dei til dei gamle tekstane som framleis står i salmebøkene. Spørsmålet er om revisjonane av desse eldre tekstane, særleg dei som kan kallast «læresalmar», i tilstrekkeleg grad hjelper songaren til forståing av det kristne trusinnhaldet.

Mange av salmetekstane i NoS, særleg dei som er reviderte eldre tekstar, freistar å mildna skarpe ord om lov og straff og vreide og synd, og om pinsler og blod. Når salmar skal kortast ned, noko som kan vera heilt nødvendig for at dei skal kunna brukast i ei moderne gudsteneste, blir argumentasjonsrekkja i somme salmar broten. Så står ein tilbake med ei rekkje utsegner om nåde og frelse og glede utan den bakgrunnen som dei eldre salmane slett ikkje kvidde seg det minste for å måla opp. Og kva skal ein med frelse og nåde dersom det ikkje er synd og skuld der, eller om

desse debetfaktorane er så små og uskuldige at dei knapt kan telja med?

Salmerevisjonane i nyare salmebøker vil gjerne forklara, men ikkje provosera.

Det som dominerer framstillinga av Jesus i salmematerialet, er hans soningsverk, eller frelsesverk, og dermed hans lidning og død. Ingen andre sider ved hans person er så grundig omhandla i materialet. Andre sider ved han kjem ofte fram i samband med forsoningsverket. Jesu doble natur, at han er både gud og menneske, og det paradoksale ved at heimsens skapar og herskar blir eit lite, fattigt barn, er sentralt særleg i julesalmane. Jesus er også omtalt som bror og ein trøystande og vernande talsmann; han er brudgom, og i somme tilfelle elsker (i K og L). I L er Jesus gjerne hyrding, medan Nyn lar han stå til rors.⁵⁴³ I begge tilfelle er det tale om trygg og sikker leiing gjennom fårar. Hyrdingbiletet er bibelsk, medan rorskaren verkar heimsleg.

I himmelfartssalmane møter vi Sonen som sit på trona med far sin. Salmane til Kristi Himmelfartsdag uttrykkjer stor jubel og glede endå dei tar utgangspunkt i ein avskil. Gleda er henta frå bibeltekstane om himmelfarten og Jesu utsegner om denne.⁵⁴⁴ Læraren og profeten høyrer vi mindre til. Det er referert himmelske samtalar, og Sonen talar til sjela i salmen nokre gonger, men elles er det lite eller ingenting frå talane hans, frå likningane eller undera, som er referert i materialet.

Jesus er titulert som Herre gjennom store deler av salmematerialet, og han er «konge». Han er også knytt til dommen, men ikkje framstilt som ein streng dommar.

⁵⁴³ Vi finn Landstads hyrde til dømes i L2 og L124. Blix brukar bilete frå sjøen, både i eigne salmar og i revisjonane (døme: Nyn195).

⁵⁴⁴ Jesus seier den sorga læresveinane kjenner ved avskilen, skal vendast til glede (Joh16,20). I NoS 1985 er den yngste himmelfartssalmen frå 1913 (skriven av Gustav Jensen). Det verkar ikkje som Kristi himmelfart er det som inspirerer nyare salmediktatar mest, men 2013-boka har med ein lovsong av Tore Aas frå 2004, på engelsk, som ikkje direkte tematiserer himmelfarten, og ei ny omsetjing frå 1985 av ein eldre salme. Det er få av salmane under «helgetorsdag» i 1985 og 2013 som direkte viser til himmelfarten, det er meir tale om lovsongar til den sigrande Herren, som er plasserte der. Heller ikkje pinsesalmane er av nyare dato. Den yngste i 2013 er frå 1902. Kanskje seier diktar-iveren noko om den tilbaketrekte plassen desse to kyrkjelege høgtidene har fått?

Eg-et ber: «En Glædelig Opstandelse mig gif/ Min Talsmand du paa Dommedag blif» (K41,7), noko som blir gjentatt i dei følgjande salmebøkene, dommedag er rett nok ikkje nemnd direkte i NoS (834,3). I den store domssalmen *Dies irae, dies illa* (K266) som skildrar Jesu gjenkomst og dommen, framstår syndaren knust og angstfull. Men dommaren er mild: «Kom i hug, min Jesus milde,/ du for mi skuld koma ville;/ lat mi sjel ei gå til spille» (NoS252,9).

Framstillingane av Jesus er samansette, og det er vanskeleg å isolera det eine biletet frå det andre. Men det kan oppfattast som problematisk biletmessig når Jesus i same salmen er omtalt både som brudgom og som bror, eller jamvel som barn, jamvel om alle desse bileta høver på Sonen.⁵⁴⁵ Dette viser at somt av salmetekstrevisjonen skjer utan at ein vektlegg heilskapen og komposisjonen i salmen. Ein endrar stundom bitvis det som skal fornyast, og ser ikkje i særleg grad etter samanhengen. Det verkar også som ein har ei rekkje med erstatningsformuleringar som kan brukast nærast som eit salmerevisjonens «verktøy på boks». Mellom anna vil uttrykk med «nåde» ha ein slik funksjon i mange salmar.

Dei konkrete skildringane av blod og sår, tortur og lekamleg smerte, blir kraftig dempa gjennom revisjonane. Det som kunne syngjast på 1700-talet og framover 1800-talet, er ikkje gangbart etter første verdskrigen, men verkar smaklaust. Men utan framhevinga av kva Guds Son måtte tola for menneskets skuld, blir det også vanskelegare å få tydeleg fram kva frelsa inneber. Det at omtalen av menneskets synd og skuld, av straff og av død, også blir dempa, bidrar til det same. I staden freistar dei nyare salmebøkene (særleg etter L) å peika på nåde og kjærleik. Mykje av den tradisjonelle forsoningslæra er underforstått, heller enn eksplisitt framheva i seinare salmeversjonar. Dette betyr ikkje at nyare salmebøker ikkje talar om synd og bot, eller om straff og dom, men det skjer i mindre grad enn i originaltekstane, og det

⁵⁴⁵ Eit døme på dette finn vi i Nyn90 (K37) der Jesus både er «Broder blide» (str.7), trulova med eg-et (str.5) og brudgom (str.6).

skjer ofte i meir varsame ordelag. Det blir også færre sanslege framstillingar, mindre heite kjensler, færre famntak og mindre søtt. Bileta av Jesus som brudgom verkar standardiserte og utan detaljar som vekker mange assosiasjonar.

Kva skjer då med Jesus i salmane? Kanskje kan ein seia avstanden til han blir større. Han blir stilisert og «stivnar» i konvensjonelle bilete. I staden for ein fyrig elsker (som i K16), er han ein himmelsk brudgom som i og for seg burde kunna vera det same. Men bryllaupsbiletet har få detaljar i dei yngre salmebøkene, og dei tydelege referansane til Høgsongen er meir avdempa. Den søte og kjærleiksfulle Jesus blir ein Herre. I staden for andletet der ein blodsdrope frå tornekrone pipar inn i ein munn forvridt i smerte, får ein eit krusifiks som kan betraktast på avstand. Samtidig vil ein i nyare salmar finna Jesus framstilt som ein trøystande og forståingsfull ven som er nær og støttande i alle livets forhold. Han har medkjensle med mennesket i alle dei vanskar som kan møte det. I mindre grad er Jesus-skapnaden ein som mennesket har medynk med, eit offerlam som pinest til døde for menneskets skuld. Det er ei vektforskuving ein forstår, når merksemda i større grad blir lagt på menneskets fortviling enn på menneskets synd. Av same grunn får ein mindre bruk for Adam-typologien.

Jesus er framleis Gud og mann, fødd av møya. Han er ven og bror og hyrding. Og han er dommare og den opphøgde på trona. Alle dei ulike framstillingane finst både i K og i NoS, men dei er mindre detaljerte, mindre opprivande og mindre sanslege i NoS. Og såleis er denne personen vanskelegare å bli kjend med i dei nyare salmebøkene enn i den eldre tradisjonen.

Jamvel om mange av dei eldre utgåvene av salmane i materialet har eit alderdommeleg språk og kan halta ein del både i rytme og rim, kan dei kanskje forklara betre og underforstå mindre enn ein del nyare versjonar. Det er jo føremålet med dei gamle salmane: Å gjera bodskapen og læra klår for folket. Dei gamle

salmeversjonane vil nok ikkje fungera i ein moderne gudstenestekontekst, men samtidig krev det ein heil del å skjøna kva somme av dei nyare versjonane snakkar om også. Salmene i dei nyare versjonane verkar stundom vera meir opptekne av å ikkje støyta eller vera for krasse, enn å kommunisera eit tydeleg læreinnehald.

7. Formell fase. Tredje trusartikkel. Anden og kyrkja

Den tredje artikkelen i den apostoliske truvedkjenninga (*symbolum apostolicum*), lyder: «Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av kjøtet og evig liv».⁵⁴⁶ Sett bort frå innleiingsformuleringa, seier denne artikkelen ingenting direkte om den tredje personen i guddommen, *Spiritus sanctus*. Førsteleddet i det latinske namnet tyder pust eller vind. Anden er difor merkbar, men ikkje synleg. Dette er også spegla i biletbuken i salmane som har langt færre konkrete bilete knytte til Anden enn til dei to andre personane i treeininga. Slik korresponderer salmematerialet også med Bibelens biletbuk. Medan dei to første artiklane handlar om Faderens og Sonens gjerningar og vesen, er den siste artikkelen meir ei oppsamling av fleire sentrale punkt i kyrkjelæra.⁵⁴⁷ Store deler av artikkelen handlar om mennesket, om livet på jorda og i kyrkja (helginga), og om døden og det evige livet.

I det følgjande vil eg utforska korleis Den heilage ande vert framstilt i salmematerialet og om dette vert endra gjennom revisjonane. Dette underkapittelet set også fokus på kyrkja og det kristne fellesskapet («samfunnet av dei heilage»). I dette finn ein element frå tropologien i den klassiske quadrigaen; her handlar det om korleis kristenlivet skal levast. Med til livet i kyrkja høyrer forkyning av ordet, forvaltning av sakramenta og song og tilbeding. Dette vil også bli handsama i kapittelet i den grad det er relevant for salmematerialet. Trusartikkelen har også eit moment om forlating for syndene. Difor vil framstillinga av synd og syndstilgiving

⁵⁴⁶ Brunvoll & Sannes, 2017, s.17. *Apostolicum* er den oftast siterte vedkjenninga i gudstenestene i Den norske kyrkja. Og det var denne vedkjenninga som vart forklart i katekismene, mellom anna Luthers vesle katekisme som er offisiell læreskrift i Den norske kyrkja, som ho var på 1600-talet.

⁵⁴⁷ I den vesle katekisma set Luther følgjande overskrifter på dei tre artiklane i *apostolicum*: «om skapinga», «om frelsa», «om helginga» (Brunvoll & Sannes, 2017, s.145-147).

bli drøfta, jamvel om det er uråd å skilja det heilt frå det som handlar om Jesu død og oppstode som er sentralt i den andre trusartikkelen. «Oppstoda av kjøtet og evig liv» tilhører anagogia i quadriga. Det kan argumenterast for å drøfta alt som gjeld døden og æva under den tredje trusartikkelen. Men eg vel å utsetja noko av det til kapitlet om den anagogiske fasen, fordi det vil gi meg høve til å sjå på forholdet mellom quadrigaens anagogiske forståing, og Frys anagogiske fase.

Medan Faderen har fleire antropomorfe bilete knytte til seg og Sonen vart eit menneske, er Anden mindre konkret framstilt, både i NT og i salmane. Han har rett nok fleire «titlar» som også kan knytast til oppgåvene hans for dei truande, som trøystar, lærar og talsmann, men ikkje lekamlege attributtar. I NoS vil salmane om Anden vera plasserte under «pinse» medan det i K og dei andre var salmar til og om Anden også mellom dei alminnelege salmane som var i bruk gjennom heile kyrkjeåret.

7.1 Den heilage ande. Vesen og gjerning

Det er få heile salmar som er vigde til Den heilage ande. Oftast opptrer Anden i selskap med dei to andre personane i guddommen. K9 målber den nicenske truvekjenninga som også er vedkjenningskrift i Den norske kyrkja. Der har kvar person si strofe og Anden vert presenterer slik:

Vi Tro og paa dend hellig Aand/
Lige med Faderen og med Sønnen/
Som alle bedrøfvedes husvaler er/
Med dyrebare Gafver og Naader skønne
Ald gandske Christenhed paa Jorden/
Et Samfund gjorde med sine Orde
Ved hannem vore Synder tilgifne vorde/
Vi Mennsker skulle alle opstande
Efter dette Elende
Et nyt Lefnet er os bereed
I Ævighed og til ævig Tid (K9,3).

Poenget med at Anden er «Lige med Faderen og Sønnen» (K9,3) vert framheva i fleire salmar.⁵⁴⁸ Salmane er medvitne om at Anden kan vera vanskelegare å få «tak på» enn dei andre personane, sidan han er usynleg og gjer si gjerning meir i bakgrunnen. Når Den heilage ande er teikna eller malt, er det ved symbol som ei due eller ein eldsloge. Strofa dreg fram Anden som trøystar for dei sorgfulle. Dette er ofte med i omtalen av Anden i salmematerialet, men korkje den apostoliske truvedkjenninga eller den nikenske seier noko eksplisitt om trøystaren jamvel om trøystargjeringa høyrer med til den bibelske omtalen av Den heilage ande. Dette er også eit døme på at slett ikkje all biletb Bruken i salmematerialet lar seg femna av formuleringane i truvedkjenningsartiklane. Samfunnet av dei truande, forlating for syndene, oppstoda og det evige livet samsvarer med både *Apostolicum* og *Nicænum*. Ein legg også merke til at strofa understrekar Ordets funksjon i danninga av «Et Samfund» (K9,3). Her skal vekta truleg liggja på «et»; det er tale om éi kyrkje, og det som provar om kyrkja er den rette og eine, er forholdet til Guds ord, formidla ved Den heilage Ande. Her er det tale om den universelle kyrkja; Guds kyrkje på jorda, og ikkje ei spesifikk lokal eller nasjonal kyrkje, jamvel om dei same ønska også kan gjelda for desse storleikane.

Ønsket om einskapen i kyrkja er felles for alle salmebøkene, men det er berre K9 som lar «Al ganske Christenhed paa Jorden» vera skipa ved ordet. I K endar salmen med erklæringa om trua på det nye livet som skal vara i all æve, medan tekstane frå L og utover alle endar med ei bøn om å få tru: «Amen. Guds Aand os Troen giv!» (L12,3 og dei andre). Det kan verka underleg at ein salme som erklærer tru med ord frå truvedkjenninga, endar med å be om tru. Dette kan tolkast som at dei vedkjenningsord kollektivet kjem med, ikkje står fast utan at Anden er der og gir trua; det blir ein rundgang med vedkjenning og bøn der det truande mennesket aldri er heilt

⁵⁴⁸ Både L og LR framhevar denne likskapen i revisjonen av K9: «Gud med Faderen og Sønnen» (L12,3 og LR32,3) medan Nyn og NoS ikkje understrekar det trinitariske i denne strofa.

stødig åleine, men må ha hjelp frå Den heilage ande. Slik blir både kristenmenneskets og Andens posisjon klårlagt.

Anden vert både tiltalt og omtalt i salmematerialet. Mellom anna finn vi bønosalmar retta til Den heilage ande. Ein av desse har plass som nummer to i K under «Almindelige Psalmer, som paa Søndagene, Festerne og de ugentlige Bededage sjunges i Guds Menighed efter Ritualet».⁵⁴⁹ Plasseringa viser Andens sentrale rolle i gudstenesta, og teksten har gått vidare til dei andre salmebøkene i materialet, uavkorta og med lite endra innhald. «Nu bede vi den Helligaand» (K2) byggjer på ei gamal tysk pinse-leise frå 1100-talet som Martin Luther meinte var ein god song å syngja i den daglege andakta.⁵⁵⁰ Han dikta til tre strofer slik at det vart ein fullverdig gudstenestosalme.

Det kan høva å sjå nærare på denne salmen (K2) både fordi han høyrer til mellom dei mest brukte salmane fremst i K, og fordi tre av strofene er av Luther. I dei fire eldste salmebøkene i materialet er salmen plassert mellom dei alminnelege salmane og brukt til inngang. Denne plasseringa bidrog til at han vart flittig sunge gjennom heile kyrkjeåret langt fram mot slutten av 1800-talet. Ein slik status som «kjernesalme» hadde han også i Danmark og Sverige.⁵⁵¹ I NoS står salmen under overskrifta «pinse» der dei salmane som i særleg grad tematiserer Anden, hamnar i den salmeboka.⁵⁵² Redigeringsprinsippet med alminnelege salmar til bruk gjennom heile kyrkjeåret, er forlate i NoS som innbyr til eit langt friare salmeval enn det tidlegare salmebøker la

⁵⁴⁹ Kingo, 1967 [1699], *Gradual*, s.1.

⁵⁵⁰ Leisene var morsmålsinnskot i den latinske messa. Dei har namnet sitt etter bøneropet «kyrie eleison», som nemnt i innleiinga. Leisene er noko av det eldste «tilløp til salmesang på morsmålet som er kjent på germansk grunn. Det ble sunget av menigheten i forbindelse med kyrieleddet som i middelalderen ble gjentatt 9 ganger» (Grøm, 1995, s.136). Førstestrofa i K2 har mykje felles med Luthers forklaring og pinse-leisa er slik hjå Luther som ein også finn den i katolske kjelder (Malling, 1963, s. 421). Tradisjonen fortel at ei due av tre vart firt ned frå taket i koret medan kyrkjelyden song denne leisa; ein kunne jamvel sleppa ei levande due under songen (Malling, 1963, s.422).

⁵⁵¹ Kjærgaard, 2003, b II, s. 297. Salmen er framleis med også i *Den svenska psalmboken*, 1986 (nr.363), første gong trykt i *Svenska songer eller visor* (1536); første strofa, som bygde på leisa, fanst på svensk frå mellomalderen. (Nisser & Selander & Bernskiöld, 2017, B.II, s. 397-401.)

⁵⁵² Også hjå Luther var salmen i utgangspunktet skriven til pinse i *Deutsche Messe*.

opp til. Dette kan leia til at Anden vert mindre omsungen eller tilbedt i salmesongen. Salmen peikar på fleire av dei aspekta ved Andens eigenskapar og verknader som er sentrale i materialet. Leisa har fokus på trua:

Nu bitten wyr den heyligen geyst
umb den rechten glauben aller meyst,
das er uns behute an unserm ende,
wenn wyr heym farn aus disem elende.
Kyrieleys.⁵⁵³

Leisa ber først og fremst om å få ha den rette trua.⁵⁵⁴ Dette kan berre Den heilage ande bistå med. Under er førstestrofa slik ho står i dei fem salmebøkene i materialet; i NoS finst denne salmen både på bokmål og nynorsk, det blir altså seks variantar.

Nu bede vi den Helligaand
Alt om den christelige Troe og Forstand/
Det os Gud bevare/
Og sin Naade sende,
Naar vi heden fare
Af dette Elende,
Kyrie eleis (K2,1).

Nu bede vi den Helligaand
Frem for alt om Troen ret og sand!
At vi den bevare
Til vor sidste Ende,
Naar vi skulle fare
Hjem fra al Elende.
Kyrie eleison (L3,1).

Nu beder vi den Hellig Ånd
Fremfor alt om troen rett og rett og sann
At vi den bevarer
Til vårt liv har ende
Og vi glade farer
Hjem fra all elende
Kyrie eleison! (LR3,1).

No bed me Heilag-Anden god
Framfor alt um kristen tru og mod,
At han oss vil vara
I dei tunge tider,
Til me heim skal fara
Og med dauden strider.
Kyrie eleison! (Nyn7,1).

Nå ber vi Gud, Den Hellig Ånd,
fremfor alt om troen rett og sann,
at vi den bevarer
til vårt liv skal ende,
og vi glade farer
hjem fra alt elende.
Herre, hør vår bønn! (NoS210,1.)

No bed vi Heilag-Anden god
om den rette tru og heilag mod,
at han oss vil vare
til vårt liv skal ende,
alt til vi skal fare
heim frå vårt elende.
Herre, høyr vår bøn! (NoS211,1).⁵⁵⁵

⁵⁵³ NNSL, 2013, s. 52.

⁵⁵⁴ Den første strofa i den tyske salmen er ikkje av Luther, men høyrer til mellomalderleisa (Grøm, 2013, s. 54).

⁵⁵⁵ Salmen er med på både bokmål og nynorsk i *Norsk Salmebok* 2013 (nr. 513) i same form som i NoS. Medan salmen står under «pinse» i NoS, er han plassert under «Den heilage ande» i 2013.

Når vi jamfører dei seks strofene ser vi mange fellestrekk. Men revisjonen av leisa gir også eksempel på ei rekkje endringar som kan verka små, men som kan ha større implikasjonar likevel. Den eldste (kjende) danske omsetjinga er frå 1528.⁵⁵⁶ Bortsett frå ortografiske endringar, følger K denne teksten. K ber om «dend Christelige troe og ræt Forstand» (K2,1). Det kan innebera at ein ber om å forstå dei kristelege trussanningane på rett måte, ei bøn som harmonerer med reformasjonens fokus på å kjenna og forstå Ordet, noko Anden ifølgje Skrifta skal bidra til.⁵⁵⁷ Slik eg les K, er det Gud som skal bevara trua og forstanden hjå salmens «vi», og han skal senda sin nåde, underforstått til frelse og hjelp, når «vi» skal fara heden.

Dette endrar seg hjå Landstad. Her ber ein «Frem for alt om Troen ret og sand!/ At vi den bevare/ Til vor sidste Ende» (L3,1). Slik er det i bokmålstekstane også i LR og NoS. Ein kan argumentera for, slik Landstad kanskje har gjort, at å bli bevart i trua, og å bevara trua, er om lag det same. Det er likevel skilnad i kven som er den aktive parten. I alle bøkene gjeld bøna for tida fram til enden, då ein i LR3,1 og NoS210,1 «glade farer» frå alt elende. Elendet har elles halde seg godt i alle salmebøkene. Tanken attom er at verda ligg under for syndemakta og alt som følger i hennar fotefar. Menneska, og kyrkja, må heile tida kjempa mot dei vonde kreftene i og omkring seg, og oppnår fridom først når dei kjem «heim» (Nyn7,1). Til alle tider har vel også elendet hatt konkrete og materielle ovringar som ein kunne ønskja seg bort frå. Medan éi teologisk forståing av vondskapen opnar for å heimla alt leit hjå synda, opnar både skapings- og frelsesteologien for å sjå på tilværet som noko meir og betre enn «elende», og ei meir moderne forståing av verda og livet vil leggja vekt på det

⁵⁵⁶ Står hjå Claus Mortensen 1528 *Thet hellige Euangeliske Messe embede*. Malling, 1963, s. 422.

⁵⁵⁷ Joh 16,13: «Men når han kjem, Sanningsanden, skal han leia dykk fram til heile sanninga».

siste. Likevel vel salmebøkene både i 1985 og 2013 å halda på formuleringa om å koma «heim frå alt elende» ved Andens hjelp (NoS211,1; NoS 2013 513).

Nyn ber ikkje om ei rett tru, men om «kristen tru og mod» (Nyn7,1). Motet er på sin plass når dei tunge tidene kjem og ein til sist lyt stri med døden. Døden er den siste fienden og fleire av salmane i materialet nemner dei freistingar og prøvingar som kan koma i dødskampen.⁵⁵⁸ Denne kampen er ikkje nemnd i NoS, der er døden ei reise, i bokmålsversjonen jamvel ei ferd som ein tek med glede: «til vårt liv skal ende,/ og vi glade farer/ hjem fra alt elende» (NoS210,1). NoS211 kjem tett på den tyske teksten når salmen her ber Anden om at «han oss vil vare til vårt liv skal ende» (NoS211,1).

Dei tre Luther-strofene har fokus på lys (str.2), kjærleik (str.3) og trøyst (str.4). Lys er vanlegvis ei nemning og eit bilete som blir brukt om Jesus i NT, men det samsvarer godt med Luthers forklaring om Anden som opplyser og underviser. I evangeliet lovar Jesus læresveinane at når talsmannen kjem, skal han «læra dykk alt og minna dykk om alt det eg har sagt dykk».⁵⁵⁹ I NoS blir også det auditive understreka: «så vi alltid hører/ Herrens kjære stemme» (NoS210,2); «så vi alltid høyrer/ han, vår Frelsar, kalle» (NoS211,3). Dette er ein bibelallusjon (til dømes til hyrderøysta i Joh 10) som vi ikkje finn i Luthers originaltekst, men som samsvarer med den protestantiske kyrkjjas vektlegging av ordet, forkynt og lytta til. Ordet er eit nådemiddel i luthersk teologi. Gjennom Guds ord vert nåden formidla til mennesket. NoS legg, som Luther og K, vekta på at ein skal bli verande i det gudsriket ein vert kalla til, og ha det som sin heim, medan dei andre salmebøkene er noko meir «aktive»: «Blive, bo og bygge» (L3,2 og LR3,2); «Fram med frimod treda» (Nyn7,2),

⁵⁵⁸ Forståinga av døden som fiende, kan heimlast i Bibelen: «Den siste fienden som blir gjort til inkjes, er døden» 1 Kor 15,26. Døme på døden som fiende i materialet: K46,8.

⁵⁵⁹ «Men talsmannen, Den Heilage Ande, som Faderen skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk om alt det eg har sagt dykk», Joh 14,26. Kapitlet 14, 15 og 16 i Johannes, omhandlar Andens verknad.

noko som leier tanken mot ei helging der den truande er aktiv og arbeidande, og ikkje berre blir verande.⁵⁶⁰

I siste strofa talar K om «Dødens Elende» då ein må «med Djævlen kive» (K2,4). Djevelen, eller klagaren, *diabolos*, fører skuldingar mot menneska framfor Gud og framfor menneskets samvit. Det er altså tale om ein slags juridisk kamp der djevelen er aktor og Anden forsvarar. Medan Gud tilgir og gløymer syndene, held djevelen dei friskt i minne og presenterer dei for sjela. Slik dreg han frelsa i tvil, særleg når sjela er veik og ventar døden, slik at ho kjem i store anfektingar: «Når den onde frister / Alt vårt liv anklager» (LR3,4 og dei andre). Tvert imot djevelen peikar Anden på Jesu soningsverk og seier at synda er oppgjort og skulda betalt. Ein dødskamp med anger og sorg over feile val og forspilte sjansar, er ikkje uvanleg, jamvel om ein ikkje tenkjer det er djevelen som står bak. Dette er altså ei allmenn erfaring som K set inn i ei frelseshistorisk forståingsramme.

Medan K2 knyter den store striden med djevelen særleg til dødskampen, er dette sambandet mindre eksplisitt uttrykt i dei andre salmebøkene. Der kjem djevelens klagemål når som helst eller «i de tunge dager» som NoS uttrykkjer det (NoS210,4). Men også Nyn nemner døden: «Når hin freistar vonde/ I dei myrke dagar/ Og i daudens stunder/ All vor livnad klagar!» (Nyn7,4). Djevelen er kalla «den onde Frister» i salmebøkene etter K, «den vonde fiend» i NoS211, (i L og LR er namnet «djevel» brukt i tillegg). Der LR har «Hjelp vi frykter djevel ei og død!» (LR3,4) har NoS «så vi aldri frykter dom og død» (NoS210,4). Det ein fryktar i NoS er ikkje djevelens åtak og klagemål, dei fortviler NoS over, men døden og dommen som kan gjera ende på vona om å bli frelst. Djevelen får altså litt mindre merksemd i salmen etter LR.

⁵⁶⁰ Skriftstader som «arbeid på dykkar frelse» (Fil 12,2) og «byggja på den grunnvollen som er lagt» (1 Kor 3,12; Ef 2,20), kan byggja opp under ei slik forståing.

I alle salmebøkene før NoS er den gamle forma «Kyrie eleison» brukt som omkvede, medan NoS har «Herre, hør vår bønn» eller «Herre, høyr vår bøn». Grøm beklagar denne endringa i omtalen av denne salmen i NNSL:

Akkurat som de gamle hebraiske hyllingsropene Halleluja og Hosianna har blitt overtatt av den kristne kirke og sunget i snart 2000 år og i vårt land i 1000 år, så har kirken stemt i det gamle bønnenropet Kyrie eleison (=Herre, miskunne deg) fra den greske evangelieteksten og brukt det i alle livets situasjoner. Det er et av båndene som knytter slektene og folkeslagene sammen som gudsfolket på tvers av alle grenser.⁵⁶¹

Også *Norsk salmebok 2013* vel å omsetja *kyrie eleison*-ropet. Både den greske forma og omsetjinga finst i gudstenesteliturgien, men salmebokredaksjonen har her valt den norske forma, truleg for at flest mogleg skal forstå. For det faktums skuld at salmen har utgangspunkt i ei *leise*, kunne den greske forma vore vidareført. Men for songarar flest i kyrkjebenken, vil det vera ein irrelevant samanheng som ikkje blir forklart ut frå val av omkvede.

Det er som del av treeininga ein oftast møter Anden i salmematerialet.⁵⁶² Den trinitariske salmen «Aleniste Gud i Himmerig» (K6) har ei strofe vigd Den heilage ande, som presenterer fleire av Andens oppgåver hjå det truande kollektivet:

O Helligaand, vor Trøstermand
Som os al Sandhed kan lære,
Hjælp os at blive ved din Lærdom,
Gud Fader og Søn og dig ære;
Beskjærme os fra Djævelens falske List,
Hjælp os aat troe paa Jesum Christ,
Og blive salige, Amen (K6,5).

Anden har ein viktig funksjon i forhold til kva ein skal tru, «din Lærdom», og for at ein skal bli verande i trua. For djevelen prøver på utkrope vis å leia kyrkjelyden på

⁵⁶¹ Grøm, 2013, s. 55.

⁵⁶² Eit døme på dette er revisjonen av K2 der NoS210,1 har «Gud, Den Hellig Ånd» (mi understreking). Trua på den treeinige Gud er særleg framheva i Den athanasianske truvekjeninga (*Symbolum athanasium* eller *Symbolum Quicumque*) som også er vedkjenningskrift i lutherske kyrkjer (Brunvoll, 2017, s.23-24).

avvegar. Trøystar er det føretrekte namnet på Anden i salmematerialet. Det maskuline «Trøstermand» er forlate etter L; bokmålstekstane skriv «trøster sann» i staden. Det kan vera tale om fleire former for trøyst. Då Jesus forlét læresveinane og «før opp til himmelen» som det heiter i truedkjeninga, var trøysta at Anden skulle koma. For kyrkja er trøysta at Anden er til stades i det kyrkjelege livet. For den enkelte songaren gir gudsnærveret ved Anden støtte i ulike forhold i tilværet. Korleis det blir oppfatta av den einskilde, kan ikkje salmeteksten regulera, men «trøyst» underforstår ein situasjon prega av ulike grader av sorg og sut. Trøystarnamnet skriv seg frå same opphavet som talsmann eller advokat, *parakletos*.⁵⁶³ Strofa sitert over, viser til «all Lærdom». Anden underviser om sanninga og hjelper dei truande til å halda fast på den rette læra. Han vernar mot djevelens åtak, stør trua på Jesus Kristus og hjeper til sist dei truande over dørstokken inn til sæla. Anden får ei nøkkelrolle både når det gjeld kva ein skal tru (*allegoria*), korleis ein skal leva (*tropologia*) og til sist bli frelst (*anagogia*). Dette er teke vare på i alle versjonane.⁵⁶⁴

7.2 Kyrkja og samfunnet av dei heilage

Fellesskap, einskap og kjærleik mellom dei truande i kyrkja, er hyppig omhandla i salmematerialet. Likeins dei funksjonane som kyrkja har overfor dette fellesskapet. Kyrkja ligg under som ein premiss for forståinga av det kristne livet. Den allmenne kyrkja kjem først og fremst til uttrykk gjennom bruken av den kollektive røysta i salmen og bøna, stundom uttrykt som eit «jeg», jamvel om pronomenet i singularis

⁵⁶³ I Johannesevangeliet er det greske ordet *parakletos* (tilsvarer *advocatus* på latin) som tyder forsvarar i ei rettssak, brukt først og fremst om Den heilage ande (i Joh kap. 14, 15 og 16). Men også Jesus er omtala som «paraklet» for menneska framfor Gud (Joh 2,1). Ordet blir brukt meir ope som «hjelpar» eller «talsmann». <https://snl.no/paraklet> (2023, 12. april).

⁵⁶⁴ I LR2, Nyn6, og NoS236 er salmen redigert slik at kvar av personane i guddommen får ei strofe kvar og den første av dei fire strofene fungerer som ei innleiingsstrofe. I K og L er Sonen tilgodesett med to strofer.

også leier tanken meir mot den einskilde. Det er kanskje også noko av føremålet med denne pronomenbruken.

Det er i og gjennom kyrkja eg-et får syndstilgiving og opplysning, heilagging og stadfesting i den rette trua. Det er ikkje noko kristent liv utanfor kyrkja, ifølgje Luthers forklaring. Samstundes som Luther gjennom sine skrifter gjer det einskilde kristenmennesket myndig til å lesa og tolka Bibelen sjølv (det allmenne prestedømmet), stengjer han vegen for ei privat kristendomsforståing. Det er gjennom kyrkja, og saman med heile den kristne kyrkja på jorda, ein har tilgang til sann kristen tru og tanke, og evig liv. I salmane kjem denne forståinga fram gjennom dei stendige bønene for einskap og semje i kyrkja.

7.2.1 Anden og Ordet

Dei verktøy Anden nyttar når han skal gjera si gjerning i kyrkja, er ordet og sakramenta.⁵⁶⁵ Guds ord har ein framskoten plass i salmematerialet. Det peikar attende på Bibelens ord som er heilt sentralt som lærenorm og rettesnor i lutherdomen. Men ordet er også det som vert forkynt i gudstenesta, og jamvel salmane som vert sungne.⁵⁶⁶

Fleire av salmane vender seg til Anden i bøn. Slik er det også i K186: «O Hellig Aand kom til os ned», ein salme som er kraftig nedkorta i NoS.⁵⁶⁷ I NoS er Anden det «himmellys som mørkner ei», som rettleier «ved Ordets lys og stjerne» og som ryddar ut «mørkets tanker» (NoS547,1). Han gir «kraft og virkning ved ditt ord»

⁵⁶⁵ Jensen, 2004, s.123.

⁵⁶⁶ Vi kan igjen minna om Thomissøns forord: «For det tredie/ lærer Paulus/ at det er icke den ringeste maade til at rigelige oc Christelige bruge/ øffue/ formere oc beuare Guds Ords salige kundskap iblant oss/ at wi det haffue met skøne Rim befattet vdi Psalmer pc Loffsange/ oc Aandelige deilige Viser/ som wi skulle siune for HERren aff hiertet» (Thomissøn, 1997 [1569], forord, u.p.).

⁵⁶⁷ Salmen er i K plassert på fjerde søndag etter påske, altså tett før pinse. L, LR og Nyn har salmen mellom dei allmenne først i boka, medan han i NoS hamnar under overskrifta «Guds ord».

(NoS547,2) slik at dei kristne kan vedkjennast trua «i enhet» (NoS547,2). Samtlege salmebøker talar om «ditt ord» i andrestrofa, her må «ordet» forståast som bodskap. Det som vert sendt ned på jorda frå Gud, kan assosierast både med Sonen og med Anden. Her er det Anden som får eigarforhold til ordet. Linjene viser det tette sambandet i guddommen; Anden talar ikkje noko av seg sjølv, men er ein talsmann på vegner av Jesus. Berre dei to første strofene av K186 er med i NoS, og biletbuiken i dei er godt i samsvar med den i K og L19. Dei andre salmebøkene har sju (K og L), fem (LR) og seks (Nyn) strofer. I NoS er det kollektivet som ber om at Anden tek bustad hjå dei og hjelper og gleder dei. Det handlar først og fremst om kunnskap, rettleiing, tru og bøn, om glede og om å kunna vedkjenna. I dei andre salmebøkene er fleire av Andens eigenskapar og gjerningar nemnde, som «Visdoms rige Kildevæld» (L19,3 og K185,3) som lærer «os» å leva som gode eksempel i innbyrdes kjærleik. Salmen har ei elegant strofeform. Som vi kan sjå under, er det mogleg å stilla strofa opp som eit figurdikt med pokalform der Andens gåver, eller «Kildevæld» kan samlast opp.⁵⁶⁸ Strofa (K186,5) som ber om einskap mellom dei truande, innleier med å titulera Anden som rik på visdom:

Du Viisdoms riige Kildevæld/
 Som fylder hver oprigtig Siæl/
 Lær os det her i Lifve/
 At vi i Troend Enighed/
 Med sand inbyrdes Kierlighed/
 Maa got Exempel gifve.
 Bøyd du
 Vor hu
 Til din Lære/
 Dig til Ære/
 Hielp at priise
 Gud/ og hver Mand godt
 beviise.

⁵⁶⁸ Salmens sju strofer skulle opprinneleg symbolisera Andens sju gåver, men i NoS er strofetalet redusert til to, og det er Andens lys og rettleiing som er hovudtema (Grøm, 2013, s. 132-133). Pokalforma er mogleg for fleire salmar, slik vi alt har sett, men fanst ikkje i salmebøkene. Elles var pokaldiktet ikkje uvanleg, til dømes i dedikasjonsdikt til adel og kongelege.

I denne strofa, som ikkje har gått vidare etter Landstad, ber songarane om einskap i trua og innbyrdes kjærleik, slik at ein kan vera gode føredøme. Dette alluderer til det nye bodet Jesus gir læresveinane sine: Dei skal elska kvarandre slik han har elska dei.⁵⁶⁹ Kjærleiken gjeld først og fremst fellesskapet av dei truande, men både bibelallusjonen «got Exempel gifve» og sistelinja: «Gud/ og hver Mand got beviise» peikar ut over fellesskapets grenser og til verda og menneska ikring. Det er elles lite både av misjonale og diakonale tilskundingar i salmematerialet. Dei fleste oppmodingar om å gjera godt er anten heilt uadresserte, eller dei gjeld det kyrkjelege fellesskapet. Men jamvel om nyare salmebøker gjerne framhevar og styrkjer det tropologiske i revisjonane av eldre salmar, har denne strofa ikkje gått vidare.

Anden opplyser den rette vegen som er anvist i ordet. Slik kan menneska finna leia til himmelen og sleppa å famla eller snåva i mørket. Men lyset driv også ut «mørkets tanker» (NoS547,1). Truleg er det her tale om meir enn «mørke tankar» eller «tunge tankar» slik ein gjerne umiddelbart oppfattar teksten. Tankane frå mørket er snarare freistingar og tvil. Både K og L talar om «Mørkheds Tanker» (L19,1; tilsvarande i K186,1). I Nyn er det enno tydelegare framheva at tankane kjem til eg-et utanfrå: «Lys for fotom!/ Riv med rotom/ Ut dei tankar/ Som frå myrkheim til meg vankar! (Nyn24,1).⁵⁷⁰

K186 gir gjennom bøna til Anden eit vakkert bilete av denne personen i guddommen: Anden representerer kjærleik og visdom, rettleiing og støtte, fred og semje, vern mot splid og uvenskap, trøyst og lækjedom og von om evig liv. Anden framstår som forsonleg og mild og dei sanslege bileta forsterkar dette inntrykket. Anden leier på den rette stien og lærer dei truande å bera krossen sin i tolmod, og han er den borga der dei kan «bygge» i «nødens tider» (LR38,3 ; K186,4; L19,4; Nyn24,3). Anden er

⁵⁶⁹ «På det skal alle skjøna at de er mine læresveinar: at de har kjærleik til kvarandre» (Joh 13,34-36).

⁵⁷⁰ I motsetnad til alle dei andre salmebøkene vel Nyn her å nytta første persons pronomen singularis. Det gjer Nyn også i sistestrofa. Den nynorske salmeteksten brukar elles mest pluralis i denne salmen, og skifta mellom eintal og fleirtal skaper ikkje brot i teksten.

også ein dyr «balsam» som gir hjartestyrke og læking (Nyn24,4; K186,5; L19,5) og himmeldogg som gir grøderikdom og fred (K, L, LR og Nyn). Dei to strofene som står att i NoS får med mykje av Andens verk og eigenskapar, særleg når det gjeld det som har med ordet, tanken og visdomen å gjera. Men somme av dei sanselege detaljane som fyller ut biletet av Anden, går tapt. Anden blir såleis meir ein intellektuell storleik enn ein mild ven. Men strofevalet i NoS harmonerer godt med plasseringa under «Guds ord» i denne salmeboka.

Salmen «Beholt os/ HERre/ ved dit Ord» (K109) skreiv Luther som ein barnesalme på tre strofer. Det galdt å be om hjelp mot erkefiendane til kyrkja, paven og dei tyrkiske invasjonstyrkane.⁵⁷¹ I denne salmen ber kyrkjelyden om å bli haldne fast ved ordet. Bønestrofene er retta til den treeinige Gud, og «Du Hellig Aand/ Sand Trøstermand» vert beden om å gi Guds folk «en ret Forstand», om hjelp i «vor sidste Nød» og evig liv (K109,3). Ser ein dette i samband med byrjinga på salmen, som omhandlar «ordet», ber ein om å forstå Guds ord på ein slik måte at ein til sist går sæl ut av tida. Dei tre Luther-strofene er med i dei fire yngste salmebøkene, rett nok utan pave og tyrkarar, medan K har to ekstra strofer som forsterkar ønska om motgang for fiendane.

Dei fire yngste salmebøkene ber ikkje Anden om forstand, men om «enig tro i alle land» (NoS545,3).⁵⁷² NoS plasserer salmen under rubrikken «Guds ord», medan dei andre salmebøkene har han med under den allmenne delen fremst i boka. Både tematikken i K der det handlar om visdom og forstand, og einskapen i trua i dei nyare bøkene, er sentral når det gjeld Anden. Bøna om einskap harmonerer også særst godt med den ekumeniske tenkinga i kyrkja som skaut fart på byrjinga av 1900-talet.⁵⁷³

⁵⁷¹ NNSL, 2011, b.I s. 439-442.

⁵⁷² Luthers tekst lyder «Gott heilger Geist du tröster werd/ gib deim volck einrley sinn auff erd»; noko som støttar opp under revisjonane, (NNSL 2011, b.I s. 440).

⁵⁷³ Bakkevig, 1991.

Innleiinga av salmen i K109, og i L og LR, ber om at Guds ord skal bli halde oppe «hos os» (L29,1). K formulerer det litt annleis: «Beholt os/ HErre/ ved dit Ord» (K109,1) som ein kan lesa som ei bøn om å bli haldne fast ved ordet. I Nyn og NoS er vekta mellom «oss» og «ordet» noko forskuva. Her ber ein «Gud, hold oss oppe ved ditt ord» (NoS545,1) noko ein forstår som ei bøn om at ordet skal gi mot og kraft og halda dei som syng, oppe. Dette, saman med at «Forstand» er fjerna, svekkar denne salmens fokus på ordet og læra. Merksemda mot einskapen og styrkinga av fellesskapet er auka, det eg andre stader har kalla ei tropologisk dreieing av salmens meiningsinnhald. Det er likevel ikkje snakk om å avvika frå det som er Andens gjerning. Snarare er det ei vektforskyving.⁵⁷⁴ Den sæle utgangen er alle salmebøkene same om, også den høver med truvedkjenninga.

Ordet høyrer med til det sakramentale i gudstenesta; Gud vender seg til kyrkjelyden. Som eit svar frå kyrkjelyden er songen er ein av dei sakrifielle funksjonane i gudstenesta, svært ofte ein lovsong til Gud eller ein takkesong for velgjerningane hans, ei bøn eller ei vedkjenning.⁵⁷⁵ Svært mange salmar legg vekt på at ein skal takka og lovsyngja. Både lovsongen og oppmodingane til pris og takk held seg godt gjennom salmerevisjonane. Lovsongar som hyllest til Gud er alt kommentert fleire stader i dette arbeidet, til dømes K152,2 der salmane vert jamførte med palmegreinene som helste kongen velkomen då han reid inn i Jerusalem. Det finst ei rekkje døme på lovsongar i materialet. Eit av dei er «JEg vil mig Herren lofve» (K53) som er ei lovprising av Jesus. Salmen, som er ei gamal Maria-vise omarbeidd av Hans Thomissøn (1569) er med i alle fem salmebøkene. (Salmen har ti strofer i K og L, medan Lr stryk to og Nyn og NoS fire (dei same).) Bernt Støylen har omsett salmen til nynorsk (1906), men den nynorske teksten i NoS ber også Kr. J. Ørjavik sitt namn, og ein ventar difor at salmen her er vesentleg omarbeidd frå Nyn. I K heiter

⁵⁷⁴ Bøn om einskap finn ein mellom anna også i K93,8.

⁵⁷⁵ Mowinckel, 1927.

det: «... Til hannem mit Hierte staar/ Hans Nafn vil Jeg der skrifve» (K53,1). Nyn (og NoS) arbeider saman dei to første strofene i K og dermed går linjene sitert over, tapt og dermed også sambandet med den kjende Kingo-strofa: «Skriv deg Jesus på mitt hjerte» (frå pasjonssalmen «Bryder frem, I huule Sukke», K 300). Salmen understrekar at lovsongen er noko som må lærast.

7.2.2 Sakramenta: Nattverd.

Sakramenta høyrer til den sakrale delen av gudstenestefeiringa. Den norske kyrkja har berre to sakrament: Dåp og nattverd. Det er ingen eigentlege dåpssalmar i materialet. Men det er fleire salmar i materialet som er knytte til nattverden. I nattverden er det Guds Son som gir sitt eige kjøt og blod til kyrkjelyden.⁵⁷⁶ Slik blir nattverden oppfatta i salmane, og dei som skal ta imot, må prøva seg sjølve og førebu seg så dei kan vera verdige til å ta imot gåvene. Nattverden er ein viktig del av samfunnet av dei heilage, eller kyrkja, og kopla til Andens gjerning mellom dei truande.

Heile den lange «Jesu søde Hukommelse» (K16) som er kommentert fleire stader i dette arbeidet, er knytt til nattverden. Her er det kjærleiken mellom Jesus og brura som står i sentrum, skildra med erotiske bilete i K16, prega av ein mystisk tradisjon der det handlar om samansmeltinga med Frelsaren.⁵⁷⁷ Jamvel om erotikken dabbar av gjennom revisjonane, er det kjærleiken som heile vegen pregar det møtet som skjer i nattverden; fysisk, om enn symbolsk, mellom kjøt og kjøt. Fleire salmar i materialet er knytte til nattverden, både som førebuing og takkseiing for det heilage måltidet.

I to-strofers salmen «O Jesu, søde Jesu, dig» (K19) av Kingo, framfører eg-et ei takk for det heilage måltidet. Jamvel om salmen held seg godt gjennom revisjonane, er det nokre mindre endringar som viser litt av den same tendensen som ein ser i K16: Ein

⁵⁷⁶ Diskusjonar om nattverdssyn i ulike kyrkjesamfunn, og tanken på messeoffer eller vektlegging av minnemåltid, tar vi her ikkje omsyn til.

⁵⁷⁷ Om mystikken: Sjø t.d. Gjertsen, 2007, s. 23-31.

fjerner seg frå det intime til ein noko større avstand, og frå det konkrete til det noko meir abstrakte. Kingo lar Jesus servera seg sjølv til eg-et; noko Landstad vidarefører: «Som med dit eget Kjød og Blod/ Saa kjærleg mig bispise lod» (L70,1).⁵⁷⁸ Hå LR er det ikkje lenger tale om «bespising», men måltidet er ei gåve til hjartestyrke og eg-et utbryt: «O kjærlighed vidunderlig». Den inderlege innlevinga og samtidiggjeringa som ein finn i dei eldre salmetekstane blir veikare etter 1900. Det er interessant at så mykje skjer ved revisjonane i 20-åra. Men ofte viser det seg at *Nynorsk Salmebok* er meir atterhalden med strykingane og noko meir viljug til å halda på dei gamle bileta i salmetekstane enn det LR er, noko revisjonane av K16 er eit eksempel på.

«JESUS Christus er vor Salighed» (K155) omhandlar førebuinga til nattverd. Luther seier i si vesle katekisme at ein brukar nattverden rett når ein trur at Jesu lekam og blod vert utgytt «for dykk» til forlating for syndene.⁵⁷⁹ Ein kan førebu seg til nattverden gjennom til dømes å gå til skriftemål. «Til skriftemål høyrer to ting: for det første at vi sannar syndene våre, for det andre at vi tek imot avløyisinga».⁵⁸⁰ I skriftemålet får vi hjelp til å prøva oss sjølv, held Luther fram i *Den vesle katekisma*, men framfor alt får vi hjelp til å tru at Gud verkeleg har tilgitt oss for Jesu skuld. Luther er nokså open og relativt mild i sin omtale av kva som skal til for å vera ein verdig nattverd gjest. Han legg vekt på syndsforlatinga meir enn på bot og sjølvprøving, endå det å erkjenne synd er ein føresetnad for å kunna ta imot forlating. Under «Nattverdssakramentet» i den same katekisma, framhevar Luther trua i sitt svar på spørsmålet om kven som tek imot sakramentet på ein rett måte: «[...] rett verdig og vel skikka er den som trur på desse orda: ‘Gjeven for dykk’ og ‘utrent til forlating for syndene’. Men den som ikkje trur på desse orda eller tvilar, han er uverdig og uskikka. For dette ordet ‘for dykk’ krev hjarto som einast trur».⁵⁸¹ Kravet til

⁵⁷⁸ Bispise blir forklart med «forsyne med levnedsmidler» (Kalkar, 2000).

⁵⁷⁹ Brunvoll & Sannes, 2017, s.171.

⁵⁸⁰ Brunvoll & Sannes, 2017, s.163.

⁵⁸¹ Brunvoll & Sannes, 2017, s.171.

førebuing i salmetekstane, verkar strengare med sin manande tone. Salmen (K155) ønskjer tilsynelatande å framkalla skrekk og uro hjå den syngjande. Fokus ligg meir på å erkjenne kor uverdig ein er, enn på syndsforlatinga. Fleire av dei strofene i K som er blitt strokne i Nyn og NoS, framhevar nettopp at den som vil lita på sine eigne gjerningar, ikkje treng Jesu sår og blod. Salmen kjem med ei sterk åtvaring mot å setja si lit til det ein sjølv kan prestera. Både i K, L, Nyn og NoS er vedkjenninga med munnen, lagt til som eit vilkår.⁵⁸² Dette er ikkje det personlege vitnemålet som pietistisk lekmannstradisjon har dyrka, men tilslutnaden til truvedkjenninga i gudstenesta.

Trur du rett i hjartegrunnen
og vedkjennest sant med munnen,
då for Gud du verdig er,
då han gjev deg liv og sæle her (NoS140,7).

Det er trua og vedkjenninga som er vilkåret for å vera ein verdig nattverdsgjest i denne salmestrofa. Framhevinga av alvoret i sjølvprøvinga varierer frå bok til bok. Det kan verka overraskande at NoS vidarefører alle sjølvprøvingstrofene og jamvel kan verka strengare enn dei andre. Det er fleire stavingar i sistelinja i NoS enn i både L og Nyn (L har 8, Nyn 7 og NoS 9). Dei ekstra stavingane kan i NoS bli brukte til å understreka alvoret. Dei tidlegare bøkene har: «For Livvet dend ævige Død han faar» (K155,3); «Æder, drikker sig selv til Dom» (L308,3); «Åt og drakk seg sjølv til dom» (Nyn231,3), medan det i NoS lyder: «død og dom for liv og sæle får» (NoS140,3). Der dei andre salmebøkene må velja mellom død og dom som trugsmål, får NoS med begge. Denne salmen står ikkje under «nattverd» i NoS, men under «skjærtorsdag». Det er difor ikkje mykje truleg at nattverdsgjestane ein vanleg sundag vert møtte med dei strenge orda over. Salmane under overskrifta «nattverd» har ein mildare tone.

⁵⁸² Salmestrofene kviler på Ro 10, 9-10: «For vedkjenner du med munnen din at Jesus er Herre, og trur du i hjartet ditt at Gud reiste han opp frå dei døde, då skal du bli frelst. Med hjartet trur vi så vi blir rettferdige, og med munnen vedkjenner vi så vi blir frelste».

At ein sjølv får syndstilgiving i nattverden fører til at ein lettare kan vera raus mot andre og tilgi dei slik Gud har tilgitt «deg». Dette samsvarer med bøna i Fadervår, og med Bibelens ord elles.⁵⁸³ I K er hjelpa konkret; ein skal æra sine «Brødre og Søstre», truleg vert det her sikta til kristne sysken, «Med din Penning/ Gods og Jord» (K155,10); dette er Guds bod. Dette er ein av få stader i materialet som seier noko direkte om korleis ein reint praktisk skal vera mot menneske som treng hjelp. Dei som treng materiell stønad, skal ein bistå med det ein eig. I K er denne strofa ei formaning til aktiv handling, medan det i dei andre salmebøkene er slik at frukta spring ut av det som har skjedd under nattverdmåltidet, syndsforlatinga. Frukta i dei fire yngste salmebøkene er heller ikkje konkretisert til praktisk hjelp, men er å vera kjærleg mot nesten og tilgi han slik ein sjølv er tilgitt. Det treng ikkje liggja motsetnader i desse skilnadene, men det er ei rørsle frå det særskilte til det meir allmenne og abstrakte, ei rørsle som også kan sporast i andre endringar i materialet. Det er også ei rørsle frå det særskilte handlingsretta til det meir kjensleprega; sjølv om det ikkje berre treng oppfattast slik; å vera kjærleg og tilgi kan jo få praktiske konsekvensar: Anden verkar gjennom nattverden slik at Andens frukter kjem til syne hjå den som mottek Jesu lekam og blod.

Fleire salmar tematiserer nattverden og takkar for det som gudstenestefellesskapet og den einskilde får ta imot gjennom dette måltidet. Det vert brukt sanslege bilete for å få fram det uforklårlege som, etter luthersk (og annan) teologi skjer når Jesu lekam og blod blir motteke gjennom brød og vin. Men ein skal ikkje gå uverdig til nattverdbordet. Det verkar som om alvorlet med å vera rett førebudd held seg betre i salmebøkene fram til NoS enn dei sanslege bileta knytte til sameininga mellom Jesus og eg-et i nattverden.

⁵⁸³ Fadervår-bøna lyder: «og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar» (Matt 6,12) og med Bibelen elles, til dømes «Ver gode mot kvarandre og vis medkjensle, så de tilgjev kvarandre, liksom Gud har tilgjeve dykk i Kristus» (Ef 2,32).

7.2.3 Kjærleik og einskap

I Luthers forklaring til den tredje trusartikkelen i *Den store katekisma* synest «samfunnet av dei heilage» og «ei heilag allmenn kyrkje» slik det lyder i Apostolikum, å vera om lag det same.⁵⁸⁴ Bøna om kjærleik og einskap går att i fleire av salmane i materialet som omhandlar Anden. Anden blir i NT sett på som kjærleikens kjelde, og den første av Andens frukter er kjærleik (Gal 5,22). I tillegg til å vera ei bøn om nestekjærleik og innbyrdes fred menneska i mellom, er det ikkje urimeleg å lesa somme av bønene frå reformasjonstida, (til dømes den i K2,3, sitert under) som eit særleg ønske om å halda kyrkja samla i ei tid prega av sterk kyrkjestridd. Luther ønskte å reformera kyrkja, ikkje kløyva henne, og einskap i kyrkja er eit sentralt moment i fleire av salmane hans. I den trinitariske salmen (NoS545; K109) er den tredje strofa vendt til Anden «du trøster sann». Her finn ein bøn om «enig tro» (L29,3, LR4,3 og NoS545,3); «einmælt tru» (Nyn9,3). I K109,3 ber ein «Gif alt dit Folck en ret Forstand». I bøna i K109 ligg det nok eit ønske om at alle skal vera rett truande. Det er ei forståeleg tolking ut frå den historiske konteksten prega av hard kyrkjekamp. I seinare tider vil ein kanskje leggja inn eit ekumenisk ønske i bøna om einskap; at alle kyrkjer på trass av ulikskapar, kan finna det som er felles og samlast om det i fred.

Ein legg elles merke til strofe tre i K2 der Anden får ei feminin rolle som amme, eller kanskje jamvel mor, for Guds born, eit bilete som ikkje er brukt i Luthers tekst:⁵⁸⁵

Du søde Aand! skjænk os forvist,

⁵⁸⁴ «Akkurat som Sønnen får herredømme over oss ved sin fødsel, død og oppstandelse, så virker Den Hellige Ånd vår helliggjørelse ved de følgende stykker: De helliges samfunn eller den kristne kirke [...]» (Mæland, 1985, s. 237).

⁵⁸⁵ I originalen lyder det: Du susse lieb, schenck uns deyne gunst;
 las uns empfinden der liebe brunst,
 Das wyr uns von hertzen eyn ander lieben
 und ym friede auff eynem synn bleyben.
 Kyrieleys (NNSL, 2013, b.III s.53).

At vi maa drikke af dit Kjærlighedens Bryst,
 At vi udaf Hjertet
 Hverandre elske
 Med eet Sind udi Christo,
 Og have baade Fred og Ro (K2,3).

I treeininga er Faderen og Sonen nemnde som maskuline storleikar medan Anden i større grad opptrer i ikkje-personlege kategoriar, jamvel om også Anden kan få personkarakteristikkar som til dømes trøystar og talsmann. Dei feminine bileta er likevel sjeldne. I pietismen finn ein att liknande feminine bilete. I ein av Brorsons brure-salmar er det Jesu bryst som nærer brura:

Jeg ligger ved JESus hans bryster saa tæt,
 Og blifver af kierlighed drukken og mæt,
 Med honning og sukker
 For sielen hand klukker
 Og gjør mig mit hierte saa lystigt og let.⁵⁸⁶

I Brorsons salme er det brura som tiltalar brudgommen medan ho ligg ved brystet hans og syg til seg kjærleik. Også her er det kjærleiken som vert knytt til amme-biletet. Brudgomen blir hjå Brorson utstyrt med kvinnelege attributtar og brura blir som eit lite barn der mjølka klukkar inn i ein nøgd kropp. Det er, for å føregripa Fryes fasar noko, eit bilete som berre går opp i ei anagogisk forståing der ingen naturlover, etiske eller estetiske vurderingar eller tankemessige krumspring kan setja grenser for kva som kan seiast i teksten. Biletet av Anden som amme har ikkje gått vidare til dei seinare salmebøkene i materialet. Anden er «sød» i L3,3, men i LR er Anden «god» (LR3,3); «Du kjærleiks And, livsens vell» vert han titulert i Nyn7,3. I alle salmebøkene er det den innbyrdes kjærleiken mellom dei truande som vert understreka og salmen ber om samhald og fred. Både NoS og NoS 2013 vil gjerne ha eit inkluderande språk og lar ikkje den maskuline terminologien dominera heilt, slik vi har sett fleire døme på. Å opna for å ta tilbake meir feminine, kroppslege bilete i

⁵⁸⁶ Frå salmen «O Jesu! min brudgom! livsaligste ven», Brorson, 1739, nr. 172,2.

salmane, jamvel i framstillinga av guddommen, verkar salme-tida likevel ikkje å vera mogen for.

7.3 Synd og syndsforlating

Synd spelar ei stor rolle i salmematerialet. Det såg vi til dømes i drøftinga av Sonen som vart straffa med Guds vreides ris for verdas synd. Men det er berre i den tredje artikkelen i Apostolicum omgrepet «synd» vert nemnt eksplisitt, og då i samband med syndsforlatinga. Den er i sin tur knytt til nattverdssakramentet. Difor kan det argumenterast for å sjå nærare på korleis synda vert omhandla i salmane gjennom revisjonane, i dette underkapittelet også, og då ikkje først og fremst knytt til Sonens soning, men til mennesket som syndar; noko som på mange vis vil vera to sider av same sak. Omtalen av synd er eitt av dei områda der det skjer ei tydeleg endring gjennom revisjonane; det minkar litt på synda i dei nyaste salmebøkene, jamvel om ein stadig finn døme på salmar som motset seg den tendensen som ein kan sjå i storparten av materialet. Det er ingen av salmebøkene som stikk under ein stol at mennesket er syndig, men det er ulikt kor mykje syndeomtale som får plass i revisjonane, og korleis det syndige vert presentert.

«Jeg vil mig HERren love» (K53) var ei mellomaldersk Maria-vise som etter reformasjonen vart «Christelige foruent» til å handla om Sonen.⁵⁸⁷ Denne salmen har vore nemnd tidlegare i avsnittet om Marias rolle i salmane, men her ser eg nærare på korleis synda er framstilt i denne salmen. Salmen lovpriser Herren «som alle mine Synder bar» (K53,1), ei formulering som har gått vidare i alle salmebøkene. Det er eit eg som syng, men dette et-et syng i gudstenesta saman med eit kollektiv som også

⁵⁸⁷ «Jeg vil mig en Jomfru loffue/ er en gammel Sang om Jomfru Maria/ Christelige foruent Jesu Christo til loff oc ære» Thomisson, 1997 [1569], s. 39.

seier «eg».⁵⁸⁸ Dette kan likevel ikkje hindra den enkelte i å forstå sitt eige liv og sin eigen lagnad inn i denne førstepersonen. Pronomenet kan uttrykkja kollektiv lovsong samstundes som det målber den eines bøn.

Naar jeg monne mod dig bryde
Med Gierning/ Tancke eller Ord/
Din Værdskyld lad mig nyde/
For mig du fyldist gjorde/
Jeg beder dig for dine Vunder/
Du vorder mig icke Vreed/
Jeg Synder i allen stunde/
Min Synd giøres mig nu leed .

Når jeg mon mot dig bryte
Med tanke, id og ord,
La mig din verdskyld nyte.
Guds Lam, på dig jeg tror.
Jeg ber, for dine vunder
Du vorde mig ei vred!
Jeg synder alle stunder
Og blues nu dypt derved.
(LR45,4).

I Synden mig undfanget
Min Moder/ det er vist/
Jeg haver i Synden ganget/
Det veedst du HERre Christ/
Min Brøst vil du forlade/
Som Magten haver fuld vel/
Jeg er nu stedder i Vaade
Aldt baade til Lif og Siæl
(K53,5-6).

Dei siterte strofene frå K gjekk vidare til Landstad (L265) der dei er som i K, berre med små endringar. Den første gjekk også til Landstads reviderte (LR45), seinare er dei borte. Landstad endrar så godt som ingenting i den gamle teksten frå 1569; heller ikkje LR har store brigde, men nyttar fleire arkaiske ord (som «verdskyld» og «blues») noko som er interessant frå eit språkhistorisk perspektiv. Fjerde og åttande linje i LR er endra i større grad. «Guds Lam, på dig jeg tror» flyttar merksemda frå det Jesus har gjort «Du haver Fyldest gjort» (L265,5) til det eg-et sjølv kan stilla opp med, nemleg ei tru på «Guds Lam» som ifølgje Johannes døyparen ber bort synda i verda.⁵⁸⁹ I siste linje nyttar LR verbet «blues»; salmens eg skammar seg altså over

⁵⁸⁸ Ragnar Grøm kallar det «menighetens jeg» (Grøm, 2011, s. 296). Andre nemningar nytta i den hymnologiske litteraturen, er salme-eg/jeg eller kollektivt eg/jeg.

⁵⁸⁹ Joh 1,29.

synda, eit uttrykk for dei kjenslene syndserkjeninga vekker hjå salme-eget. Skam er blitt eit aktuelt omgrep, men salmetekstane nyttar det i svært liten grad. Dei eldre bøkene understrekar alvoret i synda: «Min Synd mig nu gjøres led» (L265,5) noko eg oppfattar som at synda i all si grun går opp for den syngjande, ikkje at songaren blir lei seg. Otten for Guds vrede ligg bakom den audmjuke bønna i desse salmestrofene.

I strofe 6 i K og L er det «Min Moder» som får skulda for arvesynda.⁵⁹⁰ Det er uklårt om det er sjølv unnfanginga som er syndig, eller om det er mors syndige natur som gjer utslaget. Referansen til det feminine er i dette tilfellet negativ; mor blir kopla til synda. Dette er ein kontrast til dei mange framhevingar av Maria som unnfanga Jesus ved Den heilage ande og der alt var reint, både sjølv avlinga og mor Maria sjølv. Men salmane tilskriv ikkje Maria nokon syndfridom, held berre fram at hennar jomfrudom var intakt trass graviditet og fødsel. Kontrasten mellom «mors» synd og Marias reinleik, viser også skilnaden mellom det syndige mennesket og den syndfrie Menneskesonen. Landstad vidarefører heile den gamle salmen, med mors syndige unnfanging og det heile, men etter hundreårsskiftet er denne utsegna ubrukeleg og strofa blir stroken. Det syndige ved mennesket vert ikkje lenger knytt til avlinga og morslivet, dei felles syndige vilkåra menneska er underlagde, er ikkje knytte til korkje ei spesifikk hending eller til kjønn.

Konsekvensen av erkjeninga om synda, er at eg-et flyr «til din Naade» (K53,7).⁵⁹¹ Nyn195 og NoS361 går derimot direkte frå lovprisinga av Jesus som er «den sola klåre/ som skin i verda all» (NoS361,2), han som lettar sorga og får eg-ets takk, til ei strofe om å fly til nåden, utan å gå vegen om syndsmedvitet. Samanhengen mellom

⁵⁹⁰ Dette refererer til Salme 51,7 i GT: "Ja, med skuld vart eg fødd, med synd vart eg til i mors liv" (2011-omsetjinga); "Ja, med skuld kom eg til verda, med synd vart eg avla i mors liv" (1978-omsetjinga). I bibelteksen er det uklårt kven som er den aktive part, medan salmen lar mor vera den aktive som avlar i synd.

⁵⁹¹ LR nyttar adberbet «ti», («difor» LR45,5) som endå sterkare understrekar kvifor eg-et flyr til nåden.

synd og nåde, er tydeleg i K, L og LR. I Nyn og NoS er det ikkje like klårt kvifor ein skal flykta til nåden, men det er tale om ei overgiving der Gud skal råda over eg-et.

Nu flyr jeg til din Naade,
Og gi'r mig i din Haand,
Du over mig maa raade
Til baade Liv og Aand!

No flyr eg til din nåde
Og giv meg i di hand,
Du yver meg no råde
På både sjø og land!

No flyr eg til din nåde
Og gjev meg i di hand.
Du over meg skal råde.
Du ved ditt blod meg
vann.

Den Stund jeg er i Live,
Jeg trøster paa din Pagt,
Hos dit Ord vil jeg blive,
Til deg stander al min Agt
(L265,7 (og LR).

Den stund eg her skal liva,
Eg trøystar på di pakt,
Vil til ditt ord meg giva,
Til deg stend all mi akt
(Nyn195,3).

Og kan eg enn deg såre
i tankar, ord og gjerd,
så turk mi angers tåre
og sei du har meg kjær!
(NoS361,3).

«Du maat vel over mig raade/ Aldt baade til Land og Vand» (K53,7) heiter det i Kingos salmebok; det er dette Nyn hentar opp, opphentinga passar godt inn i ein for Nyn føretrekt biletbuk. Viktigare er det at merksemda i L og LR blir flytta frå det konkrete, fysiske livet på sjø og land til «Liv og Aand» i L og LR. Eg-et i K og Nyn framstår som eit tydeleg fysisk menneske i verda som ferdast både på sjø og land og overgir seg i Guds makt. «Liv og Aand» verkar meir abstrakt. Det som hender, skjer ikkje ute i skaparverket, men meir på eit åndeleg plan der Gud rår over avgjerder og tankar.

NoS vel ingen av desse to løysingane, men set inn eit innskot: «Du ved ditt blod meg vann» (NoS361,3). I resten av salmen, også i NoS, er det semantisk samanheng mellom linjepara, ikkje berre rimmessig. Men i strofe tre bryt NoS med dette mønsteret, nettopp ved innskotet over. Ein kan her lesa «Du ved ditt blod meg vann» nærast som ei grunngeving for kvifor Gud skal råda over eg-et. Men det er ikkje noko klårt semantisk samband mellom periodane i dei fire fremste linjene. Tre parataktiske utsegner er skilde frå kvarandre med punktum. Setninga «du ved ditt blod meg vann» vil vera ein typisk revisjonssetning som har eit uimotseieleg innhald og difor kan høva mange stader der det er ei linje ledig i teksten, det eg noko uærbødig har kalla salmerevisjonens verktøy på boks.

Dei andre salmebøkene viser til di «pakt», som ein kan forstå som dåpapakta som gjer mennesket til Guds barn, og til ordet. NoS har valt ei heilt anna avslutning på strofa enn dei eldre bøkene. Her har Ørjavik dikta fire nye linjer som erkjenner at eg-et kan koma til å såra Jesus med tankar, ord og gjerningar, slik syndsvedkjenninga i gudstenesta formulerer det. Det kan eg-et koma til å angra på, og jamvel gråta over, og eg-et vil då ha bruk for trøyst og stadfesting av kjærleik. Vi nærmar oss syndserkjenning her, men ikkje noko om oppgjer eller anger, ikkje tilgjeving, men trøyst. Det «syndefulle» er svært varsamt og mildt presentert. Derimot er synda nemnd i strofa etter der NoS, og dei andre salmebøkene, nyttar utsegna frå K: «... så må du nådig gjera/ at synda mi kan døy» (NoS361,4). Alvoret er tydeleg i siste linjeparet også i NoS (identisk med K og dei andre): «Frels meg frå helveds våde,/ til himmelheimen din» (NoS361,6). Det er likevel ikkje noko i teksten framom (i Nyn og NoS), som byggjer opp under risikoen for eit slikt trugsmål. Det blir mindre tydeleg samanheng i teksten. Revisjonen i NoS vel ein parataktisk stil. Utsegnene er «rette» kvar for seg, men dei byggjer ikkje nødvendigvis på kvarandre, og det blir konteksten som skaper samanhengen. Spørsmålet er då om kyrkjelyden er i stand til å skapa dei sambandslinjene som trengst for at meininga skal bli klår.

Eit døme på at syndsframstillingane framleis får brei plass i NoS, jamvel om det også for denne salmens del vert skore i syndeskildringane, er «Nå bør ei synden mere» (NoS407; K233) av Thomas Kingo.⁵⁹² Dette er samstundes ein salme som tematiserer dåpen.⁵⁹³

NU bør ey Synden meere/
Med Magt og HERredom/
Udi mit Kiød regnere/

Nå bør ei synden mere
med makt og herredom
i kropp og sjel regjere,

⁵⁹² Salmen er også med i *Norsk salmebok* 2013, nr. 397 i same form som NoS. Alle salmebøkene i materialet har salmen med, Landstad tar heile Kingos tekst på seks strofer; Nyn brukar teksten frå L. LR har tre strofer; heile strofe 1 og 5 frå originalen, og ei saman-arbeiding av strofe 3 og 4 i originalen.

⁵⁹³ Ingen av salmebøkene har plassert salmen under «dåp». I dei fire eldste bøkene er salmen lagt til treeiningstida, medan NoS har han under «Lydnad og etterfølging», som sorterer under hovudoverskrifta «Guds nåde i Kristus».

Men Daglig kastes om/
 Thi jeg i Daaben er
 Af Gud til Naade taget/
 Har i dend Pagt forsaget
 Slet Satans Gierninger (K233,1).

men daglig kastes om!
 For jeg i dåpen er
 av Gud til nåde taget,
 har djevelen forsaget
 og hele helveds hær (NoS407,1).⁵⁹⁴

Oppsettet viser likskapet mellom K og NoS her. Salmen omhandlar dåpen og den daglege omvendinga. Innleiingsstrofa med sterke utsegner om djevelen, viser attende til truedkjenninga med forsaking som er brukt ved dåpshandlinga i kyrkja også no: «Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen».⁵⁹⁵ Dåpen er sett på som ei gravlegging eller drukning av «den gamle Adam» (K233,5; NoS407,4), eller den syndige naturen, også kalla «Kjød» i K.⁵⁹⁶ NoS skriv «kropp og sjel». Men slik ein reiser seg frå dåpsvatnet, eller blir løfta ut av det, oppstår ein også til eit nytt liv. Mennesket vert gjenfødd i dåpen. Dåpen er jamført med oppstoda. Det «gamle» syndige mennesket vert gravlagt og døyr, det nye gudsbarnet står opp til eit liv med Gud. Dåpsvatnet er likevel ikkje ei impregnering mot freisting og synd. Ein må kjempa for å bli verande i dåpspakta, «kaste bolt og bånd / på synden når den fødes» (NoS407,2). Det er dette som er den daglege omvendinga; synda «må daglig dødes / ved Herrens Hellig Ånd!» (NoS407,2). Kingo understrekar at ein ikkje kan skryta av dåpen og Jesu død dersom ein ikkje dagleg kjempar mot synda. Dåpen er ei pakt, inga sovepute, og dersom ein gir seg over til synda, har ein brote denne pakta. Den som hjelper i kampen mot synda er «Herrens Hellig Ånd» (NoS407,2); i K er dette «Herrens kraftig Aand» (K233,2).

I dei delane av teksten som har gått vidare til NoS, er 1985-boka nokså trufast mot originalen. Redaksjonen av NoS får problem med verbet «bramme» som er gått ut på dato i 1985. Kanskje ønskjer dei heller ikkje å bruka rimordet «skamme». Men den

⁵⁹⁴ I denne strofa følgjer K og NoS kvarandre temmeleg nært, jamvel somt av det arkaiske i språket frå K er bevart i NoS. Strofene er sett opp slik for å visa likskap, denne gongen.

⁵⁹⁵ Frå dåpsliturgien til Den norske kyrkja. (Kyrkjerådet 2023. 2. september.)

⁵⁹⁶ Ro 6,4 og fleire andre stader i breva til Paulus.

kraftfulle alliterasjonen «bolt og bånd» er ivareteken. Dei fire første linjene i strofe to blir endra:

Vil jeg af Daaben bramme
Og af min JEsu Død/
O hvor maa jeg mig skamme/
Om jeg/ som er gienføð/
Ey kaster Bolt og Baand
Paa Synden/ naar den fødes/
At dend maa Daglig dødes
Ved HErrens kraftig Aand
(K 233,2).

Vil jeg på dåpen lite
og på min Jesu død,
da må jeg også vite
hva Jesus Kristus bød:
Å kaste bolt og bånd
på synden når den fødes,
så den må daglig dødes
ved Herrens Hellig Ånd
(NoS 407,2).

Kingos «eg» framstår nokså eldfullt og kjenslemessig engasjert der det i første omgang briskar seg med dåpen, og i neste skammar seg for ikkje å gjera kraftig motstand mot synda. Det at eg-et er «gienføð» peikar attende til dåpen.⁵⁹⁷ I NoS er det forståing og kunnskap det handlar om. Dersom ein vel å lita på dåpen, må ein forstå kva Jesus har påbode, nemleg å dagleg ta knekken på synda. Ein går frå det emosjonelle til det kognitive.

Typologien som er så typisk for mange av Kingos salmekomposisjonar, er med i K233, og er for denne salmens del, bevart i alle salmebøkene (K233,5). Den første Adam er han som fall for freistinga og åt av frukta frå kunnskapens tre.⁵⁹⁸ Den andre Adam er Kristus som oppretta det den første øydela, då han døydde. No er turen komen til den gamle Adam igjen, no som representant for kvar einskild eller salmens «eg»: Det er han som skal opp på krossen og avlivast slik at eg-et kan vera død for synda, men levande som kristen. Men det kan anast gjennom formuleringane i sistestrofa i K at ein ikkje er heilt ferdig med Den vonde; jamvel om han rett nok er jaga på dør. Salmen endar: «Jeg lefver Synden ey!/ Men tragter kun at triine/ Ved JEsu Død og Piine/ Paa Liffsens rette Vey» (K233,6). Kingo lar det skina gjennom at

⁵⁹⁷ Paulus seier mellom anna dette om dåpen som ei gjenføding: «Han frelste oss ved badet som gjenføder og fornyar ved Den heilage ande» (Tit 3,5).

⁵⁹⁸ 1 Mos 3,22.

kampen mot synd og freisting ikkje kan vinnast ein gong for alle av kristenmennesket, men det å ferdast på den rette vegen, er det ein traktar etter. Salmen har likevel eit positivt preg og ein triumferande avslutning. NoS har ikkje med sistestrofa og endar med ei bøn om hjelp og ordet «nød» (NoS407,4). Noko problematisk er også samanføyinga av dei to strofahalvpartane som utgjer str. 3 i NoS:

Hva trøst er det å lære
at Jesus Krist oppstod,
om stadig jeg vil være
en synder uten bot,
om jeg ei selv oppstår
og med all hjertens glede
vil synden undertrede
ved ham som alt formår (NoS407,3).

Her blir «om jeg ei selv oppstår», underforstått frå synda, ståande i samanheng med Jesu oppstode: «Hva trøst er det å lære/ at Jesus Krist oppstod». Salmen talar om Jesu oppstode frå dei døde, og det er ikkje heilt det same som den daglege omvendinga som Kingo peikar på i originalen: «At Daglig jeg opstaar,/ Og med ald Hiertens Glæde ... (K233,4). Ein endar med eit slags ordspel som ikkje samspejar tematisk, jamvel om oppstodebiletet er knytt både til dåpen og det å leva i dåpspakta. Ein ser også at NoS igjen framhevar det intellektuelle: «Hva trøst er det å lære» (NoS407,3), medan K hentar trøysta rett ut av Jesu oppstode: «Hvad Trøst kand det mig gifve» (K233,3). Dei strofedelane som er skorne bort frå K, skildrar korleis «en synder uten bot» (NoS407,3) ter seg: «Forhærdet i min Synd/ Og altid mig indelte/ I Vellyst/ og mig velte/ Af et i andet Dynd» (K233,3). Ei slik syndsens gjørmebryting høver kanskje ikkje biletleg omkring år 2000. Kingos syndar nyt synda, han veltar seg i henne med «Vellyst»; det er langt frå at han berre er «uten bot». Det skjer i revisjonen såleis både ei «avmagring» av biletet og ei intellektualisering av forholdet til synd og frelse. Det heile er noko ein skal forstå.

7.4 Døden, oppstoda og eit æveleg liv

Den siste passusen i tredje truvedkjenningsartikkel gjeld oppstoda av lekamen og det evige livet. Noko av drøftinga av det evige, kjem i kapittelet om anagogisk fase, men noko av det som gjeld døden, tar eg med her. Salmen «Med Sorgen og Klagen holdt Maade» (K274) handlar både om døden og oppstoda frå dei døde, og gjer det nokså konkret. Salmen oppmodar til ikkje å synda i sorga: «Ikke af Utaalmodighed Synde/ Ved Døden vi Livet begynde» (K274,1). Kva det inneber å synda i mangel på tolmod, er uklårt. Kanskje uttrykkjer ei voldsam sorg over eit dødsfall tvil om det evige livet. «Med sorgen og klagen hold måte» (LR571) er ei oppfordring som verkar å stri mot moderne terapeutisk tenking om å gi sorga rom. Salmen er heller ikkje med i NoS 2013. Fokus i salmen er at vona om det evige livet ikkje må trengjast unna av sorga. Salmen grunngir vona om det nye livet ved å peika på at «De Begravelser skionne og reene/ Klæder/ Kister/ Graffskrift og Steene» (K274,2) inneber at den som ligg der, ikkje er død, men søv stilt («sagt»; K274,2). Biletet av døden som svevn er kjent frå antikken og frå evangeliet. Når Jesus står ved senga til Jairus si dotter som er død, seier han: Ho er ikkje død, ho søv. Utanfor er eit kobbelt av gråtekoner i gang med rituell jammer for den døde, og heile innleiinga til salmen kan lesast som ein allusjon til forteljinga om hendinga i heimen til Jairus. Noko av det første Jesus gjorde då han kom til gards, var nettopp å senda hylekoret bort.⁵⁹⁹

Salmen omhandlar den stive, døde kroppen som er fråteken sansar og liv:

Thi dog at Legemet ligger stif/
Og hviler foruden ald Sands og Lif/
Dend Tiid skal komme/ at de saa fage
Deres Bolige igien skulle indtage (K274,3).

⁵⁹⁹ Forteljinga om Jairus' dotter: Mark 5,35-43.

Pronomenbruken kan forvirra her; «de» lyt visa til dei døde, eller meir konkret: sjelene deira, som igjen skal ta bustad i lekamen. Heilt konkret skjer dette slik i K:

Guds Magt skal da icke være seen/
 At samle igjen disse tørre Been/
 Og Siælen i Kroppen indlifve/
 Icke en Bloods-draabe borte skal blifve.

De som førre Lugtede Saare
 Og i Jorden Forradnede vare/
 Ude i Luften da skulle de svefve/
 Hos Gud self Ævindeligh lefve (K274,4-5).

Oppstoda er her forstått heilt konkret. Kroppen skal reetablerast med dei same ingrediensane som før. Førestillinga om at kroppane skal sveva i lufta, skriv seg frå tanken på at Jesus kjem att i skya på same viset som han drog bort, og at dei frelste kjem han til møtes.

Salmen handlar i liten grad om sorga, trass opninga, men om døden og om grunnane til at ein ikkje treng sørgja så tungt. Salmen er i K langt meir konkret og direkte, både om forgjengelegdomen og om oppstoda, enn seinare salmebøker. Landstad omarbeider salmen og mange av hans eufemismar er blitt ståande i dei seinare salmebøkene. Døden er ein svevn også hjå Landstad, lekamen blir sveipt, under tårer, hjartet og auget brest og lekamen vert lagt i kista. I molda blir lekamen «Ved Døden ald Ynde berøvet/ De Legemer blandes med Støvet» (L528,4). Men herfrå skal dei igjen reisast opp «Af Livs-Aand og Yndighed fulde» (L578,4). Dette samsvarer med, og utbroderer, gravferdsritualet: «Av jord er du komen. Til jord skal du bli. Av jorda skal du atter stå opp».⁶⁰⁰ Likeins er biletet av såkornet som vert lagt i jorda, brukt, eit bilete som Jesus også brukte om seg sjølv då han forklarte for læresveinane at han skulle døy for at livet hans skulle bera grøde.⁶⁰¹ Slik blir også menneskets død i denne

⁶⁰⁰https://www.kirken.no/globalassets/kirken.no/gravferd/liturgi_gravferd_2003_nvnorsk.pdf

⁶⁰¹ Joh 12,24.

salmen knytt til frelsa. Det er først når mennesket døyr, det kan stå opp til fullkome og evig liv. Men Landstad uttrykkjer ikkje konkret korleis oppstoda av lekamen skal gå føre seg, slik K gjer, sjølv om han seier lekamen skal vera full av «Yndighed» (L578,4).

Også L og LR talar om å synda i sorga: «Lad Hjertet i Sorgen ei synde! / Ved Døden vi Livet begynde» (L528,1; LR571,1). Synda må her vera å gi slepp på vona og trua på det evige livet, slik som i teksten i K. Nyn og NoS brukar ikkje omgrepet «synd», men viser til den same tanken om håp som dei andre: «Lat ingen i vonløysa syrgja! / Med daude me livet skal byrja» (Nyn446,1). Dette har preg av formaning, eller oppmoding, medan det i NoS er meir ope formulert: «Du treng ei i vonløyse syrgje. / Med døden me livet skal byrje» (NoS839,1).

Frå og med Landstad vert det brukt langt mildare ord om døden og det som hender med kroppen. Det vert tala om døden som ein svevn som ein vert reist opp frå, god som ny, med ånd og kropp i bra stand. Oppmodinga fremst i salmen er at ein skal sørgja med måte, og grunngevinga for det ligg nettopp i at døden ikkje er så ille som ein skulle tru, den er porten til æva. Rett nok går kroppen til grunne og vert støv, men det er berre for ei stund. Det vert ikkje i Nyn og NoS nemnt som ei synd at ein sørgjer, i desse bøkene framstår salmen difor som ein rein trøystesalme, medan salmen i eldre versjonar kan oppfattast både som trøyst og trugsmål.

Både i «Kingo» og hjå Landstad finn vi kyrkja omtala som ei brur og det himmelske som eit bryllaup, og det er ein biletbruk som held seg gjennom revisjonane, ikkje minst i *Nynorsk Salmebok*. Bryllaupsbileta er omhandla fleire stader i dette arbeidet, og dei vert også omhandla i anagogisk fase. Det er døme på at bryllaupsmetaforikken blir svekka. «Af Høyheden oprunden er» (K37) er plassert på første sundag i advent i K, medan L, LR og Nyn har «løfta han opp» til første juledag. Salmen er skriven av Philipp Nicolai (1599) og truleg omsett til dansk av H. Chr. Sthen. Det er ein staseleg

salme med eit avansert versemål og ein rik biletbruk, som helsar «Du lille Barn Deylig og skjønn» (K47,2), eit barn som likevel er noko meir enn eit vanleg spedbarn: «Du Davids Søn af Jacobs Stamm/ Min Konning good og min Brudgom» (K37,1). Salmen skil ikkje mellom barnet, kongen og brudgommen, men auser ut si glede over all den herlegdomen som openberrar seg i lag med barnet. For salmens eg er trulova med denne Gudssonen som er komen, og ventar å ta plass «Hos dig i Herligheds sæde» (K37,5). Musikken stemmer opp, det er «Siter og Lut med Lyst og Fryd» (K37,6) i dei himmelske hallar. Landstad følgjer med glede opp fryderopa frå den gamle salmen. I siste strofa byter han jamvel K's «Til Himmerig til Paradiis/ Fra Jammer og Ælende» (K37,7) med «Optage i dit Paradis,/ Thi klapper jeg i Hænde!» (L140,7); så stor er fryden over å vera på veg mot bryllaupsfesten. LR klappar ikkje: «Optage i ditt paradis, / Dit vil min gang jeg vende» (LR119,5); ein nøktern snuoperasjon, altså. LR har heller ikkje med strofa der det vert stemt opp med song og musikk i bryllaupslokala (str. 6 i K og L), eller lovprisinga av det vesle barnet som er «sødt som Melk og Honning» (str. 2 i K og L). Kanskje finn LR det vanskeleg å kombinera barnet og brudgommen, barselsvisitten og bryllaupet i så blomstrande ordelag.

I NoS89 (K37), vert bryllaupsmetaforikken svekka. Rett nok er Jesus omtala som «min hjartans brudgom» i førstestrofa, men elles er mykje av kjærleiksfryden og bryllaupsstemninga borte eller avdempa. NoS seier at salmen er omsett av Blix, men teksten er omarbeidd også etter Blix si tid, noko jamføringa under viser:

Min store Gud og Fader blid!
 Du i din Son frå evig tid
 Meg til din erving kåra.
 Du med din Son trulova meg,
 Til himmels gjeng min brudarveg,
 Der heim eg eg fer forklåra.
 So glad
 Av stad!
 Han med heider

Min store Gud og Fader blid!
 Du i din Son frå evig tid
 til erving har meg kåra.
 Min Herre Krist, Guds Sendebod,
 ditt nådeord, ditt kjøt og blod
 tek bort all synd som såra.
 Finn veg
 til meg,
 kveik i barmen

Heim meg leider	himmelvarmen!
Til ei sæla	Lat han brenna,
Som ei tanken ut kan mæla (Nyn90,5).	at eg må din kjærleik kjenna (NoS89,3). ⁶⁰²

I Nyn er det bondebryllaupet ein ser for seg, med den kransa brudevegen der følgjet rir fram og brudgommen fører brura si heim med heider. Ein forstår likevel at det er eit anna bryllaup enn det jordiske sidan brudevegen går «til himmels». Eg-et er trulova og samstundes erving; eg-et giftar seg til Guds rikdom, så å seia, og det er Gud sjølv som står bak. I dei eldre salmebøkene er det Guds kjærleik som vert trekt fram, ikkje overdraging av arverett: «I din Søn du af Ævig Tiid/ Saa inderlig mig elskte» (K37,5); «Før Verden var, du elskte mig/ Udi din Søn den kjære» (L140,5).

Endringa i NoS er stor. Her er bryllaupet borte. Brudgommen er nemnd i første strofa av salmen, men ikkje brura. Også himmelen er nesten forsvunne, om ein ser bort frå den «himmelvarmen» som eg-et gjerne vil kjenna i «barmen». Siste delen av salmestrofa inneheld ei rekkje fromme ønske som ikkje er knytte korkje til barnet som er lovsungen i strofa framom i NoS, eller «min hjartans brudgom» i førstestrofa. Dette kan også tena som døme på den typen revisjon vi har sett ein del av: Det som vert sett inn er rett og ukontroversielt i ein salme, men ikkje i samsvar med eldre førelegg, og ikkje tett på salmens opprinnelege tematikk. Frå linje tre er salmestrofa omskriven, og det er ikkje Blix som har gjort det! Vi finn ingen visjon om himmelframtid i denne strofa. Den kjem likevel i siste strofa også i NoS: «Han vil meg henta – lov og pris - / til heimen sin i paradís [...] Glad min heimferdsdag eg helsar» (NoS89,4). Eg-et kjem altså til himmelen, men ikkje som brur. Himmelen blir også meir diffus; ein heim, rett nok i paradís, men utan den festen eit bryllaup er, og utan den intimiteten som eit bryllaup indikerer. Blix nyttar elles «Broder blide» som namn på Jesus i sistestrofa. Ein får såleis ein salme der den elska er brudgom og bror,

⁶⁰² Denne salmen har det same versemålet og kan få den same pokalforma som vi såg ved K186 litt lenger framme i dette underkapittelet, eller som nattverdalk slik S.W. Holter peikar på. Melodien til salmen har vore kalla «koralenes dronning». Songen var opprinneleg ein akrostikon-salme, og fleire har peika på likskapen med den verdslege visa «Wie schön leuchten die Äugelein» som har det same versemålet (Holter, 2011, s.307-309).

barn og Gud; ei temmeleg kompleks rolleoppsetjing som berre lar seg forstå og godta som ulike bilete på forholdet mellom Gud og menneske, slik vi også har sett døme på tidlegare, eller innafor ein anagogisk tolkingshorisont. NoS har bytt ut «Broder blide» med «Kristus blide» (NoS 89,4). NoS plasserer salmen under «Openberringstida», altså tida mellom jul og faste. Bibeltekstane i openberringstida handlar om ulike sider ved kven Jesus er, og brudgomsbiletet skulle difor ikkje vera uaktuelt.⁶⁰³

Simeons lovsong er ein salme som omhandlar nærleik til døden, og som salmebøkene har etter ein tekst av Luther. Den gamle mannen det blir fortalt om i Luk 2, har fått oppfylt sitt største ønske og er no klar til å forlata verda: «Herre, no lèt du tenaren din fara herifrå i fred, slik som du har lova. For mine auge har sett di frelse, som du har gjort i stand like for andletet på alle folk, eit lys til openberring for heidningane og til ære for folket ditt, Israel» (Luk2,29-32).⁶⁰⁴ Det er både ro og triumf over desse linjene. Luther formidlar i denne strofa, ved bruk av bilete, klang og rytme, det stillferdige i Simeons glede før han overgir seg til svevnen i døden:

MIt fried vnd freud ich far dahin/
in Gottes wille/
Getrost ist mir mein hertz vnd sinn/
sanfft vnd stille/
Wie Gott mir verheissen hat
der tod ist mein schlaff worden (Luther, 1545).⁶⁰⁵

Landstad følgjer opp både innhaldet og den diktarlege stemninga (Nyn har Landstads tekst):

Med Fred og Glæde far jeg hen,
Ske nu guds Vilje!
Mit Hjerte trøstet er igjen,
Let og stille.
Som mig Gud forjættet har,

⁶⁰³ Jamvel om bryllaupsbileta er retusjerte i NoS89, har salmen bevart ei rekkje andre sanslege bilete, og songen er rik på vokalklangar og andre diktarlege verkemiddel også i NoS.

⁶⁰⁴ Desse versa er sette opp som poesi i Bibelen 2011 og har overskrifta «Simeons lovsong».

⁶⁰⁵ NNSL, 2012, s. 516-517.

Min Død en Søvn er vorden (L162,1).

Rytmen og klangen i «Let og stille» roar tempoet i teksten; vokalklangane og ord som «trøstet» og «Søvn» gir ei dempa stemning. Jamvel om K117 ikkje er like elegant som korkje Luther eller Landstad, er innhaldet hovudsakleg det same. NoS skil seg ut på fleire måtar. Paulus' ord om at å døy er ei vinning (Fil 1,21) erstattar biletet av døden som svevn. «Sanfft vnd stille» eller «let og stille» er erstatta av «meg bevare» (NoS802,1) som både lydleg og semantisk er meir «bastant»:

Med fred og glede lar du nå
din tjener fare.
Du vil når herfra jeg skal gå,
meg bevare.
I ditt ord du lover meg:
Selv døden er en vinning (NoS802,1).

Både L og NoS hentar biletbruken sin frå Bibelen, men L er trugnare både mot Luthers biletval og mot sjøve grunnstemninga i diktet. I NoS er salmen flytta bort frå tida etter Jesu fødsel som kan knyta salmen tettare på forteljinga hjå Lukas og er plassert under overskrifta «Dagstidene» og «Kveld». Simeons lovsong har lang tradisjon som lekk i *completorium* som er den siste tidebøna for dagen i Den katolske kyrkja. Tidebøntradisjonen har fått ein renessanse også i Den norske kyrkja og salmens plassering er bestemt av denne historiske samanhengen. Norske salmebøker før NoS følgjer ikkje denne tradisjonen. I K er salmen plassert på «Mariæ Renselses Dag», til høgmesse, i Landstad på «Søndag mellem Jul og Nyaarsdag».⁶⁰⁶ Nyn har salmen i tillegget med «200 salmar or den gamle og den nye Landstads Salmebok» under «Sundag etter jol». For den som ikkje kjenner *completorium*-tradisjonen, kan ein stussa over plasseringa i NoS sidan salmen handlar meir om døden enn om natta, og tekstversjonen i NoS jamvel har fjerna den allusjonen som peika mot svevn.

⁶⁰⁶ Også i katolsk mellomaldertradisjon hadde Simeons lovsong fast plass ved Marias reinsingsfest, kyndelsmesse, 2. februar. (Grøm, 2012, s.518.)

Professor Bjarne Fidjestøl (1937-1994) spurde meg ein gong om eg kunne undersøkje når det vart fast takst for kristen salme og song å enda i himmelen. Han hadde lagt merke til at barokksalmane ikkje hadde den vanen, medan Blix sine salmar gjerne finn ei himmelhamn. Det er, som ein kunne venta seg frå den kanten, ein god observasjon. Det er i tillegg eit interessant forskingsspørsmål som eg ikkje kan ta på meg å svara på her. Det er ikkje slik at dei eldre salmane ikkje tematiserer det evige livet eller den himmelske bustaden. Bryllaupsfesten er etterlengta; englesongen tonar. Men ser ein til dømes på Thomas Kingo sine salmar så er det ikkje slik at det anagogiske perspektivet dominerer som sluttsats i salmane hans. Det er ofte meir antyda enn det er utskrive, slik vi såg i «Over Kedron». Medan den kroppslege døden vert mindre konkret gjennom salmehistoria, og den fysiske oppstoda også, stig himmelen noko meir fram frå og med Landstad jamvel om ein ikkje legg til utpensla himmelvisjonar i dei salmane som har lite av det frå før.

7.5 Avrunding

Få av salmane i materialet er konsentrerte om Den heilage ande og hans gjerning. Men Anden er ofte nemnd, og då gjerne i lag med dei andre personane i treeininga. Salmane legg vekt på Andens trøystar- og rettleiarfunksjonar, og desse presentasjonane held seg godt gjennom revisjonane. Anden har få konkrete attributtar, han er omtala som vind eller pust i salmane. Men i K2,3 er Anden framstilt som amme som nærer kyrkjelyden med kjærleikens mjølk. Det er eit bilete som ikkje har gått vidare i dei seinare versjonane.

Dei trinitariske salmane og salmar som tematiserer Den heilage Ande står gjerne mellom dei alminnelege salmane som vert brukte gjennom heile kyrkjeåret, i dei fire eldste bøkene. I NoS er Anden best representert under overskrifta «pinse», og salmar

med Anden som hovudperson er difor mest brukte til denne kyrkjelege høgtida. Når mange doksologistrofer er fjerna gjennom revisjonane, vert Andens plass noko mindre etter kvart.

Anden verkar blant menneska gjennom kyrkja der han formidlar trussanningane gjennom ordet, og formidlar nåden gjennom sakrament, syndstilgiving og trøyst. Materialet inneheld nokre nattverdssalmar, både salmar som førebur sakramentet, ein lang salme som kan brukast under nattverdfeiringa, og takkesalme etter måltidet. Det sentrale i nattverdsteologien er bevart. Men den rike biletbuiken som gjerne kan ha sanslege kvalitetar, minskar. I staden vert det intellektuelle vektlagt. Dette er eit gjennomgåande trekk for bileta i heile salmekorpuset.

Ei av Andens oppgåver er å gå i rette med verda og visa henne kva synd, rettferd og dom er (Joh 16,8). Syndstilgiving høyrer med til Andens funksjon i kyrkja. Salmane i materialet seier tydeleg at mennesket er syndig, men det blir noko mindre av syndeomtalen gjennom revisjonane, og han blir mindre konkret. Eit døme er salmen «Nu bør ei Synden mere» der Thomas Kingo lar syndaren velte seg seg i «Vellyst» frå det eine gjørmeholet til det neste (K233,3), noko NoS skjer bort. Dei kraftige syndeskildringane er tona ned i dei tre yngste salmebøkene. Derimot er nåden tydeleg og rikt til stades.

Dei framstillingane som er knytte til døden og oppstoda, er meir direkte når det gjeld den kropplege tilinkjesgjeringa og oppreisinga i K enn seinare utgåver som mildnar bileta mykje. Jamvel bryllaupsbileta kan bli kraftig retusjerte, som i revisjonane av «Af Høiheden oprunden er» (K37; NoS89). Sanslege bilete kan på ulikt vis «vekkja» lesaren eller songaren og skapa assosiasjonar og engasjement. Ei meir intellektualisert framstilling av Anden og av livet i kyrkja, kan føra til større distanse. Dette samsvarer med mykje av det vi har sett i tidlegare avsnitt under «formell fase». Eit anna trekk er at mennesket trer meir i framgrunnen gjennom revisjonane. Men i

samband med tredje trusartikkel er ikkje dette så påfallande som i dei andre underkapitla sidan denne artikkelen i så stor grad omhandlar livet i kyrkja og det kristne fellesskapet.

8. Mytisk fase

Den mytiske fasen følger etter den formelle hjå Frye. Her er ikkje fokus lenger berre på det einskilde diktverket, men på det forholdet dette står i til litteraturen som heilskap. I denne fasen heiter det litterære symbolet arketype og Frye definerer det som «a typical or recurring image. I mean by an archetype a symbol which connects one poem with another and thereby helps to unify and integrate our literary experience».⁶⁰⁷ Det er altså tale om bilete som går att i store deler av litteraturen og som bidrar til at vi ser på litteraturen som ei sjølvstendig eining, og ikkje berre som til dømes ein konsekvens av samfunnsendingar eller biografiske føresetnader. Arketypane er sentrale i Fries litteraturkritikk «der anskuer det litterære univers som et system af arketyper».⁶⁰⁸ Jan Ulrik Dyrkjøb forklarar Fries omgrep slik:

De arketyperiske elementer i litteraturen er simpelthen de elementer, der forbinder litteraturen med de oprindelige myter. Det er de forløb, persontyper og billeder, som går igen i værk efter værk, og som binder hele litteraturens univers sammen og gør det muligt at fremstille det som et ordnet hele.⁶⁰⁹

Arketype-omgrepet til Frye er annleis enn det til dømes er hjå Carl Gustav Jung når han talar om kollektive sjelelege urbilete.⁶¹⁰ Det er likevel slektskap mellom dei ulike arketype-omgrepa fordi dei alle viser til grunnleggjande mønster og bilete som går att i ulike samanhengar eller kulturar. Arketypane er eit felles språkteikn formidla gjennom litteraturen over lange tider og over landegrensar.

Frye systematiserer og lagar oversyn over dei litterære arketyperiske forløpa og bileta. I denne fasen er ikkje poenget i mitt arbeid å byggja litterære system, men tvert om sjå korleis desse systema, slik Frye presenterer dei, kan kasta lys over salmematerialet.

⁶⁰⁷ Frye, 2000, s. 99.

⁶⁰⁸ Dyrkjøb, 1979, s. 59.

⁶⁰⁹ Dyrkjøb, 1979, s. 100-101.

⁶¹⁰ [arketype – Store norske leksikon \(snl.no\)](#) 01.12.21. Arketypane kan jamførast med Platons idéar, slik dei til dømes vert utforma i holelikninga, [Platon – Store norske leksikon \(snl.no\)](#). Frye ønskte ikkje bli sett i bås med den jungianske mytekritikken (Dyrkjøb, 1979, s.101).

På sett og vis kan ein seia at i den arketyriske kritikken vender ein ikkje blikket utover frå teksten og til omverda, som til dømes i den deskriptive fasen, men ein tek tilhald i litteraturen og kikar ned på det einskilte litterære verket. Og då er dei arketyriske mønstra det verktøyet ein har til å finna slektstrådane mellom litteraturen som heilskap og dei ulike delane av han. Sidan Fryes symbolstrukturar for ein stor del byggjer på Bibelens mytologi, ventar ein å finna att Fryes arketyriske mønster og symbol i tekstane i materialet. Arketypane vil ikkje representera eit heilt nytt biletmateriale i forhold til det ein har funne i dei føregåande fasane. Men bileta blir strukturerte på ein annan måte i den mytiske fasen. Det som er interessant å undersøkje i mitt arbeid, er om revisjonane endrar korleis dei arketyriske mønstra syner seg i materialet mitt.

Frye brukar nemninga verk og omhandlar først og fremst heilskaplege diktverk, som romanar og drama, eventyr og fablar, diktsyklusar- og samlingar, antikke epos og så bortetter. Materialet mitt kan ikkje kallast eit verk. Det er snarare eit korpus sett saman av eit utval av salmar frå norske salmebøker. Det er rett nok ikkje eit heilt tilfeldig utval, men det representerer ei teksthistorie på om lag 500 år om ein reknar frå reformasjonen (og langt meir om ein tar med opphavshistoria til dei ulike tekstane). Det gir likevel meining å sjå korleis dei store mønstra frå Fryes litterære arketype-univers er synberre i dette materialet, og om det skjer forskuingar gjennom revisjonane. Dette er likevel ikkje ein gjennomgang av alle arketyriske spor i salmetekstane, men nokre døme på arketypar der vektlegginga endrast over tid. Eksempelvis vil framstillingar av lys og mørke representera store biletgrupper. Dei vil også vera knytte til dei store forløpa i naturen, som døgerets og årets gang, samt komiske og tragiske forløp i litteraturen. Arbeidet mitt undersøker endringane i slike arketyriske bilete og forløp.

Det er den bibelske mytologien som er utgangspunkt for Fryes nettverk av arketypar. Nærleiken til Bibelen er for salmen i K ikkje berre opplagt, den har også eit føremål.

Reformasjonens salmar ville formidla bibelkunnskap og læremessig forankra songtekstar. Men gradvis ser ein at både revisjonane og dei nydikta salmane som kjem med i dei ulike salmebøkene, lausriv seg forsiktig frå den bibelske biletverda og tar inn element frå andre biletopos. Dette ser ein til dømes ved nokre av dei bileta som er knytte til det heimlege. Ein flyttar merksemda noko bort frå det bibelske arketyperiske landskapet og til eit norsk eller dansk. Men dei store mønstera til Frye, fungerer framleis. Det er naturen som gir rammene, om det er eit blafrande bøketre eller ei veiftande palme, om det er Norskehavet eller Genesaretsjøen.

Frye gjer nærare greie for arketypane i det tredje essayet i *Anatomy of Criticism: «Archetypal criticism»*.⁶¹¹ Dei arketyperiske mønstera er henta frå naturen og frå sivilisasjonen. Frye ordnar dei etter to prinsipp som begge har utspring i naturen: Eit syklisk og eit dialektisk. Det sykliske er bygt opp omkring dei store krinslaupa knytte til sola og månen: året og dagen. Det er fire fasar i denne syklusen, to statiske og to dynamiske. Dei statiske er sommaren med feiring og bryllaup og vinteren med stillstand og død. Dei dynamiske markerer overgangen frå ein tilstand til ein annan. Hausten leier mot utstøyting og kulde, våren mot forsoning og glede. Frye knyter ulike litterære forløp til desse fasane i årssyklusen. Vinteren svarar til ironien eller satiren, sommaren til romansen. Hausten tilsvarer tragediens forløp og våren komediens. Her står nemningane satire, romanse, komedie og tragedie ikkje for sjangrane, men for handling eller forløp («myte»). Tilsvarande finn ein dag og natt som statiske, og morgon og kveld som overgangstilstandar.

Menneskets historie, i den kristne forteljninga, følgjer eit tidsforløp som det i den sykliske strukturen. Her fører Adams fall til utstøyting av paradiset og eit vinterliv der han med slit og strev skal få føde ut av jorda som skal «la torn og tistel spira fram for deg» og med «sveitte i andletet skal du eta ditt brød» (1 Mos 3,17-19). Med den

⁶¹¹ Frye, 2000, s.131-242.

nye Adam, Jesus, hans fødsel, liv og soningsverk, kjem ein ny vår som leier over i den evige fest-sommaren. Kwart menneske kan forstå sitt liv inn i ei slik grunnforteljing, og salmekorpuset byggjer på denne strukturen.

I tillegg til dei sykliske mønsterane, og ikkje på nokon måte i opposisjon til dei, finn ein eit dialektisk mønster der arketypane blir ordna i motsetnader: Positiv og negativ, høg og låg, varme og kulde, mørke og lys og så bortetter. Ein kan tenkja attende på den vertikale aksene frå deskriptiv fase. Frye skil mellom dei apokalyptiske arketypane som er uttrykk for menneskets fremste ønske og draumar, og motsatsen: dei demoniske som representerer mareritt og vondskap. Apokalyptisk har i denne samanhengen ei utelukkande positiv tyding hjå Frye, ulikt dei vanlege konnotasjonane til apokalypsen som dom og verdsundergang. Både i Bibelens apokalypse slik ein finn han i Openberringa, og i seinare framstillingar som førestillingane om ragnarok i *Edda*, fører undergangen til ei ny verd og ei ny tid.⁶¹² Her finn Fryes positive apokalypse slektskap med tidlegare undergangsforteljingar.

Mellom himmel og hel, guddom og djevlar, finn ein den analoge, menneskelege erfaringsverda. «Most imagery in poetry has of course to deal with much less extreme worlds than the two which are usually projected as the eternal unchanging worlds of heaven and hell», seier Frye.⁶¹³ Men dei ytterpunkta Frye nemner her, himmel og helvete, spelar stor rolle i salmens biletunivers, særleg det guddommelege og himmelske, mindre det demoniske. Korleis himmelske krefter interagerer med menneska i den analoge verda, er heile salmens poeng. Frå den demoniske sida kjem åtaka mot menneska som dei på ingen måte er i stand til å stå imot sjølve. Dei er heilt avhengige av guddommelege inngrep. Her vil eg visa at det skjer ei forskyving i vektlegginga på den dialektiske verdiskalaen.

⁶¹² Gudediktet Voluspå omhandlar både det som var i tidlege tider, og det som skal henda i framtida. Også Den yngre Edda, Snorre-Edda, omhandlar ragnarok og siterer Voluspå. *Edda*, 2018, s. 21-30 og s. 333-341.

⁶¹³ Frye, 2000, s. 151.

I det følgjande vil eg peika på nokre endringar i salmematerialet sett ut frå Northrop Fries teori om den mytiske fasen. Kort oppsummert gir myten, slik Frye forstår han, ei totalforståing av universet. Han omfattar overjordiske og underjordiske vesen og krev å bli trudd. Dyrkjøb hevdar at Frye ser på ein samanhengande mytologi som eit nødvendig fundament i ein kvar kultur. For Frye er det den jødisk-kristne myten, formidla i Bibelen, som danner dette fundamentet. Det er ein samheng mellom dei religiøse mytane og dei litterære strukturane.⁶¹⁴ Og desse strukturane er ikkje avhengige av at myten framleis blir halden for sann; myten har sett sine spor i kulturen, og nye generasjonar går spora opp att utan å slutta seg til grunnmyten. Salmane derimot, i alle fall dei gamle, vil stilla seg heilhjarta bak den kristne myten utan å stilla spørsmål ved om denne er sann.

Eg vil konsentrera meg om å seia noko om endringane i spennet mellom det apokalyptiske og det demoniske, det sykliske og dialektiske, og sambandet mellom revisjonane og Fries modusteori. Dessutan vil eg peika på sentrale forhold ved redaksjonen av salmebøkene som også kan drøftast i lys av strukturane i arketype-teorien, og eg byrjar der.

8.1 Syklisk struktur i salmebøker

Salmebøker er redigerte etter ulike prinsipp. Somme følgjer kyrkjeåret konsekvent, andre er tematisk organiserte. Fleire kombinerer desse to redaksjonsprinsippa, slik til dømes *Norsk Salmebok* gjer. K er redigert etter eit syklisk prinsipp. Salmane føyer seg inn under kyrkjeårets struktur, rett nok med ei gruppe salmar innleiingsvis som er til bruk gjennom heile året. Kyrkjeåret er i sin tur tett knytt til året slik det er i naturen med veksling mellom lys og mørke, varme og kulde. Redaksjonen av boka samsvarer med det grepet som kyrkja, saman med dei andre samfunnsinstitusjonane, hadde om

⁶¹⁴ Dyrkjøb, 1979, s. 95.

folks liv. Dei mindre sykliske forløpa er også med på å styra salmevalet, til dømes om gudstenesta er om morgonen, til høgmessetid, kveld og så vidare. Salmane er plasserte i veka på ulike dagar: "Paa de ugentlige Bededage om Fredagen og Onsdagen"; "Fredag, Froprædiken" er eksempel på dette. Med dei få salmane som er med i K (om lag 300) og den nokså rigide plasseringa i salmeboka, har kyrkjelyden hatt ei oppleving av at salmane høyrde med til det regelmessige i tilværet. Fleire av salmane kan takast fram og brukast fleire gonger i løpet av kyrkjeåret etter tilvising i salmeboka, men med unntak av dei første "allminnelige" salmane, er dei er likevel i utgangspunktet gitt ein spesiell plass i kyrkjeåret. Salmane inngår i årets og dagens syklus, fastsett frå kongeleg hald. Den lutherske ortodokse kyrkja bidrog til å einsretta og regulera livet i einevaldsstaten, og salmeboka var eitt av fleire middel som tente dette føremålet. Folk lærte salmane utanboks sidan dei vart repeterte ved gudstenestene som det var ei plikt å gå på. Dei vart den tids «sound-track». Dette inneber sjølvsagt ikkje at salmar utelukkande verka doserande og regulerande. Dei har også spela ei sentral rolle for folks tru og åndelege liv.⁶¹⁵ Og dei kan ha vekt motstand, utan at vi veit så mykje om korleis folk reagerte på dei kyrkjelege tekstane.

Ein av salmane i K har utbytbare strofer alt etter om ein skal be om sol eller regn i gudstenesta. På sjuande sundag etter treeining, om lag på overgangen mellom juli og august, syng kyrkjelyden salmen «O Gud Fader, din Sol saa skjøn» i «Kingo» til «Beslutning» før dei skal gå heim langs dei åkrane som er så avgjerande for livsgrunnlaget deira.⁶¹⁶ Hausten nærmar seg, og vêret er viktig for avlinga. For å spesifisera salmebøna har boka to alternative strofer, ei for sol og ei for regn. Ein må for all del ikkje be om feil vêr!

NB. Skal der bedes for Soelskin. Siunges NB. Skal der bedes for Regn. Siunges

⁶¹⁵ Mykje anekdotisk og historisk stoff er knytt til både tilkomsten og bruken av salmar. Anders Malling har i sitt *Dansk Salmeleksikon* (b.I-VIII, 1962-1978) gjengitt ei rekkje kjeldefesta historiar som fortel om kva rolle salmane spela for folk, ikkje minst i tunge tider.

⁶¹⁶ No var det sjølvsagt ikkje alle som hadde kyrkjevegen langs åkrar! Men for dei aller fleste var voksteren til grøda svært vesentleg, anten dei budde på landet eller i byen.

dette Vers:

Lad Solen skinne nær og fiærne/
Lad Urter/ Græs med Korn og Kierne
Voxe til Folckes og Qvæges Spiise/
At vi dine Gafver kunde faa og Priise.

dette Vers:

Ved JESum Christ hør dog vor Bøn/
Giv os en Regn vel good og skøn/
Og Krone Aaret med din Haand/
Med din Dug vande dette Land
Graduale, 1699, s. 224.

Salmens spesifisering av vår-bøna viser kor stor rolle sol og regn spela for levemåten i det gamle bondesamfunnet. Dømet viser også kor tett på dagleglivet salmeboka ønskjer å vera, og kor tett samanvovne natur og menneske og kyrkje er. Dei arketypiske toposane er ikkje berre å forstå som symbol, men som aktuelle verestader. Men trongen til å spesifisera bøna, viser også ei nærast magisk innstilling til kva bøn er: Ein må be rett, skal ein ha von om å få noko. Både Landstads *Kirkosalmebog* i 1870, og Landstads reviderte og *Nynorsk Salmebok* på 1920-talet, har denne salmen. Men dei nøyer seg med å be om tenleg ver, slik kyrkjebøna også lenge gjer.⁶¹⁷

Landstad organiserer salmeboka si både etter gangen i gudstenesta («Indgang»; «Før Prædiken», «Efter Prædiken», «Slutning») og sentrale ledd i denne («Daab», «Konfirmation», «Nadverd»), samt etter kyrkjeåret (frå nr. 95 til nr. 578). Deretter kjem ein bolck med «Særlige Salmer» der ein til dømes finn bordvers og songar for «Søfarende» og døyande. «Systematisk Indholdsliste» gir eit kronologisk oversyn over innhaldet i boka, men boka har også eit tematisk oversyn der sentrale sider ved lære og liv får konkrete salmeforslag: «Troens Bekjendelse», «Skabelsen», «Opholdelsen», «Styrelsen» og så bortetter. På liknande vis organiserer også LR, Nyn og NoS salmane i bolkar for kyrkjeår, gudstenestlege handlingar og andre tema knytte til ulike sider ved trua og livet. I salmebøkene etter K finn ein eigne avsnitt for morgon og kveld; i NoS også årstidssalmar slik at ein i tillegg til kyrkjeåret jamvel

⁶¹⁷ Sidan NoS ikkje har denne salmen, oppfyller han ikkje kriteria for materialet. Men han gir eit tydeleg døme på korleis kyrkjeåret og naturens, eller bondesamfunnets, år heng saman i K.

får ei påminning om dag og natt og årstider. I Nyn og LR kjem «folk og fedreland» inn som ein ny kategori; her finn ein songar for 17. mai og olsok. I NoS (til dømes) er det likevel så mange salmar til kvart avsnitt, og så stor valfridom når salmesetelen skal fastsetjast, at kyrkjelyden neppe har ei kjensle av at alle salmar kjem i syklusar, om dei då ser bort frå enkelte årstidssalmar og salmar som er brukte til dei store høgtidene. Salmeboka framstår som ei ressursbok med stor valfridom, og kan ikkje oppfattast som ei regulerande bok utanfor gudstenestekonteksten, og knapt nok der.

Medan kyrkjeåret er regulerande for K, er kyrkjeåret ikkje lenger den einaste raude tråden gjennom nyare salmebøker, jamvel om preiketekstar og liturgiske fargar og kyrkjelege tider sjølvstøtt styrer gudstenestelivet. Naturens år vil for dei aller fleste kyrkjegjengarar vera langt meir regulerande enn kyrkjeåret; fastetida vil oftare vera ei førebuingstid til påskeferien enn til den kyrkjelege høgtida knytt til Jesu liding, død og oppstode. Dei færraste vil ha noko forhold til «treeiningstida» eller «fjerde sundag etter pinse». Valfridomen er stor på dei fleste område i eit velstandssamfunn, og salmeboka har også mykje å velja mellom. Ein kan sjølvstøtt ikkje skulda salmebokredaktørane for at kyrkjeåret, som følgjer naturens gang, har mista grepet om folks tenking og planlegging, men om ikkje salmebøkene bidrar til dette, så illustrerer dei somme av dei same tendensane.

8.2 Sykliske biletmønster i salmane

Dei viktigaste sykliske biletmønsterane i salmematerialet er knytte til vekslinga mellom lys og mørke. Morgon- og kveldssalmar er plasserte ved overgangane mellom dag og natt. Men dei særlege utfordringane ein ber om hjelp med i dei eldste salmebøkene, er knytte til dei varande tidsromma: dagen og natta. Særleg er angsten stor innfor mørke og natt. Natta er farleg. Ho er fylt av freistingar og prøvingar. Lekamen treng kvile og

søvn for å styrkjast til ny dag (K120,4), og den syngjande er ikkje på vakt på same måten som i vaken tilstand. Han er heilt utan sjanse til å ta vare på seg sjølv og sitt hus og eigedom. Difor ber han om vern frå englane og Gud Herren. Det er særleg Satans åtak og synda som uroar. Her er ikkje spor av at «den som søv, syndar ikkje», som det heiter i eit munnhell. Kva slags synd det er som er særleg påtrengjande om natta (nattlege synder), kan ein jo berre spekulera i, men det verkelege trugsmålet er å «i Synden [...] Sofve» (K120,7); det inneber å døy i uoppgjort synd medan ein søv og såleis vera utanfor nåden. Difor ber ein om «At Syndsens Søfn os ey besvære kand» (K136,3). Andre farar kan også lura i natta, men desse er i like stor grad knytte til dagen, slik som eld, tjuveri, sjukdom og brå død.⁶¹⁸ I Ks biletbruk høyrer natta med til det demoniske. Jamvel det bedande mennesket kjenner seg overgitt til mørke og fare overfor nattas kome.

Når morgonen renn, er natta over, men det er likevel utfordringar som ventar. Den (oftast mannlege) songaren i salmematerialet ber om vern mot øydelegging og tap.⁶¹⁹ Mange av morgonsongane til Thomas Kingo og andre, uttrykkjer stor lette over at natta er overstått.⁶²⁰ Jamvel om dagen også har prøvingar og uro, er det særleg natta som er utsett.

⁶¹⁸ K278 er ein morgonsalme som takkar Gud for vern gjennom natta og bed om både åndeleg og lekamleg tryggleik for dagen. I salmebøkene etter L, er det berre dei strofene som er knytte til prestevigsle, som er vidareførte. Salmen er omtala fleire gonger i dette arbeidet, m.a. under deskriptiv fase.

⁶¹⁹ Som tidlegare skrive, har ikkje kyrkjjesalmeboka K så mange morgon- og kveldssalmar, særleg morgonsongar er det tynt med. Men i Kingos *Aandelige Siunge-Koor*, og fleire andre samlingar med husandaktssalmar, er det mannlege perspektivet uttalt fleire gonger: «Signe Hustru, Huus og Hiem, Mine Børn hielp frem og frem» (Kingo, 1674, s.30, «Den Anden Morgen-sang» str.9). Det skal likevel seiast at Kingo for det meste nyttar kjønnsnøytrale formuleringar. Det mannlege perspektivet finst også i materialet, til dømes i ein av dei best kjende salmane der: «Vår Gud han er så fast en borg» av Martin Luther. Dorothe Engelbretsdatter opponerer mot det mannsdominerte mønsteret når ho i sin kjende kveldssalme skriv «Min Hosbond med Børn og Slect./ Tag og i din Vare-tect» (NNSL, 2011, s.78, str.10). Dorothe var ikkje representert i K og er difor ikkje med i materialet, men kveldssalmen der sitatet er henta frå, er med i NoS 1985 og 2013, utan kjønnsspesifikke detaljar.

⁶²⁰ Kingos *Aandelige Siunge-Koor* kom i 1674 og 1681. Fleire av salmane derifrå vart plassert i *Den Forordnede Huus- Andagts-Psalme-Boog*, 1703, ei bok som vart lite brukt. Seinare har fleire av Kingos morgon- og kveldssalmar, samt andre songar frå desse samlingane, fått plass i kyrkjjesalmebøkene i Noreg. Fleire av dei vert sunge til norske folketonar.

I studiet av kveldssalmene i revidert versjon, blir ein slått av at natta har endra karakter frå å vera trugande og fylt av døds- og undergangsbilete, til å vera fredfull og prega av tillitsfull overgivnad. Biletbruken og tematikken er ikkje lenger i det demoniske, men i det apokalyptiske ut frå Fryes bruk av omgrepet. Forløpet har gått frå det tragiske til det komiske, og det er igjen på sin plass å minna om at dette ikkje handlar om sjangerinndeling, men om mytisk forløp. Dette heng saman med at det sterke fokuset på det vonde, synda og alle farane, er veikare i dei nyare salmebøkene enn i dei eldre. Det er ikkje slik at talen om synd og straff, djevel og freisting, er borte frå den yngre salmeboka, men han er mindre utpensla og ikkje så direkte knytt til dagleglivet til den som syng. I salmebøkene frå 1900-talet er det heller tale om synda som omgrep eller fenomen, ein teologisk storleik, enn synda som praksis og arv i menneskets liv.

Nokre av dei tydelegaste døma på denne endringa finn ein i dei kveldssalmene som er omsette frå latin og berre står i K og NoS. Teksten i NoS er ikkje ei omarbeiding av tekstversjonar i tidlegare salmebøker, som K. Snarare er det tale om ei ny omsetjing. Utan å kjenna originalteksten, kan ein i alle fall sjå at dei to omsetjingane vektlegg ulikt:

Psalmer paa dend Tredie Søndag i Faste.
Aften-Sang. Til Beslutning.

CHriste/ du est baade Lius og Dag
Nattens mørckhed du monne forklare/
Du siges at være Liusenes Lius/
Lær os Veyen til din Faders Huus.

2 Vi bede dig/ O hellige HÈrre Christ/
Vogte os denne Nat fra Diefvelens List/
Und os i dig dend ævige Roe/
Gif os en roelig Nat og good.

3 At Syndsens Søfn os ey besvære kand/
Ey Diefvelen dend onde Fristermand/
At Legemet ey samtycker hans Raad/

Dagstidene. Kveld.

Christe, qui lux es et dies. Sverre H. Smeby,
1972.

O Kristus, du som lyset er,
alt mørke flyr hvor du er nær.
Vi ser i bønn og tro til deg
når solens lys nå skjuler seg.

2 Til frelser for oss er du satt,
beskytt oss da i denne natt,
så vi kan kjenne himlens fred
når kveldens skygger synker ned.

Och ey kommer i din Vrede og Had.

4 Først vore Øyen tage Søfn til sig/
Da lad vore hierter vaage til dig/
Din høyre Haand beskierme her
Dine Tienere/ som dig hafve kier.

3 Når våre øyne lukker seg,
la oss få eie fred hos deg.
Din nåde og barmhjertighet
er alt vårt håp i evighet.

5 See til os Gud vor Beskiærmermand/
Vogte os fra Diefvelen dend skadelig Aand/
Regiere dem vel dig tiene med Tro/
Som du løste med dit dyrebar' Blood.

4 Du frelste oss fra dom og død
da du på korset bar vår nød.
Gi oss for evig denne trøst
at vi fra synden er forløst.

6 O HErre/ vilde du der tæncke paa/
I dette svare Legeme vi nu gaa/
Du est allene Siælens Trøst/
Vær du med os i ald vor Brøst.

7 Gud Fader hannem hører Ære og Priis/
Hans Eeniste Søn disligerviis/
Dend hellig Aand og lige der med/
Fra denne stund og til ævig tiid (K136).

5 Gud, Fader, Sønn og Helligånd,
som styrer alt med allmaktshånd,
deg, Hellige Treenighet,
skje lov og pris i evighet (NoS801).

I NoS er ingen djevel (K136,2, 3 og 5), ingen "Syndsens Søfn" eller "Vrede og Had" (K136,3); ikkje eit «svare legeme» eller «ald vor Brøst» (K136,6). Djevelen er i K ikkje berre omtala eller vist til i salmematerialet, men er skildra med ulike epitet og ikkje minst gjerningar, og han har ulike namn og karakteristikkar.

Det er døme i materialet på kveldssalmar i K som er lysare og meir fredfulle tekstar enn den over (mellom andre K269; dublett til K136). Men også her lurar synda og djevelen i strofer som ikkje har gått vidare til NoS801:

Naar Søfnen falder vore Øyen paa/
Vort Hierte lad for dig Vaagen staa/
Holt ofver os din høyre Haand/
At vi ey falde i Syndsens Baand.

O JEsu Christe/ til os see/
Drif bort vor Fiende/ som gjør os Vee/
Lad hannem med os hafve ingen Magt/

Som os at Myrde hafver i agt (K269,3-4).⁶²¹

Salmen målber eit sterkt ønske om beredskap mot synda. Det er vanskeleg å forstå korleis hjartet kan halda seg vake medan resten av lekamen søv, på same måte som det ikkje er opplagt korleis synd og djevel skal sleppa til i menneskets liv medan det kviler i svevnen. Hjartet må oppfattast som ei sjølvstendig eining der det går føre seg ein kamp mot freisting og djevleske innfall. Men det treng hjelp. Salmen ber om englevakt så dei som syng, kan sova trygt. Argumentet overfor Gud er her, som fleire stader i salmematerialet, at «Vi er dog din Arfedeel/ Forhverfet med dit hellige Blood» (K269,5). Også den moderne songaren veit at ein kan ha bruk for vern om natta. Og argumentet for ei god natts svevn er det same som i K: Guds miskunn og nåde. «Du frelste oss fra dom og død/ da du på korset bar vår nød» (NoS801,4). Endringane i kveldssalmane samsvarer med dei som elles er gjorde i salmematerialet i framstillinga av synd, naud og død. Den moderne songaren imøteser natta med glede og tryggleik. Natta er ikkje lenger tida for svære freistingar og mørke gjerningar og farar, men ei kvilestund i nåden.

8.3 Dialektiske mønster

Det sykliske og det dialektiske heng nøye saman hjå Frye. Jan Inge Sørbo framhevar denne samanhengen: «Dei tilstandane som dei dynamiske forløpa rører seg mellom, er jo nettopp dei to motpolane som blir skilde dialektisk i oppe og nede, positivt eller negativt, lys og mørke. Eigentleg er det dei same bileta som blir ladde positivt og

⁶²¹ Det er to omsetjingar av den latinske salmen *Christe, qui lux es et dies* i K. K136 og K269 er dublettar og har begge si vidareføring i NoS801 (Rynning, 1967, s. 30-31).

negativt».⁶²² Funna som er gjorde i arbeid med sykliske arketypar, samsvarer med funna mellom dei dialektiske mønstera.

Frye gjer ei rekkje inndelingar i dei dialektiske arketypane. For det første skil han mellom det han kallar «apocalyptic imagery» og motsetnaden som er demonisk.⁶²³ Hjå Frye er dei apokalyptiske arketypane uttrykk for ei idealverd: «The apocalyptic world, the heaven of religion, presents, in the first place, the categories of reality in the forms of human desire as indicated by the forms they assume under the work of human civilization.»⁶²⁴ Kveldssalmane i materialet viser at medan K har ei angstfylt forståing av det nattleg demoniske, er natta imøtesett roleg og trygt av NoS og plassert i den øvre enden av den vertikale verdiskalaen. Ser ein på kveldssalmane i forhold til Fryes forløp, har kvelden gått frå å vera haustleg på veg mot undergangen, altså del av eit tragisk forløp, til han i nyare song er meir over i eit komisk.

Frye seier den apokalyptiske verda i Bibelen presenterer følgjande mønster der alle endepunkt kan identifiserast med Kristus, «The conception ‘Christ’».⁶²⁵

guddommeleg verd	=	samfunn av gudar	=	Ein Gud
menneskeverda	=	samfunn av mnsk.	=	Ein Mann
dyreverda	=	saueflokken	=	Eitt Lam
planteverda	=	hage eller park	=	Eitt tre (livets)
mineralverda	=	byen	=	Ein bygning, tempel, stein

I motsetnad til den apokalyptiske biletverda, står den demoniske. Her rår dei kreftene som mennesket ikkje ønskjer, det skremmelege, vonde og mørke. For guddomar finst djevlar og vonde ånder, smerte og død; for himmelen eit helvete. For sivilisasjon finst ufred og kaos, for hagen øydemark og tistlar. Dyra er sjakalar, gribbar, ulvar og andre rovdyr. Den velordna byen er bytt i ruinar, gruver og katakombar.

⁶²² Sørbo, 1997, s. 43.

⁶²³ Truleg nyttar Frye termen apokalyptisk fordi han best finn arketypane sine i Johannes' openbering, eller apokalypsen: "From our point of view this means that the Biblical Apocalypse is our grammar of apocalyptic imagery" (Frye, 2000, s. 141).

⁶²⁴ Frye, 2000, s. 141.

⁶²⁵ Frye, 2000, s. 141.

I den guddommelege verda er både guddommen og dei himmelske vesena, som englar og kjerubar, slik dei er i den jødisk-kristne myten som salmen vedkjennest. Menneskeverda gjeld både det enkelte mennesket og sivilisasjonen. Forma på menneskeleg arbeid og «desire» i planteverda, er hagen, garden og lunden eller parken; i den animalske husdyr, særleg sau. Difor er hyrdingen og flokken også med her. Dette er ein arketypp som held seg i salmematerialet og jamvel får noko meir merksemd i salmerevisjonane. Hyrdebiletet er til dømes brukt av Landstad i salmar der det ikkje finst frå før; han tar også med ulven frå den andre sida av verdiskalaen (L2; L162; L555), denne hyrdingen finst også som bilete på Kristus i Nyn og NoS. Men tenkjer ein på kor mykje hyrdebiletet er brukt i forkynninga, ikkje minst for born, særleg med utgangspunkt i Salme 23 og Joh 10, er hyrdingen og sauene dårleg representerte i salmematerialet.

I mineralverda er steinen sentral, men også det som sivilisasjonen tilverkar av stein, som byar og tempel. «The city, the garden and the sheepfold are the organizing metaphors of the Bible and of most Christian symbolism».⁶²⁶ Ein kjenner att desse bileta frå den bibelske ikonografien, men byen og samfunnet er i liten grad framme i salmematerialet.⁶²⁷ Heller ikkje kyrkjebygningen, medan gravplassen er med (K274,2). Hagen er i Kingos pasjonssalme «Over Kedron» (K285) som vi har vore innom fleire gonger, både paradisetts hage, Getsemanehagen, eg-ets indre «hage» og framtidens himmelvisjon, den siste berre antyda. Kingo framhevar skilnaden mellom den apokalyptiske visjonen og det demoniske motstykket. «Folkets Frydested» vert ein grusom stad med ufred og styggedom. I samtlege revisjonar av denne salmen ser ein at det demoniske motbiletet vert svekka, medan det apokalyptiske steg meir lysande fram. I NoS123 er den skrekkelege hagen nærast borte, jamvel om det er blod på blomane der Jesus låg og bad, og eg-et sjølv er ein blome som skal visna.

⁶²⁶ Frye, 2000, s. 141.

⁶²⁷ Morgensalmen med scener frå ein arbeidsdag i byen, NoS785, er t.d. teken ut i NoS 2013.

Til mineralriket høyrer ei rekkje bilete knytte til dei fire elementa: Eld, luft, vatn og jord. Desse arketypane finn vi i salmane, ikkje minst vatnet i ulike former. Havet eller vatnet er i K først og fremst farefulle element, men med Blix blir havet også ein ferdselsveg mot eit trygt mål. I Luther-salmen «VAr Gud ikke med os denne tiid» (K84) var dei truande sjelene i fare for å søkkja til botnar om ikkje Gud kom dei til hjelp: «Da hadde vannets ville foss / og flommen veltet over oss,/ da gikk vi alle under» heiter det i NoS455,2. Havet og «dei stride straumar» er klare til å sluka dei truande i Nyn496,2. «Eld og alda» vil «glupa meg» i Nyn265,7. Men i Nyn er også havbileta knytte til den trygge hamna (til dømes Nyn220,3; Nyn646,4 og Nyn265,7). Også i K kan vatnet få positive konnotasjonar: «Da skal dit hierte flyde ud/ I store Glædestrømme» utbryt Kingo ved tanken på heidningeburra som kjem til Zion (K88,5). Vi kan også tenkja på dei forvandla væskestraumane i Kingos pasjonsdikting som viser både dei vonde og dei gode ytterpolane i denne arketypan. Vatn er også livgivande når det fell over landskapet og væter det som veks (K142). Arketypiske vassbilete er med i heile salmematerialet, men havet som eit positivt bilete, kjem først og fremst med Nyn.⁶²⁸

«Verden» kan i K vera ei samlenemning for jorda og alt som er på den (K1; K300), slik er det også i dei andre salmebøkene. «Verden» er det næraste ein kjem eit namn for sivilisasjonen.⁶²⁹ «Verden» er forderva av synda: «Verden/ som i Synden laa» (K268,2; L578,2; LR658,1). Denne verda er det Gud elsker og vil berga. «Verden» står også for freistingar og det syndefulle og vonde i salmematerialet (K285,11); også i seinare salmerevisjonar: «Verden ler, men Jesus greder» (LR777,1). «Verden»

⁶²⁸ I ein av Kingos morgonsalmar, «Nu rinder Solen op/ Af Øster-lide» er havet brukt som bilete på den umåtelege og uendelege nåden: «Vtallig saa som Sand,/ Og uden maade,/ Som Hafsens dybe Vand/ Er Herrens Naade» (NNSL, 2013, s. 79). Salmen er ikkje med i materialet, men i L, LR, Nyn, NoS og NoS 2013, noko avkorta.

⁶²⁹ Med til sivilsamfunnet høyrer også styresmakter. I K finn vi bønner for desse, noko NoS ikkje har teke vare på.

representerer altså dei kreftene som står Gud og kristenmennesket imot, og hamnar i det demoniske motstykket til himmelen med dei kreftene som finst der.

Ein kan sjå ein tendens til at det blir færre negative framstillingar av «verden» i revisjonane. Til dømes er strofa der «Verden/ som i Synden laa» (K268,2) stroken i Nyn og NoS. Verda er på sett og vis blitt meir «analog», ho hamnar ein stad mellom demonisk og apokalyptisk og er tydelegare blitt eit ansvarsområde for mennesket som skal ta vare på jorda og agera i verda til beste for alle (eit døme her er revisjonen av K142 i NoS712 som har vore omhandla tidlegare).

Det er på ingen måte slik at himmelen er borte frå nyare salmar. Men himmelen og framtida er ikkje løysinga for no og her. I «verden» må menneska halda ut elendet og freista gjera noko med det. For verda er truga. Moderne salmar tilbyr ikkje ofte flukt til framtidsutopiar. Men mennesket kan klaga si naud og be om å bli høyrte og trøysta og hjelpt. Det kan også stilla sine spørsmål: «Herre, måtte dette skje?» (NoS 2013, 752); «Dei tunge tankar ligg og brenn. Vi spør deg om og om igjen: Kvi skulle dette hende?» (NoS 2013,750,2). Håpet for menneska ligg ikkje berre i framtida («til vi har nådd det sæle land» (NoS 2013,750,5), men i Guds nærværet i tida: «Mine døde timer bærer jeg til deg, inntil de i lyset stille åpner seg» (NoS 2013,747,4).

«Jeg tror på jordens forvandling» er den siste av dei ordinære salmane i den yngste salmeboka, plassert under rubrikken «det kristne håpet». Salmen byggjer på den bibelske førestillinga om ein ny himmel og ei ny jord som skal koma når det gamle er borte. Men salmens eg «flykter ikke fra verden» (NoS 2013,899,2 og 4). Salmeboka avviser sjølv sagt ikkje trua på himmelen. Salmen framom handlar om korleis det er «hjemme i himlen» (NoS 2013,898, ein tekst frå 1986, også den bygt på visjonane om det nye paradiset i Johannes' openberring). Men det er ein tendens, både i NoS 1985 og særleg i 2013 mot å forankra det menneskelege tilværet i eit analogt midtområde på den arketyriske dialektiske verdiaksen. Menneska strevar med sorg

og tvil, redsel og overleving utan at det guddommelege inngrepet er opplagt. Det er mange forhold mennesket må ordna opp i sjølv og halda ut. Men håpet er der, om ein Gud som bryr seg og vil koma og vera nær hjå den som ber og ropar. Også Gud vert meir analog.

Det er altså ein tendens til at det skjer ei tyngdeforskyving på den dialektiske skalaen ved revisjonane. Den demoniske delen får mindre merksemd, jamvel om det framleis finst godt om bilete frå det demoniske også i NoS. Salmene i K sluttar seg til den «myth of concern» som Bibelen tilbyr.⁶³⁰ Tendensen til tyngdeforskyving aukar i dei nye salmane. Moderne salmar vågar ta eit steg attende, spørja og tvila. Det er vanskeleg å seia at revisjonane flyttar salmane bort frå den bibelske myten eller den kristne grunnforteljinga, endå det vert antyda. Det er lettare å slå fast at så skjer med dei nye salmane. NoS har ein eigen kategori som heiter «tvil og anfektning», plassert under hovudoverskrifta «Guds nåde i Kristus». I NoS 2013 heiter kategorien «tru og tvil», men hovudoverskrifta er den same. «Eg skulle gjerne vilja tru at nokon har meg kjær», heiter det i NoS 2013,446 og salmen held fram: «Eg skulle gjerne våga tru/ at nokon her/ kan sjå den von eg ikkje ser».⁶³¹ Eller ropet blir forma slik:

Midt i alt det meningsløse
som vi møter her på jorden,
blir vårt hjertes skrik til bønn.
Gud, vi roper: Om du finnes,
finn oss, redd oss når vi synker
i vårt eget tomhetsmørke.⁶³²

Slike salmar som dei viste frå NoS 2013 kunne ikkje funne vegen til K. K-salmen spør ikkje om Gud finst og annonserer ikkje at trua er borte eller vaklande. Det er mennesket som har rykt inn i sentrum i mange av salmane i 2013, med sine mange spørsmål og fortvila rop. Gud er kanskje der, kanskje langt borte, kanskje nær ved,

⁶³⁰ Frye, 2000, s. 96.

⁶³¹ Salmen er skriven av svenske Tore Littmarck i 1969 og omsett til nynorsk av Per K. Bakken.

⁶³² Salmen er skriven av Svein Ellingsen i 1978 og står på nr. 448 i NoS 2013.

men ein sjølv sagt storleik er han i alle fall ikkje. Mennesket er likevel ikkje heilt utan von og ber om å bli sett og høyr.

Ein kan oppsummerande seia at gjennom endringane i teksten fram mot 1985, skjer det ei gradvis nedtoning av fallet og synda; dette blir mindre omhandla i salmane, særleg etter L. Menneskets strev, som i GT er knytt til syndefallet, får merksemd gjennom revisjonar som omhandlar ureining og ansvar for jorda (K142; NoS712). Overgangstida, eller hausten, med fallet og utdrivinga, er altså noko veikare representert i revisjonane, medan vinteren med alt sitt elende blir verande menneskelege kår. Dette er endå tydelegare i moderne salmar som ikkje poengterer syndefallet, men der eksistensiell naud og fortvilning plagar mennesket.

Jesu gjerning for menneska blir ståande fast gjennom revisjonane; det er hovudsaka i salmematerialet også etter at fleire revisjonar har arbeidd med tekstane frå K.

Frelsesverket representerer våren i det sykliske forløpet. Himmelen og trua på ei evig, gild framtid blir heller aldri borte. Enden på forløpet, sommaren med bryllaup slik det er i eit komisk forløp, står fast. Moderne salmar er ikkje like opptekne av å syngja om frelsesverket. Dette korresponderer med at dei tar mindre med om syndefallet.

Himmelen er heller ikkje noko hovudemne i moderne salmedikting. Dette treng ikkje innebera at moderne salmebøker tykkjer desse tema er mindre viktige enn før, men at dei meiner dei er godt nok ivaretekne gjennom dei eldre salmane. Samt at det som trengst i ei ny salmebok, er salmar som målber den eksistensielle fortvilninga som mange kjenner på.

Etter kvart som salmane vert forandra eller nyomsette, skjer det ei tyngdeforskuving mot det analoge nivået på den dialektiske verdiaksen. Åtaka frå djevelen vert færre, merksemda ved menneska og deira tilvære, større. Gud lyt koma hit om han skal gjera seg tilgjengeleg. Men då ikkje berre som eit lite jule-barn eller krossfest frelsar, men som ven og bror og hjelpar.

Eksempla frå revisjonsarbeidet gir eit noko tynt grunnlag for å slå fast endringar i dei arketyperiske mønstera. Men det komiske forløpet mot utløysing og bryllaup er ikkje fullt så einerådande som i dei eldre salmane, ein tendens som vert forsterka i nyare salmedikting. Salmens eg og kyrkja synest å sitja fast i ei slags lang mellomtid der det er uvisst om sommaren kjem, men der det er eit sterkt ønske om fridom og glede. Samtidig viser kveldssalmane tillitsfull tryggleik i møte med nattemørket.

På den dialektiske aksen er tendensen at meir føregår «på midten», hjå mennesket. Djevelen er trengd noko i bakgrunnen med alt sitt. Ein har framleis kontakt med Gud, men mennesket ber eit stort ansvar for seg sjølv og jorda ein lever på. Også denne tendensen som ein kan sjå i revisjonane, er forsterka i nyare salmedikting.

8.4 Modus

Modusteorien knyter einskildverka til større litterære kategoriar slik arketypane gjer. Både modus og arketypar er delar av det litterære systemet, eller grammatikken, som Frye freistar å etablere. Men jamvel om modus og arketypar vert handsama i kvar sine kapittel hjå Frye, gjer eg ein liten sving innom modus-teorien her. Frye viser sjølv også fleire gonger til modusteorien i sin gjennomgang av arketypane. Det er forandringane når det gjeld salmens hovudperson som gjer denne inndelingane interessant i samband med salmerevisjonane.

Modusteorien deler inn litteraturen etter korleis heltens situasjon og handlekraft verkar i forhold til korleis menneska rundt han, og omverda hans er, slik vi var inne på i teorikapittelet. I første modus er helten av eit anna slag enn menneska omkring, og han er ikkje underlagt dei same vilkår og naturlover som dei. Frye seier at vi då er

i gudeverda og har med ein myte å gjera.⁶³³ I neste modus er han av same slag som andre, han er altså eit menneske, men betre enn resten. Helten gjer overnaturlige og magiske ting, som ein eventyrhelt, og sjangeren er «romance».⁶³⁴ Tredje modus lar helten vera underlagt same lover og vilkår som andre; han er ein leiari og visjonær, men ikkje unnateken frå kritikk. Dette er den høgmetriske modusen og sjangrane er epos og tragedie. I fjerde modus er helten ein av oss. Dette er det lågmimetiske nivået, og ein forventar realisme og truverdig framstilling, som i realistisk diktning, men også i komedien. I siste modus er «helten» ein vi ser ned på; dette er den ironiske modusen som ein til dømes finn i modernistiske romanar eller absurd drama.⁶³⁵

Dei eldre salmane i materialet har ein opplagt hovudperson, Jesus. Og han kan passa inn i samtlige modus. Som sann Gud er han ein opplagt kandidat i myten; som ein slik helt er han hylla og tilbeden i salmematerialet slik vi til dømes såg det i *Te Deum* (K1) som er omhandla mellom anna under «Deskriptiv fase» og «Anagogisk fase». Men han er også eit sant menneske, sjølv om han er utan synd, noko salmen understrekar gong på gong, ikkje minst i julesongane. Gud kledde på seg menneskeskapnad (K147).⁶³⁶ Frå Bibelen veit ein om at Jesus kan gjera mirakel, men desse undergjerningane spelar lita rolle i salmematerialet. Derimot er hans mot i møte med døden presentert i salmen, til dømes i «Over Kedron» der han syng på veg mot liding og død (K285).⁶³⁷ Slik høver han også i den andre modusen.

Leiarrølla hans (i tredje modus), til dømes når han veltar borda til pengevekslarane i tempelet, eller diskuterer med farisearane, er ikkje mykje framme i salmematerialet; heller ikkje kvardagslivet hans slik det glimtvis kjem til syne i evangelietekstane.

⁶³³ Frye, 2000, s. 33.

⁶³⁴ I tillegg til romansen nemner Frye «legend, folk tale, *märchen*, and their literary affiliates and derivatives» (Frye, 2000, s. 33).

⁶³⁵ Sørbø, 1997, s. 29.

⁶³⁶ Omtala under «Formell fase. Andre trusartikkel. Jesu doble natur».

⁶³⁷ «Over Kedron» er m.a. omhandla under «Formell fase. Andre trusartikkel».

Bibelen fortel mellom anna at Jesus både vart trøytt og svolten, og at han gret. At Sonen var som oss, er eit viktig poeng (fjerde modus), og at Jesus er menneske, vert understreka i salmen. Men dette vert ikkje konkretisert ut over at han vart eit menneske, fødd av ei kvinne, slik vi såg i «Formell fase» under andre trusartikkelen. Derimot er han avgjort ein «ironisk» helt i salmematerialet, både når han vert sveipt og lagt i ei krybbe, og når han vert håna og spotta og lir ein fornedrande, skiten og smertefull død. Då er han ikkje lenger ein guddommeleg helt, men ein vi ser ned på.⁶³⁸

Kristus er såleis ein helt som høver i alle modusar i Frye sitt system, slik han kan fylla alle roller i dei arketypiske biletkategoriene hjå Frye som vi såg i dømet med Kristus som både var gud, menneske, lam, tre og stein i oversynet framom her. Salmane i dei eldre bøkene, særleg i K, men også i L, rører seg hovudsakleg i yttermodusane, i myten og ironien, for å bruka dei termane. Samtidig understrekar salmane at Jesus var menneske, ikkje minst i samband med omtalen av møya.

I den grad mennesket er helt, eller hovudperson i salmen, er denne rolla prega av synd og uro. Mennesket er veikt og hjelpelaust og lever i elende, underlagt døden; «Mens vi nu ere gandske forlat/ Med Sorrig og Fare omkring besat» og ber «Stat os i vores Ælendighed bi/ Gjør os fra alle Plager fri» (K100,5 og 6). Det er i ein posisjon der det ser ned på seg sjølv og sin eigen situasjon.⁶³⁹ Salmemennsket vekslar mellom ei ironisk og lågmimetisk helterolle i sitt strev for å makta livet og kjempa mot synd og motgang. Samtidig syng og bed dette mennesket frimodig gjennom salmane og vender seg til den høgste Gud. Det argumenterer og viser til Sonens frelsargjerning for sjølv å få del i det evige livet. Det inntar likevel aldri dei øvste modi på ein slik måte at det maktar noko særleg på eiga hand. Derimot vonar det på å bli løfta opp av Jesus «Som mig fører med Lof og Priis Til Himmerig til Paradiis Fra Jammer og

⁶³⁸ Det fattige barnet er m.a. skildra i K57 og den fornedra dødsdømde i «Bryder frem, I huule Sukke» (K300).

⁶³⁹ Døme på elende og naud i menneskelivet finst i mange salmar, t.d. K49; K46; K100.

Ælende» (K37,7). Innafor den kristelege konteksten er mennesket realistisk framstilt: syndar og rettferdig, fortvila, men ikkje utan von. Revisjonane endrar ikkje mykje på dette, jamvel om det blir mindre av synd og skuld etter kvart. Nyare salmar lar mennesket bala i den lågmimetiske modusen; prega av eksistensiell uro, sorg og tvil. Kvardagen innhentar den nyare salmen, ikkje ved at han skildrar oppvask og bilkøar, men ved at han lar blikket sveipa over jorda som er ille medfaren, og den maktesløysa mennesket kjenner på. Utan von blir den nye salmen likevel ikkje.

Når det gjeld Jesus, salmens helt, blir det mindre av den ironiske modusen gjennom revisjonane, særleg etter L; salmetekstane får større avstand til den lidande og svivyrde helten. Paradokset, som Kingo og fleire andre av salmediktarane nyttar for å få fram spennvidda i Kristi liv og gjerning, vert avslipt. Jesus vert både mindre opphøgd og mindre vanvørd; han vert meir som ein ven og bror og samtalepartnar, og tek tilhald hjå mennesket i den lågmimetiske modus. Dette samsvarer også godt med funna i tidlegare fasar. I fleire nyare salmar, mellom anna presenterte i *Norsk salmebok* 2013, er ikkje Kristus hovudpersonen lenger, men derimot eg-et, eller menneska.

Eit studium av korleis denne «helten» opptrer i Frye sine modi vil vera eit spennande lite framhald av arbeidet mitt.

9. Anagogisk fase

Den siste fasen i Northrop Fries fasesystem, er den anagogiske. Frye drøftar denne fasen i underkapittelet «Anagogic phase: Symbol as monad» i det andre essayet i *Anatomy of Criticism*.⁶⁴⁰ Det skjer eit avgjerande brot mellom dei føregåande fasane hjå Frye og den anagogiske fordi litteraturen no lausriv seg fullstendig frå røyndomen og står på eigne bein med løyve til å påstå kva som helst utan omsyn til erfaringa.⁶⁴¹

Frye understrekar sambandet med mellomalderens teologiske tolkingsstrategi quadriga. Både i quadrigaen og i Fries faseteori gjeld det å få fram fleire lag av tyding i teksten for å få ei rikare forståing. Frye freistar å skapa ein moderne parallell til quadrigaens anagogi, som ikkje føreset eit band mellom tekst og ideologi. Det inneber at Frye lagar ein anagogisk fase som er universell og ikkje berre religiøs.⁶⁴² Ein kan seia at Fries anagogiske fase er ein vid kategori som også kan omfatta quadrigaens anagogi.

Dette underkapittelet repeterer og utdjuper kva anagogisk fase inneber i quadriga og hjå Frye. Eg freistar så å gi døme på korleis ein kan bruka ein anagogisk forståingsmåte på deler av salmematerialet, både slik quadrigaen brukar han, og slik eg forstår Fries anagogi. Og eg ser om denne tolkingsmåten avslører endringar gjennom revisjonane. Det finst overlappingar og grenseområde mellom dei to anagogiske nivåa.

Den teologiske forståinga av anagogi slik quadrigaen presenterer den, kan ikkje overførast direkte til all litteratur. I Fries anagogiske fase som gjeld for den verdslege

⁶⁴⁰ Frye, 2000, s. 115-116.

⁶⁴¹ Frye nyttar metaforen som døme på korleis fasane skil seg frå kvarandre. I den anagogiske fasen finn vi den radikale forma av metaforen der A=B jamvel om A er svart og B er kvit (Frye, 2000, s. 124). Eg finn dette dømet klårgjerande forståinga av den anagogiske fasen hjå Frye.

⁶⁴² Frye, 2000, s. 115-116.

litteraturen også, handlar det ikkje berre om ytterkantane helvete og himmel, som i religionen. Frye må difor finna andre kategoriar å jamføra med og ser parallellar mellom det anagogiske biletspråket og draumen. Draumen kombinerer røynsler, sanseintrykk og realitetar på uventa og fullstendig nye måtar. Draumen følgjer ikkje vanlege tankebaner og nærmar seg ofte det utenkjelege. Som draumen held det anagogiske språket seg i randsona av det menneskelege medvitet. «In the anagogic phase, literature imitates the total dream of man, and so imitates the thought of a human mind which is at the circumference and not at the center of its reality.»⁶⁴³ I draumen kan kva som helst skje. I den anagogiske fasen er det ikkje lenger naturen, eller verda, som legg premissane, men den menneskelege tanken eller fantasien. «Nature is now inside the mind of an infinite man who builds his cities out of the Milky Way. This is not reality, but it is the conceivable or imaginative limit of desire, which is infinite, eternal, and hence apocalyptic.»⁶⁴⁴

Apokalypse tyder å avdekkja eller avsløra noko. I religiøs samanheng er dette knytt til varsel eller profetiar om det som skal henda i framtida. Avsløringa gjeld forhold som førebels ikkje er erfarte. Bibelens store apokalypse er Johannes' openberring, den siste boka i Bibelen, som Frye hentar mykje inspirasjon frå til si systembygging. Som elles hjå Frye, finst det både ein positiv, apokalyptisk, og ein negativ, demonisk, variant av randsona, slik at det ikkje berre er rom for ønskedraumen, men også for marerittet. I denne samanhengen inneber «apokalypse» noko anna enn den generelle avsløringa, eller som i religiøs samanheng, som namn på skrifter om den evige framtida. Apokalypse viser hjå Frye til det ønskverdige og ideelle i motsetnad til det demoniske og destruktive.⁶⁴⁵

⁶⁴³ Frye, 2000, s. 119.

⁶⁴⁴ Frye, 2000, s. 119.

⁶⁴⁵ Frye, 2000, s. 14.

Ein kan seia at den religiøse trua og den anagogiske draumen har det felles at dei ikkje kan etterprøvast empirisk. Ein kan altså oppfatta den religiøse anagogien som ein underkategori under Fryes vide fase. Den anagogiske fasen hjå Frye er laga for å kunna omfatta all litteratur; det anagogiske nivået i quadriga gjeld i utgangspunktet tolking av bibelteksten, i neste omgang den religiøse litteraturen.

I quadrigaen handlar det anagogiske nivået om det evige. Dette kan vera utskrive i salmeteksten slik at han talar om himmel og englar, og på den demoniske sida om djevlar og helvete. Det er altså nokre motiv og nokre tema som utan vidare leier tanken i anagogisk lei og viser klårt at det her er tale om den komande verda og ikkje om den noverande. Men som vi såg i eksempelet med Jerusalem, kan eit motiv som er konkret å forstå på jorda, som ein by i Israel, også peika framover til det himmelske Jerusalem, meir fullkomen og fredfull enn den noverande staden. Slike førestillingar treng ikkje visa eksplisitt til noko anagogisk, men tolkinga krev ei forståing av det anagogiske som kan hjelpa til med å setja biletet inn i ein framtidskontekst. Ein må kjenna den bibelske ikonografien eller dei bibelske profetiane dersom ein skal kunna forstå kva «det nye Jerusalem» er (Op 21,2).

Symbolet i den anagogiske fasen kallar Frye «monad, all symbols being united in a single infinite and eternal verbal symbol which is, as *dianoia*, the Logos, and as *mythos* total creative act».⁶⁴⁶ Det er ikkje enkelt å gripa kva «monad» inneber. Det språklege symbolet i den anagogiske fasen er berar av eit stort univers som på eit vis lar seg samanfatta i symbolet, monaden, på den andre sida berre kan anast og aldri gripast fullt ut. Medan monaden innafor den religiøse litteraturen lar seg samanfatta i Kristus ut frå Fryes eksempel, vil monaden i litteraturen som heilskap berre visa til

⁶⁴⁶ Frye, 2000, s. 121. Filosofisk står «monad» for «An unextended, indivisible, and indestructible entity that is the basic or ultimate constituent of the universe and a microcosm of it», *Encyclopedic Unabridged Dictionary of the English Language*, 1994, s. 923-924.

litteraturen sjølv.⁶⁴⁷ Ei slik forståing av det utanomrøynelege, kan femna all litteratur og alle slags draumeverder.

Det kan vera vanskeleg å skilja quadrigaens anagogi frå Fryes. Begge omhandlar det urøynde som er openberra gjennom skrift. Men medan det anagogiske nivået i quadriga handlar om det evige livet, er Fryes anagogi langt meir omfattande og ikkje knytt til religiøse førestillingar åleine. Det å studera quadrigaens anagogi i salmane står difor ikkje i motsetnad til Fryes vide anagogi, men er eit eige fokusområde som kan fortjena særskilt merksemd.

9.1 Quadrigaens anagogi

Quadrigaen var, som vi har drøfta tidlegare, både ein tolkingsmodell for Den heilage skrifta og ei forståingsramme for den kristnes tilvære. Den fungerte også som eit skjema for forkynning og mykje oppbyggeleg litteratur, derimellom salmar, lenge etter at den dominerande teologiske hermeneutikken la den firfaldige tolkinga til sides.⁶⁴⁸ Anagogien forkynner om den himmelske sæla med alt som der finst av guddom og englar, av martyrar, profetar og andre heilage. Altså det ein ikkje kan sjå eller kjenna, men som er sanning for trua. I salmematerialet finn ein både himmelske ævevoner (som i jubelsalmen «Eia mit hierte», K113) og redsle for helheims fortaping (K266,4).

⁶⁴⁷ Frye, 2000, s. 122.

⁶⁴⁸ Luther avviste quadrigaen som grunnlag for det dogmatiske i forkynninga. Han nytta han likevel i si bibellesing (Ulstein 1994, s.95-116). Retorisk nytta han også quadriga, og dette var sider ved Luther som pietistane på 1700-talet seinare kunne gripa fat i (Jensen, 2006, s. 40-57). Det finst gode døme på at quadrigaen er i bruk lenge etter Luthers tid: J.I. Sørbo viser korleis den firfaldige modellen syner seg i salmar av til dømes H.A. Brorson og Petter Dass (Sørbo, 1995) og E. A. Nielsen peikar på det gjennomslaget den firfaldige tolkingsmåten, og typologien, har hjå Kingo, til dømes i pasjonssalmane (Nielsen 2010, s. 462 ff.). Dette har eg tidlegare skrivne om i fotnotar t.d. i teorikapittelet under «Quadriga» og innleiingsvis i «Formell fase. Første trusartikkel».

Når ein skal undersøkje quadrigaens anagogiske nivå i salmane, kan ein difor spørja: Korleis skriv dei gamle salmane om utgangen på livet, om døden og det som følgjer? Kva for bilete brukar dei? Og endrar dette seg gjennom revisjonane? Quadrigaens anagogiske tolkningsnivå er såleis knytt til bestemte motiv og tema, og somme av desse har eg vore innom i tidlegare faser også, ikkje minst i den formelle fasen der den tredje trusartikkelen proklamerer «oppstoda av kjøtet og evig liv».⁶⁴⁹

Himmelen er bustad for guddommen, for engleskarane og for dei truande eller frelste. Det evige er målet for livet, og salmen reknar med at den som syng, eslar seg dit. Eit himmelsk bryllaup ventar for Guds kyrkje på jorda, og for den einskilde kristne. Motsett er fortapinga ein realitet, men det er ingen utpensla helvetesskildringar i materialet. Det blir vist til helvetet i dei eldste salmebøkene, og dette kan ha vakt sterke assosiasjonar hjå dei syngjande, gjerne støtta opp av bileta på kyrkjeveggane. Framstillingane i mellomalderens kyrkjekunst kunne vera særst direkte og fryktelege, ikkje minst når det galdt skjærselden, *purgatoriet*. Mange av desse bileta vart verande i kyrkjene frametter hundreåra slik at desse førestellingane kunne leva blant folk, også etter at reformasjonen var innført. Ein del av forkynninga som følgde med pietismen og somme lågkyrkjelege miljø, la også vekt på den skremmande fortapinga. «Svovelpredikantar» har det funnest lenge; nemninga har vore brukt både om Dante og hans *inferno*, om diktarpresten Petter Dass og familierapeutten Sissel Gran, men er nok sterkast knytt til lekpredikantar langs vestkysten av Noreg, og Danmark, som mana til omvending så folk ikkje skulle hamna i svovelpølen (som var eit namn på pinslene i helvetet).⁶⁵⁰

Det vil vera i dei meir biletrike salmane framstillingane av anagogien best kan studerast. I dei meir didaktiske og dogmatiske salmane er biletbuiken konvensjonell,

⁶⁴⁹ Brunvoll, 2017, s.17.

⁶⁵⁰ Eksempel: <https://snl.no/svovelpredikant>, <https://no.wikipedia.org/wiki/Svovelpredikant>, <https://www.nrk.no/kultur/petter-dass---en-morksnynt-svovelpredikant-1.894792> (Petter Dass) og <https://www.dagbladet.no/kultur/transsnynt-svovelpredikant/73577607> (Sissel Gran) Alle:(2023. 2.september.)

og blir mindre endra. Salmen *Te Deum* i K presenterer rekkjene av lovsyngjande vesen i himmelriket:

Hos Englene dit Navn er stor,
Af Cherubim i Himmelchor,
Og Seraphim, som for dig staaer,
En daglig Æresang du faaer.
[...]

Apostlers Tal evindelig,
Saa og Propheter glæde sig,
At de med Martyrskaren dig
Kan love høit i Himmerig (K1,3 og 6).

Salmen lar kyrkjelyden delta i lovsongen saman med alle som er samla framfor Guds trone i himmelen, tallause skarar av frelste truande og himmelbuande vesen av ulike slag, samt apostlane. Salmen er ein hyllest til ein allmechtig treeinig Gud og har vore rekna nærast som ei truverdskjenning.⁶⁵¹ I lovsongen opphøyrer grensene mellom himmel og jord, tida og æva. Det lyt vera ein mechtig song, og ein skral liten kyrkjelyd kan leggja tonane sine inn i denne lovsongen og ha ei oppleving av, eller kanskje berre ein tanke på, at dei er del av noko større. Dei himmelske songarane frå Kingos salmebok er også med i seinare salmebøker. Salmen ber: «Et Sted hos dig du os bered» (K1,16).⁶⁵² Landstad utbroderer bøna noko:

Reed os et Rum i Himmerig
Blandt dem som samlet er hos dig!
Dit Folk til Hjælp, o Kriste, kom,
Velsign din Arv og Eiendom (L1,10).

Landstad peikar her på rommet Jesus lova å gjera i stand, før han for opp til himmelen.⁶⁵³ Jesus seier at i hans fars hus er det mange rom. Landstads reviderte og

⁶⁵¹ Martin Luther sette *Te Deum* høgt og såg på salmen som truverdskjenning (Holter, 2013, s. 184).

⁶⁵² Dette alluderer til Jesu ord om at han går bort og steller i stand ein verestad til læresveinane og deretter kjem og tek dei til seg. Joh 14.

⁶⁵³ Joh 14,1-4.

Nynorsk Salmebok utfyller biletet endå meir og skildrar himmelen som «høitidshall» eller «faderhus» med innreidde rom:

Red oss et rum blandt dines tall
I faderhusets høitidshall,
Ditt folk til hjelp, o Herre, kom,
Velsign din arv og eiendom! (LR31,10).

Ja, frels oss alle, Herre Krist,
Og samla oss hjå deg til sist,
I faderhuset reid oss rom,
Og sign din arv og eigedom! Nyn18,10).

I NoS261 er strofa som i LR. «Høytidshall» (LR og NoS261,10) har ein historisk dâm over seg, ein tenkjer på mellomalderens store gjestebodshallar. Utover i salmerevisjonane blir det meir av himmelske stover og hallar. I *Nynorsk Salmebok* får himmelen noko heimleg over seg som i «Af Høyheden oprunden er» (K37) der himmelen er blitt «Guds ljose stova» (Nyn90,6) og døden er «min heimferdsdag» (Nyn90,7; NoS89,4). Ein vert minna om hausten og heimferda frå setra når den varme stova på heimegarden ventar. Himmelen vert til å fatta med slike bilete; han vert meir attkjennande i Nyn og rykkjer nærare. «Paradis» er elles brukt i denne salmen i alle salmebøkene. L10,11, Nyn 18,11 og NoS261,11 omtalar det himmelske tilværet som å vera i «din Favn» (L10,11).⁶⁵⁴

Salmen «Herre Christ/ Gud Faders Eenbaarne Søn» (K33) til «Første Advents Søndag» endar med ei bøn om at Den gamle Adam ikkje må krenka gjerning og tanke, men at salmens vi «altid tæncke paa dig» (K33,6), altså ei bøn om å leva rett. L ber «Men lev i os kun du» (L100,6). I Nyn og NoS lyder det:

...du syndi sløkkja må,
og hjarta nytt oss gjeva,
så du i oss kan leva,
og me di åsyn sjå (NoS88,4; Nyn78,5).

Dei to yngste salmebøkene i materialet vektlegg ikkje berre det tropologiske, men også det anagogiske i denne salmen. Å sjå Guds andlet, eller åsyn, er i Bibelen, og i

⁶⁵⁴ Likninga om den rike mannen og Lasarus fortel at Lasarus døydde og kom til sæla i Abrahams fang, Luk 16. Det er elles den einborne Sonen som er i Fars famn (Joh1,18), og ein må difor gå omvegen om identifikasjonen med Kristus for å hamna i Guds faderfamn.

salmen, både knytt til det dennesidige samværet med guddommen i bønna, men også til det framtidige himmelske.⁶⁵⁵ Derimot er bønna i K og L om å bli fridd frå «Helveds Vaade» (L100,5), utelaten i Nyn og NoS. Dei positive æve-bileta kan bli konkretiserte og utbroderte gjennom revisjonane slik vi såg døme på over, og ein kan sjå ein tendens til at det blir fleire av dei. Hovudtendensen i salmematerialet er likevel at dei konkrete bileta blir færre, noko vi også snart skal sjå døme på.

Ein vanleg referanse i salmematerialet er «salig» eller «sæle» (og nærskylde former). I fleire av salmane i K er sæla emne for ønske eller bøn, gjerne mot slutten av songen: «Og blive salige, Amen» (K6,5; slik endar også versjonane i L11, LR21, Nyn20 og NoS263). Oppstoda og det evige livet er utgang i truedkjeningssalmen «Vi troe allesammen paa een Gud» (K9) som er bygt på den nikenske truedkjeninga:⁶⁵⁶

Vi Mennesker skulle alle opstande
Efter dette Elende;
Et nyt Levnet er os bered
I Evighed og til evig Tid (K9,3).

Kjødet reises op av mulde
Vår tro og trøst er evig liv
Amen. Guds Ånd oss troen giv!
(LR32,3).

Oppstode av kjøtet, og døde som får eit nytt liv som varer evig, er kjernepunkt i vedkjeninga og den anagogiske motivkrinsen, uttrykt noko ulikt i dei forskjellige salmebøkene. Det er fleire døme på denne biletbruken i «Formell fase. Tredje trusartikkel».⁶⁵⁷

Dei eldre salmane er ikkje særst opptekne av himmelen. Ortodoksiens salmar har mest fokus på læra og livet. Men «nevervisen», ein akrostikonsalme der første bokstav i kvar strofe gir namnet Ellen Andersdatter, løfter blikket mot den himmelske sæla. Den

⁶⁵⁵ Til dømes: Op 22,4 og 1. Kor 13,23. Motsett er fortapinga skildra som eit tilvære borte frå Herrens andlet, 2 Tess 1,9.

⁶⁵⁶ Martin Luther er oppført som tekstforfattar i NoS230. Salmen er Luthers bearbeiding av den nikenske truedkjeninga og eit tysk vers frå ca 1417, til salme. Den har seinare vore med i salmebøkene i Noreg (Rynning, 1969, §3875) I NoS 2013 (nr.238) er denne bytt ut med ein vedkjeningssalme av Bengt Jonzon (1919).

⁶⁵⁷ T.d. viser «Med Sorgen og Klagen holdt Maade» (K274) korleis ein førestiller seg oppstoda heilt konkret som ei reetablering av lekamen.

gamle visa har eit nærast lykkeleg versemål. Særleg gjeld dette K der stavingstalet ikkje er regelbunde og der ein får ein nesten dansande rytmikk, noko som høver godt med innhaldet og stemninga i salmen. Frå Landstad ligg rytmen fast for å høva til koralen. Det har vore spekulert i om salmen er skriven av eit menneske som nærma seg døden.⁶⁵⁸ Teksten har både oppmodingar til andre, til dømes om omvending, og til den eigne sjela. Fleire av strofene gjer greie for forsoningslæra, men salmen legg ekstra kunstnarleg flid inn i strofene som omhandlar himmelens glede:

Der skal vi herlig stafferes ud
og frydes/
Af Jesu Christo skal hans Bruud
da prydes
Med ziiret smykke
Og Gyldenstykke/
Ingen skal dend Glæde fra os rycke
Ævindelig.

Vi herlig skal stafferes ut
og frydes
som Jesus Krist, vår brudgom prud,
og prydes
med himmelsmykke
og gyllenstykke.
Den fryd skal ingen fra oss rykke
og slukke (NoS846,6).

Alle Mure og Gader af lutter Guld
mon være/
Grundvold af Ædelsteene fuld
med Ære/
En liflig Klang
Af Engle-Sang
Skal høres/ at tiden dend blifver ey lang
for glæde (K113,11-12).

Den første av desse strofene er med i NoS846 i Landstads versjon frå 1870 (det forklarar det antikvariske ordvalet i NoS: «stafferes ut», «prud», «gyllenstykke»). I den gamle versjonen er det Jesus sjølv som pyntar si eiga brur, det er eit intimt bilete. I den nyare versjonen skal brura pyntast som brudgommen; det må då tyda «i same grad» eller «same stil». Overflodsiletet frå den himmelske byen (K) er med hjå Landstad, men ikkje i NoS. (I *Norsk Salmebok* 2013 er ikkje salmen med i det heile.) NoS tar heller ikkje med strofene som frydar seg over den himmelske trona og krona. Det er berre Landstads *Kirkosalmebok* og *Norsk salmebok* som har vidareført salmen

⁶⁵⁸ Malling, 1962 b.I s. 321-326.

etter K. Ingen av dei har alle 15 strofene (L har ti; NoS har åtte), og akrostikonet er dermed borte. Sidan salmen er komponert etter bokstavane i eit namn, kan ein korta i salmen utan at samanhengen mellom strofer går tapt. Men noko av anagogien blir borte.

Det kan då vera interessant å sjå kva som faktisk er gangbar anagogi i 1985: At dødens lenker er brotne, er eit sentralt lærepunkt. Døden er ikkje endeleg, sjølv definisjonen på død er attendevist av Kristus. Det er anagogisk forstått både på bakgrunn av quadriga og Frye; det er i ytterkanten både av draumen og realiteten. Samtidig er det heilt sentralt i salmens og kristendommens univers og lære. Dette viser salmanes anagogiske karakter, også slik Fryes faseteori presenterer anagogien, noko ein gjerne gløymer når ein les salmane innafør deira eigen kontekst. Vekta i strofene som vert vidareførte til L og NoS, ligg på det læremessige. Salmen har fokus på vona om evig liv, og eg-et gler seg i vissa over at døden ikkje er det endelege punktumet. Tilvisinga til truas anagogiske yttergrenser blir altså ikkje fjerna frå salmane. Men dei biletlege framstillingane kan vera noko ulike slik vi såg i dømet over. Nokre av himmelskildringane blir vidareførte, til dømes bryllaupet. Også lovsongen som er jamført med fuglesongen kjem med i L og NoS. Men ein heil del av den detaljrike biletrikdomen blir skoren bort, slik vi også fann under deskriptiv fase. Elles er bileta i salmen for ein stor del henta frå Openberringa og evangelia.

Om ein legg Fryes verdiskala til grunn, ser ein at det også skjer endringar gjennom revisjonane i motsett ende av den himmelske anagogien. Oftast er det slik at død, helvete og Satan trer attende. Men «Vreden din afvend HERre Gud af Naade!» (K127) som er med i alle salmebøkene i materialet, held fast ved alvorstønen og er jamvel ei strofe lenger i NoS enn dei andre. Dei korporlege straffeskildringane som vi studerte i underkapittela «Smertas anatomi» og «Den kroppslege frelsesgjeringa. Jesu lidning» er like vel dempa i NoS.

Eit par kveldssalmar omsette frå latin finn vi berre i Kingos salmebok og *Norsk Salmebok* 1985, slik vi alt har sett. Salmen til «Aften-Sang. Til Beslutning» på tredje sundag i faste (K136) framstår svært ulik versjonen i NoS801. Omsetjinga i NoS er «relativ fri», som Holter formulerer det.⁶⁵⁹ I K er det ingen lys draum, men snarare marerittet som lurar når søvnen byrjar: «Nattens mørckhed» (K136,1); «Diefvelens List» (str.2); «Syndsens Søfn», «Diefvelen dend onde Fristermand», «Din Vrede og Had» (str.3); «Diefvelen dend skadelig Aand» (str.5); «dette svare Legeme» (str.5). Det ligg ei redsle under bønna. Bakom natta lurar døden, etter døden kjem dommen, og då gjeld det å ikkje vera på lag med den vonde slik at ein blir møtt av Guds vreide og hat. Mot ytterkantane av tanken og draumen stig dét fram som ein ottast mest: Å vera fortapt og ikkje få stiga inn i Guds himmel. NoS801 har ein heilt annan karakter. Rett nok ber salmen om vern og fred, slik den gamle teksten gjer. Men ingen djevel dukkar opp i synsrande, inga freisting eller vreide og dom, slik vi såg under mytisk fase.

«Vreidedagen, han skal renna» (NoS252) dreg merksemda mot ytterkanten av tilværet og av tida.⁶⁶⁰ Det er dommens dag, og salmen formidlar ein sterk angst innfor ein streng dom: «Ring er bøni eg kan gjeva./ Du er god: Å, lat meg leva!./ Fri frå eld som brenn i æva» (NoS252,14). Vona er at «Blodet ditt for meg har runne./ du for meg har nåde vunne./ lat ditt verk ei gå til grunne!» (NoS252,10). Salmen er basert på den latinske mellomalderteksten *Dies irae, dies illa* og omsett til nynorsk av Anders Hovden og Ragnhild Foss. Teksten er sterkt revidert etter Hovdens tekst frå 1918 i Nyn67. Allereie Hovden utelet strofa om bortvisinga av dei vonde til den evige eld, som finst i originalen.⁶⁶¹ Versemålet og strofelengda er annleis i NoS enn i K266 og L573; dei korte strofene i NoS bidrar til ei intens spenning i teksten. K og L er langt meir berettande og belærande. Dei har ei meir dogmatisk tilnærming og er langt

⁶⁵⁹ Holter, 2013, s. 177. Denne salmen er også omhandla under «mytisk fase».

⁶⁶⁰ Salmen er omtala fleire gonger i dette arbeidet, m.a. i underkapittelet «Gud er rettvís, nidkjær og vreid».

⁶⁶¹ Holter, 2013, s. 490.

mindre kjensleprega. Salmen endar i K og L med å be Jesus om å koma og dømme, «De sande Kristne plages her/ Og vente paa din Kommen» (L573,8). I desse salmebøkene er ikkje dommen berre skræmande, han er også ei von om utfriing frå elende og urettferd. NoS-versjonen er driven ut mot ei kjenslemessig randsone:

Redslerop mot himlen ljomar
når han kjem, den høge domar.
Tungt som klokkemalm det ômar.

Døden og naturen tagnar,
skræmde når til sist deg dagnar
og alt liv til domen vaknar (NoS252,2 og 4).

Innfor dommen argumenterer mennesket med Jesu blod som har runne for eg-et, og bed om tilgiving for alle brot: «Syndeangest sår eg kjenner,/ skammi meg i hjarta brenner;/ rett imot meg frelsarhender!» (NoS252,12). Angsten gjeld både «eld som brenn i æva» (NoS252,14) og å «med dei dømde lida» (NoS252,15). Redsla og himmelhåpet slåst om plassen: «Bøygd i støvet lyt eg knela,/ hjartans anger vil meg kvela,/ Herre, før meg du til sæla!» (K252,16). Her er altså NoS meir utpensla på den demoniske sida av framtdisvisjonane enn den tidlegare versjonen av salmen i K og L.⁶⁶²

Samanfattande kan vi seia at det anagogiske kan oppheva grensene mellom fortid og samtid, himmel og jord. Når kyrkjelyden på jorda stemmer i med sin lovsong, kling han saman med alle songarar av mange slag som alt er samla i himmelen, og dette fellesskapet ber bod om det som skal koma (K1). Vi ser at nokre av framtdisbileta blir meir heimlege. Jamvel om det finst unntak, har dei nyaste versjonane av dei gamle salmane færre detaljar frå etterlivet. Dei eldre anagogiske motiva er gjerne knytte til bryllaup, til festsalar eller nynorske stover, til overflod og song. Det er klart

⁶⁶² Salmen i K og L er temmeleg ulik dei seinare variantane som alle har trelinjers strofer. K og L har sju. I LR er det teke med ein tekstvariant av m.a. J.M.L. Hjort.

mest merksemd ved den apokalyptiske sida ved anagogien, slik Frye nyttar apokalypse, og den demoniske sida taper terreng gjennom revisjonane.

Nyare salmar skildrar i mindre grad gjestebod og lovsyngjande hærskarar. Bileta som vert brukte, er vagare; dei uttrykkjer snarare kjensler og abstrakte førestillingar enn konkrete himmelsalar. Svein Ellingsen (1929-2020), ein av seinare tids best kjende norske salmediktarar, nyttar varsame bilete om døden og håpet, jamvel om også han omtalar rommet som ventar: «Kristus har gjort i stand et rom/ Før oss gikk han til Gud» (NoS 2013,872). Hå Ellingsen dominerer bilete som håp og stille, sorg og fred i døds- og gravferdssalmane.

Nå er livet gjemt hos Gud.
Vi overgir alt til ham.
Håpet er tent i tyngste sorg.
Ingen er glemt av Gud.

Vi får hvile i Guds fred
Og sove i jordens fang.
Kristus har gjort vår grav til sin.
Alltid er vi hos Gud (NoS 2013,872,1-2).

Merksemda er hjå dei som er att på jorda i fleire av Ellingsens dødssalmar, slik også her. For Ellingsen ligg trøysta i at alt kan leggjast over i Guds hender. Den døde søv i fanget til jorda, ein eufemisme; eit bilete vi også kjenner att frå «Kingo» (K117,1; K162,10; K274,2 og 6-7). Også den sørgjande kviler og har fred i vissa om at «Døden blir knust av Gud» (NoS 2013, 872,4). Det er ingen himmelsk festivitas hjå Ellingsen, ingen song eller jubel, ingen svingande palmer eller glitrande edelsteinar. Alt er fred og stille og håp.

9.2 Anagogisk forståing og tolkingskompetanse

Fryes anagogiske fase lar litteraturen løysa banda til røyndomen. På sett og vis kan ein seia at salmane er anagogiske i utgangspunktet der dei presenterer ei utomjordisk verd med englar og guddomar, djevlar og vonde krefter, og held dette for å vera sanning. Men dette skal dei ha lov til, også frisette frå religiøse og dogmatiske paradigme, om vi held oss til Frye. Salmane kan ikkje bli avviste som litteratur fordi om dei ikkje har trus-statistikken på si side. Ein ser sambandet mellom quadrigaens anagogiske nivå og Fryes anagogiske fase i eksempla framom. Det er tale om det ingen har sett; det handlar om den uhøyrt himmelske songen som jordiske kyrkjelydar lyttar til og deltar i på tvers av tid og rom; det er ventande bryllaup og oppstode frå dei døde. Alt saman ligg i utkanten av røyndomen og forbi. Men det er i denne kristne underkategorien av den store anagogiske fasen i litteraturen, tale om utskrivne motiv og tema som krev å bli trudde innanfor den kyrkjelege konteksten.

I materialet finn ein salmar der enkeltbileta kan vera enkle å forstå ut frå heilt ordinære erfaringskategoriar, men der konteksten og kombinasjonar av bilete krev ein anagogisk tolkingsmåte for at salmen skal kunna tilpassast gudstenestesamanhengene. Ein slik tolkingsmåte finn ein kanskje lettast om ein nærmar seg teksten frå Fryes anagogiske fasetenking der alt er mogleg, og dei mest utenkjelege forhold lar seg realisera. Dei går opp i ei høgre eining der vanlege forståingskategoriar og normsett ikkje gjeld. Anagogisk fase i quadriga og tilsvarande hjå Frye, snakkar godt saman og motseier kvarandre ikkje. Men Frye opnar opp rommet omkring dei paradoksale bileta som ikkje lar seg gripa i ein røyndomskontekst. Vi skal sjå på nokre døme.

Hans Vogel (ca. 1525-1567) sin salme «SJunge vi af Hiertens Grund», ein salme vi har vore innom fleire gonger, omsett til dansk av Hans Christensen Sthen (1544-1610), lovsyng skaparen for at han syter for næring til det som lever. Alt i morslivet får det «lidet Noor» (K142,3) alt det treng, og når barnet vel er kome til verda, står

spiskammerset klart. Nøgda gjeld også den vaksne, «Daglig Dags hand os bespiis» (K142,1): Dal og berg får vatn så graset veks for kveget, jorda ber vin og brød. Så kjem fisken på bordet, fugleegg og fugleungar, ville dyr, hjort og okse, svin og får, ja, alt ein treng for heile året, og vel så det. Her er det altså ikkje himmelen som er tema. K142 handlar tvert imot om livet på jorda, korleis Gud innrettar naturen til beste for folk og fe.

Dei færreste menneske på 1500- og 1600-talet kunne oppfatta salmens oppdekning som ein oppnåeleg årsmeny. Jamvel om dei veit at naturen er visleg innretta, veit dei også at det kan koma uår og naturkatastrofar, og at godene er ulikt fordelte. Salmen skildrar ei overflod av ei anna verd; det er det duka bordet frå Salme 23 eller dei sutalause grøne engene ved Livsens elv i Openberringa, som kling med.⁶⁶³ For den fattige landmann eller fiskar i Danmark-Noreg er dette ikkje realitetar å takka for, men nettopp det som «kan vonast». Sanninga ligg i den anagogiske vona, og det er berre innafor eit anagogisk univers salmen lar seg syngja med truverde av eit kollektiv, anten det no er eldre tidars dansk-norske armod eller den globale nauda som skal stemma i. Når det vert servert «vin og brød» i salmen, og ikkje øl eller vatn og brød, fungerer det som ein nattverdsallusjon som forsterkar den anagogiske forståinga.

Takksemd for måten naturen er innretta på, finn vi også i dei seinare salmebøkene; rett nok er utvalet av dyr og fuglar endra noko, og vinen er borte frå bordet. Men i NoS har realitetsorienteringa slått inn for fullt, slik vi også har vist før:

Midt i alt som er så vel,
ber me sorga i vår sjel:
at med øyder det han gav,

⁶⁶³ I GT-salme 23 dekkar Herren (som er «min hyrding») bordet framfor augo på fiendane; begeret flyt over, hovudet er salva med olje; dette er bilete på overflod. Openberringsboka inneheld skildringar av eit liv i ovnøgd, utan sjukdom og sorg og død, men med store rikdomar, gull og edle steinar (til dømes dei to siste kapitela). Også i Jesaja finst det profetiari om eit tilvære med harmoni og fred der jamvel rovdyr og grasetarar beitar saman, Jes 11,6 og 65,25.

luft og vatn, land og hav.
 Han som opna mildt si hand,
 gav òg ansvar og forstand
 til å vara det for han (NoS 712,3).

Med denne ekstra strofa av Ørjavik rykkjer vi bort frå ytterkantane i vona til sentrum av realitetane, til ureining og overforbruk av naturen. Vi vert ikkje lenger leia til ønskedraumen eller framtidsvisjonane. Gud skipa alt godt, men vi øydela det. Salmen orienterer oss mot eit høgst nærverande tropologisk alvor og ei plikt til å handla. Her krevst ingen anagogisk tolkingskompetanse. Salmestrofa er ei tropologisk oppmoding til å innsjå konsekvensane av menneskets framferd og agera på grunnlag av dette.

Denne salmen vert lesen på noko ulikt vis alt etter kva fase ein er innom. Her er eit deskriptivt nivå som peikar utover i naturen, til ulike dyr og plantar som får sine livsvilkår trygga gjennom måten naturen er innretta på, og i sin tur blir mat for menneska. Salmen kan slik lesast nærast som ein idyll. På det formelle nivået handlar salmen i K om Gud som skapar og oppretthaldar av alt liv, og i NoS i tillegg om konsekvensane av syndefallet. Vi finn arketypar knytte til jorda og garden med husdyr og anna landbruk, mat og familie. Men det heile er kanskje for perfekt i K. For realitetane stemmer ikkje med den visjonen eller utopien salmen målber. I den anagogiske fasen går likevel alt opp fordi menneskets ønskedraum lar seg realisera der. Ikkje berre nøgda, men overfloda, vert det alminnelege mennesket til del i den framtidsvisjonen som det kjenner frå Skrifta og forkynninga, og som vert konkretisert gjennom nattverden som vert delt ut. I NoS trengst ikkje den anagogiske lesnaden av salmen fordi visjonen av «alt som er så vel», og som ein kan ønskja seg, er punkttert. Ein sit att med eit stort tropologisk og eksistensielt alvor over alt ein har tapt og det ansvaret som kviler på ein.

Den lange nattverdssalmen «Jesu søde Hukommelse» (K16) framstiller eit intenst kjærleiksmøte mellom Jesus og salmens eg, som her kan forståast som brura eller

kyrkja.⁶⁶⁴ Eg har tidlegare drøfta salmen mellom anna i samband med Jesus som brudgom under «Formell fase. Andre trusartikkel. Sonen». I den anagogiske fasen hjå Frye studerer ein denne salmeteksten og endringane i han frå eit nivå der alle røyndomsband er kutta. Revisjonane av teksten tyder på at ein har meint den sanslege biletebruken må dempast kraftig om han skal høva i gudstenesta. Gradvis vert teksten endra. Jamvel om det framleis handlar om kjærleik i NoS635, er tonen meir nøktern og bileta mindre sanslege. Ein anagogisk lesnad av den gamle salmen viser ei sameining av Jesus og kyrkjelyden som neppe lar seg forklara betre enn slik det er gjort. Her er vi over i mystikken der sameininga mellom Jesus og brura kan opplevast; salmen presenterer ein visjon, nært i slekt med ein draum. Tolkinga er ikkje realistisk på eit jordisk plan, men på eit anagogisk nivå anar ein ei inderleg og fortruleg sameining. I kristen tradisjon har kjærleiksdikta i Høgsongen i GT vore tolka som bilete på forholdet mellom brudgommen Jesus og brura som er kyrkja og den einskilde kristne.⁶⁶⁵ I sin tur har så Høgsongen vore ei kjelde for erotiske bilete i kristeleg salme- og oppbyggingslitteratur, og eit mønster for vidare åndeleg kjærleiksdikting.⁶⁶⁶ Gjennom forkynninga har eldre tiders kyrkjelyd kjent den anagogiske tolkingsmåten, jamvel om ein ikkje kan vita om det er den anagogiske sida ved teksten dei har gledd seg mest over. Ein moderne kyrkjelyd kan ikkje ventast å ha same føresetnader og anagogiske tolkingskompetanse, og dampande erotikk er difor ikkje høveleg for framstilling av fellesskapet med Kristus, om ein skal konkludera ut frå tekstrevisjonane.

Også elles er den anagogiske kjærleiks- og bryllaupsmetaforikken stundom, (men ikkje alltid) endra eller fjerna gjennom revisjonane. «Af Høyheden oprunden er» (K37) er ein julesalme der Jesus er karakterisert som «mit Hiertes Lilium» og

⁶⁶⁴ Denne salmen er også omtala fleire gonger tidlegare, mellom anna i underkapittelet «Brudgom» i den formelle fasen, 2. trusartikkelen.

⁶⁶⁵ Torleif Elgvin, 2021, «Høysangen». [Høysangen – Store norske leksikon \(snl.no\)](https://snl.no/Høysangen) Henta 20.06.22

⁶⁶⁶ Nielsen, 2013, t.d. s. 341-365.

evangeliet er «sødt som Melck og Honning» (K37,2). Lilja er brukt som bilete på den elska i Høgsongen, til dømes i kapittel to.⁶⁶⁷ Landstads reviderte (LR119) tar bort dette, medan honningen er med i Nyn90 og NoS89. Lilja er erstatta med «gror» i den nynorske teksten («Guds Blomst», L140). Både mjølk og honning, lilje og blome er med i det erotiske vokabularet i Høgsongen.⁶⁶⁸ Sidan dette er ein salme vend til det vesle barnet, er tanken på «Ild og Elskovs Flamme» (L140,3) eller «kierligheds Brynde» (K37,3) vanskeleg å få til å høva. Men i ei anagogisk forståing er det fullt mogleg at Jesus opptrer både som spedbarn og elsker i same teksten. Det anagogiske nivået stiller ingen krav til kronologi. Tidsinndelinga kan opphevast. Då kan eit nyfødd barn også vera brudgom og bror samstundes i teksten. Strofa med elskoven er ikkje med i NoS, LR talar om «Din ild, dine rene flamme!» (LR119,2) og i Nyn: «Din kjærleiks loge brenna» (Nyn90,3).⁶⁶⁹ Kjærleiken har altså gode kår, men ikkje elskoven eller «brynden». Men lengten er sterk i alle salmane som har strofa med.

Dei fire eldste salmebøkene har også med bøna om å bli varm: «Giv mig Arme/ Naadens Varme!/ Jeg er Bruden, / Paa dit Ord jeg kommer buden» (L140,4; Nyn90 rett nok utan brura). Dei to strofene som omfattar elskov og bryllaup er ikkje med i NoS i det heile. K37,5 talar til «Gud Fader og HERre bliid» om Sonen som har «Troloftet mig/ Jeg er hans Brud saa inderlig». På grunn av dette vil det bli slik at «jeg blifver/ I stoor glæde/ Hos dig i Herligheds sæde».⁶⁷⁰ I NoS har ein bytt ut trulovinga og bryllaupet (som samtlege av dei andre salmebøkene har med) med jus: «Du i din Son frå evig tid/ til erving har meg kåra» (NoS89,3). Mindre bryllaup og anagogi og meir arverett gjer ikkje linjene lettare å forstå. Det finst også i NoS eksempel på at barnet er brudgom og brudgommen bror. Til dømes omtalar Kingo

⁶⁶⁷ Lilja er også brukt som bilete på Israel (Hos 14,6) noko som i sin tur blir eit bilete på den kristne kyrkja.

⁶⁶⁸ Mellom anna Høg 2,1-2 og 4,11.

⁶⁶⁹ Blix har likevel bevart mykje av dei anagogiske bryllaups- og kjærleiksbileta i sin salmeversjon i Nyn90, slik vi såg i kapittelet om «døden, oppstoda og eit æveleg liv».

⁶⁷⁰ Når Gud tar Israelfolket til nåde att, vert det framstilt som ei truloving. Lovnadene til Israel i GT vert brukte om kyrkja i kristen bibeltolking og forkynning. T.d. Hos 2,19-20.

kyrkja som «Jesu brud» i same salmen som proklamerer: «O Jesus Krist, vår bror du blev» (NoS91,1 og 4).

Det krev ein særskilt tolkingskompetanse for å kunna setja dei anagogiske bileta inn i ein, for salmen, forståeleg kontekst. Ein erfaren kyrkjegjengar vil kjenna bibelsoga og kyrkjelæra og veit at barnet er ein framtidig himmelbrudgom; og at Jesus som bror er eit uttrykk for solidariteten og slektskapet med mennesket. Dei ulike eigenskapane til og karakteristikkane av Jesus går opp i ei høgre eining. Kanskje kan vi her snakka om at Kristus er ein monade, det symbolet som samanfattar alt i den anagogiske fasen.⁶⁷¹ Men ein kan undrast om denne tolkingskompetansen finst i tilstrekkeleg grad i ei moderne folkekyrkje, og om forståinga av barnebrudgommen og andre vanskeleg ting lar seg gripa. Eit anna spørsmål er om det er nødvendig å forklara og forstå alt.

Kingos pasjonssalmar har mykje anagogisk biletbuk, jamvel om Kingo i liten grad skriv ut bileta knytte til den himmelske endestasjonen for kristenlivet. Den første av pasjonssalmane byrjar med imperativen «Hører» (K284), og dette verbet innleier fire av dei åtte linjene i den første strofa. Det er nemleg noko eineståande som skjer: Jesus syng. Det skjer ved påskemåltidet i Jerusalem kort tid før han skal døy. Heile den første strofa er brukt til å mana til stille: Dei høge himlane, englekora, folkevrimmelen på jorda, ja, alt som har sans og forstand, ånd og øyre skal «Lave sig nu til at høre» (K284,1). Det er ein situasjon utanfor all røyndom. Ei røyst på eit loft i påske-overfylte Jerusalem kan ikkje nå til ytste endane av himmelrømda og kring heile jorda. Og ein song sungen for hundrevis av år sidan kan neppe framleis høyrast. Det er ein situasjon som minner om songen i *Te Deum*. Men no blir det stilt i himmelen og berre ei einaste røyst på jorda tonar og syng. Ein er ved ytterkanten av det sansbare og tenkelege. Tidsgrenser og geografiske avstandar er oppheva. Det overjordiske og astronomiske er publikum på linje med påskemåltidsgjestar i

⁶⁷¹ Frye, 2000. s. 121.

Jerusalem og kyrkjegjengarar i Danmark-Noreg. NoS greier ikkje vera i stilla, men brukar andre helvta av innleiingsstrofa til å forklara situasjonen: «Jesus, fylt av tro og trøst, /løfter høyt i sang sin røst/ før han går fra nattverdssalen/ for å krysse Kedrondalen» (NoS142,1). Forklaringa gjer det av med forsøket på fortrylling.

Ofte kan slike vendingar bort frå det biletrike «anagogia» verka små og ubetydelege; som når eit ord vert bytt ut (til dømes det sanslege «sød» med andre ord), eller med forklarande innskot:

Des har jeg Trøst i Hjerterod,
At jeg en evig Glæde-Flod
For din den sure Drik skal faae
Fra Lammets Frydestrøm og Aae
(K301,15).

Det gir meg trøst i hjerterot,
det er en evig gledes-flod.
Du sonet mine synders sum,
å, dyre evangelium!
(NoS155,14).

Denne Kingo-salmen handlar om Jesu sju ord på krossen og strofa over er knytt til ordet «Eg tørstar».⁶⁷² Nokon sette ein svamp med vineddik på ein isopstilk og rette opp til munnen på den døyande. Kingos salme turnerer dei forvandla væskene. Den sure drikken blir til ei elv av glede for den som syng. Dette er fordi frelsa no er fullenda. Lammets «Frydestrøm og Aae» er eit tautologisk bilete på blodet som renn frå Lammet og er ei soning for syndene.⁶⁷³ Den rikelege straumen blir også eg-et til del gjennom nattverden, som er Jesu lekam og blod.⁶⁷⁴ Og til sist er blodet garantist, paradoksalt nok, for dei kvite kleda dei frelste skal bera framfor Lammets trone. Dei få linjene hjå Kingo opnar for heile quadrigaens tolkingsrikdom, utan at alt blir skrive ut i detalj. I den grad den reviderte salmen i NoS nærmar seg anagogien, representerer slike brot og forklarande innskot som det NoS presenterer i strofa over, ein krapp sving attende til realitetane.

⁶⁷² Joh 19,28.

⁶⁷³ Det finst ei rekkje NT-sitat om Jesu blod som er soning for syndene, til dømes Ro 3,25.

⁶⁷⁴ Op 7,14.

I pasjonssalmen «Over Kedron Jesus træder» (K285, som eg har løfta fram fleire stader), opphevar Kingo kronologien. Den som syng eller les, og den som skriv, er samtidig med Jesus i hagen. Salmens eg veit samstundes kva som kjem til å skje, og freistar å åtvara Meisteren; eg-et blir ein aktør i dramaet og ropar om hjelp til den skadde. Det som hender, er det som er spådd for lenge sidan: «Angest vil sig strax tillave, Følger dig i Hælen med» (K285,4) peikar attende til syndefallsforteljinga og Guds ord til Eva.⁶⁷⁵ Den bibelske historiske tida mellom syndefall og frelse er skissert opp over nokre få strofer hjå Kingo, før han vender tilbake til eg-ets eiga tid (frå K285,10 og utover). Bibelhistoria gjentar seg på anagogisk vis. Salmens eg opptrer i ulike historiske tider. Fortid, notid og framtid går opp i ei høgre vertikal eining, seier Eric Auerbach. «Vårt her og nå inngår ikke som ledd i et jordisk forløp, men er på en gang noe som alltid har vært og noe som skal oppfylles i fremtiden, og er egentlig – for Guds øye – noe evig, noe som har vært og er til alle tider, noe som allerede er fullbrakt i den fragmentariske jordiske hendelsen.»⁶⁷⁶ Tida er grenselaus; den tida som gjeld «for Guds øye», eller anagogisk om ein vil, er «samtida» eller all tida.

Landstad går lengst i å følgja Kingo gjennom denne salmen. Også dei seinare salmebøkene aksepterer tekstens innstendige oppmoding om å sjå det som hender og vera til stades i hendingane som på ei scene eller i realitetane etter ei tidsreise; det er eit viktig dramatisk og retorisk verkemiddel også hjå dei, jamvel om strofene er langt færre.

Men der alle melder pass, også Landstad, er overfor Kingos krigshissande botanikk, ei strofe som har vore sitert tidlegare, men som toler repetisjon:

Vil du i din Nød og Møie
Hen til Oliebjerget gaae,
Der er intet Træ for Øie,
Hvor Freds-Frugter er' at faae.

⁶⁷⁵ 1 Mos 3,15.

⁶⁷⁶ Auerbach, 2002, s. 83.

Krig og Strid og Mord og Død,
 Pidske, Plager, Spot og Nød
 Synes af hver Knop at sprude,
 Freden er for Jesus ude (K285,3).

Dette er paradishagen forvandla frå fullkomenskap til katastrofeområde på grunn av menneskets fall. Det er nettopp den hagen Jesus lyt gå inn i om han skal fullføra oppdraget sitt. «Folkets Frydested» er blitt ein redselsjungel av slikt som følgjer med synda: strid og mord, død og nød, spott og plage. Det er ingen tre som tilbyr freistande frukter, slike som kan skapa fred og harmoni, slik det var frukttre som lokka med kunnskap og evig liv i det første paradisi. Ufreden finst både på jorda og i forholdet mellom Gud og menneske. Fredsfyrsten lyt gå inn i krigssona. Dette er marerittet biletleggjort ved ufredens hage.⁶⁷⁷ Vi er i den demoniske enden av verdiskalaen, hagen representerer marerittet og dei endra vilkåra Jesus lyt finna seg i. Teksten, og den som syng, vender seg direkte til Jesus og spør om han verkeleg vil inn i denne hagen. Tid og stad går opp i den høgre vertikale eininga som Auerbach seier finst i den kristne tolkingstradisjonen, og som manifesterer seg i Fryes altomfemnande anagogiske fase. Diskusjonen om tidsoppleving og tid, er alltid spennande og aktuell.⁶⁷⁸ Moderne teknologi har sett mange tradisjonelle tidsoppfatningar i spel. Film og dramatik har sett dette tidsspelet i scene. Kanskje er dagens kyrkjelyd godt skodde for å følgja med salmediktaren Kingo gjennom ulike hagar i ulike tidssoner.

Salmebokredaksjonane freistar å tilpassa tekstversjonane til dei ulike smaksnormene og tolkingshorisontane som kan finnast til ulike tider. Forventningane til kyrkjelyden var annleis under den lutherske ortodoksien på 1600-talet og frametter enn dei er til ein moderne folkekyrkjelyd. Samfunnet er i aukande grad blitt sekularisert.

⁶⁷⁷ Spørsmålet er om eit slikt surrealistisk og skrekkeleg bilete kan kommunisera vel så godt på 2000-talet som harmoniske hagar og fredfulle grøne enger.

⁶⁷⁸ M. a. har Thomas Hylland Eriksen diskutert tid i *Øyeblikkets tyranni. Rask og langsom tid i informasjonsalderen*, 2001, Aschehoug.

Kristendoms-undervisninga i skulen er redusert, bibelkunnskapen er svak og kyrkjesoga kan ein ikkje venta at folk kjenner, og slett ikkje teologiske tolkingsstrategiar. Revisjonane fører gjerne til at tolkingsrike bilete blir fjerna eller retusjerte til meir abstrakte fenomen som ein vonar folk vil forstå. Forklaringane overtar for «anskuelser» utan at meininga alltid blir klårare.

I *Norsk Salmebok* 2013 kan ein på nytt finna tekstar der ein nærmar seg ein anagogisk biletbuk i litterær «fryesk» forstand, til dømes i somt av det materialet som er teke inn frå ein ikkje-kyrkjeleg kontekst, mellom anna samlingar med lyrikk. I fleire av desse tekstane går ein bort frå det ein i tradisjonelle salmar kan kalla «brukslyrikk» og til «kunstlyrikk» der diktet kan nyttast som salme, men ikkje er skriva for ein særleg gudstenesteleg samanheng. Eitt døme, som kanskje ikkje minner om Kingo, men like fullt har bilete som ikkje utan vidare kan heimfestast i det rasjonelle, er Jan Inge Sørbøs oktobersalme der «Han gyller himlens tak i gullsinober» (NoS 2013, 847). Diktet har ei rekkje religiøse bilete som mange vil kjenna att. I ein kyrkjeleg kontekst vil dei fleste også utan vidare identifisera «han» med «Gud». Ein «han» som «heiser sola varsamt opp og ned» og «lyfter trea langsamt opp av jorda», sender tankane bort frå dei røyndomsnære naturerfaringane og til noko anna, og kanskje noko større, jamvel om ein kan tolka bileta som solopp- og nedgang og hildring i haustklår luft. Dette blir i sin tur knytt til eg-ets eige tilvære og til dei store spørsmåla i livet: Kjærleiken og døden: «Går du på glør, så går du på hans hender» (str.3); «Og du er den som får hans kjærleiksbrev» (str.4). Bruken av verdsleg lyrikk i NoS 2013 endrar mykje av forståinga av kva ein kyrkjesalme er. Boka føreset også ein kyrkjelyd som har vel så mykje litterær kompetanse som teologisk.

Samanfattande kan vi slå fast at quadrigaens anagogiske tolkingsnivå lever i beste velgåande i salmematerialet, også etter fleire revisjonar. Framstillingane av æva og håpet om ei himmelsk framtid vert i fleire tilfelle jamvel styrkt gjennom revisjonane. Men dette gjeld først og fremst dei positive bileta. Visjonar av djevel og helvete, død

og dom, vert ofte dempa. Men det finst unntak frå denne hovudtrenden, slik vi til dømes såg i versjonen av *Dies irae, dies illa* i NoS252.

Derimot vert det mindre etterspurnad etter det ein kan kalla ein anagogisk tolkingskompetanse som krev at den som les teksten kjenner den apokalyptiske, og demoniske, ikonografien og dei bibelske referansane. Bilete som fullstendig bryt med historiske eller erfaringsbaserte forståingsrammer, vert ofte borte i revisjonane om dei ikkje har ei klår bibelsk biletmessig forankring, eller er særst vakre eller slåande. Det er særleg i dei tilfelle der anagogien ikkje er utskriven i tydelege anagogiske eller framtidige motiv, men der røyndomsreferansane ikkje er til å få i hop, at Fryes utvida anagogiske teori kjem til nytte.

Om ein ser til nydikta salmar i dei to siste norske salmebøkene, vil den litterære anagogien kunna utfalda seg friare. Dei moderne salmane er ofte nærare kunstlyrikken og mindre eksplisitt bibelske eller dogmatiske i biletb Bruken enn tidlegare tiders kyrkjelege brukslyrikk.

Medan håpet i salmen framleis kan vera framtidig, er den demoniske sida ved anagogien ikkje lenger konkretisert ved helvetesskildringar og undergangsbilete i særleg grad. Derimot er trugsmåla flytta til salmesongarens notid med øyding av jordas ressursar, politisk urettferd og eksistensielle kriser. Medan helvete og fortaping kunne imøtegåast med trua og ordet om frelse, er dei notidige utfordringane overlatne til mennesket sjølv. Tropologien har fleire stader overteke for anagogien når det gjeld den demoniske anagogiske biletb Bruken, slik tropologien også elles får ei stadig meir dominerande rolle i salmebøkene.

Det gir utbyte å studera salmane både ut frå quadrigaens anagogiske nivå, og med bakgrunn i Fryes opnare anagogiske teori. Den siste kan tenkjast å omfatta den første. I begge tilfelle gjeld det forhold i teksten som ikkje kan heimlast i røyndomen. I quadrigaen handlar det om det som kan vonast, eller det ein trur om det som ventar

bakom døden; det evige. Ein ser etter særskilte motiv og tema i tekstane som leier tanken mot oppstode og sæle. Frye jamfører anagogien med draumen der kva som helst kan skje, og der litteraturen ikkje på noko vis kan heftast med krav på å vera i samsvar med den sanslege verda og det som kan henda der. Litteraturen frigjer seg frå røynelege sanningskrav. Hjø Frye er den heller ikkje bunden av dogmatiske eller religiøse fordringar. Men i begge tilfelle kjem den anagogiske forståinga og dei anagogiske bileta til uttrykk gjennom språket. Orda er såleis snora som hindrar anagogiens heliumballong frå å driva bort for godt.

10. Konklusjon

Føremålet med arbeidet «Kyrkjeleg biletbruk. Eit studium av den norske kyrkjesalmen» har vore å undersøkje biletbruken i salmetekstar i fem sentrale norske kyrkjesalmebøker. Med «bilete» har eg forstått einingar i teksten av visuell og lydleg karakter som har meiningsberande funksjon. Interesse har vore retta mot kva som har skjedd ved revisjonen av salmetekstar når det har blitt gitt ut nye salmebøker. Hovudfokuset har difor vore på endringane i salmematerialet.

Den eldste av salmebøkene er *Den Forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog* eller Kingos salmebok (1699, «Kingo», K) som var felles for Danmark og Noreg, og var i bruk i Noreg heilt fram til Landstads *Kirkesalmebog* (L) avløyste henne i 1870. Landstad erstatta også to andre danske bøker i bruk i Noreg, Guldbergs *Psalme-Bog* (1778) og *Evangelisk-kristelig Psalmebog* (1798). Men det var først og fremst tradisjonen frå Kingo, og til dels Guldberg som vart vidareført av Landstad. Å ikkje ta med den pietistiske salmediktinga som Guldberg kunne bidratt med, er eit tap, men samstundes ein måte å avgrensa materialet på. Eit fortrinn med «Kingo» er at denne salmeboka har med tradisjonen frå reformasjonen; både omsette salmar, oftast frå tysk, mellom andre av Martin Luther, men også eldre latinske songar og mellomalderens Maria-viser som no fekk handla om Jesus.

I 1920-åra kom det to offisielle norske salmebøker: *Nynorsk Salmebok* (1925, Nyn) og *M. B. Landstads Kirkesalmebog revidert og forøket* (1926, LR), den eine til bruk i kyrkjelydar som brukte nynorsk, den andre til bokmålskyrkjene. Den første felles salmeboka for nynorsk- og bokmålskyrkjelydar, *Norsk salmebok* (NoS) kom i 1985. Det kom ei ny *Norsk salmebok* i 2013, men denne er ikkje med i materialet, jamvel om ho stundom vert trekt inn i drøftinga. Dei salmane i materialet som også finst i NoS 2013, er ikkje monaleg endra frå NoS 1985.

Salmane i materialet mitt er altså henta frå «Kingo», Landstad, Landstads reviderte, *Nynorsk Salmebok* og *Norsk salmebok*. For å koma med i materialet må ein salme stå både i den eldste salmeboka, K, og i den yngste, NoS. Det gjeld om lag 80 salmar. Dei fleste av desse står også i minst ei av dei andre salmebøkene. I NoS kan salmen finnast både på bokmål og nynorsk. Difor kan somme av dei undersøkte salmane finnast i seks ulike variantar i materialet. Salmematerialet vil representera eit utval traderte salmar frå reformasjonsåra og den lutherske ortodoksien. Det vil ikkje omfatta salmane som kom til etter 1700. Materialet utgjer ikkje eit eige verk, men er eit tekstkorpus sett saman etter dei nemnde kriteria.

Northrop Fryes faseteori har vore teoretisk og metodisk utgangspunkt i gjennomgangen av det store materialet mitt. Frye les den litterære teksten i fem ulike fasar, den bokstavelege, den deskriptive, den formelle, mytiske og anagogiske fasen. Attåt Fryes teoriar har eg nytta den firfaldige teologiske tolkingsnøkkelen quadriga som saman med typologisk tolking har vore inspirerande i møte med til dømes Thomas Kingos salmar. Frye byggjer faseteorien på mellomalderens quadriga. Både hjå Frye og i quadrigaen les ein teksten i fleire omgangar og finn fleire tydingslag i han.

Dei to første fasane hjå Frye er parallelle. Frye deler det bokstavelege tolkingsnivået i quadrigaen i to, og lagar to fasar av denne.⁶⁷⁹ Slik opprettheld han kontakten med quadrigaens talsystem (fire tolkingsnivå) samstundes som han lagar sitt eige system med fem fasar. I denne oppsummerande gjennomgangen av arbeidet mitt, vil eg bruka Fryes inndeling, før ei kort avsluttande drøfting.

⁶⁷⁹ Frye, 2000, s. 82.

10.1 Bokstaveleg fase

I den bokstavelege fasen er merksemda vend innover i verket. Ein legg merke til visuelle og lydlege verkemiddel i teksten. Men før ein kjem til dei einskilde tekstane, festar ein seg ved somme trekk ved salmeboka som kan ha påverknad på opplevinga og forståinga av salmane.

Kingos salmebok hadde om lag 300 salmar som i dei eldste utgåvene ikkje var nummererte. Det var kyrkjeåret og gangen i gudstenesta som avgjorde kva for song som skulle syngjast til ei kvar tid. Med Pontoppidans salmebok (1740) som var ei utviding av «Kingo», kom også sentrale tema i den kristne trua til å utgjera overskrifter i salmeboka, ikkje berre kyrkjeåret. Dette var inspirert av den pietistiske vekkinga i kongeriket.⁶⁸⁰ Seinare salmebøker har alle hatt ei blanding mellom tematisk ordning og kyrkjeårs-organisering. Attåt dei særlege dagane i kyrkjeåret som «Maria bodskapsdag» og «Helgetorsdag», har NoS, med sine 953 nummer, vide kategoriar som «påsketida» og «openberingstida». Det er ikkje lenger tale om å spesifisera til «Første Søndag i Advent. Naar Præsten gaar i Prædicke-Stolen» som i K, eller «Palme-Søndag. Til Aftensang» som hjå Landstad. Presten står i prinsippet fritt til å velja salmar frå alle delar av salmeboka.

Dei eldste salmebøkene har svært tettskrivne sider og salmane er sette opp som prosa, berre med ei lita markering av ny strofe. NoS har melodilinje til kvar av salmane og set tekstane opp som dikt. Salmebokas utforming, karakter og funksjon er svært endra på dei noko over 300 åra som har gått sidan Kingos salmebok kom ut, og det har også kyrkjelyden og gudstenestepraisane, noko både salmebøkene og einskildsalmane vitnar om. Dei eldste bøkene var regulerande for gudstenestelivet og gav gjennom si innretning uttrykk for den autoriteten som stod bakom dei. Det kunne påverka korleis

⁶⁸⁰ Pontoppidans salmebok, *Den Nye Psalmebog*, 1740, fekk lita utbreiing og var først og fremst brukt i Sønderjylland, i ein del kjøpstader og ved hoffet. (Kjærgaard, 2003, b.I, s.134-141.)

salmene vart oppfatta; dei var å sjå på som pålitelege og autoritative. Ei moderne salmebok er ei ressursbok som ein kan velja fritt frå, og ein moderne folkekyrkjelyd vil ikkje oppfatta henne som styrande korkje for gudstenesta eller fromheitslivet.

Mange av salmane i K har uregelmessig rytmikk og verkar ustøe i ganglaget. Syngemåten knytt til K, var individuell og melismatisk og då spela uregelmessige stavingstal mindre rolle. Ein kunne nesten syngja som ein ville.⁶⁸¹ Med orgel og koralbøker vart songen unison og taktfast, og dette har også konsekvensar for teksten. I materialet mitt er stavingstalet lagt fast i salmestrofene frå og med Landstad. Dette var ikkje noko nytt med Landstad, også Tomas Kingo og hans samtidige skreiv taktfast. I Kingos salmebok møtest den gamle tradisjonen med den nye kunstdiktinga, slik kongen ville det.⁶⁸² Ein kunne i barokken finna avanserte dikt-oppsett, til dømes pokalforma som vist tidlegare i dette arbeidet, og der forma på diktet gav ei typografisk framstilling både av innhaldet og av rimkunsten. Men slike estetiske uttrykk fekk ikkje plass i den gamle salmeboka som ikkje skulle leia merksemda mot kunsten, men mot Gud. Salmebøkene etter «Kingo» hadde berre tekstar som var i samsvar med den nye poetikken. Men det er først med NoS 1985 at diktoppsett av salmetekstane blir konsekvent gjennomført, og etter andre verdskrigen vert notering av melodilinja vanleg. Ein moderne lesar forventar at ei bruksbok skal ha lett tilgjengelege tekstar, i alle fall visuelt.

Ein av grunnane til salmebokrevisjon har vore at språket har verka utdatert. Ortografi og teiknsetjing vert endra, ord byter tyding og går av bruk, jamvel skrifta endrast frå dei gotiske bokstavane i K og L, til antikvaskrift i salmebøkene frå 1900-talet.⁶⁸³ Etter første verdskrigen er den gotiske skrifta så godt som ute av bruk i Noreg. Eg har ikkje gått grundig inn i dei språkhistoriske endringane i salmematerialet. Det er likevel

⁶⁸¹ Rossil, 2022, 11-13.

⁶⁸² Kjærgaard, 2003, b.I, s. 105.

⁶⁸³ Øyvin Rannem, 2022, «Gotisk skrift», [gotisk skrift – Store norske leksikon \(snl.no\)](https://snl.no/gotisk-skrift), henta 02.08.23.

verd å merka seg at språket i salmeboka har vore av stor interesse og tema for diskusjon ved fleire høve.⁶⁸⁴

Noko av det ein legg merke til ved dei nye salmebøkene, er at salmane vert fleire for kvar bok, og kortare. Når salmane vert korta ned, vert sjølvsagt somt av biletbruken borte. Spørsmålet er kva som blir borte og kva som blir att. I andre tilfelle blir heile eller deler av salmen omskriven. Strofer kan bli slegne saman, eller dei byter rekkjefølgd. Dei eldre latinske eller tyske salmane kan få heilt nye omsetjingar. Danske salmar kan få nynorsk språkdrakt. *Nynorsk Salmebok* presenterte mange av dei gamle kjende salmane på landsmål. Somme av desse har gått vidare på nynorsk til seinare salmebøker. Eit døme er «Opp, gled dykk alle, gled dykk no» (NoS8) av Thomas Kingo og til nynorsk ved Elias Blix.⁶⁸⁵ Eit anna døme er salmen som fekk førsteplassen i NoS: «Folkefrelsar til oss kom», ein salmetekst med røter i oldkyrkja som er med i alle salmebøkene i materialet, men først fann si form med den nynorske omsetjinga til Bernt Støylen frå 1905.

Landstad er den av salmebokredaktørane etter K som tar vare på mest av det gamle. Han er særst pietetsfull overfor Kingos salmar og held Kingo for å vera mellom meistersongarane. Landstad kan laga fleire salmar av ein lang, slik han til dømes gjer med «Bryder frem, I huule Sukke» der han får tre tekstar frå denne pasjonssalmen der NoS berre har ei strofe att. Landstad har for det aller meste stødige rytme og faste enderim, men han lyt ty til apostrof innimellom for å få stavingstalet i versa til å gå opp. Landstads reviderte har kvitta seg med mange av desse naudløysingane. Fast rytmikk og enderim er hovudregelen også for salmebøkene som følgjer (med nokre

⁶⁸⁴ Dette var, som vi har vore inne på tidlegare, ikkje minst eit tema i samband med Landstads salmebok og hans forsøk på å «fornorska» det danske språket ved å setja inn norske ord og uttrykk. (Sjå t.d. Svendsen, 1933, s. 46-54.) Rettskrivingsarbeidet skapte også krøll for Gustav Jensen i hans revisjon av Landstads salmebok. (Svendsen, 1955, s. 60-61.)

⁶⁸⁵ I NoS 2013,7 har salmen initium «Opp, gledest alle, gledest no?». Teksten i 2013-boka er lagt tett på Blix sin versjon i Nyn80, ikkje minst av omsyn til at denne salmen for alvor vart kjend gjennom juleplata til Odd Nordstoga og Sissel Kyrkjebø (2009), som tidlegare nemnt. (NNSL, 2018, s. 16.)

unntak for rimets del). I nyare salmebøker finn vi også urima salmar. Til dømes er Svein Ellingsen ikkje avhengig av enderim i tekstane sine, slik kveldssalmen «I de sene timers stillhet» (NoS823) er eit eksempel på.

Det er fleire døme på at *M. B. Landstads Kirkesalmebok revidert og forøket* ikkje har med alle salmane frå L som er med i materialet. Og mange av dei salmane som er med, vert korta svært ned. Jamvel om tittelen på boka kan tyda på at ho berre er ei lettare omarbeiding av forgjengaren, er LR eit sjølvstendig arbeid som skil seg frå det som vart kalla «gamle Landstad». Landstads reviderte har med ei rekkje salmar på nynorsk og desse er plasserte mellom bokmålstekstane i boka og er ikkje samla i eit tillegg bakerst slik bokmålssalmane er i *Nynorsk Salmebok*. Slik er LR eit første steg på vegen mot éi samla salmebok for norske kyrkjelydar, eit prosjekt som vart realisert først med *Norsk Salmebok* (1985).

Nynorsk Salmebok (1925) har ei rekkje nyskrivne tekstar i tillegg til landsmålsvariantane av dei danske. Desse tekstane representerer ein ny tekstleg klang, for ikkje å seia dâm, med sine diftongar og vokalar og ofte kraftige konsonantar, og dei har gjerne alliterasjon. Ein finn rimpar som «brjota» - «skjota» (Nyn265,1) og alliterasjon som «Giv kyrkja trygd i hennar trengd» (Nyn265,4).

Norsk salmebok (1985) presenterer nye attdiktingar av fleire av salmane i materialet som redaksjonen meiner ikkje har tolt tidas tann av ulike grunnar. Somme av desse kan visa liten slektskap med forgjengarane. Dei salmane som er omsette på nytt frå latin, er døme på dette. I 1985 er det fokus på opphavsrett og royalties. Men respekten for dei eldre tekstane er ikkje så stor som til dømes hjå Landstad, og tekstopplysningane viser ofte ikkje tydeleg kven som har omarbeidd tekstane. Boka har døme på endring i både stavingstal, strofeform- og lengde, og strofetal; det er jamvel døme på at strofetalet aukar. Endring i plasseringa av salmane i boka, kan også få betydning. Eit døme her er «Med fred og glede lar du nå din tjerner fare»

(NoS802) ein salme av Luther etter Simeons lovsong i Lukasevangeliet. Denne er plassert mellom kveldssongane i NoS endå teksten ikkje tematiserer svevnen, men døden. Dette skuldast at Simeons lovsong høyrde med til completorium, den siste kveldsbøna i katolsk tradisjon sidan mellomalderen. Men i denne tradisjonen høyrde songen også med til Marias reinsingsfest (eller kyndelsmesse, 2. februar).⁶⁸⁶ Salmen er då også plassert på «Mariæ Renselses Dag» i K (K117). Heller ikkje dei andre salmebøkene i materialet har songen under kveldssalmar, L har han på sundag mellom jul og nyttår. Plasseringa av salmen kan påverka forståinga av han og vekkje undring hjå dei som ikkje kjenner gamal kyrkjeleg tradisjon. Denne salmen gir også døme på at endring i rytme og klang påverkar stemninga i og opplevinga av salmen.⁶⁸⁷

Språknorma i NoS er ikkje konsekvent, men ein byter ut former som «mig» og «sig» og liknande, samstundes som det førekjem ei rekkje arkaiske ord som er bevarte frå dei gamle tekstane, som «prud» og «frid». Somme av dei er forsynte med ei lita stjerne som viser til ei ordforklaring i margin.

Den bokstavelege fasen gjennomgår altså dei grunnleggjande føresetnadene for korleis salmen møter lesaren og songaren på sidene i salmeboka, og korleis dei klangmessige og visuelle elementa verkar i teksten. Neste steg i analysen er å studera dei språklege bileta som viser utover til røyndomen, anten denne er av åndeleg eller jordisk karakter.

⁶⁸⁶ Grøm, 2012, s. 518.

⁶⁸⁷ Sjå diskusjon av denne salmen under bokstaveleg fase.

10.2 Deskriptiv fase

Frye talar om to parallelle leserørslar der den eine først og fremst er vend innover i teksten (i den bokstavelege fasen), medan den andre sender tankar og assosiasjonar utover til verda ikring og til det som teikna på papiret viser til. Det er den deskriptive fasen. Når store delar av ein salmetekst blir skorne bort eller skrivne om, er det rimeleg at salmens referensialitet vert endra. Jamvel om ikkje bilete blir heilt borte, blir vektlegginga gjerne annleis enn tidlegare; noko vert skuggelagt og dempa, anna trer tydelegare fram.

Salmane hentar mange av bileta sine frå den bibelske ikonografien, geografien og historia. Både ørken og palmar er vanlege referansar. Men mange av bileta frå Skrifta er av generell art, som «berg» og «fugl» og kan såleis gi ulike assosiasjonar for den som syng. Med revisjonane vert naturreferansane noko meir heimlege. Det er ein tendens som er langt sterkare om ein ser på tekstar skrivne etter 1800. Til dømes har Landstad landskap med snø i sin julesalme «Fra Fjord og Fjære» (L137) og sjøtrekken kan kjennast gjennom salmane til Elias Blix, som i «Ein båt i stormen duva» (Nyn 159), men også i revisjonane hans: «I Jesu namn/ Me liva vil og døy./ I liv og daude styrer han vår stamm/ Heim til livsens sæle øy» (Nyn2; K74). Revisjonane kan sjølvstøtt ikkje gå så langt i heimleggjing som Landstad og Blix gjer i sine nyskrivne tekstar. Men *Nynorsk Salmebok* som forvalta eit heilt nytt salmespråk etablert i andre halvdel av 1800-talet, stod friare i forhold til dei danske førelegga sidan språket var eit anna enn det opphavslege. Difor held Gud til i si «ljose stova» (Nyn90,6), eller han held i roret med si sterke hand i denne salmeboka.

Men det er ikkje landskapet med jord og vatn, stein og plantar, som dominerer biletverda i salmane. Dei fleste bileta rører seg langs ein vertikal akse som representerer åndelege verdinormer. Øvst er guddommen omgitt av skarar av englar av ulike slag, apostlar og martyrar. Nedst er djevelen og hans kumpanar. Mennesket

lever sitt liv mellom desse ytterpunkta. I salmematerialet er merksemnda retta oppover på denne aksa. Menneska vender seg til Gud i lovprising og bøn, og Gud vender seg til dei. Det er langt meir tale om Gud og himmelen enn om djevelen og helvetet, endå mørkemaktene er med gjennom heile salmehistoria. Ved revisjonane vert likevel mange av tilvisingane til død og mørke, synd og djevel, borte. Merksemnda ved menneska og deira eksistens i verda, vert større. Eg-et trer tydelegare fram, ein tendens som vert forsterka av nyare salmar i dei seinaste salmebøkene.

Menneskelivet er karakterisert av elende og naud, av synd og otte. Innimellom kan motiva vera henta frå kvardagslivet; frå matbordet og kvilestaden, frå barnekammerset (i julesongane) og frå arbeid og styresett. Men først og fremst er bileta knytte til den kyrkjelege eller åndelege røyndomen mennesket lever i: djevleske åtak, kyrkjas fiendar, synda og døden på den eine sida, Guds inngrep og frelsande nåde på den andre. Gjennom revisjonane vert dei negative og skremmelege bileta fjerna eller mildna. Detaljane ved Jesu grufulle lidning før han laut dø, går ikkje vidare til salmebøkene etter L. Likeins vert ikkje forholdet til Jesus skildra gjennom erotisk biletbruk, som i «Jesu søde Hukommelse», jamvel om ein del av kjærleiken og brurebileta blir verande. Salmane har Maria med, men hennar jomfrudom trer noko attende gjennom revisjonane.

Få av salmens bilete er henta frå dagleglivet, sivilsamfunnet eller styresett og politikk. Fleire av salmane har eit tydeleg mannleg «eg», men i NoS freistar ein fleire stader å få eit meir kjønnsnøytralt og inkluderande språk. Til dømes blir «mann» erstatta med andre ord, og «far» kan bli bytt ut med «mor og far» (NoS297 og 298). I den grad ein får eit bilete av miljøet omkring dei som syng, har det eit ruralt preg. Her er lite tilvisingar til byar og bymiljø, til større verksemder eller kulturell aktivitet. Omgivnadene synest å vera landbruksmiljø eller naturområde; med nynorsk salmedikting vert dei maritime bileta fleire, slik vi har vore inne på.

Ein del bilete er knytte til militær- og rettsvesen. Ulike våpen og festningsverk er nemnde og det vert utkjempa stridar og vunne sigrar, gjerne under sterke trugsmål. Gud er ei vernande borg og Kristus ein uovervinneleg krigsherre. Men maktene som vil øyda Guds folk, er ikkje mindre skremmelege og valdelege. Det vert vist til dom og straff, og bedt om miskunn og nåde. Desse bileta held seg nokså godt gjennom revisjonane, endå Herrens motstandarar misser noko av fælska si.

Det er ein tendens til at det er dei konkrete og assosiasjonsskapande bileta som blir borte når ein salme skal kortast ned, medan meir forklarande eller teologiske passasjar vert ståande. Konkrete bilete kan også bli erstatta med meir abstrakte eller teologiske fenomen eller omgrep. «Nåde» er eit favoritt-ord mellom det som blir sett inn når noko skal skiftast ut. Slike erstatningar har gjerne ein nøytral karakter og kan passa inn mange stader.

10.3 Formell fase

Etter ei registrering av bileta i den deskriptive fasen stiller ein spørsmål om korleis bileta blir tolka og brukte i den formelle fasen. Og ein spør om kva endringane på bokstaveleg og deskriptivt nivå gjer med forståinga av salmens innhald eller bodskap. Eg valde å strukturera den formelle fasen etter truvedkjenningsartiklane i Apostolikum. Dette gjorde eg for å få ein ny struktur i kapittelet om den formelle fasen. Truvedkjenninga var vald fordi dei første gjennomgangane av salmane viste at salmetekstane først og fremst handla om guddommen, særleg Jesus, og om korleis mennesket skulle bli frelst. Vedkjenningsartiklane bidrar først og fremst til ordninga av formell fase. Eg har teke med fleire punkt enn akkurat dei som Apostolikum listar opp, men framleis er ikkje dette ei fullstendig drøfting av alle sider ved salmane i dei

ulike variantane dei opptrer i. Eg har valt ut somme område med relevans for revisjonane og fokusert på dei.

Salmane legg vekt på at Gud er treeinig. Salmane tilber og lovsyng Faderen, Sonen og Den heilage ande. Dei ulike personane i guddommen vert tilbedne og lovsungne saman og kvar for seg, og det vert ikkje skilt skarpt mellom dei. Treeininga vert framheva, men ikkje problematisert i salmane. Eldre salmar hadde gjerne ei tillagd doksologistrofe som prisa Faderen, Sonen og Den heilage ande. Desse ekstrastrofene blir fjerna i revisjonane, og difor blir det nokre færre tilvisingar til treeininga.

Gud Fader er i salmen han som har skapt, som er mektig og opphøgd. Han fortener lovsong og takk. Dette temaet held seg gjennom alle revisjonane. Eldre salmar har ei tydeleg presentisk forståing av skapinga: Gud er til stades i skaparverket sitt og held alt ved lag. Han styrer alt og syter for livsopphald for folk og dyr. Mennesket er overgitt i hans hand. Dersom det følgjer Guds bod, treng det ikkje ottast, korkje i liv eller død. I nyare salmar, og i somme revisjonar i NoS av dei gamle, skimtar vi meir ei protologisk forståing av skapinga: Gud har sett det heile i gang som eit urverk. Naturen fungerer etter dei lovene Gud har sett for han. Men i NoS ser ein korleis menneska har øydelagt det som Gud så viseleg hadde innretta og no lyt sørgja over dette. Mennesket får ansvaret for skaparverket lagt inn over seg. Folk på 1600-talet kunne tolka ulukker og uår som Guds reaksjon på den synda dei hadde gjort, men då var vegen ut av det å gjera bot og be om tilgiving. Overfor miljø- og naturøydeleggingane står mennesket vitande, men hjelpelaust. Det veit kva som er rett, men maktar ikkje gjera noko med det. Naturøydelegging blir ikkje lenger tolka som straff, men som konsekvens, og mennesket står ansvarleg utan ein Gud å «skulda på».

Gudsbileta i salmematerialet er samansette og går over i kvarandre. Gud er mektig, han er rettvís, heilag og vreid, men han er også kjærleg og omsorgsfull. Gud toler

ikkje synda, og må straffa den. Men kjærleiken hans gjer at han sender Sonen til frelse for menneska. Guds vreide råkar Sonen, og det riset som vert svinga over Jesus, er i K blodigt. Men dei korporlege og straffeprega sidene ved forsoningslæra trer attende gjennom revisjonane. Vekta vert lagt på verknaden av Jesu død og på Guds gode hjartelag. Guds vreide kan også bli vend mot kyrkjias fiendar. Men også uttrykka for denne harmen blir dempa, særleg i dei tre yngste salmebøkene, medan den kjærlege Gud vert framheva. Gjennom revisjonane blir nokre av dei mest konkrete gudsbileta fjerna eller retusjerte slik at Gud kan verka meir abstrakt og lenger borte. Gud vert mindre «folkeleg» og mindre «mann». Menneska er både tryggare og djervare i dei nyaste salmebøkene enn i dei eldste, noko ein ser tydeleg i revisjon og nyomsetjing av somme kveldssalmar.⁶⁸⁸ Motgang blir ikkje sett på som Guds straffedom. Salmen er likevel redd for at trua skal gå tapt.

Sonen er salmens hovudperson. Det vert lagt stor vekt på at han både er Gud og menneske, og Maria møy er ein viktig figur i den argumentasjonen, endå det vert understreka i K at heller ikkje ho vert frelst på annan måte enn gjennom trua på Jesus. I dei eldre salmane er Maria jomfru og mor; det er altså hennar funksjon i forhold til Jesus som vert framheva. I nyare salmesong har Maria fått ein meir framskoten plass i NoS enn ho har i K og dei tre andre, med fleire nyskrivne salmar. Her er ho eit føredøme for andre truande.

Biletet av Jesus er paradoksalt. Han er det vesle fattige barnet og den strålande brudgommen. Han er den forpinte dødsdømde, og den som har sigra over død og djevel og tronar i himmelen saman med Gud Fader. At Gud kjem i kjøt, vert framheva i salmetekstane gjennom heile revisjonshistoria. Gud vert ein kropp, det er

⁶⁸⁸ Døme på ein slik kveldssalme er NoS801 som har utgangspunkt i ein latinsk tekst, og der K har to variantar, K269 og K136.

kjerna i evangeliet: inkarnasjonen. Men korleis denne gudskroppen, eller mennesket Jesus, vert framstilt i salmane, endrar seg noko.

Jesus er framstilt som ein etterlengta elskar i nattverdssalmen «Jesu søde Hukommelse» (K16). Den erotiske biletbruken i salmen målar fram ei sameining mellom den truande og Jesus som ein parallell til den foreininga av Jesu lekam og den kristne som skjer i nattverden. Denne biletbruken blir omskriven og dempa i revisjonane. Brurebiletet held seg, kjærleiken også, både i denne og andre salmar. Men dei erotiske bileta misser mykje av intensiteten og detaljrikdommen gjennom revisjonane. Det gjer biletet av Jesus som brudgom meir konvensjonelt og det blir større avstand mellom Jesus og salmens eg.

Det Jesus leid før han døydde, har ulike funksjonar i salmematerialet. Det viser kor stor den rettvise Guds harme over synda er, og kva det kosta å spara syndaren for vreidens svepesnert. Lidingsskildringane vekker songarens medynk med ein lidande Gud. Men dei er også ei hjelp til å stå imot freisting og synd. Viljen til å lida og døy for mennesket, viser Guds kjærleik og gjer Jesus til ein som kan identifisera seg og ha medkjensle med menneske i naud. Også lidingsskildringane vert det lagt band på, noko som er inngåande drøfta i formell fase. Skildringane av lidinga blir færre og mindre brutale.

Spørsmålet er kva som skjer med Jesus-skikkelsen gjennom endringane. Kingo appellerer til den syngjande si medkjensle i sin presentasjon av den dødsdømde og plaga frelsaren. Den eldre salmen skriv fram frelsas verdi gjennom desse lidingsskildringane for å gjera Jesu gjerning vedkomande for den som syng. Men gjennom revisjonane, særleg i dei tre yngste bøkene, vert Sonen mindre detaljert og kjenslevert skildra. Dermed framstår han fjernare og meir «stilisert» slik ein stundom kan sjå den krossfeste på måleri: utan smerte, utan den mishandla kroppen. Ein har ikkje lenger medynk med han.

Mennesket er fortapt utan frelsande inngrep frå guddommen. Dette er eit sentralt punkt i kristen frelsesteologi. Fleire av salmane underviser særst grundig om at mennesket ikkje kan berga seg sjølv, ikkje ein gong med sine beste gjerningar. Det er avhengig av Guds inngrep. Menneskets elende og synd vert skrive fram i den eldre salmen for å gjera frelsebehovet tydeleg. Revisjonane pukkar ikkje i like stor grad på at mennesket er syndig, som dei eldre salmane. Ein spør seg då om det blir like tydeleg i salmane at frelsa er nødvendig. Nåden vert framheva også i dei reviderte tekstane, men ikkje i like stor grad dei behova hjå menneska som gjer nåden nødvendig.

Dei mange detaljane i Jesus-framstillingane i den eldre salmen bidrar til å halda Jesus-kjærleiken varm. Med revisjonane blir det færre detaljar og forholdet til Jesus blir meir eit avstandsforhold, han er ein forståingsfull venn, men ingen elsker. Det menneskelege elendet vert sjeldnare nemnt; slik blir det også mindre behov for å lengta etter *unio mystica* eller himmelsk bryllaup. Salmen held fram, gjennom alle revisjonane, med å forkynna at Jesus leid, døydde og stod opp for å frelsa det syndige mennesket. Men han skildrar det ikkje.

Eit fullt utbyggt firfaldig hermeneutisk skjema, quadriga, er tydeleg å sjå i fleire av salmane i K, særleg Kingos pasjonssalmar. Ved revisjonane ser ein at tropologien og anagogien blir styrkt, medan dei andre fasane blir reduserte noko, det vil seia at salmane gjerne talar om himmelen, og at menneskelivet kjem meir i framgrunnen. Dette skjer først og fremst ved at det blir skore i dei allegoriske utlegningane. I fleire av salmane er det firfaldige skjemaet frå quadriga som kunne finnast i fleire av dei eldre salmane, ikkje minst Thomas Kingo sine, borte i dei reviderte tekstane. Eit tydeleg døme på ei slik endring finn ein i revisjonane av «Over Kedron Jesus træder» (K285). Her utnyttar Kingo quadrigaens skjema til fulle: Det bokstavelege nivået omfattar dei bibelske hendingane der David rømmer for Absalom, Adam fell for slangens list og Jesus ber i angst og gru framfor det som ventar. Den allegoriske og

frelsesteologiske fortolkinga fører slangens gift i Edens hage fram til Jesu hjarte i Getsemane; Jesus smakar no den frukta Adam beit i og den løna som synda gir, nemleg døden (Rom 6,23). På det tropologiske nivået går salmens eg mellom dei blodstenkte blomane i hagen og samlar seg ein styrketår, ein augesalve for sjelas auge som då kan sjå frelsa betre, og eit liniment til sjelelindring framfor døden; det siste opnar også mot det anagogiske nivået i salmen. I NoS er delar av det bokstavelege bevart; to av strofene er vigde Jesu angstfylte bøn. Dei to siste strofene i NoS123 handlar om korleis eg-et lovprisar blomane i Getsemane som overgår paradiskevekstane (Eden er elles ikkje nemnt i salmen i NoS) og ønskjer å døy frimodig når «jeg som en blomst skal visne» (NoS123,5). Heile den allegoriske biletleiggjeringa av frelsesteologien, med fallet og konsekvensane av det, er utelaten i dei siste revisjonane. Det er berre Landstad som tar med samanhengen mellom syndefallet og Kristi død her.

Typologi, der hendingar og personar frå GT ber bod om hendingar og personar som skal koma, spelar ei vesentleg rolle i pasjonssalmane og enkelte andre salmar i K. Denne tolkingsmåten understrekar sambandet mellom GT og NT. Den typologiske samanhengen går ofte tapt i revisjonane. Dette skjer også i «Over Kedron» der både David og Adam er typar på Kristus. David er den store kongen, Jesus den evige. David flyktar i redsel, Jesus skundar seg til møtes med sin lagnad, tyngd under «al Verdens Sorg og Synder» (K285,2). Adam fall for freistinga og synda var eit faktum, Jesus, den andre Adam, rettar opp Adams fall gjennom sin død. Denne typologien er borte etter Landstad. Eit resultat av at typologien blir borte og dei ulike nivåa i quadrigaen blir reduserte, er at biletb Bruken blir innsnevra, og at det tette sambandet mellom GT og NT som til dømes Thomas Kingo utnytta i mange av sine salmar, ikkje lenger vert framheva.

Den tredje trusartikkelen er knytt til Den heilage Ande og samlar opp i seg mange av sidene ved livet i kyrkja og på jorda. Det er få salmar som berre handlar om Anden,

og i NoS er dei fleste av desse plasserte under pinse. I dei eldre salmebøkene er fleire av bønene som er vende til Anden sette under dei alminnelege salmane fremst i salmeboka og ein vil difor tru at dei er blitt oftare brukte enn når salmane er øyremerkte til ei særleg høgtid.

Anden har ikkje ytre attributtar som dei to andre personane i guddommen. Slik er det både i Bibelen og i salmematerialet. Det er difor ikkje knytt så mange konkrete bilete til Den heilage ande. Den andre salmen i K, «Nu bede vi den Helligaand» (K2) nærmar seg likevel ei kroppsleggjering av Anden. Salmen ber om rett tru og forstand og om å få kjenna «Jesum Christum alen'» (K2,2) slik at ein kan bli leia «Til det forjætted' Land» (K2,2). Men kjærleiken til dei kristne søskena, vil den bedande drikka seg til «af dit Kjærlighedens Bryst» (K2,3). Her er Anden biletleggjord som amme, men dette biletet har ikkje gått vidare til nokon av salmebøkene. Det mest konkrete biletet av Anden som både blir att frå eldre salmar og som blir nytta i nyare tekstar om denne personen i guddommen, er vind eller pust.⁶⁸⁹

Fokus i salmane er på verknaden av Andens gjerning. Anden vert oftast omtala som trøystar og som lærar. Anden skal rettleia kyrkjelyden, først og fremst om den rette trua. Denne rettleiinga skjer gjennom ordet som er eit nådemiddel i luthersk teologi. Både Anden og ordet held på den sterke posisjonen dei har i salmematerialet; biletbruken blir ikkje endra eller svekka. Dette samsvarer med funna elles som viser at det først og fremst er i dei konkrete røyndomsreferansane det skjer endringar, medan meir abstrakte og idémessige førestillingar held seg betre.

⁶⁸⁹ Det er fleire døme på denne biletbruken i NoS 2013, t.d. «Vinden ser vi ikke» av Anders Frostenson (NoS 2013,517); «Som vinden stryker mine kinn» av Anne-Ruth Jangaard (NoS 2013,521), «Gå gjennom byens lange, rette gater» av Holger Lissner (NoS 2013,520); i Lissners salme er Anden ein vårvind på tokt i byen. Men om Anden er vind eller pust, kan det vera fleire andre konkrete bilete i desse salmane, for vindens verknad kan skildrast, ikkje minst ein vårvind som ruskar gjennom byens gater.

Anden er ofte nemnd saman med dei andre personane i guddommen i salmematerialet. I K skjer dette ofte gjennom doksologistrofene som kan vera lagde til den opphavelige rinnelege teksten. Dei tillagde doksologiane, som lovpriser Faderen, Sonen og Anden, vert gjerne strokne i revisjonane.

Når ulike sider ved gudstenestelivet og fellesskapet mellom dei truande vert diskutert i kapittelet om den tredje trusartikkelen og Anden, er det fordi Andens gjerning skjer på jorda og i kyrkja; Andens tid er mellom Jesu himmelferd og hans atterkome til dom. Svært mange av dei eldre salmane understrekar bøna om einskap i kyrkja, noko som samsvarer godt med seinare års ekumeniske rørsle. Alvoret ved dommen er også til stades i NoS. Eit døme her er «Vreidedagen han skal renna» (NoS252; K266) som er ei bearbeiding av *Dies irae, dies illa* som også er med i dei andre salmebøkene. Men jamvel om syndaren i NoS skjelv framfor dommaren og tryglar om sæla, veit han at dommaren er mild. Og medan eldre tekstvariantar skreiv om trugsmål og helvete, teiknar ikkje NoS, eller LR og Nyn opp helvete og Satans rike som mogleg utgang på domsavseiinga.

Både nattverdssakramentet og forvaltninga av nådemiddelet Guds ord er sentralt i salmekorpuset gjennom alle revisjonane. Dei sanselege bileta, til dømes knytt til nattverden, minskar og det intellektuelle vert heller vektlagt. Den allereie nemnde salmen «Jesu søde Hukommelse» er eit døme på korleis kjærleiksmøtet som bilete på nattverden vert ribba for sanselege bilete og framstår meir konvensjonelt. Men nettopp ved eit sakrament som nattverden må vel intellektet gjerne melda pass og ei sanseleg tilnærming vera vel så fruktbar. Ei meir intellektualisert framstilling av Anden og av livet i kyrkja kan føra til større distanse og mindre innleving. Dette samsvarer også med det ein elles ser under formell fase.

Dei gamle salmane i K talar djervt om oppstoda frå dei døde. Den vert forstått som konkret reetablering av heile anatomien hjå det gravlagde mennesket. Desse tankane

finn vi ikkje att etter K. Landstad og seinare salmebøker minskar, og dels forskjønner, framstillingane av døden.

Den formelle fasen, viser at revisjonane tenderer mot eit treeinig guddomsportrett med færre konkrete og sanslege detaljar som dermed risikerer å skapa større distanse til ein gud som ein vil «vera vener med». Menneska og deira liv i verda trer tydelegare fram og mennesket verkar vera meir einsamt med sitt store forvaltaransvar i 1985 enn i 1699.

Landstad (1870) tar vare på mykje av biletbruken i K. Mange av dei kyrkjelydane som no skulle få ny salmebok, var fortrulege med biletbruken i Kingos salmebok.⁶⁹⁰ Landstad sette dessutan Thomas Kingo særst høgt som salmediktar. Det er først og fremst med LR (1926) at ein del av dei ofte korporlege bileta blir erstatta av meir teologiske omgrep. Nyn (1925) inntar gjerne ein mellomposisjon mellom L og LR. I samband med NoS (1985) vart salmetekstane gjennomgått på nytt, ein reviderte og laga nydiktingar. Men ein tok ikkje tilbake språket eller biletbruken frå dei gamle tekstane, men heldt på mange måtar fram der LR slapp.

10.4 Mytisk og anagogiske fase

I den mytiske fasen ser ein på korleis dei store mønstera frå litteraturen viser seg i salmane. Sidan Frye sine arketypar først og fremst har røter i bibelsk ikonografi, er det ikkje urimeleg å finna ulike arketyperiske mønster representerte i salmane. Men det er først og fremst dei mønstera som viser endringar, som er interessante for mitt arbeid. I den mytiske fasen tar ein tilhald i litteraturen og ser på tekstkorpuset, perspektivet er difor eit anna enn når ein tar utgangspunkt i teksten og ser kva

⁶⁹⁰ Om lag ein tredjedel av Noregs kyrkjelydar brukte K (Landstad, 1862, s.12).

mønster denne dannar. I den mytiske fasen er mønstera gitt og ein ser kvar teksten passar inn.

Frye strukturerer arketypane etter to hovudprinsipp, eit syklisk og eit dialektisk. Dei sykliske forløpa har utangspunkt i døgerets og årets gang. Frye kallar forløpet frå mørke mot lys, frå morgon mot dag, og frå vår mot sommar for eit komisk forløp. Det tragiske forløpet går motsett veg.⁶⁹¹ Kveldssalmane er plasserte ved overgangen frå dag til natt og tematiserer korleis salmens eg har det framfor natta. Den bedande og syngjande i K er uroleg og ber om vern mot mange fårar, særleg djevelens åtak og list. Det verste som kan henda er å døy i synda, å somna inn utan å ha si synd tilgitt. Natta er trugande, forløpet er tragisk. Nokre kveldssalmar som er omsette frå latin, er K og NoS åleine om (til dømes K136 og dubletten K269 og NoS801, som tidlegare omtalt). I NoS går den bedande natta trygt og tillitsfullt i møte utan otte for den slue djevelen og alt han kan øydeleggja. Forløpet har i desse salmane gått frå eit tragisk til eit komisk. Motsett tenderer forløpet i skapingssalmen «SJunge vi af Hiertens Grund» (K142) mot eit tragisk forløp i revisjonen som målber fortvilning over naturøydelegginga som ein ikkje rår med (NoS712).

Legg ein det sykliske mønsteret over strukturen i salmeboka, ser vi at det er samanfall mellom kyrkjjas år og naturens år i K. Det kristne livet og livet i verda er evd uløyseleg saman. Dette er eit forhold som går i oppløysing etter kvart som salmebøkene blir større og organiserte tematisk så vel som etter kyrkjeåret. Det er ikkje lenger nokon organisk samanheng mellom kyrkjeåret og livet der, og

⁶⁹¹ Komisk og tragisk forløp er her ikkje knytt til sjangrane komedie og tragedie.

kalenderåret. Ved dagens gudstenester står ein fritt til å velja salmar frå kva kategori som helst, og kyrkjelyden vil ikkje ha ei oppleving av at salmane kjem i syklusar om ein då ser bort frå somme salmar til dei kyrkjelege høgtidene og salmar knytte til døgeret og året. Men dette er tider på året som for dei aller fleste uansett er tettare knytte til kalenderen enn til kyrkjas år.

Det er samanheng mellom den sykliske og den dialektiske strukturen hjå Frye. Den dialektiske aksene er ein verdiskala der det gode og guddommelege er på toppen (den apokalyptiske enden) og det vonde og djevlelike i botnen (det demoniske ytterpunktet). Her ser ein at lys og mørke til dømes plasserer seg i ytterkantane. Midt mellom desse er eit analogt nivå der det meste av menneskelivet utfaldar seg. Salmebøkene er meir opptekne av det apokalyptiske enn av det demoniske. Guddommen vert lovsungen og tilbedt, og han agerer i skaparverket og i menneskelivet- og historia. Særleg etter L ser ein likevel at Gud vert mindre konkret framstilt. I NoS (1985) kan det sjå ut som hans rolle i skaparverket er meir tilbaketrekt, til dømes i revisjonen av «Sjunge vi af Hjertens Grund» (K142; NoS712). I K er salmen eit vitnemål om Guds presentiske skaparakt; han er framleis til stades i skaparverket og syter for at alle har det dei treng. I NoS er salmen plassert under overskrifta «Forvaltaransvaret» og klagar over at mennesket øydelegg det Gud har sett i stand. Også i framstillingane av Sonen er dei konkrete detaljane færre etter kvart, først og fremst etter L, og særleg når det gjeld hans lidningar og hans rolle som brudgom.

I den demoniske enden av skalaen vert tilvisingane og detaljane færre. Djevelen og alt hans vesen får ikkje alltid følgja med gjennom revisjonane og det vert lagt mindre vekt på omtalen av synda og dødskreftene. At ytterkantane blir svekka, gjer at mennesket og den analoge delen av verdiaksen trer tydelegare fram. Desse funna samsvarer med det ein har funne i dei tidlegare fasane.

Modusteorien til Frye lagar ei inndeling av litteraturen etter korleis tekstens helt plasserer seg i forhold til omgivnadene. Den øvste modusen er knytt til myten, her talar ein om guddommen som er overordna alle andre og suveren i makt og herlegdom. I den andre enden finn ein den ironiske modusen der helten er ein antihelt, ein tapar som alle ser ned på og mange hånar. Dei tre modusane mellom desse to ytterpunkta lar helten ha ulik grad av suverenitet, men i den nest lægste av dei fem modusane, den lågmimetiske, er helten som oss andre, korkje verre eller betre. Ser ein på modusteorien til Frye, kan salmens helt, Jesus, på mange vis høva i alle dei fem modusane. I K han er tydelegast i modus knytt til myten: som opphøgd guddom og dommar, sigerherre over døden og oppfaren til himmelen. Og like tydeleg som redd og forpint, dødsdømd og krossfest, eller som eit fattigt lite barn, i den ironiske modusen. Det er først og fremst i den låge modusen nedskjæringane i salmematerialet er store, og då først og fremst når det gjeld Jesu pinsler. Jamvel om salmebøkene etter L ikkje underslår at Jesus leid, utpenslar dei det ikkje, heller ikkje Landstad tar med alt av Jesu smertefulle endelikt. Barnets fattigdom står seg betre som døme på det store paradokset det er at Gud blir menneske. Men reduksjonane i særleg den ironiske modusen, gjer at Jesus vert mindre menneskeleg endå han er ønskt som ven og bror og hjelpar på det lågmimetiske nivået.

Eg har skilt mellom quadrigaens anagogiske tolkingsnivå der det handlar om motiv og tema knytte til himmel og æve, eller i den andre enden: helvete og fortaping, og Fryes anagogiske fase. Det er ingen motsetnad mellom desse to ulike innfallsvinklane, men dei gir utbyte på ulikt vis i møte med tekstane og tekstendringane. Medan quadrigaens tolkingsnivå vil omfatta Bibelen og den kristne litteraturen, tar Fryes fasar mål av seg å seia noko om heile litteraturen, i alle fall den vestlege delen av han. Det anagogiske nivået i quadriga vil konsentrera seg om det evige, om himmelen og den truandes framtid.

Fryes anagogi er ein omfattande kategori som også kan tenkjast å omfamna anagogien i quadriga fordi det i begge tilfelle handlar om det som ikkje kan erfarast og ikkje er forankra i røyndomen. Fryes anagogi vil gjelda all litteratur og er ikkje knytt til religionen jamvel om Frye hentar mange av omgrepa sine frå Bibelen, medan quadriga har heimen sin i den religiøse trua. Her har eg brukt Frye for å skriva om ein særleg tolkingskompetanse som krevst for at ein skal kunna forstå korleis det ein berre kan ønskja seg, skal kunna bli ein realitet, eller korleis tidsgrenser og avstandar kan gjerast om og opphevast.

Anagogien i quadriga vil vera særleg oppteken av himmelen og dei evige ting, om dommen og oppstoda. I dei eldre salmane kan himmelen og sæla berre vera antyda, som til dømes i Kingos pasjonssalmar. Men den framtidige æva kan også vera biletgjort gjennom bryllaupet. «Nevervisen» eller «Eia mit hierte ret inderlig Jubilerer» (K113) er ein jubelsong over at dødens lekkjer er brotne og himmelen med all dens glede ventar. Himmelvisjonane finst med i alle salmebøkene og dei kan jamvel få tilført fleire valørar gjennom revisjonane. Ikkje minst kan dei nynorske salmane tilføra brudebileta meir heimlege konnotasjonar.⁶⁹² Men omtalen om himmelens motsetnad, helvetet, vert tona ned.

Mange av salmens bilete krev ein særskilt tolkingskompetanse som eg altså forankrar i Fryes anagogiske fase. Fleire av skildringane i K, både av herleg oppdekking og intime møte med frelsaren, kan berre gripast om ein tenkjer dei inn i ein annan samanheng enn den jordiske. Dei tilhøyrer ein røyndom som er påstått, men ikkje er erfart, berre trudd. I pasjonssalmane sine opphevar Thomas Kingo tidsgrenser og geografisk avstand og vi vert samtidige med Jesus når han går mot lidning og død. Samtidig tar han den som syng med attende til syndefallet i Edens hage. Det krev ei

⁶⁹² Eit døme er Nyn90.

særskilt innleving og ein eigen tolkingskompetanse å omsetja alle desse utomjordiske spranga til noko som angår den enkelte truande og det kyrkjelege fellesskapet.

10.5 Avrunding

Salmen som sjanger er høgst levande og produktiv. Det vert halde salmekonsertar og gjort innspelningar, og det vert skrive salmetekstar og komponert melodiar. Salmar er også forskingssemne og eit mykje brukt formidlingstema. Salmebøkene vert trykte i store opplag og spreidde i alle landets kyrkjer. Men bøkene har fått ein langt meir smålåten plass både i folkets bokhyller og i medvitet deira. Salmesongen har ikkje lenger ein fast plass i skulen, og det er få heimar som praktiserer husandakt. Svært mange møter salmane ved sporadiske besøk i kyrkja, eller via ei innspeling i media. Dei som kan salmar utanåt, anten frå pugg i gamle dagars skule, eller frå bruk i kyrkjer og andre samanhengar, er nok ein liten og aldrande skare.

